


ISBN 978-82-326-2766-0 (trykt utg.)
ISBN 978-82-326-2767-7 (elektr. utg.)
ISSN 1503-8181



Doktoravhandling ved NTNU, 2017:349

Johan Rørlien Henden

*Det er ikke alene et
Universitets-, men ogsaa
et Nationalbibliothek*

Axel Charlot Drolsum i
Universitetsbiblioteket
1870-1922

 **NTNU**
Norwegian University of
Science and Technology

Doktoravhandling ved NTNU, 2017:349

 NTNU

NTNU
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet
Avhandling for graden
philosophiae doctor
Det humanistiske fakultet
Institutt for historiske studier

 **NTNU**
Norwegian University of
Science and Technology

Johan Rørlien Henden

*Det er ikke alene et Universitets-,
men ogsaa et Nationalbibliothek*

Axel Charlot Drolsum i Universitetsbiblioteket
1870-1922

Avhandling for graden philosophiae doctor

Trondheim, desember 2017

Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet
Det humanistiske fakultet
Institutt for historiske studier

NTNU

Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet

Avhandling for graden philosophiae doctor

Det humanistiske fakultet
Institutt for historiske studier

© Johan Rørlien Henden

ISBN 978-82-326-2766-0 (trykt utg.)
ISBN 978-82-326-2767-7 (elektr. utg.)
ISSN 1503-8181

Doktoravhandlinger ved NTNU, 2017:349

Trykket av NTNU Grafisk senter



Det gamle bibliotekkontor i Universitetsbiblioteket

Fotografi tatt for 1913. Ukjent fotograf. Nasjonalbiblioteket.

I det hele tatt var han kommet på sin rette hylle, som man sier, og embedet sitt kjente han ut og inn.

Det var faktisk ikke godt å si om han var skapt for stillingen eller stillingen for ham.

Nikolaj Gogol

Forord

Med etableringa av det som den gongen heitte Nasjonalbibliotekavdelinga i Mo i Rana i 1989, byrja ein prosess som i 2005 munna ut i eit samla sjølvstendig og einheitleg norsk nasjonalbibliotek lokalisert i Mo i Rana og Oslo. Det norske nasjonalbiblioteket framstod som ein ny institusjon, men den sentrale nasjonalbibliotekoppgåva, som er å handtera lovbasert pliktavlevering i all sitt mangfald, hadde tidlegare lagt under Norske avdeling ved Universitetsbiblioteket i Oslo (UBO). Denne avdelinga vart etablert i 1883, og fram til 1989 var den i røynda eit nasjonalbibliotek innan UBO si ytre ramme. Denne løysinga var i førstninga formålstenleg, men med den veldige multimediale utviklinga som skaut fart i andre halvdel av nittenhundretalet, var det behov for ein ny, tidstilpassa og framtidsretta struktur for nasjonalbibliotekoppgåvene i Noreg. Denne strukturen fann si form i perioden 1989-2005. Men sjølv om strukturen er ny, har den også liner bakover. Eit siktemål med denne avhandlinga har vore å visa at fundamentet for det norske nasjonalbiblioteket vart lagt av overbibliotekar Axel Charlot Drolsum som leia UBO frå 1876 til 1922.

I 1996 byrja eg som avdelingsleiar for dåverande Senter for pliktavlevering i Nasjonalbibliotekavdelinga i Mo i Rana. Sjølv med bibliotekarutdanning og fleire års variert røynsle frå ulike deler av biblioteksektoren, var arbeidet med pliktavlevering eit spesielt fagfelt. Men det var også ei spanande, interessant og viktig samfunnsoppgåve. Sidan eg i tillegg til bibliotekarutdanninga også har historikarutdanning, vart eg etterkvart interessert i å sjå pliktavleveringa i ein større samanheng enn det daglege arbeidet. Nettopp Drolsum og hans periode peika seg ut som eit vesentleg vendepunkt på dette feltet.

Då den samla nasjonalbibliotekstrukturen var fallen på plass, opna det seg også forskingshøve i institusjonen. Norsk bok- og bibliotekhistorie har vore eit underbelyst forskingsfelt som Nasjonalbiblioteket etterkvart har verka til å løfta fram. Denne avhandlinga er eit bidrag til dette feltet.

Dåverande nasjonalbibliotekar Vigdis Moe Skarstein gav aksept til avhandlingsarbeidet, og eg vart tatt opp i PhD-programmet i historie og kulturfag ved NTNU i 2007. Avhandlinga er knytt til Institutt for historiske studier. Avhandlingsarbeidet har dels vore på full tid og dels kombinert med andre oppgåver i Nasjonalbiblioteket. Arbeidet er gjort ved min faste arbeidsplass på Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana. Undervegs har eg gjort kjeldestudier i Riksarkivet.

Anne Kristine Børresen var rettleiar for arbeidet frå starten og fram til ho vart dekan for Det humanistiske fakultetet i 2012. Då kom Magne Njåstad inn som rettleiar, men Anne Kristine sleppte ikkje taket heilt, og ho har følgd arbeidet på avstand medan Magne har stått for hovudrettleiinga. Eg takkar dei begge for kyndig rettleiing, støtte og ikkje minst at dei har vore lett tilgjengelege heile tida.

I Nasjonalbiblioteket takkar eg gode kollegaer i seksjon for bøker og språk og nemner særskild dei som var med i antologien *Opplysning, vitenskap og nasjon. Bidrag til norsk bibliotekhistorie* (Nota bene: 4): Ruth Hemstad, Øivind Berg, Elisabeth Eide, Anne Eidsfeldt og Bjørg Dale Spørck samt avdelingsdirektør Hege Stensrud Høsøien, tidlegare seksjonsleiar Trond Haugen og noverande seksjonsleiar Bente Granrud. Ein ekstra takk til Bjørg Dale Spørck som utgivar av *Axel Charlot Drolsum. Brev 1875-1926* (Nota bene: 3). Ellers har Hilde Høgås frå avdeling for tilvekst og kunnskapsorganisering hjelpt med tekstbehandling og redigering, og depotbiblioteket i Rana og utlånet i Oslo har bidratt med litteratur og raus utlånstid.

Frå utsida har Olav Nils Thue, Dag Helleve, Per Vetthe og Godtfred Bøen kome med gode kommentarar og råd. Ein ekstra takk til Dag Helleve og Olav Nils Thue for gjennomlesing av endeleg manus.

Tilslutt, men ikkje minst, ein stor takk til mine næraste, Anne Berit, Amund og Guro, som har vore tolmodige og overberande når tankane har vore meir retta mot fortida enn mot samtida.

Johan Rørlien Henden

Mo i Rana, mai 2017

Innhald

KAPITTEL 1. SAMANHENGAR OG RAMMER	6
1.1 Innleiing.....	6
1.2 Nasjonsbygging	10
1.2.1 Nasjonsbygging frå 1814 til 1870	14
1.2.2 Det moderne opplysningsprosjektet	16
1.2.3 Det moderne gjennombrøtet	20
1.2.4 Venstrestaten og nasjonale strateger	26
1.2.5 Overbibliotekaren som nasjonal strateg?	37
1.3 Universitet, vitskap, opplysing	42
1.3.1 Universitetet si vending frå embetsmannsutdanning til forskingsinstitusjon og breiare utdanning. Profesjonalisering av vitskapen	42
1.3.2 Fagleg spesialisering. Medisin som døme	46
1.3.3 Historie som nasjonal forteljning. Nasjonsbyggande vitskap.....	49
1.3.4 Institusjonar utanom Universitetet	55
1.3.5 Universitetsbiblioteket som nasjonalbibliotek.....	58
1.3.6 Universitetsbiblioteket som bibliotek for den opplyste offentlegheita	62
1.4 Historiografi	64
1.4.1 Faglege framstillingar	64
1.4.2 Jubileumslitteratur om UB	69
1.4.3 Nordisk perpektiv	72
1.4.4 Folkebibliotek	75
1.5 Kjelder	76
1.5.1 Stortinget.....	76
1.5.2 Årsmeldingar	76
1.5.3 Arkiv.....	76
1.5.4 Brev.....	77
1.5.5 Andre	78
KAPITTEL 2. 1870-82. FRÅ VIKAR TIL REFORMATOR	79
2.1 UB før Drolsum.....	79
2.1.1 Georg Sverdrup.....	79
2.1.2 Frederik Wilhelm Keyser	81
2.1.3 Domus bibliotheca.....	82

2.1.4	Paul Botten Hansen	84
2.1.5	Ludvig Daae	85
2.2	Drolsum finn sin plass	87
2.2.1	Tempora mutantur	87
2.2.2	Jeg følte, at jeg nu stod ved et Vendepunkt i mit Liv	89
2.2.3	Universitetsbibliothekar	92
2.2.4	Nye medarbeidarar	94
2.2.5	Pliktavlevering og forlagsregister	95
2.2.6	Reetablert lovfesta pliktavlevering.....	97
2.3	Utgreiing 1880.....	99
2.3.1	Synleggjering	99
2.3.2	Gradvis gjennomslag	107
2.3.3	Politisk behandling	108
2.3.4	Annuum - ekstraløyving.....	109
2.3.5	Departementet si vurdering	110
2.3.6	Komitébehandling	111
2.3.7	Arctander sitt votum	113
2.3.8	Førebels oppsummering.....	116
2.3.9	Stortinget.....	116
2.4	Neste trekk frå Drolsum	121
2.4.1	Tilleggsutgreiing	121
2.4.2	Om Norsk avdeling	124
2.4.3	Om systematisk katalog og hylleoppstilling	130
2.4.4	Stortinget 1882.....	134
2.4.5	Auka personale	136
2.4.6	Odelstingsproposisjon nr. 21, 1882 (Oth.Prp.No.21)	140
2.4.7	Indst. O.No.43. 1882.....	142
2.4.8	Odelstinget	144
2.4.9	Sluttbehandling og sanksjon.....	145
2.4.10	Forlagsregisteret som vart gløymd.....	145
2.4.11	Gjennomslag.....	147
2.4.12	Universitets-Bibliothekets Aarbog.....	148
2.4.13	Samanfatning.....	150
KAPITTEL 3. 1883-1908. FRÅ DOMUS BIBLIOTHECA TIL OBSERVATORIEGADE		152

3.1	Steg for steg.....	152
3.1.1	Sakte framover	152
3.1.2	Institusjonell utvikling, annuum	153
3.1.3	Annus horribilis.....	155
3.1.4	Langsam auke	157
3.1.5	Forseinka årbok	161
3.1.6	Annuum	162
3.1.7	Forslag om redusert annuum	163
3.2	Samlingspleie	165
3.2.1	Hvorfor i al verden ligge og indbinde al denne makulatur!	165
3.2.2	Avgrensa pliktavlevering?.....	168
3.2.3	Gustav Storm si boksamling	169
3.2.4	Nominell annuumauke	171
3.2.5	Tronge rammer.....	172
3.2.6	Annuum på etterskot og nytt bygg.....	175
3.2.7	God plass i et bibliotek varer sjeldan lenge.....	176
3.2.8	Nasjonale argument	177
3.2.9	Kreativ (mellombels) akuttløsning.....	177
3.2.10	Men Belysningen staar ogsaa i Forbindelse med Oplysningen, det hænger sammen	179
3.3	Armslag	185
3.3.1	Plassmangel	185
3.3.2	Spørsmålet om nybygning	186
3.3.3	Bygningsinspektør for Universitetet.....	188
3.3.4	[...] under det forsvarlige lavmaal	188
3.3.5	Kort prosess	191
3.3.6	Positiv proposisjon	192
3.3.7	Frå departementsinnstilling til stortingsvedtak	198
3.3.8	Positiv konklusjon.....	203
3.3.9	Mindretalet.....	205
3.3.10	Stortinget 4. og 5. juni 1908	206
3.3.11	Namnet på biblioteket.....	209
3.3.12	Samanfatning.....	212
KAPITTEL 4. 1908-22. DEN NYE ARBEIDSDAGEN		215
4.1	Nye tider. Nytt bygg	215

4.1.1	Bort frå det gamle	215
4.1.2	Bygging	215
4.1.3	Flytting.....	216
4.1.4	Opning	217
4.1.5	Internasjonal presentasjon av nybygget	218
4.1.6	Utstillingar	221
4.1.7	Bibliotekkomitéen av 1912.....	222
4.2	Fleire på banen	225
4.2.1	Eit breiare biblioteklandskap.....	225
4.2.2	Amerikansk påverknad.....	227
4.2.3	Ein korporativ kanal.....	230
4.2.4	Bibliotekkomitéen av 1919.....	237
4.2.5	Drosum og bibliotekkomitéen av 1919. Utvida pliktavlevering	241
4.2.6	Drosum om utvida pliktavlevering	243
4.2.7	Drosum sitt syn på lovendring.....	247
4.3	Vaktskifte	248
4.3.1	Drosum takkar av.....	248
4.3.2	Wilhelm Munthe tek over	248
4.3.3	Samanfatning.....	254
KAPITTEL 5. NORSKE AVDELING 1883-1922		256
5.1	Nasjonallbiblioteket vert skapt	256
5.1.1	Innleiing	256
5.1.2	Norske avdeling sitt bibliografiske mandat	256
5.1.3	Bibliografisk arbeid før og utanom Norske avdeling.....	257
5.1.4	Norske avdeling	261
5.2	Nasjonale bibliografar	264
5.2.1	Nøkkelpersonar	264
5.2.2	Jens Brage Halvorsen.....	264
5.2.3	Statsstipendiat.....	267
5.2.4	Hjalmar Pettersen.....	271
5.2.5	Den tredje mann.....	277
5.3	Arbeid og ressursar.....	280
5.3.1	Sjølvvurdering.....	280
5.3.2	Tilvekst.....	280

5.3.3	Bøkernes behandling.....	283
5.3.4	Norsk bokfortegnelse.....	284
5.3.5	Samanlikning og tronge rammer.....	284
5.3.6	Samanfatning.....	286
KAPITTEL 6. AVRUNDING		288
6.1	Oppsummering.....	288
6.2	Konklusjon.....	293
VEDLEGG 1. TIDSLINE DROLSUM OG UB/NA – 1845-1927		294
VEDLEGG 2. LOV AF 20DE JUNI 1882 OM FORLAGSREGISTER OG AVGIVELSE AF TRYKKSAKER TIL UNIVERSITETSBIBLIOTHEKET.....		297
VEDLEGG 3. FORSLAG TIL NY LOV OM AVGIVELSE AV TRYKKSAKER TIL BIBLIOTEKENE FRA BIBLIOTEKKOMITEEN AV 1919.....		300
VEDLEGG 4. DROLSUM SITT FORSLAG TIL NY LOV OM AVGIVELSE AV TRYKKSAKER TIL STATENS BIBLIOTEKER 25. MARS 1922.....		302
VEDLEGG 5. NOKRE TAL FRÅ UB SINE ÅRBØKER FOR Å ILLUSTRERA TENDENS I PLIKTAVLEVERT MATERIALE		304
BIBLIOGRAFI.....		306
	Litteratur.....	306
	Arkiv, kjelder, nettstader	320

KAPITTEL 1. SAMANHENGAR OG RAMMER

1.1 Innleiing

Frå danninga av den norske nasjonalstaten i 1814 og fram til 1989 hadde ikkje Noreg eit institusjonelt frittståande nasjonalbibliotek. Universitetsbiblioteket (UB) i Kristiania/Oslo var bibliotek både for landet sitt inntil 1946 einaste universitet og norsk nasjonalbibliotek. Men det var først med Axel Charlot Drolsum (1846-1927), som leia Universitetsbiblioteket frå 1876 til 1922, at nasjonalbibliotekposisjonen fekk ei tydeleg form. Dette vart synleggjort mellom anna med at det i 1883 vart innført lovpålagt pliktavlevering frå trykkeria til UB, og at biblioteket skipa ein eigen avdeling for den nasjonale litteraturen.

Drolsum sin periode i biblioteket er tidsramma for denne avhandlinga og siktemålet for arbeidet er å undersøka etableringa av nasjonale bibliotekfunksjonar i UB og utviklinga og endringane av biblioteket med særleg vekt på nasjonalbibliotekfunksjonane i denne perioden. Hypotesen for arbeidet er at Drolsum skapte eit verkeleg norsk nasjonalbibliotek innan UB si ytre ramme.

Det er institusjonen Universitetsbiblioteket og endringane der som er emnet for avhandlinga, og med den lange karrieren i biblioteket og måten han fylde denne på, vert Drolsum hovudperson, subjekt, i framstillinga. Men dette er ikkje ein uttømande biografi over Drolsums liv og lagnad. Det er biblioteksmannen som er hovudperson, og i kraft av sin posisjon vert han eit prisme og eit narrativt grep for å sjå inn i institusjonen han leia, biblioteket er såleis objektet for arbeidet. Avhandlinga vert ein kombinert person- og institusjonshistorie for å forklara utviklinga og vendepunkta i perioden. UB var ein universitetsinstitusjon og såleis først underlagt universitetsleiinga (Det akademiske kollegium) og vidare dei løyvande og lovgivande styresmakter med departement, stortingskomite og storting. Den fremste styringsreiskapen for biblioteket var dei årlege budsjetta som hadde innspel frå biblioteket som utgangspunkt. Dess meir velvilje biblioteket oppnådde hos sine overordna organ, dess meir positivt utslag for budsjettet.

Drolsum si tid i UB fall saman med perioden då den moderne (vestlege) verda vart forma med ny kommunikasjonsteknologi, nasjonsbygging, allmenn utdanning, migrasjon, urbanisering, proletarisering, politiske parti, masserørslar, standardisering, sosial mobilitet m.m. Noreg var

ein del av den moderne verda, landet hadde utvikla seg frå å vera ein fattig europeisk utkant ved statsdanninga i 1814 til å bli eit moderne og avansert land ved inngangen til 1900-talet. Drolsum sjølv var eit døme på endringane, han var ikkje fødd inn i nokon posisjon men han hadde arbeidd seg fram og kome i ein posisjon han i stor mon definerte sjølv.

Norsk nasjonsbygging var eit sentralt, men samansett element i tida. Eit høgdepunkt i denne samanhengen var opphevinga av personalunionen med Sverige i 1905. Denne relativt lause unionen med felles (svensk) konge og utanrikspolitikk vart etablert utifrå stormaktspolitikk etter den lange og sterkt sentraliserte unionen med Danmark vart oppløyst og Noreg vart eigen stat i 1814.

Eit tiltakande stridsspørsmål mellom dei to unionslanda var behovet for eigen norsk utanrikspolitikk etterkvart som Noreg utvikla seg som handels- og industrinasjon. Usemje om dette gjorde slutt på unionen. Etter unionsoppløysinga var det ein ny nasjonal giv i Noreg. At landet sitt universitets- og nasjonalbibliotek fekk eit nytt og tiltrengt bygg som stod klart i jubileumsåret 1914 høvde fint inn denne optimistiske stemninga.

Kvifor er vendinga mot ein tydelegare norsk nasjonalbibliotekfunksjon knytt til Drolsum? Han byrja i biblioteket i 1870 og arbeidde der i 52 år. Den lange embetsgjerninga hans viste både administrativ kontinuitet, institusjonell vekst og bibliotekfaglege vendepunkt. Ingen har leia dette biblioteket lenger enn han, og han prega og endra institusjonen på ein heilt annan måte enn nokon tidlegare leiarar. Om det kanskje var tilfeldig at han byrja i biblioteket, så såg han snart interessante og langsiktige framtidsmoglegheiter både for seg sjølv og biblioteket. Det var ikkje noko formell utdanning eller detaljert stillingsinstruks for bibliotekarbeid. Praksis og teori vart tileigna gjennom arbeid. Under Drolsum si leiing gjekk biblioteket gjennom eit hamskifte, og etter hans initiativ vart det forma nye rammer og strukturar for institusjonen som varde langt ut over hans eiga tid. Drolsum var administrator og dagleg leiar, men han også strateg og endringsagent. I 1878 fremja han lovpålagt avleveringsplikt frå trykkeria til UB og i 1880 la han fram eit stort reformprogram for biblioteket. Dette var fundamentale grep for å endra og utvida biblioteket sin samfunnsmessige posisjon. Korleis arbeidde Drolsum fram dette?

Drolsum sitt store strategiske grep var med retorikk og argumentasjon å plassera biblioteket og dei nasjonale bibliotekoppgåvene som viktige reelle og symbolske element i ein nasjonsbyggande samanheng og å få gjennomslag for dette hjå løyvande styresmakter.

I praksis hausta han nok jamt over større verbal velvilje enn så store ressursar og løyvingar som han ønskte. Men han endra biblioteket frå å vera ei relativt usynleg, underbemanna og lukka indreteneste for Universitetet til å bli ein tydeleg del av den nasjonale kunnskap- og kulturstrukturen. I kor stor grad kan endringane i biblioteket tilskrivas Drolsum? Det var uansett behov for å modernisera Universitetsbiblioteket, men kva som ville skjedd utan Drolsum vert spekulasjonar. Retninga ville uansett vore prega av biblioteksleiaren sin kurs og kontinuitet og korleis aktivitetsnivå og samarbeidslinjer vart utforma.

Drolsum sette seg tidleg store mål for biblioteket og desse vart i stor mon innfridde. Då eit sjølvstendig norsk nasjonalbibliotek omsider fann si form etter ei gradvis utskiljing frå Universitetsbiblioteket i perioden 1989-2005, og framsto som ein ny institusjon, var Drolsum sin innsats eit fundamentalt viktig historisk bakteppe. Men sjølv om Drolsum dreiv fram lovfesta pliktavlevering i Noreg og dermed la grunnlaget for eit moderne norsk nasjonalbibliotek, er han ikkje eit stort namn i norsk historie.

Norsk bibliotekshistorie, det gjeld både for folke- og fagbibliotek, er eit smalt forskingsfelt og bibliotekshistorie er i marginal grad tatt med i historiske oversiktsverk.¹ Det som finst av litteratur er gjerne spessiallitteratur laga i samband med institusjonsjubileum. Eit utval litteratur blir tatt opp lenger fram i arbeidet. Om norsk bibliotekshistorie i større samanheng er eit underbelyst og lite felt, så er det absolutt eit emne som både er interessant i seg sjølv og når det vert sett i samanheng. Eit trekk som kjem fram når ein ser nærare på feltet generelt, er at enkeltpersonar i stor grad har medverka til det som har vore av vesentlege endringar og vendepunkt. Drolsum var nettopp ein slik person som påverka historiens gang innan sitt profesjonelle felt som overbibliotekar med tiltak og initiativ for institusjonen han leia som vann fram og stod ved lag ut over hans eiga tid. Måten han arbeidde fram reformene i biblioteket på syner strategisk kløkt der han allierte seg med venlegsinna krefter og fekk utviklinga av nasjonale bibliotekstenester til å framstå som ein byggestein i samtidas nasjonsbygging. I norsk historie vart strategibegrepet aktualisert med Rune Slagstad si bok *De nasjonale strateger* i 1998. Korleis hadde sentrale personar forma det norske samfunnet? Var Drolsum ein strateg, og i tilfelle kva slag strateg? Dette blir utdjupa lenger framme i innleiingskapittelet.

¹ Eit døme på dette er historikaren Øystein Sørensen si bok *1880 årene. Ti år som rystet Norge*, Oslo 1984. Dette er eit djupdykk i kultur og politikk i 1880-åra, men her står det ingenting om nasjonalbibliotek, pliktavlevering, Norske avdeling eller Drolsum.

Den vidare gangen i dette innleiingskapittelet set opp eit bakteppe for å kontekstualisera siktemålet med avhandlinga. Så kjem tre kronologiske kapittel avgrensa av vendepunkt i framstillinga. Deretter følgjer eit temakapittel om Norske avdeling i UB, som var det eigentlege nasjonalbiblioteket.

Den første perioden er frå 1870 til 1883. Her følgjer vi Drolsum og UB frå han byrja som vikar i biblioteket i 1870 og fram til han vart *Chefen for det hele* i 1876 og vidare fram til vendepunktet med pliktavleveringslov og nasjonal avdeling var vedtatt av Stortinget. Først i kapittelet kjem eit tilbakeblikk på UB frå starten av og fram til Drolsum entra scenen. Dermed kjem dei historiske linene i biblioteket fram. Kvifor havna Drolsum i biblioteket? Korleis arbeidde han, og korleis skapte han armslag og vann fram?

Den neste perioden var ein mellomperiode på 25 år frå avleveringslova og Norske avdeling vart operative i 1883 og fram til Stortingsvedtaket om nybygg i 1908. Mellom desse vendepunkta vart gradvis plassforholda i biblioteket forverra. Sjølv om Drolsum hadde fått gjennomslag for strukturendringar, var ikkje dei årlege løyvingane frå styresmaktene i samsvar med Drolsum, støtta av Universitetet, sine ønske. Det var eit misforhold mellom budsjettøknader og tildelte løyvingar, samstundes som det det jamt over rådde verbal velvilje for biblioteket hjå styresmaktene. Innanfor disponible rammer utnytta Drolsum bibliotekbygget maksimalt. Då Stortinget omsider vedtok nytt bibliotekbygg, var dette del av ein større bygge- og utvidingsprosess for heile Universitetet. I den politiske debatten om nytt bygg var nasjonsbygging eit sentralt element. Det var ikkje berre biblioteket som hadde oppjusteringsbehov, og desse nødvendige tiltaka vann fram i den optimistiske perioden etter unionsoppløysinga i 1905.

Den siste perioden frå 1908 til 1922 var i starten prega av bygging og innflytting i nytt bygg og vert avslutta med at Drolsum takka av etter 52 år i Universitetsbiblioteket. Flyttinga av biblioteket til nybygget på Drammensvegen inngjekk i ein større prosess der fleire deler av universitetet flytta bort frå universitetsanlegget på Karl Johans gate. Det nye universitetsbiblioteket var både moderne og funksjonelt, men det førte vidare den tysk-kontinentale biblioteksretninga med lukka magasin og det sikta mot eit elitært publikum. Samstundes framstod det ein ny folkebiblioteksoffentlegheit sterkt inspirert av nyare utvikling innan amerikansk biblioteksektor. Her var nye klassifikasjonssystem (Dewey) og opne hyller for publikum viktige element. Det vart eit meir diversifisert biblioteksfelt delt mellom folke- og fagbibliotek. Korleis berørte dette Drolsum? Drolsum såg både på UB og dei nasjonale

bibliotekoppgåvene som vitenskapelig og faglege tenester. Han var særleg opptatt av at det skulle vera ein terskel for bruk av pliktavlevert materiale. Som det vil gå fram i dette kapittelet var han sterkt i mot at ei utvida pliktavlevering skulle tilfalla folkebiblioteksektoren då dette vart tatt opp.

Det siste tematiske kapittelet er om Norske avdeling, som var det eigentlege nasjonalbiblioteket. Kapittelet dekker, med eit lite tilbakeblikk, perioden frå skipinga i 1883 fram til 1922. Handtering av pliktavlevering og nasjonalbibliografisk arbeid var hovudoppgåver for denne viktige avdelinga. Korleis fungerte det nasjonale bibliotekarbeidet i praksis?

Deretter kjem fire vedlegg: I Lov af 20de juni 1882 om Forlagsregister og Avgivelse af Tryksager til Universitetsbibliotheket, II Forslag til ny lov om avgjeving av trykksaker til biblioteka frå Bibliotekkomitéen av 1919 III Drolsum sitt forslag til ny lov om avgjeving av trykksaker til statens biblioteker 25. mars 1922, IV Nokre tal frå UB sine årbøker for å syna tendens i pliktavlevert materiale.

1.2 Nasjonsbygging

Den politiske moderne norske nasjonalstaten vart danna i 1814. Dette året var eit vendepunkt i norsk historie. Statsdanninga var ikkje resultat av ein fridomskamp. Det nye politiske Noreg vart skapt av gamle dynastiske prinsipp. Ved Kieltraktaten, og deretter Wienerkongressen, som skulle regulera og restaurera heile Europa etter Napoleonskrigane, vart norsk suverenitet overført frå Frederik 6. av Danmark til Karl 13. av Sverige. Men i eit kort interregnum som sjølvstendig monarki mellom unionane, frå januar til august 1814, vart norsk grunnlov skriven og statsstruktur vart skipa. Stathaldaren Kristian Frederik (1786-1848), som vart dansk konge (Kristian VII) frå 1839, forkasta Kieltraktaten og let seg utrope til norsk regent. Ei norsk riksforsamling vart samla på Eidsvoll og 17. mai 1814 vart det norske sjølvstendte proklamert. Kristian Fredrik vart i same vending vald til norsk konge. Landet fekk ei for si tid radikal forfatning basert på på einkammersriksdag, Stortinget, som var basert på relativt demokratiske val der ein stor del av norske menn hadde indirekte røysterett gjennom valmenn.² I 1913 vart det allmenn røysterett for kvinner og menn. Fram til 1871 møttes

² Menn som hadde bodd i landet i 5 år og var fylt 25 år, som var eller hadde vore embetsmenn, eller eigde eller i minst 5 år hadde bygsla matrikulert jord på landet, eller var kjøpstadborgar og eigde gard eller grunn til ein verdi av minst 300 riksdalar i ein kjøpstad. Det var indirekte fleirtalsval i krinsar med eit eller flere mandat. 1 valmann pr 100 røysteføre i landdistrikt 1 pr 50 i kjøpstadane. Forholdet mellom valmenn og representantar skulle vera 4:1 i byar og 10:1 på landet. Byrepresentantane skulle tilsaman utgjera en tredjedel av tinget. Det

Stortinget kvart tredje år.³ Makta skulle vera tredelt. Den lovgivande makta og skatteretten skulle vera hos den folkevalde nasjonalsforsamlinga, den utøvande makta skulle vera hos kongen og hans råd, regjeringa, og den dømande makta hos uavhengige domstolar. Noreg fekk såleis sin konstitusjon i 1814.

Overgangen frå den sentraliserte eineveldige dansk-norske heilstaten, med København som midtpunkt, til ein personalunion mellom den nye norske nasjonalstaten og Sverige var påtvungen stormaktspolitikk utanfor norsk kontroll. Unionen mellom Noreg og Sverige, som varde til 1905, var under alle omstende ei svært laus ordning. Den norske statskipnaden frå 1814 stod fast i unionen, og for alle praktiske føremål var Noreg ein uavhengig stat før unionsoppløysinga. Det var stort sett berre eit eige statsoverhovud og ei eiga utanriksteneste som mangla, ellers hadde landet alt som trøngst av eigne politiske institusjonar.⁴ Sjølv om unionen var ein laus statskonstruksjon, var den ikkje heilt likeverdig. Sverige hadde vore ei europeisk stormakt medan Noreg hadde vore ein provins. I 1815 hadde Noreg i underkant av 900 000 innbyggjarar medan Sverige hadde knapt 2,5 millionar. Ved inngangen til 1900-talet var der omlag 2 millionar nordmenn medan der var over 5 millionar svenskar. I tillegg til den kvantitative skilnaden, var der også både kulturelle og politiske motsetningar, mellom dei to unionslanda. Motsetjing, usemje og spenning mellom dei to unionslanda varierte over tid. Til slutt førte den politiske og kulturelle utviklinga til at personalunionen vart oppløyst av Stortinget 7. juni i 1905. Usemje om norsk utanriksteneste bidrog til å avslutta unionen. Unionsoppløysinga i 1905 var i langt større grad enn hendingane i 1814 ei regional sak utan å koma i konflikt med dei europeiske stormaktene. Stormaktene var nok meir opptatt av samtidige hendingar som den russisk-japanske krigen og Marokkokrisa. Etter folkeavrøysting om statsforma, vart den danske prins Carl (1872-1957) utnemnd til norsk konge med namnet Haakon VII.

Også før oppløysinga av dobbeltmonarkiet i 1814 fanst det tankar om norsk nasjonal eigenart innan dobbeltmonarkiet. Blant norske embetsmenn og storborgarskap, samfunnseliten, var der ei veksande nasjonalkjensle som ovra seg i litterære selskap og ei idylliserande og

skulle vera minst 75 og mest 100 representantar. A.H. Nagel, *Oversikter årstall, tabeller*, bd. 15 i K. Mykland (red.), *Cappelens Norges historie*, 1995: 330.

³ A. Kaartvedt, *Fra Riksforsamlingen til 1869*, bd. 1 i R. Danielsen et al., *Det norske storting gjennom 150 år*, Oslo 1964, 150-52.

⁴ O. S. Stugu, *Norsk historie etter 1905*, Oslo 2012: [9].

heroiserande diktning.⁵ Utan at det vart fremja noko krav om norsk sjølvstende var der også ønske om eigne norske institusjonar som bank, universitet og forvaltning.⁶ Men «[...] en uavhengig norsk nasjonalstat var ikke aktuell politikk. Norsk nasjonalisme var ikke en opptakt til 1814, men mer en følge av 1814.»⁷

I den nye nasjonalstaten av 1814 hang der att ein tung dansk kulturell påverknad og dominans etter det lange norsk-danske hopehavet, m.a. var skriftspråket lenge påverka av dansk.⁸ Forholdet til Sverige greip meir inn i samtidspolitikken, utan same kulturelle dominans som det tidlegare danske overherredømet. Mellom arven frå den eineveldige einheitsstaten og samtida i den nye personalunionen, skulle der både byggast ein nasjon og skapast eit nasjonalt fellesskap. Å definera det særigne norske var viktig både for indre samhald og ytre markering andsynes Sverige. Medan sjølve statsdanninga i 1814 var ei konkret hending, så var, og er, nasjonsbygging ein samansett, mangfaldig og vedvarande prosess, eller heller fleire prosessar.

Nasjonsbygginga i Noreg etter 1814 reflekterte både internasjonale straumingar og den lokale norske tilpassinga, resepsjonen, av desse. To sentrale intellektuelle straumingar ved inngangen til 1800-talet var statsborgarlege opplysningsidear og etniske idear, kulturell nasjonalisme. Det første var knytt til omgrepet eit sjølvstyrt folk. Ein nasjon som eit fellesskap av menneske som sjølv ser seg som eit fellesskap og konstituerer seg gjennom eigne sjølvstyrte institusjonar. Denne statsborgarlege nasjonsoppfatninga var knytt til den amerikanske og franske revolusjonen. Den andre retninga ser på nasjonen som eit fellesskap konstituert gjennom felles språk, kultur og tradisjon og (eventuelt) sams genetisk avstamming. Forenkla kan den statsborgarlege nasjonsoppfatninga knyttast til opplysningsideane og den etniske til romantikken. Men dei har først og fremst interesse som idealtypar, dei finst knapt i reindyrka form.⁹

⁵ T.d. Den litterære selskapsklubben for norske studentar i København, Norske Selskab.

⁶ Selskabet for Norges Vel vart skipa i 1809 for å fremja norske interesser i dobbeltmonarkiet.

⁷ Ø. Østerud, *Nasjonenes selvbestemmelsesrett*, Oslo 1984: 55.

⁸ Skriftspråket vart gradvis fornorska til bokmål, etterkvart kom også nynorsk. Desse to variantane vart likestilte av Stortinget i 1885. Nemningane nynorsk og bokmål vart vedtatt av Stortinget i 1929. Eit nyare konsist oversyn over det samansette temaet norske språkpoltikk og utvikling gir Ernst Håkon Jahr, *Språkplanlegging og språkstrid. Utsyn over norsk språkhistorie etter 1814*, Oslo 2015.

⁹ Ø. Sørensen, 2007: 22.

Korleis kan nasjonsbyggingsprosessen, eller kanskje heller prosessane, i Noreg mellom 1814 og fram til 1870 forklarast? Ein måte å forklara dette på, er sjå prosessane som eit samspel mellom samfunnselitar og allmenta.¹⁰ Ein elite med nasjonsbyggande idear forma og definerte det nasjonale felleskapet, men for at eliten sine utspel skal vera samlande, måtte dei dei få resonans, klangbotn, i folkedjupet. Det som kom ovanfrå måtte ikkje gå på tvers av allment aksepterte idear og haldningar.

I Noreg var den nasjonale eliten både breiare og mindre elitær enn i andre land. Det var mindre skilnader mellom topp og botn i det norske samfunnet. Arveadel var avskaffa i 1821. Men eliten var ikkje homogen, der var fleire fløyar. Kanskje det er meir dekkande å snakka om fleire elitar? Over tid endrar det seg kven som er i posisjon. Alternative og opposisjonelle elitar kivdest om det kulturelle hegemoniet.¹¹ Dei som sat med, eller prøvde å få det kulturelle og politiske hegemoniet, lanserte sine prosjekt. Historikaren Øystein Sørensen (f. 1954) har namngjeve 14 nasjonsbyggande prosjekt, med vinnarar og taparar, gjennom eit ekstra langt 1800-tal frå 1770 til 1945: 1. Det patriotiske prosjektet før 1814, 2. 1814-prosjektet, 3. Intelligensens moderniseringsprosjekt, 4. Henrik Wergelands nasjonale visjon, 5. Nasjonalromantikken, 6. Venstres nasjonaldemokratiske prosjekt, 7. Norsksdomsrørslas radikaliserde kulturnasjonalisme, 8. Det neo-elitistiske prosjektet frå rundt århundreskiftet, 9 og 10. Skandinavisme og pangermanisme, 11. Reaksjonær agrarnasjonalisme, 12. Halvdan Koht. Nasjonalisme og demokratisk sosialisme, 13. Nasjonal samling, 14. Fellesprogrammet av 1945.¹²

¹⁰ Denne framstillinga bygger på Ø. Sørensen, Hegemonikamp om det norske. Elitenes nasjonsbyggingsprosjekt 1770-1945, i Ø. Sørensen (red.), *Jakten på det norske. Perspektiver på utviklingen av en norsk nasjonal identitet på 1800-tallet*, Oslo 2007: 17-30.

¹¹ «[...] hegemonibegrepet i kulturell forstand dreier seg nærme bestemt om å stille premisser, om å sette dagsorden gjennom å avgjøre hvilke temaer som er relevante, om å definere og bestemme begreper, om å forme honnørord og skjellsord. Om man har det kulturelle hegemoniet, er man premissleverandør for idéproduksjonen i et samfunn. Et viktig poeng er at hegemoniske ideer også preger motstandere av slike ideer, i den forstand at de er nødt til å forholde seg til dem og ofte blir presset til å overta (eller eventuelt aktivt å forsøke å motsette seg) språkbbruken i disse ideene.» Sørensen, 2007: 20.

¹² Sørensen, 2007: 23-48. Disse prosjekta vert analyserte i antologien *Jakten på det norske. Perspektiver på utviklingen av en norsk nasjonal identitet på 1800-tallet* av 22 bidragsytarar i tillegg til Sørensen som var redaktør.

1.2.1 Nasjonsbygging frå 1814 til 1870

Mellom 1814 og fram til 1870 nemner Sørensen fire sentrale prosjekt: 1814-prosjektet, Intelligensens moderniseringsprosjekt, Henrik Wergeland sin nasjonale visjon og nasjonalromantikken.

1814-prosjektet hadde som leitmotif at sjølvstyret og statsinstitusjonane, Grunnlova og Stortinget var sentrale symbol for nasjonal identitet. Etterkvart vart også feiring av 17. mai viktig. Sterke forestillingar om norsk eigenart og historiske tradisjonar prega også denne retninga, men det var også ei sjølvstendemarkering mot kong Karl Johan (1763-1844) sine freistnader på å utvida kongemakta. Den frie norske bonden og odelsretten stod sterkt. Bonden var inkarnasjonen av det norske. Bonden fekk også ein markant plass i det nye politiske systemet. Dei fleste røystekvalifiserte til det nye Stortinget var bønder. Røysteretten var knytt til eigedom, alle som eigde eller bygsla matrikulert jord fekk røysterett. «Den frie norske bonden var ikke bare en romantisk kulturell konstruksjon. Han var i påfallende stor grad også en samfunnsmessig realitet.» (Sørensen s.26).

Frå 1830-talet og fram til 1860-talet hadde eit lite miljø av embetsmenn den faktiske makta i den norske staten. Dette miljøet, Intelligenskrinsen, stod for eit nasjonsbyggingsprosjekt for å modernisera samfunnet. Vesentlege element i prosjektet var utbygging av infrastruktur og avskaffing av økonomiske reguleringar. Det var ein pragmatisk, men også elitær diskurs, som seinare vart den politiske motpolen til den etterkvart framveksande venstrestaten. Dei mest sentrale personen i krinsen var stortingspolitikaren og jusprofessoren Anton Martin Schweigaard (1808-70) og juristen og politikaren Frederik Stang (1808-1884).¹³ Dei forma samfunnet i ei gråson mellom vitskap og politikk: «Et kjennetegn ved embetsmannsstaten var nettopp at grensen mellom de to områdene var flytende, et faktum som fikk sitt pregnante uttrykk i professorpolitikerens skikkelse.»¹⁴

¹³ «I embetsmannstatens storhetstid i årene fra 1845 til 1870, spilte en underlig konstellasjon en mektig rolle. Den hadde fasong som en tvillingstjerne. To menn, som hver for seg var selvlysende, pleiet råd sammen i saker av viktighet for for landet eller for regimet, og avgjorde seg imellom hva som burde gjøres, - hva storting og regjering burde gjøre. Disse to var Anton Martin Schweigaard i Stortinget og Frederik Stang i regjeringen. Gang på gang kan beslutninger på høyeste plan føres tilbake til en avtale mellom dem. Hver for seg var de suverene i sin holdning og en makt i sin handling; i sitt samarbeide personifiserte de embetsmannstatens system». J.A. Seip, *Usikt over Norges historie. Bind 2: Tidsrommet ca. 1850-1885*, Oslo 1981: 47.

¹⁴ J.R. Kyllingstad og T.I. Rørvik, *Bok 2 1870-1911. Vitenskapenes universitet*, Oslo 2011: [103]

I motsetnad til Intelligenskrinsen sin pragmatiske kurs stod Henrik Wergeland (1808-45) sin nasjonale visjon. Denne visjonen var romantisk og religiøs. Den norske nasjonen skulle på line med andre nasjonar inngå i eit gudsrrike på jorda. Men det distinkte norske skulle vera tydeleg. Det norske hadde vorte undertrykt i unionen med Danmark. Wergeland såg det gamle norrøne Noreg som ein gullalder, som no kunne vidareførast i den nye norske staten av 1814. Henrik Wergeland formulerte ein talande metafor for si nasjonsbygging: Den gamle stordomstida og den nye staten høvde saman som to halvringar, unionen med Danmark hadde vore ei falsk lodding i denne ringen. Oppåva no var å lodda saman dei ekte delene av ringen.

Det store nasjonsbyggande prosjektet i perioden var nasjonalromantikken. Dette var ei åndsretning, med opphav i den tyske kulturkrinsen, som dominerte heile Norden og det etniske, den nasjonale eigenarten, var vesentleg. Den norske nasjonalromantikken var ein kombinasjon av kulturelle konstruksjonar og grundige empiriske studiar. Målet var å finna fram til det eigentlege Noreg. Fleire element i nasjonalromantikken har fått varig gjennomslag i norsk kultur. Nasjonalromantikken fylde og supplerte Intelligensen sitt praktiske prosjekt. Idealobjektet i den norske nasjonalromantikken var den norske innlandsbonden. Han stod for alle gode norsk eigenskapar. Dette var ein idealbonde skapt av byeliten.

Kor fruktbar oppdelinga i ulike nasjonsbyggande prosjekt og å setja dei mot kvarandre som vinnarar og taparar er, kan sjølv sagt diskuteras.¹⁵ Generelt kan nasjonsbygging definerast:

[...] som ein prosess, ein meir eller mindre medviten utviklingsstrategi i ei statsdanning der regionar, distrikt og innbyggjarar blir prøvt sveisa saman i eit organisk-liknande nasjonalt fellesskap. Å bygge ein nasjon inneber mykje godt å utvikle og forme samlande, nasjonale institusjonar, kommunikasjonssymbol og einskapssymbol.¹⁶

I kor stor grad dette lukkast i praksis er avhengig av fleire forhold, men eit sentralt element var undervising og opplysing.

¹⁵ Historikaren Svein Ivar Angell var kritisk til elitetenkinga og dei ulike prosjekta som vinnarar og taparar. Han ønskte eit breiare historiesosiologisk og mindre tidsavgrensa perspektiv. Jakta på det norske – Har fellingsprosenten vore høg nok i *Fortida i notida. Sju tekstar om nasjonal identitet*. Volda 2000: 13-18.

¹⁶ O. Melle, *Utdanning og nasjon i moderniteteten - mellom sivilt samfunn og governmentalitet. Tema med variasjonar i tid og rom*, Volda 2002: 11.

1.2.2 Det moderne opplysningsprosjektet

Eit viktig element i moderniseringa, demokratiseringa og den generelle utviklinga av det norske samfunnet gjennom attenhundretalet var allmenn utdanning og opplysning. Lese-, skrive- og reknerekunnskap var viktig reiskap både for deltaking og mobilitet etter kvart som samfunnet vart meir samansett og dynamisk.

Universitetet med Universitetsbiblioteket, og gradvis andre akademiske- og høgnivå institusjonar, var toppen av utdanningssystemet. Sjølv om det etterkvart vart fleire som tok utdanning på høgaste nivå, var dette likevel eit lite mindretal i den store samanhengen. Dei store endringane innan utdanning for folk flest galdt grunnskule og mellomnivå. Etterkvart kom det fleire vidare alternativ, både praktiske og teoretiske, innan handel, handverk, jordbruk, teknikk og handverk.¹⁷

I den norske staten som vart danna i 1814 hang der lenge att eit utdanningssystem frå dobbeltmonarkiet. Dette skulesystemet hadde eit standsdelt samfunn som vilkår og konserverte standsdelinga med å verka til til at den einskilde stand rekruterte seg sjølv. Det var eit system for eit samfunn utan sosial mobilitet. Allmennskulen, som gjerne var omgangskule, skulle læra folk å lesa og skriva og hadde primært eit religiøst og disiplinerande siktemål. Den skulle leia fram til konfirmasjon (innført 1736), som var vilkår for fullt medlemskap i samfunnet, der den luthersk protestantiske statsreligionen og kyrkja hadde religiøst og mentalt monopol.¹⁸ For eliten var utdanning ei privat sak med privat undervising, latinskular og katedralskular (som tilsaman vart kalla den lærde skole), fram mot eventuell universitetsutdanning. I byane var der også private og offentlege alternativ på ulike nivå. Skulevesenet i dei større byane var lenge i stor mon kjønnsdelt.

I 1827 kom lov om allmennskulen på landet. Det skulle vera minst ein fast skule i kvart prestegjeld, eventuelt supplert med omgangsskule. Obligatorisk skulealder var frå 7-års alder fram til konfirmasjon, og det skulle vera minst to månader med undervising kvart år. Kristendom var stadig hovudfaget og lesing var ein reiskap for å tileigna seg religionen. Med

¹⁷ Like fram til andre verdskrig var yrkesutdanning innan handverk, industri, handel osv. i kortare kurs og læringeskular med hovudvekt på undervising på arbeidsplassen. A.H. Nagel, *Oversikter, årstall, tabeller*, bd. 15 i K. Mykland (red.), *Cappelens Norgeshistorie*, Oslo 1995: 366.

¹⁸ Den som ikkje var konfirmert hadde vanskar med å få fast arbeid, kunne ikkje overta fast eigedom og ikkje gifta seg. For å bli konfirmert måtte ein bestå presten sine kunnskapskrav i kristendomsfaget. A.O. Telhaug, *Grunnskolen som nasjonsbygger. Fra statspietisme til nyliberalisme*, Oslo 2003: 49.

den nye *Lov om Almueskolevæsenet paa Landet* i 1860 kom ei ny vending. Her vart skulen også markert som statsborgarskule og ikkje berre ein kristendoms skule. No skulle fastskule vera det vanlege og omgangsskule unntak. Dessutan tok også staten eit økonomisk ansvar andsynes grunnskulen, i og med at kommunane på visse vilkår fekk rett til statsstøtte, som skulle formidlast via amtsformannskapa. Skulane i eit stift skulle leiast av det nye embetet skuledirektør. Saman med biskop og amtmann danna skuledirektøren stiftsdireksjonen.¹⁹ Frå 1860 og framover vende ein seg bort frå ein rein kyrkjebasert grunnskule som sikta mot konfirmasjonen til «[...] et allment skolebasert alfabetiseringsprogram som skulle sette den enkelte elev i stand til å lese ukjent tekst, skrive selv og regne.»²⁰

Eit vidare offentleg grep for å forma ein sams nasjonal allmennskule kom i 1889 med lovene om folkeskule for by- og land. Allmueskolen vart no kalla folkeskule og skulle vera felles for alle samfunnslag. Skulen vart sjuårig, men på landet skulle det også skipast framhaldsskular for ungdom over 14 år, med undervising 1-6 månader. Desse lovene opna for større lokalt sjølvstyre enn tidlegare skulelover. Skulestyret (tidlegare skulekommisjonen), der dei fleste medlemene skulle veljast av kommunestyret, fekk avgjerande styresmakt over undervisningsplanar, lærarstilsetjingar m.v. Skuledirektørane overtok frå no restar av dei oppgåvene som stiftsdireksjonen hadde hatt tidlegare. Etter 1889 fekk dei private grunnskulane, som vesentleg hadde vore i større byar, mindre betydning.²¹

Eit viktig tilskot til den nasjonale ålmenndanninga var lesebøkene i grunnskulen. For å følgja opp skulelova av 1860 fekk stiftprost Peter Andreas Jensen (1812-67) i oppdrag å laga ei ny lesebok. Dette var oppsiktsvekkande sidan styresmaktene her for første gong tok ansvar for ei ei eiga lese- og lærebok til ålmennskulen. I 1863 kom P.A. Jensen si *Læsebog for Folkeskolen og Folkehjemmet* i eit førsteopplag på 50 000 eksemplar. Denne leseboka fekk eit samla opplag på om lag 400 000 eksemplar og vart mest einerådande i ålmennskulen på landet i nesten 30 år. I 1889 kom Andreas Austlid (1851-1926) si *Lesebok for born*, som var den første leseboka på nynorsk. Jensen si lesebok vart mindre brukt i byskulane, der fleire ulike

¹⁹ *Cappelens Norgeshistorie*, b. 15. Oslo 1995: 364.

²⁰ P.T. Andersen i *Norsk litteraturhistorie. Sakprosa fra 1750 til 1995*. bd. 1. Oslo 1995: 387.

²¹ Ved sida av latinskulane var der i byane mange private skular og kommunale- borgar og realskular. Det kunne også vera eigne betalingsklassar innan allmueskulen med lenger skuletid og større fagkrins. Oftast var byskulane kjønnsdelte. G. Hagemann, *Det moderne gjennombrudd 1870-1905*, b. 9 i K. Helle (red.). *Aschehougs Norgeshistorie*, Oslo 1997: 36.

bøker var i bruk, men frå 1884 vart Hartvig Lassen (1824-1897) og Bernhard C. Pauss (1839-1907) *Læsebog i Modersmaalet* mest utbeidd i byane.²²

Men utover 1880-talet var det politisk semje om at det trongst ein ny type lesebok. I 1890 søkte den allsidige publisisten og forfattaren Nordahl Rolfsen (1848-1928) Stortinget om tre årslønner for å laga eit nytt leseverk. Rolfsen såg for seg eit verk tufta på eit kunstnarleg heilskapssyn. Stortinget av slo søknaden med 57 mot 53 røyster, men Rolfsen fekk støtte frå forleggar Jacob Dybwad (1823-99), som betalte forskot for alle tre åra. Rolfsen starta eit svært innsamlingsarbeid og inviterte flest bidragsytarar blant 30-40 år gamle politikarar, vitskapsmenn, forfattarar og kunstnarar – særleg frå venstremiljøet (*Det private næringsliv reddet det prosjektet som Høire gikk imot på tinget*). Rolfsen sitt leseverk byrja å koma ut i 1892, verket kom både på riksmål/bokmål og landsmål/nynorsk. Verket kom stadig nye utgåver og var i bruk i norsk grunnskule til langt inn i 1960-åra.²³ Rolfsen sine lesebøker var sentrale for norsk nasjonsbygging:

Norsk historie og skriftlig tradisjon ble formidlet gjennom flere mektige verk. Størst betydning fikk Nordahl Rolfsens lesebøker [...] Rolfsen ville formidle et «harmonisk billede af norsk liv gennem tiderne». [...] Ved hjelp av utdrag fra norsk diktning og illustrasjoner av norske kunstnere formidlet han et bilde av nordmenn som myndige og hardføre mennesker som behersket seg selv og naturen omkring.²⁴

Den lærde skule endra seg også i siste del av 1800-talet. Gamalnorsk vart obligatorisk i 1869, landsmål (nynorsk) og riksmål vart jamstelt i 1885, og i 1907 kom krav om at elevane skulle beherska begge målformer skriftleg. Dette var nasjonsbyggande tiltak. Eit stort fagleg stridstema var realfaga sin framveksande posisjon. I 1869 var gymnaset delt i eit lattingymnas og eit realgymnas, som begge bygde på middelskule etter allmennskulen. I 1896 vart dei klassiske faga gresk og latin tatt ut av middelskulen, og gymnaset vart delt i ei realline og ei språkleg-historisk line med vekt på moderne språk.²⁵ Latinskulen var berre for gutar, middelskulen opna for jenter i 1878. I 1882 fekk kvinner høve til å ta artium og i 1882 høve

²² T. Steinfeld, *Leseboka blir folkeei*, bd. 1 i Johnsen / Eriksen (red.), *Norsk litteraturhistorie. Sakprosa fra 1750 til 1995*, Oslo 1998: 472-79.

²³ E. B. Johnsen, *Nordahl Rolfsens lesebøker*, bd. 1 i Johnsen/Eriksen (red.), *Norsk litteraturhistorie. Sakprosa fra 1750 til 1995*, Oslo 1998: 570-74.

²⁴ G. Hagemann, *Det moderne gjennombrudd 1870-1905*, b. 9 i K. Helle (red.), *Aschehougs Norges historie*, Oslo 1997: 170.

²⁵ Latin fekk ei eiga line i 1919.

til å avlegga embetseksamen ved Universitetet. I 1912 vart zoologen Kristine Bonnevie (1872-1948) Universitetet sin første kvinnelege professor. Like fram til andre verdskrig vart yrkesutdanning innan handverk, industri, handel m.m. mest gitt i kortare kurs og lærlingeskular med hovudvekt på undervising på arbeidsplassen.

Den gradvis utbygde og meir omfattande allmennskulen krevde fleire og betre utdanna lærarar. Alt i 1821 vedtok Stortinget vedtok Stortinget å skipa det første seminaret for lærarar til allmennskulen. Gradvis kom det fleire slike institusjonar, og i 1902 vart nemninga seminar avløyst av lærarskule og utdanninga vart då treårig for kandidatar utan artium og eitårig for artianarar. Gradvis rekutterte lærarutdanninga fleire kvinner, og særleg i allmennskulen i byane fann lærarinner arbeid.²⁶

Ei skuleform som vann fotfeste både i Noreg (frå 1864) og i dei andre nordiske landa var folkehøgskulane. Dette var private sjølvstyrte skular utan eksamen eller karakterar for unge vaksne. Grunnlaget for desse institusjonane var frilynt kristendom og frilynt pedagogikk. Folkehøgskulane var i stor mon tufta på tankar frå den danske teologen N.S.F. Grundtvig (1783-1872). Der var undervising i morsmål, diktning, historie og kristendom. Folkehøgskulane var både dannelsings- og læringsinstitusjonar med nasjonsbyggande siktemål. Ein tilsvarande offentleg variant skipa av styresmaktene var amtskulane.

Alfabetiseringen av befolkningen er ikke bare av avgjørende betydning for enhver historisk betraktning av litteratur. Det er også grunn til å se denne prosessen som en viktig del av den begynnende modernisering og demokratisering som finner sted i siste halvdel av forrige århundre. [...] den nye leseferdigheten var en forutsetning for den kulturelle og politiske utviklingen, ettersom den i stor grad foregikk på skriftkulturens premisser. Dessuten økte behovet for lese- og skriveferdighet også i arbeidslivet i og med moderniseringen av yrkestrukturen.²⁷

Utviklinga med utvida allmenn nasjonsbyggande obligatorisk grunnskule i Noreg var del av større samanhengar og trekk i tida. Utviklingstrekk i det norske samfunnet kan framstå som

²⁶ G. Hagemann, *Det moderne gjennombrudd 1870-1905*, b. 9 i K. Helle (red), *Aschehougs Norges historie*, Oslo 1997: 37-38.

²⁷ Andersen 1995: 389.

særskilde nasjonale ovringar, men er ofte heller nasjonale variantar av noko meir. Også i dei nordiske grannelanda var der utviding av den allmenne grunnskulen i same lei.²⁸

1.2.3 Det moderne gjennombrøtet

er ei av fleire nemningar som har vore nytta om perioden frå dei siste tiåra av 1800-talet og til byrjinga av 1900-talet. I denne perioden vart det bana veg for vår eiga tid.²⁹ Noreg vaks fram slik at landet ved inngangen til 1900-talet var eit moderne og avansert land i europeisk samanheng.³⁰ Fram til katastrofen med første verdskrig, var tida prega av sterk utviklingsoptimisme.³¹ Nasjonsbygging og utdanning var viktige element blant dei store, samansette og mangfaldige endringprosessane der ulike utviklingstrekk greip inn i kvarandre.

Sentralt i moderniseringa var den store kommunikasjonsrevolusjonen, som omfatta fundamentale endringar på to område: Fysisk transport av menneske og varer og utveksling av informasjon og idear.³² Endringane vart delvis drivne fram av ny teknologi, nye landsomfattande institusjonar, felles system og nye organisasjonsformer. Samhandling mellom menneska i landet og sterkare kjensle av fellesskap vaks fram med ny kommunikasjon. Dette bidrog til oppbygging av ein moderne norsk stat. Nordmenn fekk ein nasjonal horisont utover det lokale.

Fysisk ovra kommunikasjonsrevolusjonen seg mellom anna med heilårleg utvida skipstrafikk langs kysten etter at damp- og gradvis motorskip avløyste seglskuter, eit fyrvesen som

²⁸ H. Meinander, *Finlands historia. Linjer, strukturer, vändpunkter*, Helsingfors 2010: 161-62. O. Larsson, *Svensk historia*, Lund 2012: 250.

²⁹ Omgrepet Det moderne gjennombrøtet var opphavelig eit åndshistorisk omgrep formulert av den danske litteraturkritikaren og skribenten Georg Brandes (1842-1927) om dei idéane og litterære straumane som prega 1870- og -80 åra: realisme og naturalisme i litteraturen, positivisme i filosofien og radikalisme i politikken. Men omgrepet kan utvidast til å dekkja alle fenomen som bana veg for den moderne verda. E. Bjøl, *Imperialismen*, bd. 15 i K. Mykland (red.), *Cappelens verdenshistorie*, Oslo 1986: [167].

³⁰ Det har vore ein myte at Noreg i denne perioden var eit tilbakeståande land. Komparative undersøkingar viser noko anna: «Påstanden om at Noreg i løpet av 1800-talet blei avansert og moderne, både politisk, økonomisk, sosialt og kulturelt, er sett fram i opposisjon til ei oppfatning som ofte kjem fram i det politiske ordsiftet og elles i det offentlege livet på 2000-talet, nemleg at Noreg var eit av dei fattigaste og mest tilbakeleggande landa i Europa for vel hundre år sidan. Denne påstanden vil vi altså gå i mot: Noreg framstod i 1905 som forholdsvis demokratisk, forholdsvis fritt, forholdsvis velstående og med kulturtrekk (forfattarar, kunstnarar, folkekultur, vitenskapmenn) som blei anerkjende i utlandet.» J.E. Myhre, *Norsk historie 1814-1905*, Oslo 2012: [291].

³¹ «For Europe and the European world the years 1871 to 1914 were marked by hitherto unparalleled material and industrial growth, international peace, domestic stability, the advance of constitutional, representative, and democratic government, and continued faith in science, reason and progress.» R.R. Palmer & J. Colton, *A history of the modern world since 1815*, 6th. ed., New York 1983: 550.

³² Framstillinga av kommunikasjonsrevolusjonen bygger vesentleg på M. Ohman Nielsen, *Norvegr. Norges historie. Bind III 1840-1914*, Oslo 2011: 134-160

muliggjorde skipsfart i mørke støtta av betre kart og aukande meteorologisk kunnskap. Til lands kom det utvida vegnett og jernbane. Landet opna seg både innover mot seg sjølv og utover mot omverda. Innover i 1900-talet kom det bilar og bussar. Næringslivet fekk nye vilkår og rammer for å transportera varer.

Posten var det første store fysiske kommunikasjonssystemet som nådde alle i heile landet og batt nasjonen saman. Postverket medverka til å utvikla den moderne staten som nådde fram til både lokale styremakter og einskildpersonar kring i landet. Posten vart ei drivkraft for standardisering med faste rutesystem til lands og til sjøs med sams klokkeid. Innan 1880 var store deler av landet knytt saman med postruter. I 1850 var der 277 faste poststader i Noreg og i 1900 var der 2413.³³ Brevskriving var ein sjølvforsterkande aktivitet som førde til vekslande gjensidig korrespondanse. Det var ein omfattande skriftleg kommunikasjon både som følge av auka skrive- og lesekunnskapar hjå folk, som igjen var ei følge av utdanningsreformane, og dels som følge av sosial mobilitet.

Postsystemet økte samhandlingen og kommunikasjonen. Det styrket forvaltningen, forretninger og private forbindelser. Med brev kunne mennesker dele informasjon, synspunkter og ideer. Slik la posten også grunnlaget for omfattende kulturelle endringer, og for demokratiseringen av Norge.³⁴

I 1855 vart det innført faste einsarta portotakstar i heile landet. Avsendar kjøpte frimerke som dekkja sendinga. Ved sida av posten, utbygging av fysisk infrastruktur og standardisering av mål og tid, var utviklinga av telekommunikasjon ein fundamental del av moderniseringsprosessen. Gjennom 1840-talet kom det elektrisk telegraf i det eine landet etter det andre. I Noreg opna telegraflina mellom hovudstaden og Drammen 1. januar 1855. Det var starten for ei vidare utbygging av eit landsdekkande norsk telegrafnett, administrert av ein eigen statleg etat, Telegrafverket. Gjennom lange telegrafliner vart det sendt bokstavar som vart koda om i system av korte og lange lydar. Telegrafan kunne senda ord lynraskt over lange avstandar og telegrafistane opna ei heil ny verd av informasjon. Det var viktig for

³³ F. Hodne, *Norge økonomiske historie 1815-1979*, Oslo 1981: 256.

³⁴ Ohman Nielsen 2011: 148.

handel og skipsfart, administrasjon, utanrikspolitik og nyheitsformidling, t.d kunne no omfanget av ulukker klarleggast tidlegare og meir presist enn før.³⁵

Telegrafnettet som vart bygd i Europa og Nord-Amerika kom saman med jernbanen til å gi heilt nye vilkår for spreining av nyheiter og uavhengig informasjon til den veksande avismarknaden. Medan posten distribuerte aviser fram til lesarar kring i landet, bidrog dei nye telekommunikasjonane med innhald til desse avisene. Gjennom avisene nådde nyhende og informasjon frå heile verda fram til alle deler av Noreg. Ved sida av at nyhenda nådde raskare fram, vart det etablert fleire aviser som i tillegg til nyheiter, også hadde ein ny meiningsdanande og analytisk journalistikk. I 1850 var der 40 aviser i Noreg, i 1918 var der 250 aviser. I tillegg til utvida postdistribusjon og ny journalistikk, var det også viktig at Noreg frå 1863 hadde sjølvstendig papirproduksjon og papirprisen difor gjekk ned.³⁶

Utanom ny teknologi og rask informasjonsformidling, var der ei anna side ved telegrafen i Noreg: Det vart den første statsinstusjonen som tilsette kvinner. I første omgang var dette godt utdanna kvinner frå det øvre sosiale sjikt som ikkje var gifte eller vart forsørgde. Dette var personar med gode og breie kunnskarar på høgt nivå tileigna gjennom privatsundervising, privatskular og utanlandsopphald. Men det hadde korkje vore sosialt akseptabelt eller høve til å brødfø seg med eige løna arbeid. No opna det seg eit høve:

Landets telegrafdirektør [Carsten Tank Nielsen (1818-92)] hadde forstått at det fantes en gruppe som hadde nettopp de kvalifikasjonene Norge trengte av høyt utdannet arbeidskraft. I 1857 gjorde han det nærmest utenkelige da han åpnet telegrafutdanningen og telegrafistyrket for kvinner. Første generasjon telegrafistinner måtte bryte sterke kulturelle normer for å kunne utføre lønnsarbeid for den norske stat. I 1875 var hver fjerde telegrafist kvinne.³⁷

I 1880-åra byrja det å koma private telefonsystem i norske byar. Det var næringslivet som førte an. Mot slutten av hundreåret overtok staten dei lokale systema og det vart etablert eit rikstelefonett. Telegrafstasjonane fekk etterkvart også betalingstelefonar for publikum. For å betena publikum og kobla apparat og liner kom det ei ny gruppe med kvinneleg personale,

³⁵ N. Fulsås, *Havet, døden og været. Kulturell modernisering i Kyst-Noreg 1850-1920*, Oslo 2003: 96

³⁶ *Norsk presses historie*, b. 1.2010: 369.

³⁷ Ohman Nielsen 2011: 158-59.

telefondamer. Koblingsarbeidet var enklare enn telegrafistoppgåvene og dermed var både løn og status lågare.

Kommunikasjonsrevolusjonen var ein sentral del av endringa og moderniseringa av Noreg. Den var ein viktig dørøpnar for kvinner i arbeidslivet. Telekommunikasjon, saman med felles tidssone for heile landet i 1895, gav den første felles kjensla av samtidighet mellom nordmenn på tvers av store geografiske avstandar.

Utviklingen av telekommunikasjon hadde i heile den vestlige verden stor betydning for nyhetsformidling, handel og politisk virksomhet, men også for sosialt og kulturelt engasjement og for ulike typer organisering. Kommunikasjonsrevolusjonen bandt mennesker fysisk sammen og vevde deres tanker tettere sammen. Det ble særlig synlig i den kulturelle omveltningen som landet gjennomgikk i tiden 1850-1914.³⁸

Omveltingane i siste halvdel av 1800-talet var gjennomgripande. Samfunnet var i rørsle. Den politiske kulturen og det offentlege rommet vart endra med framvekst av organiserte politiske parti, aktiv politisk presse, interesseorganisasjonar, ålment engasjement og engasjerte offentlegheiter. Eit viktig element i denne utviklinga var at Stortinget i 1842 oppheva Konventikkelplakaten, ei forordning frå 1741, som hadde hadde forbode religiøse samlingar utanom statskyrkja.³⁹

Gjennom 1800-talet vaks folketalet i Noreg frå 883 487 i den første folketeljinga i 1801 til 2 240 032 i 1900. Busetnad i tettbygde strøk endra seg i same periode frå 8,9 % til 35,7 %. Medverkande til folkeauken var fallande barnemortalitet, betre hygieniske forhold og betre helsestell. Det var også stor utvandring, mellom 1830 og 1930 utvandra meir enn 800 000 nordmenn til Amerika.⁴⁰ Rundt ein fjerdedel av utvandrarane vende attende til Noreg.⁴¹ For mange nordmenn var nok det oversjøiske Amerika nærare enn det kontinentale Europa.

³⁸ Ohman Nielsen 2011: 160.

³⁹ «Opphevinga av plakaten i 1842 åpna for lekmannsforkynninga i Noreg og dermed ei styrking av lekmannsrørsla som alt var i gang, og dette kan opplagt tolkast som ein del av demokratiseringa i samfunnet. Det markerer ein milepæl i norsk kyrkjehistorie, og det vert samstundes oppfatta som eit uttrykk for eit generelt gjennombrøt for liberalisme i norsk politikk og samfunnsliv.» S. Supphellen, *Konventikkelplakatens historie 1741- 1842*, Trondheim 2012: 119.

⁴⁰ Cappelens Norges hist b. 15. 267-68.

⁴¹ Myhre 2012: 241.

Noreg vart eit organisasjonsamfunn i andre halvdel av 1800-talet. Foreningsdanning kom bølgevis. Misjonsforeningar og måtehaldsforeningar kom kring midten av hundreåret hadde gjerne opphav i byane eller lokal elite.⁴² Ei spesiell rørsle i denne vendinga var arbeidarforeinga Thranerørsla, den første nasjonale politiske masserørsla i Noreg, leia av Marcus Thrane (1817-90). Denne rørsla fengde raskt, djupt og vidt, men den var organisasjonsmessig primitiv og lite varig. Styresmaktene slo ned rørsla, og Thrane og andre leiargar fekk fengselsstraffer.⁴³

Utover 1860-åra framstod nye rørsler med eit anna preg. Dette særleg på bygdene og også på avsideliggende stader. Om dei nye foreningane hadde sams sentralt opphav (t.d. avhaldssak), vart dei gjerne organiserte lokalt. Dei hadde ofte nokså vage og almenne siktemål, og bar namn som t.d. grendelag og samtalelag. Det var gjerne stadbundne lokale lærarar eller bønder som tok initiativ til foreninga. Det var stor aktivitet over heile landet.

«Mødernes tid er kommen», skrev en innsender fra Sogn i Fædrelandet 1870. «Næsten overalt, fra Lindesnes til Nordkap, fra Vesterhavet til Sveriges grændser, hører man tale om møder både i kirkelige og politiske øiemed, Snart fortælles det om menigheds møder, snart om bondeven møder, snart om sogneselskaber». «Vi har heller ikke i Strandebarm været aldeles uberørte af foreningsfeberen,» forteller en innsender i Vossingen 1875, «men har af tidens ånd i det hele stiftet 4 foreninger, hver med sit mål for øie. Nemlig: 'Folkevenforening', 'forbrugsforening', 'kreatursassuranceforening' og ganske ung kaldet 'Indstrandens folkesamling'.»⁴⁴

Foreningane var opningar mot omverda i eit stadig meir dynamisk tilvere. Dei gav nye impulsar og bidrog til moderniseringa på bygdene med å erstatta eldre samværesformer som langvarige (og fuktige) bryllaup og gravferder. Dei nye foreningane skjerpa tanken.

I organisasjonsdanninga låg også kimen til politiske parti og interesseorganisasjonar. Kring 1880 hadde fleire organisasjonar ved sida av opphavelge siktemål også politiske funksjonar:

⁴² «De tidlige foreningene var ofte dominert av embetsmenn og «kondisjonerte». I mange bygdebøker heter det omtrent som så: «Da kapellan N.N. kom til bygda i 1840-årene, startet han en misjonsforening som fikk god oppslutning, men det synes å ha visnet hen da kapellannen flyttet etter noen år.» H. Try, *To kulturer en stat 1851-1884*, bd. 11 i K. Mykland (red.), *Cappelens Norges historie*, Oslo 1995: 436.

⁴³ Historikaren Mona Renate Ringvej har i monografien *Marcus Thrane: Forbrytelse og straff*, Oslo 2014 avdekket svært tvilsame juridiske forhold i styresmaktene si handsaming av Thrane og rørsla.

⁴⁴ Try 1995: 438.

Typiske eksempler var den venstreorienterte skytterlagsbevegelsen (folkevæpningsamlagene) og de tallrike frittstående, løst organiserte «leseforeninger» og «samtalelag». Slike lag kunne dels spille rollen som forløpere, dels som støttetiltak for de politiske foreninger i egentlig forstand, ja tok ikke sjelden selv initiativet til slike.⁴⁵

Organisasjonslivet var disiplinerande, dannande og utviklande. Det gjenspeglar også eit stadig høgare allment utdannings- og kunnskapsnivå og breiare engasjement:

Også organisatorisk bidrog de frivillige sammenslutninger til å legge grunnlaget for partivirksomheten. De gav mønstre for etablering av foreninger og for oppbygging av organisasjoner, og de utviklet ferdigheter av sentral betydning i denne sammenheng – planlegging av møter, ordstyring, regnskapsførsel, utforming av resolusjonsforslag og referater, evnen til å føre en diskusjon og til å uttrykke seg klart og konsist skriftlig og muntlig. Foreningene fungerte på denne måten som læresteder og utklekkingsanstalter for politikere, de utkrystaliserte lederemnene og vendte deres ambisjoner mot større virkesfærer, mot høyere ansvar. Viktig var også den sosiale utjevning organisasjonen bidrog til, og som var en av forutsetningene for at de mange gruppe- og yrkesinteresser kunne samles til felles innsats i et politisk parti.⁴⁶

Det store nasjonsbyggande prosjektet i perioden var Venstre sitt nasjonaldemokratiske prosjekt, som erobra både den politiske makta og det kulturelle hegemomet. Venstreprosjektet var ein alternativ og samansett opposisjonell elite som bygde seg opp frå 1850-åra. Opposisjonelle intellektuelle i hovudstaden var ein kjerne i prosjektet, men snart vann rørsle feste utanfor byane. Dei grundvigianske folkehøgskulane samt foreiningsverksemd blant seminarutdanna lærarar og skiping av frilynte ungdomslag spreidde venstrenasjonale tankar regionalt og lokalt kring i landet.

Hele veien veien var det tale om et bredt opposisjonelt elitesjikt på regional og lokal basis. Sosialt sett var det særlig lærere og bønder det dreier seg om: lokale

⁴⁵ P. Fuglum, *Norge i støpeskjeen 1884-1920*, bd. 12 i K. Mykland (red.), *Cappelens Norges historie*, Oslo 1995: 14

⁴⁶ Fuglum 1995: 14

organisatorer og politiske aktivister. Gjennom det vidtomfavnende organisatoriske mønsteret i tilknytning til Venstrekoalisjonen, og gjennom en økende flora av aviser og tidsskrifter, var det nær kontakt mellom de lokale sentrene og hovedstaden. Kronologisk er etableringsfasen 1860- og 1870-årene. I de neste 25 årene fra 1880 til 1905 må vi snakke om en makterobringsfase.⁴⁷

Venstreprosjektet drog liner attende til demokratiske element i grunnlova frå 1814 og reindyrtka nasjonale politiske institusjonar og folkesuverenitet og kongemakta vart marginalisert. Folkesuverenitet var sentralt, og det skulle vera brei politisk mobilisering rundt Stortinget. Venstre arbeidde for full likestilling i og til slutt for oppheving av unionen med Sverige. Stortinget fekk større politisk makt.

Frå 1871 (vedtatt 1869) møttes Stortinget kvart år mot tidlegare kvart tredje år. I 1872 vedtok Stortinget at statsrådene skulle ha tilgang til Stortingsmøta. Kong Oscar II (1829-1907), nekta å sanksjonera stortingsvedtaket. Vedtaket vart tatt opp att i 1874, -77 og -80 stadig utan sanksjon. I 1882 reiste stortingsopposisjonen riksrettsak for å døma regjeringa frå embeta, sidan kongen, embetsverket og dei svenske styresmaktene ikkje godtok at Stortinget skulle bestemma kven som skulle sitja i den norske regjeringa. I 1884 dømde riksretten regjeringa frå embeta, og Stortinget valde Johan Sverdrup (1816-92) til ny statsminister i spissen for ei regjering utgått frå stortingsfleirtalet. Parlamentarisme vart innført slik at statsrådene måtte møta i, og stå til ansvar andsynes Stortinget. Nasjonalforsamlinga fekk no auka makt og kontroll over regjeringa. Regjeringa skulle vera Stortinget og ikkje kongemakta sitt utøvande organ. Innføringa av parlamentarismen var eit markant politisk systemskifte i Noreg og eit sentralt element i samfunnsutviklinga.

1.2.4 Venstrestaten og nasjonale strateger

I 1998 gav sosiologen og samfunnsdebattanten m.m. Rune Slagstad (f. 1945) ut boka *De nasjonale strateger*. I denne boka gir Slagstad frå sitt perspektiv ein syntese over norsk historie frå tidleg 1800-tal og fram til samtida. Verket er periodisert i fire bolkar prega av tre hegemoniske vitskapar: Embetsmannstaten 1814-84 dominert av jus, Venstrestaten 1884-1940 dominert av pedagogikk, og Arbeiderpartistaten frå 1940 til innpå 1960-talet dominert

⁴⁷ Sørensen 2007: 31.

av sosialøkonomi før det så glir over til Skiftende fronter. Drolsum si tid i Universitetsbiblioteket var vesentleg innafor Slagstad sin venstrestat.

Slagstad si periodisering fell i stor grad saman med historikaren professor Jens Arup Seip (1905-92) si periodisering av norsk politisk historie, men i staden for Venstrestaten kallar Seip denne perioden Flerpartistaten. Seip vann ikkje å fullføra heile sitt planlagde verk om norsk politisk historie frå 1814 og fram til samtida. Dei to utkomne banda *Utsikt over Norgeshistorie* i 2 band dekker tida frå 1814 til 1884. Ein posthum publisert artikkel *Flerpartistaten i perspektiv* gir eit inntrykk av hans tilnærming til perioden etter 1884.⁴⁸ Ei tolking av Seip sitt historiesyn var at frukbar historisk gransking var knytt til studium av små avgrensa emne som kunne føyast saman og danna liner. Synteser og modellar kunne føra i feil retning. Eit felt som utmerka seg for å bygga slike konstruktive liner, og som også kunne opna for vidare blikk, var politikk:

Politiske institusjoner og den aktivitet som er knyttet til dem, trer ofte klart frem som effekt av det som skjer på andre områder, som avspeiling om man vil av økonomiske og sosiale vilkår. Omvendt har den politiske atferd på eksepsjonell måte tilbakevirkning på andre sider av samfunnslivet. [...] Det stoff fra andre felter som er trukket inn i fremstillingen, er da, i prinsippet, slike elementer eller tidsrekker som kan settes i årsaks- eller virkningsforhold til det politiske. Sterkest utnyttet er sosiale grupperinger og aksjonsorganer som dannes i tilknytning til dem. Det sosiale er ofte et forklarende ledd mellom det økonomiske og det sosiale.⁴⁹

Sjølv om Seip for så vidt opnar for andre krefter enn dei reint politiske, kan eit så sterkt fokus på politikk gi eit noko snevert perspektiv. Ei historisk tilnærming til norsk politikk i denne perioden kan fort dreia seg om kamp om makt og posisjonar i Storting og regjering. Dette er viktig nok, men for å avdekka krefter og personar som forma samfunnet, kan det vera behov for eit breiare blikk. Slagstad freistar i samsvar med Seip si periodisering å strekka seg utanom den sentrale politiske sfæren for å identifisera samfunnsformande krefter og strategar.

⁴⁸ Artikkelen er datert april 1985 og vart publisert i *Nytt norsk tidsskrift* 3-4/1994: [203]-220.

⁴⁹ J.A. Seip, *Utsikt over Norges historie*, bd. 1, Oslo 1974: 10. Sjå også heile innleiinga ibid ss. 7-12.

Slagstad hevda at «Venstrestaten (1884-1940) var folkedannelsens storhetstid.»⁵⁰ Folkedanninga sine to kjernemotiv var samtida si identitetskapande forankring i fortida (nasjonsbygging) og det rasjonalistisk-instrumentelle, dvs. det nyttige.⁵¹ Han reknar venstrestaten frå den breie og samansette opposisjonskoalisjonen i Stortinget med Johan Sverdrup som leiar kom i regjeringsposisjon i 1884 og fram til den tyske okkupasjonen av Noreg i 1940. Opposisjonen sitt gjennombrøt førte til danninga av partiet Venstre medan motkreftene til opposisjonen danna partiet Høgre. I 1887 vart Arbeidarpartiet danna i kjømda av industrialisering og fagorganisering. Venstrestaten var ikkje ein rein partistat, men i denne epoken vart det norske partilandskapet forma. Straks etter at partiet Venstre var kome i posisjon, vart det råka av indre splid, avskalling og fraksjonering. Den første splittinga kom med delinga av stortingsgruppa i reine Venstre og moderate Venstre i 1888.

Frå Johan Sverdrup danna si reine venstre regjering i 1884 og ut Drolsum si tid i UB hadde Noreg 16 regjeringsvariantar både med reine partiministeria og ulike koalisjonar.⁵² Perioden frå 1891 til 1903 var det reine Venstre sitt høgdepunkt med majoritet i Stortinget, men den parlamentariske styrken gav ikkje samanhengande kontroll over regjeringsmakta. Regjeringsforholda var ustabile, og det var innimellom stor usemje og strid om parlamentariske spelereglar og praksis. Det var reine venstreministeria i starten og slutten av perioden.⁵³

Venstre var i utgangspunktet ein brei og sprikande koalisjon av alle krefter som var i mot embetsmannsregjeringa som fall i Riksretten i 1884. Det var bønder, avhaldssak, målsak, urban kulturradikalisme, lågkyrkjelegheit og framstigande småborgarskap. Venstrestaten var, så vidt ein kan forstå Slagstad, i stor mon ein pedagogisk tilstand, der kunnskap, forvaltning og fremjing av kunnskap og arbeid for felleskapet i samfunnet hadde stor prestisje. Det var difor meir eit nasjonsbyggande kunnskapsregime (og eit verdiregime) enn eit reint partipolitisk regime, og det var heller ei samlenemning for tankar som sterkt prega tida.

⁵⁰ R. Slagstad, *De nasjonale strateger*, Oslo 1998: 93.

⁵¹ Slagstad 1998: 95.

⁵² 1 Johan Sverdrup (1884-89 Venstre), 2 Emil Stang (1889-91 Høire), 3 Johannes Steen (1891-93 Venstre), 4 Emil Stang (1893-95 Høire), 5 Georg Francis Hagerup (1895-98 Høire, Moderate venstre), 6 Johannes Steen (1898-1902 Venstre), 7 Otto Blehr (1902-03 Venstre), 8 Georg Francis Hagerup (1903-05 Høire, Moderate venstre, Liberale), 9 Christian Michelsen (1905-07 Venstre, Høire, Moderate Venstre, Liberale), 10 Jørgen Løvland (1907-08 Uavhengige, Venstre), 11 Gunnar Knudsen (1908-10 Venstre), 12 Wollert Konow (1910-12 Frisinna venstre, Høire), 13 Jens Bratlie (1912-13 Høire, Frisinna venstre), 14 Gunnar Knudsen (1913-20 Venstre), 15 Otto B. Halvorsen (1920-21 Høire), 16 Otto Blehr (1921-23 Venstre).

⁵³ Fuglum 1995: 420.

Dei som forvalta kunnskap og formidlinga av kunnskap fekk høg prestisje i Slagstad sin venstrestat. Universitetsutdanna lektorar, adjunktar og seminarutdanna lærarar var sentrale aktørar i dei lokale elitane kring i landet. Personar med slik bakgrunn kom også i nasjonale styringsposisjonar. Slagstad identifiserer det han meiner var sentrale personar, strategar, som staka ut samfunnskursen i denne perioden, og han viser korleis enkeltpersonar sette sitt preg på den historiske utviklinga. Han finn mange strategar utanom den reine politiske sfæren, men dei omtalte personane var alle på ulikt vis innan samfunnet sin makt- og åndselite i si samtid. Slagstad analyserer utviklingsliner i samfunnet og set danning og kunnskap i samanheng.⁵⁴ Men her er lite om kvardagsliv og folk flest. Det er også påfallande at bibliotekfeltet ikkje har fått plass i ei bok om kunnskapsregime.

Verket er prega av ein slagferdig, sjølv sikker og allvitande retorikk. Forfattaren satsar høgt og pretensjøst.⁵⁵ *De nasjonale strateger* har fått mykje ros, men verket har også hausta kritikk. Antologien *Kunnskapsregimer: Debatten om de nasjonale strateger* redigert av Erik Rudeng (f. 1946) frå 1999 samla 44 synspunkt, vesentleg frå historikarar, i tillegg til ei redaksjonell innleiing av Rudeng.

Ein vesentleg kritikk mot Slagstad i den ovannemnde boka, er at andre krefter - i vel så stor grad som ein pedagogisk diskurs - forma samfunnsutviklinga. Slagstad blir også kritisert for å vera selektiv i si historiske framstilling og at periodiseringa er diskutabel. Historikaren Astrid Forland (f. 1956) meinte at Slagstad la for lite vekt på den teknisk-økonomiske moderniseringa i sin Venstrestat:

⁵⁴ «[...] ei av dei største fortenevene med Slagstad sitt arbeid er at han i ein slik grad kastar nytt lys over folkedanningstradisjonen, og slik også venstrestaten, og set dette inn i sin rette samanheng på line både med embetsmannsstaten og arbeidartististaten. Slik lærer han oss også at det norske ikkje er eit prosjekt, men fleire, som nokre gonger har fusjonert, andre gonger støytt mot kvarandre i striden for samfunnshegemoniet.» S.I. Angell, *Fortida i notida. Sju tekstar om nasjonal identitet*, Volda 2000: 41.

⁵⁵ «Som flere anmeldere har påpekt, er Slagstads språklige profil ofte professoral og lett arkaiserende. Forfattersubjektet Rune Slagstad fremstår som opphøyd og autoritativt. Det er, for å låne et uttrykk fra Bourdieu, den totale intellektuelle som taler til oss, eller kanskje bedre: den absolutte forteller. Dette understrekes ved det uvanlige grep Slagstad har valgt, å hoppe bukk over forord og innledning. Forfatterautoriteteten søkes ikke legitimert i trinnsvis kommunikasjon med et forskerfelleskap. Den settes suverent, i selvbevisst tro på at den vil legitimere seg gjennom sin egen utfoldelse. Også her kommer sansen for de store menn til uttrykk. Slik handler bare en høvding.» F. W. Thue, *Mellom Sars og Seip. Slagstad som nasjonal forteller*, i E. Rudeng (red.), *Kunnskapsregimer. Debatten om de nasjonale strateger*, Oslo. 1999: 91

[...] biletet av venstrestaten blir noko skeivt når pedagogikken åleine blir framstilt som den kunnskapsforma som prega Venstre-regimet. Ikkje slik å forstå at ikkje skulen fekk ei heilt spesiell samfunnsoppgåve under Venstre. Slagstad er heilt overtydande på dette punktet. Men venstrestaten i si glanstid var i aller høgste grad prega av teknisk-modernisering også, og dette aspektet kjem ikkje godt nok fram i boka.⁵⁶

Denne perioden var eit gjennombrøt for kapitalkrevande og eksportretta elektrokjemisk industri i stor skala. Infrastruktur vart utbygd, og det kulturgeografiske landskapet endra seg. Industriselskap som Elkem og Norsk Hydro vart skipa, og heilt nye industrisamfunn som Rjukan og Odda vaks fram. Skipsfart var, også i følge Forland, ei næring som også stod Venstre nært:

Trass i at Venstres tre mest markante statsministrar etter 1900 var skipsreiarar [Christian Michelsen (1857-1925), Gunnar Knudsen (1848-1928) og Johan Ludvig Mowinckel (1870-1943)] tematiserer ikkje Slagstad utviklinga i skipsfarten.⁵⁷

Knut Kjeldstadli (f. 1948) hevdar at den dominerande vitskapen i peroden slett ikkje var pedagogikk, men biologi. Han postulerer:

En tilspisset mottese kan være: Venstre-staten (1884-1940) var *biologismens* storhetstid. Nettopp i denne perioden, ganske skarpt avgrenset mot før og etter, var elitenes forståelse av verden naturaliserende. Før det moderne gjennombruddet i kulturlivet dominerte en åndelig-kristelig fortolkningsramme; etter andre verdenskrig ble biologiske forklaringer langt på vei illegitime, diskreditert av den nazistiske raselæren. Men mellom 1884 og 1940 var biologisering den sjølsagte tenkemåten.⁵⁸

Kjelstadli knyter så dette med døme mot samtidas, dvs. venstrestatens, forståing av fenomen som sosial klasse, nasjon, kjønn, sinnslidingar, politisk åtferd. Knut Kjeldstadli hevdar også at venstrestaten var eit fordomsregime:

⁵⁶ A. Forland, *To bøker i ei*, i Rudeng, 1999: 60-61.

⁵⁷ Forland 1999: 60.

⁵⁸ K. Kjeldstadli, *Biologiens tid. Randbemerkninger om viten og venstrestat*, i Rudeng 1999: 149.

Mer allment kan en si at den sosialliberale samfunnsmodellen [Slagstad sin venstrestat], som var tydeleg hos en venstreideolog som historikeren Ernst Sars [meir om han lenger fram i avhandlinga], og som lå under mye av venstrestatens politikk var organistisk. Ulike segmenter av samfunnet hadde ulike funksjoner; til sammen utgjorde de en fungerende helhet. Forstyrrelser i organismen kunne forekomme; da måtte staten, samfunnslegen, intervenere og gjenopprette balansen – gjennom sosialpolitikk, arbeidsmarkedspolitikk, konsesjonslover. Metaforer om legemer og sjukdom lå nær for hånden; politiske avvikere kunne forklares med at de var blitt utsatt for «smitte» fra «fremmed» agitasjon.⁵⁹

I kva grad venstrestaten var eit fordomsregime kan diskuteras. Det dreier seg om tilskjering av perioden som studieobjekt. Uansett tilnærming, var dette ein samansett periode:

Den første menneskealder etter 1884 var ideologisk sett usedvanlig oppsplittet. Økonomisk vekst og en rikere befolkningsstruktur var ledsaget av et mangfold i tanker om samfunn og politikk. De mangefasetterte rasebiologiske teorier og de utallige humanitære og sosiale ideologier, ofte fortettet til organisasjoner, var et karakteristiske trekk i tiden.⁶⁰

Kva som måtte vera ei høveleg nemning på perioden er avhengig av kva ein vil sjå nærare på. Og kva legg så Slagstad i omgrepet *nasjonal strateg*? Sjølv definerer han ikkje omgrepet, men historikaren Jostein Nerbøvik (1938-2004) har tillagd Slagstad denne tolkinga:

Dei som var med og forma den norske nasjonen. Strategane finn Slagstad ikkje berre i det politiske livet, men like gjerne frå vitskap og kunst, litteratur og arkitektur. Dei nasjonale strategane var personar som gjekk inn i si tid, og som aktivt påverka si tid, anten teoretisk eller praktisk, eller begge deler. Dei er dermed det moderne Noregs handlingsideologar og reformfigurar.⁶¹

⁵⁹ Kjeldstadli 1999: [151].

⁶⁰ J.A. Seip, Flerpartistaten i perspektiv, *Nytt norsk tidsskrift* 1994, 3-4: 212

⁶¹ J. Nerbøvik, *Nasjonsbygging og modernisering. Tema med variasjonar*. Volda 2000. s. 91. Den aktuelle artikkelen er også trykt i Rudeng (red.) Oslo 1999: 167-177.

Historikaren og skribenten Arnhild Skre (f. 1952) gir i innleiinga av sin store biografi om Hulda Garborg (1862-1934) *Hulda Garborg. Nasjonal strateg* (Oslo 2011) ein klar definisjon av strategomgrepet, og ho drar vekslar på Slagstad:

Hulda Garborg er med blant dei samfunnsforskaren Rune Slagstad kallar *nasjonale strategar*, dei som bidrog til å modernisera Noreg og var førande i å forma vårt bilete av det ein *strateg* er ein «hærførar», ein person som forstår å planleggja og leia store organisasjonar eller tiltak.⁶²

Sjølv om Arnhild Skre drar vekslar på Slagstad sitt strategomgrep, er hennar strateg, Hulda Garborg, berre nemnd en passant hos Slagstad. Garborg var ein person som sette spor etter seg utover si eiga tid, mellom anna i arbeidet med norske bunader, folkedans og skipinga av Det norske teateret. Ho var ein strateg bak eit arbeid som peika utover seg sjølv og ho sette konkret preg på omgivnader i tid og rom også ut over si eiga samtid. Hulda Garborg representerte noko som i utgangspunktet var ein motkultur til den urbane eliten, men som i høgste grad var eit nasjonsbyggande prosjekt.

Det er skilnad på å lansera tankar og idear og å gjennomføra konkrete prosjekt. Ønske om å påverka og styra utviklinga er noko anna enn reell evne eller makt til å oppnå dette. Sjølv om eit gammalt ordtak seier at det er tanken som gjer det meste, så krevst det også noko for at tanken skal bli røyndom. Strategen må forstå å planleggja og leia store organisasjonar eller tiltak. Nettopp ein slik strateg frå Venstrestaten, som Slagstad ikkje har funne plass til i sitt verk, er kvinnesaksforkjemparen og pioneren i arbeidet for kvinneleg stemmerett, Fredrikke Marie Quam (1843-1948). I biografien *Fredrikke Marie Quam. Rabaldermenneske og strateg* (2013) gir forfattaren Magnhild Folkvord (f. 1945) eit pek til Slagstad.⁶³ Men uansett vil det vera uråd å famna om alt, og om utvalet i ei historisk framstilling vil det vera ulikt syn om kven og kva som skal vera med. Strategomgrepet er ei fleksibel nemning som opnar for å presentera relevante aktørar i ei framstilling.

⁶² A. Skre, *Hulda Garborg. Nasjonal strateg*, Oslo 2011: 12.

⁶³ «Han [Slagstad] skriv relativt kortfatta om kvinnestemmerettskampen i boka *Nasjonale strateger*, og nemner Gina Krog som den eine sentrale handlingsideologen, utan i det heile å nemna Fredrikke sitt namn. Ein kan undrast på korleis han i jakta på dei nasjonale strategane har greidd å konstruera eit nålaug som Gina Krog, men ikkje Fredrikke kunne passera. Men kanskje har han berre akseptert «allmenne sanningar»?», M. Folkvord, *Fredrikke Marie Quam. Rabaldermenneske og strateg*, Oslo 2013: 289-90.

Av dei mange personane Slagstad har inkludert i sitt utval av strategar, skal vi som dømme sjå nærare på to som han framhever som strategar med tankar og gjerningar som personifiserte Venstrestaten og prega samfunnet. Dette er to ulike menn: Pedagogen Erling Kristvik (1882-1969) og juristen og politikaren Johan Castberg (1862-1926). Korleis fall desse ut jamført med Drolsum, som Slagstad ikkje nemner i verket sitt? Vann dei fram med sine tankar og idear, og i kva grad var dei egentleg strategar? Representerer dei eit eintydig strategomgrep?

Pedagogen Kristvik hadde lærarutdanning frå Volda samt førebuaende prøver frå Universitetet. Store deler av yrkeslivet var han knytt til lærarutdanninga i Volda. Han er ein av Slagstad sine store heltar: « [...] Erling Kristvik, vestlandslæreren ideologiske inkarnasjon og norsk sosiologis fremste skikkelse mellom Eilert Sundt og Wilhelm Aubert [...].⁶⁴ Kristvik underviste dei som skulle bli lærarar. Han hadde også eit omfattande fagleg forfattarskap der han målbar sine pedagogiske tankar. I følge Kristvik skulle pedagogikken vera ein oppsedingsvitskap om det som *bør vera*, ikkje først og fremst om det som *er*. Det handla om folkedanning og opplysing. Eit opplyst folk med lokal forankring og utsyn ut i verda var eit myndig folk. Skulen si oppgåve fall saman med det politiske demokratiet og skulle vera ein folkehøgskule for nasjonen. Lærarne hadde ei viktig oppgåve med å forma denne posisjonen. Viktig for Kristvik var formuleringa av dannelsesfaget *heimstadvikarar*, som skulle forma menneska i samfunnet.⁶⁵

I dette arbeidet er det meir interessant å sjå på Kristvik som strateg og kva gjennomslag han fekk, enn å utdjupa hans pedagogiske tankar. I *Kunnskapsregimer* nedtonar historikarane Knut Kjeldstadli og Anders Kirkhusmo (f. 1931) Slagstad si vurdering av den samfunnsmessige rollen til Kristvik. Kjeldstadli viser at Kristvik sin variant av heimstadvikarar ikkje vann fram i skulen, noko som for så vidt Slagstad sjølv også hadde peika på:

Sjøl en strateg har altså andre med seg i felttoget. Men viktigere med hensyn på begrepene kunnskapsregime og nasjonal strateg er Slagstads observasjon i *De nasjonale strateger*, at mens heimstadvikarar for Kristvik var det sentrale dannelsesfaget, ble «heimstadvikarar etter hvert [...] redusert til et lokalencyclopedisk '(o-fag)» (s.104). Dette betyr at Kristvik ikke fikk gjennomslag for sitt innhold i det han sjøl anså som

⁶⁴ R. Slagstad, *Kunnskapens hus*, Oslo 2006: 307.

⁶⁵ Slagstad utdjupar Kristvik sine tankar i *De nasjonale strateger* ss.101-08.

det sentrale faget. Og da blir det høyst uklart i hvilken grad han faktisk var en «systemets handlingsideolog», som Slagstad sier. Som nasjonal strateg var han en «wannabe» i høykulturell utgave.⁶⁶

Kjelstadli underkjenner på ingen måte Kristvik som tenkar, forfatter og intellektuell fagperson, men ser ikkje på han som ein nasjonal strateg. I følgje Kjelstadli høyrer han heller heime i idehistoria enn i boka *De nasjonale strateger*:

[...] boka er interessant intellektuell historie fordi den tar handling på alvor, fordi den ikke behandler ideene isolert, men ser dem i samvirke med politikk og statsform. Men når prosjektet er slik, bør kriteriet for å ta med en tenker være at tankene faktisk fikk gjennomslag.⁶⁷

Anders Kirkhusmo klarer heller ikkje å sjå at Erling Kristvik var Venstrestaten sin store kunnskapsideolog og nasjonale pedagogiske strateg. Sjølv om han er samd med Slagstad at Kristvik var ein betydningsfull tenkar, og som kanskje ufortent har hamna i gløymeboka, står det att å diskutera kor betydningsfull han var.⁶⁸ Kirkhusmo peikar på at Venstrestaten var eit langt meir samansett fenomen enn Slagstad skriv, men skule og utdanning var viktige danningfelt i denne perioden, både for modernisering og demokratisering av samfunnet. I følgje Kirkhusmo var det ingen einskild handlingsideolog som prega dette.

Historikaren Fredrik Thue (f. 1965) kjem også inn på Kristvik i sitt bidrag i *Kunnskapsregimer*. Han gir honnør til Slagstad for å henta fram ein interessant pedagogisk tenkar frå den historiske skuggedalen, men Thue er kritisk til det han ser som ei kanonisering av Kristvik. I følgje Thue er Slagstad hundre prosent vennligsinna andsynes Kristvik, medan Kristvik sine faglege motstandarar var drivne av tvilsame motiv.⁶⁹ Dette kan vera eit døme på at å dra fram personlege heltar frå gløymsla stiller store krav om ein skal unngå kanonisering.

Derimot var juristen Johan Castberg ein handlingsideolog, føregangsmann og strateg. 1900 vart han vald inn på Stortinget som representant for Venstre frå Oppland. Han markerte seg

⁶⁶ Kjelstadli i Rudeng (red.) 1999: 148.

⁶⁷ Kjelstadli, i Rudeng (red.) 1999 : 148.

⁶⁸ A. Kirkhusmo, *Erling Kristvik – venstrestatens kunnskapsideolog?*, i Rudeng (red.) 1999: 276.

⁶⁹ F. W. Thue, *Mellom Sars og Seip: Slagstad som nasjonal forteller*, i Rudeng 1999: 89-90.

som sosialpolitikar, og han var landet sin første sosialminister (1913-14). Castberg markerte seg i si samtid som stortingsmann, statsråd og deltakar i den offentlege debatten. Han var i utgangspunktet knytt til den radikale delen av Venstre, men i 1906 var han med å skipa partiet Arbeiderdemokratene. Dette partiet var ei avskalling på venstresida av Venstre, med særleg fotfeste i Hedmark og Oppland. Arbeiderdemokratene framstod ei stund som søsterparti for Venstre, og partiet sine representantar møtte i Venstre si stortingsgruppe. I 1914 vart det brot og Castberg gjekk ut av statsminister Gunnar Knudsen si regjering. Var så politikaren Castberg ein representant for Venstrestaten?

[...] en mann som ikke var medlem av Venstre, som var venstrestatsråd i mindre enn tre år, som stod på en helt annen ideologisk plattform enn Gunnar Knudsen, og som brøt fullstendig med Venstre allerede i 1914, skulle være den mest utpregede representant for en Venstrestat som omfattet tidsrommet 1884 til 1940. For å bevare et snev av logikk burde Slagstad ha skilt ut «Arbeiderdemokratenes stat» som egen kategori.

I det hele er den perioden som kalles Venstrestaten, så sammensatt at jeg har vanskelig for å se at det er noen enhet, og til sammenligning er den langt mer preget av skiftende fronter enn tidsrommet etter 1980.⁷⁰

Omgrepet Venstrestaten er nok eit samansett fenomen og heller ei historisk periodisering, men kanskje også ei brei politisk klassifisering for å fanga opp krefter som forma samfunnet i perioden. Johan Castberg var absolutt ein representant for si tid.

Castberg var opptatt av sosiale spørsmål, offentleg ansvar og staten sin regulerande rolle mellom arbeid og kapital. Han var ingen revolusjonær sosialist, samfunnsmessige endringar av klanderverdige forhold skulle skje gjennom forhandlingar og reguleringar. Fleire lover og lovforslag kan tilskrivast medverknad frå Castberg: Konesjonslovene (om heimfallsrett av fossekraft), sjukeforsikring, skilsmisselova, rettar til born fødde utanfor ekteskap, arbeidervernlova og arbeidstvistlova. Castberg sine initiativ fekk såleis gjennomslag i hans eiga samtid og var med å forma samfunnet for ettertida.

⁷⁰ T. Nordby, *Runes verden. Noen små bemerkninger til et stort verk*, i Rudeng (red) 1999:100.

Kristvik og Castberg kan ikkje samanliknast direkte, men ein må sjå på kva resultat dei oppnådde på sine respektive felt. Kristvik lanserte teoretiske bidrag innan lærarutdanning og pedagogikk. Han var ein betydeleg tenkar, men var ikkje i ein hegemonisk posisjon. Han var ein av fleire og han bidrog til mangfald på sitt fagfelt, men om han sette langsiktige faglege spor er uvisst. Strategomgrepet er neppe det mest dekkande for Kristvik sin samfunnsmessige rolle. Derimot ruver Castberg sin innsats på ein heilt annan langsiktig måte: Han var drivkrafta bak omfattande sosialpolitiske reformer som utvida staten sitt ansvar for borgarane, og med konsesjonslovene vart det sikra politisk kontroll og samfunnsmessig styring over norske kraftressursar. Som strateg var nok Kristvik eit bomskot. Kanskje han heller var eit døme på ein som ikkje prega si samtid og ettertid på ein strategisk måte?

Verken i Slagstad sin presentasjon av Venstrestaten (og også i resten av boka), eller i debatten kring boka, er bibliotekfeltet nemnt. Nettopp i ein diskusjon om kunnskap, kunnskapsinstitusjoner og kunnskapspolitikk skulle dette feltet vore sentralt. Perioden som Slagstad kallar Venstrestaten var i norsk bibliotekshistorie dessutan rik på hendingar. Kvifor dette feltet ikkje er nemnt, kan kanskje forklarast med nokre liner av kultursosiologen Geir Vestheim (1946-):

Når eit sosialt eller kulturelt fenomen har eksistert i ein lengre tidsperiode i eit samfunn, tar samfunnsmedlemmene fenomenet for gitt. Jo sterkare fenomenet blir integrert i vedkomande samfunnsstruktur, jo meir «usynleg» blir det. Når fenomenet har vorte ein del av den kognitive strukturen til samfunnsmedlemmene, dvs. eit element i den måten dei forstår og tolkar verda omkring seg på utan å vera klar over det, kan vi seia at fenomenet er ein naturleg del av kulturen (i vid, antropologisk forstand) i vedkomande samfunn.

Fenomenet eller *samfunnsfunksjonen bibliotek* har ein slik posisjon i vårt samfunn: Det berre er der, har alltid vore der og vil alltid vera der – trur vi, og derfor treng vi ikkje bekymre oss meir for det.⁷¹

Sjølv om bibliotekfeltet var heilt fråverande i debatten om Venstrestaten og dei nasjonale strategane, så gjorde Slagstad rett nok seinare ein liten visitt på feltet. Han var invitert til eit internt personalseminar i Nasjonalbiblioteket i august 2005. Der snakka han om

⁷¹ G. Vestheim, *Bibliotekforskning i Noreg – nå eller aldri?*, Lillehammer 1992: 1.

Nasjonalbiblioteket som samfunnsinstitusjon. Foredraget er trykt i samlinga *Kunnskapens hus* (s. [313]-328) frå 2006. Slagstad tok her også opp folkebibliotek og norsk kulturpolitikk generelt, og han drog lange liner fram til samtida. Han framheva UB sin første leiar Georg Sverdrup (1770-1850) og Drolsum som nasjonale strategar. I framstillinga si av UB poengterte han at han hadde dratt store vekslar på eit upublisert manuskript av Gerhard Munthe (1919-97). Dette manuset kjem eg tilbake til. (For folkebibliotek drog Slagstad store vekslar på historikaren Nils Johan Ringdal (1952-2008) sitt verk om Deichmanske bibliotek frå 1985: *By, Bok og Borger*.) Men med å visa til eit upublisert manuskript for å gi ei generell framstilling, stadfesta Slagstad at bibliotekfeltet ikkje er eit sentralt historisk forskingsobjekt.

Forhåpentlegvis kan denne avhandlinga vera eit bidrag til forskingsbasert kunnskap om dette underbelyste feltet, og også visa korleis dei nasjonale bibliotekoppgåvene inngjekk i si tids nasjonsbygging.

1.2.5 Overbibliotekaren som nasjonal strateg?

Kan Drolsum definerast som ein nasjonal strateg? Om ikkje strategnemninga er eit klart definert analytisk omgrep, er det likevel ei rimeleg klar forståing av kva som ligg i nemninga. I det føregåande er dette presentert og drøfta med utgangspunkt i Rune Slagstad sitt verk om nasjonale strategar. Drolsum var ikkje nemnd i dette verket, det betyr ikkje at han ikkje er interessant i ein slik samanheng. Denne avhandlinga er, som tidlegare nemnd, ingen uttømande biografi om Drolsum, men for å vurdere han som strateg, kan eit lite biografisk sveip vera nyttig.

Biografisk skisse

Drolsum presenterte seg sjølv i *Studenterne fra 1864*.⁷² Ei slik sjølvframstilling vert ei levning, ei kjelde til Drolsum sine egne synspunkt og vurderingar, og såleis ein personleg inngang til Drolsum. Ellers er Drolsum presentert i begge utgåver av *Norsk biografisk*

⁷² J.A. Schneider (red.), *Studenterne fra 1864: et mindeskift efter 50-aars-jubilæet 2/9 1914*, Skien 1916: 55-70.

leksikon samt med artiklar i *Nordisk Tidskrift för Bok- och Biblioteksväsen*.⁷³ Generelt er Drolsum lite omtalt i norsk historisk litteratur.

Axel Charlot Drolsum vart fødd i Christiania 20. august 1846. Han kom frå ein familie med militære tradisjonar: Farfaren hadde vore med i felttoga i 1808 og 1814 og far hans, Truels Nicolaisen Drolsum (1821-92) var verva i jegerkorpset i 12 år før han i 1853 var fullmektig ved eit bryggeri i Pilestredet. Farslekta var bønder frå Modum. Mora var Christine Evensen Knudsen (1821-1909). I 1860 slutta faren på bryggeriet og foreldra starta ein restaurant i Grensen. Som sjølvstendige næringsdrivande inngjekk dei i det framveksande handelsborgarskapet. Overbibliotekaren var den første i familien som fekk høgare utdanning.

Den aldrende Drolsum såg i si sjølvbiografiske framstilling attende på barndomen som ei lukkeleg tid. Opphavelig tenkte den komande overbibliotekaren å følgja den militære familietradisjonen og bli offiser. Men her kom det eit skot for baugen:

Da viste det seg at jeg var bleven nærsynt. Jeg kunde ikke læse, hva der stod skrevet på Tavlen. Jeg blev flyttet op omtrent midt i Klassen, men var nesten lige ilde stedt. Saa blev mine Øine undersøgt av Krigsskolens Læge og jeg blevet erklæret for uantagelig.⁷⁴

Då den militære vegen vart stengt, måtte andre alternativ vurderast. Frå arbeidsgivaren fekk faren råd om at sonen burde satsa på handelsvegen. Handel og industri var den moderne vegen i samtida og absolutt eit alternativ der det var høve til å koma seg opp og fram. Men i følge Drolsum såg mora ei anna løysing: «Embedsveien var i hendes Øine det solideste.»⁷⁵ Mora sitt syn nådde fram og det vart til at han satsa på vidare utdanning. Om Drolsum ikkje var fødd inn i nokon posisjon, så hadde tida no opna høve til å arbeida seg opp og fram. Drolsum sin utdannings- og karriereveg illustrerer ei klassereise frå foreldra sitt enkle utgangspunkt til embetsmann og toppbyråkrat. (Foreldra si næringsmessige utvikling var også ei klassereise.)

⁷³ W. Munthe, Drolsum, Axel Charlot, bd. 3, *Norsk biografisk leksikon*, Oslo 1926: 366-72. O.C. Torp, Drolsum, Axel Charlot, bd. 2, *Norsk biografisk leksikon*, Oslo 2000: 358-59. W. Munthe, Om Drolsums avgang, *Nordisk Tidskrift för Bok- och Biblioteksväsen*, Uppsala, 1922, XI: 197-99. W. Munthe, Nekrolog, *Nordisk Tidskrift för Bok- och Biblioteksväsen*, Uppsala 1927, XIV 181-83.

⁷⁴ Schreiner (red.) 1916: 53.

⁷⁵ Schreiner (red.) 1916: 53.

I 1864 tok Drolsum Examen artium med laud. I minneboka poengterte han både at han arbeidde flittig og at han fekk gode resultat. For Drolsum var det nok viktig å visa til dei gode karakterane sidan han ikkje kom frå nokon akademisk bakgrunn og han sjølv aldri tok nokon avsluttande embetseksamen. I sjølvportrettet framheva Drolsum at han ikkje var fødd inn i nokon posisjon og at han arbeidde seg opp og fram med sterk eigeninnsats, sjølvdisiplin og solid støtte frå foreldra. Sjølv om han nådde langt, kom ikkje noko gratis og av seg sjølv.

Etter artium byrja Drolsum med filologiske studiar på Universitetet for å verta historikar, men han tok ikkje nokon avsluttande eksamen før han enda opp i biblioteket. I tillegg til studiane var han mellom 1867 og 1871 engasjert ved Kjeldeskriftfondet for å skriva av nørrøne handskrifter til trykkemanuskript. I åra 1869-76 var han også assistent ved Universitetet si oldsaksamling. Han byrja i eit vikariat på UB i 1870. Sjølv om ingen av stillingane var fulltidsarbeid før han vart biblioteksjef i 1876, var det travle tider: «Min Dag var altsaa stærkt optaget i de Tider. Men Ungdommen formaar jo meget, naar den bare vil.»⁷⁶ I 1872 vart Drolsum gift med Georgine Sofie Therese Wurschmidt (1845-1924). Dei fekk etterkvart fem born. Drolsum var ein aktiv mann.

Vikariatet på UB vart snart ei fast stilling, og Drolsum og vart snøgt og i stadig større grad drege inn i den praktiske leiinga av biblioteket: «Jeg følte, at jeg nu stod ved et Vendepunkt i mit Liv: enten måtte jeg oppgive mit filologiske Studium og helt blive Bibliotheksmand.»⁷⁷ Han let ikkje biblioteket segla sin eigen sjø, men gjekk inn i bibliotekararbeidet med meir langsiktigheit og tyngde enn nokon av sine forgjengarar og sette varige spor. Overbibliotekarstillinga var nok også eit embete der det i stor mon gjekk an å definera innhald og aktivitetsnivå sjølv. Her valde Drolsum ei aktiv og synleg line.

Ved sida av livsgjeringa i biblioteket, engasjerte Drolsum seg også i andre samanhengar. Frå skipinga i 1886 var han ein sentral figur i den tverrpolitiske Norges forsvarsforening. Dette var ei tidstypisk lobbyforening ved inngangen til den europeiske opprustingsbølga fram mot første verdskrig.⁷⁸ I forsvarsforeninga kunne Drolsum, som sjølv måtte forsaka ein militær karriere på grunn av svakt syn, driva støttarbeid for forsvaret. For Drolsum var eit sterkt forsvar fundamentalt for at Noreg skulle vera ein sjølvstendig og likeverdig nasjon andsynes omverda. Dette likeverdet galdt ikkje minst i unionen med Sverige. Som forsvarsaktivist var

⁷⁶ Schneider (red.) 1916: 60.

⁷⁷ Schneider (red.) 1916: 60.

⁷⁸ R. Berg, *Profesjon, union, nasjon*, 2001:217-218.

han ein ihuga talar og avis- og pamflettskribent. Mykje av denne innsatsen er samla i to bind med tittel *For Norges Sag* (1896 og 1917). Då unionen med Sverige enda, var det ifølge Drolsum « [...] ikke nogen Provins, der gjorde Oprør, men et gammelt Kongerige, en af Europas ældste Stater, som bare krævede sin Ret – en Belærelse, der trængtes baade indad og udad.»⁷⁹ Som forsvarsaktivist var nok Drolsum meir agitator enn konstruktiv politisk strateg. Drolsum var verksam i Venstrestaten, men han var ingen venstremann og forvarsengasjementet var tidvis i strid med venstremiljøa. Partimessig sokna nok Drolsum mot Høgre, men han fann ingen plass i den reine partipolitikken: «Med sitt sterkt følelsesfulle og enkle militærhistoriske syn på fedrelandet egnet Drolsum sig ikke for deltagelse i aktuell politik, skjønt den optok ham meget. Dessuten var han for det gamle embedsmannshøire for meget av en homo novus.»⁸⁰

Drolsum var også engasjert i foreninga Havedyrkningens venner og Fjærkreforeningen. Han var med å stifta Selskabet til Eidsvoldsbygningens Udstyr og mellom 1885 og 1918 var Drolsum bibliotekar for Det norske Videnskabs-akademi. Drolsum var også sekretær for Kjeldeskriftfondet og han var aktiv frimurar. I 1887 vart han utnemnd til ridдар, og i 1897 vart han kommandør av St. Olav. I 1903 fekk han den svenske Nordstjerneordenen, og ved Forsvarsforeningas 25-årsdag i 1911 fekk han kongens fortjenestemedalje i gull. Axel Drolsum var ein mann i det offentlege rommet som hausta offisiell heider i si samtid

Nasjonal strateg eller sektorstrateg?

Om Drolsum hausta heider og hadde eit breidt virkefelt, så er ikkje det same som å vera ein nasjonal strateg. I heile si ferd hadde Drolsum ei nasjonal konservativ grunnhaldning. Nasjonen Noregs ære og likeverd med omverda var eit leitmotif i hans habitus. Han såg nok seg sjølv som ein nasjonsbygger. Biologen, filosofen og vitskapshistorikaren Geir Hestmark (1958-) presenterer overbibliotekaren slik i ei bok der Drolsum dukkar opp innimellom:

Universitets-overbibliotekar Axel Drolsum (1846-1927) var norsk nasjonalismes grå eminense, og han startet sin karriere som professor [Carl Richard] Ungers [1817-97] assistent ved utgivelsen av gammelnorske skrifter, trykt hos Brøgger & Christie. Som universitetsbibliotekets leder fra 1876 gjennomførte han modernisering og ombygging av lokalene, utvidet personalet og åpningstidene, fikk (gjen)innført pliktavlevering av

⁷⁹ Schneider (red.) 1916: 68.

⁸⁰ W. Munthe 1927:183. Drolsum er ikkje omtalt i F. Sejerstedt (hovedred.), *Høyres historie*, Oslo 1984.

alle norske trykk til dokumentasjon og oppbevaring for ettertiden, opprettet en norsk avdeling, og påbegynte en årlig norsk nasjonalbibliografi. I 1895 foreslo han karakteristisk nok navneendring til Riks- og Universitetsbiblioteket eller Nasjonal- og Universitetsbiblioteket. Drolsum var også engasjert i Norges forsvarsforening. Skal vi og kan vi forsvare vort Land og vor Nationalitet? Spurte han i en brosjyre i 1890. Mer virilt prediket han nå Gamle Norges Reisning (1905).⁸¹

Denne komprimerte biografien må nyanseras. At Drolsum i større sammenheng skulle vera ein grå eminense innan norsk nasjonalisme er nok å tillegga han ein for stor rolle på dette feltet. Om ein med grå eminense meiner ein mektig og usynleg bakmann som dreg i trådar og manipulerer eit felt, så galdt dette neppe Drolsum. Han var ein del av eit større bilete i tida og han var heller ikkje spesielt usynleg i si samtid.

På eit felt var Drolsum ein synleg eminense og strateg. Det var på hans profesjonelle arena som biblioteksleiar. I løpet av den første tiårsperioden Drolsum leia biblioteket gjekk institusjonen gjennom eit hamskifte: Drolsum formulerte eit program for kva biblioteket skulle vera både som nasjonalbibliotek og som universitetsbibliotek og han fekk i stor mon gjennomslag hjå styresmaktene: Med gjeninnført lovpålagt avleveringsplikt, eigen nasjonal avdeling i biblioteket og utgiving av norsk nasjonalbibliografi fekk Noreg etter Drolsum sitt initiativ ein tidsmessig nasjonalbibliotekfunksjon. At biblioteket i denne perioden uansett måtte ha utvikla og endra seg er sannsynleg, men framdrifta av dei nasjonale funksjonane og det historiske vendepunktet dette markerte må i stor mon tilskrivast Drolsum.

Medan Drolsum med sin nasjonale habitus var ei av fleire røyster i tida i andre samanhengar, var han innan bibliotekfeltet ein sektorstrateg, som med nasjonsbyggande retorikk og argumentasjon fekk synleggjort og løfta fram noko som hadde vore eit underbelyst felt. Som overbibliotekar var han åleine på sitt felt og kunne nok i stor mon definera embetet sjølv. Måten han gjorde det på kontekstualiserte nasjonalbibliotekoppgåvene i den nasjonale infrastrukturen. Som sektorstrateg løfta han fram sitt objekt til eit nasjonsbyggande subjekt. Drolsum bidrog til å løfta fram ein sektor som hadde vore mindre utvikla i Noreg enn i fleire andre land, og hans innsats verka til at det kom nasjonale ordningar på dette feltet. Biblioteksfeltet var Drolsum sin strategiske arena. Etterkvart vart dette feltet diversifisert i ein

⁸¹ G. Hestmark, *Vitenskap og nasjon. Waldemar Christopher Brøgger 1851-1905*, Oslo 1999: 684. Drolsum vart presentert her sidan han var medlem i ein halvoffisiell opplysningskomite i samband med unionsoppløysinga i 1905.

fagleg/vitskapleg sektor og ein framveksande folkebiblioteksektor. Det var innan den første sektoren Drolsum hadde sin plass og det var her han framstår som ein strateg som sette spor etter seg langt utover si eiga samtid.

1.3 Universitet, vitskap, opplysing

1.3.1 Universitetet si vending frå embetsmannsutdanning til forskingsinstitusjon og breiare utdanning. Profesjonalisering av vitskapen

Den leiande samfunnsklassen i Noreg inntil 1814 hadde vore handelsborgarskap og embetsmenn. Under den økonomiske nedgangen etter Napoleonskrigane mista handelsborgarskapet sin leiarposisjon, og embetsmennene vart i ein periode den førande klassen i samfunnet.

Embetsmennene stod ikke bare for utøvelsen av sine oppgaver som amtmenn, dommere, prester eller offiserer. De kom til å fylle de fleste funksjoner i styret av staten. De dominerte lenge Stortinget, fylte statsadministrasjon og lokalforvaltning og de satt i regjeringen. Embetsmennene utgjorde en elite av dannelses og kunnskap og ble den nye statens selvsagte ledere. De fremstod som bærerne av Norges selvstendighet gjennom de første tiårene av unionen med Sverige.⁸²

Det norske Universitetet, som vart skipa like før enden på det dansk-norske dobbeltmonarkiet, utdanna desse embetsmennene, bortsett frå offiserane som var utdanna ved Krigsskolen. (Krigsskolen var etablert alt i 1750 under namnet Den frie matematiske skole, frå 1820 Den kongelige norske krigsskole). Universitetet vart skipa i 1811, og i 1813 byrja undervisinga. Tidlegare hadde embetsmenn i Noreg, som ofte var av dansk herkomst, vorte utdanna ved Københavns universitet. Det norske universitetet fekk namn etter den siste unionskongen Frederik 6 (1768-1839): *Det kongelige Frederiks Universitet*, på latin *Universitas Regia Fredericana*. Universitetet hadde fire fakultet: Filosofi, jus, teologi og medisin.

⁸² J.P. Collett, *Historien om Universitetet i Oslo*, Oslo 1999: 46.

Eit bibliotek er fundamentalt for eit universitet. Då kong Frederik 6. godkjende etablering av eit norsk universitet, gav han også ei stor boksamling til det nye universitetet. Dette var ikkje *ei* boksamling, men ei samling sett saman av av fleire samlingar, altså delt proveniens.⁸³ Den britiske sjøblokaden gjorde det i første omgang uråd å få sendt bøkene til Noreg. I 1814 gjekk dobbeltmonarkiet i oppløysing medan bøkene stadig var lagra i Tollboden i København. Men kongen sin lovnad stod også ved lag etter at Noreg var tapt for Danmark, og sommaren 1815 kom 299 bokkasser med båt til den norske hovudstaden. Etter lossing vart bøkene frakta med 72 vognlass til eit mellombels lager på Akershus festning. Universitetsbiblioteket fekk sine første provisoriske lokale i Madame Moestue sitt hus ved torget. I 1816 flytta biblioteket til det tidlegare garnisonsjukehuset i Rådhusgata 19 der det var fram til 1852.

Gradvis kom biblioteket i drift. Alt i 1813 hadde det vorte tilsett ein underbetjent og året etter kom det to studentar som hjelparar. Kor nyttig bokgåva frå danskekongen eigentleg var for det nye Universitetsbiblioteket er høgst diskutabelt. Den bidrog nok meir kvantitativt enn kvalitativt til biblioteket. Her var mange dublettar og lite ny litteratur.⁸⁴ I 1815 fekk UB ved kongeleg resolusjon høve til å å kjøpa inn ny litteratur for 7000 pund sterling. I den stramme økonomiske stoda etter unionsoppløysinga og napoleonskrigane var dette verkeleg eit særstykke. «En fantastisk sum i en tid da det hersket dyrtid og nød både blant folk og i statskassen!»⁸⁵

I 1828 var alle bøkene i biblioteket, tilsaman ca. 90 000, katalogiserte alfabetisk i eit lausbladsystem, men både på lausblada og i bøkene mangla det hylleoppstillingssignatur. Såleis var der ingen systematisk katalog. På lenger sikt skulle det skapa store problem. At ikkje oppstillingssignaturen var med frå starten av kom nok av at personalet mangla praktisk bibliotekerfaring.

Frå starten hadde det norske universitetet to hovudoppgåver, den eine, og største, var å utdanna embetsmenn til statsstyringa. I følgje grunnlova kunne berre norske borgarar bli embetsmenn, og Universitetet i Christiania hadde monopol på utdanninga.⁸⁶ Universitetet var

⁸³ Sendinga var sett saman av bøker frå fire samlingar: Bøker etter høgsterettsjustitiarius Jacob Edvard Colbjørnsen, Dublettsamling frå det kongelege bibliotek, bøker etter revisor Halvor Andersen og bøker etter den holsteinske adelsmannen D.C.A. von Rumohr.

⁸⁴ Ein grundig analyse av denne bokgåve er Elisabeth Eide, Grunnstammen i Universitetsbiblioteket ved Det Kongelige Frederiks Universitet: Myter, realiteter og spørsmål om bøkene i Universitetsbiblioteket 1811-17, i R. Hemstad (red.) 2011: 113-134. .

⁸⁵ Hemstad (red.) 2011: 130.

⁸⁶ For stillingar på Universitetet var det opning for utlendingar og utanlandsk utdanning. Collett 1999: 36.

eit bolverk mot svensk påverknad. I 1819 gjekk Bergseminaret på Kongsberg (1757) med sin bergeksamen inn i Universitetet. Universitetet hadde også botanisk hage, observatorium og ulike materialsamlingar. Mineralsamlinga frå Bergseminaret på Kongsberg vart overtatt av Universitetet, det vart også ei arkeologisk samling frå Det kongelige Selskap for Norges vel (1809). Då Universitet fekk nye eigne bygg rundt 1850 vart det betre plass for museums- og materialsamlingane, men mot slutten av hundreåret kom det behov for eigne museumsbygg.

I tillegg til å utdanna embetsmenn, var den andre oppgåva for Universitetet forskning, eller kanskje heller, kartlegging og dokumentasjon i første omgang er eit meir dekkande omgrep? Målet var å syna fram nasjonen i natur, samfunn, språk og historie og å bidra til å bygga ein felles nasjonal identitet og referanseramme. Det var nasjonsbygging i praksis. Granskingsferder i norsk natur og kultur bidrog til ei begeistring for det nasjonale og var eit bidrag til den framveksande nasjonalromantikken, som var ein internasjonal trend fram mot midten av attenhundretalet. Den vitskapelege aktiviteten peika bakover og henta fram fortida gjennom publikasjonar og utstillingar.

Inngangsbilletten til Universitetet var *Examen artium*. Fram til 1883 vart denne prøva avlagt på Universitetet, men undervisinga til artium var enten på ein latinskule eller eventuelt med ein privatlærer. Mellom 1813 og 1845 var der også ei særordning for kandidatar utan artium, dvs. også utan latinkunnskapar, som etter såkalla preliminæreksamen kunne ta eigen «norsk» embetseksamen. I praksis var dermed latin berre obligatorisk for teologar og filologar. Preliminæreksamen var eit tiltak for å skaffa nok embetsmenn til den offentlege administrasjonen.

Før studentane kunne byrja på sjølve embetsstudiet, måtte dei også gjennom den såkalla andreeksamen, *anden Examen*, offisiell latinsk tittel *Examen philosophicum*. Dette var ei obligatorisk ordning for alle studentar og som det norske universitetet hadde tatt etter frå Københavns universitet. Andreeksamen var ein overgang og dannelsingsprosess mellom artium og embetsstudiet vidare inn i den akademiske verda. Faga var filosofi, matematikk, astronomi, naturhistorie, historie, gresk og latin. Teologistudentar måtte også ta hebraisk. Det filosofiske fakultetet var ansvarleg for dette felleskurset og fakultet hadde såleis ein sentral posisjon på Universitetet. Andreeksamen var dels ei vidareføring av middelalderuniversitetet sitt ideal om

karakterdanning gjennom studiet av antikken sine artes liberales, særleg filosofi, gresk og latin og dels eit kompromiss med opplysingstida si vekt på naturvitskap og historie.⁸⁷

Frå byrjinga rådde ein nyhumanistisk retning ved det norske universitetet. Opprykk i systemet var basert på ansiennitet, og undervising var viktigare enn vitskapeleg publisering. Denne retninga med vekt på klassisk danning kom etterkvart under press, og det kom ei vending der naturfag, realfag og medisin ekspanderte. Dette var ikkje berre ein fagleg kursendring. Det var også nye metodar og nye tankar og vitskapeleg spesialisering og profesjonalisering. Dette førte også til ei endring av pensum til andreeksamen med fysikk og kjemi som obligatoriske fag, medan gresk, latin og historie fall ut som obligatoriske fag. Filosofi var det einaste humanistiske fellesfaget for alle studentar. Realfaga var i framvekst.⁸⁸

I 1860 vedtok Stortinget å dela det filosofiske fakultetet i to nye fakultet: Historisk-filosofisk og matematisk-naturvitskapeleg. I utgangspunktet var dette eit administrativt tiltak. Departementet meinte at det var behov for å dela eit stort fakultet som hadde svært ulike fag og ikkje var «en passende Korporation».⁸⁹ Delinga var ikkje noko ønskje frå Universitetet sjølv. På lenger sikt var delinga likevel eit viktig grep i modernisering og endring av Universitetet og eit bidrag til fagleg spesialisering og utvikling.

Nye tankar og teoriar i tida som positivisme, erfaringsmessige kjensgjerningar, og Charles Darwin (1809-82) si utviklingslære, braut med den samlande ideologien som hadde prega Universitetet.⁹⁰ Dette var ikkje noko reint norsk fenomen, men eit internasjonalt paradigmeskifte som også fekk sin norske variant. Den tradisjonelle koblinga mellom kunst, vitskap og religion vart oppløyst, og det vart ei sjølvstendigjering av kvart segment. Det vart eit skilje mellom realistar og humanistar.

⁸⁷ Collett 1999: 46.

⁸⁸ Drolsum var også fascinert av realfag: «Saa kom Anden-Examens-Aaret. Jeg blev sterkt grebet av [Hartvig Caspar] Christies [1826-73] Undervisning i Fysik, som jeg tog saa ivrigt, at jeg lærte hele hans Lærebog i Faget, og – en kort Tid vaklede jeg i Retning av Realia. Det blev nogen pinagtige Uger. Men jeg kjæmpede mig frem til den Overbevisning, at det var Historien, der laa for mig, og jeg valgte det filologiske Studium, baade fordi jeg trengte et grundigere Kjendskab til Latinen og maatte lære Oldnorsk ordentlig. Til Anden Examen valgte jeg derfor foruden de befaalede Fag den sproglig-historiske Gruppe, hvoraf især Oldnorsken beskæftigede mig. Jeg blev ferdig med denne Examen i 2det Semester 1865 (Karakter «Laud. Præceteris» med 8 fag og 8 points.) Sitert frå Schneider (red.) 1916: 57.

⁸⁹ Kyllingstad /I. Rørvik 2011:23

⁹⁰ Darwin sitt banebrytande verk om utviklingslære frå 1859 *On the Origin of Species by Means of Natural Selection, or the Preservation of Favoured Races in the Struggle for Life* kom i dansk utgåve i 1871 og i norsk utgåve i 1889.

Universitetet vart fagleg ein meir heterogen institusjon. Den klassiske arven som hadde vore viktig frå starten fekk etterkvart mindre betydning. Frå konsensus med akademisk borgfred vart det meir av konkurranse, strid og prestisje som følgje av vitskapleg arbeid. I aukande grad vart Universitetet ein arena for fri og uavhengig forskning. Undervisinga vart meir spesialisert, sjølv om det ikkje vart nokon ytre endringar i fagramma til Universitetet.⁹¹ Innafor dei ytre rammene til dei tradisjonelle embetsmannstudia var der i andre halvdel av attenhundretalet både fornying og utviding. Eldre fag vart delte opp i stadig fleire spesialitetar, og det kom oppsto nye fag. Forholda mellom faga endra seg også.

Endringane kan illustrerast med å sjå litt nærare først på medisinstudiet og deretter på historie. Desse faga kan vera døme som syner dei store endringane og straumingane som prega vitskapen i tida.⁹²

1.3.2 Fagleg spesialisering. Medisin som døme

Fagleg utvikling, differensiering og spesialisering synte seg tydeleg innan medisin. Ved skipinga av Universitetet var medisin det minste studiet. Utover 1800-talet utvikla det seg til å bli det nest største studiet (etter jus). Medisin kan illustrera Universitetet si utvikling frå embetsmannsutdanning til eit breiare virkeområde, sidan faget både er praktisk, anvendeleg, og teoretisk, vitskapleg, og utspeler seg i heile samfunnet og offentleg sektor. I 1870 var der sju uteksaminerte kandidatar, i 1922 var det 85 ferdige kandidatar. Ved sida av den kvantitative veksten, var der også ein fagleg revolusjon som gjorde at behovet for materielle og organisatoriske ressursar skugga over dei andre faga på Universitetet.

Veksten i medisinfaget på Universitetet kom av fleire årsaker. I andre halvdel av attenhundretalet vaks der fram eit offentleg nasjonalt helsevesen. Sunnheitslova frå 1860 var eit vendepunkt. Alle kommunar skulle ha ein kommisjon, leia av ein lege, som dreiv medisinsk folkeopplysing, kontrollerte vatn og kloakk etc. Det var ei endring frå den liberale laissez-faire politikken påskunda av folkevekst, urbanisering og industrialisering.

⁹¹ Forslag om å inkludera polyteknisk undervising og høgare landbruksutdanning ved Universitetet vart avvist av fakultet og kollegium. Leif J. Wilhelmsen, Universitet og høyskoler, bd. 3 i *Dette er Norge 1814-1964*, Oslo 1964: 164.

⁹² Kyllingstad og Rørvik 2011 gir samla oversyn og analyse av universitet si faglege og institusjonelle utvikling i denne perioden.

I tillegg til dei samfunnsmessige endringane var der også ein vitenskapleg revolusjon i medisinfaget som gjorde at legar i langt større grad enn tidlegare kunne kartlegga, diagnostisera og til dels også kurera sjukdomar.⁹³ Heilt fram til det moderne gjennombrøtet vart vurderingar og metodar med røter frå antikken nytta i akademisk medisin. Sjukdom kom av ubalanse mellom kroppsvæskene og kunne lækjast med årelating, brekkmiddel og klyster for å vinna att likevekta (og helsa).⁹⁴ Nye undersøkingsmetodar og naturvitskaplege tilnæringsmåtar gjorde at eksperiment og direkte observasjon erstatta filosofiske spekulasjonar. T.d. lytting på hjarte og lunger med stetoskop og perkusjon, dvs. å banka med fingrane på brystkassa for å lytta etter resonans vart vanleg.⁹⁵

Frå 1860-åra var det ei erkjenning av at smittsame sjukdomar i hovudsak skuldast bakteriar, mikroorganismar, og bakteriedrepende kjemikaliar kom i bruk ved sårhandsaming og kirurgi. I 1873 oppdaga den norske legen Armauer Hansen (1841-1912) leprabasillen. Det var første gong ein kunne prova at bakterie var årsak til ein kronisk sjukdom hjå mennesket.⁹⁶ Anestesi og sterilisering gjorde at kirurgiske inngrep og operasjonar kunne bli meir omfattande enn før. Samstundes med dei nye faglege retningane i medisin, var der også eit generasjonskifte i det medisinske fagmiljøet på Universitetet:

Antiseptikken, det avanserte kirurgiske handverket og den nye laboratoriebaserte og biologisk orienterte medisinen kom for alvor inn i den norske medisინutdanningen i forbindelse med et generasjonskifte i 1870-årene. Mellom 1869 og 1877 ble sju av fakultetets åtte professorer byttet ut.⁹⁷

Medisinstudiet var delt i ein grunnleggande preklinisk innføringsdel på Universitetet og deretter i ein klinisk del, på Rikshospitalet. Overlegane på Rikshospitalet var også professorar i medisin. I den prekliniske delen var mennesket sin anatomi og fysiologi vesentleg, men dette var også ei generell naturvitskapleg utdanning. Anatomikammeret var sentrum i den prekliniske utdanninga. Her var det forelesingar, disseksjon av lik og studiar av anatomiske preparat. Fysiologi og anatomi vart sett under eitt. I utviklinga som skaut fart i andre halvdel

⁹³ Kyllingstad/Rørvik 2011: 188.

⁹⁴ Kyllingstad/Rørvik Oslo 2011:192.

⁹⁵ O.D. Lærum, *I ulveskinnspeil. Legens historie i tre slektsledd*, Bergen 2006: 15.

⁹⁶ Lærum 2006: 47.

⁹⁷ Kyllingstad/Rørvik 2011: 192.

av attenhundretalet skilde anatomi og fysiologi lag. Anatomikammeret vart avløyst av anatomisk institutt og fysiologisk institutt med laboratorium. Faglege autoritetar i denne endringsprosessen var fysiologiprofessor Jacob Worm-Müller (1834-89) og anatomiprofessor Jacob Munch Heiberg (1843-88). Begge hadde faglege utanlandsopphald og omfattande publisering. Ved desse institutta vart det i tillegg til undervising også drive forskning. Den fysiologiske forskinga var m.a. retta mot stoffskifte, blodkrinslaupet, kjemiske granskingar av blodsamansetjing og granskingar av hjarta- og blodsirkulasjonssystemet sine verkemåtar.⁹⁸

Anatomien hadde endra seg frå å vera deskriptiv til å omfatta histologi og embryologi, og kobra seg mot Darwin si utviklingslære. Det prekliniske studiumet skulle for det første gi konkrete anatomiske og fysiologiske grunnkunnskapar for den vidare kliniske undervisinga, og for det andre kunnskapar for det praktiske legearbeidet etter ferdige studiar. I seg sjølv kunne dette vera ein rein fagskule, men sidan det var ein del av eit universitetsstudium, meinte det medisinske fakultetet at det også var del av ei friare vitskapeleg utdanning for å læra naturvitskapeleg forskning. Etterkvart kom det kritikk frå deler av det medisinske fagmiljøet om at ein ønskte ei meir praktisk-vitskapeleg vinkling på studiet. Denne kritikken vann fram og verka til at «[...] tyngdepunktet i det legevitenskapelige utdanningsapparat i økende grad grad ble forskjøvet vekk fra Anatomisk institutt og i retning av den kliniske undervisningen og Rikshospitalet.»⁹⁹

I 1884 flytta Rikshospitalet inn i heilt nye bygg i Pilestredet. Det var for si tid eit moderne og stort sjukehusanlegg. Ved sida av leprasjukehusa og sinnsjukeasyla, som var meir oppbevarings- enn behandlingsinstitusjonar, var Rikshospitalet det einaste sjukehuset staten dreiv. Staten sitt ansvar avgrensa seg til å finansiera legeutdanninga. Som nemnt tidlegare, var overlegane på sjukehuset også professorar ved Universitetet. At det dermed vart drive allsidig forskning var naturleg:

På den ene siden dreidde den seg om å utvikle et mer avansert legehåndverk for å løse konkrete problemer, på den andre siden om teoritung biologisk-medisinsk forskning på mer generelle og grunnleggende problemstillinger. Det første var typisk for kirurgien og fødselsvitenskapen, det andre for indremedisinen og den patologiske

⁹⁸ Kyllingstad/Rørvik 2011: 194.

⁹⁹ Kyllingstad/Rørvik 2011: 199.

anatomen. Store endringer i kirurgisk håndverk og biologisk-medisinsk forskning satte preg på Rikshospitalet fra 1870-årene.¹⁰⁰

Landevingningane i medisin kom også utanom hovudstaden og Universitetet, Armauer Hanssen sitt banebrytande arbeid vart gjort i Bergen. På Sørlandet var der eit medisinsk miljø, som dels i strid med det autoritative hovudstadsmiljøet, vann fram i kampen mot epidemiar. Sentralt her var praktisk folkeleg kunnskap om smittespreiing og ikke berre rein teoretisk tilnærming.¹⁰¹

Medisinfaget endra seg både kvalitativt med nye faglege gjennombrøt og kvantitativt med fleire studentar og dermed fleire uteksaminerte kandidatar. Tilliks med dei andre universitetsstudia vart det mot slutten av attenhundretalet også eit breiare rekrutteringsgrunnlag til legestudiet.¹⁰² Det vart fleire utdanna kandidatar enn det var offentlege stillingar og fleire etablerte seg med privat praksis. Medisinsk embetseksamen var ikkje lenger berre ein veg til eit offentleg embete, no kunne det også vera ein veg til sjølvstendig utøving av ein liberal og lukrativ profesjon. I 1910 var 60 % (641) av legane privatpraktiserande. Frie privatpraktiserande yrke som legar og juristar hadde lovbeskytta einerett til sine profesjonar. I 1886 vart den Norske Lægeforening skipa for å fremja legestanden sine samfunnsmessige interesser. Foreninga starta også *Tidsskrift for den norske lægeforening*.

Den faglege og metodologiske utviklinga innan medisinfaget i Noreg reflekterte ei internasjonal fagleg utvikling. Naturvitskaplege forskingsideal med lovsøkande vitskap vann fram innan heile det høgare vitskaps- og undervisingsfeltet.

1.3.3 Historie som nasjonal forteljing. Nasjonsbyggande vitskap

Det naturvitskapleg tilnærminga og diversifiseringa galdt også innan historisk-filosofiske og matematisk-naturvitskaplege studiar, fagfelt som tidlegare hadde vore samla i det omfattande filosofiske fakultetet. Den klassiske danninga som hadde dominert fram til midten av

¹⁰⁰ Kyllingstad/Rørvik 2011: 204.

¹⁰¹ Denne historien er glimrande analysert av historieprofessor May-Brith Ohman Nielsen ved Universitetet i Agder i monografien *Mennesker, makt og mikrober. Epidemibekjempelse og hygiene på Sørlandet 1830-1880*, Bergen, 2008.

¹⁰² Tabell 3.2. i Myhre, *Kunnskapsbærerne 1811-2011*, Oslo 2011: 82-83.

hundreåret tapte posisjon. Norsk språk, kultur og historie vart viktigare enn arven frå antikken. Dette var påskunda av den store skulereforma frå 1869 som stilte heilt nye krav til H-F studia, som i stor mon utdanna lærarar for den høgare skulen. Denne undervisinga hadde tidlegare vore dominert av teologar, no kom universitetsutdanna adjunktar og lektorar på banen. I filologien vann moderne språk fram på kostnad av latin. Engelsk som var viktig for handel, sjøfart og næringsliv vart tatt opp som akademisk fag.¹⁰³ I 1914 var Adam Trampe Bødtker (1866-1944) Universitetet sin første professor i engelsk filologi.¹⁰⁴ Stadig fleire ferdige kandidatar vart lærarar i den høgare skulen.

Forskning fekk også ein større plass på fakultetet, og til dømes i historiefaget var der eit samanfall mellom nasjonsbygging, politisering og vitskapleg utvikling. Historieundervisinga på Universitetet dekkja både nasjonale og internasjonale forhold, men den historiske forskinga dreidde seg vesentleg om norske forhold. Eit sentralt forskingstema i andre halvdel av attenhundretalet var den dansk-norske unionen 1380-1814. Var dette ein positiv eller negativ periode for Noreg? Kva rolle hadde den lange unionen med Danmark spela for den nye norske nasjonalstaten som stod fram i 1814? Her var det ulike posisjonar i fagmiljøet som også representerte dei politiske skillelinene i samfunnet. Dette dreidde seg vesentleg om politisk strid om ei eventuell styrking og utdjuping av personalunionen mellom Norge og Sverige på slutten av 1860-talet, amalgamsjonsfeiden, og forfatningskampen i 1870- og 80- åra som enda med det parlamentariske gjennombrøtet i 1884.

I første halvdel av attenhundretalet var professorane Peter Andreas Munch (1810-63) og Rudolf Keyser (1803-64) dei sentrale norske historikarane. Munch og Keyser hadde ei brei fagleg tilnærming, dei var også geografar, arkeologar og språkforskarar. Dei arbeidde med eldre historie, vesentleg før Kalmarunionen 1387. I tillegg til eiga historisk forskning stod dei bak mengder med kjeldeutgjevingar. Dei stod bak teorien som har vorte kalla *Den norske historiske skule*, som hevda at nordmenn opphavleg hadde vandra inn frå nord. Målet var å dokumentera norsk fortid og eigenart og skapa identitet tilbake til dei eldste tider for den unge norske nasjonalstaten. Dei meinte at det fanst ei eiga norsk folkeånd som kunne førast tilbake

¹⁰³ Kyllingstad/ Rørvik 2011: 347.

¹⁰⁴ L. Amundsen, Det historisk –filosofiske fakultet. Lærere og forskning, bd. 1 i, *Universitetet i Oslo 1911-1961*, bd. 1; Oslo 1961: 449-451.

til den første innvandringa og til den særskilde norske naturen. Denne folkeåndå skapte eit felleskap mellom nordmenn til alle tider.¹⁰⁵

Munch og Keyser fall frå om lag samstundes og det var ingen til fylla plassane deira med det same. Sjølv om dei begge hadde vore på høgt internasjonalt fagleg nivå med kjeldekritikk i si samtid, stod dei for ei polyhistorisk vitskapleg tilnærming som ikkje lenger var rådande etter deira tid.

I første omgang vart det ein overgangsperiode før ein ny historikargenerasjon kom i posisjon på Universitetet på 1870-talet og vart verande i sine posisjonar inn i det neste hundreåret. I overgangsperioden var dei ordinære to historiske professorata fylde av Ludvig Kristensen Daa (1809-1877), som i tillegg til å vera historikar også var politikar og journalist, og arkeologen og historikaren Oluf Rygh (1833-99.) Daa døydde frå stillinga og Rygh gjekk i 1875 over til eit nyskipa professorat i arkeologi, noko som også illustrerte den faglege diversifiseringa.

Den nye historikargenerasjonen, som kom i posisjon på Universitetet på 1870-talet, bestod av to ordinære professorat: Ludvig L. Daae (1834-1910) som vart utnemnd i 1876 og Gustav Storm (1845-1903) utnemnd i 1877, og i tillegg kom eit ekstraordinært professorat som Ernst Sars (1835-1917) fekk i 1874. Intitativet til Sars sitt professorat kom frå den framveksande venstreopposisjonen på Stortinget og ikkje frå Universitetet sjølv.¹⁰⁶ I tillegg til det reine historiemiljøet, var der også historieforsking ved Riksarkivet (riksarkivar Michael Birkeland (1830-96)) og i andre miljø på Universitetet: Yngvar Nielsen (1843-1916), som var professor i geografi og etnografi, arbeidde i praksis som historikar med ein omfattande produksjon.¹⁰⁷ Jusprofessor Torkel H. Aschehoug (1822-1909) stod også for eit omfattande historisk forfattarskap.

¹⁰⁵ N. Fulsås, *Ernst Sars og historia (1835-1917)*, i G. Hjeltnes (red.), *Vitenskapelige profiler på 1800-tallet*, Oslo 1997: 109.

¹⁰⁶ På tampen av Drolsum sin karriere kom endå ein ny historieprofessorgenerasjon i posisjon: Alexander Bugge (1870-1929) professor frå 1903 til 1912, Halvdan Koht (1873-1965) i 1910, Oscar Albert Johnsen (1876-1954) i 1913 og Edvard Bull d.e. (1881-1932) i 1917.

¹⁰⁷ «Han fikk aldri den lærestol i historie som ingen nu vil nekte at hans innsats gjorde ham selvskreven til. Men i de tider gikk det politikk i alt. Venstremajoriteten i Stortinget har æren av å ha gjort Sars til ekstraordinær professor, men den dannet også en uoverskuelig hindring for at Yngvar Nielsen kunde oppnå samme erkjennelse.» W. Munthe, *Professor Ludvig Daae. En minnebok*, [Oslo] 1944:64-5.

Til saman var det vitskaplege historikarmiljøet i Noreg svært lite. Men historiefaget hadde likevel ein svært viktig rolle i den nasjonale sjølvforståinga. Eit bidrag til å profesjonalisera historiefaget var skipinga av Den norske Historiske Forening i 1869. Foreninga stod bak *Historisk Tidsskrift*, som byrja å koma ut i 1871. Både foreninga og tidsskriftet er stadig (2014) sentrale element i det historiefaglege miljøet i Noreg.¹⁰⁸

I andre halvdel av attenhundretalet var der i samsvar med den generelle vitskaplege utviklinga eit gjennombrøt for evolusjonistiske tilnærmingar i historieforskinga. Det vart lagt vekt på kontinuitet og jamne gradvise endringar som det normale i den historiske utviklinga. Brå endringar og katastrofer vart forklarte (eventuelt bortforklarte) som sekundære hendingar i den større utviklinga. Så langt det var råd skulle ein trenga ned til ei djupare forklaring ved å syna til ei jamn løynd utvikling over lengre tid og med basis i elementære struktureigenskapar. Bratte overgangar i norsk historie kunne ikkje forklarast med tilfeldige hendingar eller politiske intriger, ein måtte leita etter djupare årsaker i ein kontinuerleg utviklingsprosess. Tanken om kausal kontinuitet opna for å studera den lange mellomperioden, dansketida. Historiefaget greip på ein heilt annan måte enn medisinske- og naturvitskaplege fag direkte inn i den nasjonale dimensjonen:

[...] fra et nasjonalt ideologisk synspunkt fikk problemene om en mer spesiell *kulturell eller institusjonell kontinuitet* i folkets liv en særlig sentral betydning. Spørsmålet var i første rekke om folket gjennom de skiftende tider og forhold hadde bevart de vesentlige egenskaper, som gjorde det til folk for seg, m.a.o. om nasjonen hadde *bevart sin identitet* gjennom forandringene. Dernest var det spørsmål om *hvilke* egenskaper eller forhold som var av betydning for folkets nyeste historie og for den aktuelle framtidorientering i politisk og kulturell henseende.¹⁰⁹

Den ålmenne politiske polariseringa i samfunnet vart reflektert i det vesle historikarmiljøet. Ernst Sars, som hadde fått professorstillinga si med hjelp av den framveksande nasjonaldemokratiske stortingsopposisjonen, utvikla ei omfattande syntetiserande og evolusjonær nasjonal historieforteljning der han drog liner attende til vikingtida. Han meinte at

¹⁰⁸ Tilsvarande tiltak i dei andre nordiske landa var *Historisk Tidsskrift* (Danmark) utgitt av Den danske historiske forening frå 1840, *Historisk Tidsskrift* (Sverige) utgitt av Svenska historiska föreningen frå 1881 og *Historisk Tidsskrift för Finland* utgitt av Historiska föreningen frå 1916.

¹⁰⁹ O. Dahl, *Norsk historieforskning i det 19. og 20. århundre*, Oslo 1990: 87-88

dei frie norske bøndene stod for ein lang kontinuerlig demokratisk kultur og tradisjon og representerte samanhangen og den lange strukturen i norsk historie. Sars meinte denne demokratiske tradisjonen var ei drivkraft i samtidas politiske og nasjonale nyreising. I denne retninga låg det parlamentariske gjennombrøtet i 1884 og unionsoppløysingane i 1814 og 1905. Sars skreiv firebindsverket *Udsigt over den norske historie* (1873-91). Han var ein ideolog for Venstrerørsla og vitskapen vart for han også politikk.

Sars meinte at historievitskapen kunne vise kva som var rette vegen framover og kva som var bakevjer, og historia syntes å gi han rett. Med historieskrivinga si ville han styrke norsk nasjonalkjensle slik at folket ved neste vegskilje heilt ut sjølv skulle rå over sin historiske lagnad, og i 1905 opplevde han ei av dei sjeldne stundene då folkeviljen manifisterte seg som ein empirisk realitet [...] Den avgjerande begrensinga ved historieomgrepet til Sars ligg i at han var ute av stand til å oppfatte eller verdsetja fortida som nokon anna enn si eiga samtids forhistorie. Det som ikke passa inn i denne utviklingslinja, blei ekskludert som irrelevant og uinteressant.¹¹⁰

Sars er den universitetshistorikaren frå sin periode som har vorte mest kjend i ålmenta, men han var perifær i høve til Universitetet. I tillegg til bøkene han gav ut, dyrka han ei samanfattande og samtidsorientert publisering i tidsskrift vende mot offentlegheita. Sars hadde berre to bidrag til *Historisk Tidsskrift*. Ludvig Daae leverte 94 bidrag, Gustav Storm hadde 59 og Yngvar Nielsen 51 bidrag til tidsskriftet. «Han [Sars] oppfatta seg meir som statsstipendiat enn som universitetsprofessor.»¹¹¹ Men om Sars var åleine mellom sine fagfeller, så var han definitivt tydeleg i samtida sitt offentlege rom. Han stod i sentrum for ei gruppe opposisjonelle som var hovupersonar for å skapa Venstre sin ideologi, m. a. grunnleggaren av Dagbladet Hagbard Berner (1839-1920) og Bjørnstjerne Bjørnson (1832-1910).

Ein motsats til Sars si store syntetiske forteljing var Ludvig Daae sin tese om at Noreg hadde halde seg samla og vorte styrka under unionen med Danmark etter ein nedgangsperiode før unionen. Dette var ei lang og positiv line gjennom unionen. Alternativet ville, i følgje Daae,

¹¹⁰ Fulsås 1997: 116-17.

¹¹¹ Fulsås 1997: 114-15.

vore at landet hadde vorte delt mellom Sverige og Danmark. Under unionen med Danmark hadde Noreg halde seg samla og nytt godt av samkvemet med Danmark.¹¹² Daae hadde eit omfattande forfattarskap, men han laga ingen store syntetiske verk. Han såg meir på korleis materielle forhold hadde prega utviklinga enn at det var ei lovmessig evolusjonær utvikling.

At ein kan dra ulike konklusjonar ut av same kjeldemateriale viser at historie heller er eit tolkingsfag enn at det er underlagt unntakslause naturlover. Like viktig som historien, fortida, som objekt, er historikaren sjølv som subjekt. Ho/han formulerer sine problemstillingar og vel og tolkar kjeldene, men samstundes er kjeldekritikken ein reiskap for å trygga basisen for den historiske undersøkinga.

Gustav Storm arbeidde hovudsakleg med eldre historie, men han var nyskapande i kjeldekritiske tilnærming. Han var også den første historieprofessoren som la historieundervisinga på vitenskapeleg grunn og tok i bruk seminarforma i undervisinga. Studentane måtte såleis bidra aktivt og ikkje berre ta i mot passiv kunnskap.¹¹³ Storm la vinn på drøfting og samanlikning av kjelder og studentane skulle arbeida skrifteleg og muntleg. Han søkte det nøktene og analytiske.¹¹⁴

Historiefaget var prega av si samtid og fortida vart brukt for å forklara samtida. I si samtid hadde Sars samfunnsmessig hegemoni. «Satt på spissen var Sars arkitekten for det nye Norge i 1905, mens de konservative var historiefagets byggmestere.»¹¹⁵ Dei konservative skapte den faglege infrastrukturen for vitskapeleg historisk arbeid, medan Sars skapte den store nasjonale forteljninga.

Universitetet var ein sentral kunnskapsinstitusjon, men etterkvart fekk samfunnet behov for høgare teoretisk og praktisk kunnskap som ikkje vart dekkja av Universitetet.

¹¹² Munthe 1944: 88-97.

¹¹³ O. Dahl, Storm, Gustav, 1845-1903 bd. 8 i, *Norsk Biografisk Leksikon*, Oslo 2004: 443-4

¹¹⁴ Halvdan Koht framheva Storm si vitskapelege tilnærming i minneboka *Historikar i lære frå 1951* (s.32): «Det var ingenting glimrande ved Gustav Storm. Han la seg aldri etter å seia åndfulle slagord eller reise opp for oss [studentane] storfelte bilete, - det låg ikkje for han heller. Sunn, kald kritisk tenking, - det var det som sermerkte han og som lyste gjennom alt arbeidet hans. Han var slett ikkje blind for djupe samanhengar i historie, Men han var inderleg imot all slags forte generaliseringar utan stødig grunnlag. Eg hugsar korleis han feidde av det lause snakket om «nasjonal-karakterar» som eit fast emne i det historiske livet. Han ville ha noko mykje meir handgripeleg å bygga på.»

¹¹⁵ Å. Svendsen, Konfliktlinjer i historiefaget 1860-1905, i Ø. Sørensen (red.), *Jakten på det norske*. Oslo 2007: [261]

1.3.4 Institusjonar utanom Universitetet

I andre halvdel av 1800-talet kom det ei rekke offentlege vitskaplege og faglege samfunnsinstitusjonar dels utanom og dels i samarbeid med Universitetet.¹¹⁶ Dette var institusjonar som knytte praktisk og teoretisk kunnskap med klare offentlege oppgåver på definerte fagfelt, t.d, Norges geologiske undersøkelse (1858) som vart skipa etter initiativ av geologiprofessor Theodor Kjerulf (1825-88) for å kartlegga malm og råstoff. Ny kunnskap om geologiske forekomstar og ressursar for eventuell utnytting kunne inngå i kunnskaps- og industriutvikling og nasjonsbygging.¹¹⁷ Det norske meteorologiske institutt vart grunnlagt i 1866 og skild ut frå Universitetet som eigen institusjon i 1909. Professor Henrik Mohn (1835-1916) leia instituttet frå 1866 til 1913.¹¹⁸ Utbygginga av telegrafnettet gjorde det lettare å samla inn verdata, som var viktig kunnskap i ein kyst- og fiskerinasjon.¹¹⁹ Statlege fiskeriundersøkingar byrja i 1860 og i 1900 vart Havforskningsinstituttet oppretta i Bergen.¹²⁰ Det norske Videnskabs-akademi i Christiania vart skipa i 1857. Vitskapsakademiet vart eit nytt samlande organ for norsk forskning, men dei første åra var tyngdepunktet på den matematisk-naturvitskaplege sida.¹²¹

Ved dei regionale institusjonane Bergens Museum (1825), Vitskapselskapet i Trondheim (1760) og Tromsø museum (1872) vart det utover andre halvdel av attenhundretalet drive empirisk forskning og publisering basert på eigne samlingar. På lang sikt var dette kimen til universitet i desse byane, i første omgang var dette bidrag til å desentralisera vitskapeleg arbeid i landet. Miljøa var prega av sterke enkeltpersonar med faglege ambisjonar på høgt nivå. Musea fekk i perioden monumentale bygg i sine respektive byar og vart såleis også tydelege samfunnsinstitusjonar.

Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab, (DKNVS-Vitskapselskapet i Trondheim), hadde tidvis fungert nærast som eit nasjonalt forskingsråd og fremja m.a. studiar av norsk

¹¹⁶ Norges geografiske oppmåling var grunnlagt alt i 1773. Opphavelag hadde denne institusjonen reine militære oppgåver.

¹¹⁷ A.K. Børresen og A. Wale, *Kartleggerne, Norges geologiske undersøkelse 1858-2008*, Trondheim 2008.

¹¹⁸ A. Barlaup (red.), *Det norske meteorologiske institutt 1866-1966*, Oslo 1966.

¹¹⁹ H. Rinde, Et telesystem tar form 1855-1920, b. 1 i *Norsk telekommunikasjons historie 1855- 1920*, Oslo 2005, N. Fulsås, *Havet, døden og veret. Kulturell modernisering i Kyst-Noreg 1850-1950*, Oslo 2003.

¹²⁰ V. Schwach, *Havet, Fisken og vitenskapen. Fra fiskeriundersøkelser til havforskningsinstitutt 1860-2000*, Bergen, 2000.

¹²¹ L. Amundsen, *Det norske videnskabs-akademi i Oslo 1867-1957*, Oslo 1957-60.

historie, språk og naturforhold. T.d fekk havforskaren Michael Sars (1805-69) og språkforskaren Ivar Aasen (1813-96) arbeidsstipend frå selskapet i Trondheim. Under zoologen Vilhelm Storm (1853-1913) og arkeologen og namnegranskaren Karl Rygh (1839-1915) utvikla vitskapselskapet seg til eit vitskapeleg forskingsbasert museum. Dei samla materiale innafor sine fagfelt om sommaren og forska i materialet i den mørke årstida. Rygh var også aktiv som politkar både lokalt og på Stortinget. Havforskning var også aktuelt i Trondheim og i 1899 vart det etablert ein biologisk stasjon ved Trondheimsfjorden med tilknytning til museet og vitskapselskapet.¹²²

Ved Bergens Museum vaks det fram eit framifrå naturvitskapleg miljø under leiing av den breidt engasjerte, både fagleg og politisk, medisinarer Daniel Cornelius Danielssen (1815-94).¹²³ Havforskning var også her eit viktig forskingsfelt. Som stortingsmann hadde Danielsen støtta den første større norske vitskapelege havundersøkinga, Nordhavsekspedisjonen med D/S Vøringen 1876-78, og han var sjølv med toktet. Fridtjof Nansen (1861-1930) byrja si vitskapelege karriere i Bergen. Han var tilsett ved naturhistorisk avdeling 1881-85. Sjølv om hovudvekta var på naturfag, var det også kulturhistorisk arbeid ved Bergens Museum. Frå 1889 til 1900 var den svenske arkeologen Gabriel Gustafson (1853-1915) tilsett ved museet si oldsaksamling. I 1900 vart han professor i nordisk arkeologi ved Universitetet og Gustafson vart landskjent i 1904 då han leia utgravinga av Osebergskipet.¹²⁴

Liksom Vitskapselskapet i Trondheim i si tid vart grunnlagt av rektor Gerhard Schønning 1722-80), etatsråd Peter F. Suhm (1728-98) og biskop Johan Ernst Gunnerus (1718-73), og Bergens Museum vart skipa av juristen Wilhelm F. Christie (1778-1849), var det personlege initiativ bak skipinga av Tromsø Museum. Den sentrale personen var geologen Karl Pettersen (1826-90). Medan institusjonane i Bergen og Trondheim hadde ein regional horisont, var det i utgangspunktet ambisiøst sikta mot eit større virkefelt for Tromsø Museum:

Museets hovedøyemed er å tilveiebringe og stadig forøke en samling av etnografiske gjenstander, oldsaker og naturalier, fornemmelig for så vidt de skriver seg fra de arktiske egne. Derhos tilveiebringes et tilbehør av de til dette hovedøyemed passende

¹²² H. With Andersen et al., *Æmula lauri, The Royal Norwegian Society of Sciences and Letters, 1760-2010*, Sagamore Beach, Mass 2009.

¹²³ Danielssen har fått ein ny biografi: K.B. Helle, *D.C. Danielssen: en kjempe for sin tid*, Bergen 2014.

¹²⁴ A. Haaland, *Bergens museums historie 1825-1945*, bd. 1 i Forland og Haaland, *Universitetet i Bergens historie*, Bergen 1996: 12-186.

vitenskapelige apparater» [...] Det var stortilt og riktig tanke om den kunne gjennomføres.¹²⁵

I kva grad dette lukkast i full mon er nok tvilsamt, men innafør samiske studiar var det gjort eit eineståande arbeid av filologen og folkloristen Just Quigstad (1853-1957).¹²⁶

Sjølv om det norske universitetet etterkvart hadde utvikla seg bort frå sin opphavelig reindyrtka nyhumanistiske dannelsingsfunksjon og kome i takt med den internasjonale vitskaplege utviklinga, var der udekkta felt:

Alt i siste halvdel av det 19. hundreåret var der mange tegn til at den ramme Universitetet i Oslo hadde trukket opp for sin forskning og undervisning, ble for trang for å dekke det nasjonale behov. Noen statistikk for hvor mange som måtte søke høyere utdanning i utlandet på de omåder som var udekket her hjemme, foreligger ikke, men det dreier seg om noe mer enn isolerte enkelttilfelle. Det 20. hundreåret var ikke gammelt før det for alvor måtte treffes et valg mellom en radikal utbygging av Universitetet på nye felter eller reisning av nye institusjoner.¹²⁷

Det kom etterkvart fleire høgare akademiske utdanningsinstitusjonar utanom Universitetet: Norges landbrukshøgskole på Ås (1897) var ei vidareføring av landbrukskulen (1854) på same stad. Med Norges tekniske høgskole (1910) i Trondheim kom teknisk utdanning og forskning på høgt nivå. (Det hadde vore fleire skular for lågare teknisk utdanning sidan 1870.) Statens tandlægeinstitutt vart skipa i Kristiania 1909 (endra namn til Norges tannlegehøgskole i 1928 og vart i 1959 knytt til Universitetet i Oslo som Odontologisk fakultet). Norges veterinærhøgskole, også i Kristiania, vart vedtatt av Stortinget i 1918 og Norges lærerhøgskole i Trondheim i 1922. (Dette var opphavelig ei eksamensfri vidareutdanning for folkeskulelærarar, og det vart utgangspunkt for fleire av dei frie faga ved dagens NTNU). Framvekst av nye institusjonar førte til at Universitetet ikkje lenger hadde monopol på høgare og akademisk utdanning.

¹²⁵ H. Shetelig, *Norske museers historie*, Oslo 1944: 3.

¹²⁶ E. Niemi, Just Quigstad (1853-1957), i Rogan og Eriksen (red.), *Etmologi og folkloristikk. En fagkritisk biografi om norsk kulturhistorie*. Oslo 2013: 77-91.

¹²⁷ L.J. Wilhelmsen, *Universiteter og Høgskoler*, i bd. 3, *Dette er Norge 1814-1964*. Oslo 1964: 69.

Det var ei diversifisering av høgare utdanning og forskning. Dei spesialiserte vitenskaplege høgskulane vart jamstelde med Universitetet slik at opptakskravet for studentar var avlagt examen artium, eller tilsvarende nivå, og lærarane fekk titlane professor og dosent.¹²⁸ Høgare undervising og forskning vart desentralisert og diversifisert både reelt og formelt. Desse nye utdanningsinstitusjonane hadde egne fagbibliotek. Men bibliotek var nok ikkje det første og største satsingsområdet ved ein ny institusjon. NTH, som vart etablert i 1910, fekk bibliotekar på full tid først i 1920. Dei første åra var prega av provisoriske løysingar og små løyvingar. Ulike behov mellom institutt- og avdelingsbibliotek og institusjonen sitt hovudbibliotek kunne også vera innfløkt.¹²⁹ Handlingsrommet til eit fagbibliotek, som var del av ein av faglege institusjon og ikkje eit berre eit bibliotek i seg sjølv, var avhengig av mange forhold som t.d. budsjett, personale og lokale. Men kjerneoppgåva både for biblioteket i eit breiddeuniversitet og i meir spesialiserte institusjonar vert dekkja av *Harrod's Librarians glossary* som definerer den primærte oppgåva til eit universitetsbibliotek såleis:

A library or group of libraries established, maintained and administered by a university to meet the needs of its students and members of the academic staff.¹³⁰

1.3.5 Universitetsbiblioteket som nasjonalbibliotek

Den ovanstående definisjonen dekkja også biblioteket på Det kongelige Frederiks Universitet. Men dette biblioteket var også noko meir. I tillegg til å vera ein viktig del av Universitetet sin faglege infrastruktur, hadde det norske Universitetsbiblioteket vidare samfunnsmessige oppgåver. Desse oppgåvene vart tydelegare definerte av Drolsum, men i større eller mindre grad hadde dei lagt til biblioteket like frå starten av.

I 1815 foreslo Universitetet sitt øvste styringsorgan, Det akademiske kollegium, for regjeringa at trykkeria i landet skulle påleggast å levera tre eksemplar av kvart trykk til UB. To av desse skulle vera til litterært byte med universiteta i Uppsala (1477) og Lund (1666). Dette vart det

¹²⁸ Collett 1999: 96.

¹²⁹ J. Ansteinsson, Norges Tekniske Høiskole Hovedbiblioteket, *Nordisk tidskrift för bok- och bibliotekväsen*, 1922, 1: [39]-43. Eit interessant overblikk, som rett nok strekker seg noko lenger fram i tid enn Drolsum sin periode er W. Munthe : De videnskapelige biblioteker, i, *Norsk bibliotekforening. Jubileumsskrift 1913-1938*, Oslo 1938: 97-108.

¹³⁰ *Harrod's Librarians' glossary*. 8th. ed. Aldershot 1995: 663.

ikkje noko av for regjeringa vedtok ei anna ordning. Med kongeleg resolusjon av 21. februar 1815 skulle norske trykk leverast i tre eksemplar til Statssecretariatet, som fordelte dei mellom den norske statsrådsavdelinga i Stockholm, UB og politidepartementet. Denne resolusjonen var aldri behandla og godkjent av Stortinget.¹³¹

Pliktavlevering av nasjonale trykk/dokument er eit fenomen som kan førast tilbake til Frankrike i 1537. Då bestemte kong Frans 1. (1494-1537) at eitt eksemplar av kvar bok trykt i hans rike skulle avleverast til Det kongelige biblioteket. Avleveringa var ei følgje av trykkekunsten breidde seg og av mangfaldiggjeringa av det skrivne ord. Det var ei utvikling som byrja i første haldel av 1400-talet, men Noreg var seint ute og fekk sitt første trykkeri 1643. Grunngevinga for pliktavlevering har endra seg over tid: Frå sensur til kultur. Det er ei ordning som med ulike variantar finst i dei fleste land.¹³² I dobbeltmonarkiet Danmark-Noreg hadde Det kongelige biblioteket i København sidan 1697 handtert ulike pliktavleveringsordningar.

Frå 1781 galdt ei kongeleg forskrift om at norske trykk skulle leverast til Det kongelige bibliotek.¹³³ Denne avleveringa hadde sitt høgdepunkt på 1790-talet. Dei fleste avleverte trykka kom frå Bergen. Dette var vesentleg preiker, festtalar, skulebøker og boklister frå leseselskap. Også frå Christiania kom det leveransar til København, medan trykkeria i Trondheim og Christiansand ikkje sette spor etter seg i pliktavleveringa. Likevel kom det i dette tiåret fleire pliktavleveransar frå Noreg enn samla leveransar frå riket sine danske provinsar. (Pliktavleveringa galdt også fjernare deler av riket som Island og koloniane i Vest-India.) Krigen og blokaden avslutta frå 1807 i røynda pliktavleveringa frå Noreg til Danmark.¹³⁴

Interessa for pliktavleveringslova av 1815 dabba nokså fort. Lova sprikte i fleire retningar, og den hadde ein sensurdimensjon. Den var «[...] bygget på et omtvistelig grunnlag og preget av en uheldig sammenblanding av praktiske, justitielle og litterære formål.»¹³⁵ Dels var det

¹³¹ G. Munthe, *Norsk bibliotekhistorie. Fra de eldste tider og fram til 1920*. Upubl. ms. :61

¹³² Sjø World survey of legal deposit, J. T. Jasion *The international guide to legal deposit*. Aldershot 1991: [18]-31.

¹³³ Om norske pliktavleveringsordningar under dobbeltmonarkiet sjå W. Munthe, *Norske avdelings forhistorie, i Norvegica*, Oslo 1933: 11-12.

¹³⁴ H. Horstbøll, *Pligtaflevering og Nationalbibliotek*, i Horstbøll og Lauridsen (red.), *Den trykte kulturarv: pligtaflevering gjennom 300 år*, København 1997: 65-66.

¹³⁵ Munthe 1933: 12.

nærast ei automatisk vidareføring av ordninga frå dobbeltmonarkiet med avlevering til Det kongelige bibliotek i København. Sidan det ikkje var noko kongeleg bibliotek i den nye norske staten (Det var i så fall Det kongelige biblioteket i Stockholm), så var det nye UB den nærast tilsvarende institusjonen. Vidare skulle behovet for norske aviser, statistikk osv. til den norske statsrådsavdelinga i Stockholm dekkast av ordninga og til slutt kom sensurmotivet inn med eksemplaret til politidepartementet. Denne sensurdimensjonen var i strid med § 100 om trykkefridom i den nye norske grunnlova. Lova frå 1815 var også knytt til handverksprivilegium for trykkeria. Med den liberale handverkslova i 1839 forvitra avleveringslova bort.¹³⁶ Pliktavleveringsordninga av 1815 var meir eit forbigåande blaff enn eit tiltak fremja med politisk og administrativ tyngde. Denne første norske avleveringslova verka ikkje til at Universitetsbiblioteket framsto som eit nasjonalt arkiv for norske trykk.¹³⁷

Pliktavlevering er den sentrale oppgåva til eit moderne nasjonalbibliotek. Opphavelig hadde avleveringa gått til fyrstelege eller kongelege bibliotek. Nemninga nasjonalbibliotek kom under den franske revolusjonen då det kongelege biblioteket vart omdøpt til fransk nasjonalbibliotek, *Bibliothèque nationale de France*. I den nye norske staten, som delte konge med Sverige, var det ikkje noko kongeleg bibliotek. Det var heller ikkje nokon stor bokproduksjon i Noreg. I 1814 hadde landet seks trykkeri i byar: Tre i Christiania, dei andre respektivt i Bergen, Kristiansand og Trondheim; i tillegg kom folkeopplysingspioneren Sivert Aarflot (1759-1817) sitt prenteverk (1809) på Ekset i Volda. I 1839 då pliktavleveringa kvarv, hadde Kristiania 15 boktrykkeri. I 1849 var det tilsaman 53 trykkeri spreidd på 30 stader kring i landet.¹³⁸ Samstundes som pliktavleveringa forsvann, auka den nasjonale produksjonen av trykksaker. Dette var dels ei følgje av den liberale næringspolitikken og dels fråvær av krefter som kunne kjempa for å halda på avleveringa. UB var ikkje interessert og Stortinget, som fram til 1871 vart samla kvart tredje år, var heller ikkje interessert. Pliktavlevering var ikkje ei sak som dreiv seg fram av eiga tyngd.

Kva meiner ein så med omgrepet nasjonalbibliotek? Nemninga har ikkje nokon eintydig universell definisjon. I moderne tid, som vi definerer frå avhandlingsperioden, vert som regel omgrepet brukt om ein institusjon, som gjerne i samband med andre oppgåver, har ansvar for

¹³⁶ Munthe 1933: 21.

¹³⁷ Ei grundig og analytisk gransking av UB sitt forhold til den nasjonale litteraturen før avhandlingsperioden er: Anne Eidsfeldt: Fra sur plikt til milde gaver: Tilvekst av historisk litteratur til Universitetsbiblioteket i R. Hemstad (red.), *Opplysning, vitenskap og nasjon*, Oslo 2011: 137-174.

¹³⁸ H. Tveterås, *Den norske bokhandels historie: Forlag og bokhandel inntil 1850*, Oslo 1950: 182.

å samla inn, ta vare på og gjennom bibliografisk arbeid synleggjera den nasjonale bokproduksjonen mest mulig fullstendig. Å skaffa utanlandsk litteratur som er viktig for studiet av den nasjonale kultur er også ei oppgåve.¹³⁹ Den vesentlege delen av innsamlinga skjer med lovpålagt pliktavlevering, enten frå trykkeri eller frå forlag/utgivar eller evt. begge deler. Den institusjonelle organiseringa av nasjonalbibliotek varierer frå land til land. Dei aller fleste statar i verda har ein institusjon med slike oppgåver; nokre stader er dette sjølvstendige institusjonar, andre stader inngår nasjonalbibliotekfunksjonen i samansette institusjonar.

Når omgrepet nasjonalbibliotek frå tidleg av også vart nytta om det norske Universitetsbiblioteket, så var det ikkje i samband med pliktavlevering. Det var eit uttrykk for at denne institusjonen var landet sitt einaste bibliotek av slikt format og at biblioteket nådde ut over Universitetet sine faglege behov. Såleis poengterte biblioteket sin første leiar Georg Sverdrup (1770-1850) dette i årsmeldinga for 1826:

Da saavel Departementet for Kirke- og Undervisningsvæsenet som det akademiske Collegium har tilladt enhver, som ønsker, at faa Bøger lånte af Biblioteheket, og dette altsaa ikke egentlig er et Universitets- men et Nationalbibliothek, har Bibliothekbestyrelsen troet ogsaa at burde anskaffe saadanne Bøger, som vel i et Universitetsbibliothek kunde undværes, men som for Nationens Kultur i Almindelighed maae ansees som nyttige, og som ofte efterspørges. Udlaanet udstrækker sig, ifølge givne Tilladelser, ikke allene til Universitetstaden, men til den hele Omegn.¹⁴⁰

Biblioteket framsto såleis som ein dannings- og opplysningsinstitusjon med eit nasjonalt ansvar. Det akademiske kollegium framheva biblioteket sine samfunnsmessige oppgåver i 1829 og 1832:

Det er ikke blot for Universitetet [...] men kan tillige betraktes som et nationalt Bibliothek; Geistlige, Civile og Militaire, Embedsmænd, Borgere og Kunstnere, ei blot

¹³⁹ Oppgåvene og utfordringane for nasjonalbiblioteka har sjølv sagt endra seg i takt med den teknologiske utviklinga, men i perioden for denne avhandlinga dreidde det seg om å handtera trykt materiale.

¹⁴⁰ A.C. Drolsum, *Universitets-Bibliotheket 1870- 1911*, Kristiania 1911: 51.

i Christiania, men i en vid Omegn, have her Adgang til at erhverve sig almenlyttige og for deres Fag vigtige Kundskaber.¹⁴¹

UB strekte seg altså lenger enn Universitetet, men det var likevel ikkje å rekna som eit allment folkebibliotek. Mange av dei som brukte biblioteket var personar som var utdanna på Universitetet og arbeidde som embetsmenn kring i landet. Det var med andre ord ein institusjon for elitane i samfunnet. Om nemninga nasjonalbibliotek vart nytta om UB også før avhandlingsperioden, så var det ikkje eit nasjonalbibliotek som tok aktivt ansvar for den nasjonale kulturarven.

1.3.6 Universitetsbiblioteket som bibliotek for den opplyste offentlegheita

At UB strekte seg lenger enn Universitetet sine faglege behov og skulle dekkja stadig fleire oppgåver i samfunnet, poengterte Drolsum tidleg:

Ikke alene er Universitetslærernes og de Studerendes Antal efterhaanden betydelig forøget, men der findes ogsaa udenfor disses Kreds i de senere Aar langt flere Videnskabsdyrkere end tidligere, dertil kommer Christianias overordentlig raske Væxt, de inden- og udenlandske Kommunikationeres umaadelige Opsving, Oprettelsen af flere nye Embedsværk og Institutioner, Indførelsen af aarlige Storting, det politiske Livs, Journalistikkens og Literaturens Udvikling, - alt dette har paa engang udvidet og fordybet Bibliothekets Arbeide, og det selvfølgelig ikke alene med Hensyn til Benyttelsen, men ogsaa for Anskaffelsernes Vedkommende.¹⁴²

Drolsum si vurdering dekkja både den framveksande opplyste offentlegheita og kunnskapssamfunnet som byrja å ta form. Det var langt meir enn eit hovudstadsfenomen. I siste halvdel av 1800-talet var der ein utdanningsrevolusjon i det norske samfunnet. Tidlegare hadde berre ein liten del av folket fått meir ein heilt elementær allmugeskule med vekt på religion. No kom utvida grunnskule, vidaregåande skular, høgare teoretisk og praktisk utdanning drive fram av visjonære politikarar og fagfolk.

¹⁴¹ Drolsum 1911: 51.

¹⁴² A.C. Drolsum, *Om Universitetsbibliotheket. Forslag til en Omordning af Personalet m.v.*, Christiania 1880: 23

Lesing, skriving og utdanning var gjennom heile 1800-talet ein uunnverleg faktor i den demokratiske utviklinga. Deltaking både i politikken og i det sivile samfunnet kvilte langt på veg slik kunnskap. Slik sett kan vi seie at kunnskapssamfunnet ikkje blei til på slutten av 1900-talet, men på slutten av 1800-talet.¹⁴³

Kunnskapssamfunnet var mykje meir enn både Universitetet og Universitetsbiblioteket, men samstundes var desse viktige deler av det. Universitetet var toppen av den nasjonale kunnskaps- og utdanningspyramiden. Grunnsteinen i pyramiden var allmugeskulane og det framveksande utdanningsamfunnet var prega av reformpolitikk i heile undervisningsfeltet. Følgjer av utviklinga var m.a. sosial utjamning, høg leseevne og samfunnsengasjement. Sjølv om heile folket nytte godt av denne utviklinga, var det berre eit lite mindretal samla sett som kom i kontakt med Universitetet og UB. Kring år 1900 var det ca. 200 uteksaminerte kandidatar frå Universitetet.¹⁴⁴ Ei viktig dannelseskraft i kunnskapssamfunnet var lærarane med utdanning frå lærarskular kring i landet. Periferiens nasjonsbyggjarar har ein historikar kalla denne gruppa.¹⁴⁵ Likestilling var også på dagsorden. I 1882 fekk kvinner høve til å ta artium, formell rett til offentlege embete kom i 1912 (kvinnelege prestar først i 1961) og i 1913 kom full røysterett for kvinner.

Universitetsbiblioteket var eit offentleg bibliotek og landet sitt hovudbibliotek for brukarar med faglege behov, enten dei var knytte til Universitetet eller ikkje. «Efterhanden får også biblioteket preget av et alment studie- og riksbibliotek, hvor studentene kun utgjør en del av låntagerne.»¹⁴⁶ Lesesalbesøket var basert på utlagde gjesteprotokollar: Det siste året i den gamle bygningen (1913) var der 34 000 lesesalbesøk (med 50 leseplassar). Kapasiteten var større i nybygget på Drammensvegen med 115 leseplassar. Her passerte det registrerte lesesalbesøket 50 000 i 1920.¹⁴⁷

Som nasjonal institusjon ytte UB også tenester utanom hovudstaden. I følge biblioteket si årbok for 1922 (s.X) var det sendt 1779 bind til utanbys lånarar. Fram til 1902 måtte utanbys lån gå via kommisjonær i hovudstaden, deretter var det direkte utlån til heile landet. Årsmeldinga for 1910-15 (s.22) kunne fortelja om *Utenbys utlaan*: »Dette er fremdeles i

¹⁴³ Myhre 2012: 272-73.

¹⁴⁴ Myhre 2012: 277.

¹⁴⁵ R. Høydal, *Periferiens nasjonsbyggjarar. Vestlandslæraren og Volda lærararskule 1895-1920*, Oslo, 1995.

¹⁴⁶ *Universitetsbibliotekets aarbok for 1919*. s.V

¹⁴⁷ H. Tveterås, *Universitetsbiblioteket 1876 – 1911 – 1961*, i bd.2, *Universitetet i Oslo 1911-1961*: 141-42.

stigning. Biblioteket har nu laantagere over hele landet, selv paa saa avsidesliggende steder som f.eks. Karasjok.» Det er rimeleg å tru at det var personar med høgare utdanning eller vitenskaplege interesser som skulle nytta det i arbeid eller gransking.

For å syna at UB var noko meir enn berre ein intern universitetsinstitusjon foreslo overbibliotekaren ved to høve, først i 1895 og deretter i 1907, då nybygget var i kjømnda, at biblioteket fekk eit nytt namn som viste at det var meir enn ein intern universitetsinstitusjon. Av ulike grunnar vart det ikkje noko nytt namn og det var aldri tale om å bryta det administrative sambandet med Universitetet. Om det ikkje vart namneendring, så vart bibliotekbudsjettet skild ut som eigen post på universitetsbudsjettet. Nasjonalbibliotekrollen var uansett tydeleg.

1.4 Historiografi

1.4.1 Faglege framstillingar

Norsk bibliotekhistorie har som forskingsfelt mykje oppløyd mark. Innan bibliotekfeltet sine to hovudfelt, folkebibliotek og faglege/vitenskaplege bibliotek er der i historisk samanheng mange kvite flekkar. Det er ikkje publisert noko samla stort oppdatert verk om norsk bibliotekhistorie.

Ein interessant ansats til ei samla framstilling av norsk bibliotekhistorie er eit upublisert og udatert manuskript på 204 A-4 sider etter riksbibliotekar Gerhard Munthe (1919-97) *Norsk bibliotekhistorie. Fra de eldste tider og fram til 1920*. Manuskriptet fannar breidt og borar djupt, men sidan det er upublisert har det eit svært avgrensa nedslagsfelt.¹⁴⁸ Manuskriptet har to bolkar: Ein del om fag- og forskingsbiblioteka og ein del om folkebiblioteka. UB vert omtalt frå side 48 til side 93 (derav om Drolsum ss 71-98). Ein kortare og meir oppdatert variant av innhaldet i dette manuset er rett nok publisert i antologien *Bibliotheken der nordischen Länder in Vergangenheit und Gegenwart*, Wiesbaden 1983. Denne antologien gir

¹⁴⁸ Takk til professor Ragnar Audunson ved Institutt for arkiv-, bibliotek- og informasjonsfag ved Høgskolen i Oslo og Akershus, for tilgang til dette manuset. Gerhard Munthe var son til overbibliotekar Wilhelm Munthe, Drolsum sin etterfølgar ved UB. G. Munthe var også ein sentral bibliotekperson: 1947-64 bibliotekar/førstebibliotekar Bergens museum/UBB, 1964-69 overbibliotekar Kgl. Vidensk. Selsk. Trondheim, 1970-75 overbibliotekar UBO, 1975-87 riksbibliotekar, leiar for Riksbibliotektenesta, staten sitt fagorgan for bibliotekvesen og dokumentasjon. Dessutan ei rekke tillitsverv i biblioteksektoren i nasjonal, nordisk og internasjonal samanheng

eit kondensert historisk oversyn over det samla bibliotekfeltet i kvart av dei nordiske landa og er såleis relevant utover alle punkta i denne historiografien. Det blir meir omtale lenger fram i denne bolken.

Bibliotekhistoriske arbeid med relevans for denne avhandlinga, det vil seia norsk materiale som inkluderer Universitetsbiblioteket fram til 1922, har vesentleg vore jubileumsskrift, med eit nytt og markant unntak: Nasjonalbiblioteket byrja i 2009 med ein ny fagfelleverdert skriftserie: *Nota Bene: Nasjonalbibliotekets skriftserie*. Hittil er det kome tre historiske arbeid i serien: Marianne Takle (1964-) *Det nasjonale i Nasjonalbiblioteket* kom i 2009, Bjørg Dale Spørck (1950-) (utg.) *Axel Charlot Drolsum. Brev 1875-1926* og Ruth Hemstad (1966-) (red.) *Opplysning, vitenskap og nasjon. Bidrag til norsk bibliotekhistorie* kom 2011. Spørck sitt arbeid er ei kjeldesamling og den vert omtalt i neste bolk. Både artikkel- og brevsamlinga kan reknast som bidrag frå Nasjonalbiblioteket til Universitetet i Oslo sitt 200-års jubileum, sjølv om dei inngår i ein meir permanent skriftserie.

Takle sitt arbeid dreier seg i hovudsak om utviklinga frå 1980-talet og framover. Ho viser korleis den politiske prosessen fram mot eit norsk nasjonalbibliotek som sjølvstendig statsinstitusjon skaut fart. Ho drar også eit raskt historisk sveip frå skipinga av UB og fram til dagens nasjonalbibliotek. Storparten av dette arbeidet ligg utanfor perioden for denne avhandlinga. Takle ser på Nasjonalbiblioteket som ein ny institusjon, medan hovudtesen i mi avhandling er at Nasjonalbiblioteket har eksistert lenge innan UB si ramme.¹⁴⁹

Artikkelsamlinga *Opplysning, vitenskap og nasjon* har 11 bidrag av 9 forfattarar samt ei fagleg innleiing av redaktøren. Samlinga famnar om meir enn UB. Kronologisk dekkjer den eit langt 1800-tal der framveksten av fag- og forskingsbibliotek i Noreg vert belyst. Ruth Hemstad peikar i si redaksjonelle innleiing på at: «Bibliotekenes utvikling i Norge i denne perioden er studert i begrenset grad. Bibliotekenes historie er også i marginal grad tatt med i historiske oversiktsverk. [...] Bibliotekene hører med til den nødvendige infrastruktur for faglig og

¹⁴⁹ Takle sitt syn på Nasjonalbiblioteket som ein ny institusjon vart også parert av Morten Nordhagen Ottosen i ei bokmelding i *Historisk tidsskrift* 2010, 89: 487-91. Ottosen hevdar (s. 489) : «Uten en spesielt dypgående analyse av UBs nasjonale rolle og betydning for utskillelsen av NB – ut over over Det akademiske kollegiums og universitetsbibliotekarenes egne oppfatninger og synspunkter – er det ikke til å komme fra at Takles syn på NB som en ny institusjon nok fremstår som litt overdrevent.»

vitenskaplig utvikling, en støttefunksjon det kan være lett å ta som en selvfølge.»¹⁵⁰ Denne artikkelsamlinga er eit forsøk på å bryta denne tilstanden og såleis eit nybrottsarbeid.

Dei to første bidraga er skrivne av Ernst Bjerke (1982-). Det eine er om Christiania katedralskole sitt bibliotek og Deichmanske bibliotek, og det andre er om Krigsskulen sitt bibliotek. Før UB kom i 1813 var det desse tre biblioteka dei einaste biblioteka i den komande norske hovudstaden.

Då kong Fredrik 6. omsider godkjende det norske universitetet, gav han også ei stor bokgåve som skulle vera basis for Universitetsbiblioteket. Bokgåva var dels dublettar frå Det kongelige bibliotek og dels henta frå private samlingar. Denne bokgåva gjorde det nye Universitetsbiblioteket i Noreg talmessig større enn Universitetsbiblioteket i København. Elisabeth Eide (1943-) har undersøkt denne *Kongens gave* og funne at den var langt mindre drusteleg enn ein har trudd. Hennar bidrag har tittel *Grunnstammen i Universitetsbiblioteket ved Det Kongelige Frederiks Universitetet. Myter, realiteter og spørsmål om bøkene i Universitetsbiblioteket 1811-17*.

Frå 1815 til 1839 var den første norske pliktavleveringslova verksam. Anne Eidsfeldt (1962-) har i kapittelet *Fra sur plikt til milde gaver. Tilvekst av norsk historisk litteratur til Universitetsbiblioteket 1817-70* analysert korleis tilveksten av norsk litteratur i eit emne, historie, var i ein periode med og utan pliktavlevering. Eit interessant funn var, at då det byrja å bli samsvar mellom trykkeria sin produksjon og avlevering, fall avleveringa bort. Samstundes som norsk bokproduksjon auka, minka den norske tilveksten til biblioteket. Den bortfalne avleveringa vart ikkje kompensert av auka innkjøp.

Underskrivne sitt bidrag til samlinga heiter *Universitetsbiblioteket og dei nasjonale bibliotekoppgåvene 1870-1922*. Her målber eg det same synspunkt som er hovudtesen i avhandlinga: Under Drolsum si leiing av UB vart det skipa eit norsk nasjonalbibliotek innan UB sine rammer.

¹⁵⁰ Hemstad (red.) 2011: 13+19.

Björg Dale Spørck skriv om *Liv og virke på Universitetsbiblioteket i A.C. Drolsums tid som overbibliotekar*. Illustrert med materiale frå den ovannemnde brevsamlinga og eit biografisk portrett av Drolum sitt liv og sin lagnad får vi her innsyn i biblioteket sitt indre liv.

Nota bene nr. 4 presenterer også tre sentrale vitskapelege institusjonar utanom hovudstaden: Magne Njåstad (1962-) skriv om biblioteket ved den eldste vitskapelege institusjon i landet vårt, Vitskapselskapet i Trondheim: «*Et Nationalbibliothek, eller om man heller vil Norges ypperste Stiftsbibliothek.*» *Det Kongelige Norske Videnskabers Selskabs bibliotek frem mot 1870*, og Jan Olav Gatland (1949-) presenterer *Bergens Museums Bibliotek 1825-1946*. Gatland si framstilling bygger på hans bok frå 1996 *Amor librorum nos unit. Universitetsbiblioteket i Bergen 1825-1996*. Øivind Berg (1951-) bidrar med *Bergseminaret i Kongsberg og dets bibliotek 1784-1814*. Denne institusjonen og Kongsberg vart ein kort periode vurdert som grunnlag for det komande norske universitetet før det vart bestemt å leggja det i Christiania. Bergseminaret si boksamling hamna seinare på UB.

Vitskapselskapet i Trondheim vart grunnlagt i 1760 av tre framståande samfunnstøtter i byen: Rektor Gerhard Schøning (1722-80), etatsråd Peter Frederik Suhm (1728-98) og biskop Johan Ernst Gunnerus (1718-73). I norsk samanheng var dette ein pionerinstitution. I 1808 vart det trykt ein katalog for selskapet sitt bibliotek på ca. 20 000 band. Katalogen vart laga i samarbeid med den danske litteraturprofessoren og bibliotekmannen Rasmus Nyerup (1759-1829) som leia arbeidet frå København. I forordet til katalogen kalla Nyerup biblioteket «*et Nationalbibliothek, eller om man heller vil Norges ypperste Stiftsbibliothek.*» Her vart truleg omgrepet nasjonalbibliotek brukt første gong i norsk samanheng.

Bergens museum er ein litt yngre institusjon enn vitskapselskapet i Trondheim. Det vart grunnlagt i 1825 av stiftamtman og stortingspresident Wilhelm Frimann Koren Christie (1778-1849). Museet var ein institusjon og ikke eit vitskapeleg selskap.

Tor Ivar Hansen (1982-) skriv om *Det Norske Studentersamfunds bibliotek. Mellom Minerva og Bacchus*. Samlingane i dette foreningsbiblioteket er prega av «[...] snart 200 års sterkt varierende eller manglende interesser og innkjøpspolitikk.»¹⁵¹ I bidraget sitt tar Hansen opp dette biblioteket frå skipinga i 1815 og ut attenhundretalet. Frå nokre få bind ved starten var

¹⁵¹ Hemstad (red.) 2011: 281.

der kring 10 000 bind rundt inngangen til 1900-talet. Studentersamfundet var langt meir enn biblioteket. Det var også ein sosial og intellektuell samlingsstad kjend som den friaste talarstolen i landet. Biblioteket reflekterte lesevanar og tidsånd blant studentane. Ein vesentleg del av samlingstilveksten var gåver.

Det siste bidraget i denne samlinga er ein bokhistorisk analyse av Elisabeth S. Eide: *Opplysning, vitenskap og nasjonsbygging i fire store private boksamlinger på 1800-talet*. Ut frå innhaldet i samlingane til Peder Anker (1749-1824), Peter Collett (1766-1836), Severin Løvenskiold (1777-1856) og Jacob Aall (1773-1844) kastar Eide lys over norsk kunnskapshistorie og nasjonsbygging. Ho hentar teoretisk ballast frå bokhistorikararane Elizabeth Eisenstein (1923-), som har argumentert for at trykkekunsten var den sentrale agent for å spreia idear og nyhende i Europa og Amerika, og Robert Darnton (1939-), som hevdar at bokhistorie kan rekonstruera mykje av lesinga sin sosiale kontekst.

Eigarane av boksamlingane var aktive deltakarar i det politiske og sosiale livet i Noreg i si samtid: «Ved å arbeide for et universitet støttet de vitenskapen; ved å delta i opprettelsen av Selskabet for Norges Vel viste de at de var opptatt av å bygge nasjonen Norge; og ved bidra til å stifte sogneselskaper rundt i distriktet viste de at de ønsket å spre opplysning ut over landet».¹⁵² Boksamlingane viste at dei ideologiske straumar frå Europa og opplysningstidas tankar nådde fram til Noreg. Om samlingane var innbyrdes ulike var der fellespunkt. Alle samlingane hadde meir enn ei framstilling av norsk eller nordisk historie, alle hadde sagalitteratur og alle hadde litteratur om den gryande nasjonalkjensla i Noreg, i tillegg til litteratur om politiske tendensar i Europa.¹⁵³

Elisabeth S. Eide sine bidrag i denne samlinga var ein forsmak på hennar fine monografi *Bøker i Norge. Boksamlinger, leseselskap og bibliotek og bibliotek på 1800-tallet*, som kom ut hausten 2013. Denne boka dekkjer vesentleg private samlingar og Eide har sjølv reist kring i Noreg og undersøkt desse meir eller mindre intakte samlingane. Ho viser «[...] at det fantes bøker bøker og boksamlinger på steder man minst kunne vente det. På skrinne gårder høyt oppe i fjellet, og på relativt fattige øyer nord i Norge og i trange daler.»¹⁵⁴ Men Eide si bok er også meir enn rein bokhistorie. Det er også Noregshistorie på ein ny måte som syner

¹⁵² Hemstad (red.) 2011: 303.

¹⁵³ Hemstad (red.) 2011: 331.

¹⁵⁴ E. Eide, *Bøker i Norge*, Oslo 2013: 13.

bokkultur som nasjonsbygging. Ho drar liner og kontekstualiserer arbeidet sitt på ein svært interessant måte. At boka beskriv boksamlingar kring i heile landet gir arbeidet eit ekstra løft og kontekstualiserer framstillinga.

1.4.2 Jubileumlitteratur om UB

I 1911 kunne det norske universitetet feira sine første hundre år. Det vart m.a. markert med eit tobands festskrift, det første bandet var *Universitetets almindelige historie* og det andre *De enkelte videnskabers historie*. Universitetsbiblioteket inngjekk ikkje i dette festskriftet, det fekk eit eige verk *Universitets-bibliothekets festskrift i andledning af hundredaarsjubilæet d. 2den september 1911*, også dette i to band. Første delen var eit historisk oversyn frå skipinga og fram til Drolsum var sjef. Framstillinga var skriven av Drolsum sjølv. I forordet skreiv han at han vona å dekkja sin eigen periode seinare. Det vann han aldri. Andre del av festskriftet var *Biografiske Meddelelser om Universitets-Bibliothekets Chefer Samlede af A.C. Drolsum*. Desse biografiane var skrivne av ulike forfattarar og trykte tidlegare.

Til 150-årsjubileet for Universitetet i 1961 kom eit tobandsverk som inkluderte eit bidrag om UB. Dette jubileumsverket var meir ei oppfølging av verket til hundreårsmarkeringa i 1911 enn eit gjennomgåande nytt verk. *Tittelen var Universitetet i Oslo 1911-1961. I-II*.

I band II (ss. 115-60) skreiv overbibliotekar Harald L. Tveterås (1904-91) om UB. Tveterås hadde vore overbibliotekar sidan 1953. Bidraget hans gjekk lenger tilbake i tid enn tidsavgrensinga i verkstittelen. Tittel var *Universitetsbiblioteket 1876 – 1911 – 1961* sidan Drolsum si framstilling frå 1911 hadde stansa i 1876: «[...] Universitetsbibliotekets historie etter 1876 således ikke er skrevet. Selv om nærværende festskrift egentlig er vidd perioden 1911-1961, vil det likevel være naturlig for Universitetsbibliotekets vedkommende å gå tilbake til det tidspunkt hvor Drolsums fremstilling stopper.»¹⁵⁵ Tveterås gav først ei generell historisk framstilling av biblioteket, og tok deretter for seg dei ulike avdelingane.

Til 200-års markeringa av Universitetet i Oslo i 2011 kom det eit bokverk som i storleik overgjekk alle tidlegare jubileumsutgåver: Nibandsverket *Universitetet i Oslo 1811-2011*. Verket hadde utgangspunkt i Forum for universitetshistorie som vart skipa 1992. Forumet var ein forskingsarena for universitets- og kunnskapshistorie. I tillegg til å ha unnfanga det drustelege nibandsverket, har det kome ei rekke hovudfags/masteroppgåver og

¹⁵⁵ Tveterås 1961: 115.

doktorgradsprosjekt frå dette miljøet. Dette store verket har tilstreba ei integrert historietilnærming med meir heilskap enn dei enkelte fag og fakultet sin historie. Det er ikkje noko eige bind om Universitetsbiblioteket og dermed ikkje noko heil gjennomgåande framstilling av UB frå grunnlegginga og fram til no. Drolsum sin periode i biblioteket vert likevel konsist og analytisk behandla i band to *1870-1911. Vitenskapenes universitet* av John Røyne Kyllingstad (f. 1966). Han gir ei kortfatta framstilling av utviklinga på biblioteket og set den inn i endringsprosessen som Universitetet gjekk gjennom i denne perioden.

I tillegg til det store jubileumsverket, står Universitetsbiblioteket sjølv bak to bøker i høve 200-års jubileet: Marit Fonnum (f. 1936) og Kari Halldal (f. 1931) har skrive *På vandring. Medisinsk avdeling av Universitetsbiblioteket i Oslo ved 200-års jubiléet 2011*. Som tittelen seier, dreier denne boka seg om medisinske bibliotektenester, men den gir også generelt oversyn over særleg den tidlegaste fasen til UB. Den andre boka er ei meir allmenn og gjennomgåande bibliotekhistorie *Kunnskap – Samlinger – Mennesker: Universitetsbiblioteket [i Oslo] og forskningen gjennom 200 år* redigert av Svein Engelstad (f. 1957) og Signe Brandsæter (f. 1970). Denne boka har 17 bidrag og den kastar lys over heile UB sin historie, men handlar naturlegvis mest om UB som universitetsbibliotek og ikkje som nasjonalbibliotek.

Av bidraga kan artikkelen til John Peter Collett (f. 1953) *Universitetsbibliotekets historie i universitetets historie* nemnast. Bidraget tar i hovudsak opp UB sin første periode under Georg Sverdrup si leiing. Collett sitt bidrag her finn ein i det vesentlege innholdsmessig att i første bind av *Universitetet i Oslo 1811-2011*.¹⁵⁶ Bjørn Bandlien (f. 1972) gir eit overblikk over biblioteket sine første hundre år *Fra tollboden i København til kartotektempelet i Drammensveien: De første 100 år*. Bandlien supplerer Collett, men han vert litt knapp i siste del. Boka har også ein *Utvalgt bibliografi over skrifter fra, av og om Universitetsbiblioteket i Oslo* med 69 innførsalar. Storparten av publikasjonane er reint bibliotekfagleg og bibliografien er ordna alfabetisk og uklassifisert.

Som ei 175-årsmarkering for vedtaket om å skipa eit norsk universitetet kom i 1986 den rikt illustrerte praktboka *Universitetsbiblioteket i ord og bilder* redigert av Bendik Rugaas (f.

¹⁵⁶ Jf. Collett sin note s. 23 i *Kunnskap-Samlinger-Mennesker*: «Artikkelen bygger på *Universitetet i nasjonen* [av Collett], bind 1 av jubileumsverket *Universitetet i Oslo 1811-2011*, som utkommer høsten 2011. For verdifulle innspill takker forfatteren særleg Elisabeth Eide og Grethe Eidslott.»

1942) og Bo Norlin (1949-99). Dette var ikkje noko vitskapleg verk. Det var ei populær bok om UB som nasjonalbibliotek og bibliotek for heile landet. Bidragsytarar her var dels tilsette ved biblioteket sjølve som skreiv om sine samlingar og tenester og dels kjende forfattarar i samtida som hylla biblioteket. Blant desse var namn som Kjartan Fløgstad (f. 1944), Ketil Bjørnstad (f. 1952) og Vera Henriksen (f. 1927). Denne boka gav ei brei framstilling av dei mangfaldige skattane i biblioteket. Dei eksterne røystene viste at at biblioteket var noko langt meir enn ei intern universitetsteneste.

Norske avdeling ved UB har fått tre festskrift. Avleveringslova vart vedtatt av Stortinget 20. juni 1882 og avdelinga kom i drift 1. januar 1883. Det første festskriftet var til 50-års dagen for vedtaket av lova, det andre markerte 50 år for starten på avdelinga og det tredje feira 100 år sidan starten. *Festskrift til den norske avdeling ved Universitetsbiblioteket 1882-1932* var utgjeven av Francis Bull (1887-1974) og Roar Tank (1880-1957) og trykt i 100 nummererte eksemplar. Festskriftet har 10 bidrag inkludert eit frå kvar av dei to utgivarane. Bull skreiv om Norske avdeling og norsk bibliografi og Tank skreiv eit historisk riss over avdelinga sine første femti år og ein presentasjon av dei eldste trykkeria i hovudstaden. Desse trykkeria hadde også trykt ei helsing til avdelinga, der det mellom anna lydde:

Den norske avdeling er gjennom disse år vokset op til en institusjon som har fått betydning ikke bare for vårt universitet, men også for hele vår litteratur og for hele vår nasjonale kultur – Det er for oss en tilfredsstillelse å vite at også vi gjennom vår årlige avlevering av trykksaker har ydet vårt bidrag til denne utvikling¹⁵⁷

Av bidrag i dette festskriftet kan nemnast artiklar om dei første to leiarane for Norske avdeling. Arne Nygård-Nilssen (1899-1958) skreiv om (sin morbror) J.B. Halvorsen (1845-1900) og Leiv Amundsen (1898-1987) skreiv om Hjalmar Pettersen (1856-1928). Eit utanbys bidrag er Johan Daniel Landmark (1876-1938) sin presentasjon av *Bibliotekarar og assistentar ved Det Kgl. Norske Videnskabers Selskabs Bibliotek i Trondhjem 1766-1858*. Dei fleste bidraga i dette festskriftet var skrivne av personar som ikkje arbeidde i UB, men som likevel hadde ei nær tilknytning til Norske avdeling og UB gjennom sitt vitskapelege arbeid.

¹⁵⁷ R. Tank og F. Bull (red.), *Festskrift til den norske avdeling 1882-1932*, Oslo 1932: [V].

Det andre 50-årsskriftet som var knytta til skipinga av avdelinga kom i heilheit frå UB: *Norvegica. Minneskrift til femti-årsdagen for opprettelsen av Universitetsbibliotekets Norske avdeling 1883-1.januar-1933 av bibliotekets tjenestemenn*. Her hadde overbibliotekar Wilhelm Munthe (1883-1965) eit bidrag om Norske avdelings forhistorie. Dette var ei svært informativ framstilling både av pliktavlevering og nasjonale bibliotekavdelingar. Eit anna interessant bidrag i dette minneskriftet var Lissie Prytz (1896-1979) sitt uttømande oversyn over UB sitt personale frå 1813 til 1932. Her vart 155 medarbeidarar, både personar med kortare opphald i biblioteket og dei som hadde funne si livsgjerning der, presenterte både i eit alfabetisk register og med korte biografiske innførslar.

Til 100-årsdagen i 1983 kom også eit skrift kalla *Norvegica. Minneskrift til hundreårsdagen for opprettelsen av Universitetsbibliotekets Norske avdeling 1883-1.januar-1983*. Her hadde leiaren for Norske avdeling Anne Grete Holm-Olsen (f. 1923) eit oversyn av avdelinga gjennom 100 år og ellers var der bidrag vesentleg av tidlegare medarbeidarar på avdelinga. Gerhard Munthe har eit bidrag om Drolsum og Universitetsbiblioteket.

Dei fleste bibliotekhistoriske arbeid om UB og Norske avdeling er skrivne av personar med tilknytning til institusjonen og i samband med jubileum. Ei artikkelsamling som ikkje var knytt til eit jubileum, men som utmerka seg med ein spesiell tittel var er *Nasjonalbiblioteket: En samling artikler* av Erling Grønland (1912-83) frå 1972. Grønland var leiar for Norske avdeling 1954-77. Bortsett frå eit minneord om W.P. Sommerfeldt (1881-1957), er ikkje dette noko direkte bibliotekhistorisk arbeid, men ei samling av bibliotekfaglege artiklar frå perioden 1957-68. Grønland var opptatt av samtidige og framtidige utfordringar for dei nasjonale bibliotekoppgåvene.

1.4.3 Nordisk perpektiv

Her er nokre titlar som gir innsikt i nasjonalbibliotekutviklinga i dei nordiske grannelanda :I Danmark kom i 1998 antologien *Den trykte kulturarv: pligtaflevering gennem 300 år*. Boka var redigert av Henrik Horstbøll (1952-) og John T. Lauridsen (1951-) og utgitt av Det Kongelige Bibliotek og Statsbiblioteket i Århus. Den var på 631 sider og inngjekk også som volum 16 i serien *Danish Humanist Texts and Studies*, ein serie som Det kongelige bibliotek (KB) har publisert sidan 1977. Serien er basert enten på forskning av staben ved biblioteket

eller på originalt materiale frå samlingane i biblioteket. Den blir gitt ut av Det kongelige bibliotek og Museum Tusulanums forlag, Københavns universitet.¹⁵⁸

Inkludert redaktørane, har boka 11 bidragsytarar samt eit forord av dåverande kulturminister Ebbe Lundgaard (1944-2009). Boka dekkjer pliktavleveringa sitt mangfald frå den første danske forordninga av 11. juli 1697 til samtida. Boka dekkjer forholda i den dansk-norske heilstaten inntil 1814 i kapitla Fra bytteobjekt til nationalobjekt. Pligtaflevering 1697-1783 av Harald Ilsøe (1933-) og Pligtaflevering og nationalbibliotek 1781-1850 av Henrik Horstbøll. Ilsøe bidrar også med Aktstykker til pligtafleveringens historie 1697-1997. Boka markerte både eit 300-års jubileum og ei ny dansk pliktavleveringslov (Lov nr 423 af 10. juni 1997, gyldig frå 1. januar 1998).

Det kongelige bibliotek gir sidan 1954 også ut tidsskriftet/årboka *Fund og Forskning i Det Kongelige Biblioteks Samlinger*. Her er tema knytte til KB sine oppgåver og samlingar, særleg innan bok-, biblioteks- lærdoms og anna kulturhistorie sidan middelalderen.¹⁵⁹

Eit fint oversyn over det svenske nasjonalbiblioteket gir *Kungl. Biblioteket: Byggnaden & samlingarna* frå 1998 med bidrag frå fem medarbeidarar i biblioteket: Ulla Ehrensverd (1927-) gir eit historisk oversyn historien biblioteket sin oppkomst i kongen sitt slott på 1500-talet og fram til samtida: Från Tre kronor til Humlegården. I 1661 vart det lovfesta pliktavlevering til Kungliga biblioteket.¹⁶⁰ Staffan Nilsson skreiv om ombygginga av biblioteklokala i parken Humlegården på Østermalm, som opphavelg opna i 1878: Ombyggnaden 1991-97. Anders Burius (1956-2004) presenterte handskriftsamlinga: Samlingarana av handskrifter. Lars Olsson (1938-) den trykte samlinga: Samlingarana av tryck. Det siste kapittelet er av Göran Bäärnhielm om Kart- og bildsamlingarana. Dette er ei informativ, oversikteleg og rikt illustrert bok på 165 sider.

¹⁵⁸ <http://www.mtp.hum.ku.dk/serierinfo.asp?issn=0105-8746> Besøkt 16.12.2016

¹⁵⁹ «Som videnskabelig årbog fra et nationalbibliotek er det det eneste af sin art i verden. Ud over videnskabelige afhandlinger bringes forskningsoversigter, i de senere år enkelte nekrologer og anmeldelser og det er ofte rigt illustreret.» <https://tidsskrift.dk/index.php/fundogforskning> Besøkt 16.12.2016

¹⁶⁰ «År 1661 fick Kungliga biblioteket som första svenska bibliotek lagstadgad rätt till tryckleveranser och sedan dess har KB haft skyldigheten att bevara och förvara allt svensk tryck. Detta innebar att alla boktryckare i det svenske riket skulle skicka in två exemplar av varje tryckt skrift för arkivering i Kungliga biblioteket och Riksarkivet. Status av Sveriges nationalbibliotek fick Kungliga biblioteket på riktig i samband med detta.» U. Ehrensverd, i *Kungl. Biblioteket*, Stockholm, 1998: 12.

I høve ombygginga av Humlegården i 1997 kom også antologien *Underbart, underbart. Intellektuella strävanden under fem sekel. Någar glimtar ur Kungliga bibliotekets samlingar* med innleiing av dåverande riksbibliotekar Tomas Lidman (1948-) og Anders Burius som redaktør. Fem bidragsytarar tek for seg kvar sitt hundreår og knyter det til dei rike samlingane i biblioteket: Litteraturprofessor Magnus von Platen (1920-2002) skreiv om 1500-talet, litteraturprofessor Stina Hansson skreiv om 1600-talet, litteraturprofessor Inge Jonsson (1929-) skriv om 1700-talet, skribenten Jan Myrdal (1929-) skriv om 1800-talet og litteraturhistorikaren Anders Olsson skriv om 1900-talet. Boka er rikt illustrert med interessante eksempel frå samlingane og «Bildessäerna har skrivits av ett antal nuverande och förutvarande tjänstemän vid Kungliga biblioteket.»

Kungliga biblioteket har har ei aktiv veneforening som heiter *Biblis*, som også gir ut eit høgkvalitets kvartaltidskrift med same namn.¹⁶¹

Om Finland gir Rainer Knapas(1946-) sin rikt illustrerte monografi frå 2012 *Kunskapens rike: Helsingfors universitetsbibliotek – Nationalbiblioteket 1640-2010* ei solid innføring. Boka er utgitt av Svenska litteratursällskapet i Finland og finst både i svensk og finsk utgåve. Den svenske utgåva er på 461 sider. Finland framsto først i 1918 som sjølvstendig nasjonalstat etter å ha lagt under Sverige fram til 1808 og deretter vore eit russisk storhertugdøme. I 2006 fekk Helsingfors universitetsbibliotek namn som nasjonalbibliotek. Sjølv om Finland lenge var under framandt overherredøme, har landet ein lang lærdoms- og boktradisjon og dagens finske nasjonalbibliotek kan førast attende til Åbo akademi grunnlagt i 1640. Dette akademiet var Finland sitt første universitet.¹⁶² Åbo akademi brann opp i den store bybrannen i 1827 og storparten av biblioteket gjekk tapt. Universitetet med bibliotek vart flytta til i Helsingfors. Alt i 1641 kom den første pliktavleveringsordninga i Finland: Akademiboktrykkaren i Åbo skulle levera eit frieksemplar til Akademiet sitt bibliotek. Fram til 1918 var der avleveringsordningar på riksnivå tilpassa det respektive svenske og russiske overherredømet.

¹⁶¹ «Vår vänförening Biblis vil väcka intresse för bokhistoria, bibliografi, bokhantverk och Kungl. Bibliotekets samlingar. Tidskriften är flaggskeppet i verksamheten. Basen i Biblis verksamhet är publicering, men förfeningen ordnar också en rad olika aktiviteter. Många av dem äger rum på KB. Till de stora evenemangen räknas The Georg Svensson Lecture och utdelingen av Berlingpriset.» <http://www.kb.se/om/Samarbete/Biblis/> Besøkt 10.03.2017

¹⁶² I motsetning til den svært sentraliserte dansk-norske heilstaten, var der i Sverige under stormaktstida (1560-1721) ei meir desentralisert statsbygging: «Under 1600-talet gjorde statsmakten stora ansträngningar för att förbättra utbildningsväsenet i landet. Stormakten behövde Sverige välutbildade människor som kunde fungera inom kyrkan och statsförvaltningen.[...] Under stormaktstiden grundades universitet i Dorpat [Tartu], Greifswald, Åbo och Lund.» O. Larsson, *Svensk historia*, Lund 2012: 101.

Desse bøkene viser lange og samanhengande pliktavleveringstradisjonar i dei nordiske grannelanda, og dei viser også framveksten nasjonale bibliotekavdelingar. Dette var strukturar som var vel etablerte då Drolsum kom i posisjon på Universitetsbiblioteket.

Den tidlegare nemnde antologien *Bibliotheken der nordischen Länder in Vergangenheit und Gegenwart* er eit velstrukturert og konsist verk som presenterer det samla bibliotekfeltet i kvart nordiske land. Ved sida det tidlegare nemnde bidraget om Noreg av Gerhard Munthe, skriv direktør ved Universitetsbiblioteket i København Torben Nielsen (1918-??) om Danmark, her er Grønland og Færøyane inkluderte. Avdelingsdirektør ved Lunds universitetsbibliotek, Christian Callmer (1908-85) skriv om Sverige, direktør ved Universitetsbiblioteket i Helsingfors, Esko Häkli (f.1936) om Finland og direktør ved Universitetsbiblioteket i Reykjavik, Einar Sigurdsson (f.1933) om Island. Boka er illustrert og kvart bidrag har litteraturliste. I tillegg er der også innleiingsvis ei litteraturliste. I det vesentlege går boka fram til 1975. Det ser ikkje ut til å ha kome noko tilsvaranade verk med slik tilnærming seinare. På sitt felt er dette såleis eit standardverk.

Eit viktig og langvarig, men no avvikla, nordisk fellestiltak var *Nordisk Tidskrift för Bok- och Bibliotekväsen* som vart grunnlagt i 1914 og endra namn til *Nordisk Tidskrift för Bok- och Bibliotekshistoria* i 1997 og vart nedlagt i 2006. Sjå også kap. 4.1.5 og note 567.

1.4.4 Folkebibliotek

Nils Johan Ringdal (1952-2008) sitt verk til 200-årsjubileet for Deichmanske bibliotek i 1985 *By, bok og borger* står i ein særstilling som institusjonshistorie på dette feltet. Erling Annaiassen (f. 1946) og Geir Vestheim *Bok over land. Trekk ved Statens bibliotekstilsyns historie* frå 1999 vart skriven i høve tilsynet sitt 50-års jubileum. Bibliotektilsynet var det øvste organet tilsyns- og fagorganet for folke-, fylkes og skulebibliotek.¹⁶³ Boka dreg lange historiske liner og samanhengar. I 2002 kom Egil Helle (1923-2006) med «... *merkverdig frit for sindsbevægelser*»: *BS, 50 år i bibliotekenes tjeneste*. BS, Biblioteksentralen, vart skipa i 1952 som ei vidareføring av Folkeboksamlingenes ekspedisjon (1902) er ein tenesteleverandør til norske folkebibliotek.¹⁶⁴ Den er eigd av fylkeskommunane, Norske

¹⁶³ I 2002 vart Bibliotektilsynet avvikla som eigen etat og oppgåvene gjekk over til det nyskipa samlingsorganet ABM-utvikling-Statens samordningsorgan for arkiv, bibliotek og museum. ABM vart nedlagt i 2010 og dei statlege bibliotekoppgåvene vart då i hovudsak overført til Nasjonalbiblioteket.

¹⁶⁴ BS leverer m.a. bøker, katalogdata, innbindingstenester, bibliotekmateriell, inventar, innreiding, bibliografiske produkt og hjelpemiddel m.m.

kommunars sentralforbund og Norsk bibliotekforening. Geir Vestheim si historisk-sosiologiske doktoravhandling *Fornuft, kultur og velferd* (Gøteborgs universitet 1997) tangerer også perioden for denne avhandlinga, men dekkar vesentleg folkebibliotekpolitikk frå 1930-åra og framover. I høve Norsk bibliotekforening sitt hundreårsjubileum i 2013 var der planlagt eit større bibliotekhistorisk verk, men dette vart skrinlagt.

1.5 Kjelder

1.5.1 Stortinget

Eit sentralt og gjennomgåande materiale som syner korleis Drolsum fremja biblioteket sine interesser, er budsjettsoknader med grunngevingar og utgreingar. Desse gjekk via Det akademiske kollegium til departement og stortingskomité før Stortinget avgjorde saka. Dette er tilgjengeleg i *Stortingsforhandlingane*.

1.5.2 Årsmeldingar

Frå 1884 kom UB sine årsmeldingar som eiga årbok, med ein noko ujamn utgivingsfrekvens. *Norske Universitets- og Skoleannaler* refererer også årsmeldingane. Årsmeldingane var ein viktig kanal å beskriva og analysa stoda i biblioteket og også kva som burde gjerast.

1.5.3 Arkiv

I Riksarkivet har *RA/S-4102 Universitetsbiblioteket* eit omfattande materiale for perioden av kopibøker og journalar, men det er vesentleg ekspedisjonssaker og handskrivne underlag for seinare trykt materiale. Dei aktuelle kopibøkene og journalane vart byrja i 1870 av Drolsum sin forgjengar Daae, men han førte dei berre eit år. Der er lakuner frå 1871 til 1883 då Drolsum starta ei omfattande føring ut heile sin embetsperiode.

Frå byggekomiteén for det nye bibliotekbygget på Observatorietomta har Riksarkivet forhandlingsprotokoll, kopibok, korrespondanse og anvisningsprotokoll *RA/S-2868/F/L0001+2*. Dette materialet er stort sett om byggetekniske forhold og er ikkje dratt inn

i avhandlinga. Arkivet etter Norske avdeling, som er i Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana, dekker primært tida etter Drolsum.¹⁶⁵

1.5.4 Brev

Björg Dale Spørck sitt ovannemnde Nota Bene-hefte er ei edisjonsfilologisk kjeldeskriftutgåve med 347 brev frå av Drolsum. I tillegg til breva som er i Nasjonalbiblioteket si handskriftsamling (NB Brevsamling 452), har Spørck funne brev i Det kongelige bibliotek i København, Statens arkiver i Danmark (Landsarkivet for Sjælland, Lolland-Falster og Bornholm), Kungliga biblioteket og Kungliga Vetenskapsakademien i Stockholm og Uppsala universitetsbibliotek. Brev er ordna kronologisk.

Av dei bevarte breva frå Drolsum er dei fleste skrivne til bibliotekpersonar: 60 brev gjekk til overbibliotekar Christian W. Bruun (1831-1906) ved Det kongelige bibliotek i København. Desse breva syner at Drolsum var svært fortruleg med Bruun, som vart knytt til KB i 1857 og leia biblioteket frå 1862 til 1901. Der er 42 brev til Wilhelm Munthe. Han vart Drolsum sin etterfølgar i 1922, men han hadde byrja ved UB alt i 1903. Samlinga har ingen tilsvarande korrespondanse med andre medarbeidarar i biblioteket. Forholdet mellom Drolsum og Munthe, var som vi skal sjå seinare, svært godt. Vidare er der 29 brev til Johan August Ahlstrand ((1822-96) ved Kungliga biblioteket i Stockholm. Til Claes Annerstedt (1839-1927) ved Uppsala UB og Gustav Edvard Klemming (1823-93) ved Kungliga biblioteket er det 19 brev til kvar. Utifrå desse breva tyktes Drolsum å vera fortruleg med Ahlstrand medan han verka meir distansert til Klemming.

Spørck har skriva ei instruktiv innleiing og eit opplysende forord. Her er også interessante illustrasjonar, og ikkje minst eit grundig register over omtalte personar og brevmottakarar. Dette rikholdige verket syner også andre sider av Drolsum sitt lange liv og virke som offentlig person i andre samanhengar enn biblioteksaker. Brev er interessante som kjelder til Drolsum sine private synspunkt og vurderingar på ein måte som ikkje kjem fram i offisielle dokument. Denne samlinga indikerer også at Drolsum sitt bibliotekfaglege nettverk var med kollegaer i Sverige og Danmark.

¹⁶⁵ Ein del verdifullt materiale frå Norske avdeling har truleg vorte tapt under ombygging av bibliotekbygget i perioden 2003-2005. Opplyst av forskingsbibliotekar Øivind Berg 19.11.2013.

1.5.5 Andre

Ei kjelde frå overbibliotekar Drolsum sjølv er utgreiinga hans frå 1880 *Om Universitetsbibliotheket. Forslag til en Omordning af Personalet m.v. afgivet af Bibliothekaren til det akademiske Kollegium med Tillæg: Bibliothekarens Skrivelse af 26de Novbr. 1881*. Med denne utgreiinga formulerte Drolsum sitt store reformprogram for UB. Han gav ein historisk bakgrunn og han beskreiv UB som det var og kva som skulle til for at det skulle verta slik han meinte det burde vera.

Ei anna kjelde frå Drolsum sjølv er bidraget hans i *Studenterne fra 1864*. Denne framstillinga er på 21 sider og dagsett 4. mars 1915. Dette er ei interessant levning der overbibliotekaren presenterer seg sjølv på eigne premissar.

To andre utgreiingar, som også vert tatt opp seinare i avhandlinga kan nemnast: Universitetet si utgreiing om UB etter innflyttinga i nybygget på Drammensvegen: *Bibliotekskomiteénes store utredning av 28. nov. 1918* og den departementsutnemnde *Bibliotekkomitéen av 1919: Innstilling om bibliotekvesenets ordning* frå 1921. Den første komitéen var universitetsintern, den andre komitéen skulle belysa det samla norske bibliotekfeltet.

Tidsskrifta *For folke- og barneboksamlinger* (1907-), som i 1916 endra namn til *Folkeoplysning*, *Zentralblatt für Bibliothekswesen* (1884-) og *Nordisk tidskrift för bok- och bibliotäksvesen* (1914-) er også gjennomgått.

KAPITTEL 2. 1870-82. FRÅ VIKAR TIL REFORMATOR

Dette kapitlet dekker perioden frå Drolsum byrja som vikar i Universitetsbiblioteket og fram til det vesentlege rammeverket i reformprogrammet hans var på plass. I løpet av nokre få etter at Drolsum overtok leiinga av UB gjekk biblioteket gjennom ein fundamental endrings- og moderniseringsprosess. Noko av denne prosessen kan nok tilskrivas samfunnsutviklinga, men Drolsum sin rolle som endringsagent og strateg var essensiell for å posisjonera biblioteket i ein nasjonsbyggande kontekst. Kva var det Drolsum gjorde? Korleis skapte han sitt handlingsrom? For å setja Drolsum i ei ramme, blir det innleiingsvis eit tilbakeblikk på UB frå starten av og fram til han kjem på banen.

2.1 UB før Drolsum

Drolsum tok over leiinga av biblioteket i 1876. Då vart han med kongeleg resolusjon utnemnd til universitetsbibliotekar, 20 år seinare vart tittelen omgjord til overbibliotekar. Han vart den femte leiaren for biblioteket. Det norske universitetet vart vedtatt for oppløysinga av unionen med Danmark og frå vedtaket om etablering i 1811 og fram til unionsoppløysinga i 1814 vart dei første grepa tatt for å forma den nye institusjonen.

2.1.1 Georg Sverdrup

I januar 1813 vart dei første seks professorane til det nye universitetet utnemnde.¹⁶⁶ Nummer to av desse var den klassiske filologen Georg Sverdrup (1770-1850). Han vart samstundes også utnemnd til leiar for det vordande Universitetsbiblioteket. Sommaren 1813 starta undervisinga til examen artium i provisoriske lokale i Christiania, og Sverdrup førelas i gresk og latin. Examen artium var grunnlaget for vidare universitetsstudiar, og før det norske universitetet vart grunnlagt, måtte denne prøva avleggast ved Københavns universitet.

Ein vesentleg grunn til at Sverdrup fekk ansvar for biblioteket, kan ha vore at han etter å ha å fullført utdanninga si ved Københavns universitet i 1798, oppheldt seg halvanna år ved Universitetet Göttingen i Tyskland. Det var «[...] en høyborg for tysk nyhumanisme og arnestedet for moderne antikkvitenskap.»¹⁶⁷ Nyhumanistane var særleg opptatt av arven frå

¹⁶⁶ J.P. Collett, *1811-1870: Universitetet i nasjonen*, Oslo 2011: 139-43.

¹⁶⁷ Ø. Andersen, Georg Sverdrup – greskprofessor og grunnlovsmann, *Klassisk forum* 2007:2: 63.

det gamle Hellas, i motsetnad til renessansehumanistane som hadde sikta mot den klassiske latiniteten. Det var ei sterk tru på antikk danning som gav den klassiske filologien og antikkvitskapen ein særleg verdi. I nyhumanismen var dette frigjord frå teologien og gjort til ein ålmenn dannelsesverdi. Dette var ei retning som også kom til å prega det norske universitetet sine første tiår, og som Sverdrup var ein representant for. Men der var også meir å henta i Göttingen. Det var nyskapande undervisningsmetodar med seminarform og ikkje minst eit framifrå universitetsbibliotek. Sverdrup fekk inspirasjon som påverka han for ettertida.¹⁶⁸ Men han fekk ikkje noko praktisk røynsle frå bibliotekarbeid.

Til ut på 1830-talet var Georg Sverdrup einerådande med innkjøpa til biblioteket. I ein kommentar til årsmeldinga for 1835 etterlyste Universitetet sin prokansler grev Herman Wedel Jarlsberg (1779-1840) nærare opplysingar om korleis dei årlege løyvingane til biblioteket var brukte. Både departementet og Det akademiske kollegium følgde opp kritikken, og Sverdrup svara med ei utgreiing til kollegiet. Det viktigaste målet for innkjøpa, i følge Sverdrup, var at biblioteket fekk dei beste og viktigaste verk i dei faga som Universitetet etter gjeldande lover gav undervisning i. Biblioteksleiinga (dvs. Sverdrup) hadde alltid lagt vinn på at ingen fag skulle få meir på kostnad av andre. Vidare måtte innkjøpa ta omsyn til den samla boksamlinga. Sverdrup framheva også dei store manglane og lakunene i bokgåva frå danskekongen. For å fylla desse hola måtte det kjøpast inn både eldre og nyare litteratur.

I følgje Sverdrup var det viktig at bibliotekleiinga disponerte innkjøpsbudsjettet og at det ikkje vart fragmentert på dei ulike fagmiljøa.¹⁶⁹ Innkjøpsønskje frå dei ulike fagmiljøa vart leverte til biblioteket utan faste rutinar. Sverdrup meinte at all vitskap var ein samla heilskap innafor ei felles filosofisk overbygging og bibliotekleiinga, dvs. han sjølv, hadde den nødvendige oversikta for å følgja med. Dette var eit syn som tida hadde gått i frå, og i 1838 var det innført nye reglar for bokinnkjøp. To gonger i året skulle dei fire fakulteta (jus, filosofi, medisin og teologi) levera inn ønskelister, som biblioteksjefen kunne vurdere, men avgjersla var tatt av kollegiet. Om det var behov for å kjøpa noko mellom desse rundane, skulle det gå via kollegiet. I tillegg skulle det publiserast ein tilvekskatalog. Det nye innkjøpsreglementet viste seg å vera lite handterleg i praksis. I 1842 vart det endra til at

¹⁶⁸ Gerhard Munthe meinte at opphaldet i Göttingen var utslagssgjevande for at Sverdrup fekk ansvar for biblioteket. B. Norlin og B. Rugaas (red.), *Universitetsbiblioteket i ord og bilder*, Oslo 1986: 10.

¹⁶⁹ Eit unntak frå dette synet var at fagfeltet botanikk som hadde fått etablert eiga boksamling med Sverdrup sitt samtykke ved Botanisk hage på Tøyen.

forslaga skulle vurderast av biblioteket, dermed fekk Sverdrup atter råderett over innkjøpsbudsjettet.

Sverdrup sitt innkjøpsbudsjett var relativt romsleg. Gjennom 1830-talet låg det på 3000 speciedaler. Frå 1839 og mange år framover låg annuum på 3 500 speciedaler. Dette var meir enn halvparten av det årlege budsjettet til drift av vitskapelege samlingar og institutt ved Universitetet.

Som bibliotekleiar konsentrerte Sverdrup seg om innkjøp og økonomi, medan arbeidet i biblioteket var i praksis ei bistilling. «Gjennom mange år foreleste Sverdrup hver eneste dag i uken fra mandag til lørdag: Søndag etter kirketid var han å treffe i biblioteket.»¹⁷⁰ I 1841 fekk Sverdrup oppleve at grunnsteinen til det nye *Domus Bibliotheca* vart lagt og i 1845 takka han av som universitetsbibliotekar. Sverdrup hadde vore ein heilt sentral person under etableringa og dei grunnleggande åra til det norske universitetet. Men den klassiske lærdoms- og danningkulturen han stod for var på hell då han gjekk av. Nye faglege vindar bles over Universitetet, jamfør kapittel 1.3.1.

2.1.2 Frederik Wilhelm Keyser

Sverdrup sin etterfølgar som bibliotekleiar var Frederik Wilhelm Keyser (1800-1887): Han var ingen ny mann i biblioteket.¹⁷¹ Etter eit par år med filologistudier byrja Keyser å arbeida på UB alt i 1820. Der vart han Sverdrup sin næraste og mest betrudde medarbeidar. Keyser var den første som fekk UB som arbeidsplass gjennom heile yrkeslivet. Like frå han byrja i biblioteket hadde Keyser vore den berande arbeidskrafta der. Arbeidsbøra var så stor at han først ikkje ville stå som eineleiar etter Sverdrup. Han ville ha med seg ein universitetslærer for å dela ansvaret for innkjøp og økonomi. «Denne stilling falt dog meget snart bort, og K. blev, også i offisielle skrivelser kalt «universitetsbibliotekar» uten nogensinne å ha fått formell utnevning i embedet.»¹⁷² Under Keyser sin leiarperiode var det ikkje lovfesta pliktavlevering til biblioteket, og Keyser sjølv var primært opptatt av universitetet sine behov.

¹⁷⁰ J.P. Collett, *Bok 1. 1811-1870. Universitetet og Nasjonen, Oslo 2011: 322.*

¹⁷¹ Han var bror til historikaren professor Rudolf Keyser (1803-1864) og teologen professor Christian Keyser (1798-1846)

¹⁷² W.P. Sommerfeldt, Keyser, Frederik Wilhelm, bd. 7 i, *Norsk biografisk leksikon*, Oslo 1936: 267.

Den seinare overbibliotekar Wilhelm Munthe hevda: «Om universitetsbibliotekar Keyser selv tør man vel si at han savnet forståelsen av bibliotekets oppgave som nasjonalbibliotek.»¹⁷³ Men så spørs det kva ein meiner med nasjonalbibliotek. Keyser førte nok vidare Sverdrup si oppfatninga av at nasjonalbibliotekfunksjonen ikkje betydde at samlinga nødvendigvis skulle vera komplett med alt som kom ut i Noreg. Det viktigaste var å skaffa det *Fortrinlige*.¹⁷⁴

Den store hendinga i Keyser sin leiarperiode var flyttinga til Domus Bibliotheca på Karl Johans gate:.

I K.s. chefstid blev Universitetets nye biblioteksbygning ved Karl Johans gate ferdig (i bruk som bibliotek 1850/51-1913). Som arkitekt Grosch's rådgiver innla K. sig store fortjenester ved innredningen; bygningen var en av samtidens mest praktiske og økonomiske i sitt slags. Overflytningen til det nye hus ordnet K. på en slik måte at biblioteket ikke var stengt én dag og hvilkensomhelst bok var tilgjengelig på kort varsel for låntagerne hele tiden mens flytningen foregikk.¹⁷⁵

Med flyttinga frå uhensiktsmessige gamle lokala i Garnisonsjukehuset til Domus Bibliotheca hadde biblioteket fått plass i det som i si tid kanskje var det mest moderne universitetsanlegget i Europa? Universitetsanlegget låg mellom stortingsbygningen (1866) og det kongelege slottet (1849) og var med på gi den vesle norske hovudstaden eit moderne storbypreg.

2.1.3 Domus bibliotheca

Universitetsbygningane var tatt i bruk etterkvart som dei vart ferdige mellom 1850 og 1853. Tidas sentrale norske arkitekt Christian Heinrich Grosch (1801-64) hadde teikna universitetsbygningane i samarbeid med den tyske arkitekten Karl Friedrich Schinkel (1781-1841). Ved sida av biblioteksbygget var der eit museumsbygg, Domus Media, og eit undervisningsbygg, Domus Academica. Førebiletet for det nye biblioteket var Bayerische Hof- und Staatsbibliothek i Munchen som var ferdig i 1842. I følge seinare overbibliotekar Gerhard Munthe var den nye bibliotekbygningen både praktisk og funksjonell: «[...] og antakelig er det bare beliggenheten i det fjerne Norge som gjorde at den ikke fikk større

¹⁷³ Munthe 1933: 23.

¹⁷⁴ Collett 2011: 422.

¹⁷⁵ Sommerfeldt 1936: 267.

betydning som forbilde for samtidens og ettertidens biblioteksarkitektur.»¹⁷⁶ Bygget var planlagt etter salsprisippet, dvs. boksalor langs veggane, men dei seks boksalane var smale og hadde tre galleri over golvplanet. Dermed slapp ein lange stigar og bøker kunne hentast frå golvhøgde. For å få eit felles eksteriør på heile universitetsanlegget var der to vindaughøgder i biblioteket medan det innvendig vart fire golvplan. Dermed vart det mindre lys for nokre boketasjar. Heilskapen var likevel vellukka og der var ein kapasitet til 250 000 band. Ved innflyttinga hadde biblioteket ca. 125 000 band.

Sjølv om biblioteket framstod som nytt, framtidsretta og romsleg ved innflyttinga, så vart dei i utgangspunktet romslege lokala fram mot mot hundreårskiftet snart fylde opp og vel så det. Biblioteket trong etterkvart meir plass. Tomta for dei nye universitetsbygningane var for det meste blaut leire og det var langt ned til fast grunn. Arkitekten valde ein velkjend fundamenteringsmåte for bygningar som ikkje låg på berggrunn. Flåtar av samanbunde furutømmer vart lagde ned i grunnen og bygningane kvilte på flåtane. Men fundamenteringa av biblioteket støyte på ekstra store problem sidan grunnen her var ei blanding av leire og fast fjell og då nytta det ikkje med flåtar. For å få eit stabilt grunnlag jamt med steingrunnen vart det slått ned pålar. Dei spesielle grunnforholda gjorde at det vart uråd å leia vatnet bort frå kjellaren i biblioteket. For å bøta på dette problemet vart det grave fire vide og grunne brønner ved kvart hjørne av kjellargolv. I 1861 skjedde det ei tragisk ulukke då bibliotektenar Harald Jensen (??-1861) fall oppi ein av desse brønnane og drukna.¹⁷⁷ Dei vanskelege grunnforholda var avgjerande for at Universitetsbiblioteket sitt neste bygg kom på Observatorietomta ved Drammensvegen.

Etter å fått innfridd søknad om pensjon gjekk Keyser av som bibliotekleiar i 1864. Han heldt fram å arbeida i biblioteket som uløna medarbeidar. Keyser hadde ikkje stått for noko fagleg forfatterskap, han hadde konsentrert heilt og fullt om praktisk bibliotekdrift. «Hans hjelpsomhet var legendarisk og bibliotekets brukere og venner ga i 1870 en marmorbyste av ham, utført av billedhuggeren Olaf Glosimodt (1821-1901), som takk for hans uegennyttige tjeneste. Den står i dag i bibliotekets utlånskontor.»¹⁷⁸ Denne bysta står stadig i biblioteket.

¹⁷⁶ G. Munthe, *Norsk bibliotekhistorie: Fra de eldste tider og fram til 1920*, Upublisert ms 67.

¹⁷⁷ Collett 2011: 459 + 465.

¹⁷⁸ G. Munthe upublisert ms. : 65

2.1.4 Paul Botten Hansen

Keyser sin ettermann som bibliotekleiar Paul Botten Hansen (1824-69) stod definitivt for eit fagleg forfatterskap. Botten Hansen hadde eit utgangspunkt som var langt unna Universitetet. Han var fødd utanfor ekteskap og vaks opp saman med mora sine foreldre i Sel i Gudbrandsdalen. Tidleg synte han svært gode evner og dette vart oppdaga både av omgangsskulelæraren i bygda og soknepresten i Vågå. 15 år gamal kom han til Lillehammer der han i åtte år ved sida kontor- og butikkarbeid dreiv med omfattande lesing. Deretter kom han til hovudstaden og tok først examen artium og så andreeksamen utan å driva det til vidare universitetstudiar. Han prøvde å slå seg fram som forfattar, og han byrja å bygga opp ei omfattande privat boksamling. Saman med Henrik Ibsen (1828-1906) og Aasmund Olavson Vinje (1818-70) starta Botten Hansen det satiriske vekebladet *Andhrimner* i 1851. Dette bladet fekk ei kort levetid, og Botten Hansen vart deretter redaktør for *Illustreret Nyhedsblad* som han losa gjennom 15 årgangar. Saman med mellom andre Ibsen og Vinje var Botten Hansen også sentral i ein krins av intellektuelle i hovudstaden som gjekk under namnet Det lærde Holland. Dette var eit miljø med felles vitskaplege og litterære interesser.

Som skjønnlitterær forfattar gjorde ikkje Botten Hansen nokon suksess. Han lukkast betre som journalist. Men det var som litteraturkritikar, bibliograf og boksamlar han verkeleg utmerka seg.¹⁷⁹ Han var ein bibliografisk pioner i Noreg. Mellom anna laga han *Norsk Bogfortegnelse 1848-65* (kom ut 1867-70) og *La Norvège littéraire*. Dette var den første systematisk-kritiske bibliografien over norsk litteratur frå dei eldste tider. Den vart utgitt som katalog til eit utval av av Botten-Hansen sitt private bibliotek og lagt fram på verdsutstillinga i Paris i 1867. Botten Hansen hadde bygd opp eit framifrå privatbibliotek på 14 000 band. Etter hans død vart det kjøpt inn til Bergen og danna ei grunnstamme i Bergen offentlege bibliotek.¹⁸⁰

Frå 1856 til 1860 var Botten-Hansen kopist i Riksarkivet. Sommaren 1860 vart han tilsett som andre amanuensis ved Universitetsbiblioteket, og våren 1864 tok han over leiinga etter Keyser. Sommaren 1869 døydde Botten Hansen brått og uventa av lungebetennelse. Med sin tidlege død fekk ikkje Botten-Hansen setja preg på biblioteket. Hadde han fått leva lenger, tyder mykje på at hadde hadde vendt biblioteket sin kurs i ein meir samfunnsmessig lei enn

¹⁷⁹ ««Men «Pål Botten» vedblev alltid å være mer litterat enn biblioteksmann. Hans største fortjeneste er i grunnen det privatbibliotek som han hadde samlet ved å være en flittig gjest på bokauksjoner, trykkerier og alle andre steder hvor det var bøker å opspore. Han kjøpte ofte «forundringspakker» på auksjonene eller bestilte et eksemplar av alle småtrykk fra et provinstrykkeri en bloc.» Munthe 1933: 23.

¹⁸⁰ S. Aa. Aarnes, Botten-Hansen, Paul, 1824-69, bd. 1 i, *Norsk biografisk leksikon*, Oslo 1999: 427.

Keyser sin reint universitetsorienterte kurs. Han meinte at bortfallet av pliktavlevering var eit tap for UB som nasjonalbibliotek og nasjonalbibliotekrollen plikta til å ta vare mest mogleg av samtidas trykk for ettertida. Men han hadde ikkje tru på at pliktavleveringa kunne gjeninnførast. Botten-Hansen meinte at det i samtida var det uråd å vita noko om kva som ville bli etterspurt i framtida:

Men forsaauidt Universitets-Bibliotheket som vor eneste omfangsrige offentlige Bogsamling tillige skal have den Opgave at være et National-Bibliothek, vil det med Hensyn til Fuldstændighed ikke kunne fyldestgjøre den fremtidige Forskers Krav. Og dette af naturlige Grunde. Mangt et Skrift, som i sin Nyhed synes betydningsløst, kan ved udfordrede Omstændigheder blive af Viktighed enten i historisk eller literær Retning. Thi historisk og kulturhistorisk taget er intet Skrift, ja selv intet nyt Optryk ganske uden Interesse. Endog de mest obskure Opbyggelsesskrifter kunne med Tiden øve en mer indgribende Indflydelse paa det egentlige Folks Aandsliv end den mest feirede Digters Arbejder.¹⁸¹

Dette var tankar som Drolsum delte, og som han fekk verkeleggjort då han seinare vart leiar for biblioteket. Sjølv utan pliktavlevering ville Botten-Hanssen at det norske materialet skulle samlast for seg sjølv i ein eigen norsk avdeling i biblioteket. Det vart med tanken, men som eit bidrag til å auka norsk materiale i biblioteket, fekk han seld si private småtrykksamling til UB. Dette var eit materiale som han meinte var svært viktig. Jf. ovanstående sitat.

2.1.5 Ludvig Daae

Som eit kort interegnum etter at Botten-Hanssen døyde brått, kom Keyser attende som leiar.¹⁸² I november same år vart universitetstipendiat Ludvig L. Daae utnemnd til leiar for biblioteket. Daae sat i denne stillinga fram til han vart professor i historie i 1876. Stillinga i biblioteket var såleis ein mellomstasjon på vegen til professorat. Ludvig Daae hadde vore nær ven av Botten-Hansen i krinsen Det lærde Holland. Erttida kjenner han best som historikar, og hans største innsats for biblioteket var nok at han rekrutterte Drolsum til institusjonen. Som vi skal sjå seinare i framstillinga, støtta Daae seg svært mykje på Drolsum medan han var universitetsbibliotekar. Daae var nok meir ein bibliotekbrukar enn ein bibliotekarbeidar:

¹⁸¹ Frå eit brev frå Botten-Hansen til det akademiske kollegium dagsett 8. oktober 1868. Sitert frå Drolsum: *Universitets-Biliotheket 1811-1911*, Kristiania 1911: 82.

¹⁸² *Det Kgl. Norske Frederiks Universitets Aarsberetning* 1869: 2.

De katalogsedlene han skrev var mer preget av et sterkt temperament enn av skjønnskrift og bibliografisk nøyaktighet. Hans forståelse for Universitetsbibliotekets forpliktelser overfor et større publikum kjente også sine grenser. «Unge mann, det var Universitetsbibliotekets lykkeligste dager den gang det var en vel bevart hemmelighet at Gud og hvermann kunne låne der»; sa han en gang til en av sine unge venner.¹⁸³

Sjølv om ikkje Daae var den bibliotekleiaren som sette dei djupaste spora etter seg, så hadde han ei klar forståing av at UB også skulle vera noko meir enn eit reint studiebibliotek for Universitetet sine løpande faglege behov. I 1872 sende han ut eit rundskriv til avisutgivarane kring i landet og oppmoda dei om å gi eit frieksemplar av avisene til Universitetsbiblioteket mot at biblioteket dekkja porto og sytte for innbinding og trygg bevaring.¹⁸⁴ Han framheva at det var ei hovudoppgåve for Universitetsbiblioteket som *Rigets Centralbibliothek og dets eneste i stor Stil anlagte Bogsamling* å få ei fullstendig samling av avisene landet. Dette ville vera viktig materiale i framtida både i vitskaplege og andre samanhengar.

Sidan pliktavleveringa hadde falle bort i 1839 hadde det vore ein stor vekst i norsk presse. I 1840 hadde landet 48 aviser i 1870 var det auka til 79.¹⁸⁵ Avisauken var ein følgje av at det hadde vakse fram ein kulturell og politisk offentlegheit i det norske samfunnet. Samstundes som avisene var sentrale og viktige meinings- og informasjonsberarar i samtida, ville dei på grunn av sin mengde, omfang og gjerne dårlege papirkvalitet verta tapte for ettertida om ikkje nokon tok ansvar. Her såg Daae ei oppgåve for UB.

I rundskrivet nemnde Daae at lovfesta pliktavlevering av bøker og periodiske skrifter var vanleg dei fleste europeiske statar. T.d i Danmark skulle to eksemplar leverast til respektive Det kongelige bibliotek og Københavns universitetsbibliotek. Slik var det ikkje i Noreg: «En lignende, skjønt neppe juridisk grundet Forhold har omtrent indtil 1840 bestaaet til Fordel for dette Bibliothek, men er i de sidste tredive Aar faktisk ophørt.» Daae poengterte også at fleire aviser avleverte frivillig til biblioteket, men om ikkje avleveringa auka, ville mange aviser gå tapt.

Daae si oppmoding kom i høg tid. Som vist ovanfor hadde avistalet auka. Men samstundes hadde avissamlinga til UB minka frå 27 i 1839 til 21 på 1840-talet og 11 på -50 talet. Lågmål

¹⁸³ B. Norlin og B. Rugaas (red.), *Universitetsbiblioteket i ord og bilder*, Oslo 1986: 16.

¹⁸⁴ Rundskrivet er trykt som Bilag III til Drolsum sitt reformforslag *Om Universitetsbibliotheket: Forslag til en Omordning af Personalet m.v.*, Christiania 1880: [53]-54.

¹⁸⁵ M. Eide (bindred.), *En samfunnsmakt blir til, 1660-1880*, bd. 1 i H.F. Dahl (hovedred.), *Norsk presses historie*, Oslo 2010: 277.

var 9 i 1868. Samstundes som pressa vaks, minka avleveringa. Dette var ei dårleg utvikling, men Daae sin appell vann fram og nærare 40 aviser byrja å levera til biblioteket. Men mange fall også snart frå.¹⁸⁶

Denne saka viser utfordringar ved nasjonalbibliotekrollen og pliktavlevering. Det dukka også opp ei anna sak med avlevering i Daaes leiertid. Bokhandlarforeningen ønskte at UB skulle etablere eit offentleg forlagsregister basert på frivillig avlevering. Dette vart grunnlag for Drolsum sitt arbeid med lovfesta avlevering.

Ser vi samla på Drolsum sine fire forgjengarar som leiarar for UB, var tre av desse Sverdrup, Botten-Hanssen og Daae personar som også var aktive i andre samanhengar enn biblioteket og dei såg også på UB som noko meir enn berre eit bibliotek for Universitetet. Den fjerde, Keyser, var nok mest innretta mot Universitetet. Keyser var også den einaste av desse som var i biblioteket heile sitt arbeidsliv.

2.2 Drolsum finn sin plass

2.2.1 Tempora mutantur

Måndag 3. januar 1870 kl. 10.00 meldte Axel Charlot Drolsum seg til teneste på Universitetsbiblioteket. I utgangspunktet var dette berre eit lite vikariat, men han fekk snart fast stilling og det vart starten på ein 52-årig yrkeskarriere i biblioteket. Seks år seinare vart Drolsum utnemnd til universitetsbibliotekar, dvs. sjef for biblioteket. Før han fylde 30 år vart Drolsum leiar for Noreg sitt einaste universitetsbibliotek.

Ved juletid 1869 år fekk Drolsum tilbod fra Daae om eit vikariat ved biblioteket. Det var eit vikariat for tredjeamanuensis Jens Lieblein (1827-1911), som var på reise i Egypt. Drolsum hadde også andre gjeremål i denne perioden før biblioteksarbeidet fylde heile arbeidstida hans. Frå hans eiga framstilling var det heller biblioteket, gjennom Daae, som kom til han, enn at han sjølv kom til biblioteket. Såleis var det nok heller slumpehøve enn klare planar som leidde Drolsum inn på leia der han skulle fylla sin historiske rolle. Slik hugsa han, i følge seg sjølv, entréen på UB:

¹⁸⁶ Munthe 1933: 24-25.

Ved et Tilfælde (som jeg senere tok som et godt Varsel) blev Døren aabnet for mig – af gamle Univ. Bibliothekar Keyser. Jeg haaber, at dette ikke bliver misforstaaet, naar jeg siger, at jeg senere fandt, at jeg nærmest maate betragte mig som hans Eftermand.¹⁸⁷

Innanfor døra var det praktisk bibliotekarbeid som møtte vikaren. Han fekk hendene fulle med ein gong. Av bibliotekspersonalet på fire personar, var det berre leiaren som var i full stilling. Det var ikkje noko eiga biblioteksutdanning. Opplæringa gjekk gjennom praktisk arbeid supplert med sjølvstudiar. Etter 11 dagar med opplæring i bokoppstilling og innføring i prinsippa bak den, vart han sett til å handtera utlånet. Daae sjølv ville ikkje arbeida i utlånet. Han vart lett hissig mot lånarar som hadde misleghalde lånefristar. “Det kunde lett utvikle seg scener, og Drolsum så det snart som sin oppgave å holde chefen borte fra publikum.”¹⁸⁸ Daae såg nok på arbeidet i biblioteket som ei overgangsstilling.

I 1870 var samlingane på ca. 175 000 band.¹⁸⁹ Bøkene var ordna i alfabetisk oppstilling i 12 store fagdelte grupper etter eit systematisk skjema, men der var ikkje påført hylleoppstillingssignatur på bøkene eller på katalogsetlar. Bøkene var oppstilte langs veggane, i såkalla boksalar. Den daglege bokhentinga og oppstillinga var svært tungvint.¹⁹⁰ Det var ikkje samsvar mellom katalog og hylleoppstilling. Å få etablert eit skikkeleg katalogapparat vart eitt av hovudmåla for Drolsum då han vart leiar for UB.

Drolsum vart ikkje overlaten til seg sjølv i biblioteket, han fekk god hjelp av dei to kollegane førsteamanuensis Johan Tellefsen (1816-97) og andreamanuensis Samuel Bætzmann (1841-1913). Rangeringa av amanuensane gjekk etter lønsplasseringa og var ikkje merit- eller kompetansebasert. Arbeidstida var kort, kl. 10-14 og utlånet var ope kl. 12-14. Men om arbeidsdagen var kort, var det nok å gjera. Det fysiske arbeidsmiljøet var også utfordrande.

[...], thi alle Bogsale var den gang uopvarmede. Man måtte altsaa have Vinterfrakke paa, og den var det ikke Tid til at tage af, naar jeg kom ned med de forlangte Bøger i det opvarmede Udlaanskontor. Det blev altsaa at arbejde i Vinterfrakken saagodtsom uafbrudt fra Kl. 12-2, og til trods for de kolde Sale kunde jeg, som da var tynd og

¹⁸⁷ Schneider (red.) 1916: 59.

¹⁸⁸ W. Munthe 1944. s.55

¹⁸⁹ G. Munthe Upublisert ms.: 91.

¹⁹⁰ Bibliografisk klassifisering skal samla dokument i klassar/grupper etter innhald: Det finst fleire klassifikasjonssystem. På UB vart det i denne perioden nytta eit system som vesentleg følgde Johan Samuel Ersch; *Handbuch der deutschen Literatur* (Leipzig 1812-14) jf. G. Munthe, *Norsk bibliotekshistorie. Fra de eldste tider og fram til 1920*, Upub. ms.: 80.

mager, blive ganske sved af den ilsomme Bevægelse Trapper op og Trapper ned gennem de 4 Bogetager.

På grunn av brannfare var det verken varme eller kunstig lys i boksalane, men sidan det var stor trafikk heldt han nok varmen så lenge han var i vigør.

Det skulde ganske god Helbred til at staa det ud, for naar Kl. var 2 eller vel det, og jeg kunde tage Vinterfrakken af, var det oftest blevet ganske koldt i Kontoret. Hvor ingen havde havt Tid til at passe Ovnene. Fyrbøder havde Biblioteket den gang bare om Morgenen men jeg klarede mig Gudskelov bra alligevel.¹⁹¹

Jau, Drolsum skulle klara seg retteleg bra i UB, sjølv om det kunne vera kaldt. På veslejulaften 23. desember 1869 hadde andreamanuensis Bætzmann sagt opp stillinga si, han skulle stå ut tre månader oppseiingstid. Så skulle tredjeamanuensis Lieblein, som var attende frå Egypt, rykka opp i denne stillinga. Dermed vart Drolsum 23. mars 1870 fast tilsett som tredjeamanuensis. Han var knapt tre månader ved biblioteket før han fekk fast tilsetjing. I desember 1870 sa også egyptologen Lieblein opp stillinga si for å konsentrera seg om sin vitskapelege karriere.¹⁹² Lieblein skulle arbeida i biblioteket fram til 1. august 1871. Då rykte Drolsum opp som andreamanuensis.¹⁹³ Cand. juris Oscar Platou (1845-1929) vart tilsett som tredjeamanuensis.¹⁹⁴ Sjølv om arbeidet kunne vera stridt nok, var det også tid til andre gjeremål, som vist ovanfor. Fram til 1872 rakk då også Drolsum over mykje, jf kap 1.3.8. Frå dette året vart likevel biblioteksarbeidet hovudsaka.

2.2.2 Jeg følte, at jeg nu stod ved et Vendepunkt i mit Liv ...

Daae drog i stadig større grad Drolsum inn i leiinga av biblioteket. Han må ha oppfatta Drolsum som sin næraste og mest fortrulege medarbeidar. Kanskje Drolsum framstod som meir medgjærleg enn dei andre? Med den stramme personalstoda og mange presserande arbeidsoppgåver vart det mykje arbeid utanom den vanlege kontortida, men også oppgåver

¹⁹¹ Schneider (red.) 1916: 59.

¹⁹² "Personalet hadde også tatt seg friheter både om lørdagene og i universitetsferiene, da utlån og lesesal vistnok var lukket, men nettopp for at personalet skulde få tid til indre arbeider. Bætzmann, som vel også følte seg krenket å være forbigått [som bibliotekleiar], hadde uten videre reist fra byen i juleferien. Han fikk sin reprimande, og klaget til Det Akademiske Kollegium. Det støttet chefen og Bætzmann søkte straks avskjed. Året etter fikk Lieblein en lignende påminnelse om lørdagstjenesten og søkte seg over i et adjunkstipendium i egyptologi." Jf. W. Munthe, *Ludvig Daae*, 1944: 55-56.

¹⁹³ *Det Kongelige norske Frederiks Universitets Aarsberetning 1872*: 27-28.

¹⁹⁴ *Det Kongelige norske Frederiks Universitets Aarsberetning 1872*: 2+28

som måtte setjast til sides. Drolsum, som hadde mange jam i elden, opplevde det no som om han stod ved eit vendepunkt der han såg ei stor oppgåve:

Jeg havde imidlertid faaet mit Bibliotheksarbeide kjær, jeg havde lagt Energi i det, og jeg forstod, at her laa en betydningsfuld Opgave for mig – der maatte Reformer til - hvis jeg bare dertil fik de gunstigste Betingelser. At L. Daae vilde være Professor i Historie, naar der blev Leilighed dertil, udtalte han aabent til mig: At denne Leilighed skulde komme saa snart, som Tilfældet blev, anede verken han eller jeg.

Utifrå Drolsum si framstilling, så var det eit nært og gjensidig forhold mellom han og Daae, der begge også såg framover:

Jeg tenkte mig, at jeg vilde komme til at staa en Række af Aar som Amanuensis – jeg var 1. Aug. 1872 rykket op til 2den -, men saa mente jeg rigtignok, at jeg maatte komme til at staa som den erfarne Mand, der vel kunde blive betroet Chefsstillingen. Jeg vovede altsaa det dristige Skridt – jeg gjorde Bibliothekvæsenet til mit Hovedfag. Og jeg fortrød ikke det: mit Arbeide i Bibliotheket ydede mig stedse større Glæde, jo mer Tid jeg anvendte derpaa.¹⁹⁵

Kvifor var det akkurat Drolsum som vart dratt inn i bibliotekets leining? Det personlege forholdet til Daae var neppe noko ulempe. Det var Daae som hadde fått Drolsum til biblioteket, og det var med hans støtte at han raskt fekk fast tilsetjing. Det har nok og spela inn at Drolsum, i alle høve etter eiga framstilling, tidleg såg for seg at UB kunne by på langsiktige karrierehøve.

Tredjeamanuensis Platou hadde eitt års permisjon frå 15. september 1872 for å dra på ei vitskapleg utanlandsreise. Dette var nok eit døme på at arbeid ved UB kunne vera ei overgangsstilling for ein dyktig kandidat på veg vidare. I motsetning til Drolsum hadde Platou avlagt embetseksamen før han byrja på UB. Platou vart professor i jus i 1890 etter ein omfattande juridisk karriere. Oppgåvene hans, likesom hans *gage* vart delt mellom førsteamanuensis Tellefsen, som overtok ansvaret for lesesalen, og cand.jur. Otto Lundh (1833-1896), som overtok ein del av Tellefsen sine vanlege oppgåver. *De extraordinære Forretninger* som Tellefsen tidlegare hadde tatt seg av gjekk til Drolsum mot ei godtgjersle på 50 Spd, som årleg er tildelt til bibliotekaren sin disposisjon.¹⁹⁶ Dette dreidde seg om

¹⁹⁵ Schneider (red.) 1916: 60-61.

¹⁹⁶ *Det Kongelige norske Frederiks Universitets Aarsberetning 1872*: 38.

supplering av den alfabetiske katalogen og manuskript til tilvekstlister, *Accessionskatalogen*. Her var det etterslep, den alfabetiske katalogen hadde ikkje vorte skikkeleg vedlikehaldt sidan 1864.¹⁹⁷

Etter at Daae vart bibliotekleiar slutta han å forelesa på Universitetet. Men han tok på seg andre oppdrag, m.a. reiste han mykje kring i landet og heldt foredrag.¹⁹⁸ Frå 1870 underviste han i gresk på katedralskulen, og frå 1872 var han lærar i historie på Krigsskulen.¹⁹⁹

I følge Drolsum sjølv var han direkte rekruttert til biblioteket av Daae, ja for så vidt var han indirekte rekruttert alt før Daae kom i posisjon. Daae hadde nok eit nærare forhold til Drolsum enn til dei andre tenestemennene i biblioteket. Sidan biblioteket var underbemanna og Daae tok på seg oppdrag utanom UB, så tok Drolsum seg også av fleire av Daae sine oppgåver i tillegg til sitt eige arbeid, dermed kom han “[...] ind i Bibliothekets Ledelse som hans [dvs. Daae sin] Amanuensis i egentligste Forstand.”²⁰⁰

I 1873 var det ingen store endringar i personalstoda i høve til året før, bortsett frå at biblioteket frå 1. oktober i tillegg til sine løna medarbeidarar ”... havt en Volontair i Student V[alentin] Siewers [(1855-1930)], der fremdeles arbeider ved samme, og hvis Tjeneste under de stadig voxende Forretninger har været til god Nytte.”²⁰¹ Siewers var den første medarbeidaren som vart engasjert som volontær.²⁰² Dette var ei nemning som kom frå Det kongelige bibliotek i København. Der hadde overbibliotekar Chr. Bruun byrja sin bibliotekkarriere som volontær i 1857.

I september 1874 kom tredjeamanuensis Platou tilbake til biblioteket etter utlandsreise som hadde vart i to år. Dermed vart det slutt på Lundh sitt vikariat.²⁰³ Men 1. august 1875 sa Platou opp stillinga.²⁰⁴ Etter forslag frå bibliotekaren (dvs. Daae) vart cand. philol. [Heinrich Julius Manfred]] Alexander Seippel (1851-1938) tilsett som tredjeamanuensis frå denne

¹⁹⁷ *Det Kongelige norske Frederiks Universitets Aarsberetning 1871*: 28.

¹⁹⁸ F. Ording, Professor Ludvig Daae, *Kirke og Kultur*, 1925: 209.

¹⁹⁹ Ording 1925: 209.

²⁰⁰ Schneider (red.) 1916: 60.

²⁰¹ *Det Kongelige norske Frederiks Universitets Aarsberetning 1873*: 29.

²⁰² «Biblioteket begynte i 1873 leilighetsvis å anta volontærer, en skikk som utviklet seg sterkt fra 1896 av. Mange kjente menn som siden har gått over i andre stillinger, har på den måte fått sin opplæring i biblioteksfaget. Disse volontærer anvendtes ved inntredende ledighet som vikarer, eller rykket opp i faste stillinger.» L. Prytz: *Universitetsbibliotekets personale 1813-1932*, i *Norvegica*, Oslo 1933: 259.

²⁰³ *Det Kongelige norske Frederiks Universitets Aarsberetning 1874*: 26.

²⁰⁴ I 1875 fekk Platou kronprinsensens gullmedalje for ei juridisk avhandling. I 1876 disputerte han som den første den juridiske doktorgraden ved Universitetet i Kristiania. H. Østlid, Platou, Oscar Ludvig Stoud, bd. 11 *Norsk biografisk leksikon*, Oslo 1952: 125.

datoen Frå 10. juni til 4. august 1875 var bibliotekaren, med løyve frå kollegiet, på ei vitenskapleg utlandsreise og Drolsum verka som styrar for biblioteket.²⁰⁵ Det var Drolsum som på vegne av Daae handterte tilsetjinga av Seippel andsynes kollegiet, han informerte så Daae pr. brev.²⁰⁶ Seippel vart verande i biblioteket, avbrote av studiereiser, fram til 1886 då han vart professor i semittiske språk. Daae si vitkapelege reise gjekk til Danmark og Nord-Tyskland. På gjennomreisa til tyske arkiv stansa Daae i København for å friska opp att samværet med overbibliotekar Chr. Bruun og andre danske vener.²⁰⁷ Drolsum fekk også eit svært godt forhold til Bruun, og det er rimeleg å tru at denne kontakten vart etablert gjennom Daae. Ludvig Daae hadde ei stund levd og anda i Kalmarunionens eldre historie.²⁰⁸ Han fann seg nok meir til rette i Kalmarunionen enn i den daglege drifta av UB, og når høvet baud seg vart han historikar på fulltid. Ved kongeleg resolusjon 18. februar 1876 vart Daae utnemnd til professor i historie.²⁰⁹

2.2.3 Universitetsbibliothekar

No var det klart for Drolsum, som enno ikkje var fylt 30 år. ”Ved Kgl. Resolution af 18de Mai 1876 blev Amanuensis ved Universitetsbibliotheket Axel Charlot Drolsum naadigst udnævnt til Universitetsbibliothekar.”²¹⁰ Men i følge Drolsum sjølv var det ikkje sjølv sagt at han fekk stillinga: ”Jeg havde betydelige Medansøgere, og jeg vilde neppe faaet Embedet, hvis jeg ikke var bleven enstemmig indstillet af samtlige 5 Fakulteter.”²¹¹ Dei andre søkarane var sokneprest Johannes Belsheim (1829-1909), professor og bibliotekar ved Luther College, Decorah, USA, Gabriel H. Landmark (1833-1907), overlærer Jacob Løkke (1829-81), adjunkt Siegwart Petersen (1826-78), adjunkt Larl Linné Sommerfelt (1834-1908) og arkivfullmektig Henrik Huitfeldt (1834-1905) (frå 1881 Huitfeldt-Kaas).²¹²

Kollegiet hadde i 1876 følgande medlemmer: Professor Ludvig Aubert (1838-96) frå det juridiske fakultetet, han var også formann i kollegiet, professor Gisle Johnson (1822-94) frå det teologiske fakultet, professor Julius Nicolaysen (1831-1909) frå det medisinske fakultet,

²⁰⁵ *Det Kongelige norske Fredriks Universitets Aarsberetning, 1875.* s. 32

²⁰⁶ Drolsum til Daae 16.+19. juni 1875, jf. B.D. Spørck (utg.), *Axel Charlot Drolsum brev 1875-1926*, Oslo 2011: 24-27.

²⁰⁷ Munthe 1944. s.108

²⁰⁸ Ording 1925: 209.

²⁰⁹ *Det Kongelige norske Frederiks Universitets Aarsberetning 1876* : 1.

²¹⁰ *Det Kongelige norske Frederiks Universitets Aarsberetning 1876* : 2

²¹¹ Schneider (red.) 1916: 61-61.

²¹² Søkarane er lista opp i ein artikkel om Universitetsbiblioteket av Fredrik Ording i *Aftenposten* nr. 215, 19. april 1922.

professor Oluf Rygh frå det historisk-filosofiske fakultet og professor Sjur Sexe (1808-88) frå det matematisk-naturvitskaplege fakultet.

Av eventuelle interene konkurrentar kunne kanskje førsteamanuensis Tellefsen utifrå alder og ansiennitet vore aktuell for leiarstillinga. Han var 30 år eldre enn Drolsum, utdanna teolog med embetseksamen i 1840, og han hadde arbeidd ved UB sidan 1846. Tellefsen hadde tidleg fått interesse for bibliotekararbeid. Far hans, Johan Christian Tellefsen (1774-1856) var bibliotekar ved *Det Kongelige Norske Videnskabers Selskabs bibliotek* i Trondheim frå 1825 til 1856. Der hadde han assistert faren i biblioteket. På eiga hand hadde han orientert seg i samtidas litteratur om biblioteksteknikk. Tellefsen hadde såleis ei teoretisk innsikt i bibliotekfaget som var sjeldsynt i ei tid det ikkje var noko formell utdanning på feltet. Likevel syntes han ikkje å vera verken nokon leiarkandidat eller eventuell konkurrent for Drolsum:

Med sitt noget sky og tilbaketrukne vesen synes han å hatt en særlig legning for den side av bibliotekaryrket som kalles den *indre* tjeneste og gjennom de 50 år han virket ved Universitetsbiblioteket, var han vesentlig beskjeftiget med katalogisering, klassifikasjon og oppstilling. En sterk pliktfølelse og sans for institusjonen tarv gjorde vel også at han ofret dette arbeid adskillig mer tid enn han egentlig ønsket. Når arbeidssituasjonen med det fåtallige personale blev vanskelig, var han stadig rede til å ta et ekstra tak ved å bruke av sin fritid.²¹³

Drolsum hadde nok ei breiare, meir ambisiøs og offensiv tilnærming til biblioteket enn berre *den indre tjeneste*. Og han var absolutt klar til å gripa roret då han fekk sjefstillinga:

At komme i Chefstilling i unge Aar er ikke bare en Lykke i ydre Henseende, men endnu meget mer for Arbeidets og Stillingens egen Skyld: man har Mod paa Livet, er ikke bange for Vanskeligheder og tør give sig ikast med nye Opgaver, med Reformers, om de trænges. Og ved Universitets-Bibliothekeet gjordes de behov. Personalet var saa overlæst med Arbeide, at – hvis der havde existeret en Forening til Menneskenes Beskyttelse – maate den have grebet ind der.²¹⁴

Drolsum var no komen i den posisjonen han hadde sikta seg mot. Det hadde nok skjedd raskare enn tenkt, men han var klar til å ta utfordringa. Han arbeidde stegvis og metodisk,

²¹³ B. Bernhardt, Tellefsen Johan Cornelius, 1816-97, bd. 16 i, *Norsk biografisk leksikon*, Oslo 1959: 120-21.

²¹⁴ Schneider (red.) 1916: 62.

etter eiga formulering: *Jeg gikk imidlertid ikke haardt paa strax.*²¹⁵ Men han arbeidde både på kort og lang sikt, på kort sikt såg han for seg gradvise endringar, medan han på lengre sikt såg for seg ei omordning av heile UB.

Det er også grunn til å tru at Drolsum tidleg fekk inspirasjon og utvida sin bibliotekhorisont via Det kongelige bibliotek i København. Som vist, hadde han ein omfattande kontakt med overbibliotekar Bruun. Denne kontakten kunne alt ha vorte etablert medan Daae var bibliotekleiar. Daae hadde eit svært nært forhold til Danmark og KB.²¹⁶

Det første Drolsum oppnådde var å forlenga kontortida for personalet med to timar, med ein forholdsvis auke i løna, men diverre berre berekna etter *ynngste Mands Gage*. Han fekk også auka annuum, den faste årlege løyvinga, frå kr. 16 000 til kr. 24 000.00. I følgje Drolsum gjekk dette relativt lett.²¹⁷ Denne auken kan nok ha samanheng med eit overforbruk i 1875 og -76. I 1881 fekk biblioteket ei ekstraløyving for å sanera dette. Mykje av annuum gjekk til faste utgifter t.d. tidsskriftabonnement og var låste midlar. Det gav såleis ikkje noko auka handlingsrom for biblioteket.

2.2.4 Nye medarbeidarar

18. juli 1876 tilsette kollegiet Seippel som 2. amanuensis og cand. mag. Albert Kjær (1852-1941) som 3. amanuensis etter innstilling frå Drolsum.²¹⁸ Kjær skulle bli ein sentral og stabil medarbeidar for Drolsum. Han vart verande på UB fram til 26. september 1922. Sidan arbeidet ved UB enno ikkje var fulltidssysseletjing, arbeidde både Kjær og Seippel ein periode samstundes også ved Deichmanske bibliotek.²¹⁹

UB hadde for lite personale. Det var akutt behov for fleire medarbeidarar. For å få gjennomslag for dette, argumenterte Drolsum med tal: i 1877 var utlånet 21 514 bind som var ei fordobling frå 1868. På lesesalen vart det i 1868 brukt 5 982 bind og i 1877 brukt 14 080 bind. I årsmeldinga skreiv Drolsum:

Med hensyn til personalet, som i aarets Løb ikke har undergaaet nogen Forandring, har Bibliothekaren kun at bemærke, at det alene skyldes Amanuensernes og Betjentens

²¹⁵ Schneider (red.) 1916: 62.

²¹⁶ Munthe 1944, ss 107-9.

²¹⁷ Schneider (red.) 1916: 62.

²¹⁸ *Det Kongelige norske Frederiks Universitets Aarsberetning 1876*: 4.

²¹⁹ N. J. Ringdal, *By, bok og borger : Deichmanske bibliotek gjennom 200 år*, Oslo 1985: 76.

Dyktighed og Ufortrødenhed i sin Tjeneste, at han har seet sig i stand til at bestride det stærkt forøgede Arbeide.²²⁰

Utlånsauken skuldast ikkje at det hadde vorte mange fleire studentar ved Universitetet. I 1868 var det 854 studentar og i 1877 var det 876 studentar.²²¹ Fleire moment hadde verka til den auka pågangen på UB. Biblioteket hadde heile tida vore tilgjengeleg for andre enn studentar og tilsette på Universitetet. Etter kvart som det vaks fram ei borgarleg-, litterær- og politisk offentlegheit, auka også behovet for gode bibliotektenester. Dette inngjekk i ein gradvis samfunnsmessig utviklingsprosess som hadde pågått i alle fall sidan ca. 1830. Sjølv om det vart vedtatt årleg storting i 1869, fekk nasjonalforsamlinga eigen bibliotekar først i 1887. Det var mange universitetsutdanna embets- og tenestemenn som hadde behov for bibliotektenester i arbeidet sitt. Dette galdt ikkje berre brukarar i hovudstaden og nærområda, men også folk kring i landet. Det var såleis også ein del fjernlån frå UB. Lånarar som ikkje kunne møte personleg, måtte fram til 1903 ordna seg med ein kommisjonær i hovudstaden som kunne stå for sendinga til og frå låanaren.²²² UB var i tillegg til å vera universitetsbibliotek også nasjonalbibliotek og nasjonalt fagbibliotek.

2.2.5 Pliktavlevering og forlagsregister

Den lovfesta pliktavleveringa til UB hadde, som tidlegare vist, falle bort i 1839. I 1872 sendte Ludvig Daae, som synt ovanfor, eit Cirkulære til avisutgivarane i landet der han bad om frivillig avlevering av aviser til UB.²²³ Her skreiv Daae at i dei fleste europeiske statar var det lovpålagt for boktrykkarar å avlevera trykksaker til eitt eller fleire sentrale bibliotek i dei respektive statane. Om forholda i Noreg skreiv Daae: ”Et lignende, skjønt neppe juridisk grundet Forhold har omtrent indtil 1840 bestaaet til Fordel for dette Bibliothek, men er i de sidste tredive Aar faktisk ophørt.”²²⁴ Daae konsentrerte seg om aviser. For at ettertida skulle få tilgang til avisene, ville ei avlevering til UB sikra både trygg oppbevaring og tilgang til eit materiale som elles i stor mon ville gå tapt. Men det ser ikkje ut til å ha kome noko ut av dette initiativet, og det er uvisst korleis Daae sjølv følgde opp saka.

²²⁰ *Det Kongelige norske Frederiks Universitets Aarsberetning 1877* : 33.

²²¹ *Det Kongelige norske Frederiks Universitets Aarsberetning 1868*: 3 og *Aarsberetning ... 1877* :5.

²²² G. Munthe, *Norsk bibliotekhistorie frå de eldste tider og fram til 1920*, upubl. ms.: 87.

²²³ Trykt som Bilag III. *Cirkulære fra daværende Universitetsbibliothekar Daae til Landets Bladutgivere* (1872)

til Drolsum si utgreiing *Om Universitetsbibliotheket*(1880) ss.53-54.

²²⁴ *Cirkulære fra daværende* ... s. 53

I 1873 vart det halde eit skandinavisk bokhandlaremøte i Christiania. (Bokhandlarforeninga inkluderte også forlaga.) Her heldt assessor Ole Andreas Bachke (1830-90) eit foredrag, som også vart trykt, Om Forlagsregistre.²²⁵ Bachke var ein pioner på åndsrett i Noreg.²²⁶ I foredraget gav han eit komparativt internasjonalt oversyn over litterær eigedomsrett, eller skrifteigedomsrett, frå boktrykkarkunstens oppkomst og fram til samtida.

Ein måte å sikra eigedomsretten på, ifølge Bachke, var å etablera eit frivillig forlagsregister, gjerne felles for heile Norden. Etterkvart kunne det utvikla seg rettsnormer for registeret. At det eksisterte pliktavleveringsordningar i Danmark og Sverige ville ikkje influera registeret, meinte Bachke.

Den norske bokhandlarforeninga følgde dette opp og utnemnde ein tremannskomité til å utgreia saka. Dei arbeidde vidare med Bachke sine tankar og såg på korleis eit forlagsregister kunne etablerast. Komitéen leverte ei innstilling til bokhandlarforeninga 22. april 1874. Her meinte dei at det var ønskeleg å sjå saka i nordisk samanheng. Bokbransjen i dei nordiske landa var i nær intern kontakt og hadde *et stærkt og kraftig Sammenhold*, men i første omgang konkretiserte komitéen eit norsk initiativ. Sjølv om den avvikla norske avleveringsordninga hadde vore uklar og hatt preg av sensur, sakna ein no eit rettsvernseksemplar og samarbeid med UB ville vera naturleg i denne samanhengen. Det fanst vel heller ikkje nokon alternative institusjonar som kunne gjera dette? Komitéen meinte at dette ville vera i alle medlemmer i forleggarforeninga si interesse, og ein ville påleggja medlemmene å levera to eksemplar til UB. Det eine eksemplaret skulle protokollførast i registeret. Det andre skulle tilfalla UB. 15. mai 1874 vedtok Bokhandlarforeninga samrøystes at kvar medlem av foreninga var forplikta til å levera to komplette eksemplar til Universitetsbiblioteket av kvart skrift som vart utgitt eller forlagt og biblioteket skulle då føra skriftet inn i eit forlagsregister.²²⁷

Det skulle så forhandlast med Det akademiske kollegium om korleis saka skulle løysast i praksis. Men det kom ikkje noko meir ut av dette i første i omgang. Kvifor er uvisst. Sjølv om Daae tidlegare hadde vist interesse for avlevering, såg det ikkje ut til at han fremja denne saka vidare. Initiativet frå Bokhandlarforeninga såg også ut til å ha stranda og saka vart liggande fram til Drolsum greip tak i den att i 1878. Han såg no saka i ein vidare samanheng og kobla den til ei reetablering av lovfesta avleveringsplikt.

²²⁵ Bilag 3 til Oth.Prp.No.21 1882, *Ang. Lov om Forlagsregister og Afgivelse*

²²⁶ D. Michalsen, Bachke, Ole Andreas, 1830-90, bd. 1, *Norsk biografisk leksikon*, Oslo 1999: 185.

²²⁷ *Oth.Prp.No.21*. 1882:24

2.2.6 Reetablert lovfesta pliktavlevering

Drolsum meinte at frivillige ordningar ikkje ville trygga den nasjonale litteraturen. Skulle Universitetsbiblioteket også vera eit fullnøyande norsk nasjonalbibliotek, trongst det ei lovfesta pliktavlevering til biblioteket. Frivillige ordningar var usikre og rammene dei var inngått under kunne snøgt endra seg. Men Drolsum meinte at ei lovfesta avlevering kunne kombinerast med eit frivillig forlagsregister. I staden for frivillig avlevering av to eksemplar, slik det opphavelg var skissert, kunne det eine eksemplaret (friekeksplaret) til biblioteket vera eit lovpålagt avleveringseksemplar, medan det andre rettsvernseksemplaret til forlagsregisteret kunne vera frivillig.

I eit brev stila til Det akademiske kollegium dagsett 17. september 1878 tok Drolsum opp behovet for ei lovfesta pliktavlevering i Noreg. Saman med den store utgreiinga om biblioteket som kom i 1880, med eit tillegg i 1881, var dette grunnleggande dokument for at eit norsk nasjonalbibliotek fann form innan Universitetsbiblioteket sine rammer i 1883. Desse innspela var strategiske grep som framskunda ei historisk endring.

Med dette brevet byrja ein utviklingsgang som via saksgang i kyrkjedepartementet munna ut i ein odelstingsproposisjon som foreslo ei todelt lov med sjølvstendig skilje mellom pliktavlevering og forlagsregister.²²⁸ Det vart vedtatt ei ny pliktavleveringslov 20. juni 1882 (verksam frå 1.1.1883.)

I brevet til kollegiet viste Drolsum til dei tidlegare innspela om UB skulle vera vertskap for eit frivillig forlagsregister og han rosa desse initiativa. Han meinte at dette var ei god og viktig sak. Men endå viktigare var ei lovfesta pliktavlevering til det viktigaste biblioteket i landet:

²²⁸ Saka vart behandla i Skolekontor D i Kirke-Departementet. Dei aktuelle departementsarkiva for perioden er i Riksarkivet. I veke 41, 2016 var eg på Riksarkivet for å sjå nærare på den departementale saksgangen. Det synta seg at det var brot mellom journalen og saksarkivet, samt at i nokre referansar i journalen var blekket utviska. Saka såg heller ikkje ut til vera flytta fram til nyare deler av arkivet. Eg fekk rettleiing av arkivar Gunn Løwe, som utifrå strukturen i arkivet meinte at det var eit svært omfattande og vanskeleg arbeid å finna det aktuelle belegget. Når dette ikkje førte fram, gjekk eg alternativt gjennom fleire mapper med div papir/korrespondanse frå arkivet til UB utan å finna noko der. Mellom februar 1871 og februar 1883 vart det ikkje ført kopibok i biblioteket. Eg gjekk også gjennom arkivet etter *Biblioteknevnden av 1935*, som arbeidde fram den neste pliktavleveringslova, av 20. juni 1939, i tilfelle det aktuelle materialet skulle vera der som underlag. Det var heller ikkje der.

I *Oth.prp. 21 1882* med vedlegg, *UBs årbok 1884* og W. Munthe, *Norske avdelings forhistorie (i Norvegica, 1933)* er det oversyn over framdrifta til denne saka, som nok var meir eit ukjent fenomen for dei ansvarlege politikarane då den kom opp enn eit kontroversielt tema.

Som vort Lands Hovedbibliothek burde Universitets Bibliotheket besidde en saadan fuldstændig Samling af, hvad der her er bleven trykt, man burde kunne paaregne, at man ikke skulde henvende sig forgjæves til Bibliotheket om noget her i Landet utkommet Skrift, det være stort eller lidet. Men det er saa langt fra, at dette kan siges at være Tilfældet, at man tvertimod meget hyppig maa avvise Forespørgsler i denne Retning med, at det forlangte Skrift ikke haves, og dette gjælder ikke alene Skrifter, der ere udkomne paa private Forlag, men ogsaa de af det Offentlige til Tryk befordrede Sager. At erhverve hvad der i Landet udkommer, ved Kjøb under de nuværende Forhold saagodtsom den eneste Bibliotheket anviste Udvei, men hvor lidet hensigtssvarende denne er, ved enhver, der er noget fortrolig med vort Bogvæsen. Den eneste Fortegnelse over her udkomne Bøger, der leveres nogenlunde hurtigt, den i Nordisk Boghandlertidende meddelte, er i høieste Grad mangelfuld, og de Bogfortegnelser for længere Tidsrum, som Tid efter anden udgives ved Boghandlerforeningens Initiativ, komme saalenge efter Bøgernes Udgivelse, at mangt og meget allerede er vanskeligt at erholde. Man faar altsaa i rette Tid i Grunden slet ikke vide, hvad der udkommer, og kan derfor ikke, selv om man vil, faa kjøbt det. Savnet af den Bestemmelse om Aflevering af Friexemplarer, der tidligere paavilede Bogtrykkerierne her i Riget, lighed med hvad der endnu finder Sted i de fleste civiliserede Lande har været meget føleligt.²²⁹

Dette saknet kunne på ingen måte kompenseres med frivillige ordningar. Det aktuelle tilfanget frå bokhandlarforeninga ville ikkje dekkja ei uttømande nasjonal samlingsbygging Drolsum skisserte ei breiare og fastare tilnærming:

Den Fuldstændighed, der skulde give en Samling af norsk Literatur i Bibliotheket dens rette Betydning, kan nemlig ikke oppnaaes alene ad Frivillighedens Vei, da der jo trykkes og udgives meget ogsaa af andre end Boghandlerforeningens Medlemmer, og Bibliothekaren tillader sig derfor i Ærbødighed at henstille til Kollegiet, at der søges udfærdiget en Lov om Afgivelse af Friexemplarer til Bibliotheket af alt det i Landet trykte, der kan kaldes «Skrift» derunder indbefattet Aviser, Kataloger,

²²⁹ Brevet er trykt som Bilag 1 til *Oth.Prp.No.21*, 1882: 18.

Fortegnelser, Viser o.l., samt af Kobbere, Stentryk, Træsnit, o.l. forsaavidt det ikke trykkes alene til privat Brug.²³⁰

Dette impliserte at ei lovpålagt avlevering vart pålagt trykkeria i staden for utgivar/forlag. Med å bruka det opphævelege forslaget om eit frivillig forlagsregister som påskuv hadde Drolsum synt behovet for å reetablere pliktavleveringa i Noreg og korleis dette kunne løysast i praksis. Brevet frå Drolsum møtte velvilje i kollegiet som straks sende saka vidare til det juridiske fakultet for å utarbeida eit lovframlegg. I 1882 nådde saka Stortinget. I mellomtida kom Drolsum med andre framstøyt for biblioteket.

2.3 Utgreiing 1880

2.3.1 Synleggjering

I årsmeldinga for 1879 peika Drolsum på eit arbeid som var svært arbeidskrevande, men ikkje så synleg, nemleg bestillingar som av ulike grunnar ikkje førte til utlån. Enten kunne den etterspurde boka vera utlånt, eller kanskje ikkje biblioteket hadde boka i det heile. Arbeidet med slike bestillingar var like krevande som dei som førte til utlån. Først måtte ein verifisera tittelen i eit bibliografisk oppslagsverk, så måtte ein sjå etter i den alfabetiske katalogen om biblioteket hadde boka. Deretter måtte ein leita på hyllene. Dette omfattande arbeidet hadde ikkje vore nemnd i biblioteket sine årsmeldingar tidlegare. For å anslå omfanget, hadde ein i 1879 prøvd å telja slike bestillingar:

[...] det utgjorde 4, 814 Bind. Det ligger i Sagens Natur at en saadan Optælling ikke kan blive fuldt nøiagtig, det anførte Tal er imidlertid i dette Tilfælde ikke under det virkelige Forhold, idet de talrige Efterspørgsler, der af Universitetets Lærere og andre Videnskabsmænd gjøres udenfor den officielle Udlaanstid, her ikke ere medregnede.²³¹

Drolsum nytta årsmeldinga på ein aktiv måte for å fremja biblioteket. Han både beskreiv og analyserte biblioteket. Verknaden av den utvida kontortida for amanuensane hadde vorte *mere end neutralisert* dels av det annuum som vart auka i 1876 og dels av det stadig aukande utlånet.

²³⁰ Bilag 1 [...]: 18-19.

²³¹ *Det Kongelige norske Fredriks Universitets Aarsberetning 1879*: 34.

Den same årsmeldinga kunne også fortelja at ein professorkomit  hadde inspisert biblioteket. Rapporten, eller *Indberetningen*, dagsett 13. oktober 1879, var ogs  trykt i  rsmeldinga.²³² Professorane som inspiserte biblioteket var den tidlegare bibliotekleiaren Ludvig Daae, kunsthistorikaren Lorentz Dietrichson (1834-1917) og teologen Fredrik Petersen (1839-1903). Rapporten viste dei same manglar og behov som Drolsum jamt hadde peika p , men den framheva ogs  personalet sin gode innsats trass dei trange forholda. Slik vart rapporten avslutta:

I Erkjendelsen af, at en Reorganisation af Bibliotheket ikke, som hidtil skeet, ustraffet kan uds ttes fra Aar til Aar, ere vi derfor bleve enige om at frems tte det  rb dige Forslag, at Collegiet maatte neds tte en Kommission af Universitetsl rere til i Forening med Bibliothekaren at tage denne Sag under forberedende Behandling.²³³

Kollegiet utnemnde ikkje nokon *Kommision*. Men Drolsum sj lv arbeidde vidare p  eiga hand med ei st rre utgreiing om UB. I mellomtida var det stadig endringar i bibliotekspersonalet. 15. februar 1880 gjekk Seippel ut i eitt  rs permisjon medan stud. real. Johan Wille (1885-1924) vikarierte og vart konstituert som tredjeamanuensis og Kj r rykte opp p  Seippel sin plass.²³⁴ Det kan ogs  nemnast at Universitetet si  rsmelding for 1880 var den f rste trykt med latinske bokstavar. At ein gjekk over til latinske bokstavar var eit teikn p  modernisering og utvikling. Drolsum var no solid posisjonert p  UB og han s g framover:

Jeg havde imidlertid faaet mit Bibliotheksarbeide kj ert. Jeg havde lagt Energi i det, og jeg forstod, at her laa en betydningsfuld Opgave for mig – der maatte Reformer til -, hvis jeg bare dertil fik de gunstigste Betingelser.²³⁵

Sj lv om han etter eiga vurdering ikkje gjekk *haardt paa strax* d  han kom i posisjon, s  hadde han vore ein aktiv bibliotekleiar like fr  han byrja i stillinga. Denne aktiviteten s g ogs  ut til   vera i Universitetet si interesse gjennom det gode forholdet til kollegiet. Kanskje Drolsum m lbar og sette ord p  noko som det var felles semje om? Det s g i alle fall ut til at Drolsum tok initiativ og drog i gang tiltak i konsensus med Universitetet.

Uavhengig av ein eventuell *Kommision* presenterte Drolsum i 1880 eit sv rt viktig dokument, som nok kunne vore laga av den etterlyste kommisjonen, men som han p  eiga

²³² *Det Kongelige norske Frederiks Universitets Aarsberetning 1879* : 34-36.

²³³ *Det Kongelige norske Frederiks Universitets Aarsberetning 1879* : 35-36.

²³⁴ *Det Kongelige norske Frederiks Universitets Aarsberetning 1879* : 3-4.

²³⁵ Schneider (red.) 1916: 60.

hand hadde laga for å driva fram saka. I Universitetet si årsmelding for 1880 kan ein lesa at bibliotekaren 28. oktober la fram for kollegiet eit forslag til omorganisering av UB og at dette var trykt med samtykke frå kollegiet.²³⁶ Dette var både ei vidareføring og ei supplering av innspelet om pliktavlevering frå 1878. Tittelen på dokumentet var: *Om Universitetsbibliotheket. Forslag til en Omordning af Personalet m.v. avgivet af Bibliothekaren til det akademiske Kollegium*. Dette var eit dokument på 44 sider, med vedlegg var det tilsaman 56 sider som gav eit detaljert oversyn over UB.

At Drolsum laga eit så grundig dokument om biblioteket viste at han tok bibliotekarbeidet med største alvor, at han såg på UB som noko langt meir enn ein universitetsintern institusjon og ikkje minst at han såg framover. Han hadde snøgt tileigna seg stor fagkunnskap på eit felt der det ikkje var formell utdanning og han sette biblioteket inn i klare samfunnsmessige samanhengar på ein ny måte. Korleis hadde Drolsum nådd eit slikt fagleg nivå? Det kom nok dels av flittig arbeid, men også av at han orienterte seg utover og fekk utanlandske faglege kontaktar. I 1878 fekk Drolsum stipend frå biblioteket sin konto for å reisa til Stockholm, Uppsala og København.²³⁷ Den gode kontakten med Bruun i København var for lengst etablert. Ei muleg inspirasjonskjelde for Drolsum si store utgreiing var kanskje ei liknande utgreiing som Bruun hadde skrive i 1860: *Det Store Kongelige Bibliothek og Universitetsbibliotheket. Nogle Bemærkninger*. Drolsum viste indirekte til denne i si eiga utgreiing, så han kjende alle høve til den.²³⁸

Om både Drolsum og UB hadde stor velvilje på Universitetet, var ikkje nødvendigvis dei interne strukturane i biblioteket kjende utanom institusjonen. Under overflata, eller kanskje heller ein skal seia bak skranken og i boksalane, var det mange arbeidsoppgåver som publikum ikkje såg, men som var nødvendige for at biblioteket skulle kunna løysa oppgåvene. Dette ville Drolsum visa. Han gjekk derfor grundig og detaljert til verks for å syna biblioteket sitt mangfald. Første kapittel var ei historisk framstilling frå etableringa av UB og fram til Drolsum vart leiar. Andre kapittel tok opp UB sin rolle som norsk nasjonalbibliotek. Som vist ovanfor hadde Drolsum alt i 1878 tatt opp behovet for ny pliktavlevering, her minna han igjen om dette. Dette kapittelet gav også eit uttømande oversyn over det praktiske arbeidet i

²³⁶ *Det Kongelige norske Frederiks Universitets Aarsberetning 1880* : 47.

²³⁷ Spørck (utg.) 2011: 28, note 32.

²³⁸ “En flittig Mand kan,” siger Bibliothekar Chr. Bruun i Kjøbenhavn i et for en del Aar siden udgivet Skrift, “ ved ufortrødent Arbeide i Gjennemsnitt kun skrive 25-30 Sedler i 3 Timer.” A.C. Drolsum, *Om Universitetsbibliotheket. Forslag til en Omordning af Personalet m.v.*, Christiania 1880: 25. Jf. C. Bruun, *Det store kongelige Bibliothek og Universitetsbibliotheket. Nogle Bemærkninger*, København 1860: 12.

biblioteket. Arbeidsoppgåver som å kjøpa nye bøker, katalogisering, innbinding, ordning og oppstilling samt tilvekstkatalogen og korrespondanse vart også beskrivne.

Kapittel tre tok opp kva som mangla og kva som måtte til for at UB skulle fylla sin naturlege plass blant dei store europeiske biblioteka. Første punkt var om det altfor fåtalege personalet og den nødvendige mannskapsauken. Vidare var der utkast til ei arbeidsfordeling og forslag til nye løner og ei samanlikning av UB med det som Drolsum meinte var relevante institusjonar i Noreg og utlandet. Det var vidare behov for å auka annuum, som Drolsum alt hadde klart å få kraftig oppjustert. Praktiske arbeidsmiljømessige behov vart også tatt opp: bibliotekaren mangla eige kontor, lesesalen var for liten og ein mangla noko så elementært som eit varmeapparat.

Dette grundige dokumentet synleggjorde, slik Drolsum såg det, alle sider og behov ved biblioteket. Skulle UB posisjonera, så var i alle høve ikkje Keyser sin metode med å erstatta bøker som var tapt frå samlinga på eigen kostnad vegen å gå.²³⁹ Det var ei privatisering av biblioteket som verka til å usynleggjera institusjonen sine behov. Drolsum var heilt klar på at UB hadde store og viktige samfunnsoppdrag. Han ville synleggjera biblioteket og ansvarleggjera styresmaktene:

[...] der ligger i dets Opgave: det er ikke alene et Universitets-, men ogsaa et Nationalbibliothek: Man har uidentvivil hidtil fæstet sig forlidet ved denne Side af dets Bestemmelse, men Forholdenes Magt har ogsaa her gjort sig gjældende, og det Lovforslag om Indlevering til Bibliotheket af et Exemplar af ethvert i Landet trykt Skrift, som formentlig vil blive førstkommende Storthing forelagt, er saaledes paa en vis Maade afnødet Bibliothekets Bestyrer og hans Foresatte, der selvfølgelig ikke likegyldig kunde se paa, at der ikke i Landet fandtes noget Sted, hvor den samlede norske Literaturs Frembringelser kunde finde en sikker Havn til Opbevaring for kommende Tider.²⁴⁰

Kven var det som hadde festa seg for lite ved *denne side av dets betemmelse*? Kvar var denne bestemmelsen? Kva var *forholdernes magt*? Dersom biblioteket sin styrar og hans føresette ikkje likegyldig kunne sjå på at det ikkje fanst nokon stad for den nasjonale litteraturen, så var vel dette ei endring som kom med Drolsum? Bestyrar den lengste perioden etter bortfallet av

²³⁹ W.P. Sommerfeldt, Keyser, Fredrik Wilhelm, bd. 7 i *Norsk biografisk leksikon*, Oslo 1936: 267.

²⁴⁰ A.C. Drolsum, *Om Universitetsbibliotheket. Forslag til en Omordning af Personalet m.v.*, Christiania 1880: 17.

pliktavleveringa i 1839 var Keyser. Men det einaste innspelet av avlevering før Drolsum var Daae sitt skriv til avisutgivarar om frivillig avlevering i 1872.

Drolsum opererte altså i ei anna tid enn sine forgjengarar. Mange store endringar hadde skjedd på kort tid. Drolsum var no definitivt ein mann i tida og han tenkte stort. Innspelet om pliktavlevering var lansert med støtte av Universitetet, som i praksis vil seia kollegiet. Han hadde som vanleg sikra seg støtte før han sette i gang. Nasjonalbibliotekfunksjonen var meir enn pliktavlevering. UB verka og som eit nasjonalt utlånsbibliotek:

Det er desuden langt fra, at Universitetsbibliotheket ogsaa med Hensyn til Benyttelsen kan betragtes alene som et Universitetsbibliothek og et Lokalbibliothek for Christiania. Antallet af udenbysboende Laantagere voxer for hvert Aar, og man bestræber sig for at imødekomme disse Krav, saa vidt det paa nogen Maade kan bestaa med Bibliothekets nærmest liggende Opgave, hvilket det saa meget lettere kan, efterat den hele Befolkning ved Kommunikationsmidlernes overordentlige Forbedring saa at sige er rykket sammen, saa man nu lige saa let kan udlaane en Bog til Throndhjem som før Kongsberg eller Fredrikshald.²⁴¹

Drolsum framstilte den bedrøvelege situasjonen for UB meir som eit resultat av manglande kunnskap om kva som trongst, enn manglande velvilje. Kvifor hadde ikkje forgjengarane hans tatt opp dette? Han spela heile tida på lag med kollegiet, og sikra seg alltid støtte derifrå når han kom med innspel. Han var ikkje på jakt etter syndebukkar i fortida. Drolsum såg framover. Han poengterte dessutan at annuum var betydeleg auka etter velvilje både internt på Universitetet og hos dei løyvande styresmakter. Det eine måtte nødvendigvis vera ein følge av det andre, utan velvilje internt på Universitetet var vel ikkje biblioteket, eller rettare sagt bibliotekaren i posisjon til å oppnå noko særleg?

Men sjølv om det var auka annuum, så var hovudproblemet at det var for lite personale i biblioteket. Drolsum sa ingenting om kven som eventuelt tidlegare skulle ha gjort nærare greie for dei førefallande arbeida i biblioteket. Han gjekk grundig gjennom dei ulike oppgåvene i biblioteket og talfesta dei ulike gjeremåla: Arbeid i utlån og på lesesal, kjøpa inn ny litteratur, katalogisering, innbinding, ordning og oppstilling, tilvektføring og korrespondanse. Etter denne gjennomgangen skreiv han:

²⁴¹ Drolsum 1880: 17.

Det i det foregaaende skildrede mangeartede Arbeide er det, der maa gjøres, om et offentlig Bibliothek skal kunde fyldestgjøre Almendhedens tarveligste Fordringer, det er ogsaa ved Universitetsbibliotheket hidtil efter Evne blevet udført, men dels lader denne Udførelse meget tilbage at ønske, dels har Forretningernes Mængde som de af de anførte Tal [jf. bilag I] fremgaar, i den sidste Tid voxet saaledes, at et eller andet af de for den daglige Gjerning nødvendige Arbeider maa indstilles, om ikke Personalet forøges, og dels endelig, hva der om mulig er endnu misligere, maa fortiden ethvert Hensyn til Fremtiden saagodtsom sættes ganske tilside.²⁴²

Biblioteket sitt samla personale, bibliotekaren, dei tre amanuensane og bibliotektenaren måtte under dei rådande forhold bruka storparten av tida si på dei daglege og løpande oppgåvene. Men i tillegg til underbemanninga, var det ein fundamental strukturell fagleg mangel i biblioteket:

At Bibliotheket ikke har nogen systematisk Katalog, er maaske den af alle Mangler, der af det Bibliotheket benyttende Publikum føles mest, og hvorover der oftest føres Klage. Det vil af det ovenfor anførte formentlig være klart, at man fra det akademiske Kollegiums og Bibliothekets Side stadig har havt sin Opmærksomhed rettet paa denne Sag, men ligesaa klart turde, at de Kræfter, hvorover Bibliotheket hidtil har havt at raade, have været aldeles utilstrækkelige til at fremme et saa betydelig Værk. Og dette saa meget mer at beklage, som en sytematisk Katalog endog er af langt større Betydning for Bibliothekets indre Tjeneste enn for Laantagerne.²⁴³

Drolsum poengterte atter at UB hadde eit uforholdsmessig lite personale, som korkje var i samsvar med bruk eller annuum: «Skal vort Bibliothek kunne hævde sin Plads blant de større Bibliotheker, hvortil det baade efter sin Størrelse, sit Annuum og sin Stilling som Nationalbibliothek, bør henregnes, maa det derfor udstyres med et betydelig større Personale end hidtil.»²⁴⁴ I tillegg til dei fire tenestemennene biblioteket hadde, sette Drolsum opp behov for fire til. Altså ei fordobling av personalet. Han sette vidare opp eit detaljert utkast for ei fast arbeidsfordeling for eit utvida personale. Det skulle vera ein ekstra mann i utlånet, ein ekstra mann på lesesalen for å sikra at der var kontinuerleg oppsyn. For å arbeida med systematisk katalog og merking av bøker trongst ei ny stilling. Det var også behov for ei stilling til å

²⁴² Drolsum 1880: 28.

²⁴³ Drolsum 1880: 32.

²⁴⁴ Drolsum 1880: 34.

arbeida for at ” [...] den norske Literatur i sin hele Udstrækning innkommer til Bibliotheket [...] uanseet om den omtalte Lov om Indlevering af ethvert i Landet trykt Skrift kommer i stand eller ikke.”²⁴⁵ Det ville også vore bra om ein kunne fått praktisk hjelp til ærend etc. frå ein fyrbøtar dersom eit varmeapparat vart installert.

I oppsettet inkluderte han etablering av ei eiga norsk avdeling i biblioteket der ein medarbeidar skulle arbeida med norsk litteratur. Uansett om forslaget om pliktavlevering gjekk gjennom eller ikkje, så ville det bli arbeid med katalogisering og kontroll, samt føring av det nye forlagsregisteret. Drolsum meinte altså at arbeidet med den nasjonale litteraturen var så viktig at det var nødvendig med øyremerka arbeidskraft på dette feltet uansett om det vart ny pliktavleveringslov eller ikkje. Dette viser at Drolsum var svært opptatt av den nasjonale dimensjonen og nasjonalbibliotekfunksjonen. UB som nasjonalbibliotek var ein del av norsk nasjonsbygging.

Drolsum tok også opp lønsforholda i biblioteket i analysen. No var det berre bibliotekaren som hadde ei løn som gjorde at han var fast knytta til biblioteket. Dei andre tenestemennene si løn var ikkje større enn at dei i dei fleste tilfelle også måtte søka seg tilleggsarbeid. Dette førde gjerne til at dei fann andre gjeremål etterkvart og vart tapte for biblioteket. UB vart ein mellomstasjon i karrieren. Dette var ikkje bra verken for kontinuiteten eller faglege miljø og standard i biblioteket. For Drolsum definerte UB såleis:

Bibliotheket er en videnskabelig Institution og maa som saadan søge sit Personale rekruteret med Mænd af Kundskaber [...].”²⁴⁶ Problemet var om. ”[...] man under de nuværende Forholde skal kunde beholde yngre Videnskabsmænd, selv om man er saa heldig at erhverve saadanne for Bibliothekstjenesten i nogen længere Tid, er mer at haabe end at bygge paa.”²⁴⁷

For å retta på forholda burde det utvida personalet, som Drolsum såg for seg, organiserast slik at minst to medarbeidarar skulle vera utnemnde embetsmenn. Desse skulle titulerast underbibliotekarar, medan dei fem øvrige kunne kallast amanuensar. Lønsvivået burde vera på nivå med faglege stillingar på Universitetet. Drolsum kom fram til at samla årlege lønsutgifter, utan alderstillegg, då ville bli kr. 22.000. Jamført UB sitt annuum på kr. 24.000

²⁴⁵ Drolsum 1880: 34.

²⁴⁶ Drolsum 1880: 37.

²⁴⁷ Drolsum 1880: 37.

var ikkje dette noko høg sum og samanlikna med andre større utanlandske bibliotek var dette i følgje Drolsum ein låg sum.

Det var vanskeleg å samanlikna UB med andre norske institusjonar. UB var uunnverleg for den litterære og vitenskaplege verksemda i landet. Det var den einaste institusjonen i sitt slag. Reint kvantitativt kunne nok UB samanliknast med *Rigsarkivet* (1817) og *Det statistiske Centralbureau* (1876). Dersom Drolsum fekk gjennomslag for sine forslag, ville UB også koma på personalnivå som desse institusjonane.²⁴⁸ Han nemnde ikkje vitenskapsselskapet i Trondheim (1760) eller Bergens museum (1825) i denne samanhengen. Kvifor ikkje? Sjølv om dette var små bibliotek, var dei deler av viktige vitenskaplege institusjonar og miljø i norsk samanheng.

Drolsum lista derimot opp ei rad med bibliotek i Sverige, Danmark og Tyskland for å visa at forslaget hans for UB var rimeleg og heilt i samsvar med rammene for desse biblioteka. Det spesielle for UB var den doble rolla som nasjonalbibliotek og universitetsbibliotek. Danmark, som også berre hadde eit universitet, hadde eige nasjonalbibliotek med Det kongelige bibliotek. Drolsum runda av jamføringa:

Vort Universitetsbibliothek staar altsaa med hensyn til Benyttelsen meget nær det kgl. Bibliothek i München og med Hensyn til Annuum imellem det kgl. Bibliothek i Dresden og det store kgl. Bibliothek i Kjøbenhavn, men medens disse have henholdsvis 13, 9 og 9 Tjenestemænd, har vort Bibliothek, der dog ogsaa er et Nationalbibliothek, kun 4.²⁴⁹

To punkt til vart tatt opp i utgreiinga: Drolsum hadde alt fått auka annuum frå kr.16 000 til kr. 24 000. Dette var i seg sjølv ein stor auke, men Drolsum meinte at det burde aukast til kr. 30 000. Ein stor utgiftspost (den gong, som no) var tidsskriftabonnement som batt fast store midlar. For å setja summen i samanheng viste Drolsum til at Det kgl. Bibliotek i København hadde kr. 29 000 til innkjøp og der tilvekst av den nasjonale litteraturen vart dekkja av pliktavlevering.

Det siste punktet Drolsum tok opp var lokala. Biblioteket mangla kontor, lesesalen var liten og arbeidsforholda burde leggest betre til rette der. Dessutan var det behov for oppvarming om vinteren. Desse endringane ville føra til ei årleg utgift på ca. kr. 52 000, det var ca. kr.

²⁴⁸ Drolsum 1880:38.

²⁴⁹ Drolsum 1880: 41.

16 000 meir enn det som no vart løyvd. Dette var ikkje noko liten sum, men samanlikna med svenske og danske forhold var det ikkje mykje hevda Drolsum. Sverige hadde fem store bibliotek. Ved sida av universiteta i Lund og Uppsala, var der Kungliga biblioteket, Vetenskaps-Akademien (1739) og Kgl. Karolinska Mediko-Kirurgiska Institutet (1810). Av desse svenske biblioteka kosta berre det Kungliga årleg ca. kr. 60 000. I Danmark var der to store bibliotek og Det store kongelige bibliotek fekk årleg kr. 52 500. At Noreg skulle bruka den summen Drolsum foreslo på landet sitt einaste store bibliotek var derfor ikkje urimeleg.²⁵⁰

Med si grundige utgreiing hadde Drolsum både beskrive og analysert UB. Han hadde vist kva oppgåver institusjonen hadde og kva oppgåver den burde ha, og kva som måtte til for at desse skulle løysast på ein fagleg forsvarleg måte. Med å visa til eksempel frå tilsvarande utanlandske institusjonar og forhold, hadde han vist at ein på dette feltet satsa forholdsvist langt mindre i Norge enn i andre land.

2.3.2 Gradvis gjennomslag

I 1880 var Drolsum sine mål og planar klare. Det store reformprogrammet for UB vart dagsett 28. oktober. Både forslaget om pliktavleveringslov og planane om å styrka biblioteket var leverte i full forståing med Det akademiske kollegium. I løpet av nokre år vart programmet i stor mon også gjennomført. For at Drolsum skulle nå fram, var det nødvendig med politisk gjennomslag. Både Universitetet og dermed biblioteket var statsinstitusjonar med ein viss grad av autonomi, men større institusjonelle endringar og reformer kravde politisk godkjenning. Korleis var den politiske behandlinga i denne samanhengen?

Årsmeldinga for 1881 synte ikkje særleg endra rammer for biblioteket. Men publikumspågangen hadde atter auka. Utlånet var 25 519 bind og på lesesalen vart det brukt 17 452 band. Samla bruk hadde vakse med meir enn 11%, frå 38 503 band i 1880 til 42 971 i 1881. Det hadde også vore mykje arbeid med bøker som ikkje kunne skaffast, enten fordi dei var tapte, fordi dei var utlånte eller kanskje dei var feilplasserte. Dette dreidde seg om over 5000 band. Om det krevjande arbeidet med slike bestillingar viste ein elles til årsmeldinga for 1879.²⁵¹ Ved årsslutt var samlinga i biblioteket 235 000 band, 1215 manuskript, 466 kart, pluss ei samling av musikalia, koparstikk og litografi, og dessutan ei dublettsamling anslått til ca. 12 000 band.

²⁵⁰ Drolsum 1880: 44.

²⁵¹ *Det Kongelige norske Frederiks Universitets Aarsberetning 1881*: 44.

2.3.3 Politisk behandling

Drolsum si utgreiing hadde påverka Universitetet sin budsjettøknad, og UB vart løfta opp på politisk nivå. Stortingsproposisjon nr. 4b/1881 *Angaaende Bidrag til Universitetet* vart lagt fram av *Chefen for Departementet for Kirke- og Undervisningsvæsenet*, statsråd Jens Holmboe (1821-91). Dette var Det akademiske kollegium sitt forslag for universitetsbudsjett for 1881-82 datert 30. november 1880. Del A, *Udgiftsbudgettet* viste at lønsbudsjett var kr. 355 825,86. Om endringsforslag under denne posten vart Drolsum sitt innspel lagt fram som det første:

Universitetsbibliothekaren har i en udførlig Forestilling af 28de Oktober d.A. [dvs. 1880] angaaende en forandret Ordning af Bibliothekets Bestyrelse, hvoraf Aftryk vedlægges, foreslaaet, at der oprettes 4 nye Poster, nemlig 2 Underbibliothekar-Embeder og 2 Amanuensis-Bestillinger samt ansættes et Bud.²⁵²

Bodskapen i Drolsum si utgreiing vart deretter referert. Tala til Drolsum viste bl.a. ein veldig vekst både i samlingar og publikumspågang, samstundes som: ”Paa samme tid Tid er Bibliothekets Bestyrelse og Betjening i alt væsentligt forblevet uforandret.”²⁵³ Den einaste endringa så langt, var at Drolsum i 1878 hadde fått utvida arbeidstida til dei tre amanuensane frå fire til seks timar mot eit lite lønstillegg.

Den samla lønsutgifta for biblioteket etter Drolsum sitt forslag på kr. 22.000 minus alderstillegg og med noverande annum på kr. 24 000 var, som vist i samanlikning med andre utanlandske bibliotek svært låg. Proposisjonen fortalde vidare at Kollegiet støtta bibliotekaren sitt framlegg heilt og fullt og meinte at framstillinga hans var så overtydande at det var nok å visa til den. Kollegiet vedgjekk at det var ein svært stor utgiftsauke i framlegget, men ein såg ikkje noko punkt som kunne reduserast.

Departementet la altså fram kollegiet sitt forslag som igjen var Drolsum sitt forslag. Det var semje om innhaldet. Om lønsforslaga meinte kollegiet at det ville vore rettare om bibliotekaren sjølv, slik det var på dei langt eldre universiteta i Uppsala og Lund, vart jamsteld med universitetslærarane og hadde ei løn med auke inntil kr. 6 000. Dette kunne kanskje vera eit tiltak som ville verka til å gjera det norske universitetet meir likeverdig med

²⁵² *Sth.Prp.No.4b(1881)*: 1.

²⁵³ *Sth.Prp.No.4b/1881*: 1

dei eldre svenske universiteta og ha ein unionspolitisk dimensjon? Men sidan bibliotekaren sjølv hadde halde seg til forslaget frå 1878, ville ein ikkje gå vidare i denne omgang.

Derimot meinte kollegiet at ein av dei foreslåtte underbibliotekarane burde få embetsstilling (utnemning i statsråd med embetsmannsrettar og plikter). Amanuensane kunne behalda dei noverande startløner på kr. 2 200, kr. 2 000 og kr. 1 800 med den auken som bibliotekaren hadde foreslått.

Universitetsbiblioteket sine samla lønsutgifter ville med kollegiet sitt forslag bli kr. 21 500. Dei noverande løner til bibliotekaren, tre amanuensar og bibliotektenar var kr. 12 000. Dermed ville kollegiet sin foreslåtte lønsauke bli kr. 9 500.

2.3.4 Annuum - ekstraløyving

Frå 1877 hadde Drolsum fått auka annuum frå kr. 16 000 til kr. 24 000. Trass auken var dette for lite til å halda samlingane à jour, og der var store lakuner i mange fag. Dessutan gjekk ein *stedse større Del af Annuum* til å dekkja abonnement på tidsskrift og periodiske publikasjonar. Kollegiet støtta Drolsum sitt forslag om å auka annuum, den faste årlege løyvinga, til kr. 30 000. Men ei auka tildeling krevde også auka personale, ellers ville det berre bidra til større etterslep. Dessutan var det eit problem at i åra 1875 og – 76 hadde der vore eit overforbruk, som sidan hadde lagt som ein *underbalance*. For å retta på dette, var det sett fram ein kongeleg proposisjon om å løyva kr. 8 735,89 utanom det faste annuum til Universitetsbiblioteket. Budsjettkomitéen støtta denne ekstraløyvinga, og dette vart utanom ein eventuell fast auke.²⁵⁴ Drolsum var ikkje interessert i auka annuum utan auka personale, for ein ” ... yderligere Forøgelse af de materielle Virkemidler formenes nemlig at ville medføre en end yderligere Forøgelse af, hva der maa efterlades ugjort, og saaledes hindre det Udbytte, man vilde være berettiget til at vente.”²⁵⁵ Departementet ville ikkje auka annuum i denne omgang, men det var semje om å dekkja *underbalancen*.

²⁵⁴ Medlemmer i komitéen: Bernhard Ludvig Essendrop formann, Ole Andreas Furu sekretær, Lars Pedersen Hektoen, Haggard Emanuel Berner, Peder Eilertson, Chr. Worm Hirsch, Iver Larsen Hvamstad, Peter Jebsen, Thomas Hansen Jørstad, Ole Reinertsen Lilleholt, T. Lindstøl, *Stortinget og statsraadet 1814-1914*, bd. 2, Kristiania 1914: 431.

²⁵⁵ *Indst. S. no. 53 Indstilling fra Budgettcommitteeen angaaende Universitetets Udgiftsbudget. (Sth.Prp.No.4 b.) 1881*: 153.

2.3.5 Departementet si vurdering

I Drolsum si utgreiing var også ymse manglar og behov ved bibliotekslokala tatt opp (s. 43-44). Men før kollegiet kom med budsjettinnspel i denne samanhengen, ønskte ein forslag om aktuelle planløyningar frå Universitetet sin arkitekt, stadskonduktør Georg Andreas Bull (1829-1917).

Departementet såg at veksten i samlingar og auken i publikumsbruk av UB kravde større personale og at det var behov for å auka kapasiteten både i det daglege arbeidet og i dei meir langsiktige oppgåvene. Men ein gav ikkje fullt tilslag til fire nye funksjonærar slik det var sett opp i Drolsum og kollegiet sitt forslag: ”Departementet finder for Tiden at maatte indskrænke sig til at foreslaa Bevilgning til to nye Funktionærer nemlig en Underbibliothekar og en Amanuensis”²⁵⁶ Dette skulle først og fremst dekke det daglege arbeidet med publikumsekspedering. Departementet gjekk ikkje nærare inn på arbeidet med ei norsk avdeling. Om den systematiske katalogen meinte ein: ”Hva Ordningen af den systematiske katalog angaar, er dette et ekstraordinært arbeide, hvis omfang for Tiden næppe bør være bestemmende for det faste Personales antal.”²⁵⁷

Departementet meinte at byrjarlønene til dei nye funksjonæranne ikkje var rekna for høge jamført med utdanninga, dugleiken og den daglege tenestetida arbeidet ville krevja. Dessutan var det svært viktig å få medarbeidarar som vart fastare knytte til biblioteket enn det som hadde vore vanleg til no. Stillingane måtte vera så attraktive og godt løna, at personalet ville verta verande, sjølv når dei kunne få andre stillingar.

Departementet meinte også at bibliotekaren skulle ha professorløn, kr. 4 500 med eit alderstillegg på kr. 500 etter fem års teneste.²⁵⁸ Såleis innstilte departementet løner og stillingar i Universitetsbiblioteket: Den ovannemnde justeringa for bibliotekaren, vidare at andre- og tredjeamanuensis ved biblioteket fekk tillagt alderstillegg kr. 200 kvart tredje tenestear resppektivt til løna auka til kr. 2 800 og kr. 2 600. I tillegg vart det foreslått:

Gage til en Underbibliothekar 3,000 Kr. med 500 Kr. tillæg efter hvert 5te Tjenestear indtil 4,000 Kr. samt Gage til 1 amanuensis (ny) ved Bibliotheket 2,200 Kr. med 200 Kr. Tillæg efter hvert 3die Tjenestear indtil 3,000 Kr.²⁵⁹

²⁵⁶ *Sth.prp.no.4b.1881* :11.

²⁵⁷ *Sth.prp.no.4b.1881* :12.

²⁵⁸ *Sth.prp.no.4b.1881* : 12.

²⁵⁹ *Sth.prp.no.4b.1881* : 15.

Dessutan vart det innstilt at den tidlegare nemnde *underbalancen* på kr. 8 735,89 i tillegg til ordinært annuum ” [...] maa passere til endelig Udgift.”²⁶⁰

2.3.6 Komitébehandling

Forslaget om auka løyving til UB vart vidare behandla av *Gage- og pensionskomiteen* i Stortinget som *Indst.S. no 34*.²⁶¹ Medlemer i komiteen var Sofus Arctander (1845-1924) formann, Niels Juul (1831-97) sekretær, Edvard Apolinussen Liljedahl (1845-1924), Michael Birkeland (1830-96), Jan Christian Johanssen (1841-1911), Søren Jaabæk (1814-94), Oluf Andreas Saxe (1838-89), Mikal Olsen Ueland (1830-1913) og Mikkell Rasmussen Vindal (1833-??).²⁶²

For å få skikkeleg innsyn i saka besøkte komitéen biblioteket for å konferera med Drolsum og den hadde også gått grundig gjennom utgreiinga hans. Innhaldet vart referert og drøfta. Komiteen hadde fått nærare orientering om fjernlånet frå UB til lånarar kring i landet: Siste år hadde det vore 51 utlån til *Laanere over det hele Land – fra Alten til Kristiansand og fra Stadlandet til Rakkestad*.²⁶³ Komiteen hadde ingen motforestillingar mot budskapen i utgreiinga, og behovet for auka ressursar. Det var heller spørsmål om korleis dette skulle gjerast. Komiteen viste også til at Det akademiske kollegium:

[...] tiltræder som før nævnt i et og alt Bibliothekarens Begrundelse og optager ligeledes hans Forslag med den mindre væsentlige Forandring, at den anden Underbibliothekar er ombyttet med en Amanuensis, og disses Lønningssatser ere noget ændrede, hvorved Merudgiften ved Personalets Forøgelse skulde blive kr. 9 500, hvilket Beløb omtrent svarer til Summen af den af Bibliothekaren foreslaede Merudgift.²⁶⁴

Komiteen viste så til at også departementet hadde støtta at det måtte *træffes Forføininger* for at UB skulle kunna fylla sine samfunnsmessige oppgåver både for Universitetet og samfunnet. Etter å å ha greidd ut saka i samsvar med kollegiet si innstilling, som igjen var basert på Drolsum si utgreiing, enda departementet med å foreslå løyving til ein underbibliotekar og

²⁶⁰ *Sth.prp.no.4b. 1881* : 15.

²⁶¹ Stortinget har faste fagkomitéar og alle representantar er medlem i ein komite.

²⁶² Personalopplysningar m.a. frå: Norsk Samfunnsvitskapleg Datateneste www.nsd.uib.no/polsys, T. Lindstøl, *Stortinget og statsraadet 1814-1914*, Kristiania 1914-1915 og *Norsk biografisk leksikon*, gamal og ny utgåve.

²⁶³ *Indst. S. No.34. 1881*: 80.

²⁶⁴ *Indst. S. No.34. 1881* :81

ein amanuensis. Bibliotekaren si løn skulle aukast til kr. 4 500 med eit alderstillegg på kr. 500 samt alderstillegg på kr. 300 til tredjeamanuensis og løn til eit bod på kr. 600. Departementet meinte også at ordninga av den systematiske katalogen var eit ekstraordinært arbeid som ikkje skulle påverka storleiken på det faste personalet. Men etter at personalet var auka, som innstilt, kunne ein sjå kor mykje arbeidskraft som kunne setjast til katalogiseringsarbeid. Departementet si innstilling ville medføra ei ny utgift på kr. 7 000.

Heile komitéen var samd i at UB var ein viktig nasjonal institusjon både for *Videnskabelighedens Fremme og Nationens aandelige Liv*. Ønska frå biblioteket var absolutt rettkomme og burde i størst mulig grad innfriast. Men i komitéen var det delte meiningar om i kva grad og i kva form ”[...] de berettigede Fordringer allerede nu kunne fyldestgjøres.”²⁶⁵ Dette førte til at komitéen vart delt. Eit fleirtal danna av Liljedahl, Vindal, Johanssen, Saxe og Birkeland arbeidde seg fram til eit forslag. Arctander, Jaabæk, Juel og Ueland var imot både komitefleirtalet sitt forslag og regjeringa sitt forslag. Desse stemte i mot av ulike grunnar. Dels på grunn av den ålmenne finansielle stoda, dels av på grunn av den store og bråe auken i biblioteket sine personalutgifter. Arctander stemte i mot fordi han meinte at biblioteket sine behov vart for dårleg dekkja. ”Arctander forbeholdt sig i Tilfælde at afgive særskilt Votum.”²⁶⁶ Komitefleirtalet meinte at biblioteket sitt største behov var å få auka bemanning i utlån og på lesesal. Publikumstilgang og utlån var auka til nærast uhandterlege mengder. ”Denne Side af bibliothekets Behov af Arbeidskræfter er saa paatrængende, at en Udsættelse synes at være umulig.”²⁶⁷

Det var også eit heilt klart behov for ei norsk avdeling i biblioteket. Eigentleg var det i følge komitéen merkeleg at det ikkje alt var kome eit *saadant sikkert Depot*. Her kom det ei noko underleg formulering:

Naturligvis har man aldrig været blind for denne Side af Bibliothekets Opgave; men der har aldrig været Kræfter til systematisk og fuldstændig Gjennemførelse af Opgaven, der kræver en utrolig Paapasselighed.²⁶⁸

Men egentleg hadde vel biblioteket i praksis ikkje hatt auge for denne oppgåva før Drolsum artikulerte saka gjennom innspela om pliktavlevering og etableringa av norsk avdeling?

²⁶⁵ *Indst. S. No 34, 1881* : 81

²⁶⁶ *Indst.S.No.34, 1881* : 83.

²⁶⁷ *Indst.S.No.34, 1881* : 81.

²⁶⁸ *Indst.S.no.34, 1881* : 82

Fleirtalet var også merksam på at gjeninnføring av pliktavlevering kunne påverka ei eventuell norsk avdeling. Men sjølv om det kunne vera ønskeleg å koma i gang med ei slik avdeling snøggast råd, ville det ikkje skje nokon uboteleg skade om ein måtte venta med dette. Fleirtalet var også sympatisk til behovet for ein systematisk katalog i biblioteket. Men dette kunne sjåast på lengre sikt: "[...] det er klarligen en stor Overdrivelse at sige Arbeidet uomgjængelig bør begynde iaar eller ad Aare."²⁶⁹

Fleirtalet var kome fram til at den beste framgangsmåten for å dekkja biblioteket sine klare behov ville vera ei gradvis gjennomføring av Drolsum sin plan. Fullt gjennomslag for planen med ein gong ville ikkje vera bra: "Paa en gang at forøge en Institutions Arbeidskræfter til det Dobbelte, er noget uhørt og medfører paatagelige Ulemper. At passe det Nye ind i det Gamle tager Tid;" Uti frå ei samla vurdering enda fleirtalet med å innstilla på at bibliotekspersonalet skulle aukast med to nye funksjonærar: den eine som underbibliotekar, utan embetsmannsutnemning, med kr. 3000 i årsløn og kr. 500 i tillegg kvart femte år inntil kr. 4000. Den andre skulle vera ei amanuensstilling med årsløn kr. 1 500. Dermed meinte fleirtalet at dei akutte behov var dekkja og resten kunne koma gradvis, *forbeholdt Fremtiden*.

Fleirtalet var også opptatt av løna til Drolsum, dvs. *Universitetsbibliothekarens Gage*. Denne var lågare enn professorane på Universitetet, og også lågare enn leiarane ved dei svenske universitetsbiblioteka sine løner. Det ville også vera urimeleg å auka lønene til underordna personale utan at leiaren også vart justert. Men i dette vart fleirtalet delt: Johansen, Saxe og Birkeland ville auka løna til kr. 4 500 med kr. 500 i alderstillegg etter fem års teneste. Lijedahl og Vindal gjekk i mot auke. Ellers gjekk ein ikkje inn i spørsmålet om fyrbøtar/bod. Etter komitéfleirtalet si innstilling ville den samla auka utgifta bli kr. 4 500.

2.3.7 Arctander sitt votum

Sofus Arctander lanserte sitt eige forslag der han ville innfri UB sine ønske samla. Verdig og fullstendig omsorg for landet sitt einaste fuldstændige offentlege bibliotek var etter hans meining "[...] et nationalt Anliggende af første Rang."²⁷⁰ Reformforslaget frå Drolsum som no låg til behandling hadde full støtte frå Det akademiske kollegium og Universitetet sin inspeksjonskomité, som var dei instansane som var nærast biblioteket og skulle ha best kjennskap til det. Forslaget var ein fullstendig gjennomarbeidd organisk arbeidsplan, som i

²⁶⁹ *Indst. S.No.34, 1881* :82

²⁷⁰ *Indst. S.No.34, 1881* : 83.

løpet av dei neste 20 åra ville kunna gjennomføra svært viktige oppgåver både for biblioteket i seg sjølv og biblioteket sin samfunnsnytte.

At forslaget var så gjennomgripande og omfattande og tok høgde for alle sider ved biblioteket både som universitets- og nasjonalbibliotek, gjorde at:

[...] man behøver ikke derfor at frygte for ved at bifalde hans Forslag at komme ind på det kostbare og lidet tiltalende Lapværk, der ellers for meget synes at være det raadende System ved Spørgsmaalet om Udviklingen af offentlige Insitutioner hos os.²⁷¹

Med forslaget om full støtte til Drolsum framsto Arctander som ein stor biblioteksentusiast. Det var han nok også på sitt vis. Arctander var utdanna jurist, han tok embetseksamen i 1870. I studietida hadde han sjølv vore bibliotekar for biblioteket til Det Norske Studentersamfunn.²⁷² Her hadde han også vorte sterkt politisk interessert. Han var ein driven, kvass og temmeleg omsynslaus debattant. Våren 1871 fekk Arctander Kong Carls stipendium *till befrämjande av samfärdsplan mellom Nordens studentungdom* og han var eit semester ved Universitetet i Lund og studerte statsøkonomi og filosofi. Der vart han truleg også kjend med eit universitetsbibliotek som kanskje framsto med rausare rammer enn det norske.

Sjølv om Arctander var opptatt av biblioteket sin tarv, så hadde han også andre politiske saker på sin dagsorden. Arctander var frå 1879 representant for Nordland på Stortinget. Frå 1871 hadde han vore sorenskrivarfullmektig, overrettssakfører, kst. sorenskrivar, lensmann og ordfører i Hadsel. Arctander var i si første stortingstid med i gruppa av yngre venstreorienterte representantar som støtta Johan Sverdrup sin opposisjonspolitik. Denne politikken leidde fram mot det parlamentariske gjennombrøtet i 1884. Denne forfatningspolitiske dimensjonen, altså forholdet mellom storting og regjering, drog også Arctander inn i sitt votum:

Under uheldige politiske Forholde som de nuværende bør dog [...] Bibliothekets Skjæbne hva der sidst paavirkes af det manglende Tillidsforhold den Bevilgende Myndighed og Regjeringen. Naar denne Sidste, som han her formener at være Tilfældet, ikke har forstaaet eller formaaet at vise den skjønssomme Omsorg for

²⁷¹ *Indst.S.No.34, 1881* : 83-84.

²⁷² W. Keilhau, Arctander, Sofus Anton Birger, bd. 1 i *Norsk biografisk leksikon*, Kristiania 1923: 205 -216.

Bibliotheket, som Sagen fortjener, er det Stortingets Ret og Pligt ogsaa paa dette Felt at gribe beskyttende og regulerende.²⁷³

Det var nettopp Stortinget sin rolle som var viktig for Arctander i heile biblioteksspørsmålet. Var det Stortinget eller regjeringa som skulle setja dagsorden? Han meinte også at Stortinget burde vera spesielt opptatt av å sikra UB sin posisjon som *Rigs- eller Nationalbibliothek*. No var biblioteket sjølv interessert i denne oppgåva, men det hadde ikkje alltid vore slik, og det var heller ingen garanti for at det ville vera det i framtida under ei anna leiing. Dette kunne verka inn på ”[...] Ønskeligheden av å gjøre Bogskatten tilgjengelig i størst mulig Udstrækning for alle Landets Videnskabsdyrkere uanseet deres Bopel.”²⁷⁴ Arctander ønskte løyvingar til UB, men han ønskte også kontroll, og den skulle koma frå Stortinget:

Disse hensyn saavel som Bevilgningens egen Tilblivelse, om den gives af Stortinget, uafhængig af Regjeringens Holdning foranledige nærværenede Forslagsstiller til at søge at sikre Stortingets direkte Indflydelse paa Bibliothekssagens videre Udvikling ved til de nye Bevilgninger at Vilkaaret: indtil Stortinget anderledes bestemmer.²⁷⁵

Såleis ville Arctander sikra Stortinget full kontroll gjennom løyvingane. I tillegg foreslo han at underbibliotekaren ikkje skulle utnemnast som embetsmann for at Stortinget skulle ha kontroll med stillinga. Han foreslo òg at Drolsum si embetsløn skulle vera som før, og at lønsauke skulle vera personlege tillegg frå Stortinget. I det heile var nok Arctander sine innspel deler av ein politisk framstøyt for å styrka Stortinget andsynes regjeringa, sjølv om biblioteket også ville nytta godt av eit gjennomslag. Biblioteksaka vart her eit middel for å fremja Venstre sin politikk.

Saka var viktig nok i seg sjølv, men i kjernen var det nok meir ei økonomisk og til no underbelyst sak, heller enn eit politisk stridsspørsmål. Arctander ville dra den inn forfatningsstriden mellom storting og regjering om utnemnande og løyvande makt. Men i det store konstitusjonspolitiske spelet vart ikkje dette noko stor sak.

²⁷³ *Indst.S.No.34 , 1881 : 83*

²⁷⁴ *Indst.S.No.34 , 1881 : 84*

²⁷⁵ *Indst.S.No.34 , 1881: 84*

2.3.8 Førebels oppsummering

Så langt var det politisk stemning for å støtta innspela frå Drolsum. Det var meir spørsmål om kva grad dei melde behova frå UB skulle innfriast med ein gong eller gradvis. Om vi ser på den delte komitéen og kven som støtta og kven som heilt avviste saka, så kan det vera nærliggande å hevda at dei komitémedlemene som gjekk heilt i mot, var dei som stod fjernast frå biblioteket: Søren Jaabæk var autodidakt og kunnskapsrik, men ei gjennomgåande line i hans politikk var å halda offentlege utgifter lågast råd. Men Jaabæk var også positiv til det han såg som nyttige løyvingar, jf. elektrisk lys i UB, kap. 3.2.10. Niels Juel var bonde frå Halsnøy i Søndre Bergenhus amt og Mikal Olsen Ueland var lensmann i Heskestad i Rogaland.

Komitéfraksjonen som støtta biblioteket hadde meir formell utdanning og stod nok på ymse vis nærare institusjonen: Liljedahl var lærar og kyrkjesongar i Vik i Sogn og utdanna på seminaret (lærarskulen) på Stord, Vindal var bonde i Oppdal og hadde eksamen frå amtets landbruksskule 1858. Johanssen var cand.philol. og hadde vore universitetsstipendiat i latinsk filologi og konkurrerte i 1875 om eit professorat i filologi. Han var styrar for Fredrikstad kommunale høiere allmennskole. Saxe var cand.theol og bestyrar ved Hamar seminar. Michael Birkeland var cand.jur., riksarkivar og styrar for kjeldeskriftfondet.

Samansetjinga av komitéen kan nok bidra til å forklara kva posisjonar dei respektive medlemene tok i denne saka.

2.3.9 Stortinget

Etter at komitéen hadde levert si innstilling og Arctander hadde levert sitt særforslag, kom saka opp i Stortinget. Saka vart drøfta over tre dagar, 26., 28. og 29. mars 1881.²⁷⁶ Bernhard Ludvig Essendrop (1812-91) var president og leia debatten. Både fleirtalsinnstillinga frå komitéen og Arctander sitt særframlegg vart drøfta. Det enda med at biblioteksaka, etter utsetjingsframlegg frå Hagbard Emanuel Berner (1839-1920) reist under debatten, vart utsett til neste storting. 58 representantar røysta for og 54 røysta mot utsetjing.

Arctander var den mest taletrengte i debatten og tok ordet sju gonger. Den første dagen greip han ordet, og han hadde det så lenge at innen andre slapp til. Innlegget hans strekte seg over nesten åtte sider i stortingsforhandlingane. Han avrunda det med følgende utsegn:

²⁷⁶ *Sth.tidende 1881: 216-267.*

Ja der kunde endnu være en del at sige. Jeg har har ikke fuldstændig udtalt mig om den foreliggende Sag endnu; men jeg vil, om Præsidenten saa synes, foretrække at faa Anledning til at fremkomme med de ytterligere Bemærkninger, jeg har at gjøre i næste Møde.²⁷⁷

For å fremja saka, hadde Arctander også vore i kontakt med Drolsum for å klargjera følgene av både ei heil og ei delvis innfriing av ønska. Det skriftlege svaret frå Drolsum vart lagt ved stortingsforhandlingane som *Dokument Nr.61*. Kortfatta var svaret at med to stillingar til utlån og lesesal kunne ein dempa det daglege presset. Med alle dei nye stillingane kunne også arbeidet med systematisk katalog og norsk avdeling byrja.

Arctander tok opptatt argument for ei avdeling med norsk materiale i UB som skulle vera eit apparat for kulturhistorie og bevaring for ettertida. Venstremannen såg ein direkte praktisk og politisk nytte av ei slik avdeling. I åra etter unionsoppløysinga i 1814 vart det skriva mange politiske småkrifter som no var tapt. I desse skriftene kunne det vore mykje som kunne ha vore interessant for samtidas politiske situasjon:

De indeholder visselig meget af Interesse, især i en Tid som vor, da selve Grundspørgsmaalene i vor Konstitution bringes under Debat som tvivlsomme. Havde det ikke været nyttig nu, om vi hade havt et sikkert Gjemme der oppe i Statens eneste Bibliothek, hvor vi var vis paa at faa enhver saadan Udtalelse fra dem, som stod Frihedsværket nær? Jeg er bekjendt med at flere av disse Brochurer og Piecer ikke findes der; de har forgjeves været etterspurgt.²⁷⁸

I denne samanhengen ville nok også ei pliktavleveringslov vore viktig, men dette vart dratt inn i debatten seinare. Bortsett frå mindretalet som hadde gått heilt i mot løyvingar til biblioteket, var det både forståing for UB sin situasjon og stemning for løyvingar, men det måtte skje gradvis. Liljedahl likte ikkje innspelet med *Dokument nr. 61*.

Jeg ser nok Bibliothekaren i et Dokument som er kommet ind her, længe efterat Indstillingen var færdig og Sagen opslaaet paa Kartet første Gang, har ytret, at med en slig Forøgelse er det umulig baade at tage fat paa den norske Afdeling og den systematiske Katalog. Men det mener jeg Bibliothekaren ikke skulde have sagt, og jeg tror holder ikke, at han vilde have sagt det, dersom man ikke havde sat ham under

²⁷⁷ *Sth.tidende 1881*: 223.

²⁷⁸ *Sth.tidende 1881*: 219.

Pres. Der kom frem Spørgsmaal der paa en Maade vel nødede ham til at svare saaledes.²⁷⁹

Arctander protesterte på at det låg noko press bak dette dokumentet. Det var berre ei utdjuping.²⁸⁰ Men sjølv om debatten både var lang og ordrik, vart den redusert til eit økonomisk spørsmål. Det lukkast ikkje for Arctander å gjera det til eit forfatningsspørsmål. Fleire debatantar som støtta Arctander meinte det var unødvendig å dra inn meir om Stortinget sin kontroll i ei løyving. Stortinget hadde gode nok kontrollhøve som det var.

Den konservative Torkel Halvorsen Aschehoug peika på at Arctander sitt forslag etter grunngevinga var dobbelt. For det første ville han skaffa UB den arbeidshjelpa som alle som hadde befatning med biblioteket meinte var både ønskeleg og etter kvart nødvendig.

[...] men desuden har Komiteformanden en anden Hensigt, nemlig at benytte denne Sag til et Mistillidsvotum til Regjeringen. Han glæder sig ved, at hvis hans Forslag gaar gjennem, skal det blive som han siger, et betragtelig Nederlag for Regjeringen.²⁸¹

Aschehoug meinte også Arctander med si spisse tilnærming om enten alt eller ingenting, kunne støyta frå seg dei som var einige i sak men ville gå fram gradvis. Sjølv ville han likevel stemma for Arctander sitt forslag. Aschehoug meinte at dette ikkje var noko stor sak for regjeringa og det ville ikkje vera eit nederlag om det var løyvd meir enn det var innstilt:

Ja, det skræmmer ikke mig; thi jeg tror ikke, at Regjeringen og heller ikke Publikum vil betragte det som noget Nederlag for Regjeringen, om vi bevilger mer, end Regjeringen har foreslaet til en almennyttig Institution; det har været gjort mange Gange her i Salen, og jeg ser ikke, at Regjeringen har havt nogen videre Skade af det.

Aschehoug meinte at Arctander sine formuleringar om Stortinget sin kontroll med løyvingane var unødvendige. Dette var *en Raslen med tørre Blade*.

Johannes Steen (1827-1906) meinte at biblioteksaka dreidde seg om så omfattande forhold, at det kunne vera behov for ei grundigare vurdering av saka. Om det vart reist framlegg om utsetjing, ville han støtta det.²⁸² Men Steen reiste ikkje noko utsetjingsforslag sjølv. Det gjorde derimot Hagbard Emanuel Berner. Han støtta Drolsum sin plan heilt, men han meinte

²⁷⁹ *Sth.tidende 1881*: 228.

²⁸⁰ *Sth.tidende 1881*: 233.

²⁸¹ *Sth.tidende 1881*: 240.

²⁸² *Sth.tidende 1881*: 247.

at heile planen måtte vurderast samla, ikkje berre personalauke som var tema i den nærverande debatten. Eit vesentleg moment frå Berner var at ein også måtte sjå personalauken saman med auka annuum til biblioteket. Spørsmålet om annuum låg under Budgetkomiteen og var ikkje tema i debatten. Men det var ein viktig del av heilskapen i Drolsum sin plan. Med å utsetja saka, kunne ein sjå dette samla.²⁸³ Utan at det var nemnd, ville nok også spørsmålet om pliktavlevering koma inn i ei samla vurdering, om saka vart utsett.

Debatten gjekk vidare og mange sa mykje. Halvor Andreas Bentsen (1825-91) meinte saka var viktig, men den store debatten hadde verka til å gjera den uklår: "[...] den Debat, som har været ført i denne Sag nu paa tredie Dagen, har saa langt fra været egnet til at klare Spørgsmaalet, at den efter min Opfatning har virkelig fordunklet det."²⁸⁴ Både argumenta for fullt tilslag for Drolsum sin plan og argumenta for gradvis løysing kunne verka overtydande. At biblioteket var ein svært viktig samfunnsinstitusjon var udiskutabelt. "Universitetsbibliotheket er det eneste store Bibliothek, som vort Land har, og det spiller en Rolle i Rækken af vore Oplysnings- og Undervisningsmidler, som er aldeles enestaaende."²⁸⁵ Likevel var dette ei sak som dei færraste medlemmer i forsamlinga kunne ha klar oversikt over.

Peter Rasmus Krag (1825-91) meinte at Berner sitt utsetjingsforslag kom altfor seint. Det burde koma i starten av debatten og ikkje på slutten av andre dag. Han meinte saka var sjeldan godt førebudd og heilt klar. Sjølv ville han røysta primært for Arctander sitt framlegg, subsidiært for komitéfleirtalet sitt framlegg.

Det vart debattert vidare og det var ei klar stemning i forsamlinga av at Universitetsbiblioteket trong meir personale. Spørsmålet var om alle stillingane det var søkt om skulle koma på ein gong eller om dei skulle koma gradvis. Vidare var det spørsmål om det skulle løyvast i år eller om saka skulle utsetjast, slik at fleire sider som personale, annuum og eventuell pliktavlevering kunne vurderast samla.

Den einaste talaren i debatten som gjekk klart mot alle løyvingar til biblioteket var Mikal Olsen Ueland. Han tilhøyrdet mindretalet i *Gage- og pensionskomiteen* som var mot løyving. Ueland stemde mot av finansielle grunnar. Om tilstanden i biblioteket meinte han, etter han etter beste evne hadde prøvd å setja seg inn i saka, at: "[...] jeg tror ikke, at Forholdene er saadanne, som de her fremstilles. Jeg tror, at de tilfredstiller det daglige Behov, og hvis saa er

²⁸³ *Sth.tidende 1881* : 251.

²⁸⁴ *Sth.tidende 1881* : 258.

²⁸⁵ *Sth.tidende 1881* : 258.

Tilfældet, maa man ialfald efter de nuværende Forholde finde sig tilfreds.”²⁸⁶ Dette var ei haldning som ingen andre debattantar delte. Ueland gjorde det klart at han ville røysta mot alle nye løyvingar, som ikkje var absolutt nødvendige eller landsviktige. ”Landets interesser kræver, tror jeg, at man maa ta saadanne Sparsommelighedshensyn.”²⁸⁷

Etter tre dagars debatt vart det votert. Først skulle det voterast over utsetjingsforslaget. Om ikkje det gjekk gjennom, skulle det voterast over Arctander sitt forslag som *det videstgaaende* og deretter over komitéfleirtalet sitt framlegg. Resultatet vart: ”Berners Forslag, der var saalydende: *Denne Sags Afgjørelse udstaar til næste Storting*, - bifaldtes med 58 mot 54 Stemmer.”²⁸⁸ Dermed var ein eventuell personalauke på Universitetsbiblioteket utsett, sjølv om det rådde ein klar stemning for personalauke.

Arctander sitt forsøk på å dra behova til UB inn i forfatningsstriden vann ikkje fram. Det var jamt over politisk semje om behova, det var meir eit spørsmål om korleis dette skulle løysast, og også at det var behov for ei grundigare og samla vurdering av heile biblioteket, slik Drolsum si utgreiing inviterte til. Om det ikkje vart auka rammer ved dette høvet, hadde likevel Universitetsbiblioteket vorte tema for ein tre dagar lang debatt i Stortinget. Sjølv om det ikkje vart noko utteljing i første omgang, så hadde Drolsum verka til at UB kom på den politiske dagsorden og biblioteket fekk ei merksemd det neppe hadde hatt nokon gong tidlegare.

Drolsum var sjølvsgt ikkje nøgd med at det ikkje vart noko løyving. Det viste han tydeleg i eit brev til sin danske kollega Christian W. Bruun. Her skreiv han at det kanskje likevel var betre at det kom ei samla løyving til neste år, enn at det kom ei mindre løyving år og ikkje noko til neste år. Men han var ikkje imponert over den politiske handsaminga:

Sagens Behandling er forresten kuriøs nok, thi begge Partier vilde gjøre noget for Bibliotheket, vare yderst velvilligt stemte, Venstre vilde for en stor Del gaa videre end Regjeringen og give mig de forlangte 4 nye Funktionærer, men ikke desto mindre blev der – Intet gjort. Udsættelsforslaget seirede rigtignok med en Majoritet af kun 4

²⁸⁶ *Sth.tidende 1881* : 247.

²⁸⁷ *Sth.tidende 1881* : 247.

²⁸⁸ *Sth.tidende.1881* :267.

Stemmer, men tiltrods herfor og tiltrods for de mange fagre Ord fikk vi stakkels overlæssede Bibliotheksmænd nu ikke noget alligevel.²⁸⁹

Drolsum var frustrert over at den uttalte velviljen ikkje hadde gitt skikkeleg konkret utteljing. Den tidlegare omtale ekstraløyvinga på kr. 8735.89 for å dekkja underbalancen i annuum, *Indst.S.nr.53*, vart samrøystes vedtatt av Stortinget 7. april 1881. Berner kommenterte då at biblioteksaka etter hans vurdering var i beste gjenge. Den var utsett og ville koma opp til samla behandling i neste storting. Ein ville då sleppa den delte behandlinga "[...] med hensyn til tvende Poster, som egentlig høre sammen, Annuets Forøgelse og Personalets Forøgelse."²⁹⁰ Berner meinte også at det var viktig å få fram at ekstraløyvinga dreidde seg om overskriding frå 1875 og -76, og at det ikkje var noko auking av det faste annuum.

2.4 Neste trekk frå Drolsum

2.4.1 Tilleggsutgreiing

Drolsum hadde så langt fått politisk godvilje og merksemd, men førebels ingen konkrete resultat med auka rammer for biblioteket. Men biblioteket hadde vorte synleggjort og kome på den politiske dagsorden.

Årsmeldinga for 1881 viste atter stor auke i utlån og lesesalsbruk. Det hadde også dette året vore myke arbeid med å leita etter litteratur som av ulike grunnar ikkje var på plass og kunne skaffast. Om dette problemet viste Drolsum til årsmeldinga for 1879. 2. november hadde det vore ein ny professorinspeksjon i biblioteket. Den vart gjort av professorane Petersen og Daae. Dei hadde også hadde vore med på den førre inspeksjonen 13. oktober 1879. 23. desember 1881 leverte dei rapport til kollegiet og konstaterte at biblioteket var i god orden. Ellers viste dei til inspeksjonen i 1879: Bibliotekaren og personalet gjorde sine plikter og oppgåver på beste måte, men "[...] Personalet er absolutt utilstrækkelig og dets snarest mulige Forøgelse er et Livsspørgsmål for denne Universitetets betydeligste og viktigste Samling."²⁹¹

Det sentrale spørsmålet i stortingsdebatten i 1881 hadde vore om biblioteket skulle få to eller fire nye stillingar. To stillingar til var, i følgje Drolsum, heilt naudsynt for å halda forsvarleg

²⁸⁹ Jf. brev dagsett 7. april 1881, i Spørck (utg.) 2011: 40.

²⁹⁰ *Sth.tidende 1881* : 408.

²⁹¹ *Det Kongelige norske Frederiks Universitets Aarsberetning 1881*: 45.

nivå i utlån og oppsyn på lesesal, men det var naudsynt med to stillingar til for å etablere ei norsk avdeling og for å arbeida med ein systematisk katalog. Drolsum sin samla plan kravde fire nye stillingar. «Større Personale! Det er mit Ønske ved Nat og Dag» skreiv overbibliotekaren i eit brev til sin svenske kollega Ahlstrand i Stockholm.²⁹²

For å sikra at alle biblioteket sine behov vart sett i samanheng når saka skulle oppatt i Stortinget, leverte Drolsum 26. november 1881 eit *Tillæg* til utgreiinga frå året før. Også dette tillegget var adressert til kollegiet. Det var også trykt med Det akademiske kollegiums samtykke, og truleg også på kollegiets rekning.

I det nye dokumentet skreiv Drolsum i innleiinga at all personalauke ville vera velkomen, men biblioteket sine behov ville berre bli fullt dekkja med å innfri krava i forslag frå fjoråret. Han ba difor kollegiet om å fremja eit samla forslag på nytt slik at personale, annuum og lokale ”[...] om mulig kunne blive gjorte til Gjenstand for en samtidig Behandling.”²⁹³

Han konstaterte vidare at det i debatten i mars 1881 hadde rådd felles forståing i Stortinget for behova i utlån og lesesal. I ein fotnote nemnde Drolsum at det var berre ein talar som hadde ytra seg mot einkvar auke. Han ville difor no i tilleggsutgreiinga konsentrere seg om ei norsk avdeling og om systematisk katalog. Først kom ei kortfatta orientering om den norske avdelinga, deretter kom ei grundigare utgreiing om den systematiske katalogen.

Drolsum skreiv også om tilleggsutgreiinga si i eit brev til Bruun i København. Her kom han med eit privat hjartesukk om Stortinget si handtering av biblioteksaka og han kom også med nokre vurderingar av privat og uoffisiell karakter. Det var tydeleg at Drolsum søkte både støtte og autoritet hos Bruun. Andsynes Bruun kjende Drolsum seg så fortruleg og alliert at han kunne syna personleg frustrasjon:

Det er dog i Sandhed fortvivlet, at parlamentariske Forsamlinger skal befatte sig med Detailler, som ikke et eneste Menneske i deres Midte forstaar! [...] I ovennævnte lille Tillæg om Bibliotheksagen her hos os vil De finde, at jeg ogsaa støtter mig til Deres Autoritet, og det skulde ikke undre mig, om Birkeland henvendte sig til Dem i Anledning af denne Sag. Af politiske Grunde kom han til paa en Maade at blive en halv Modstander, men han var baade for sindig og for vel instrueret til at vove sig ud

²⁹² Drolsum til Ahlstrand 20. august 1881 i Spørck (utg) 2011: 46

²⁹³ A.C. Drolsum, *Om Universitetsbibliotekhet. Forslag til en Omordning af Personalet m.v. Tillæg: Bibliothekarens Skrivelse af 26de Novbr. 1881*, Christiania 1881: 1.

paa Glatis, som desværre flere Conservative, bl.a. Aschehoug, ved denne Leilighed gjorde. Det er derfor for mig en yderst vanskelig Sag at levere et nyt Indlæg i Sagen, og jeg har da valgt det Parti at undgaa at drage noget af Debatten ind i min Imødegaaelse, som saaledes er en rent fagmæssig Redegjørelse for, hva en national Afdeling i et stort Bibliothek nytter til i enkelte Henseender, og navnlig Nytten af en systematisk, med Opstillingen stemmende Catalog og Signering af Bøgerne.

Tillegget vart dermed ei utdjupeing av noko som alt var lansert, og ikkje ei ny sak i tillegg til den som alt var lansert. Drolsum framstod som ein nøytral fagmann som ikkje blanda seg inn i politikken, men fremja ei sak med nøkterne og saklege argument. Til Bruun viste han til Stortingsdebatten der etablering av ei norsk avdeling alt hadde vore drøfta:

Under Debatten bemerkede Birkeland, at det at oprette en norsk Afdeling ikke var nogen original Idé. Jeg har derfor nu udtrykkelig sagt det samme og efter Deres Bog om ”den danske Katalog” fortalt Sammenhængen og tillige tydelig angivet mit eget Standpunkt: dette er paa engang om man vil, en Indrømmelse til Birkeland og en Retfærdiggjørelse for mig selv, da jeg ved med mig selv, at det er Bibliothekets Tarv og ikke Forgabelse i egne Projekter, som leder min Styrelse af Bibliotheket.

At biblioteket sin tarv var det viktigaste for Drolsum var forståeleg, men det var kanskje ikkje noko klar grense mellom eigne prosjekt og biblioteket sin tarv? Sett under eitt var nok biblioteket per se det viktigaste for Drolsum. Men Drolsum runda av brevet til Bruun med ei interessant ytring om at den sterkaste politiske støtten for biblioteket nok kom i frå det politiske haldet som Drolsum kjende seg minst knytta til:

Men ubehagelig og mer end det er det, at Mine Oplysninger i Sagen ville komme de radikale tilpas og ikke de Mænd, jeg, om jeg var Politiker, matte gaa sammen med. Da jeg formoder, at prof. G. Storm ofte kommer i Deres Bibliothek i denne Tid., beder jeg Dem at ikke omtale, hva jeg her siger, for ham han gaar jo sammen med de radikale i det meste. ”Hvad Hjertet er fuldt af, løber Munden over med”, jeg mærker at jeg har været helt vidløftig.²⁹⁴

I dette brevet var Drolsum både privat, personleg og fortruleg. Det går også fram at både Birkeland og Storm også tydelegvis hadde god kontakt med Bruun på Det kongelige bibliotek

²⁹⁴ Drolsum til Bruun 8. desember 1881, jf. Spørck (utg.) 2011: 56-58.

i København. Sjølv om unionen med Danmark for lengst var oppheva, så var dei kulturelle og faglege banda stadig sterke.

2.4.2 Om Norsk avdeling

Framlegget om å skipa ei eiga avdeling for den nasjonale litteraturen var ikkje noko eigen og original idé frå Drolsum, det presiserte han også i tilleggsutgreiinga.²⁹⁵ Slike avdelingar var alt etablerte i sentralbiblioteka i dei andre nordiske landa, der dei var kimen til ein nasjonalbibliotekfunksjon med samlingsbygging av nytt nasjonalt materiale via pliktavlevering og supplering av eldre materiale via gåver og kjøp.

Det første biblioteket som organserte ei eige nasjonal avdeling var Det kongelige bibliotek i København og opphavsmann var bibliotekar Johan Heinrich Schlegel (1726-80), som leia biblioteket 1778-80. Etterfølgaren John Erichsen (1728-87) realiserte idèen. «I de ni år hvor de to til samenn stod for ledelsen, blev der skabt ordnede forhold [...], og det var i disse ni år at idèen om et national bibliotek blev realiseret.»²⁹⁶

Kvifor oppsto tanken om ei nasjonal avdeling? Korleis vart den driven fram? Som nemnd tidlegare i avhandlinga (1.3.5) kom der i 1781 ei ny kongeleg forskrift om pliktavlevering til Det kongelige bibliotek frå trykkeria i alle deler av den dansk-norske heilstaten. Sjølv om der hadde vore fleire pliktavleveringsordingar i riket sidan 1697, så hadde dei ikkje vore så vidtfermmande og effektive.²⁹⁷ Den gjeldande avleveringslova frå 1732 galdt berre trykkeri i København og inndringa til KB hadde vore forsømd.²⁹⁸ Etter kvart var det også kome like mange boktrykkeri kring i riket som der var i sjølve hovudstaden. Ved sida av eit akutt ryddebehov og etterslep i KB, høvde tanken om eit nasjonalbibliotek inn i ein større samanheng på slutten av 1700-talet. Det gamle stabile samfunnet var i endring med nye politiske straumar gjennom eit framveksande nytt borgarskap som styrka nasjonalstaten og ein gryande nasjonal identitet.

²⁹⁵ Drolsum 1881: 3-4.

²⁹⁶ S. Bille Larsen, Oprettelsen af det Det nordiske bibliotek 1780 ved 200-året for Det kongelige biblioteks danske afdeling, *Fund og Forskning*, 1981, 25: 49.

²⁹⁷ I H. Horstbøll (red.), *Den trykte kulturarv. Pligtaflevering gennem 300 år*, København 1998 presenterer Harald Ilsøe Aktstykker til pligtafleveringens historie 1697-1997 s.293-559.

²⁹⁸ Schlegel sin forgjengar Bernhard Möllmann (1702-78), bibliotekar 1748 – 78 forsømde i sine siste 10 år pliktene på biblioteket slik at ved hans død var samlingane samlingane i fullstendig uorden. Bille Larsen, 1981: 48.

I eit omfattande utkast med tittel Om det kongelige Bibliothek dagsett 4. februar 1780 tok Schlegel opp korleis han meinte biblioteket burde vera. Sentralt i utgreiinga var at den danske litteraturen skulle samlast i ei sjølvstendig oppstilling i biblioteket og at pliktavleveringa skulle utvidast til trykkeri i alle deler av dobbeltmonarkiet «[...] selv Island og St. Croix hvor der ogsaa er Bogtrykkerie.»²⁹⁹

Schlegel døydde 18. oktober 1780, men reformarbeidet han hadde starta i Det kongelige bibliotek stansa ikkje. 9. desember 1780 vart det lagt fram for kongen eit gjennomarbeidd forslag om å utvida avleveringsplikta og skipa eit fullstendig nasjonalt bibliotek. Alt 19. desember same år vart forslaget godkjent med kongeleg approbasjon. Forslaget var signert hoffembetsmannen J.G. Moltke (1746-1818), men innhaldet var i stor mon utarbeidd av bibliotekar Erichsen.³⁰⁰ Få år seinare var den nye nasjonale samlinga skilt ut i eit nytt tilbygg til biblioteket og grunnen lagt for eit fullstendig nasjonalbibliotek for å samla landets eigen litteratur og anna nasjonalt materiale som manuskript og bilete.

I tillegg til den geografiske utvidinga av avleveringsplikta som Schlegel hadde foreslått, var det no også foreslått å utvida avleveringsplikta til å omfatta bokkatalogar, aviser og tidsskrift. Det hadde vore ei veldig bløming i den periodiske pressa. I perioden 1770-1800 kom der 21 nye tidsskrift.³⁰¹

Forslaget om å samla den danske litteraturen vart utvida til å foreslå ei nordisk avdeling:

[...] at alle de Skrifter, som findes at henhøre til de Danske Staters Literature, maatte naar Bibliothequet sættes i Orden, adskilles frå dets øvrige Klasser, deraf formeres en Klasse for sig sjølv, som efterhaanden completeres ved Indkiøb saavidt, saavidt som Leiligheden saadant vil tillade, samt: at saameget af den Svenske Literature, som dermed staar i Foreining, saasom hvad der angaar Sverriges Geographie, Historie og Sproget, maatte ligeledes samles dermed.³⁰²

10. januar 1781 underskreiv kong Christian 7 ei ny pliktavleveringslov (jf. 1.3.5) som var basert på forslaget signert av Moltke og som galdt for heile riket. Den omfatta:

²⁹⁹ Sitert etter Bille Larsen 1981: 57.

³⁰⁰ «J.H. Schlegel [...] nåede kun at se ét af sine forslag realiserert, nemlig forslaget om at biblioteket skulde have en egen chef. Det blev den senere statsminister Joachim Godske Moltke, en hofembedsmand med direkte adgang til kongen, hvad der styrkede bibliotekets stilling overfor de bevilgende myndigheder.» Bille Larsen, 1981: 58.

³⁰¹ Bille Larsen 1981: 60. Han viser vidare til H. Jørgensen, *Tidsskriftpressen i Danmark indtil 1848*, 1961: 22.

³⁰² Sitert etter Bille Larsen 1981: 62.

[..]ey alleene af Bøger [...] til Vores store Biblioteque uden Betaling leveres 3 uindbundne Exemplarer af alt det som i deres Bogtrykkerier er blevet trykket, saavel som af hvad Portraiter eller andre Tegninger, der udgives for sig selv i Kobber, hvad heller saadant af dem selv af andre bleven oplagt eller bekostet, hvorunder endog ere at forstaa ugentlige Aviser og Intelligenz-blade samt Auctions- og andre Catalogi over Bøger og Kobberstykker, samt Naturalie-, Mundte- og deslige Cabinetter, men derimot ikke andre Catalogi, Auctions-Placater eller Bryllups- og Begravelses Vers,³⁰³

Daniel Gotthilf Moldenhawer (1753-1823) tok over som overbibliotekar ved Det kongelige bibliotek etter at Erichsen døydde i 1787. Under hans leiing vart det nordiske aspektet nedtona og samlinga konsentrerte seg no om dei danske statar sin litteratur, slik Schegel hadde foreslått opphavelg. Dermed hadde den danske avdelinga fått si grunnform.

Oppkomsten for den nasjonale avdelinga i Det kongelige bibliotek var samansett: Bibliotekar Schlegel lanserte tanken og la grunnen, men det var også eit akutt og konkret oppryddingsbehov i biblioteket. Dette gav høve til ei ny ordning og oppstilling av samlingane. Vidare var der behov for ei ny og effektiv pliktavleveringsordning for å sikra materiale frå trykkeria i alle deler av den omfattande heilstaten. Politiske og kulturelle samanhengar og drivkrefter som kan ha verka til å skapa stemning for ei nasjonal avdeling, var framveksten av ein dansk nasjonal identitet, auka motsetning mellom dansk og tysk kultur, særleg etter Struenseperioden 1770-72, og Indfødsretten i 1776, som slo fast at for å få embete i heilstaten måtte ein vera fødd i fedrelandet.³⁰⁴

Skipinga av den nasjonale avdelinga i Det kongelege bibliotek vekte også åtgau og inspirasjon utanfor heilstaten. I 1798 skreiv bibliotekar Pehr Malmström (1758-1834) ved Kungliga biblioteket i Stockholm eit notat om å laga ei eiga svensk samling i biblioteket.³⁰⁵ Men i første omgang skjedde det ikkje noko meir. Først under Malmström sin etterfølgar som bibliotekleiar, Per Åke Wallmark (1777-1858) byrja arbeidet med å laga ei eiga svensk samling, men dette arbeidet vart ikkje drive fram av bibliotekleiaren sjølv. Han tok ingen initiativ i denne leia. Medan den danske avdelinga kunne basera seg på ein kongeleg resolusjon som basis, vart den svenske avdelinga driven fram på privat initiativ av to

³⁰³ Sitert etter Ilsøe 1998: 306.

³⁰⁴ O. Feldbæk, *Gyldendals bog om Danmarks historie*, København, 2004: 134-38.

³⁰⁵ «Redan i ett memorial til Kanslikollegium 1798 hade Malmström utvecklat sine tankar om ett svensk bibliotek. Tanken låg i tiden, i Köpenhamn hade man på 1780-talet grundat ett dansk bibliotek på Det kongelige Bibliothek.» L. Olsson, *Samlingarna av tryck, i A. Burius et al., Kungl. Biblioteket. Byggnaden & samlingarna*, Stockholm 1998: 108.

underordna tenestemenn i biblioteket: Adolf Ivar Arwidson (1791-1858) og Johan Erik Rydquist (1800-77), som begge seinare vart sjefar for biblioteket, respektivt 1845-58 og 1858-65. I 1840 var den reine litteraturen samla for seg medan arbeidet med å samla småtrykk tok lenger tid. I den vidare utbygginga av den svenske avdelinga, Svenska tryckavdelningen, var folkelivsgranskaren Gunnar Olof Hyltén-Cavallius (1818-89), som arbeidde i KB 1839-56, ein nøkkelperson.³⁰⁶ Ein annan heit sentral person i arbeidet med den svenske avdelinga var Gustav Edvard Klemming. Han hadde bygd opp ei samling på over 10 000 bind med svenske trykk som han gav til biblioteket i 1856.³⁰⁷

I 1865 overtok Klemming som leiar for Kungliga biblioteket etter Rydquist. Klemming fullførte biblioteket si omvending til eit moderne nasjonalbibliotek med flytting frå slottet til Humlegården. Riksbiblioteket, hadde han sjølv gjerne sett som namn på biblioteket.

Kongl. Biblioteket, hvilket är ämnadt att såsäm ett nationalbibliotek innehålla en så vid möjligt fullständig samling af svensk litteratur og derjemte de vigtigaste alstren af främmande länders vetenskapliga och litteräre verksamhet, består af två hufvudafdelningar; den svenska samlingen och den utländska samlingen.³⁰⁸

Pliktavleveringsbibliotek som universitetsbiblioteka i Lund og Uppsala har også etablert eigne nasjonale avdelingar, medan Universitetsbiblioteket i København og Statsbiblioteket i Århus (1902) ikkje har slike avdelingar.

Også i Finland, som fram til 1809 var ein integrert svensk riksdal og deretter eit autonomt russisk storfyrstedøme fram til 1917, vart det etablert ei nasjonal bibliotekavdeling i Universitetsbiblioteket i Helsingfors. Det går ei line frå Åbo akademi på slutten av 1700-talet, der den allsidige humanisten og bibliotekaren Henrik Gabriel Porthan (1739-1804) var den første målsmann for nasjonalbibliotektanken i Finland.³⁰⁹ Han samla nasjonal litteratur og stod for eit omfattande bibliografisk arbeid, men den nasjonale litteraturen fekk ikkje ei eiga samling.

³⁰⁶ «Tydligare än någon av 1800-talets biblioteksmän före Klemming formulerade han även kravet på Kungl. biblioteket med avseende på den svenska litteraturen mindre borde vara ett läsecentrum och ett lånebibliotek än «en medelpunkt, varest den svenska litteraturens alster alltid böra hållas ordnade och tillgängliga». Det är nationalbibliotektanken, som nu åter gör sig gällande.» E. Sundström, Om tillkomsten av Kungl. Bibliotekets svenska tryckavdelning, i *Bok- och bibliotekshistoriska studier tillägnade Isak Collijn på hans 50-årsdag*, Uppsala 1925: 514.

³⁰⁷ Sundström, 1925: 515.

³⁰⁸ Olsson 1998: 110.

³⁰⁹ H. Nohrström, *Helsingfors Universitetsbiblioteks Fennica-Samling*, Helsingfors, 1918: 28.

1811 vart Helsingfors hovudstad i storfyrstedømet og i 1827 var den store bybrannen i Åbo. Det påskunda flyttinga av universitetet til den nye hovudstaden. Stordelen av samlinga til biblioteket gjekk tapt i brannen. Samstundes som det nye universitetsbiblioteket, som flytta inn i eigen bygning i 1845, skulle bygga samlingar av internasjonal faglitteratur, vart tapte samlingar av nasjonal litteratur gjenskapte ved bokauksjonar, gåver og pliktavlevering. Den sentrale drivkrafta, som vidareførte Porthan sine tankar, og skipa ei Fennicasamling i biblioteket var bibliotekar, professor i lærdomshistorie og universitetsrektor 1833-39, Fredrik Wilhelm Pipping (1783-1868).³¹⁰ I 1856-57 gav han ut den monumentale *Förteckning öfver i tryck utgifna skrifter på Finska – luettolo Suomexi präntäyistä kirjoista*, så langt den mest fullstendige nasjonalbibliografien i Norden.³¹¹

Då Drolsum sette ei nasjonal bibliotekavdeling i Universitetsbiblioteket på dagsordenen, så var altså Noreg det einaste nordiske landet utan tiltak på dette feltet. Kvifor kom dette så seint opp i Noreg? Kvifor var det først Drolsum som fremja dette? Ei nasjonal bibliotekavdeling, eit reelt nasjonalbibliotek, inngjekk i samtidas nasjonsbygging. Initiativet til dei nasjonale bibliotekavdelingane i Norden hadde vorte fremja og drivne fram av personale i biblioteka. I tilleggsgutgreiinga viste Drolsum innleiingsvis til det ovannemnde initiativet frå Schlegel og den påfølgande pliktavleveringslova og han meinte å vera heilt på line med dette:

Det er disse Foranstaltninger, som ved de fra Universitetsbibliotheket gjorte Forslag ere søgte efterlignede her, idet det laa nær at sammenligne, hvad man for 100 Aar siden havde gjort for Nationallitteraturen i de da forende Riger med Tilstanden hos os, som, uagtet vi forlængst have begyndt en ny Statstilværelse, dog endnu litet eller intet hav udrettet for at skabe vor egen Literatur i dens Helhed et sikkert Tilflugtssted.³¹²

Ei forklaring på kvifor dette kom seinare i Noreg enn elles i Norden, var at ingen røyster frå UB hadde fremja saka tidlegare.³¹³ Sjølv om Universitetsbiblioteket sidan starten også hadde vorte rekna som norsk nasjonalbibliotek, så hadde denne nasjonalbibliotekrollen vore som landet sitt største fag- og forskingsbibliotek. Bortfallet av pliktavlevering hadde heller ikkje

³¹⁰ «Under 1830-talet utvecklade F. W. Pipping en intensiv aktivitet inom universitetet och dess bibliotek. Utgåande från sina läroår och sin tidlegare verksamhet i Åbo lade han i Porthans anda grunden til en inhemsk nationalsamling och en rekonstruktion av de bestånd som gått förlorade i Åbo.» R. Knapas, *Kunskapens rike*, Helsingfors 2012: 114.

³¹¹ Knapas 2012: 115.

³¹² Drolsum 1881: 4.

³¹³ Paul Botten Hansen som leia UB 1864-69 hadde vore inne på tanken på ei Norsk avdeling i biblioteket utan å knyta den til pliktavlevering og det vart med tanken. Munthe 1933: 23-24.

verka til å fremja eit klart ansvar for den nasjonale litteraturen. Med ny pliktavlevering til UB og den nasjonale avdelinga der, ville ansvaret for å trygga den samtidige nasjonale litteraturen vera definert. Men den nasjonale litteraturen omfatta også meir enn det som kunne omfattast av ei nasjonal pliktavleveringslov:

[...] i hele dens Omfang, altsaa ikke blot i Norge trykte Original Arbeider, men ogsaa Oversættelser af den af norske Skrifter paa fremmede Sprog, norske Oversættelser af fremmede Skrifter, samt udenfor Norge trykte Skrifter af norske Forfattere.³¹⁴

Drolsum definerte dette også til å gjelda Fælleslitteraturen, dvs. unionstida før 1814 og supplering av norsk materiale etter 1814 som ikkje var pliktavlevert. Kor stor ei slik samling ville bli var ikkje det viktigaste i følge overbibliotekaren:

Det er muligt, at en saadan norsk Adeling i Universitets-bibliotheket, et saadant Bibliotheca Norvegica, vil forkomme mange fattigt, skjønt det neppe vil blive saa lidet, som man ved første Øiekast skulde tro [...] thi stort elder lidet, det er nu engang vort, og vi faa være det bekjendt, hvordan det saa er.³¹⁵

Her var det praktisk nasjonsbygging med å skipa ei nasjonal bibliotekavdeling som var blikkpunkt for Drolsum:

[...] jeg lægger Vægt paa ikke mindre at samle end at bevare den norske Literatur, men ligesaa vist som denne bevare paa den for Landet værdigste Maade, naar den findes samlet i en særegen Afdeling, ligesaa sikkert turde det være, at en saadan samlet og anskuelig Opstilling vil give Arbeidet med denne Afdelings Fuldstændiggjørelse, med Supplering af det manglende og Anskaffelse af det dagligt udkommende nye, et mægtig Stød fremad.³¹⁶

For Drolsum var pliktavlevering og nasjonal avdeling knytt tett saman. Det kunne etablerast ein norsk avdeling utan pliktavlevering, men då ville samlingsbygginga bli meir tilfeldig og ufullstendig, og nettopp ei komplett nasjonal bibliotekavdeling var eit vesentleg element i nasjonsbygging, også med omsyn til omverda: «Ogsaa ligeoverfor de mange Fremmede, der

³¹⁴ Drolsum 1881: 4. Mykje av norsk skjønnlitteratur kom ut på danske forlag, særleg Gyldendal, og var ikkje omfatta av nasjonal norsk lovgiving, men frå 1883 gav Gyldendal eit eksemplar av alle utgivingar som gåve til det norske universitetsbiblioteket. Munthe 1933:28. Ellers var det ein veksande norsk skriftkultur utanfor pliktavleveringas rekkvidde, særleg som presse, blant emigrantar og norskætta i Amerika. O.Lovoll, *Norske aviser i Amerika*, Oslo 2012.

³¹⁵ Drolsum 1881: 5.

³¹⁶ Drolsum 1881: 5.

hvert Aar besøge Bibliotheket, vilde et saadant Nationalbibliothek være af en Betydning, som ikke maa sættes for lavt.»³¹⁷

2.4.3 Om systematisk katalog og hylleoppstilling

Etter sekvensen om ei norsk avdeling, gjekk Drolsum over til å utdjupa behovet for ein systematisk katalog. Dette var den delen av reformforslaget som det hadde vore vanskelegast å få åtgang for i stortingsdebatten. Personalbehova i utlån og på lesesal låg oppe i dagen. Ei norsk avdeling kunne forståast like myke som eit reint nasjonalpolitisk tiltak som ei biblioteksak. Bibliotekskatalogane var ikkje så sjølvforklarande. Men katalogapparatet kan vel kallast hjarta i biblioteket. Det er sentrum i den faglege infrastrukturen. For at eit bibliotek skal fungera, må det ha eit skikkeleg katalogsystem og arbeidskraft som kan halda systemet kontinuerleg vedlike. Dette var like viktig i Drolsum si tid som det er i vår tid. Om det er trykte eller elektroniske dokument, så må ein kunna orientera seg i samlingane. Det skjer via katalogen. Men det kan vera vanskeleg å forklara nytten av ein katalog for utanforståande. Det er likeins i dag som på Drolsum si tid.

Før tilleggsutgreiinga kom ut i november 1881 hadde Drolsum 11. oktober skrive til Bruun i København:

Tag mig nu endelig ikke mine mange Spørgsmaal og de øvrige Plagerier ilde op, jeg ved jo, at De ogsaa har Hænderne mere end fulde, men jeg kan dog ikke dye mig, jeg staa saa fortvivlet alene i alle Bibliotheksspørgsmaal. Tænk Dem for Exempel, at jeg under Kampen for en Reform af vort Bibliothek har faaet saadanne Mænd og gode Venner som Birkeland og Daae til Modstandere (dog, som jeg haaber, ikke saa meget aktive som passive) i Spørgsmaalet om den systematiske Katalog. De finde begge, at det nok kunde være godt for den indre (!) Tjeneste at have en systematisk med Opstillingen stemmende Katalog, men dels har man hidtil hjulpet sig uden en saadan, dels vil den blive for kostbar i Forhold til den Nytte, den kan stifte, ”thi for Videnskabsmænd vil den være til liden eller ingen Nytte”! Jeg føler, at en Modstand som denne er verre end de heftigste Deklamationer i Stortinget. Hvad skal man sige naar man i Livsspørgsmaal for Bibliotheket som dette møder Modstand, hvor man kunne ventet det modsatte! Ingen af mine to høitagede Venner have sat sig ind i, hva

³¹⁷ Drolsum 1881: 4-5.

Bestyrelsen af et stort Bibliothek kræver, end ikke Daae, da han aldrig har befattet sig med Gjerningens Detail paa alle Punkter eller i nogen Udstrækning. Hvad siger De hertil, kunde De som erfaren og prøvet Bibliothekar arbeide uden Deres systematiske Katalog og overlade Bøgernes Opstilling i de allerfleste Tilfælde til vedk. Funktionærs gode (rettere: løse) Skjøn? Man trækker paa Skuldrene av mig, jeg har ”forelsket mig i denne Ide” om en systematisk Katalog, som Daae udtrykte sig for nogle Dage siden.³¹⁸

Katalogapparatet i UB var mangelfullt. Der var ein à jour ført alfabetisk katalog, men ingen systematisk katalog. Den alfabetiske katalogen gir oversyn over kva biblioteket har, medan den systematiske gir oversyn over korleis samlinga er ordna og ideelt sett også kvar ein kan finna dei einskilte dokumenta i samlinga. Drolsum nemnde i fleire årsmeldingar kor mykje tid som gjekk bort med å leita etter bøker som ikkje var på plass.

Den systematiske katalogen kan også delast i underkatalogar. Drolsum viste til fleire forfattarar innan *Bibliothekvidenskab* som skreiv om katalogar.³¹⁹ I tillegg til å visa til litteraturen, viste også Drolsum til utanlandske kollegaer og institusjonar. Han lista opp ei rad med utanlandske bibliotek og beskreiv katalogstatusen deira. Alle hadde eit omfattande katalogapparat som var langt meir utvikla enn UB, som ikkje hadde makta å få til skikkeleg katalogapparat på grunn av for lite personale i biblioteket. Det hadde vore planlagt like frå starten og det hadde også vore gjort nokre førebuingar, men arbeidet hadde stansa opp på grunn av misforholdet mellom omfattande arbeidsoppgåver og for lite og kanskje ukyndig personale. Drolsum viste her til utgreinga frå førre året: Arbeidet med systematisk katalog var dels opphøyrd i 1837.

Først i 1864 hadde det starta opp att, men i svært avgrensa form. Ein hadde trass biblioteket *si ringe Arbeidskraft* og med *den yderste Vanskelighed* klart å laga tittelkopiar til bruk for denne

³¹⁸ Spørck (utg.) 2011: 53-54.

³¹⁹ Av litteraturen Drolsum nemner (jf. Drolsum 1881 s. 7) kan følgande identifiserast via Bibsys: Constantin, L. A./*Bibliothekonomie, oder Lehre von der Anordnung, Bewahrung und Verwaltung der Bibliotheken*. – Leipzig, 1842. Ebert, Friedrich Adolf/*Über öffentliche Bibliotheken besonders deutsche Universitätsbibliotheken : und Vorschläge zu einer zweckmässigen Einrichtung derselben*. – Freyberg, 1811. Ludewig, Hermann/*Zur Bibliothekonomie*. – Dresden, 1840. Molbech, Christian/*Om offentlige Bibliotheker, Bibliothekarere og, det man har kaldet, Bibliothekvidenskab*. – København, 1829. Namur, P./*Manuel du bibliothécaire : accompagne de notes critiques, historiques et littéraires*. – Bruxelles, 1834. Petzholdt, Julius/*Katechimus der Bibliothekenlehre : Anleitung zur Einrichtung und Verwaltung von Bibliotheken*. – Leipzig, 1856. Seizinger, Johann Georg/*Theorie und Praxis der Bibliothekwissenschaft : Grundlinien der Archiwienwissenschaft*. – Dresden, 1863.

katalogen. Grunnmateriale til katalogen skulle såleis vera tilgjengeleg. Men det viktigaste og vanskelegaste, nemleg ei vitenskapleg ordning av katalogsetlane og revisjon av hylleoppstillinga var gjort berre delvis i eitt fag, teologi. Dette var ein konsekvens av at kollegiet i 1864 hadde gitt ei svært låg løyving for to ekstraordinære medhjelparar: 2 speciedaler pr. 100 boktitlar og 1 speciedaler og 24 skilling for 100 kopiar. ”Med den Slags Hjælp tilveiebringes ingen systematisk katalog.”³²⁰ Det var såleis lagt eit grunnlag for systematisk katalog. Men om det ikkje vart gjort noko vidare med det, ville det vera verdiløst.

Ei anna side av dei strukturelle katalogproblema i biblioteket var at bøkene i biblioteket ikkje var merka med hyllesignatur. Dette var ei ytterlegare belastning som gav meirarbeid til det vesle personalet. Klassifiseringa måtte stadig gjerast oppatt. Det var vanskeleg å finna fram på hyllene, verk som skulle stått samla kunne vera spreidde. Med skikkeleg signering/merking av bøkene og hylleoppstilling i samsvar med ein systematisk katalog ville bøkene få ein fast plass der dei skulle hentast og setjast tilbake. Då ville ein sleppa ”[...] denne idelige Søgen hist og her paa det ubestemte, denne stadige Gjentakelse af den Klassifikation, der burde have været engang for alle ved Katalogiseringen, den spilder og sløver Personalets Kræfter i en utrolig Grad.”³²¹

Ein måtte hugsa på at Universitetsbiblioteket no var eit stort bibliotek og då måtte ein ha ein struktur som sto i høve til det. Det låg også under at biblioteket sine samlingar i seg sjølv representerte store verdier, og at ein systematisk katalog ville gi betre kontroll over desse verdiane. Alt i alt meinte Drolsum at: ”Som Hjælpemiddel til at anstille en effektiv Revision af et Bibliothek er en med Opstillingen stemmende Katalog af alle herhenhørende Forfattere og alle praktiske Bibliotheksmænd enstemmig tillagt den allerstørste Betydning.”³²²

Men om Drolsum sjølv meinte at behovet for ein systematisk katalog var *indlysende*, så hadde han no utdjupa dette for andre som ikkje såg det same behovet. Dette var skrive for å få politisk gjennomslag. Og sjølv om vi i ettertid veit at Drolsum fekk gjennomslag for planen, om ikkje alt kom på ein gong, er det interessant å sjå korleis han i dette *Tillæget* på ein overtydande måte klarte å visa at det som enkelte hadde vurdert som eit ekstraarbeid, som kunne gjerast innimellom andre oppgåver, no framsto som ei heilt vesentleg oppgåve i biblioteket sin struktur.

³²⁰ Drolsum 1880: 9

³²¹ Drolsum 1881: 11-12.

³²² Drolsum 1881: 13.

Drolsum forklarte også kvifor han hadde vurdert arbeidet med å fullføra ein systematisk katalog ville krevja 20 år. Arbeidet inkluderte fullstendig gjennomgang og revisjon av heile samlinga i biblioteket og oppfølging av alt det nye tilfanget. Arbeidet ville vera så stort og omfattande at den eine medarbeidaren som Drolsum hadde bedd til dette ville ha meir enn nok å gjera. At Drolsum ikkje hadde foreslått fleire personar kom av at ein del grunnarbeid jf. dei nemnde katalogsetlane alt var gjort. Dessutan skulle Drolsum sjølv ha *specielt* overoppsyn med arbeidet, og ved høve kunne andre funksjonærar også vera med.

Å byrja på katalogarbeidet med mindre arbeidskraft som ikkje hadde det som fast oppgåve ville vera uforsvarleg. Arbeidet kravde slik flid og nøyaktigheit at tilfeldig ekstrahjelp ikkje kunne brukast. Når oppbygginga av katalogen omsider vart ferdig, så ville det stadig vera behov for arbeidskraft med løpande katalogisering og ekspedisjon.

Drolsum konkuderte at med berre to nye medarbeidarar ville det bli uråd å starta på katalogen og også uråd å etablera ei norsk avdeling. Med tre nye medarbeidarar kunne den norske avdelinga etablerast, men katalogen ville då bli ”[...] en Bisysse med liden eller ingen Udsigt til i rimelig Tid at kunne blive avsluttet.”³²³ Han sette så opp eit detaljert oversyn over korleis arbeidsoppgåvene i biblioteket skulle løysast med to nye medarbeidarar. ”Enhver erfaren Bibliotheksmand vil medgive, at der her snarere er tildelt hver Mand for meget end for lidet.”³²⁴ Drolsum ville strekka biblioteket sine knappe rammer lengst råd for å koma publikum i møte.

Han viste så til ei rekke med utanlandske bibliotek for å visa forholdet mellom lønsutgifter til personalet og tildelte midlar til innkjøp etc. annuum. Igjen kunne han visa at UB kom dårleg ut: ”[...] ogsaa ut fra dette Synspunkt betragtet falder Sammenligningen meget ugunstig ud for vort Bibliothek, som har Kr. 12,400 til Lønninger, men Kr. 24,000 til Anskaffelser og Indbinding, altsaa netop det omvendte Forhold imod fremmede Bibliotheker [...]”³²⁵ Det vanlege ved utanlandske bibliotek var at lønsutgiftene var mykje større, gjerne inntil det doble av tilvekstutgiftene, dvs. sjølv om Drolsum sitt forslag om personalauke skulle gå gjennom, ville ikkje UB koma blant dei gunstigast stilte biblioteka. Annuum ville stadig overstiga lønsutgiftene.

³²³ Drolsum 1881: 15.

³²⁴ Drolsum. 1881: 17.

³²⁵ Drolsum 1881: 18.

Avslutningsvis minnte Drolsum om at UB uansett var blant dei større biblioteka i internasjonal samanheng, og sjølv om ein tidlegare under ganske andre forhold hadde kunna klara seg med mindre ressursar, var det no behov for heilt andre rammer:

Det er Landets vigtigste videnskabelige Samling, er ikke blot Universitets-, men også Nationalbibliothek, og det har derfor billig Krav paa at blive udstyret overensstemmende med denne Stilling, saa at det ikke som hidtil, navnlig i Henseende til Personale, skal vedblive at være ringere stillet end vore Nabolands og andre tilsvarende fremmede Bibliotheker. Uden et tilstrækkeligt og vel aflønnet Personale, der nogenlunde sorgfrit kan leve for sin Gjerning, kan intet stærkt benyttet ofentlig Bibliothek opretholdes og udvikles; i modsat Fald vil det, som mer end et Bibliotheks Historie viser, synke ned til en mer uorganiseret Masse, der neppe fortjener Navn af et Bibliothek.³²⁶

Ein svært viktig grunn for å løna kvalifisert bibliotekspersonale skikkeleg, var at arbeidet i biblioteket krevde *høi Grad af Selvfornægtelse* på den måten at ein arbeidde for andre. Vitskapsmenn og forskarar kunne gjennom sitt arbeid *vinde sig et Navn elder anden personlig Fordel*, medan bibliotekspersonalet måtte i *eminent Forstand stadig arbeide for andre*. Dette var eit hovudargument for å heva lønsnivået.

2.4.4 Stortinget 1882

Stortingsproposisjon No. 4b (1882) om Universitetet sitt budsjett vart lagt fram for Stortinget av Chefen for Departementet for Kirke- og Undervisningsvæsenet, statsråd Rasmus Tønder Nissen (1822-82): Først la han fram Kollegiet sitt framlegg for budsjettåret 1882-83, så kom innstillinga frå departementet. Kollegiet tok oppatt heile forslaget frå året før, basert på Drolsum si utgreiing frå 1880, som i tillegg var forsterka med tilleggsutgreiinga frå 1881 der behova for systematisk katalog og ei norsk avdeling var utdjupa. Kollegiet sette også opp eit annum på 30 000 kr. i staden for 24 000 kr. Det var også kome ein søknad frå Drolsum om at universitetsbibliotekaren si løn burde vera på line med løna til universitetslærarane, slik det var for biblioteksleiarane i Lund og Uppsala.

Ein vesentleg grunn til at Stortinget året før hadde utsett spørsmåla kring UB, var at ei samla vurdering av alle forholda kring institusjonen og grunnlagsmaterialet ikkje var klart.

³²⁶ Drolsum 1881: 18-19.

Stadskonduktør Bull sine planar for ombygging og utviding av biblioteksbygningen var ferdige. Forslaget inneheld eit etterlengta kontor for bibliotekaren, ny lesesal, eit eldfast rom, eit rom for tidsskrift og eit tidsmessig varmeapparat for heile biblioteket. Dette var særleg viktig både for å unngå opne eldstader i den brannfarlege trebygningen og for å sikra jamn temperatur. Den ujamne temperaturen som Drolsum hadde beskrive tidlegare, var verken bra for menneske eller for samlingane i biblioteket. Temperatursvingingane skapte fukt som var nedbrytande for bøkene.

Bull hadde laga ein plan der biblioteketslokala kunne *gives en saadan Indretning og Udvidelse* at ein unngjekk nybygg og heller utnytta den eksisterande bygningsmassen. For å få ein tidsmessig lesesal skulle det byggast glastak over gardsrommet (*Bibliothek-bygningens nuværende fuldkommen unyttige Gaardsrum*). Her ville ein få eit golvareal på 460 kvadratalen (1 alen = 60cm – 60 x 460 = 27600 cm². dvs. 276m²) med overllys (glastak). Dei samla utgiftene for planen var kr. 42 000. Til samanlikning var det vist til at ved universitesbiblioteket i Uppsala hadde montering av varmeapparat kosta kr. 50 000. Når Bull kalkulerte med kr. 42 000 for ei samla løysing i Christiania, var dette ein rimeleg kostnad for heilt nødvendige utbetring.³²⁷

Her var departementet heilt samd med kollegiet og innstilte at den foreslåtte summen til biblioteket skulle løyvast. Behovet var *indlysende*. Departementet meinte løysinga både var *hensiktsmæssig og tiltalende* og ikkje minst at "[...] den økonomiske Side ved Foranstaltningen ikke stiller sig afskrækkende."³²⁸ Men der var eit atterhald, nemleg at budsjettet også gav rom for ein ny anatomibygning. Også her var det prekært behov for nye tiltak. Om det måtte prioriterast mellom desse behova, ville departementet først gi fortrinn for anatomibygning.³²⁹ Men begge tiltaka fekk plass i departementet sitt budsjettinnstilling: Til *Paabegyldelse af Opførelsen af en ny Bygning for Anatomikammeret* vart foreslått kr. 53 000. Den kalkulerte summen på kr. 42 000 for biblioteket vart foreslått uendra.

Desse forslaga, saman med ei innstilling om kr. 1000 til nytt gjerde kring Universitetet sin gardsplass, var plasserte som ekstraordinære utgifter under fjerde hovupost, 2. kap og gjekk så vidare til *Budgetkomiteen* som gav si vurdering i *Indst. S. No. 72*, 18. April 1882. Komiteen var sett saman av Bernhard Ludvig Essendrop formann, Lars Pedersen Hektoen, sekretær, Ole

³²⁷ *Sth.Prp.No.4b. 1882* : 9-11

³²⁸ *Sth.Prp.No.4b. 1882* : 18.

³²⁹ *St.Prp.No.4b. 1882* : 19.

Andreas Furu, Hagbard Emanuel Berner, Peder Eilertson, Christian Worm Sommerschild Hirsch (1831-XX), Iver Larsen Hvamstad (1826-XX), Peter Jebsen (1824-92), Thomas Hansen Jørstad og Ole Reiersen Lilleholt. Trass ei positiv halding både til anatomibygning og bibliotek, enda komiteen etter å ha delt seg i 6 mot 4 med å ikkje tilrå løyvingane.³³⁰

Tysdag 2. mai 1882 vart komiteinnstillinga lagt fram for Stortinget. Då reiste Essendrop på vegne av mindretalet i i komiteen forslag om at det skulle løyvast kr. 13 200 til varmeapparat i biblioteket. Dette var den same summen som skulle dekke varmeapparatet i følge ombyggingsplanen.³³¹ Mindretalsforslaget vart forkasta med 67 mot 36 røyster. Dermed stansa byggeplanane i første omgang.

2.4.5 Auka personale

Bygningssaka var ny av året. Det var ikkje spørsmålet om personalet i biblioteket. Her tok ein oppatt tråden etter utsetjinga året før. Departementet var positivt både til det fornya forslaget frå kollegiet og til bibliotekaren si tilleggsutgreiing om systematisk katalog og norsk avdeling. Av budsjettmessige omsyn ville departementet likevel heller gå inn for ein gradvis personalauke, difor ville ein også i år avgrensa seg til å foreslå løyving til to nye tenestemenn og eit bod. Departementet foreslo: Ein underbibliotekar med årsløn kr. 3000 med alderstillegg kvart femte år 500 inntil kr. 4000 og ein amanuensis med årsløn kr. 2200 med alderstillegg kvart tredje tenesteår inntil kr. 3000. Bodet skulle ha ei fast årsløn på kr. 600.

I tillegg skulle løna til bibliotekaren oppjusterast i samsvar med kollegiet sitt framlegg til kr. 4 500 pr. år med alderstillegg kr. 500 kvart femte år inntil full opptening på kr. 6000.

Departementet meinte at eventuelle auking av annuum kunne venta til lova om forlagsregister og pliktavlevering, som også var i kjømda, var avklart. Då ville ein sjå om pliktavlevering påverka biblioteket sin kjøpevne og samlingstilvekst.

Sjølv såg Drolsum mørkt på personalstoda, slik han framstilte det i eit brev til Bruun på KB dagsett 3. mars 1882:

³³⁰ *Inst.S.No.72. 1882* : 274-276.

³³¹ Planane for varmeapparat var laga av ingeniør Holter og inngjekk som del b,c og d i bilag nr. 17 *Om Inredning af en Læsesal m. v. i Bibliotheksbygningen og Anlæg af et Varmeapparat* i: *Sth. Prp.no.4b. 1882*: 43-47.

Udlaanet ud af Huset var for afvigte Aar 25.519 og Benyttelsen på Læsesalen 17.452 Bind, og alt dette med et Personale paa 4 Mand, mig selv indbefattet! Det er 19 Aaar siden vi fikk nogen ny Post oprettet [...].

Drolsum følte nok at han stanga hovudet mot veggjen: [...] og nu ser det godt ud til, at mit Forslag ogsaa iaar strander, ”paa den politiske Situation”, som det saa fagert heder, men i Virkeligheden paa den bondske Skillingskniberi, hvilket ”den politiske Situation” er et kjærkomment Skalkeskjul.

Bibliotekaren var pessimistisk og han såg for seg at det kunne bli konsekvensar for biblioteket:

Skulde imidlertid enhver Hjælp ogsaa iaar blive afslaaet, da agter jeg at foreslaa den Tid, hvori Bibliotheket er aabent, væsentlig indskrænket. Heller det, end risikere at faa Samlingerne i Uorden. Orden, saaledes som jeg opfatter denne i et Bibliothek, er her visselig paa langt nær ikke; men der dog «en Methode i Galskaben», som man i Mangel af noget bedre faar se til at bevare.³³²

Sjølv om Drolsum opplevde stoda som frustrerande, måtte han likevel venta på den politiske behandlinga av biblioteket. Frå departementet gjekk behandlinga vidare til *Gage- og Pensionskomiteen*, som leverte si vurdering til Stortinget i *Indst.S.No.44*. Komiteen hadde same samansetjing som året før. Etter å ha vist både til departementet si innstilling og Drolsum si tilleggsgutgreiing, kom komiteen sitt syn på saka: Dei tre medlemene Jaabæk, Juel og Ueland gjekk under *de nærværende Forhold* mot einkvar personalauke og utgiftsauke. Komiteen sitt fleirtal hadde derimot vorte styrka i synet på at personalauke vart heilt naudsynt og at dette var heilt uavhengig av korleis det måtte gå med byggeplanane og annuum. Om byggeplanane i denne omgang var avviste, så var personalbehovet uavhengig av dette. Utan meir personale ville bibliotekaren måtte snevra inn tilgangen til biblioteket, dvs. kortare opningstid. Komitefleirtalet gjekk inn, liksom året før, for løyving til ein underbibliotekar (utan kongeleg utnemning) og ein amanuensis.³³³

Arctander meinte stadig at det måtte vera råd å innfri Drolsum sine samla ønske. Han ville også at alle nye løyvingar skulle knytast til vilkåret om at dei skulle gjelda så lenge Stortinget bestemte. Såleis poengterte han atter den forfatningsmessige tilnærminga om at det var

³³² Brev til Bruun dagsett 3. april 1882 jf. Spørck (utg.) 2011: 66.

³³³ *Indst.S.no. 44.1882*: 152.

Stortinget som skulle setja dagsorden framfor departementet. Johanssen slutta seg til Arctander sitt syn etter å ha kome til at to nye stillingar berre ville gi akutthjelp og ikkje kunne støtta ein norsk avdeling og heller ikkje hindra faren for at biblioteket med sin "[...] stadig tiltagende Benyttelse skal nedsynke til en uordnet Hob Bøger." ³³⁴

Fire komiteemedlemer var, liksom året før, i mot lønsauke for bibliotekaren. Arctander og Lindahl stemde for eit personleg tillegg på kr. 500 til Drolsum. Subsidiært stemte også Birkeland, Saxe og Johanssen for dette, men primært anbefalte dei proposisjonen. Etter å ha samla trådane, innstilte komiteen 17. mars 1882 følgande: Drolsum skulle frå 1. juli 1882 få eit personleg lønstillegg på kr. 500 (4de Post). Det skulle utnemnast ein underbibliotekar med årsløn kr. 4000 med auke kvart 5. år inntil kr. 4000 (5te Post). Til ein amanuensis skulle løyvast kr. 1500 (6te Post), medan det foreslåtte bodet (7de Post) vart stroke.

22. mars kom innstillinga frå komiteen opp i Stortinget. Det vart ein mykje kortare debatt enn året før, men først var det utsetjing. Ved den første saka, som var løna til Drolsum, bad Hagbard Berner om at løns- og personalspørsmåla (postane 4-7) vart utsette til dei andre bibliotekssakene var behandla. Mot 43 røyster vart Berner sitt forslag vedtatt. Saka kom opp att fredag 26. mai. Då var, som vist ovanfor, byggeplanane alt nedstemde. Først vart det personleg tillegget på kr. 500 til Drolsum tatt opp. Det vart vedteke mot 42 røyster. ³³⁵ Niels Juel frå mindretalet i komiteen fremja forslag om at Drolsum ikkje skulle få tillegget sidan byggeplanane ikkje hadde gått gjennom. Dermed, meinte Juel, at arbeidsoppgåvene til Drolsum ikkje auka meir enn "[...] med det lille, som følger med at Bibliothekets Størrelse voxer, synes jeg, der ikke er nogen Grund til nu at bestemme sig for en større Gage." ³³⁶

Arctander var stadig opptatt av forfatningsdimensjonen og poengterte at lønstillegget til Drolsum var ein personleg honnør direkte frå Stortinget til ein dyktig mann i ei viktig stilling og ikkje ei justering frå departementet. Han hadde same haldning som året før, nemleg at alle ønske frå biblioteket burde dekkast samstundes, men for å få utvikling i saka var han med i komitefleirtalet.

For dei resterande forslaga: underbibliotekar, amanuensis og bod, foreslo Ueland at det skulle voterast under eitt. Han gjorde det også klart at han ville røysta mot alle forslaga, og sidan byggeforslaget alt var nedstemt, burde eigentleg heile saka vera opp og avgjort. Presidenten

³³⁴ *Indst.S.no. 44. 1882* : 152.

³³⁵ *Sth. Tidende . 2. Mai 1882*: 883.

³³⁶ *Sth. Tidende 26. Mai 1882*: 882.

(J. Sverdrup) avviste at det kunne røystast samla over alle postane. Då reiste Ueland forslag om det ikkje skulle løyvast til underbibliotekar.³³⁷

Johanssen tok ordet og han gav Ueland rett i at saka hadde vorte utsett året før for at alle sider skulle vurderast samla når underlagsmateriale var klart. Når byggeplanane no var avviste, var det likevel ikkje nokon grunn til ikkje å auka personalet. UB var rett og slett i ein naudsituasjon. Med stadig aukande publikumspågang på biblioteket utan auke i personalet, ville konsekvensen vera at opningstidene måtte innskrenkast. Kjernen i problemet var at UB berre hadde fire tenestemenn, inkludert universitetsbibliotekaren. Arctander tok så ordet, han meinte denne saka var så viktig at han no stilde seg bak komitefleirtalet for å få saka gjennom. Han tok ikkje sjansen på noko sær votum, som eventuelt kunne gi ny utsetjing. Han ville ha saka gjennom.

Arctander tok også til motrøyst mot sparepolitikken, slik den var representert av mindretalet i komiteen. Sjølv om det skulle takast omsyn både til alle *Sparsommelighedshensyn* og andre forhold, som også Arctander meinte skulle vurderast, så burde det i denne saka ikkje vera snakk om avslag. Då kunne det oppstå ein situasjon, som det ville kosta langt meir enn dei omtalte utgiftene å retta på, om den då i det heile kunne rettast. Arctander hadde undersøkt kor stor tilveksten av nytt norsk materiale ville bli etter ei ny avleveringslov; det dreidde seg om 800 til 850 trykksaker i året i tillegg til tilfanget av offentlege publikasjonar.³³⁸ Dette ville eventuelt koma i tillegg til det vanlege arbeidet og krevja to nye medarbeidar, slik det var foreslått. Ellers var det meir enn nok å gjera med det vanlege arbeidet, og det var også etter kvart så grundig belyst som muleg: ”Thi angaaende det gamle Arbeide er det tilstrækkelig oplyst, at det er af den Art, at det voxer Personalet over Hovedet.”³³⁹

Den vidare debatten, før avrøystinga, stod dei to komitemedlemene Ueland og Liljedahl for. Den første var mot og den andre var for. Ved voteringa vann fleirtalet i komiteen sitt framlegg med 51 mot minoritetsforslaget frå Ueland sine 48 røyster.³⁴⁰ Dermed var underbibliotekaren på plass etter ein knipen siger.

Då amanuensisposten (6te Post) skulle opp, kom det nytt innspel frå komitemindretalet, Niels Juel foreslo at det ikkje skulle løyvast til denne stillinga. Sjølv om både Johanssen og

³³⁷ *Sth. Tidende* 26. Mai 1882 : 883.

³³⁸ *Sth. Tidende* 26. Mai. 1882: 885.

³³⁹ *Sth. Tidende* . 26. Mai 1882: 885-86.

³⁴⁰ *Sth.Tid.* 26. Mai 1882 : 886.

Arctander argumenterte for stillinga, så: "[...] bifaldtes Juels Forslag med 51 mod 41 Stemmer."³⁴¹ Det foreslåtte bodet vart samrøystes nedstemt.

Såleis var det forholdsvis fleire som røysta mot amanuensisløyvinga til biblioteket enn som røysta mot underbibliotekarløyvinga. Det kan nemnast at Berner ikkje deltok i voteringa om underbibliotekar og Aschehoug ikkje deltok i voteringa om amanuensis. Johs. Steen var borte frå begge voteringane. At stortingsmenn som ihuga hadde debatert biblioteket, ikkje var med i desse voteringane kan vera ein interessant detalj. Ein skulle tru at dei som tala varmt for biblioteket ville støtta desse løyvingane. Men løfter ein blikket for å sjå status for Drolsum sin kampanje etter desse sakene hadde vore oppe i Stortinget, så var det nokså lite som var oppnådd ultimo mai 1882. Ombyggingsplanen hadde vorte nedstemd. Av dei fire nye stillingane Drolsum meinte var heilt nødvendige, hadde det kome ei ny stilling. Det var enno eit stykke att før Drolsum var i mål. Det vart ikkje slik at alle ting fall på plass samstundes i ein organisk heilskap. Det vart ein stegvis prosess. Det neste steget var lova om forlagsregister og pliktavlevering.

2.4.6 Odelstingsproposisjon nr. 21, 1882 (Oth.Prp.No.21)

Det akademiske kollegium sendte brevet frå Drolsum av 17. september 1878 om lovfesta avleveringsplikt vidare til det juridiske fakultet for å få laga utkast til eit lovframlegg. 14. februar 1880 var utkastet til lov om forlagsregister og avlevering av trykksaker til Universitetsbiblioteket klart frå fakultetet.³⁴² Utkastet vart innleia med Almindelige Motiver som orienterte om bakgrunnen for saka, og her vart behovet for lovfesta avlevering framheva:

Man er imidlertid med Universitetsbibliothekaren enig i, at dette Skridt fører saa langt på Veien, at heri indeholder en stærk Opfordring til med det same at gaa helt frem, eller med andre Ord, til at gjøre Afgivelsen af Exemplar af alt, hvad der trykkes eller fortlægges til en almindelig Pligt. [...] Spørgsmaalet paakræver nu sin Løsning. Vort Bibliothek er gennem Lovgivningens Forsømmelse altfor meget gledet agterud fra den Plads, det i lighed med andre Landes Hovedbibliotheker skulde indtage som en fuldstændig Samling af Landets egen Literatur, og det ikkun altfor meget at frygte, at Følgerne heraf paa en uheldig Maade vil vise sig paa den historiske og sociale Forsknings Omraade, naar denne engang naar frem til

³⁴¹ *Sth.Tid. 1882. 26 : 889.*

³⁴² *Udkast til Indstilling fra Kirke.Departementet om Fremsættelse af kongelig Proposition for Stortinget om Vedtagelse af en Beslutning til Lov om Forlagsregister og om Afgivelse af Tryksager til Universitetsbibliotheket.*

Nutiden, og den da hos os ikkje finder same Adgang til Materialer af alleslags som andetsteds.³⁴³

Deretter kom særskilt grunngjeving ved kvar paragraf i det todelte lovoppsettet; Først fem paragrafar om forlagsregister, deretter seks paragrafar om avlevering. Dei siste seks var dei viktigaste både i samtid og ettertid: §6 definerte kva som skulle avleverast, § 7 definerte kven som hadde ansvar for avlevering, § 8 bøter for misleghalden avlevering, § 9 godtgjersle/betaling for kostbare utgivingar, § 10 avleveringa skal vera portofri, § 11 UB skal laga bokfortegnelse (nasjonalbibliografi) over årets avleveringar innan neste halvår. Utkastet såg for seg at lova skulle gjelda frå 1. januar 1881. Det tok litt lenger tid, og først 23. februar 1882 framsto forslaget endeleg som odelstingsproposisjon nr. 21 1882.

At det tok lenger tid skuldast at formannen i det akademiske kollegium dissenterte mot utkastet. Medan resten av kollegiet samla støtta utkastet gjekk jusprofessor Fredrik Brandt (1825-91), som var formann i kollegiet i 1880 i mot.³⁴⁴ Brandt var ikkje mot målet om eit fullstendig norsk nasjonalbibliotek, men han var mot lovpålagt avlevering, som han meinte var eit overgrep mot bokbransjen med tap av salseksempplar. Samlingane skulle heller byggast med kjøp. At det var bokbransjen som i utgangspunktet hadde tatt initiativ til avlevering nemnde han ikkje.³⁴⁵

Ein konsekvens av dissensen til Brandt var at Departementet sendte andre del av utkastet til høyring hjå dei 20 amtmennene i landet. Av desse var 14 positive til forslaget om avleveringsplikt for å sikra den norske litteraturen for Universitetsbiblioteket medan 6 støtta synspunkta til Brandt. Denne høyringsrunden tok også si tid.³⁴⁶ Men omsider kørde kyrkjedepartementet saka fram: «Departementet finder at burde tilraade, at der nu for

³⁴³ Udkast: 2-4, Oth.prp.21: 2-4.

³⁴⁴ Dissensen er trykt på ss. 8-13 i utkastet og ss.7-10 i *Oth.prp.No. 21*. Andre medlemmer i kollegiet i 1880: Gisle Johnson, teologisk fakultet, Johan Hjort, medisinsk fakultet, Peter Olrog Schjøtt, h-f fakultet og Carl Anton Bjerknes. *Det Kgl. Norske Fr. Univ. Aarsberetning*, 1880: 1.

³⁴⁵ «Brandts dissens skjemmes av en del unødvendig polemikk, men han har mange sympatiske trekk. Hans feil er den doktrinære prinsipprytters motvilje mot å bøie sig for praktiske krav. Hans stilling var svakere enn hans prinsipper, fordi han kjempet for forleggerne uten å bry sig om disse selv hadde tilbudt en slik ordning. Men han så ikke svakheten i motstanderens stilling, nemlig at de anvendte forleggerens tilbud som anledning til å legge en plikt med tilhørende straff på boktrykkerne.» W. Munthe, 1933: 30-31.

³⁴⁶ Datoane for desse svarea kan følgast eit stykke på veg i journalane frå Skolekontoret D frå februar 1882 og bakover inntil blekket blir uleseleg, jamfør note 228.

Stortinget bliver fremsat naadigst Proposition til Lov i alt Væsentligt overensstemmende med det juridiske Fakultets Flertal afgivne og af kollegiets Flertal tilraadte Forslag.»³⁴⁷

Proposisjonen var dagsett 23. februar 1882 og lagt fram for Stortinget av statsråd Nils Hertzberg (1827-1911). Han hadde tatt over statsrådsstillinga 30. januar etter Rasmus Tønder Nissen som døydde 19. januar.³⁴⁸ I eit brev til Ludvig Daae datert 25. januar 1881 skreiv Drolsum at med Tønder sin død hadde UB mist ein biblioteksvenleg statsråd og han var spent kven som ville koma etter sidan mykje sto på spel for biblioteket: ”Loven om Aflevering til Bibliotheket bliver da endelig iaar foreslaaet af Regjeringen, og jeg haaber da, at det ikke skal lykkes Prof. Brandt, at faa den forpurret, som han i sin Tid sagde til mig.”³⁴⁹ Men saka gjekk no sin politiske gang vidare til budsjettkomitéen.

2.4.7 Indst. O.No.43. 1882

15. april 1882 gav Budgetkomiteen innstilling om proposisjonen til Odelstinget. Komiteemedlemer var: Bernhard Essendrop, formann, Lars Hektoen, sekretær, Hagbard Emanuel Berner var ordførar for saka, Per Eilertson, Christian Hirsch, Iver Hvamstad, Peter Jebsen, Thomas Jørstad og Ole Lilleholt.

Komiteéen gjekk ikkje inn i første del av lovforslaget. Den konstaterte at det var semje om Forlagsregisteret. Om den andre delen, viste komiteen til dissensen frå professor Brandt, høyringsrunden med amtmennen samt justeringane i §§ 6,7 og 11 for å utvida avleveringsplikta.

Komiteéen slo fast at den: ”[...] har intet væsentlig fundet at bemærke ved lovforslaget, der i det hele taget maa antages at være et Udtryk for hva der er Forlæggernes ikke mindre end det Offentliges Interesse. Kun med hensyn til enkelte Punkter har man troet at burde foreslaa nogle Endringer.”³⁵⁰

Komiteéen meinte at alle publikasjonar som vart utgitt med offentleg støtte, dvs. både statleg og kommunal, skulle avleverast. Kva som kunne definerast som internpublikasjonar for ein lukka krins kunne vera vanskeleg å definera klart. Likeins kunne t.d. ulike årsmeldingar og

³⁴⁷ *Oth.Prp.No. 21*: 11.

³⁴⁸ *Lindstøl, 1914. II.2*: 735-36.

³⁴⁹ Drolsum i brev til L. Daae 25. januar 1882 jf. Spørck (utg.) 2011: 61.

³⁵⁰ *Indst.O.No.43(1882)*: 145.

private skuleprogram hamna i ei avleveringsmessig gråsone. Enkelte trykksaker, som *Auktionsplakater* var unødvendig å avlevera. Komiteén meinte også at for enkelte materialtypar måtte ein stola på at avlevering skjedde frivillig. Lovutkastet var ifølge komiteen eit godt bidrag til å setja *vort Rigsbibliothek* på line med andre land sine hovedbibliotek for å få ei komplett samling av den nasjonale litteraturen.

Komiteen sine endringsforslag til deler av lovteksten var mindre justeringar: I § 6 kunne orda ”her i Landet ” strykast. Det var uvesentleg om ei offentleg trykksak var trykt i Noreg eller i utlandet. Komitemedlem Berner ville gjera avleveringsplikta allmenn, og §§ 6 og 7 burde omredigerast slik:

§ 6

Af alle her i Riget i løbet af 1 Aar trykte eller forlagte Skrifter, musikalske Værker, Kobberstik, Stentryk, Træsnit og deslige, skal – uanseet om den i foregaaende Afdeling omhandlede Indsendelse har fundet Sted – senest inden Udgangen af januar Maaned næste aar til Universitets-Bibliotheket indsendes eit feilfrit og fulstændig Exemplar i Materie med tilhørende Plancher, med mindre Arbeidet overhovedet ikke eller blot i Forbindelese med noget andet Arbeide er bestemt til Offentliggjørelse eller denne ikke vilde have fundet Sted paa den Tid, da Indsendelsen for Aaret sker.

§7

Ansvarret for Indsendelsen efter foregaaende § paahviler Trykkeren for det af ham udførte Arbeides Vedkommende, eller, om han er bosiddende i Udlandet, da Forlæggeren.

I § 7 ville også komiteen fjerna ordet ”skriftlig” samt påbodet om innsending av forfattaren si skrifteleg erklæring.

I § 9 som omhandla betaling for trykksaker med utsalspris over kr. 10, meinte komiteen at betalinga berre skulle dekkja den delen av utsalsprisen som var over kr. 10. Her meinte komitemedlem Eilertson at forleggaren alltid hadde rett på betaling, og han ville foreslå at første setning av § 9 skulle lyda: ”For Tryksager som indsendes i rette Tid, er Forlæggeren

berettiget til at fordre Betaling. Regning maa dog, om Betaling skal erlægges, medfølge vedkommende Sendelse.”³⁵¹ Eilertson sitt framlegg vann ikkje fram. Dei andre justeringane frå komiteen vart lagde inn i lovforslaget, som komiteen dagsette 15. april 1882.

2.4.8 Odelstinget

28. april 1882 vart saka tatt opp i Odelstinget. Innleiingsvis sa komitemedlem Lilleholt:

Jeg vil tillate mig at sige, at det er med adskillig Betænklighed, jeg har gaaet med på Komiteens Indstilling, og forsaavidt som den ikke skulde blive vedtagen i sin Helhed, eller forsaavidt bare dens første Afsnit, men ikke det andet skulde blive bifaldt, vil jeg forbeholde mig at foreslaa Loven henlagt.³⁵²

Så vart første del om Forlagsregisteret lagt fram av presidenten utan vidare kommentarar.

Før ein gjekk over til andre del om avlevering og presidenten skulle referera dei vidare paragrafane, gjorde Berner merksam på at komiteen hadde slutta seg til hans endringsforslag om ei meir ålmenn avlevering. Berner viste også til kontakt med Drolsum om dette. Desse endringane i §§ 6 og 7 var no komiteén si innstilling.

Men før ein gjekk vidare på denne delen, ville presidenten ha votering om paragrafane 1-5 som omhandla forlagsregisteret. Desse var samrøystes vedtatt med tittel *I. Om Forlagsregister*. Ein gjekk så vidare på den andre delen om avlevering. Her vart paragraf for paragraf drøfta og votert. Dei redaksjonelle justeringane frå komitefleirtalet vart vedtatt samrøystes, bortsett frå § 9. Komitemedlem Eilertson opponerte mot den pålagde plikt avleveringa og ville at all avlevering skulle betalast. Han bygde dels på professor Brandt sin dissens, dels på eigne synspunkt. Eilertson hevda at dette var eit grunnlovstridig inngrep mot den private eigedomsretten, men framlegget hans fall mot tre røyster.³⁵³ Mot Eilertson si røyst vart lovvedtaket sendt til Lagtinget.

³⁵¹ Indst.O.No.43 (1882). Justeringsforslaga er på s. 146.

³⁵² *St.T. 1882. Odels- og Lagthinget* : 427

³⁵³ *St.T. Ot. 1882*: 430.

2.4.9 Sluttbehandling og sanksjon

Lagtinget drøfta saka 4. mai 1882. Representanten Morten Lambrechts (1824-1900) ønskte ei presisering i §6 om at materiale som vart offentleggjort etter den årlege innsendinga til UB, også måtte sendast til UB. Lambrecht sitt forslag fekk samrøystes støtte. Med denne merknaden vart saka sendt attende til Odelstinget. Her kom saka opp 16. mai. Berner meinte då at formuleringane som Lambrechts hadde etterlyst eigentleg alt låg implisitt i teksten, men Odelstinget vedtok samrøystes Lagtinget sin merknad og sende saka attende til Lagtinget. 23. mai vedtok så Lagtinget: "Lovbeslutningen som bifaldt af begge Thing bliver paa grundlovmæssig Maade at oversende den Norske Regjering." Her vart lova sanksjonert og Kyrkjedepartementet kunne kunngjera.: "[...] Beslutning til Lov om Forlagsregister og om afgivelse af Tryksager til Universitetsbibliotheket er sanktioneret ved Kongelig Resolution af 20de Juni sidstleden."³⁵⁴

Den sentrale paragrafen i lova var nummer seks som definerte pliktavleveringa. Det var enno eit stykke att før Drolsum sin samla plan for biblioteket var innfridd. Likevel var i løpet av året 1882 nokre viktige brikker falle på plass. Avleveringslova var basis for nasjonalbibliotekfunksjonen og frå 1. juli 1882 var underbibliotekarstillinga etablert. Tredje amanuensis Kjær vart konstituert i denne stillinga. Drolsum sjølv fekk eit lønstillegg på kr. 500.

Lova hadde to uavhengige deler. Det var ønsket om eit frivillig forlagsregister og bransjen sitt arbeid for dette som hadde bana vegen for ei lovfesta avlevering. Korleis gjekk det så med det frivillige forlagsregisteret etter at lova var på plass?

2.4.10 Forlagsregisteret som vart gløymd

Dette registeret viste seg snart å vera ein "[...] nokså likegyldig prydelse."³⁵⁵ At forlagsregisteret og avleveringa var halde heilt frå kvarandre viste seg å vera svært fornuftig. Fram til 1908 var det kome åtte innførslar i registeret, før det stansa heilt. Dette hadde ingen konsekvensar for avleveringa. I høve femtiårsjubiléet til Norske avdeling i 1933 skreiv Drolsum sin etterfølgjar i overbibliotekarembetet Wilhelm Munthe:

³⁵⁴ *St.T. Ot. 1882* : 768.

³⁵⁵ R. Tank, *De femti år*, i *Festskrift til norske avdeling*, Oslo 1932: 14.

Takket være lovens tvedelte form kom den manglende interesse for forlagsregisteret ikke til å få nogen betydning for avleveringen. Loven består altså av to deler, hvorav den første sover mens den annen nu bringer landets nasjonalbibliotek henved 1500 bøker, 1000 tidsskrifter og 350 aviser foruten 6000 småtrykk om året.³⁵⁶

Forlagsregisteret var ein historisk parentes. Sjølv om dei samtidige kjeldene meinte dette var eit viktig tiltak, har det sett få spor etter seg. Firebindsverket *Den Norske Bokhandels Historie* (1950-96) av dr. philos. Harald L. Tvetervås nemnde ikkje noko om denne saka.³⁵⁷ Tvetervås var også overbibliotekar ved UB 1953-69, og han hadde vore knytt til biblioteket sidan 1929. I jubileumsvirket til Universitetet i Oslo sitt 150-årsjubileum i 1961 skreiv han om UB. Her nemnde han registeret med ein setning.³⁵⁸ Gerhard Munthe, som etterfølgde Tvetervås som overbibliotekar, skreiv i sitt upubliserte ms *Norsk bibliotekhistorie; Fra de eldste tider og fram til 1920*:

Bestemmelsene om forlagsregisteret kom aldri til å få få noen praktisk betydning, og de ble også snart avløst av annet og mer hensiktsmessig lovvern. Men disse paragrafer gjorde sin nytte ved at det med dem ble lettere å få vedtatt loven. Det var nemlig flere som likte selve ordningen med pliktavlevering dårlig, da de mente den var en urimeleg særbeskatning av en enkelt næring.³⁵⁹

Lova om forlagsregisteret i seg sjølv vart såleis eit forbigåande fenomen. Det vart derimot ikkje den andre delen av lova som sikra pliktavlevering og var grunnstein for det norske nasjonalbiblioteket.

Om forlagsregisteret i seg sjølv ikkje fekk noko langt liv, var det likevel viktig som katalystor for å driva fram den lovfesta pliktavleveringa. At denne saka var reist på 1870-talet må sjåast i samanheng med at kulturlivet no hadde bevega seg frå private salongar og ut i det offentlege rommet. Teknologiske nyvinningar innan produksjon, transport og distribusjon gjorde kunsten lettare, raskare og rimelegare tilgjengeleg for stadig fleire. Kulturlivet vart ein marknadsplass med behov for nye retningslinjer for kultur som næring. I 1893 kom ei lov om forfattar- og kunstnarrett, og i 1896 slutta Noreg seg til Bernkonvensjonen, som sikra norske

³⁵⁶ Munthe 1933: 33.

³⁵⁷ H. Tvetervås, *Den norske bokhandels historie III: Bokens kulturhistorie formet av forfattere, forleggere, bokhandlere og lesere 1850-1900*, Oslo 1986: 418-421 omtaler møtet i Kristiania 1873 utan å nemna noko om forlagsregister.

³⁵⁸ Tvetervås 1961: 133

³⁵⁹ G. Munthe: *Norsk bibliotekhistorie* ms.: 75.

forfattarar og kunstnarar opphavsrettleg vern utanfor landegrensene og inntekter frå den utanlandske marknaden.³⁶⁰

2.4.11 Gjennomslag

Det var no i fleire år gjennom Universitetet sine årsmeldingar og også gjennom overbibliotekaren sine egne utgreiingar vist til at UB hadde for tronge rammer. I 1882 vart det omsider eit gjennomslag hos styresmaktene. Årsmeldinga kunne fortelja at ”Personalet er i Aarets løb undergaaet tildels betydelige Forandringer, idet der af Storthinget blev bevilget Løn til en Underbibliothekar fra 1.ste Juli 1882 af.” A. Kjær vart konstituert i denne stillinga medan N. Wille vart konstituert som tredjeamanuensis. Seippel fekk utvida permisjon for eit år til studieopphald i utlandet og stud. philol. [Carelius Anton] Fredrik Olsen (1856-1908) vikarierte for Seippel. I tillegg vart cand.real. Andreas Martin Hansen (1857-1932) knytt til biblioteket som volontør. Drolsum framheva personalet sin gode arbeidsinnsats:

Der er ikke i Skandinavien, og neppe i Europa, noget Bibliothek, der af sine Tjenesetemænd kræver en saa lang og anstrængt Arbejdsdag som vort, et Forhold, der maa forklares deraf, at Arbeidet her er koncentreret om kun et stort Bibliothek, meden det i andre Lande er fordelt paa flere, med forholdsvis langt talrigere Personale udrustede Bibliotheker.³⁶¹

Med den neste årsmelding frå Universitetet vart utgivinga endra slik at den skulle gjelda for budsjettåret og ikkje for kalendaråret som den hadde gjort hittil. For å tilpassa dette, kom det ei halvårsmelding for 1. januar til 30. juni 1883.

Pågangen i biblioteket auka stadig. I dette halvåret hadde den samla bibliotekbruken vore 28 000 bind, medan den samla bruken for heile året i 1875 hadde vore 28 299 bind.³⁶² Denne auken kom ikkje av nokon veldig studentauke. I første halvår 1883 var det om lag 840 studentar ved Universitetet.³⁶³

Men i biblioteket hadde det skjedd endringar: 15. januar 1883 hadde Kyrkjedepartementet tilsett Kjær fast som underbibliotekar, Fredrik Olsen, som hadde vikariert for Seippel, vart

³⁶⁰ H.F. Dahl, *To knurrende løver. Kulturpolitikens historie 1814-2014*, Oslo 2006: 139-41.

³⁶¹ *Det Kongelige norske Frederiks Universitets Aarsberetning 1882* : 0.

³⁶² *Det Kongelige norske Frederiks Universitet Aarsberetning for 1ste Halvaar 1883* : 26.

³⁶³ *Det Kongelige norske Frederiks Universitets Aarsberetning for 1ste Halvaar 1883* : 4.

konstituert som tredjeamanuensis. 31. mai 1883 hadde Stortinget vedtatt ei ny fjerdeamanuensisstilling. Her vart Jens Braage Halvorsen (1845-1900) konstituert 29. juni. Halvorsen hadde solid bakgrunn som journalist og bibliograf. Han skulle også setja store spor etter seg. Andreas M. Hansen rykte inn som vikar for Seippel, som stadig var på utanlandsopphald. Men Drolsum framheva stadig at personalet var utilstrekkeleg for arbeidsoppgåvene. Det var tydeleg "... for enhver, der benytter Bibliotheket."³⁶⁴

Halvårsmeldinga kunne også fortelja: "Fra 1ste januar d.A. traadte Lov af 20de Juni 1882 om Forlagsregistre og Aflevering af Tryksager til Bibliotheket i Kraft."³⁶⁵ Det var ikkje avlevert noko enno, sidan avleveringa skulle samlast ein gong i året.

Den neste årsmeldinga dekkja budsjetterminen 1883-1884. Femte kapittel var som vanleg *Om Universitetets videnskabelige Samlinger*, og også som vanleg var meldinga frå UB den første blant desse. Men i tillegg kom i 1885 *Universitets-Bibliothekets Aarbog for 1884*. Dette var ein publikasjon som inneheldt nasjonalbibliografien og utanlandsk tilvekst i biblioteket i tillegg til biblioteket si årsmelding. Årsmeldinga i den nye årboka hadde fyldigare tekst enn i årsberetningen. I den neste meldinga for budsjetterminen 1884-1885, kan ein lesa: "

Ifølge Collegiets Beslutning af 18de Oktober 1884 trykkes Bibliothekets Aarsberetning foran Bibliothekets Tilvæxtkatalog i den hvert Aar ukommende Aarbog. Det er derfor anset overflødig at optage Bibliothekets Aarsberetning i nærværende Beretning, idet man tillader sig at henvise til Aarbogen.³⁶⁶

2.4.12 Universitets-Bibliothekets Aarbog

At UB fekk si eiga årbok viste at biblioteket hadde ein særskild posisjon i universitetssystemet. I tillegg til biblioteket vart det lista opp 23 vitenskapelege samlingar på Universitetet. Desse hadde ulike nemningar som kabinett, samlingar, observatorium, institutt, laboratorium, modellsamling, museum og botanisk hage.³⁶⁷ Det hadde også vore stor ombygging og utviding av biblioteksbygningen. I 1883 hadde Stortinget løyvd kr. 42 000 til varmeapparat for heile bygningen, og gardsrommet fekk glastak og vart omgjort til ny lesesal. Den nye lesesalen hadde plass til 50 gjester, og der var også eit referansebibliotek på ca. 2 500 band. 4.

³⁶⁴ *Det Kongelige norske Frederiks Universitets Aarsberetning for 1ste Halvaar 1883*: 26.

³⁶⁵ *Det Kongelige norske Frederiks Universitets Aarsberetning for 1ste Halvaar 1883*: 27.

³⁶⁶ *Det Kongelige norske Frederiks Universitets Aarsberetning for Budgetterminen 1884-1885*: 36.

³⁶⁷ *Det Kongelige norske Frederiks Aarsberetning for Budgetterminen 1883-1884* : 42-80.

juli 1884 inspiserte kongen [Oscar II] og prins Eugen den nye lesesalen.³⁶⁸ Men Drolsum nytta også årsmeldinga til å markera at han enno ikkje var heilt nøgd:

Efter i en Række af Aar at have paakaldt de overordnede Myndigheders opmærksomhed i usædvanlig Grad er Universitets-Bibliotheket ved de i de senere Aar, og sidst i det forløbne Budgetaar, givne Bevilgninger sat i stand til at fyldestgjøre de Væsentligste af de Krav, man medrette kan stille til et Bibliothek, der foruden at være et Universitetsbibliothek med alle de for et saadant eiendommelige, efter Dagens Behov vexlende Fornødenheder tillige skal tilfredstille de større Fordringer, der gjøres til selv et lidet Folks Nationalbibliothek. De Reformer, som vare blevne nødvendige saavel af Hensyn til denne Bibliothekets nationale Opgave som paa Grund af dets i de senere Aar sterkt forøgede Tilvæxt og endnu stærkere forøgede Benyttelse, ere saaledes bragte sin Afslutning nær. De, om man saa maa kalde dem, konstruktive Dele af Reorganisationsværket ere nu tilstede, skjønt tildels i en nogen anden Form end oprindelig foreslaaet, og hva der af dette staar til Rest lader sig der uden Skade for den hele Virksomheds Trivsel tilveiebringe efterhaanden, skjønt det vistnok vilde medføre meget følelige Ulemper for enkelte Tings Vedkommende, f.ex. den oftere foreslaaede Forhøielse af Annum, om Udsættelsen skulle blive for lang.³⁶⁹

Drolsum skreiv vidare at det under desse omstenda ikkje ville vera utan interesse å gi eit kortfatta oversyn over korleis reformane var planlagde og korleis dei var blitt gjennomførde. Han gjekk attende til lanseringa av forslaget om pliktavleveringslov i september 1878 og også innspelet om forlagsregister og korleis dette hadde munna ut i eit utkast til lov. Han gjengav heile utkastet med det juridiske fakultet sine kommentarar sidan han meinte at ” ... Fakultetets Bemærkninger til de enkelte Paragrafet har blivende Interesse.”³⁷⁰ Etter at dette var sitert samla, skreiv Drolsum at lovforslaget med nokre mindre endringar og eit par paragrafar *havde undergaaet en Omredaktion*, enda forslaget opp som Kgl. Resolution 20. juni 1882 og vart vedtatt av Stortinget som Lov om Forlagsregister og Afgivelse af Tryksager til Universitets-Bibliotheket. Lova hadde 12 paragrafar. Dei fem første omhandla forlagsregisteret, dei andre sju omhandla pliktavleveringa. Med eit sideblikk til lektor Roar Tank sin artikkel om Norske avdeling til femtiårsjubileet i 1932 kan vi alt her slå fast:

³⁶⁸ *UBs Aarbog 1884* : VII.

³⁶⁹ *UBs Aarbog 1884*: X.

³⁷⁰ *UBs Aarbog 1884* : XI.

Først må her nevnes at *Forlagsregisteret* var en helt dødfødt institusjon. Det må ha vært med et stille smil at Drolsum skrev følgende i sin årbok for 1884: ”Forlagsregistret er ikke bleven benyttet, uagtet Hr. Professor juris Getz på Opfordring af Bibliotheket i *Norsk Boghandlertidende* for 28de April 1884 nærmere paaviste dets retslige Betydning.”³⁷¹

Det var dei sju siste paragrafane som vart viktige for ettertida. Desse var det legale fundamentet for samlingtilveksten i Norske avdeling, dvs. det norske nasjonalbiblioteket.

2.4.13 Samanfatning

Det var meir slumpelukke enn eit planlagt karriereval som førte Axel C. Drolsum til Universitetsbiblioteket i 1870, men med det nære og gode forholdet til universitetsbibliotekar Ludvig Daae opna det seg snøgt sjansar for den arbeidsame og ambisiøse Drolsum. For Daae var stillinga i UB mellomspel. Han overlet mykje arbeid til Drolsum, som dermed fekk både administrasjonserfaring og praktisk og teoretisk bibliotekkunnskap. I 1876 vart Daae professor i historie og Drolsum overtok, knapt 30 år gamal, som leiar for biblioteket. For Drolsum vart ikkje biblioteket eit mellomspel, men den endelege yrkesvegen. Straks Drolsum var i posisjon, byrja han eit omfattande reformarbeid for å gjera UB til ein tidsmessig samfunnsinstitusjon. Sjølv om UB på alle måtar var landet sitt største bibliotek, var institusjonen hamna i ei bakevje. Det moderne gjennombrøtet hadde ikkje nådd Universitetsbiblioteket. Det var for små løyvingar, for lite personale, for kort opningstid og nasjonalbibliotekrollen, som også låg til biblioteket, var uklar. Det mangla også ei lovfesta pliktavlevering av nasjonale trykk og der var ikkje noko nasjonal avdeling som i dei andre nordiske hovudbiblioteka.

Drolsum var ein endringsagent, som med strategiske grep synleggjorde og definerte behov som tidlegare hadde vore uartikulerte. Dette var ikkje kontroversielle emne, men det var saker som hadde mangla talsmenn. Med Drolsum fekk UB ein tydeleg talsmann. Han såg Universitetsbiblioteket sine samfunnsoppgåver i ein større samanheng enn sine forgjengarar i sjefstolen. UB var primært ein universitetsinstitusjon, men det var også landet sitt største fagbibliotek. Med framvekst av moderne kommunikasjon og post kunne kvalifiserte lånarar over heile landet bruka fjernlån frå biblioteket. Og ikkje minst, meinte Drolsum, var det svært

³⁷¹ I: *Festskrift til den Norske avdeling* Oslo, 1932. s. 17

viktig å definera biblioteket sine oppgåver som norsk nasjonalbibliotek. At der ikkje var lovfesta pliktavlevering av nasjonale trykk, og heller ikkje eit apparat for å handtera den nasjonale litteraturen gjorde, i følgje Drolsum, Noreg mindreverdige samanlikna med andre nasjonar. Ein ordna nasjonalbibliotekfunksjon inngjekk i den kulturelle infrastrukturen i ein sivilisert kulturnasjon hevda overbibliotekaren.

I samarbeid med Det akademiske kollegium, Universitetet sitt øvste styringsorgan, la Drolsum i 1880 fram den offentlege utgreinga *Om Universitetsbibliotheket. Forslag til en Omordning af Personalet m.v.* Dette dokumentet konkretiserte reformbehovet og presenterte ein historisk gjennomgang av biblioteket, ei skildring av dagens stode og ei beskriving av kva som trøngst for at biblioteket skulle koma på eit, etter Drolsum si vurdering, forvarleg nivå. Med statistikk og talmateriale viste han at forholda i Noreg var ringare enn andre europeiske land. Sentralt i Drolsum sin argumentasjon for å styrka biblioteket var den nasjonsbyggande rolla til institusjonen. Dette gjaldt både konkret og symbolsk. Drolsum sin nasjonale retorikk var i samsvar med politiske og kulturelle straumingar i samtida, men eventuelle endringar i UB betinga også auka ressursar med større budsjett og meir personal.

Drolsum sine innspel vart fremja gjennom Universitetet sin budsjettsøknad og både i 1881 og 1882 vart Universitetsbiblioteket grundig drøfta i Stortinget. Om ikkje alle behova Drolsum hadde lagt fram vart innfridde, så munna dette likevel ut ny pliktavleveringslov (vedtatt 20. juni 1882) verksam frå 1. januar 1883, skiping av ei eiga nasjonal avdeling i biblioteket og årleg nasjonalbibliografi. Saman med oversyn over utanlandsk tilvekst og årsmelding danna nasjonalbibliografien frå 1884 UB si årbok. Tidlegare hadde biblioteket si årsmelding inngått i Universitetet si samla årbok. Under sine første år som bibliotekleiar hadde Drolsum med strategisk kløkt synleggjort UB som eit samansett og nødvendig element i den kulturelle infrastrukturen. Innafor UB sine rammer var det også kimen til eit norsk nasjonalbibliotek unnfanga og formalisert.

KAPITTEL 3. 1883-1908. FRÅ DOMUS BIBLIOTHECA TIL OBSERVATORIEGADE

3.1 Steg for steg

3.1.1 Sakte framover

Frå Drolsum i stor mon fekk politisk gjennomslag for reformprogrammet og fram til stortingsvedtaket om nybygg i 1908, var der ei stegvis og ujamn utvikling i biblioteket. Det var eit historisk vendepunkt framskunda av eit personleg initiativ og vellukka strategisk grep av Drolsum at Universitetsbiblioteket hadde kome på den offentlege dagsorden. Men eit slikt bibliotek krev heile tida nye ressursar for å vera i takt med tida. Dette kapittelet undersøker utviklinga av biblioteket og korleis nybygget vart arbeidd fram.

Utgreiinga frå 1880, med tillegget året etter, var viktig for å løfta fram UB både som universitetsbibliotek og norsk nasjonalbibliotek. Denne todelinga av bibliotekoppgåvene, for Universitetet og for nasjonen, kan nyanseras vidare i tre dimensjonar: Først Universitetet sine egne interne behov, altså det reine UB; Så ein nasjonalbibliotekdefinsjon, som inkluderte både verdslitteratur og eit breidt generelt tilfang utanom Universitetet sine interne behov; Deretter den reine nasjonalbibliotekfunksjon med pliktavlevering av nasjonal litteratur, Norske avdeling og norsk og norskrelatert materiale og bibliografisk arbeid.

Drolsum framheva at biblioteket var ein viktig nasjonal institusjon med både reelle og symbolske oppgåver og funksjonar. Han såg UB som eit ledd i det store nasjonsbyggande prosjektet, som særleg var drive fram av den heterogene venstrekonstellasjonen som prega norsk politikk i perioden. Nasjonsbygginga vart etter kvart ein omforent politisk diskurs. Høgdepunktet i dette prosjektet var unionsoppløysinga i 1905. I dei siste tiåra av 1800-talet var der gnissingar mellom Stortinget med venstrefleirtal og det relativt autonome Universitetet. Gjennom budsjettpolitikken detaljstyrte Stortinget Universitet på administrative og faglege felt. For UB var heller problemet små løyvingar og tronge lokale enn politisk overstyring. Denne motsetnaden vart dempa mot slutten av hundreåret etter kvart som nye krefter kom i posisjon på Universitetet og unionsspørsmålet vart det overskuggande politiske temaet. Frå tida kring unionsoppløysinga og nokre år framover var der ein veldig ekspansjon på Universitetet. Eit nybygg til UB, som Drolsum hadde fremja lenge, inngjekk no saman med andre nye bygg, i denne ekspansjonen. Drolsum sine planar og ønske for biblioteket fall no saman med universitetsleiinga sine samla planar for heile institusjonen.

3.1.2 Institusjonell utvikling, annuum

I eit brev datert 11. juli 1884 skreiv Drolsum optimistisk til sin svenske kollega Claes Annerstedt (1839-1927), ved Universitetsbiblioteket i Uppsala:

Hermed er mit Reformprogram af 1880 efter 4 Aars kamp i alt væsentlige gennemført, vi have faaet oprettet 3 nye Poster (1 Underbibliothekar og 2 Amanuenser), en Sum til at begynde den systematiske Katalog, en Lov om Aflevering af norsk Tryk fra alle Bogtrykkere, et Varmeapparat og en ny Læsesal, til Rest staar altsaa kun en Forøgelse af Annuum, der nu er 24 000 Kroner, til ca. 30 000 Kroner, - men har man faaet Koen, faar man vel Klaven med. Kunde jeg nu faa ret Helbred til at drive Værket videre, vilde der være Haab om, at vi her om en Del aar kunde faa efter vore smaae Forhold nogenlunde brugbart Bibliothek, men det ligger i Gudernes Skjød.³⁷²

Men å få auka annuum, driftsbudsjett, til det som Drolsum vurderte som nødvendig for biblioteket viste å vera å vera vanskelegare enn antatt i det ovanståande brevet. Alt i utgreiinga frå 1880 tok Drolsum opp at den summen som då var på kr 24 000 ikkje var nok til å dekkja dei stadig veksande krava og behova. Ein minimumssum burde vera kr 30 000, hevda han.³⁷³ Denne summen skulle dekkja innkjøp både til Universitetet sine faglege behov og nasjonalbiblioteksbehov, det vil seia både nordisk og anna utanlandsk litteratur som ikkje nødvendigvis var etterspurt på Universitetet, men som likevel burde kjøpast inn. Det kunne vera ei innebygd spenning mellom UB og nasjonalbibliotek når begge behova skulle dekkast av same annuum:

Som Nationalbibliothek har det først og fremst at samle og opbevare den norske Literatur, baade ældre og nyere, og dernæst at tilveiebringe en saa vidt fuldstændig Repræsentation af de to med vort saa nært beslægtede nordiske Folks Literaturer, og endelig skal man her kunde finde de viktigste af alle andre Literaturers Frembringelser i ethvert Fag og i ikke altfor ringe Udstrækning. Denne dobbelte Virksomhed falder hvad Anskaffelserne angaar, ingenlunde saman, thi mangfoldige vigtige Værker bliver selvfølgelig ikkje begjærede af Universitetets Lærere, der jo til

³⁷² Spørck (utg.) 2011: 94.

³⁷³ Drolsum 1880: 41.

en vis Grad ere bundne til bestemt Forelæsnings – og Studiekreds, men de maa dog kjøbes af Hensyn til Fremtiden .³⁷⁴

Dette var ei ambisiøs og kanskje ikkje heilt realistisk haldning, men ei anna konkret og nødvendig utgift var innbinding. Pliktavlevert materialet skulle leverast til UB i materie, dvs. utan innbinding, jf. § 6 i avleveringslova. Dette var kanskje opphaveleg tenkt som ein stønad for boktrykkarane om dei ikkje stod for innbindinga sjølve. Men dermed vart innbindinga av dette materialet ei utgift for biblioteket, i tillegg til innbinding av anna materiale.

Drolsum måtte arbeida tolmodig for større annuum. Fram til budsjettåret 1889/90 låg nominelt annuum stabilt på kr. 24 000. Men den summen biblioteket hadde til rådvelde til å starta arbeidet med systematisk katalog, som Drolsum nemnde i brevet til sin svenske kollega, var berre ein øymerka sum på kr 1500 som vart lagt til annuum frå 1884. I budsjettforslaget for året etter, 1884/85, var det i samsvar med Drolsum sitt reformprogram atter fremja forslag om to nye amanuensar til biblioteket, den eine skulle vera inspektør på lesesalen, den andre skulle byrja med den systematiske katalogen. Biblioteket fekk gjennomslag for lesesalinspektør, medan ei fast stilling til katalogarbeid vart avvist. Men som eit alternativt forslag for å få starta katalogarbeidet, foreslo Sofus Arctander og eit mindretal i gasje- og pensjonskomiteen at det skulle løyvast kr. 1500 til dette arbeidet. Summen skulle disponerast av biblioteket til timebetaling for katalogarbeid, som kom utanom det faste arbeidet. Dette vart vedtatt av Stortinget 5. juni 1884.³⁷⁵

Til budsjettframlegget frå kollegiet for budsjettåret 1889/90 hadde Drolsum skrive eit utdjupande vedlegg.³⁷⁶ Dette viste at han måtte argumentera både tydelegare og grundigare for å synleggjera det som han meinte var heilt nødvendige løyvingar. Om annuum skreiv han at det burde aukast frå kr. 24 000 til 30 000, inkludert kr. 1500 til systematisk katalog. Han viste til at kravet om auka annuum hadde vore reist fleire gonger sidan 1880 utan å nå fram til å bli regjeringsforslag. I 1882 hadde departementet hevda at den nye avleveringslova i praksis ville auka biblioteket si kjøpeevne når det norske materialet vart pliktavlevert. Men det viste seg at innbindingsutgiftene til det stadig aukande pliktavleverte norske materialet var større enn summen som før hadde vorte brukt til å kjøpa norsk litteratur. Såleis var biblioteket si

³⁷⁴ Drolsum 1880: 18.

³⁷⁵ *Sth.Tid.5.juni 1884*: 40.

³⁷⁶ *Sth.Prp.No .4 b. 1889*: Bilag No.2.

kjøpeevne i røynda heller minka enn auka. Ei slik utvikling kunne ikkje halda fram.³⁷⁷ Drolsum viste ellers til argumentasjonen i utgreiinga frå 1880, og meinte at sjølv om eit annuum på kr. 30 000 tilsynelatande var ein stor sum, så var det eit nødvendig minimum for å sikra forsvarleg auke av m.a. innkjøp av verdenslitteratur:

Skulde man ikke indskrænke sig til et saadant efter vore Forholde afpasset minimum, men alene eller væsentlig som de store Landes Nationalbibliotheker holde sig Verdenslitteraturens Masser baade fra Fortid og Nutid for Øie, da vilde man naa op til en Sum mangedobbelt saa stor som den her i Forslag bragte.

Verdenslitteraturen var såleis, etter Drolsum sitt syn, også ei oppgåve for nasjonalbiblioteket. For å underbygga denne påstanden, jamførte han UB med *Nationalbibliothekerne* i Sverige og Danmark. Det kongeleg bibliotek i Stockholm hadde eit annuum på kr. 25 000 og det kongelege bibliotek i København kr. 30 000, og dessutan var forholda ansleis i grannelanda med fleire bibliotek. Det norske nasjonal- og universitetsbiblioteket kom difor dårlegare ut her. Samanlikna med Sverige og Danmark var difor ikkje 30 000 kr for stort annuum for *vort eneste store Bibliothek*, hevda Drolsum.³⁷⁸

Budsjettframlegget vart lagt fram som regjeringsinnstilling av 18. januar 1889 av statsråd Jacob Sverdrup (1845-99). Her prioriterte kollegiet annuum kr. 25 500, inkludert 1 500 til systematisk katalog i tillegg til ekstraordinær løyving på kr. 4 500 for til å fylla større hol i boksamlinga. Dette galdt fleire fagområde som naturfaga, medisin, matematikk, jus og historie.³⁷⁹

3.1.3 Annus horribilis

1893-95 var der ei mindretalsregjeringa av Høgre med juristen Emil Stang (1834-1912) som statsminister. Det var unionsstrid (konsulatsaka) som låg bak denne regjeringsdanninga, men det vart også konsekvensar for Universitetet og Universitetsbiblioteket. Striden mellom venstrefleirtalet i Stortinget og Universitetet nådde eit klimaks under denne mindretalsregjeringa.

³⁷⁷ *Sth.Prp.No.4 1889*: Bilag. No 2: 4.

³⁷⁸ *Sth.Prp.No.4.1889*. Bilag 2: 5.

³⁷⁹ *Sth.Prp.No.4b1889*: 4-5.

Striden dreidde seg om kven som skulle ha kontroll over utnemning av professorat på Universitetet, var det Stortinget eller Universitetet sjølv. I regjeringa var der to professorarar, jusprofessor Francis Hagerup (1853-1921) var justisminister og Anton Chr. Bang (1840-1913), ekstraordinær professor i teologi, var kyrkjeminister. Både Hagerup og Bang hadde sett som vilkår for å vera med i regjeringa at dei kunne venda attende til sine professorat.³⁸⁰ (Bang vart biskop i Kristiania frå 1896 til 1912.) Men Stortinget stilte mistillitsforslag til mindretalsregjeringa, og ville inndra to ledige professorat. Det eine var ei vakant stilling i teologi og det andre var Hagerup sitt jusprofessorat, som var ledig medan han var statsråd. Dessutan foreslo venstrefleirtalet at alle ledige professorat skulle leggjast fram for Stortinget før utlysing. Såleis ville Stortinget kunna påverka kven som skulle tilsetjast i lærarstillingar på Universitetet.

Forslaget om å inndra Hagerup sitt embete vart forkasta, men det vart fleirtal for at regjeringa skulle legga fram alle ledige professorat for Stortinget før utlysing. Regjeringa avviste dette. Stortinget svarte med å gjera eikvar løyving til Universitetet avhengig av at regjeringa la ledige professorat fram for Stortinget. Regjeringa bøygde ikkje av, og dermed stod Universitetet utan lovleg vedtatt budsjett for budsjettåret 1894-95. Dette var ei katastrofe for heile Universitetet. Utan budsjettvedtak i Stortinget kunne det berre utbetalast løyvingar til lovfastlagte formål eller rettsleg bindande avtalar. Midlane til Universitetet låg langt under budsjetta frå tidlegare år.³⁸¹

Overbibliotekaren skildra denne dramatiske situasjonen nokså nøytralt i biblioteket si årbok for 1895

Da paa Grund av Bevilgningsforholdene alle Nyanskaffelser maatte standses og saaledes ogsaa alle her holdte Tidsskrifter opsiges til Udgangen af 1894, viste Universitetets mangeaarige Boghandler, Hr. Jac. Dybwad, den Generøsitet, at skjænke de hos ham abonnerede 220 Tidsskrifter for Aaret 1895, hvorved selvfølgelig megen Uleilighed sparede saavel for vore Videnskabsmænd som for Bibliotheket.³⁸²

³⁸⁰ Kyllingstad/Rørvik 2011: 135.

³⁸¹ Collett 1999: 81-82, Kyllingstad/Rørvik 2011: 135-37.

³⁸² *Universitets-Bibliothekets Aarvog for 1895*, Christiania 1897: VII.

Bokhandlar Dybwad berga dermed biblioteket frå lakuner i tidsskriftsamlinga. Samstundes fall denne ekstraordinære situasjonen saman med Drolsum sitt 25-års jubileum, og bokhandlaren nytta dette høvet som ei hylling til sin gode kunde Drolsum.³⁸³

Denne krisa var eit eingongstilfelle, men striden mellom Stortinget og Universitetet var ikkje over. Venstre ønskte ei ny universitetslov for å avgrensa Universitetet sitt sjølvstyre og styrka Stortinget og regjeringa sin kontroll over institusjonen. Det vart lagt opp til at Kyrkje- og undervisningsdepartementet skulle vera eit overstyre for Universitetet, noko som sjølvstyre vekte motstand. Striden om universitetslov vart løyst i 1904, då Francis Hagerup atter vart statsminister i ei samlingsregjering. Tanken om overstyre vart tatt ut av den nye lova og hausten 1905 vedtok Stortinget lova mest utan debatt. Saka var no heilt overskugga av unionsoppløysinga.³⁸⁴

3.1.4 Langsam auke

Over tid vaks annuum sakte. I UB si årbok for 1901 skreiv Drolsum at biblioteket, med *utførlig Motivering* hadde søkt om annuum på 50 000 for terminen 1901-02. Dette vart støtta av kollegiet, men departementet hadde så redusert summen til 40 000 i si innstilling. 1. desember 1900 fastsette Stortinget annuum til kr. 45 000 derav kr. 3000 til systematisk katalog og kr 2000 til inspeksjon ved utvida opningstider på lesesalen.³⁸⁵

Budsjettinnstillinga frå departementet av 4. oktober 1900 vart bifalt med kongeleg resolusjon 11. oktober 1900 og lagt fram for Stortinget av statsråd Vilhelm Andreas Wexelsen (1849-1909). Dei samla summene for Universitetet var inntekt på kr. 293 000 og utgift kr. 878 525,30. Universitetsbiblioteket vart som vanleg grundig gjennomgått i proposisjonen.³⁸⁶ I inneverande budsjettermin hadde det vore løyvd eit annuum til UB på kr. 35 000, derav var kr 1500 framleis øyremarka til arbeidet med den systematiske katalogen men 1800 gjekk med til å dekkja ettermiddagsinspeksjon på lesesalen. Drolsum hadde i eit skriv datert 31. mars 1900 (vedlegg 13 til prop.) foreslått og grunngive at annuum burde vera på kr. 50 000. Det var dette skrivet *under utførlig Motivering* han også viste til i årboka.

³⁸³ Munthe ms: 92-93.

³⁸⁴ Collett 1999: 83.

³⁸⁵ *UB's Aarbog 1901* : VII.

³⁸⁶ *St.prp.nr.1. hovedpost IV. 1900-1901*: 15-17.

Alt i 1880 hadde Drolsum bede om at annuum måtte aukast til kr 30 000. Denne summen vart altså først nådd i 1899. Dersom ein frå det dåverande annuum tok bort utgiftene til inspeksjon, systematisk katalog, kontorrekvisita, bokrensing og småutgifter, så vart det ikkje att meir enn kr. 29 500. Men dersom kr 30 000 var nok i 1880 for å dekkja bokkjøp, innbinding og kontorrekvisita, som var utgiftene annuum den gongen skulle dekkja, så var dette alt for lite no rundt århundreskiftet, hevda Drolsum. Nokre år tidlegare hadde overbibliotekaren meint at ei oppjustering til kr. 40 000 ville vera eit absolutt minimum. Men no viste den seinaste utviklinga:

[...] at biblioteket baade som videnskabelig institution og som nationalbibliotek vil blive liggende langt tilbage for udviklingen, hvis det skal blive staaende ved sidstnævnte sum [dvs. + kr. 40 000]. Literaturen, og her er vel at merke tale om verdensliteraturen, i alle fag og paa saa at sige alle sprog, vokser i de seneste aar efter en maalestok, som spotter enhver tidligere beregning. Dette gjælder baade kvantitativt og kvalitativt.³⁸⁷

Drolsum gjekk så gjennom konsekvensane av det låge annuemet. Prisane på internasjonale vitskaplege tidsskrift hadde auka kraftig, samstundes vart stadig meir nytt vitskapleg arbeid publisert i denne forma. Biblioteket sin kjøpevne ville minka etterkvart som mengda og prisane på nytt materiale som burde kjøpast inn auka. Det ville bli eit aukande misforhold. I følge Drolsum hadde UB etter gjeldande annuum ca. kr. 8700 til rådvelde for nye kjøp. Han stilte det retoriske spørsmålet: ”Men hva foreslaar en saadan sum ligeoverfor verdenslitteraturen?”³⁸⁸ Om ikkje denne denne vendinga vart stansa og snudd, ville UB gradvis sakka meir og meir bak dei andre nordiske landa, hevda han.

Drolsum meinte no at 50 000 kr. var heilt nødvendig for å få biblioteket på eit forsvarleg nivå. Med denne summen kunne ein få auka framdrift på arbeidet med den systematiske katalogen, få ca. 10 000 til tidsskrift, ca 7 500 til framhaldsverk, ca. 2 500 til påkommande kjøp og ca 14 000 til nye kjøp i tillegg til nødvendig innbinding. Biblioteket ville også kunna følgja nokolunde med om ein strengt avgrensa seg til dei reint vitskapelege og dei nødvendige

³⁸⁷ *St.prp.nr.1.Hovedp. IV. 1900-1901*: 15.

³⁸⁸ *St.prp.nr.1.Hovedp. IV. 1900-1901* : 16. *I b.d.*: ”Det er ogsaa her at lægge merke til at prisen paa tidsskrifter er gaaet op. Næsten endnu verre er situationen med hensyn til nyanskaffelser af større verker. Naar nemlig bibliotekets tidsskriftabonnement (ca.kr. 7 400,00), fortsættelser af ældre eller paabegyndte verker (ca. kr. 6000,00), inbinding (ca. kr. 5 900,00) og auktions- og andet leilighedskjøb, som man ikke kan lade sig gaa forbi (ca. kr. 1 500,00 årlig) er dækket, saa staar der ca. kr. 8 700,00 tilbage til nyanskaffelserne.”

nasjonale krav. Det reint vitenskaplege var Universitetet sine primærbehov, kva som var dei nødvendige nasjonale krava var nok meir udefinert.

Kollegiet var heilt samd med Drolsum sitt forslag og meinte at eit annuum auka til kr. 40 000 ikkje lenger var nok for at biblioteket skulle kunna halda ein forsvarleg standard. I 1897 og -98 hadde også kollegiet gått inn for kr. 40 000. Det siste året hadde også departementet støtta denne løyvinga, men budsjettkomitéen hadde berre sett opp kr 35 000. Kollegiet gjekk no inn for at annuum skulle vera kr. 50 000, derav skulle kr. 3000 vera øyremarka til systematisk katalog og kr. 1800 til lesesalinspeksjon.³⁸⁹

Departementet var også samd i at det var nødvendig med auka løyvingar til UB, men såg seg ikkje i stand til å gå lenger enn summen ein innstilte på for terminen 1899 - 1900, dvs. kr. 40 000. Derav var kr 3000 øyremarka til systematisk katalog og 1800 til lesesalinspeksjon.

Tysdag 20. november 1900 leverte Stortinget sin budsjettkomité si innstilling til annuum for UB for budsjettterminen 1. april 1901 - 31.mars 1902.³⁹⁰ Bibliotekvenen Sofus Arctander var no formann. Komiteen var positiv både til Drolsum sitt innspel om auka annuum og den merka seg også at kollegiet stilte seg bak framlegget om at løyvinga måtte aukast til kr. 50 000:

Hovedmomenterne er, at Universitetsbiblioteket, der paa samme tid er Norges eneste nationalbibliotek, ikke kan følge forsvarlig med i udviklingen uden en saavidt betydelig forhøielse af sit annuum, da verdenslitteraturen i alle fag og paa alle sprog i den sidste tid vokser efter en tidligere uanet maalestok, og herunder særlig den kostbare tidsskriftslitteratur har været gjenstand for en enorm vekst, saavel publikationen af dyrt udstyrte enkeltverker, nødvendige for den videnskabsmand der skal følge med i sit fag, men for kostbare til privat anskaffelse.³⁹¹

Komiteéen var såleis samd i at biblioteket hadde for små midlar både til nykjøp og supplering av dei mange lakunane i samlinga. Den strekte seg difor lenger enn departementet og foreslo eit samla annuum på kr. 45 000. I tillegg hadde komiteen nokre synspunkt på biblioteket sin samfunnsmessige rolle. Ein var heilt klar på kva nivå UB skulle halda: "Komiteen finder vistnok, at man under de senere aars uhyre progres i bogproduktionen maa opgive tanken om

³⁸⁹ *St. Prp.nr.1. Hovedp. IV. 1900-1901: 16.*

³⁹⁰ *Indst. S. XXI- 1900/1901: 4-6.*

³⁹¹ *Indst. S. XXI. 1900/1901: 5*

at følge fullstendig med i verdenslitteraturen.”³⁹² Dette var noko som British Museum i London og Bibliothèque Nationale i Paris hadde kapasitet til. Det som burde vera eit mål å trå etter var å kunna følgja utviklinga på same nivå som hovudbiblioteka i Sverige og Danmark:

[...] det ikke alene maa ansees som en national æresskilling, men vil være et for vort lands videnskabelighed og kultur i det hele meget frugtbringende offer, om der legges an paa, at vort eneste stor-bibliotek sættes istand til at følge udviklingen ligesaa godt som de offentlige biblioteker i vore nabolande.³⁹³

Dei to store biblioteka i Stockholm, Kungliga og vetenskapsakademiens, brukte berre til bokkjøp henholdsvis kr 50.000 og og kr. 60.000 medan Det kongelige bibliotek i København som ikkje var universitetsbibliotek kr. 36.000 til bokkjøp.³⁹⁴

Komitéen poengterte vidare at UB også var eit nasjonalbibliotek som stilte samlingane til disposisjon for *videnskapsmænd* kring i heile landet. I praksis var vel dei fleste av desse universitetsutdanna embetsmenn og akademikarar kring i landet?

Komitéen viste både til avleveringslova og at tidlegare løyvingar hadde gitt UB i oppgåve å ta vare på den nasjonale litteraturen, og den framheva også biblioteket sitt store samfunnsoppdrag:

Men hensynet til videnskabens almenyldighed og til at, litteraturen er den frugtbareste befordrer af fremskridt og kultur i det hele, tilsiger, at bibliotekets skatkammer i saa vid udstrækning som mulig aabnes for tilførsel ogsaa for aandens store verksteder udenfor vort lille land.³⁹⁵

I følgje komitéen var altså kunnskap grunnlag for utvikling, og her hadde UB ei heilt sentral oppgåve både med å kjøpa inn og gjera tilgjengleg denne kunnskapen. (I tillegg til det pliktavleverte norske materialet). For å nå dette målet trong biblioteket rammer som gjorde det mogleg. Komitéen ville også arbeida for omposteringar på budsjettet slik at i framtida skulle ikkje personalutgifter til katalogarbeid og inspeksjon bli henta frå annuum. I første

³⁹² *Indst. S. XXI. 1900/1901: 5*

³⁹³ *Indst. S. XXI. 1900/1901: 5*

³⁹⁴ *Indst.S. XXI. 1900/1901: 5*

³⁹⁵ *Indst.S. XXI. 1900/1901: 5.*

omgang gjekk komiteen inn for å løyva kr. 45 000 i annuum, derav skulle 3000 vera øymerka til systematisk katalog og kr. 2000 til lesesalinspeksjon.³⁹⁶

Stortinget drøfta universitetsbudsjettet 1. desember 1900 og komiteen sitt forslag om annuum på kr. 45 000 til UB vart vedtatt samrøystes.³⁹⁷ Det kom ingen innvendingar mot den foreslåtte summen, men representanten Ole Olsen Five (1846-1930) etterlyste meir informasjon om arbeidet med den systematiske katalogen. Han meinte at dette arbeidet gjekk seint, og at det var uklart korleis pengane vart nytta.

3.1.5 Forseinka årbok

Five peika også på at *den almindelige aarskatalog*, dvs. biblioteket si årbok låg på etterskot. 1896 utgåva kom først hausten 1900. Komitéformann Arctander var samd med at dei kunne fått meir informasjon om arbeidet med katalogen, men dette var uansett eit omfattande arbeid.

Om den forseinka årboka, dvs. den norske bokfortegnelsen, meinte Arctander at det delvis kunne skuldast personlege forhold. Bibliotekar [Jens B.] Halvorsen, *den særdeles kyndige chef for den norske avdeling* var gått bort, og han var ikkje så lett å erstatta, men Arctander meinte at dette var i ferd med å ordna seg.³⁹⁸ Halvorsen døydde 22. januar 1900, men han hadde slutta ved UB alt 30. juni 1898, då han vart statsstipendiat for å fullføra sitt norske forfattarleksikon. Denne forklaringa på den seine årboka var nok ikkje heilt korrekt. Like frå 1893 til 1917 kom årboka på etterskot, dvs at den kom seinare enn året etter det året den dekkja. For Drolsum sine to siste tenesteår var det også forseinking, årbøkene for 1921 og 1922 kom begge i 1923. For perioden 1905 til 1915 kom årsmeldingane i to samleband, i 1914 og 1915. I den første av desse skreiv Dolsum i forordet at UBs årsmelding denne gongen dekkja fem år, 1. juli 1905 – 30. juni 1910. Dette skuldast at ein gjennom fleire år låg på på etterskot med andre del av årboka som dekkja tilveksten av utanlandsk litteratur i biblioteket. Den første delen *Norsk bokfortegnelse*, nasjonalbibliografien, hadde utkome jamt og trutt kvart år.³⁹⁹

³⁹⁶ *Indst. S. XXI.1900/1901*: 6.

³⁹⁷ *St. forh. 1900/1901*: 201

³⁹⁸ *Sth.for.1900/1901*: 197-198.

³⁹⁹ *UB's Aarsberetning 1905-1910*. Forord.

3.1.6 Annuum

I budsjettforslaget for neste termin, som statsråd Wexelsen la fram for Stortinget 9. oktober 1901, fremja ikkje Drolsum auka annuum, men no var omposteringar frå annuum til lønsbudsjett på plass. Det var også med ei orientering frå overbibliotekaren om arbeidet med den systematiske katalogen, slik representanten Five hadde etterlyst året før.⁴⁰⁰ Dette var eit møysommeleg, omfattande og tidkrevande arbeid som måtte ta lang tid, i følgje Drolsum. Den systematiske katalogen for dei eldre delene av samlinga var i følge overbibliotekaren sin plan frå 1880 meint å bygga på katalogsetlane i den alfabetiske tilvekstkatalogen. (Sjå orientering om katalogen lenger framme i teksten).

Det viste seg at mykje av det tidlegare katalogarbeidet, som Drolsum hadde meint å bygga vidare på, var så mangelfullt at det forseinka framdrifta med den systematiske katalogen. Mykje arbeid måtte gjerast omatt:” Naar man nu betenkær, at der handles om at tilveiebringe sedler, ikke bare i tusendvis, men i snesetusendvis, saa vil man let forstaa, hvilken tidspilde dette grundlags mangelfuldhed har forvoldt.”⁴⁰¹ Drolsum meinte at arbeidet med den systematiske katalogen var det mest krevande arbeidet i biblioteket. Det krevde innsikt både i biblioteket sin indre anatomi og dei ulike fagområda. Arbeidet måtte difor gjerast av dei mest røynde medarbeidarane i biblioteket, og det burde gjerast på timebasis utanom den faste arbeidstida. Difor var det også ønskeleg at dette var ekstraordinært timearbeid og ikkje ein del av det faste lønsbudsjettet. Det var praktisk og fleksibelt at midlane til katalogarbeidet var knytte til annuum.

Drolsum var svært varsam med å stilla nokon til ansvar for stoda i den gamle katalogen: ”Overbibliotekaren reserverer sig her uttrykkelig mod at udtale nogen dadel over sine formænd.”⁴⁰² Dei hadde arbeidd med eit altfor knapt personale, og det måtte ettertida lida for. Drolsum sine forgjengarar var nok andre menn i ei anna tid og med ein annan horisont. Men at katalogstoda var så mangelfull i *vort eneste store Bibliothek* som Drolsum hadde avdekket verkar noko underleg.

Departementet var samd med Drolsum at løyvingane til systematisk katalog skulle førast i biblioteket sitt annuum. Likeins skulle kr. 200 som dekket søndagsopen lesesal ligga i annuum sidan dette også var timebasert for fast personale. Kr. 1800 for ettermiddagsvaktene vart

⁴⁰⁰ *St.prp.nr.1,hovedpost IV. 1901-1902: 38-40.* (opphaveleg Kollegiet sitt bilag nr.8)

⁴⁰¹ *St.prp.nr.1. hovedpost IV.1901-1902: 39.*

⁴⁰² *St.prp.nr.1, hovedpost IV, 1900-1901: 16.*

overført til lønskonto. For tida vart dette delt med kr 600 til kvar av assistentane cand.teol. Olaf Moe (1876-1963)⁴⁰³, cand. mag. Ragnvald Moe (1873-1965)⁴⁰⁴ og cand. philos. Henrik Wennevold (1873-1921) vart overført til lønskonto. Departementet gjekk også inn for at annuum skulle tilførast kr. 600 til porto etc. i samband med litterære bytteforbindelsar. Det samla annuumforslaget etter komitebehandling vart kr. 43 800. 1. februar 1901 vart dette samrøystes vedtatt i Stortinget.

Omposteringane betydde ikkje noko for den reelle løyvinga til biblioteket. Den samla ressursane var nokolunde konstante. For budsjetterminen 1904 – 1905 foreslo Drolsum atter, med *bedste anbefaling* frå kollegiet, at annuum skulle aukast til kr. 50 000. Departementet gjekk inn for kr. 43 800, derav øyremarka kr. 3000 til den systematiske katalogen og kr. 200 til inspeksjon ved søndagsopen lesesal. Dette gjekk vidare til budsjettkomiteen som leverte si innstilling dagsett 12. januar 1903. (Sic! Skal nok vera 1904). Edvard Hagerup Bull (1855-1938) var formann, Sofus Arctander var ordførar medan (Cornelius) Bernhard Hanssen (1864-1939) var sekretær.⁴⁰⁵ Ved dette høvet var komiteen delt i synet på annuum til UB; eit fleirtal gjekk inn for departementet si innstilling, medan eit mindretal på tre ville redusera annuum med kr. 3000 av budsjettmessige omsyn.⁴⁰⁶ Innstillinga til Stortinget fremja sjølv sagt fleirtalet si haldning, men under debatten i Stortinget fredag 23. januar 1904 fremja også mindretalet sitt syn. Talsmenn for dei ulike posisjonane var Sofus Arctander og Bernhard Hanssen.

3.1.7 Forslag om redusert annuum

Bernhard Hanssen meinte på vegne av eit *mindretal paa tre medlemmer* at kr. 40 800 ville vera ei høveleg løyving til UB. I tillegg til Hanssen utgjorde Arne Arnesen (1847-1908) og Carl Herman Aas (1866-??) dette mindretalet. Bernhard Hanssen ville på ingen måte underkjenna UB sin store samfunnsmessige nytte, men ein reduksjon på kr. 3000 av annuum hadde neppe store konsekvensar meinte han. Han var også opptatt av den øyremarka summen til den systematiske katalogen. Her hadde det vore faste løyvingar sidan 1885. Hanssen

⁴⁰³ Olaf Moe vart dosent i teologi ved UiO i 1906, frå 1916 til 1953 var han professor på Menighetsfakultetet

⁴⁰⁴ Ragnvald Moe vart sekretær for Stortinget sin Nobelkomite i 1909, frå 1928 til 1946 var han direktør for Nobelinstituttet.

⁴⁰⁵ Andre medlemer i komiteen: Gustav Martinsen (1843-1920), Carl Hermann Aas (1866-??), Arne Arnesen (1847-1908), Gjert Martines Holsen (1855-1921) og Wilhelm Christian Suhrke (1863-1950). Lindstøl 1915: 601.

⁴⁰⁶ *Indst. S.XXI-1903/1904* : 6

meinte at organiseringa av arbeidet var tvilsam, og at resultatet var svært tynt. Midlane vart løyvde automatisk av gamal vane i følge Hansen. Han ville ha slutt på dette.⁴⁰⁷

Sofus Arctander parerte Hanssen sine synspunkt. Han meinte at Hanssen hadde misforstått både katalogen og arbeidet med den.⁴⁰⁸ Arctander rosa rett nok Hanssen for at han hadde sagt at Universitetsbiblioteket var viktig, men det var inkonsekvent at han samstundes ville redusera løyvinga når landet berre hadde eit slikt bibliotek. At ikkje komitéen kunne stå samla om det som Arctander såg som kanskje den viktigaste posten på universitetsbudsjettet, meinte han var trasig. I følge Arctander var det ei viktig samfunnsoppgåve å satsa på bibliotek:

Jeg tror det er almindelig erkjendt, at det er en af de vigtigste kulturmotorer – om jeg saa maa sige – man kan have i et land, denne samling af alverdens bogskatte til brug i landet. Disse bevilgninger er paa en maade det aandelige veibudget [...] Men dette aandelige veibudget, som i beløb selvfølgelig er meget ubetydelig i sammenligning med hva det materielle veibudget kræver, har sandelig sin ligesaa store betydning. Det er gennem bibliotekerne, at man kommer i den direkte levende forbindelse med aandsverdenen og aandsarbeidet udover hele verden; det er derigjennem, de hjemlige tanker skal befrugtes, den hjemlige videnskab skal næres og beriges. At bruge saksen der paa grund af et enkelt budgetopgjørs vanskeligheder er derfor en overmaade letsindig og uoverveiet tanke, forekommer det mig. Der gjøres da huller i den begrænsede forsyning.⁴⁰⁹

Dette var eit progressivt syn på biblioteket. I staden for utgifter var, i følge Arctander, løyvingane til biblioteket ei langsiktig investering i den nasjonale kunnskapsinfrastrukturen som ville koma heile samfunnet til nytte i framtida. Arctander meinte det var eit offentleg ansvar å legga dette til rette.

Arctander viste vidare til at Stortinget ved fleire høve hadde synt stor velvilje andsynes biblioteket og gjerne strekt løyvingane lenger enn departementet hadde gått inn for. Om ein no skulle redusera løyvingane ville det vera merkverdig. Denne terminen var det heller ikkje snakk om å auka annuum.”Det er saaledes kun den gamle bevilgning, som her er opført, men den taaler ingen saadan reduktion, som foreslaaet af minoriteten, uden at der gjøres varig og

⁴⁰⁷ *St.tid. 1903/04*: 1030-31.

⁴⁰⁸ *St.tid. 1903/04*: 1031

⁴⁰⁹ *St.tid. 1903/04* :1032.

betydelig skade paa det formaal, som vort eneste bibliotek har at tjene.”⁴¹⁰ Her var det ingenting å gå på, rammene var så stramme, at ein låg på eit minimumsnivå som ikkje tillet nokon reduksjon utan alvorlege konsekvensar.

Bernhard Hanssen svara Arctander at han slett ikkje hadde misforstått meininga med den systematiske katalogen. Han ville heller ikkje seia noko om det *aandelige veibudget* eller ha noko samanlikning med utanlandske bibliotek. ”Det er i og for sig godt og vel alt sammen. Men vi har ikke noget med det kongelige danske bibliotek. Det har levet og virket under andre forhold, medens det fattige Norge ogsaa paa dette omraade er som en nybegynder.”⁴¹¹ Men kvifor skulle ikkje så ein *nybegynder* ha ambisjonar? Hanssen sitt ønske om å skjera ned på løyvinga til biblioteket kan nok forklarast med spareomsyn og ønske om å kutta det han meinte var unødvendig bruk av statlege midlar.

Hansen var venstrerepresentant frå Flekkefjord og kom på Stortinget i 1900. Han var utdanna lærar og arbeidde i skulen fram til 1891. Deretter arbeidde han som presseemann, redaktør og utgivar av avisa *Agder* i Flekkefjord, før han i 1898 starta som skipsreiar. Hanssen sitt store politiske engasjement var innan fredsarbeid både nasjonalt og internasjonalt. I 1895 la han grunnlaget Norges fredsförening, han var aktiv i interparlamentarisk arbeid og deltok på fleire internasjonale konferansar. Frå 1913 og til han døydde i 1939 var Hanssen medlem av Nobelkomiteen.⁴¹²

3.2 Samlingspleie

3.2.1 Hvorfor i al verden ligge og indbinde al denne makulatur!

Hanssen nógde seg ikkje berre med å foreslå nedsett annuum. På budsjettposten for Universitetet sine lokale hadde Drolsum gjennom fleire år fremja behovet for eit oppbevaringsrom for aviser. Det kjem vi attende til når vi snart skal sjå på biblioteket sine budsjettønske utanom annuum. Men Hansen drog også inn dette temaet under debatten om annuum.

⁴¹⁰ *St.tid.1903/04* :1034.

⁴¹¹ *St.tid.1903/04* :1035 .

⁴¹² O. J.Falnes, *Norway and the Nobel Peace prize*, New York. 1938:51-54. Som digresjon kan det nemnast at fredsprisen for 1913, det første året Hanssen var medlem i komiteen, gjekk til den den belgiske pasifisten, juristen, politikaren og bibliografen Henry Lafontaine (1854-1943). Lafontaine var sentral i internasjonal bibliografisk arbeid og han stod m.a. bak klassifikasjonssystemet UDK og Institut international de bibliographie, og han var ein mann som absolutt såg verdien av det Hanssen kalte makulatur.

Budsjettkomiteen hadde vore på synfaring i det som Hansen kalla *de store prægtige kjældere*, og der hadde han sett mengder med innbundne aviser: ”Denne avislitteratur der er trykt paa tarvelig papirmasse og om 30-40-50 aar er smuldret væk – jeg kunde ikke vægre mig for den tanke, at dette var en unødigt udgift, og naar vi kommer til det punkt [dvs. avisrom], skal jeg tale udførligere om sagen.”⁴¹³ Men Hanssen gav seg likevel ikkje heilt med det same. At avisene skulle bindast inn var ille: ”Hvorfor i al verden ligge og innbinde al denne makulatur!”⁴¹⁴ Dette var heilt unødvendige utgifter. Om avisene absolutt skulle takast vare på, så kunne årgangane pakkast i vanleg omslagspapir med ein lapp som fortalde innhaldet og så stablast oppå kvarandre. Hanssen meinte også at det var på tide at avleveringslova vart endra: Med å spare pengar til oppbevaring og innbinding kunne heller biblioteket nytta desse midlane til å innkjøp, meinte Hanssen.

Dette dreidde seg ikkje berre om å redusera ei utgift, det dreidde seg også om kva som var nasjonalbiblioteket si oppgåve: Kva materiale skulle avleverast, korleis skulle det takast vare på og korleis skulle det gjerast tilgjengeleg? Hanssen meinte at lova burde endrast: ”Den tid maa for øvrig ikke være fjern, da loven bliver forandret saaledes, at man slipper denne oppbevaring.”⁴¹⁵

Sidan budsjettproposisjonen vart lagt fram i oktober 1903 av statsråd Wexelsen, hadde det vore regjeringsskifte. Høgre mannen Francis Hagerup (1853-1921) sitt andre koalisjonsministerium hadde avløyst Otto Blehr (1847-1927) si reine venstre regjering. Kyrkjeminister med ansvar for Universitetet var no Hans Nilsen Hauge (1853-1931).⁴¹⁶ Hauge var heilt usamd med Hanssen sine synspunkt, og han hevda at synspunkta hans var imøtegått så grundig at det ikkje var nødvendig å forlenga debatten. Han meinte at det foreslåtte annuet til biblioteket var så nødvendig at det ikkje kunne reduserast på nokon måte. Statsråden var også mot Hanssen sitt innspel om oppbevaring av aviser i Universitetsbiblioteket:

Den sidste ærede taler talte om aviserne. Det er nok saa, man kan tale lidt ringagtende om dem og deres indhold som bibliotekskatte, det forstaar sig; men et sted i landet maa vel ogsaa aviserne findes, og de findes ikke noget andet sted der. Det er det eneste sted, hvor alle landets aviser opbevares, og det er vel nyttig, ikke alene at de

⁴¹³ St.tid.1903/1904: 1035.

⁴¹⁴ St.tid.1903/1904: 1035.

⁴¹⁵ St.tid. 1903/1904: 1035

⁴¹⁶ Hauge var soneson til predikanten Hans Nilsen Hauge (1771-1824).

opbevares, men at de opbevares i en stand, at de kan holde ud fra aar til aar og kan benyttes. Jeg vil bare med disse ganske faa ord give min anbefaling til beløbet, saaledes som det er foreslaet.⁴¹⁷

Hanssen avviste at han som gamal pressemann ikkje hadde vørdnad for aviser. Det var oppbevaringa, mengda og kostnadane som var problemet her. Han meinte også at ein med lov kunne pålegga avisene sjølve å ta vare på innbundne årgangar eller levera dei innbundne i *vedkommende kommunes bibliotek*. Det var ein utopisk og urealistisk tanke.

Etter ei ny ordveksling mellom Hanssen og Arctander, avrunda Edvard Hagerup Bull debatten med å slå fast: ”Skulde de avisaargange, der ligger i biblioteket, være komplette – og komplette må de være for at være til den fulde nytte – saa maa de altsaa være innbundne.”⁴¹⁸

Mot 35 røyster vart budsjettkomitéen si innstilling vedtatt.⁴¹⁹ Jamt over hadde innstillinga frå budsjettkomiteen vorte vedtatt årleg utan debatt og om det ikkje vart noko auke i annuum, så vart det heller ikkje redusert. Det spesielle med Hanssen sitt forslag, var å foreslå ein direkte reduksjon i ei løyving som i seg sjølv var svært stram og ikkje gav noko særleg handlingsrom. Det var trass alt ein skilnad på halda løyvinga på same nominelle nivå som året før (og tidlegare år) og å gå til direkte nedskjering.

Hanssen hadde tilsynelatande ikkje berre talt for seg sjølv når han var skeptisk til omfanget av pliktavleverte aviser: ”Komiteen har tidligere uttalt tvil om det er regningsvarende at opbevare for al fremtid den uhyre mængde avistryk, som loven af 20de juni 1882 skaffer Universitetsbiblioteket.”⁴²⁰ Omgrepet *regningsvarende* vart ikkje nærare definert, men komiteen kom også med ei oppmoding til *administrationen og universitetets vedkommende* om å verka til at den framtidige avisoppbevaringa vart avgrensa ”[...] til at gjælde den betydningsfuldere del af dagspressen og, hvis nævnte lov ikke skulde tillade saadan begrænsning, udarbeide forslag til den fornødne forandring af loven.”⁴²¹ Det går ikkje fram om komiteen stod samla bak desse synspunkta, der motivet var å skjera ned på løyvingane. Her ser vi eit politisk dilemma for nasjonale biblioteksoppgåver; på den eine sida stramme og kortsiktige økonomiske rammer og på den andre sida det langsiktige kulturpolitiske og sivilisatoriske samfunnsoppdraget.

⁴¹⁷ *St.tid. 1903/1904*: 1036.

⁴¹⁸ *St.tid. 1903/1904*: 1036.

⁴¹⁹ *St.tid. 1903/1904*: 1036.

⁴²⁰ *Indst.S.XXI. 1903/1904* : 10.

⁴²¹ *Indst.S.XXI. 1903/1904* : 10.

3.2.2 Avgrensa pliktavlevering?

Departementet sende komitéen sitt innspel om innskrenking vidare til overbibliotekaren og kollegiet. Kunne lova strammast inn? Drolsum svara på dette med eit skriv dagsett 31. mai 1904, som også inngjekk i Universitetet sitt budsjettforslag.⁴²² Overbibliotekaren viste til at biblioteket alt i 1872 hadde prøvd få til ei frivillig avlevering av aviser. Såleis var ikkje avisavleveringa berre ein konsekvens av lova frå 1882, men ei vurdering av aviser som viktig kjeldemateriale for ettertida:

Dette hviler paa den grundanskuelse, at aviserne hører med til de frembringelser af vort lands presse, om hvilke der i fremtiden kan antages at blive spørgsmaal i videnskabeligt eller praktisk øiemed, og som det derfor er en hovedopgave for Universitetsbiblioteket som rigets centralbibliotek at samle i den størst mulig fuldstændighed.⁴²³

Frå 1870 til 1900 hadde talet på norske aviser auka frå 79 til 203.⁴²⁴ Å prøva alternative avleverings- og oppbevaringsmetodar var neppe forsvarleg med tanke på framtida:

De blade hvoraf ikke et eksemplar reddes i et offentlig bibliotek, vil derfor saare let være udsatte for inden føie tid ganske at forsvinde til stor skade saavel for videnskaben, fornemmelig historien og statistiken, som ogsaa undertiden for den enkeltes særlige interesser.⁴²⁵

Drolsum, som var ein internasjonalt orientert bibliotekmann, hevda difor med fagleg tyngde at eit samla nasjonalt avistilfang var viktig å ta vare på for ettertida. Han meinte at dette var neppe ein særskild norsk tanke:

Jeg nærer ingen tvil om, at enhver bestyrer af et videnskabeligt centralbibliotek hele verden over vil dele denne betragtning af det nødvendige i at oppbevare samtlige [av] et lands aviser i hvert fald i et eksemplar, enten nu dette sker i et rigsbibliotek, eller

⁴²² *St.prp.nr.1, hovedpost IV. 1904-1905*: 14-15.

⁴²³ *St.prp.nr.1.hovedpost IV.1904-1905*: 14.

⁴²⁴ Jf. I. Flo (bindred.), *Norske aviser fra A til Å*, bd. 4 i H.F. Dahl (hovudred.), *Norsk presses historie 1660-2010, Oslo 2010* : 14. Aviser blir her definerte såleis: "Som grunnlag for figuren er aviser som kom ut med minst eitt nummer i veka dei respektive åra regsitret. Aviser som kom ut sjeldnare er også registrert, dersom dei i løpet av levetida har hatt ein frekvens på minst eit nummer i veka over ein periode på ein årgang eller meir."

⁴²⁵ *St.prp.nr.1.hovedpost IV. 1904-1905*: 14.

fordeles på forskjellige offentlige biblioteker (provinsbiblioteker) i det respektive land.⁴²⁶

Drolsum viste vidare til eige røynsle frå biblioteket som gjekk attende til 1870. Han hadde på nært hald kunna følgja den veldige utviklinga av norsk presse. Denne utviklinga var også ein del av det moderne gjennombrøtet. Vurderingar av materiale i samtida kunne framstå heilt annleis i framtida. Noko som vart vurdert som verdiløst i dag kunne verta etterspurt i framtida. Og her hadde Drolsum eit konkret døme: Dei første femti åra hadde ikkje UB tatt vare på norske småtrykk:

Det bør tjene os til advarsel i saa henseende, hva der er skeet med smaaskrifterne i vort eget sprog (smaatrykken) fra vort biblioteks første 50 år. Dem ansaa man i videnskabelig henseende i et hele taget for saa betydningsløse, at det ikke fortjente at opbevares – nu maa vi med møie og bekostning opspore og samle dem, idet de mer og mer har vist sig alt andet end betydningsløse. Jeg frygter for at efterslægten vilde komme til at fælde en haard dom over nutiden, om vi tillod at nogen del av vor dagspresse eller avislitteratur helt forsvandt.⁴²⁷

Overbibliotekaren såg altså ingen grunn til redusera på avistilfanget i biblioteket. Dei faglege argumenta han la fram hadde full støtte av Det akademiske kollegium og han fekk også tilslutnad av departementet. Etter Drolsum si orientering såg departementet ingen grunn til å endra på avleveringsordninga for aviser. Her hadde langsiktige biblioteksfaglege vurderingar og argumentasjon vunne over snevre økonomiske vurderingar. Men at dei biblioteksfaglege vurderingane vann fram, gav sjølvstilt ikkje automatisk auka løyvingar til biblioteket.

3.2.3 Gustav Storm si boksamling

23. februar 1903 døydde historieprofessor Gustav Storm.⁴²⁸ Han var professor i norsk oldtidshistorie og han etterlet seg ei boksamling på kring 3000 band samt fleire manuskript og

⁴²⁶ *St.prp.nr.1. hovedpost IV. 1904-1905*: 14.

⁴²⁷ *St.prp.nr.1.hovedpost IV.1904-1905*: 15.

⁴²⁸ Drolsum var sterk knytt til Storm og han tok dødsfallet tungt. I eit brev til sin svenske kollega Claes Annerstedt dagsett 28. februar 1903 og merka Confidentialt! Skreiv han: ” Kjære Ven! Vi har jo her mistet vor kjære Gustav Storm. Det gikk saa rivende hurtig. Og det har gjort saa stærkt Indtryk paa mig, at jeg ligesom ikke kan finde mig til rette. Det er, som en Væg i mit Kontor er faldet ud, som om alt er i Ulave om mig. Daglig havde vi med hverandre at gjøre, idet han blot gikk ud og ind som en af vore egne i Bibliotheket, men jeg havde ogsaa som Bibliothekar i Videnskabs-Selskabet og Sekretær i Kildeskriptommissionen med ham. Denne

handskrifter. Mange av bøkene hadde handskrivne notat og merknader av Storm. Den etterletne samlinga var difor svært interessant for Universitetet. I eit skriv til kollegiet dagsett 27. april 1903 foreslo Drolsum at denne samlinga vart kjøpt inn for Universitetsbiblioteket si rekning, og at kjøpesummen ved ei seinare løyving vart refundert for biblioteket. Samlinga egna seg som basis i ei boksamling i eit historisk eller historisk-filologisk seminar, som skulle etablerast i Domus academica etter at oldsaksamlinga var flytta over til det nye Historisk museum. Ein del av Storm sine bøker var også interessante for UB, i følgje Drolsum. Men det viktigaste, meinte Drolsum, var at Universitetet sikra seg kontroll over heile denne samlinga. Det var også andre interessentar på banen for å kjøpa samlinga, så Universitetet måtte vera raske, og ein kunne ikkje venta på vanlege løyvingar.⁴²⁹ Dette var ei hastesak. UB hadde alt kjøpt handskrifter frå samlinga for kr. 500. Prisen for resten av samlinga inkludert bokhyller, som ville høva i det nye seminarrommet, var kr. 3500. Samlinga vart kjøpt utan budsjettbehandling og søkt dekkja som ekstraløyving i ettertid.

Både kollegiet, det historisk-filosofiske fakultetet og departementet støtta denne saka som vart fremja som ei ekstraløyving i budsjettproposisjonen: *Tit. 43: Indkjøb af professor dr. Gustav Storms bogsamling.*⁴³⁰ Budsjettkomitéen støtta derimot ikkje denne ekstraløyvinga sidan seminaret/leserommet ikkje var politisk avklart: Det var ikkje kome noko løyvingforslag om denne etableringa til Stortinget. Både boksamlinga og hyllene var rett nok kjøpte inn av Universitetsbiblioteket med samtykke frå Kyrkjedepartementet, men komiteen ville likevel ikkje tilrå at Stortinget refunderte denne summen:

[...] idet bevilgningen vilde foregripe spørgsmaalet om oprettelsen af et filologisk seminar eller læseværelse, hvis kostende en gang for alle og i aarlige udgifter først bør være godkjendt af Stortinget, inden det slaaes fast ved en saa stor anskaffelse.⁴³¹

pludselige Forandring bringer mig da nødvendig til at tænke, at vi snart kan være færdige nogen hver." Sitert etter Spørck (utg.) 2011: 239-40.

⁴²⁹ UB måtte halda seg innan regulære løyvingar og bortsett frå gåvebøker var der ingen private donasjonar til institusjonen. Derimot fekk biblioteket ved vitskapselskapet i Trondheim stor glede av ei gåve på denne tida: « I 1899 fikk [bibliotekar Kristian Brich] Koren [1863-1938] utvirket at biblioteket fikk kjøpe kongelig fullmektig Thorvald Boecks veldige privat bibliotek, det største i landet. Det talte ikke mindre enn 31.000 bind. Kjøpet ble muliggjort ved en testamentarisk gave til biblioteket på kr. 50 000 fra enkefru Caroline Jenssen til minne om hennes mann, konsul Anton Mathias Jenssen. Halvparten av gaven ble brukt til å betale Boecks samling. Trondhjems Brændevinssalag bevilget penger til å få samlingen katalogisert.» K. Christensen, Universitetsbiblioteket i Trondheim under forvandlingens lov, i H. Nissen (red.), *Til opplysning. Universitetsbiblioteket i Trondheim 1768-1993*, Trondheim 1993: 39-40.

⁴³⁰ *St.prp.nr.1, hovedpost IV. 1903-1904* : 46-48.

⁴³¹ *Inst.S.XXI-1903/1904* :12.

Det var alt etablert leserom/seminarrom for juridiske- og teologiske studentar, så egne faglege leserom var noko som låg i tida. På det juridiske leserrommet, etablert 1895, var boksamlinga etter professor Aubert basis for handbiblioteket og på det teologiske leserrommet, etablert 1903, var boksamlinga etter professor Petersen basis. Desse samlingane var donerte til Universitetet.

For neste budsjettermin, 1. april 1905-31. mars 1906 vart det atter foreslått kr. 3 500 som ekstraløyving for å dekkja kjøpet av Storm si boksamling og kr. 500 som ordinær løyving til læse- og øvelseværelse for de filologiske studerende. Både kollegiet og departementet støtta dette.⁴³² Men budsjettkomiteen gjekk i mot, medan den støtta dei etablerte leseromma for teologar med kr 500 og for juristar med kr. 1000.⁴³³

Saka vart drøfta i Stortinget 14. januar 1905. Sofus Arctander foreslo at i staden for å ikkje løyva noko i det heile, så burde det løyvast kr. 500 til det filologiske leserrommet, på line med dei andre leseromma. Han argumenterte for at eit seminarrom for filologane ville styrka utdanninga, og fleire representantar støtta framlegget som gjekk gjennom med 56 mot 50 røyster.⁴³⁴ Dermed vart det ikkje midlar til å kjøpa Storm si boksamling no heller.

3.2.4 Nominell annuumauke

For neste budsjettermin, 1. april 1906 til 3. mars 1907 foreslo Drolsum igjen at biblioteket skulle få eit annuum på kr. 50 000, derav kr. 3000 til arbeid med systematisk katalog og kr. 200 inspeksjon på søndagsopen lesesal. Kollegiet støtta Drolsum, men tok atterhald om dersom denne store summen vart løyvd, så skulle det uteståande kravet om refusjon for professor Storm si boksamling falla bort.⁴³⁵

Departementet kunne ikkje støtta denne foreslåtte auken. Derimot foreslo departementet å overføra kjøpesummen på kr 3 500 for professor Storm si boksamling som ei ekstraordinær løyving til UB sin faste budsjettpost *tit.4 Universitetsbiblioteket*. Denne summen var to gonger tidlegare ført opp på på budsjettproposisjonen under rubrikken blanda utgifter for *Tit.43 Læse- og øvelsesværelse for de filologisk studerende* utan nå fram, såleis foreslo departementet eit samla annuum på kr. 47. 300 der kr. 43 800 var det ordinære annuum og kr.

⁴³² *St.prp.nr.1. Hovedpost IV 1904-1905* : 39.

⁴³³ *Indst. S.XXI- 1904/1905* : 11.

⁴³⁴ *St. forh. 1904/1905. 14. jan.:* 1110-1114.

⁴³⁵ *St.prp.nr.1. Hovedpost IV. 1905-1906* :11.

3 500 ekstraordinært til kjøp av Gustav Storm si samling.⁴³⁶ Budsjettkomiteén gjekk også i si innstilling inn for denne løyvinga.⁴³⁷ 14. desember 1905 vedtok Stortinget løyvinga samrøystes.⁴³⁸

3.2.5 Tronge rammer

Sjølv om budsjettkomiteen no støtta den ovannemnde løyvinga, så målbar den nokre kritiske synspunkt, og den drøfta også aspekt ved Universitetsbiblioteket i innstillinga. Komiteen hadde tidlegare utifrå budsjettmessige omsyn ikkje sett seg i stand til å refundera biblioteket sitt utlegg for professor Storm si boksamling "[...] til anbringelse i det filologiske læseværelse som en grundstamme for det historisk-geografiske (sic) seminarbibliotek."⁴³⁹ Men sidan biblioteket med sitt *meget knebne annuum* hadde ei gjeld (overforbruk, underbalanse) på over kr. 7000, fann komiteen det no (omsider) nødvendig å letta denne børa med å refundera kjøpesummen for samlinga etter den avlidne professoren. Likevel meinte komitéén det var problematisk at biblioteket med samtykke frå kollegiet hadde brukt ein så stor sum til å kjøpa ei samling, der berre ein forholdsvis mindre del var interessant for biblioteket sjølv, utan å ha dekning for kjøpet og utan å vera sikra framtidig refusjon. Tvert imot så hadde biblioteket alt ved starten av budsjettåret 1903-04 eit underskot, og med det omtalte kjøpet auka sjølvsgat underskotet.⁴⁴⁰

Komiteén såg altså svært strengt på overskridingane og den vona at dette var eit forbigåande fenomen og at det ville bli retta snarast. Skulle tidlegare overskridingar dekkast av framtidige løyvingar utan at desse auka, ville det gradvis innsnevra biblioteket sitt økonomiske handlingsrom. Komiteen var heilt tydeleg på "[...] det selvfølgelig ikke gaar an for nogen institution at sætte sig du over den bevilgende myndigheds afgjørelser gennem fortsatte overskridelser."⁴⁴¹ Denne formaninga dreidde seg om vanleg budsjett disiplin. Men saka hadde også ei anna side: Overbibliotekaren hadde år etter år synt at dei økonomiske rammene for Universitetsbiblioteket var for snevre til at biblioteket på fullnøyande vis skulle kunna

⁴³⁶ *St.prp. nr. 1. Hovedpost IV. 1905-1906* : 12.

⁴³⁷ *Indst. S.XXI-1905/1906* : 2-3.

⁴³⁸ *St-forh. 1905/1905*: 426.

⁴³⁹ *Indst. S.XXI-1905/1906*: 2.

⁴⁴⁰ "Af regnskabsoversigten for budgetaaret 1904/05 sees forøvrigt bibliotekets gjæld at være øget betydelig ogsaa i det aar (fra kr. 4 291,36 til kr. 7 380,97) uden at nogen ekstraordinær årsag kan opdages; der er overskridelser saavel paa annuet (kr. 2 190,00) som paa udgifterne til den systematiske katalog (kr.834,90) og paa inspektionen (kr.63.70) Jf. *Indst.S.XXI-1905/1906*: 3.

⁴⁴¹ *Indst.S.XXI-1905/1906* : 3.

løysa den delte oppgåva som biblioteket for landet sitt einaste universitet og som landet sitt nasjonalbibliotek. Om det var rett at biblioteket hadde kjøpt professor Storm si boksamling og rekna med at dette kjøpet skulle refunderast seinare, kunne nok kanskje diskuterast. Men dette var ei sak som ikkje biblioteket åleine, men også kollegiet, H-F fakultetet og departementet hadde støtta.

Det verkelege problemet vart tatt opp av eit par namnlause komitémedlemmer: ”To medlemmer af komiteen vil udtale, at efter deres mening er det til Universitetsbiblioteket bevilgede annuum for lavt til, at denne institution paa en tilfredstillende maade kan fylde sin plads og løse sin opgave som rigsbibliotek.”⁴⁴² Kva denne oppgåva var, vart ikkje nærare definert, men den krevde uansett større løyvingar.

For budsjetterminen 1907 til 1908 fremja Drolsum atter med kollegiet sin støtte forslag om annuum på kr. 50 000. Det vart vist til både nye og eldre innspel, særleg den utførlege grunngevinga Drolsum hadde levert i budsjettforslaget 31. mars 1900. Overbibliotekaren gjorde også merksam på at sjølv om den store summen skulle bli løyvd, så ”[...] vil man dog ikke naa længer end til at tilfredstille de mest paatrængende krav.”⁴⁴³ Tilfanget av litteratur vaks stadig, både i pris og i omfang og tidsskrifta tok stadig meir av annuum. ”Bevægelsen i denne retning vil visselig snarere tiltage end aftage i styrke.”⁴⁴⁴

Kollegiet stod fullt og fast bak Drolsum, og det hugsa også på dei to namnlause budsjettkomitémedlemmene sitt innspel i fjorårets komiteinnstilling:

Man skal i forbindelse hermed bringe i erindring, at i budgetkomiteens indstilling for indeværende termin udtalte to af komiteens medlemmer, at efter deres mening er det til biblioteket bevilgede annuum for lavt til at denne institution paa en tilfredstillende maade kan fylde sin plads og løse sin opgave som riksbibliotek.⁴⁴⁵

At biblioteket var noko meir enn ein rein universitetsinstitusjon var såleis eit tilbakevendande moment når rammene for biblioteket stod på den politiske dagsorden. Departementet var også samd i at annuum var for knapt og at det var nødvendig med ein auke. Men ein var stadig atterhaldande med å gie Drolsum full utteljing av *budgetmæssige* omsyn; Departementet la ekstraløyvinga frå fjoråret for Stormsamlinga oppå den ordinære løyvinga.

⁴⁴² *Indst.S.XXI-1905/1906* : 3.

⁴⁴³ *St.prp.nr.1. Hovedpost V. 1906/1907*: 20.

⁴⁴⁴ *St.prp.nr.1. Hovedpost V.1906/1907*: 20.

⁴⁴⁵ *St.prp.nr.1 Hovedpost V. 1906/1907* : 20.

Dermed førte departementet opp eit annuum på kr. 47 300, der (som vanleg) kr. 3000 skulle gå til systematisk katalog og kr 200 inspeksjon på søndagsopen lesesal.⁴⁴⁶

Når midlane i stor grad var fastlåste og øyremarka var det tronge rammer for korleis biblioteket skulle gripa tak i tilbod og sjansar som dukka opp. Samlinga etter professor Storm var eit døme på dette. Eit anna døme kan også syna biblioteket sine tronge rammer; via universitetsstipendiat i historie Halvdan Koht (1873-1965) fekk UB tilbod om eit islandsk handskrift for kr. 1000. 29. mai 1903 skreiv Drolsum til Koht at han måtte takka nei til tilbodet. I følge Drolsum var det uråd for biblioteket å binda biblioteket til denne utgifta i dette budsjettåret, jamvel om betalinga kunne fordelast på fem år. I følge Drolsum hadde Stormkjøpet låst alle midlar.⁴⁴⁷

Budsjettkomitéen innstilte på same sum som departementet og med same grunngeving for å ikkje auka den samla løyving. 11. desember 1906 vedtok Stortinget samrøystes at UB sitt annuum for den neste terminen skulle vera kr. 47 300.⁴⁴⁸ Men om ikkje komiteen såg seg i stand til å foreslå auka annuum, så var den heilt samd med kollegiet og departementet at rammene var for små. Komiteen nytta igjen høvet til å poengtera biblioteket sin samfunnsmessige posisjon:

Det er allerede tidligere gjentagende fra komitéens side fremhævet, at vort universitetsbibliotek maa ansees som ”et nationalbibliotek, der, som vort lands eneste storbibliotek bør sættes i stand til at følge udviklingen ligesaagodt som de offentlige biblioteker i vore nabolande.” (se. indst.S.XXI,1900/1901,s.5).⁴⁴⁹

Komiteen viste også med tal korleis UB kom ut samanlikna med *vore nabolande*: Det Kgl.Bibliotek i København hadde i 1905 eit budsjett på kr. 131 930, derav til løn kr. 50 080, bokkjøp og innbinding kr 56 500 samt diverse utgifter kr. 25 350. For å få reell samanlikning med *vort universitetsbibliotek*, så burde også budsjettet for Københavns universitets bibliotek leggest saman det kongelege sitt budsjett sidan samlingane i desse biblioteka supplerte kvarandre. Humanistisk litteratur var i hovudsak på det kongelige medan naturfagleg litteratur var på Universitetsbiblioteket.

⁴⁴⁶ *St.prp.nr.1 Hovedpost V. 1906/1907* : 20.

⁴⁴⁷ *Spørck (utg.) 2011*: 166.

⁴⁴⁸ *St.forh.1906/1907* : 625.

⁴⁴⁹ *Indst.S..XXI. 1906/1907* : 9.

Omlag same forhold var det også i Stockholm der Det kgl. bibliotek hadde humanistiske samlingar medan Vetenskapsakademiens bibliotek hadde naturvitskapleg litteratur. I 1905 hadde KB i Stockholm eit budsjett på kr. 96 114, derav løn kr. 48 870, bokkjøp og innbinding kr. 34 000 og til diverse utgifter kr. 13 544. I 1906 brukte Vetenskapsakademiens bibliotek berre til bokkjøp og innbinding kr. 30 000. Dette viste større forhold enn i Noreg. Etter å ha lagt fram informasjonen om *vore nabolande*, konkluderte budsjettkomiteen:

Skulde vort universitetsbibliotek derfor komme nogenlunde opp i høide med disse biblioteker, måtte det til bogkjøb og indbinding disponible beløb søges bragt opp i mindst mellem kr. 50 000, 00 og kr. 60 000,00, meden for tiden hertil kun kan anvendes ca. kr 35 400.⁴⁵⁰

Heilt sidan Drolsum byrja reformarbeidet på UB hadde han samanlikna tilhøva i Noreg med tilhøva i Sverige og Danmark for å syna at Noreg låg tilbake på dette feltet. Dette var dei næraste grannelanda og i alle høve eit naturleg geografisk samanlikningsgrunnlag. Men det var også ulikskapar og særpreg. Eit norsk særpreg var at den seine etableringa av nasjonalstaten også hadde ført til ei sein etablering av nasjonale institusjonar.

3.2.6 Annuum på etterskot og nytt bygg

I brevet til Annerstedt frå 1884 såg vi at Drolsum vona å få auka annuum frå kr 24 000 til kr. 30 000 rimeleg fort. Det skulle visa seg å ta lenger tid enn han hadde trudd. Sjølv om det gradvis lukkast, så låg løyvinga heile tida under det overbibliotekaren meinte måtte vera eit minimumsnivå. I 1900 vurderte Drolsum at eit minimumsnivå for annuum måtte vera kr. 50 000. At løyvingane sat langt inne skuldast ikkje politisk motvilje, tvert i mot fekk biblioteket jamt over mykje velvilje hjå styresmaktene. Men denne verbale velviljen utløyste ikkje dei store løyvingane. Derimot tykkjest Bernhard Hanssen sitt forslag om å direkte redusera annuum å vera eit særtilfelle. Den neste budsjettterminen, som dekkja 1908-1909 vart eit vendepunkt for Universitetsbiblioteket. I denne perioden vart både nybygg og annuumauke vedtatt. Men før vi ser nærare på dette vendepunktet, skal vi venda blikket litt bakover.

⁴⁵⁰ *Indst.S.XXI.-1906/1907*:10.

3.2.7 God plass i et bibliotek varer sjeldan lenge

Annuum, og dermed midlane til innkjøp, auka ikkje slik Drolsum meinte det var nødvendig. Likevel vaks samlingane i biblioteket langt meir enn venta. Veksten skuldast i tillegg til ordinære kjøp, at det var det stor og aukande pliktavlevering av norsk materiale, dessutan kom gåver, litterære bytteforbindelsar og innkjøp frå bokauksjonar i tillegg. *Domus Bibliotheca* frå 1850 var berekna til å kunna romma 250 000 band. Drolsum hadde tidlegare vurdert at denne kapasiteten skulle vara ut hundreåret, men dette viste seg å verta for knapt. I 1885 hadde han gått gjennom den totale samlinga og kome til at biblioteket romma 275 000 band. Utifrå dette meinte overbibliotekaren at eit nytt lokale måtte stå ferdig seinast i 1896.⁴⁵¹ Det var også viktig med eit eige lokale for den norske avdelinga slik at det nasjonale materialet var synleg. Å gjera nasjonallitteraturen synleg var ei sentral nasjonalbibliotekoppgåve.

Utfordringa no var korleis, og ikkje minst kvar ei utbygging skulle skje. Den vidare utbygginga av biblioteket var opphavelig tenkt som ei forlenging av biblioteksbygningen langs Frederiks gate. Dette var i utgangspunktet den mest naturlege løysinga. Men etter å ha orientert seg i den siste utviklinga på bibliotekfeltet, kom Drolsum med ei anna løysing. Han foreslo at ein første omgang kunne bygga tverrgalleri, hyller frå vegg til vegg, inne i biblioteket.

I budsjettforslaget for 1889-90 søkte Drolsum difor om kr 4000 til ei indre utbygging av biblioteket for å sikra plass til den norske avdelinga. Desse galleria var eit rimeleg og enkelt tiltak, og ein kunne gradvis utvida kapasiteten med fleire etterkvart. Både kollegiet og departementet støtta Drolsum sitt forslag.⁴⁵² Budsjettkomiteen støtta også dette framlegget.⁴⁵³ 14. mars 1889 vedtok Stortinget samrøystes å løyva denne summen.⁴⁵⁴

At denne løyvinga gjekk så lett gjennom, kan nok tilskrivast Drolsum si utgreiing om saka.⁴⁵⁵ Her kombinerte overbibliotekaren nasjonale og økonomisk/bygningstekniske argument på ein overtydande måte. Utgreiing var også underskriven av *Statens Bygningsinspektør og Konsulent i Byggesager* arkitekt Adolf Schirmer (1850-1930).

⁴⁵¹ *Sth.Prp.No.4b.1889. Bilag No.2 Aagaende Universitetsbibliotekets Budgetforslag av Drolsum: 2.*

⁴⁵² *Sth.Prp.No.4b.1889 : 4+19.*

⁴⁵³ *Indst.S.54.1889 : 134.*

⁴⁵⁴ *Sth.tid. 1889: 203.*

⁴⁵⁵ *Sth.Prp.No.4b.1889. Bilag No.2. Angaaende UB's Budgetforslag : 1-4.*

3.2.8 Nasjonale argument

Med avleveringslova frå 1882 og skipinga av Norske avdeling var det meininga å samla heile den *fædrelandske Literatur* i eit eige lokale i biblioteket for å gi det som "[...] i Fremtiden endnu mer vil blive Bibliothekets største Skat, en sømmelig og et Nationalbibliothek værdig Opstilling."⁴⁵⁶ Fram til 1882 var norsk materiale klassifisert etter innhald saman med utanlandsk litteratur kring i biblioteket medan det nyaste norske frå og med 1883 var samla i den gamle lesesalen. Å samla heile det norske tilfanget på ein plass var både praktisk og biblioteksfagleg ønskeleg. I tillegg, hevda Drolsum, ville ei slik samling

[...] tillige have den Tilfredstillelse at kunne vise de Besøgende, baade Landsmænd og endnu mere de Fremmede ligesom i en samlet Sum, med et eneste Blik, at vi heller ikke er et Folk "fra igaar", men ogsaa at vi har en ikke liden literær Udvikling, og at vi ogsaa med Energi søger at hævde vor Plads i Kulturfolkernes Række.⁴⁵⁷

Her klarte Drolsum å smelta saman praktiske behov med høgstemt nasjonalisme, og som vi snart skal sjå vart dette løyst på ein rimeleg og, for å låna eit omgrep frå dagens new public management retorikk, kostnadseffektiv måte.

3.2.9 Kreativ (mellombels) akuttløsning

Både for det norske materialet og heile biblioteket byrja det verkeleg å knipa med plassen. For å få kunnskap om ulike måtar å løysa denne utfordringa på, hadde Drolsum, med støtte frå kollegiet, vore på ei studiereise i Skandinavia og Tyskland for å sjå på nye bibliotekbygg. Her hadde overbibliotekaren med sjølvsyn sett at det var tatt i bruk magasinsystem med tverreolar og kompakte løysingar for å handtera den store og stadig aukande samlingsveksten. Han nemnde opp ei lang rekke med store bibliotek i Europa og USA som hadde byrja med magasinlagring. Av desse hadde overbibliotekaren på si studiereise sjølv besøkt åtte.⁴⁵⁸ Ein hadde gått bort frå dei gamle boksalane. Praktiske behov styrde no biblioteksutviklinga. I staden for å spreia biblioteket ut over stadig større areal, vart no samlingane lagra på minst

⁴⁵⁶ *Sth.Prp.No.4b. 1889. Bilag No. 2. Angaaende UB's Budgetforslag : 2.*

⁴⁵⁷ *Sth.Prp.No.4b. 1889 Bilag No. 2. Angaaende UB's Budgetforslag : 2.*

⁴⁵⁸ Drolsum hadde besøkt bibliotek følgande stader: Stockholm, Kiel, Rostock, Wolfenbüttel, Halle. Stuttgart, Köln og Göttingen jf *Sth.Prp.No.4b. Bilag.no 2: 3.*

mogleg flateinnhald. Drolsum konstaterte at ”Magasin-Systemet drager derfor saa at sige i de senere Aar triumferende gennem Landene.”⁴⁵⁹

Drolsum såg no føre seg ein kombinasjon av gammalt og nytt for å løysa plassproblema på UB. Med den nye lesesalen i det overbygde gardsrommet, vart romfordelinga i Domus Bibliotheca slik bygningen med mindre omfordelingar av samlingane lett kunne byggast om og tilpassast eit internt magasinsystem med tverrgalleri. Drolsum sin plan for å nytta løyvinga på kr. 4 000 hadde tre punkt: eit rom for kart og plansjar i første etasje, montera tverreolar for bøkene som måtte flyttast frå noverande kart- og plansjesamling og deretter få montert så mange tverreolar at ein kunne få rydda og innreidd eit rom i andre etasje til den norske avdelinga.⁴⁶⁰ Dette rommet ville dermed i røynda bli det norske nasjonalbiblioteket.

Ved å nytta ut den gamle bygningen stegvis i staden for å bygga eit nytt kostbart bygg, så trøngst det ikkje så store summar med kvar løyving. Arbeidet kunne gjerast gradvis og løyvingane porsjonerast. Men det ville likevel vera ein fordel at det vart gjort mest mogleg konsentrert for å unngå ulempene med bygningsarbeid i biblioteket. Løyvinga var til eit avslutta arbeid og var difor ikkje forpliktande for framtida for dei løyvande styresmaktene. Dette var ei praktisk løysing på ei akutt utfordring. At løysinga var rimeleg andsynes kva som vart vunne, gjorde nok sitt til at den fekk politisk tilslutnad. Det var praktiske behov som dreiv Drolsum her.

Det var nok enkelte som beklaga at det praktiske vann over det estetiske med ombygging av dei staselege boksalane til reine bokmagasin. Dette synet vart i ettertid målbore av kunsthistorikaren Carl W. Schnitler (1879-1926) som meinte at den opphavelige harmonien i bygget vart øydelagt, og han spurde: ”Er det altsaa nødvendig at ordet bibliotek ogsaa for al fremtid skal behøve å bety et mer eller mindre hæslig varelager av tryksaker?”⁴⁶¹ Så kan ein også spørja om kva som var viktigast av den opphavelige harmonien og eit funksjonelt bibliotek? For Schnitler som ikkje arbeidde i biblioteket sjølv, var det enkelt å meina korleis ting burde vera. For Drolsum som stod midt i ein pressa situasjon, handla det om det muliges kunst. Med eit øyremerkta rom for det norske materialet og med den utvida kapasiteten hadde i alle høve UB fått auka sin samfunnsmessige funksjon på ein enkel måte.

⁴⁵⁹ *Sth.Prp.No.4b. 1889. Bilag No.2. Angaaende UB's Budgetforslag* : 3.

⁴⁶⁰ *Sth.Prp.No.4b.1889. Bilag No.2. Angaaende UB's Budgetforslag* : 4.

⁴⁶¹ C.W. Schnitler, Norske bibliotekinteriører i gamle dage, i *Festskrift til Hjalmar Pettersen*, Oslo 1926: 173-74.

3.2.10 Men Belysningen staar ogsaa i Forbindelse med Oplysningen, det hænger sammen

Ombyggingsforslaget var ei billeg og enkel løysing på ei sak der andre alternativ var svært kostbare. Vurdert mot nybygg var det nærast eit sparetiltak. At dette var ei førebels løysing, og at behovet for nybygg likevel ville koma på eit seinare tidspunkt var ei anna sak som låg inn i framtida. Denne rimelege løysinga verka til å skuva den store utfordringa lenger inn i framtida.

Det var likevel ei anna bygningsmessig sak som skapte meir debatt i Stortinget i denne budsjetttrunden; nemleg elektrisk lys i biblioteket. Alt i 1884 hadde budsjettkomitéen peika på at det med den dåverande opningstida var mange som ikkje ville få tilgang til den nye lesesalen:

[...] Folk, som ere beskjæftigede ved Skoler, Kontorer eller desl om Formiddagene, nu ikke har Anledning til at benytte de Værker, der kun udlaanes til Brug i Læsesalen.⁴⁶²

Sidan UB også var nasjonalbibliotek, burde det også vera tilgjengeleg for folk som ikkje hadde sitt dagleg virke på Universitetet og dermed måtte nytta institusjonen utanom si faste arbeidstid hevda politikarane. Skulle det vera lenger opningstid, var det behov både for personale og skikkeleg lys i den mørke årstida. Kostnadane med slike tiltak var enno usikre, likeins var det også usikkert kor stor interessa for den nye lesesalen ville bli. I denne omgangen konkluderte komitéen:

Man gaar imidlertid ud fra, at denne Sag vil blive gjort til Gjenstand for for nærmere Undersøgelse, og Redegjørelse angaaende Resultatet heraf meddelt i Forbindelse med næste Budgetforelæggelse.⁴⁶³

Som vist under drøftinga av annuum i det føregåande, viste det seg snart å vera behov både for utvida opningstid og dermed meir personale på lesesalen. Desse behova var også gjengangarar i budsjettsøknadane utover 1880-åra. Til søknaden for 1888-89 vart det lagt ved eit brev stila til Det akademiske kollegium og underskive av lærarstanden ved dei høgare skulane i i Kristiania. Lærarane sakna tilgang til biblioteket om ettermiddagen sidan dei var opptatt med sitt vanlege arbeid heile føremiddagen. Utan tilgang til biblioteket var dei avskorne frå å følgja med i den vitskaplege og faglege utviklinga. Biblioteket sine skattar kom

⁴⁶² *Indst.S. 86. 1884: 323.*

⁴⁶³ *Indst.S.86. 1884: 323.*

ikkje samfunnet skikkeleg til nytte. Lærarane takka også Universitetet for *dets Betræbelser* og vona at det lukkast "[...] Bibliotheket og Kollegiet at faa bevilget de nødvendige Midler til at holde ialfald Læseværelset aabent om Eftermiddagen."⁴⁶⁴

I budsjettinnspelet for 1889-90 hadde Drolsum ført opp som tredje post etter auka annuum og tverrgalleri/bygningsmessige tiltak kr. 6 400 til montering og kr 2 500 til årleg inspeksjon og vedlikehald av elektrisk lys. I følgje Drolsum ville installering av elektrisk lys i biblioteket kreva ei dynamo-elektrisk maskin og ei dampmaskin. Dampmaskina kunne bruka dampkjelane i varmeapparatet og såleis bli relativt rimeleg. På grunn av brannfare ville Drolsum ikkje ha andre lyskjelder, for eksempel gass i biblioteket.⁴⁶⁵

Drolsum hevda at kombinasjonen av utvida opningstid og elektrisk lys ville auka tilgangen både for Universitetet og for ålmenta, som då kunne nytta biblioteket utanom si vanlege arbeidstid. I denne vendinga prioriterte ikkje kollegiet elektrisk lys først, sidan framlegget ikkje hadde nådd fram tidlegare. Kollegiet meinte at auka annuum no var det aller viktigaste. Men om det skulle vera ekstramidlar til rådvelde for lys, så ville det sjølv sagt vera bra. Som tidlegare vist, så vart det ikkje nokon annuumaue. Derimot hadde departementet no eit offensivt syn på elektrisk lys. At dette ikkje hadde vorte prioritert tidlegare skuldast budsjettmessige årsaker. I følgje departementet hadde det vore meir snakk om utsetjing enn avslag, men no burde ikkje saka utsetjast lenger: Som landet sitt einaste større bibliotek, burde det så langt som råd vera tilgjengeleg for alle med kvalifisert behov. Når lesesalen berre var open mellom 11-3 fekk ikkje folk som var i arbeid høve til å nytta litteraturen her, dette burde endrast. Departementet foreslo difor å løyva kr 8 900, derav ekstraordinært kr. 6 400, til elektrisk lys.⁴⁶⁶

Her dreiv altså departementet saka gjennom. Eit moment for dette var den ålmenne nytten av at biblioteket vart meir tilgjengeleg også for publikum utanom Universitetet. Nettopp den ålmenne nytteverdien vart også poengtert i Budsjettkomiteen si innstilling, sjølv om ikkje komiteen stod samla bak denne støtten: Eit fleirtal på seks medlemmer, Schweigaard (formann), Anker, Ebbesen, Reimers, Rygh og Steen gjekk inn for løyvinga, medan eit mindretal på tre: Rinde, Skaar og Storeng gjekk i mot løyvinga. Motforslaget var fremja av Rinde. At Rinde ikkje ville løyva desse midlane var ikkje noko uventa, han røysta stadig mot

⁴⁶⁴ *Sth.Prp.No.4b.1888. Bilag. no. 8b*: 12.

⁴⁶⁵ *Sth. Prp. No.4b. 1889*: 4.

⁴⁶⁶ *Sth.Prp.No. 4b. 1889*: 17.

nye eller auka statlege løyvingar. Peder Rinde hadde representert Bratsberg amt sidan 1877. Han sokna til Venstre og var aktiv i dei mange interne stridane i dette partiet.⁴⁶⁷

Universitetsbudsjettet vart drøfta i Stortinget 14. mars 1889. Debatten om elektrisk lys strekte seg over 12 sider i Stortingstidende og i alt 11 representantar tok ordet.⁴⁶⁸ Fleirtalsforslaget vann med 68 mot 44 røyster.⁴⁶⁹ Rinde og dei andre motstandarane av løyvinga meinte at denne saka dreidde seg om eit reint hovudstadsbehov. Biblioteket kunne, i følge Rinde, heller ha utvida opningstid i den lyse årstida. At ei utvida opningstid uansett ville krevja meir personale og såleis meir utgifter, kom han ikke på. Heller ikkje at biblioteket kunne ha behov for å stenga ein periode for å rydda. Kjernen i motargumentasjonen var at ein ikkje ville løyva desse midlane. Elektrisk lys kunne for så vidt vera ønskeleg, men det var ikkje nødvendig og ein ville ikkje løyva noko til dette formålet. Representanten Skaar frå Hardanger meinte at Universitetet kom med så mange krav at ein måtte vega dei på gullvekt for at for at ikkje utgiftene skulle veksa over hovudet. Å sjå nærare på motargumenta der sparemotivet var dominerande, er mindre interessant enn å sjå på argumenta for elektrisk lys. Ein kan vel seia at om motargumenta ikkje direkte ville innskrenka UB sitt handlingsrom, så gjekk dei i alle fall ikkje inn for det motsette. Ved denne vendinga var det faktisk departementet som hadde gripe initiativet.

Det var departementet som hadde fremja saka, og statsråden var også aktiv i stortingsdebatten. Han hevda at saka tala for seg sjølv. Det var budsjettkomitéen som i si tid hadde fremja dette, og det hadde vore semje om dette burde løysast så snart forholda tilsa det. No fann departementet at høvet var der. Det var ingen grunn til utsetjing. Behovet for å bruka den nye lesesalen var så stort, at det var nødvendig med utvida opningstid. Dette måtte vera i den mørke årstida når det var vanlig drift både på Universitetet og i arbeidslivet generelt. ”Det er nemlig blant dem, som benytter vort eneste Nationalbibliothek en stor Trang til at faa Læsesalen oplyst i den mørke Tid om Vinteren, saa den ogsaa da kunde benyttes.”⁴⁷⁰ Eit konkret døme på dette behovet var det tidlegare omtalte brevet frå lærarane i hovudstaden. Statsråden poengterte at biblioteket hadde funksjon langt ut over hovudstaden. Dette var ikkje noko reint Kristianiafenomen, slik Rinde hadde hevda. Statsråden minna også om det kom ungdom frå heile landet for å studera på Universitetet. Elektrisk lys ville bidra til meir

⁴⁶⁷ H. Koht, Rinde Peder, bd. 11 i *Norsk biografisk leksikon*, Oslo 1952: 463-67.

⁴⁶⁸ *Sth.Forh. 1889* : 181-193.

⁴⁶⁹ *Sth.Forh.1889* :193.

⁴⁷⁰ *Sth.Forh. 1889*: 183.

effektive studiar og var slett ikkje noko reint Kristianiatiltak : ”[...], som jeg sagde, fra det hele Land kommer Folk her in for at ligge her og studere.”⁴⁷¹

Representanten Stang framheva at med utvida opningstid ville samfunnet få meir nytte av den kapitalen som staten hadde lagt inn i biblioteket. Samstundens som auka lesesalbruk kunne minka utlån og at ein dermed også fekk mindre slitasje på samlingane. Dessutan var det viktig å hugsa på at elektrisk lys absolutt var det tryggaste for UB ut frå *Idsfarlighedshensyn*.⁴⁷²

Komitémedlem Karl Ditlev Rygh (1839-1915) frå Trondheim meinte at dersom det ikkje kom krav om auka midlar frå Universitetet, så ville det vera eit teikn på den vitskapelege aktiviteten i landet stagnerte. Det kunne ikkje vera noko politisk mål. Rygh hevda også at dette var ei viktig sak for heile landet. Både Universitetet og UB var nyttige og viktige nasjonale institusjonar for heile landet: ”Jeg tror derfor ikke, det gaar an at skjelne mellem den Nytt, Bibliothekets Læsesal har for Christiania by, og den mindre Nytt, den skulde have for det øvrige land.”⁴⁷³

Trønderen Rygh sjølv var eit godt døme på vitskapsmenn var spreidd ut over landet. Han var bror til professor Oluf Rygh, og han var sjølv ein polyhistorisk arkeolog og ein heilt sentral person i vitskapselskapet i Trondheim. Rygh hadde publisert vitskapelege artiklar og han var også lærar i den høgre skulen i Trondheim.⁴⁷⁴ Med base i stiftstaden såg han den nasjonale nytten av eit stort bibliotek i hovudstaden som overrisla landet med vitskap, kultur og danning. Dei som hevda at UB berre var for hovudstaden hadde ikkje forstått Universitetsbiblioteket si oppgåve som nasjonalbibliotek:

Ved at gjøre en saadan Tanke gjældende fornægter man ogsaa virkelig Ideen om et Nationalbibliothek, der vel altid har ligget under Stortingets Bevilgninger til denne Bogsamling. Naar man har bevilget aarligt saa store Summer til dette Bibliotheket, er det ikke bare, fordi det er Universitetsbibliotheket, men fordi man har anseet det som et Nationalbibliothek, der har den høieste betydning for det hele Folk.⁴⁷⁵

Det eigentlege temaet i denne debatten var vel djupast sett ikkje for eller mot elektrisk lys, men om denne løyvinga var ei rein utgift og såleis eit tap, eller om det var ei

⁴⁷¹ *Sth.Forh. 1889*: 184.

⁴⁷² *Sth. Forh. 1889*: 185.

⁴⁷³ *Sth. Forh. 1889*: 185.

⁴⁷⁴ T. Petersen, Karl Rygh, *Norsk biografisk leksikon*, b.XII, Oslo 1954: 59-64.

⁴⁷⁵ *Sth. Forh. 1889*: 185.

framtidsinvestering som ville gi auka kunnskapstilgang og derigjennom framgang og utvikling. Ein nær gjennomgang av heile debatten kan vera interessant i seg sjølv, men neppe fruktbart når vi kjenner posisjonane og resultatet.

Ei røyst i debatten kan det likevel vera interessant å sjå nærare på, før vi rundar av med det siste innspelet frå statsråd Jakob Sverdrup (1845-99); Søren Jaabæk frå Mandal sat på Stortinget frå 1845 til 1891. Han var sentral i framveksten av Noregs første politiske parti Venstre, og han var opptatt av å halda offentlege utgifter låge. Han var også pragmatisk og kunnskapsrik. Jaabæk hadde vore omgangsskulelærer før han vart politikar. Sjølv om han mangla høgare formell utdanning, hadde han på eiga hand samla seg stor og grundig kunnskap. Han hadde også vore ein flittig gjest og lånar på UB. Søren Jaabæk var særleg opptatt av britisk statsskikk, og han lærte seg sjølv å lesa politiske og filosofiske verk både på tysk og engelsk.⁴⁷⁶ Han var også skrivefør, både som bladmann, forfattar og omsetjar.⁴⁷⁷ Jaabæk støtta forslaget om elektrisk lys, og han roste Universitetet (sjølv om han hadde røysta mot løyvinga i 1881 jf. kap 2.3.6.):

Jeg tør sige saa meget om Universitetet, at jeg i yngre Aar ikke saa sjeldent har søgt derhen, og jeg vil takke Landet for, hva jeg der tror at have lært – det har naturligvis været lidet, men jeg erindrer med Taknemlighed, og en Forkjærlighed har jeg derved faaet for selve Universitetet i sin Almindelighed. Hvad der nu handles om, er Belysning paa bedre Maade og stærkere Maade end man hidtil har havt.⁴⁷⁸

Dette var eit bra tiltak som hadde berre positive sider. Sidan Jaabæk, som vanlegvis var svært atterhalden, sjølv hadde hatt god nytte av UB, såg han den samfunnsnyttige verdien av dette tiltaket. Den allmenne tilgangen og nytten av biblioteket ville auka med skikkelig lys. Dette var, i følge Jaabæk, eit heilt rett og rimeleg tiltak. ”Jo mer Belysningen stiger i sin Almindelighed, desto mer vil – det er min Tro – Oplysningen gaa fremad”.⁴⁷⁹

Jaabæk, som vanlegvis ville ha sparsemd i statshushaldninga, var altså ikkje atterhalden med å støtta denne saka. Skillelina mellom dei ulike posisjonane var ulike vurderingar av nytten. For enten ein var for eller mot løyvinga, så var det ei konsekvensvurdering.

⁴⁷⁶ B. Slettan, Jaabæk, Søren Pedersen, bd. 5 *Norsk Biografisk Leksikon*, Oslo 2002: 185.

⁴⁷⁷ Jf. Bibsys: *Englands Historie for det norske Folk*. Mandal, 1870-72. 3 b. *Kongers og Keiseres Levevis*. Kr.a. 1882-86. 2. b, Lammenais, Felicité Robert de/For *Friheden*. ”En Troendes Ord”: paa Norsk ved Søren Jaabæk. Kr.a. 1881.

⁴⁷⁸ *Sth. Forh. 1889*: 187.

⁴⁷⁹ *Sth. Forh. 1889*: 188

Statsråd Sverdrup konkluderte så i sitt andre og siste innlegg at dette var ei grei og enkel sak som var i alles interesse. Den var også forholdsvis enkelt å løysa teknisk, med ei alt tilgjengeleg dampmaskin. Skulle ein venta på andre løysingar der elektrisifisering av biblioteket gjekk inn i ein større samanheng, ville det vera uråd å seia når dette kunne skje. No låg ei rimeleg og klar løysing i dagen, det var ingen grunn til å venta. Og som vist i det føregåande vedtok Stortinget dette forslaget.

Etter stortingsvedtaket var klart, byrja Elektrisk Bureau å montera elektrisk lys i biblioteket. Det var ferdigmontert hausten 1889.⁴⁸⁰ Men i forkant av denne installeringa hadde Drolsum fått til ei vellukka prøvemontering av elektrisk lys. Thomas Tellefsen (1860-??), som var augnevitne, skildra dette slik:⁴⁸¹

Før biblioteket i 1889 fikk innlagt lys (ved Elektrisk Bureau) hadde Drolsum fått Frognerkilens Fabrik til å foreta prøveinnlegg av elektrisk lys på lesesalen. En eftermiddagsstund en mørk høstaften fikk vi anledning til å overvære denne interessante prøve. Vi gikk inn på biblioteket i mørke noen minutter før seks og måtte famle oss frem gjennom utlånskontolet til lesesalen, hvor der var opphengt to store buelamper. Plutselig, presis kl. 6, begynte det å knitre og øieblikket efter var lesesalen og dens bokhyller strålende oplyst med et sterkt hvitt lys. Bord og hyller og de nederste av veggene var fullt belyst, mens rummet opunder det farvede tak lå i et mystisk halvmørke. J.B. Halvorsen hadde et korrekturark av forfatterleksikonet med, og han satte sig øieblikkelig til å lese korrektur; han er derfor den første som arbeidet under kunstig lys i biblioteket.⁴⁸²

Dette var både ei augnevitneskildring av korleis ny teknologi vart opplevd og også eit døme på Drolsum var tidleg ute med å søkja nye teknologiske løysingar i biblioteket. I 1892 vart det også elektriske gatelys i hovudstaden frå det kommunale elektrisitetsverket i Rosenkrantzgate.⁴⁸³

⁴⁸⁰ *Universitets-Bibliothekets Aarboeg for 1890* : VIII.

⁴⁸¹ Tellefsen var son til J.C. Tellefsen. Han byrja som volontær på UB i 1884 og gjekk av som førstebibliotekar i 1930. Han var såleis bibliotekmann i tredje generasjon.

⁴⁸² T. Tellefsen, *Fra det gamle bibliotek, i Overbibliotekar Wilhelm Munthe på femtiårsdagen 20. oktober 1933*, Oslo 1933: 438.

⁴⁸³ K. Kjeldstadli, *Oslo – spenningenes by*, Oslo 1995: 113.

3.3 Armslag

3.3.1 Plassmangel

Sjølv om den indre utbygginga med tverrgalleri i biblioteket auka hylleplassen, var dette ei mellombels løysing. På lenger sikt måtte det koma nybygg. I si ikkje heilt smålåtne sjølvbiografiske framstilling i *Studenterne fra 1864* skreiv Drolsum at det på grunn av plassmangelen vart sett opp tilsaman 17 tverrgalleri i biblioteket. Slik var det altså plass til ca. 550 000 band i biblioteket som opphaveleg hadde plass til 250 000 band, men det hasta å få ei avklaring på plassproblema. I følge Drolsum si eiga forteljing gjekk han på nyåret 1901:

[...] op til Budgetkomiteens Formand [Arctander] og spurgte ham bl.a. om jeg ikke vilde faaet bevilget til en ny Tilbygning i 1884, naar jeg kunde dokumentere, at der da var det Antal Bøger i den gamle Bygning, hvorpaa den var beregnet. Jo, sagde han uden Betænkning, det vilde De have faaet. De vil vistnok medgive, sagde jeg, at vi isaaftald ikke vilde have bygget for mindre enn Kr. 400,000? Deri var han enig. Nuvel, sagde jeg, saa kan man vel regne ud, hva Staten er sparet for i Renter og Rentes Renter i dette ikke saa korte Tidsrum. Jeg skal nu her tilføie, at den norske Stat har bygget det nye Universitets-Bibliotheket, som koster 1,056,000.00 for sparte Penge. Det lyder for mange kanske som et Paradox. Men man kan jo regne du hva Rente og Rentes Rente af bare kr. 350,000.00 til 4 1/2% bliver i 30 Aar, saa vil man se, at jeg ikke har taget Munden for fuld.⁴⁸⁴

Fullt så glatt og raskt gjekk det nok ikkje. Ei slik sak kunne slett ikkje løysast berre med ein samtale mellom overbibliotekaren og komiteformannen. Overbibliotekaren måtte då også venta nokre år før den politiske stoda var mogen for eit slikt vedtak.

I budsjettforslaget for terminen 1902-03 hadde Kollegiet søkt om kr. 5000 til å laga teikningar og overslag for tilbygg/nybygg for biblioteket langs Frederiks gate. Men det tok tre år før departementet gjekk inn for løyving til utgreiing i 1906. Arbeidet med nybygg gjekk då inn i ein større plan for heile Universitetet. No var kollegiet sitt forslag basert på innspel frå overbibliotekaren. Han hadde levert ei vel fundert utgreiing datert 31. mars 1900. Her var det sett fram tre hovedmoment for å vurdera tilbygg/nybygg:

⁴⁸⁴ Schneider (red.) 1916: 63.

For det første: Den gradvise indre utbygginga med reolar i biblioteket var no komen så langt at innan 10 år ville det ikkje vera meir plass til fleire. På dette tidspunktet var det ca. 375 000 band i biblioteket, som opphaveleg var dimensjonert for 250 000. Sjølv om det enno var nokre få år før det ville vera heilt fullt, så vart den indre utbygginga stadig tyngre. Dess meir ein fylde opp biblioteket, dess meir tungvint vart det stadig gjenkomande innreidingsarbeidet. Det vart stadig mindre plass for handverksarbeid i biblioteket.

For det andre, så var den nye lesesalen (og det nærliggande leserommet for universitetslærarar) etterkvart vorte for små. Lesesalen var bygd inn i det tidlegare opne gardsrommet og hadde såleis som sjølve bibliotekbygget ei ytre ramme som sette sine grenser.

Sist, men på ingen måte minst var omsynet "[...] som den nationale afdeling af biblioteket kræver." Her brukte Drolsum i stor mon den same retorikken som han hadde brukt då han i 1889 fekk gjennomslag for dei første galleria og eit eige rom den nasjonale litteraturen. Men sidan det opphaveleg ikkje var tenkt på noko eiga avdeling for den nasjonale litteraturen då Domus bibliotheca vart bygd, var den ordninga som Drolsum hadde fått gjennom eit provisorium, og nettopp den nasjonale litteraturen "[...] burde dog i nationalbiblioteket have en hædersplads."⁴⁸⁵ Igjen vart biblioteket framheva som meir enn ein universitetsinstitusjon.

Drolsum la også til eit ekstraønske: "Ønskelig vilde det ogsaa være, om der kunde indrettes embedsbolig for overbibliotekaren ved en fløi indad i haven f. ex.; thi mer og mer kræves hans nærværelse baade formiddag og eftermiddag."⁴⁸⁶ Embetsbustad var kanskje ikkje heilt i samsvar med den sparsame økonomiske lina Drolsum hadde framheva i sjølvbiografien?

3.3.2 Spørsmålet om nybygning

10. oktober 1906 la statsråd Otto Jensen (1856-1918) fram budsjettforslaget for 1907-08 for Stortinget. Her støtta omsider departementet førebuing av nybygg for UB. Saka var no mogen og styremaktene var klare for vedtak.

Forslaget der både kollegiet og departementet gjekk inn for å løyva kr. 5000 til førebels utgreiing *af spørsmålet om nybygning* for biblioteket gjekk så til budsjettkomiteen.

⁴⁸⁵ *St.prp.nr 1, hovedpost IV.1901-1902: 70.*

⁴⁸⁶ *St.prp.nr.1, hovedpost IV. 1901-1902: 71.*

Venstremannen Wollert Konow (1847-1932) var komiteformann.⁴⁸⁷ Komitéen skjønnte at biblioteket, med ein årleg tilvekst på omlag 12 000 band, hadde presserande plassbehov, men det var tvil om det var det best å å forlenga bibliotekbygget langs Frederiks gate, slik den opphavelige planen var. Dårlige grunnforhold ville gjera fundamenteringa dyr. Dette hadde vist seg ved bygginga av Nasjonalteateret (1899) og Historisk museum (1904). Dessutan var ikkje den gamle biblioteksbygningen eldsikker og ei forlenging her kunne såleis vera risikabelt. Biblioteket som komitéen omtalte som ”vort nationalbibliotek eller rigsbibliotek”⁴⁸⁸ burde vera så trygt og eldsikkert som råd. Komiteen meinte difor det var betre å bygga eit heilt nytt bibliotek. Universitetet eigde den store observatorietomta ved Drammensvegen og den peika seg ut som eit høveleg alternativ, i følge komiteen. Her var det rikeleg plass for nybygg.

Med å bygga eit heilt nytt bibliotek på eigen grunn utanom universitetskomplekset, kunne Universitetet også få løyst det aukande plassbehovet utan å leiga eksterne lokale. Dette kunne no til ei viss mon dekkast ved *omindredning af den nuværende biblioteksbygning*. Alternativet med ei dyr utbygging langs Frederiks gate saman med å leiga eksterne lokale, ville vera ei dårlegare og dyrare løysing både for Universitetet og staten.

For å koma vidare i biblioteksaka ville komiteen ha svar på tre spørsmål: Var det best å følgja den opphavelige planen langs Frederiks gate, eller ville det vera gunstigare med nybygg på Observatorietomta? Korleis kunne *Domus Bibliotheca* best nyttast for andre behov ved Universitetet? Skulle det lagast kostnadsoverslag og planar for begge alternativa?

Komitéen gjekk inn for å løyva kr. 3 500 av dei foreslåtte kr. 5000 til førebels utgreiing om nybygg for biblioteket. Ved same vendinga gjekk også komitéen inn for ei prøveordning med eigen deltidss bygningsinspektør for Universitetet. Dette skulle førebeles dekkast av dei resterande kr. 1 500. Inspektøren skulle ha ansvar for tilsyn med Universitetet sine eigedomar og også eventuell planlegging av nybygg.⁴⁸⁹ Innstillinga vart samrøystes vedtatt i Stortinget 11. desember 1906.⁴⁹⁰

⁴⁸⁷ Budsjettkomitéen 1906-1909 hadde denne samansetjinga 1 Konow (F) 2 Hougen (Næstf.08) 3 Grieg (Næstf. 09) 4 Wold (S) 5 Brøgger 6 Alfred Eriksen 7 Holsen 8 Ihlen 9 Tveiten I 1908 og -09 var Løken istaden for Ihlen, i 1909 Grindland istadenfor Hougen, i 1907 Campbell Andersen i staden for Grieg og i 1908 Hemma i staden for Konow. Lindstøl 1914, b.2. del.2: 641.

⁴⁸⁸ *Indst.S.XXI-1906/1907*: 12.

⁴⁸⁹ *Indst. S. XXI-1906/1907*. s.13.

⁴⁹⁰ *Sth.Forh. 1906/1907*. s. 623.

3.3.3 Bygningsinspektør for Universitetet

Arkitekt Holger Sinding-Larsen (1869-1938) vart i 1907 engasjert som bygningsinspektør for Universitetet. Han vart verande i engasjementet fram til 1924.⁴⁹¹ Som dei fleste norske arkitektur på denne tida, var Sinding-Larsen utdanna i Tyskland. Han hadde studert ved Technische Hochschule Charlottenburg i Berlin og vart uteksaminert der i 1893. Utover 90-talet var han på fleire studiereiser kring i Europa, til Spania, Hellas og i Italia, men også til Storbritannia og Sverige. Sinding-Larsen hadde teikna den norske paviljongen til verdsutstillinga i Paris i 1900. Han framstod ved inngangen til nye hundreåret som ein dei mest markante norske arkitektane i si tid, og han var ein engasjert debattant i dei fleste spørsmål om arkitektur og arkitektur i samtida. Som arkitekt var han kjend for å vera svært økonomisk og nøktern med prosjekta sine, likevel står mange av arbeida hans fram som solide monumentalbygg i ettertida.⁴⁹² Sinding-Larsen sitt første oppdrag for Universitetet var Zoologisk museum på Tøyen, byggestart i 1904 og opna for publikum i 1910.

Med løyvinga i Stortinget 11. desember og med Sinding-Larsen på plass, skaut byggesaka til UB fart. Dette var del av ein større prosess og før vi følgjer utviklinga i denne saka vidare, må vi løfta blikket for å få oversyn over den heilskapen denne saka var ein del av.

3.3.4 [...] under det forsvarlige lavmaal ⁴⁹³

I stortingsproposisjonen til universitetsbudsjett for 1908-1909, som var lagt fram 6. januar 1908 av statsråd Abraham Berge (1851-1932), var det lagt ved ei grundig orientering frå Det akademiske kollegium om stoda for Universitetet. (ss. 1-7). I følge kollegiet hadde det einaste norske universitetet på mange måtar no nådd eit lågmål. For å dokumentera denne påstanden, hadde kollegiet lagt fram ei samanlikning i tabellform mellom det norske universitetet og nordiske og tyske universitet av same storleik.⁴⁹⁴ Desse institusjonane var, i følge kollegiet, nokolunde like og kunne såleis jamførast. I snitt hadde budsjettauken for desse universiteta vore 40 % frå 1892 til 1905 medan det i Noreg hadde vore 21. %. Kollegiet hevda at det

⁴⁹¹ 19. mars 1907 tilsette kollegiet Sinding-Larsen som bygningsinspektør ved Universitetet, førebels for eit år frå 1. april. Han skulle overta det samla ansvar og tilsyn for Universitetet sin bygningar og eigedomar som til no hadde lagt under statens bygningsinspektør. *Kgl. Fr. Univ. Aarsb. 1906-07.* s. 8-9+141. Det hadde lenge vore misnøye med statens bygningsinspektør på Universitetet. Sjå t.d. St.prp.nr.1 Hovedp.V.kap.2 1906/1907. Ss. 33-35.

⁴⁹² S. Tschudi-Madsen, Sinding-Larsen, Peter Andreas Holger, 1869-1938, bd. 8 i, *Norsk Biografisk Leksikon*, Oslo 2004: 227-28.

⁴⁹³ *St.prp. nr.1. Hovedp. V. kap. 2. 1908:* 1.

⁴⁹⁴ *St.prp.nr.1. Hovedp.V.kap.2: 1908:* bilag 4

norske universitetet ikkje ”[...] staar på høide med et middelstort tysk provinsuniversitet.”⁴⁹⁵ I motsetning til statar med fleire universitetet, var det norske universitetet stadig landet sitt einaste universitet, sjølv om også andre spesialiserte institusjonar for høgare utdanning og forskning var i tida.

Dette kraftfulle innspelet, som markerte eit taktskifte i kollegiet sin argumentasjon andsynes styresmaktene, hadde nok samanheng med ei endring i Universitetet sin styringsstruktur. I 1905 kom ei ny universitetslov der Universitetet fekk ein vald (blant professorane) rektor i tillegg til Det akademiske kollegium. Dette kom naturlegvis i skuggen av unionsoppløysinga, men det var eit viktig steg i moderniseringa av Universitetet. Institusjonen fekk ein ny og tydelegare styringsmodell, studieplanane og undervisinga vart også meir strukturert, men Universitetet beholdt stadig sin sjølvstendige posisjon andsynes departementet.⁴⁹⁶ Det var også etterkvart blitt eit meir harmonisk klima mellom storting/regjering og universitet.

I 1907 fekk det norske universitetet sin første valde rektor (for to år), professor i geologi Waldemar Christopher Brøgger (1851-1940).⁴⁹⁷ Han var ein svært energisk person, med blick både for sitt eige fag og for heile Universitetet sin samfunnsmessige rolle. Universitetet skulle vera landet sin høgaste vitskapelege undervisingsanstalt, men det skulle også vera ein forskingsanstalt. Å skaffa rammer og midlar til forskning var ei hovudsak for Brøgger.⁴⁹⁸ Som fagperson hadde han eit solid internasjonalt renomé. Frå 1882 til 1890 hadde han vore professor i geologi og mineralogi ved Stockholms Högskola.⁴⁹⁹ I 1890 vart han professor ved Universitetet i Kristiania.

⁴⁹⁵ *St.prp.nr.1. Hovedp.V.kap.2. 1908* : 6.

⁴⁹⁶ Om universitetslova av 1905 sjå Kyllingstad/Rørvik, 2011: 450-55.

⁴⁹⁷ I samsvar med den nye universitetslova (av 1905) vart W.C. Brøgger vald til rektor for perioden 1907-09 av eit professormøte 1. oktober 1906. *Aarsberetning 1906-07*. s. 1

⁴⁹⁸ Brøgger stod bak den ovannemnde jamføringa: «Jeg utarbeidet i 1907 en sammenligning med 16 fremmede, tyske og nordiske universiteter av omtrent samme størrelse som vort: denne viste at vort universitet i 1906 burde hat minst 82 professorer og 43 yngre lærere (docenter og stipendiater), vi hadde da kun 64 professorer og 23 yngre lærere. Nu efter 5 aars forløp er vi naadd op i 71 professorer og 32 yngre lærere, saa der har jo her været vist stor imøtekommehet fra de bevilgende myndigheters side. Men imidlertid er jo ogsaa andre universiteter gaat frem og det endnu fortere end vi, saa vi er fremdeles agterut. Og naar vi tar i betragtning, at der i vort land kun findes det ene universitet, som derfor burde værelillig bedre og fuldstændigere utstyrt med lærerkræfter, end de enkelte universiteter av tilsvarende størrelse i lande med flere universiteter, saa maa vi i virkeligheten desværre er saare langt agterut.» W.C. Brøgger, *Vort universitet. Dets midler og dets maal*, Kristiania 1911: 6.

⁴⁹⁹ Stockholms Högskola var grunnlagt i 1878 som eit alternativ til dei gamle universiteta i Lund og Uppsala. Det var eit privat forskingsuniversitet. Ideala frå denne institusjonen prega Brøgger sine tankar om kva Universitetet i Kristiania burde utvikla seg til. Collett 1999: 104.

Han publiserte omfattande både vitenskapleg og populærvitenskapleg litteratur, dessutan var han ein ivrig samfunnsdebattant og avisskribent.⁵⁰⁰ Brøgger hadde mange posisjonar på Universitetet i tillegg til rektoratet: Han var dekanus på det matematisk-naturvitenskaplege fakultetet 1899-1902 og 1907-1911, og han var formann i kollegiet i 1902. W.C. Brøgger var også formann i i byggekomiteen for den nye aulaen til Universitetet sitt 100-årsjubileum i 1911, og han hadde ei heilt sentral rolle ved plasseringa av det nye biblioteksbygget på Drammensvegen. Han bidrog også sterkt til at dei naturhistoriske musea vart bygde på Tøyen i åra 1910-17.⁵⁰¹

Brøgger sat også på Stortinget for Samlingspartiet 1906 -09.⁵⁰² Han også var medlem og ordførar i budsjettkomitéen. I sin doble, eller kanskje heller tredoble posisjon, som universitetsrektor, stortingsmann og budsjettkomitéen sin ordførar, fekk han også gjennomslag for mange universitetsbehov. Han vart attvald som rektor i 1909 og sat såleis i dette vervet frå 1907 til 1911.⁵⁰³

I innspelet peika kollegiet på at det norske universitetet også inkluderte institusjonar som i andre land ikkje låg under universiteta, eller eventuelt der hadde vakse ut av universiteta, som t.d. historisk museum, nasjonalbibliotekoppgåvene til UB og meteorologisk institutt. I Noreg inngjekk desse oppgåvene i universitetsbudsjettet. (Meteorologisk institutt vart skilt frå Universitetet i 1909.)

Kollegiet meinte at Universitetet hadde sakka akterut på mest alle felt og det trongst eit kraftig løft for å få institusjonen i tidsmessig stand. Det galdt lokale, inventar, personale, vitenskapleg utstyr etc. Det var med andre ord behov for oppjustering over heile institusjonen.⁵⁰⁴

Det var nok også ei politisk forståing for at det var store behov ved Universitetet og omsider auka biblioteket sitt annuum til kr. 50 000. Sidan budsjettåret no var 5/4 år, så var det foreslått

⁵⁰⁰W.P. Sommerfeldt, W.C. Brøggers liv bibliografisk fremstillet, i *Ved W.C. Brøggers bortgang: gravferd og minnemøte*, Oslo 1940: [55]-106.

⁵⁰¹I. Bryhni, Brøgger, *Waldemar Christofer, 1851-1940*, bd. 2 i, *Norsk Biografisk Leksikon*, Oslo 2000: 37-39.

⁵⁰² Samlingspartiet vart danna til stortingsvalet i 1903 av Høgre og moderate og liberale grupper frå Venstre. Det var eit forsøk på borgarleg samlingspolitikken over partigrensene og å demma opp mot den framveksande sosialradikalismen. Etter unionsoppløysinga i 1905 forvitra samlings tanken, men seinare førte Frisinna venstre tankar frå Samlingspartiet vidare. Samlingspartiet var ei ovring av det Øysten Sørensen kalla Det neo-elitistiske prosjektet frå rundt århundreskiftet, jf Sørensen 2007: 36-38

⁵⁰³ «De gamle akademiske idealenes talsmenn var døde. Institusjonen [Universitetet] var nå ledet av en representant for den fremskrittsoptimistiske, borgerlige venstreintelligentsiaen, og ideer fra positivisme og evolusjonisme hadde blitt en naturlig del av tenkningen om Universitetet og vitenskapen.» Rørvik/Kyllingstad 2011: 464.

⁵⁰⁴ *St.prp.nr.1.hovedp.V.kap.2 1908: 6*. Sjå også Kapitel V. Nybygning og byggeplaner, bd. 2 kap. 5 i *Det Kongelige Fredriks Universitet 1811-1911*. Kra. 1911: 344-356.

eit samla annuum på kr. 62 500.⁵⁰⁵ Dette vart også støtta av budsjettkomiteen og vedtatt av Stortinget 28. februar 1908.⁵⁰⁶

3.3.5 Kort prosess

I ein eigen proposisjon, *St.prp.nr.49 (1908)*, gjekk Kyrkedepartementet inn for å løyva kr. 100 000 til byggesaka. 5. juni 1908 vedtok Stortinget å løyva 100 000 kroner til å starta arbeidet med nytt biblioteket. Både sjølve saka og måten dette var køyrd fram på førte til skarpe reaksjonar i det norske arkitektmiljøet. Sentrale debattokument var samla i *Dokument nr. 48 (1908). Fra budgetkomiteen. Udtalelser angaaende bevilgning til paabegyndelse af bygning for universitets bibliotek (st.prp. nr. 49)*.

Det var ei snøgg utvikling frå den sonderande løyvinga for å undersøka byggespørsmålet i desember 1906 til byggevedtaket i juni 1908. At saka gjekk så kvikt kan tilskrivast fleire forhold. For det første var det eit udiskutabelt behov for at det no måtte gjerast noko med biblioteket, som nærast var i ferd å siga ned i grunnen under sin eigen tyngde. Dinst hadde Universitetet akutt behov for meir romplass, og det kunne løysast med å overta *Domus bibliotheca* og flytta ut biblioteket. At denne flyttinga kunne gå til ei tomt som Universitetet sjølv disponerte, gjorde prosessen enklare. Ikkje minst viktig i denne saka var hovudpersonane i prosessen: Det nye UB vart realisert av ein strategisk trio: Drolsum, Brøgger og Sinding-Larsen.⁵⁰⁷ Desse tre hadde både eigne og samanfallande interesser av å få verkeleggjort eit nytt biblioteksbygg snarast råd: Drolsum tenkte primært på biblioteket. Brøgger var opptatt av heile Universitetet og det akutte plassbehovet. Det var nok like viktig for han å få biblioteket ut av *Domus Bibliotheca*, som å bygga nytt bibliotek, utan at det eine gjorde det andre mindre viktig. For Sinding-Larsen måtte det vera ei stor arkitektfagleg utfordring og glede å få vera med på å skapa eit nytt norske nasjonal- og universitetsbibliotek frå grunnen av utan å måtta ta omsyn til eldre bygg.

Med løyvinga frå 1906 ville budsjettkomiteén at det skulle avklarast om det var råd å gå vidare med den opphavlege planen om nybygg/utviding langs Frederiks gate, eller om det måtte byggast nytt. Kostnader skulle også avklarast. Men den strategiske trioen låg ikkje på

⁵⁰⁵ *St.prp.1. hovedprp. V. kap.2. 1908: 36-37.*

⁵⁰⁶ *St.forh.1908: 569.*

⁵⁰⁷ R. Slagstad, *Kunnskapens hus*. Oslo 2006: 316.

latsida. Rektor, overbibliotekar og bygningsinspektør vart snart samde om at nybygg på Observatorietomta var det einaste alternativet. Overbibliotekaren og bygningsinspektøren skisserte så planar for nybygg. Sommaren 1907 drog desse to på ei studiereise til Danmark, Sverige, Tyskland og Sveits for å sjå på nye bibliotekbygningar og jamføra sine eigne planar med desse bygga og fagpersonale der. 31. oktober 1907 presenterte overbibliotekaren for kollegiet teikningar med beskrivelse og kostnadsoverslag for eit nytt bibliotek på Observatorietomta.⁵⁰⁸ I staden for å presentera ulike alternativ, kom det no ein konklusjon og ein konkret plan.

Ei eventuell utbygging langs Frederiks gate ville verta vanskeleg og dyrt. Den gamle biblioteksbygningen var svært brannfarleg, den var eit holrom av tre monterte i eit utvendig murskal. Korleis denne skulle gjerast eldsikker og koblast saman med eit nybygg ville vera ei stor utfordring. Kva skulle gjerast med bokmassen i den gamle bygningen i ein byggeperiode? Korleis ville det vera med stabilitet og vektforskuving? Kva med gamal og ny fundamentering? Uansett ville der ikkje vera nok kapasitet for framtida. Kort sagt: ” [...] det mest avgjørende moment i praktisk henseende er tomtens uskikkethet og utilstrækkelighet for bibliotekets vekst.”⁵⁰⁹ At tomte var begrensa, kunne heller ikkje kompensast med å byggja i høgda. *De stadig forbedrede elevatorkonstruktioner* hadde verka til at moderne bibliotek kunne byggjast i høgda framfor å stadig utvida flatearealet. Men på grunn av universitetskomplekset sin arkitektur skulle det ikkje byggjast høgare bygningar her.

Eit anna alternativ for nybygg kunne kanskje vera Tullinløkka bak Universitetet, men *det bundløse terræn og tomtens knaphet* utelukka også dette alternativet. Dermed var Observatorietomta det beste alternativet. Om det skulle bli behov for andre bygg for Universitetet på denne tomte, ville det ikkje koma i konflikt med bibliotekplanane. Her var det også fast grunn, ein kunne bygga direkte på fjell.

3.3.6 Positiv proposisjon

I innleiinga i proposisjonen peika departementet først på at ein i samsvar med løyvinga året før hadde venta byggespørsmålet utgreidd ”[...] efter den av budgetkomiteens givne anvisning

⁵⁰⁸ UB's aarsberetning 1. juli 1905 – 30. juni 1910: 27.

⁵⁰⁹ St.prp.nr.49. 1908 : 4.

(Sic).”⁵¹⁰ Komitèen hadde også opphavelig tenkt seg ei utgreiing om bibliotekbygg på Observatorietomta skulle ha auge for mulige bygg for medisinske institutt på same tomta. Men no var det, som vist, lagt fram konkrete planar berre for eit nytt bibliotek på tomta. Og det var biblioteket proposisjonen dreidde seg om. Kollegiet hadde slått fast at det ikkje var noko alternativ nærare Universitetet.⁵¹¹

Proposisjonen presenterte så Sinding-Larsen sin plan. Han hadde tenkt både på kort og lang sikt, noko som tomta gav ideelle forhold for. Arkitekten såg for seg at den endelege bokmengda ville bli ca. 3 millionar band fordelt på byggereprisar à 500 000 band. Heile bygningen skulle vera eldfast, og den skulle byggjast i to separate samanhengande deler: ei magasinavdeling og ei administrasjonsavdeling.

Vidare var arealfunksjonane tredelte: Alle romma for publikum, lesesalar, utlånsal, katalogssal og utstillingsrom var plasserte ved sida av kvarandre i hovudetasjen. Dei var plasserte fram mot fasaden med hovudinngangen og lengst råd opp i bygget, der det både var godt lys frå vindauga og overlys frå taket. Arbeidsromma for personalet var plasserte på same golvnivå, innanfor publikumsromma, men samstundes så nær desse som råd. Hovudregel var at publikum og personale skulle ha høve til å møte kvarandre, men vegane deira skulle ikkje kryssast. Magasina var plasserte i ein eigen magasinfløy, og også i lofts- og kjellaretasjar i hovudbygningen. Magasinfløyen var planlagt etter det nye såkalla Lipmansystemet, der hyllene var gjennomgåande og berande jernkonstruksjonar.

I tillegg til at sjølve bygget var svært rasjonelt, så opna den store tomta for dei framtidige utvidingane som låg i Sinding-Larsen sin plan. Magasina var i skrånande terreng dermed fekk ein fleire høgder med same toppnivå som hovudbygget.

Den norske avdelinga var tiltenkt ein synleg posisjon i det nye bygget:

[...] der anordnes en større avdeling for norsk litteratur med egne kontorer og læseværelse og med en større sal, der – foruten at rumme den norske literaturs hovedverker i dertes forskjellige utgaver – ogsaa kan give anledning til en for publikum nyttig utstilling av bibliotekets merkeligere verker.⁵¹²

⁵¹⁰ *St.prp.nr.49.1908*: 1.

⁵¹¹ *St.prp.nr.49.1908*: 6.

⁵¹² *St.prp.nr.49.1908* : 6.

Sinding-Larsen sitt utkast var basert på grundige studiar av litteratur om europeiske og amerikanske bibliotek i eit tett samarbeid med overbibliotekaren. Han hadde så, også saman med overbibliotekaren, vore på den nemnde studiereisa der dei hadde prøvd skissene mot dei nyaste biblioteka i Skandinavia, Tyskland og Sveits. Dette hadde vore fruktbart "[...] det fem ukers uavbrudte samvær med overbibliotekaren gav mig anledning til at faa fuldt indblik i bibliotekets drift og de krav, en nybygning vil stille."⁵¹³ Sinding-Larsen understreka såleis den praktiske nytten av reisa, og han rosa også Drolsum som fagmann.

Vidare vart heile planen til Sinding-Larsen presentert og sluttsommen vart *i rund sum* kr. 804 000. Drolsum framheva den praktiske todelinga mellom administrasjonsavdeling (lokala for personale og publikum) og magasin. Bokmagasinet som i første omgang var planlagt for 1 million bind kunne i framtida lett utvidast med nye magasinavdelingar etter behov på ein rimeleg måte. Derimot var administrasjonsavdelinga planlagt så stor at den ville dekkja behov langt inn i framtida. Inntil vidare ville det også vera lagringskapasitet i administrasjonsbygningen. Drolsum hevda at det ville vera dårleg økonomi å bygga ei administrasjonsavdeling som snart måtte utvidast. Derimot var det god økonomi å tenka langsiktig.⁵¹⁴

Drolsum meinte at i første byggesteg måtte det vera plass til det doble av dagens boksamling. Det ville vera i tråd med den framtidsretta innreiinga av *Domus bibliotheca* i 1850. Overbibliotekaren hevda: "Det vilde være beklagelig, om vi i 1907 skulde vise os at ha mindre fremtidsblik end vore fedre i 1850."⁵¹⁵ Den gamle bygningen hadde i si tid vore blant dei mest moderne bibliotekbygningar i Europa. Då tida hadde gått i frå den, hadde Drolsum, hevda han, spart det offentlege for store summar med den indre utbygginga som utsette behovet for nybygg. Men no var plassbehovet akutt. For å løysa denne utfordringa, låg det no klar ein plan: "Faar vi nu adgang til til at bygge den her planlagte nye bygning, skal vi atter være i tæten av utviklingen."⁵¹⁶ Overbibliotekaren vurderte det planlagte biblioteket som både fagleg avansert og kostnadsmessig nøkternt, men samstundes verdig:

I henseende til utstyr er den nye bygning tænkt holdt saa prunkløst som mulig, idet man foruten opgang og vestibule kun vil ha at gi læsesalen, nationallitteraturens sal ("den norske sal") og til en mindre grad utlaanskontor og katalogsal et utstyr, som

⁵¹³ *St.prp.nr.49.1908* : 6.

⁵¹⁴ *St.prp.nr.49.1908* : 17.

⁵¹⁵ *St.prp.nr.49.1908* : 17

⁵¹⁶ *St.prp.nr.49.1908*: 17.

ogsaa tilfredstiller de kunsthensyn, som et bygverk av saa stor betydning med rette kræver. Dette gjælder det indre utstyr. Hvad det ydre angaar, er dette ogsaa holdt saa enkelt, som hensynet til et National- og Universitetsbiblioteks værdige utseende tilsteder.⁵¹⁷

Den doble oppgåva som UB og nasjonalbibliotek vart såleis heile tida tydeleg framheva i planane. No var planane, ifølge Drolsum klare, og det hasta med å koma i gang med bygginga. Det var gått 7 år sidan behovet for nybygg var reist første gong og no var stoda akutt. Planane, som var resultat av *et langt og intenst samarbeid mellom arkitekten og overbibliotekaren*, var, i følge Drolsum, så optimale at dei ikkje kunne gjerast betre.

Endå eit postivt moment med å bygga på Observatorietomta, var at ein også ville koma bort frå røyken og støvet i sentrum. Drolsum framheva også planens relative *prisbillighet*, sjølv om enkelte kunne meina det var ei stor utgift. Overbibliotekaren framheva med høgstemt nasjonal retorikk:

[...] at det her gjælder vort eneste store, efter ogsaa verdensmaalestokken store, videnskabelige bibliotek og det, der tillige er vort nationalbibliotek. Det er det for vort kulturelle, litterære og videnskabelige liv uomgjængelig nødvendige rustkammer, det her gjælder. At det holdes på tidens høide, er en livsfaktor av største betydning for nationens fortsatte sunde udvikling.⁵¹⁸

Kollegiet drøfta skrivet frå Drolsum og planane til Sinding-Larsen i eit møte 9. november 1907. Overbibliotekaren og bygningsinspektøren var også sjølv tilstades på møtet. Her vart det bestemt å be arkitektane Ove Ekman (1847-1921) og Victor Nordan (1862-1933) om å gå gjennom bygningsinspektøren sine teikningar, beskrivingar og kostnadsoverslag og gi ei vurdering av prosjektet.

Begge var velrenomenerte og sentrale fagpersonar i samtida. Kvifor nett desse to var dratt inn i dette arbeidet? Også utan noko kjeldemessig belegg, er det rimeleg å anta at dei hadde godt forhold til Sinding-Larsen. Dessutan stod dei bak fleire store prosjekt sjølv: Ekman stod m.a. bak Karl Johans gt.13 (1895). Denne bygninga hadde det første sertifiserte heisanlegget i

⁵¹⁷ *St.prp.nr.49.1908* : 17.

⁵¹⁸ *St.prp.nr.49.1908*: 19.

hovudstaden. Nordan stod m.a. for fleire sjukehusprosjekt, t.d. fleire bygg ved Ullevål (1897-1926). Diakonissehjemmet (1900), Dikemark (1905) og Haukeland (1907-11).⁵¹⁹

Ekman og Nordan si vurdering til kollegiet var dagsett 29. november 1907. Dei framheva der både tomte og grunnforholda. Plasseringa i fallande terreng med fast fjellgrunn gav høve til framtidig tilbygging av magasin med fleire etasjar og same gesimshøgde. Det fullt utbygde anlegget ville få ei fin og praktisk ordning i H-form omkring to gardsrom. Nordan og Ekman meinte vidare at planen var godt gjennomtenkt. Dei framheva spesielt fordelinga mellom publikums- og personallokale på eit plan i hovedetasjen med overlysromma i midten. Sinding-Larsen fekk ros for planordninga, der delvis ulike etasjehøgder i hovudbygget og magasinane var samarbeidde til *et virkelig hensiktsmessig og greit anlæg*. Nordan og Ekman konkluderte med at det framlagte prosjektet ville vera eit godt grunnlag for det vidare arbeidet.

Arkitektane laga ei liste på 14 punkt som burde vurderast nærare. Eit punkt var at hovudbygget burde få naturstein i ytterflatene. Det ville vera det rette for eit *bygverk av nærværende rang*. Dette, meinte dei, ville auka Sinding-Larsen sitt prisoverslag med ca. kr. 50 000. Sinding-Larsen imøtegjekk raskt vurderingane frå Nordan og Ekman i eit skriv til kollegiet 30. november 1907. Han meinte innspela storte sett var mindre justeringar, og han var også postitiv til natursteinfasade, sjølv om han i utgangspunktet hadde basert seg på enkel murpuss. Som tidlegare nemnd, var han nøktern i overslaga. Sinding-Larsen kom til at den samla summen for endringar ville bli kr. 38 000.⁵²⁰ Tilhogde natursteinfasadar, såkalla råkopp, var i samtida sett på som nasjonal stil. Det ville vera representativt, solid og høveleg for ein nasjonal institusjon som Universitetsbiblioteket.⁵²¹

Byggesaka vart behandla av kollegiet same dag. For å få ei ekstern bibliotekfagleg vurdering hadde også kollegiet bedd om ei vurdering fra Haakon Nyhuus (1866-1913) på Deichmanske bibliotek. Han meinte at prosjektet var praktisk, økonomisk og Universitetet verdig. Kollegiet sende så saka vidare til styresmaktene med dei beste tilrådingar. Sjølv meinte dei at planen no var vurdert så grundig, godt og forsvarleg gjennomarbeidd som råd. Kollegiet hadde også lagt ved ei vurdering frå overbibliotekar H.O. Lange (1863-1943), Bruun sin etterfølgar ved Det

⁵¹⁹ <http://www.artemisia.no/arc/arkitekter/> (besøkt 14/7-2011)

⁵²⁰ *St.prp.nr.49.1908* : 25.

⁵²¹ N.G. Brekke, *Norsk arkitekturhistorie*, Oslo 2003: 290.

kongelige bibliotek i København, som meinte at prosjektet var økonomisk, funksjonelt og framtidsretta.⁵²²

Kollegiet meinte at bygingsinspektør Holger Sinding-Larsen sjølv var den beste til å arbeida vidare med prosjektet. Ein arkitektkonkurranse om arbeidet ville kosta både tid og pengar utan at det nødvendigvis ville koma mykje ut av det, sidan det alt låg føre eit godt og anvendleg arbeid. Den einaste vesentleg endringa frå den opphavlege planen kollegiet ønskte, var at ytterflata på biblioteket burde dekkast med naturstein.⁵²³ Bygget var ei hastesak for Universitetet, ifølge kollegiet, både av omsyn til "[...] biblioteket selv, denne for vor kultur uundværlige institutt [...] Dernæst og ikke mindre av hensyn til, at den bygning, biblioteket nu optar, i høieste rad trænges for universitetets øvrige behov."⁵²⁴

Departementet kom til at det einaste alternativet for biblioteket var eit nybygg, og at den næraste tomta som peika seg ut, var Observatorietomta. Universitetet hadde også vurdert å flytta dei medisinske institutta til Observatorietomta. Departementet hadde tenkt at ein ved vurdering av bibliotek på Observatorietomta også kunne ha auga for eit mogleg anlegg for medisinske institutt. Dette hadde ikkje vorte tatt opp i Sinding-Larsen sin plan. Vidare hadde ein sett for seg at løyvinga skulle vera meir sonderande. Deretter skulle bygningsinspektøren bistå med det vidare førebuande arbeidet.

Alle var ikkje samde om dette. 4. februar 1908 hadde departementet fått eit brev frå Kristiania arkitektforening. På eit medlemsmøte hadde foreninga vedtatt ein resolusjon mot Sinding-Larsen sin dobbeltrolle som bygningsinspektør og utøvande arkitekt ved dei komande byggearbeida på Universitetet. Arkitektane meinte at dei endelege byggeplanane burde koma fram gjennom offentleg konkurranse.

No hadde Universitetet sjølv lagt fram ein langt meir konkret plan for biblioteket. Overbibliotekaren meinte at dette planarbeidet var så godt gjennomarbeidd at det ikkje var behov for nokon arkitektkonkurranse. Konkurransen ville berre føra til lenger tid før ein kunne ta i bruk nytt bibliotek utan betre resultat. Departementet meinte at det som regel skulle vera arkitektkonkurranse ved offentlege byggetiltak om ikkje særlege forhold tala i mot. I utgangspunktet var det også meint å haldast konkurranse i denne saka. No gjekk departementet bort frå denne tanken.

⁵²² *St.prp.nr.49.1908* : 27.

⁵²³ *St.prp.nr.49.1908* : 26.

⁵²⁴ *St.Prp. nr. 49.1908* : 27.

Departementet hadde saaledes i nærværende tilfælde overensstemmende med Stortingets forutsætning for den givne bevilgning til utredning av spørsmålet om nybygning for biblioteket kun git Universitetets vedkommende det mandat at utrede dette spørsmål og framlægge et foreløpig utkast til planer for nybygningen. Disse planer hadde departementet saa tænkt lagt til grund for utarbeidelse av program for konkurranse. Departementet finder imidlertid, at der i nærværende tilfælde foreligger saadanne særegne omstændigheder, der taler for en avvigelse fra den sædvanlige fremgangsmaate med konkurranse.⁵²⁵

Dette var nok også heilt i tråd med planen til den tidlegare nemnde strategiske trio. Departementet sende saka til kongen som 25. februar 1908 innstilte at det skulle løyvas kr. 100 000 til byggestart av nybygg for Universitetsbiblioteket.

3.3.7 Frå departementsinnstilling til stortingsvedtak

Departementet si innstilling gjekk til budsjettkomitéen der Brøgger var ordførar i saka. Universitetet sine interesser var såleis i dei beste hender. Komitéen leverte innstillinga si: *Tillæg til indst. S. XXI (1908)* 18. mai. Den gjekk samrøystes, minus eit medlem, inn for løyvinga. Det dissenterande medlemmet var den såkalla "Karlsøypresten" Alfred Eriksen (1864-1934). Eriksen var ein talefør mann som representerte Arbeidarpartiet for andre periode. Ved stortingsvalet i 1906 hadde partiet fått inn 10 representantar på tinget. (1903-06 var partiet sin første periode på tinget med fire representantar). Dissensen gjekk i det vesentlege ut på det burde haldast arkitektkonkurranse i staden for å vedta Sinding-Larsen sin ferdige plan.

Eriksen sin dissens fylde 8 sider (s. 24-32) av den 33 sider lange komitéinnstillinga. Fleirtalsinnstillinga gjengav og stadfesta innhaldet i departementet si innstilling om å støtta Sinding-Larsen sin plan. Planen var arbeidd fram med at overbibliotekaren og bygningsinspektøren hadde sett seg grundig inn i den nyaste faglitteraturen både om europeiske og amerikanske bibliotek. Så hadde dei i tett samarbeid gjennom fleire månader gått gjennom alle krava og oppgåvene som måtte stillast til eit bibliotek med den doble oppgåva både som nasjonalbibliotek og universitetsbibliotek. Heile tida vart det laga skisser.

⁵²⁵ *St.prp.nr.49.1908* : 29-30.

Deretter reiste overbibliotekaren og bygningsinspektøren på den tidlegare omtalte 5 vekers studiereisa til Sverige, Danmark, Tyskland og Sveits og besøkte fleire bibliotek, derav 16 heilt eller delvis heilt nye. Dette gav rikeleg høve til å vurdere dei på førehand utarbeidde skissene og å justera desse utifrå røynslene av studiereisa. Etter heimkomsten og vidare arbeid med planen, viste det seg, etter det komitéen var informert om, å vera eit ferdig grunnlag for å bygga eit nytt bibliotek: "[...] en saavidt mulig færdig plan til et nyt bibliotek paa Observatorietomten istedenfor bare en foreløbig skisse."⁵²⁶ At dei økonomiske sidene ved prosjektet var grundige vurderte og overkomelege, var også viktig for fleirtalet i komiteen. Dessutan var dette ei hastesak både for biblioteket og for Universitetet.

Komitéen synte til at Sinding-Larsen hadde kome til ei samla utgift i rund sum på kr. 804 000 for bygget. (Dette galdt første byggetrinn. Dei eventuell framtidige utvidingane som planen opna for måtte koma seinare). Komiteen peika på at overbibliotekaren hadde vist til at nye biblioteksbygg i utlandet med ca. 1 million bind kosta ca. 1 million kr. Sinding-Larsen sin plan låg under denne summen, og sjølv om det etter norske forhold var snakk om ein stor sum, så var dette nødvendige utgifter. Komitéen siterte Drolsum:

Mange vil maaske finde, at dette er en meget stor udgift for et saadant formaal til tross for planens relative prisbillighed. Men det skal erindres, at det her gjælder vort eneste store, videnskabelige bibliotek og det, der tillige er vort nationalbibliotek. Det er det for vort kulturelle, literære og videnskabelige liv uomgjængelig nødvendige rustkammer, det her gjælder. At det holdes på tidens høide, er en livsfaktor af største betydning for nationens fortsatte sunde udvikling.⁵²⁷

Drolsum viste til at det i Danmark var tre og i Sverige fem store statlege bibliotek.⁵²⁸ Han konkluderte med at Noreg burde i alle fall burde sjå seg råd til eit slikt bibliotek.⁵²⁹

Komitéen gjekk gjennom vurderinga av byggeplanane frå arkitektane Ekman og Nordan samt bibliotekar Nyhuus si fråsegn. Så gjekk ein gjennom Kollegiet si endeleg godkjenning og komitefleirtalet var heilt samd med denne denne vurderinga.

⁵²⁶ *Tillæg til indst. XXI-1908: 4.*

⁵²⁷ *Tillæg til indst. S.XXI-1908: 7*

⁵²⁸ Danmark: KB, København UB og det nye statsbiblioteket i Aarhus (1902). Sverige: KB, Uppsala og Lund UB, Vetenskapsakademien i Sth, samt Høiskolebiblioteket i Gøteborg (samt fleire store specialbiblioteker t.d. Det Karolinske medicinske i Sth.)

⁵²⁹ *Tillæg til indst.S. XXI-1908: 7.*

Som nemnd delte komitéen seg i eit fleirtal der Alfred Eriksen var mindretalet medan dei åtte andre medlemene utgjorde fleirtalet. Fleirtalet viste først i innstillinga si at Universitetet hadde strekt seg lenger med utgreiingsarbeidet for nytt biblioteket enn opphaveleg tenkt i løyvinga i 1906. I staden for å leggja fram ulike alternativ, hadde ein lagt fram ein ferdig gjennomarbeidd plan for det som no framsto som det einaste alternativet. Men komitéfleirtalet hadde ingen merknader til dette, tvert i mot:

Uagtet dette byggespørsmål herved er fremmet videre, end det egentlig have været komiteens forudsætning, har komiteens flertal ligesaa lidt som departementet noget at bemærke hertil, idet der ved den forberedelse, sagen har faaet fra universitetets side, synes at være opnaaet en særdeles omhyggelig gennemarbejdet byggeplan med besparelse for staten.⁵³⁰

I utgangspunktet var så komitéen klar til å støtta Universitetet og regjeringa i denne saka. Men det dukka opp motstandarar av Universitetet sin framgangsmåte. Frå arkitektkald var det stadig sterke protestar mot at det skulle byggast nytt bibliotek utan arkitektkonkurranse. Sidan denne motstanden var reist, fann komiteen at saka måtte gjennomgå både ei grundig drøfting og ei brei vurdering før ein tok endeleg avgjerd.⁵³¹

Arkitektmiljøet reagerte på at kollegiet foreslo at Universitetet sin eigen bygningsinspektør skulle vera utførande arkitekt for bygget. Det vart halde offentlege foredrag og diskusjonsmøte, laga resolusjonar og skrive redaksjonsartklar i *Teknisk Ugeblad* samt innlegg i dagspressa. Målet var å hindra at Stortinget skulle støtta Universitetet og regjeringa. Vesentlege dokument i saka vart samla av budsjettkomitéen i dok. 48 (1908) *Udtalelser angaaende bevilgning til paabegyndelse af bygning for universitetets bibliotek*. Her var både innspel frå motstandarar og svar frå Drolsum og Sinding-Larsen. Arkitektane sine synspunkt samla seg vesentleg om følgende fem punkt:

Det skulle vera arkitektkonkurranse om alle offentlege bygg uansett type. Dette var tilbakevist, og komitéen viste til at det frå arkitektkald tidlegare hadde vorte hevda at det var typar av spesialoppgåver som ikkje høvde til konkurranse. Arkitektane (v/Kristiania

⁵³⁰ *Tillæg til indst. S. XXI-1908* : 13.

⁵³¹ *Tillæg til indst. S. XXI-1908* : 14.

arkitektforening) hevda også at det var vanleg med arkitektkonkurransar i utlandet, særleg i Tyskland. Dette hadde vorte tilbakevist av Drolsum.⁵³²

Det vart også protestert mot at Universitetet sin bygningsinspektør skulle vera utøvande arkitekt for bygget. Dette var, i følge arkitektane, i strid med instruksen for denne stillinga og det kunne føra til manglande kontroll og kritikk under byggeprosessen. Dette vart parert av komitéen som viste til at når bygningsinspektøren vart oppførande arkitekt, så ville han ikkje få plass i bygningskomitéen som skulle kontrollera arbeidet. Å vera utførande arkitekt for nybygg på Universitetet var heller ikkje i strid med intensjonen for inspektørstillinga.⁵³³

Arkitektane hevda vidare at Sinding-Larsen sin plan berre var eit førebels utkast i skisseform. Her meinte komitéfleirtalet at dette var påstandar som både var gjendrivne av Drolsum og Sinding-Larsen og arkitektane Nordan og Ekman. I den grad det måtte bli behov for justeringar og vidare bearbeiding av det foreliggende utkastet, så var det noko som var heilt normalt i ein byggeprosess. Det ville også skjedd om det vart halde arkitektkonkurranse.⁵³⁴

Det neste punktet som komitéen drøfta, var ein påstand, som ikkje var sett fram av Kristiania arkitektforening som forening, men av enkelte arkitektur i i ulike samanhengar; Nemleg at Sinding-Larsen sitt prosjekt ” [...] skulde lide af saa væsentlige mangler, at konkurrence af den grund skulde være nødvendig”⁵³⁵ Komiteen hevda at desse påstandane var tilbakeviste i alle vesentlege punkt av Drolsum og Sinding-Larsen og vidare hevda komiteen ”[...] de særdeles fordelagtige udtalelser fra en række specielt sagkyndige, der nøie har gennemgaaet planen, synes at at have godtgjort, at den ovenfor citerede nedsættende dom om denne fra de nævnte arkitekters side ikke kan være berettiget.”⁵³⁶

Den siste innspelet frå Kristiania arkitektforening var at utnyttinga av Observatorietomta var uøkonomisk i Sinding-Larsen sin plan. Det var ikkje laga nokon samla plan for heile tomteområdet, og ei endeleg plassering av biblioteket burde venta til det var gjort. Igjen avviste komitéen arkitektinnspela og viste også til at tidlegare planar om å plassera medisinske institutt på tomta no kunne løysast på ein betre og billegare måte, m.a. ved

⁵³² *Tillæg til indst. S.XXI-1908* :15.

⁵³³ *Tillæg til indst.S.XXI. 1908* : 16.

⁵³⁴ *Tillæg til indst. S.XXI. 1908* :16.

⁵³⁵ *Tillæg til indst. S.XXI. 1908* :17.

⁵³⁶ *Tillæg til indst. S.XXI. 1908* :17.

Rikshospitalet og i den noverande biblioteksbygningen, *Domus biblioteheca*, når denne vart ledig.⁵³⁷ Komitéen meinte at den *ihærdige modstand* frå arkitekthald skuldast:

[...] at der for arkitektene har været et principspørsmål og en vigtig standsinteresse at hævde kravet paa afholdelse af almindelig arkitektkonkurrence ved omtrent alle offentlige bygverker af nogen betydning.⁵³⁸

Komitéfleirtalet delte ikkje denne forståinga, og meinte at eit bibliotek som det norske universitetsbiblioteket med si doble oppgåve både som UB og nasjonalbibliotek ikke eigna seg for arkitektkonkurranse.

16. mars 1908 heldt Sinding-Larsen foredrag i Polyteknisk forening om *Det nye Universitetsbibliotek – Nationalbiblioteket*. Først presenterte han planen og deretter var det diskusjon.⁵³⁹ Drolsum og Brøgger var også med på dette møtet. Posisjonane i diskusjonen var dei same som var viste i stortingsdokumenta: Frå arkitekthald ville ein ha konkurranse om bygget, medan universitetet, dvs. Drolsum, Brøgger og Sinding-Larsen stod på sitt. Brøgger gav klart beskjed om at universitetet ikkje ville ha nokon konkurranse. Det var fleire grunnar for det. I følge Brøgger var svært mange av dei nyare utanlandske biblioteksbygg oppførte utan konkurranse. Under arbeidet med saka hadde Det akademiske kollegium kome til at dette var ei så spesiell oppgåve at den ikkje høvde for konkurranse. At eit biblioteksbygg var så spesielt at det ikkje eigna seg for konkurranse, kunne nok kanskje vera så. I vel så stor grad hadde nok Brøgger gjort seg opp ei meining om arkitektkonkuransar generelt:

[...] dessuden har universitetet hidtil ikke gunstige erfaringer fra arkitektkonkurrence ved sine byggeforetagender. Museet paa Tullinløkken [dvs. Historisk museum, arkitekt Henrik Bull (1864-1953)] der var resultatet af en konkurrence, kostede over 1 million kr., og var ikke meget praktisk for sitt brug. Paa Tøien har man derimod uden konkurrence faaet en hensigtsmessig museumsbygning [Zoologisk museum] for ½ mill. kr.⁵⁴⁰

Sinding-Larsen var også arkitekt for museet på Tøyen. Prosessen her var ikkje ulik framgangsmåten i biblioteksaka, og også her mobiliserte arkitektstanden for konkurranse

⁵³⁷ *Tillæg til indst. S.XXI 1908*: 17.

⁵³⁸ *Tillæg til indst. S. XXI 1908*: 19.

⁵³⁹ *Teknisk Ugeblads Arkitektafdeling*, 1908, nr. 3 og 4: 14-18.

⁵⁴⁰ *Teknisk Ugeblads Arkitektafdeling*, 1908, nr. 3 og 4: 17.

utan å nå fram.⁵⁴¹ Brøgger hadde vist til konkurransen om Historisk museum som lite heldig. Eit anna prosjekt der det også hadde vore arkitektkonkurranse med store overskridingar, og som Brøgger viste til, var den nye tekniske høgskulen, NTH, i Trondheim (arkitekt Bredo Greve (1871-1931)). Røynsler derifrå hadde overtydd Brøgger om at ein konkurranse ville bremsa viktige behov:

Universitetet maa tage mest mulig økonomisk [og praktiske] hensyn, og man kan ikke bygge arkitektoniske pragtverker [...] Under den videre bearbejdelse af udkastet vil universitetet ogsaa indhente raad og oplysninger fra kyndige arkitekter. Ved konkurrence vil man derimot tabe $\frac{3}{4}$ aar, og det gjælder nu at gjøre fortgang, da den nuværende bygning [Domus bibliotheca] om 4 aar vil være stoppende fuld.⁵⁴²

3.3.8 Positiv konklusjon

Like viktig som å koma i gang med det nye biblioteket, var det å få tømt dei gamle lokala. For stortingskomitéen var det spørsmål om denne byggesaka var førebudd så forsvarleg at den framlagde planen med kostnadsoverslag var god nok som grunnlag for endeleg bearbeiding, og samstundes akseptabel både biblioteksmessig, bygningsteknisk og økonomisk. Kunne komitéen foreslå at Stortinget skulle godkjenna planen? Komitéfleirtalet svara såleis på spørsmålet det stilte til seg sjølv: "At saa er tilfældet synes komitéen at fremgaa af de foreliggende udtalelser fra fremragende fagmænd."⁵⁴³ Av biblioteksmessige vurderingar viste komiteen til Drolsum og Nyhuus i tillegg til utanlandske autoritetar som overbibliotekarane Carl af Petersens (1851-1925) ved Lunds UB, H.O. Lange ved KB i København og Johannes Roediger (1845-1930) ved det nye Universitetsbiblioteket i Marburg. Frå alle desse kom dei varmaste tilrådingar. (Desse tilrådingane var også i Dok.nr. 48. 1908 ss.8-10) Komitéen var derfor kome til at planen biblioteksmessig var både tidsmessig og framtidsetta.

Om det bygningsmessige viste komitéen til vurderinga frå arkitektane Ekman og Nordan. På det ovanfor nemnde møtet i Polyteknisk forening var det frå arkitektald oppmoda om at Sinding-Larsen sin plan skulle vurderast av utanlandske autoritetar før ein avgjorde om det

⁵⁴¹ G. Hestmark, *Vitenskap og nasjon: Waldemar Christopher Brøgger 1851-1905*, Oslo 1999: 372-382.

⁵⁴² *Teknisk Ugeblads Arkitektafdeling*, 1908 nr. 3 og 4: 17.

⁵⁴³ *Tillæg til indst. S.XXI.-1908*: 20.

skulle vera konkurranse eller ikkje.⁵⁴⁴ Komitéen bestemte utifrå dette å få ei vurdering av planen frå ein av samtidas største arkitektautoritetar, professor Martin Nyrop (1849-1921) ved Kunstakademiet i København. Nyrop hadde m.a.vore arkitekt for Københavns Rådhus (1905). Han fekk tilsendt heile teikningsgrunnlaget i blåkopi samt beskrivande skisser. Nyrop sitt svar var gjengitt in extenso i innstillinga. Som dei andre vurderingane komitefleirtalet la fram, var også denne positiv.

Det siste spørsmålet var om planen var så økonomisk *som det under vore forhold bør kræves*. Også her meinte komiteen at det var laga grundige vurderingar frå ulike hald som stadfesta dette. Som utgangspunkt ville eit bibliotek for 1 million bøker ville kosta 1 million kroner. I følge Sinding-Larsen sin plan ville det nye norske biblioteket koma godt under denne prisen, jamvel om ein bygde fasader i naturstein som det opphaveleg ikkje var tenkt på. I tillegg til byggekostnadane, var også driftsutgiftene viktige. Flytting av ein gamal institusjon til nye lokale førte gjerne at det vart behov for auka personale. Det ville ikkje bli nødvendig i dette tilfellet. Komiteen viste til at overbibliotekaren hadde hadde framheva at romplanen for nybygget var så praktisk at det ikkje på grunn av sjølv bygningen ville *trænges en eneste mand mer i den nye bygning end i den gamle*. Noko anna var at det for å løysa fleire oppgåver var behov for meir personale, men bygningen i seg sjølv kravde ikkje personalauke.

Fleirtalet meinte at på grunnlag av dei framlagde opplysningane var planen så praktisk og økonomisk som det var råd å få til. Med røynsleane frå Zoologisk museum og Sinding-Larsen som arkitekt, hadde ein dei beste utsikter for at biblioteket ville bli bygd utan overskridingar. Komitéen poengterte at statlege bygg måtte vera både nøkterne og verdige:

Staten bør, efter komiteens mening, bidrage sit til at holde sig til en norm for enkel og nøktern bygningskunst, som passer for den og landets almindelige økonomiske, og som, om man end viser sparsomhed, dog derfor meget vel kan blive baade værdig og stilfuld.⁵⁴⁵

Komitefleirtalet meinte såleis at planen til Sinding-Larsen dekkja alle krav og behov for eit nytt universitets- og nasjonalbibliotek, og ein støtta dermed Universitetet og departemenet om oppføring av planen utan konkurranse og fatta følgande vedtak, dagsett 18. mai 1908:

⁵⁴⁴ [...] at man forinden spørgsmaalet om konkurrence eller ikke konkurrence endelig afgjøres, æsker udenlandske autoriteteters udtalelse om det foreliggende udkasts bygningstekniske værdi siden man ikke har tiltro til norske arkitekters dom." Jf. *Tillæg til indst. S.XXI.-1908*: 21.

⁵⁴⁵ *Tillæg til indst. S.XXI-1908* : 23.

For budgetterminen 1ste april 1908 til 30te juni 1909 bevilges paa universitetets budget (hovedp. V, kap. 2) kr. 100 000, 00 til paabegyndelse af en ny bygning for Universitetsbiblioteket paa observatoriets tomt – Observatoriegaden nr. 1 – i det væsentlige overenstemmende med de af universitetets bygningsinspektør, arkitekt Sinding-Larsen, udarbejde tegninger.⁵⁴⁶

3.3.9 Mindretalet

Mindretalet i komitéen var presten og avisredaktøren Alfred Eriksen. Han var ein av fire representantar frå Arbeidarpartiet som vart valde til Stortinget i 1903 og han bana veg for den organiserte arbeidarrørsla i det norske parlamentet. Eriksen var kjend som ein av Stortinget sine store talarar i perioden.⁵⁴⁷ Han var ikkje i mot at det vart bygd nytt bibliotek. Det var framgangsmåten og løysinga han var i mot. Eriksen ville at det skulle haldast arkitektkonkurransen, og det alternative forslaget lydde:

Til bestridelse af udgifter ved en offentlig konkurrence om ny bygning for Universitetsbiblioteket paa observatoriets tomt – Observatoriegaden 1 – bevilges for budgetterminen 1ste april 1908 til 30te juni 1909 kr. 13 200,00.⁵⁴⁸

Han meinte at saka hadde utvikla seg i strid med Stortinget sitt tidlegare vedtak om å løyva midlar til utgreiing av eit førebels utkast for nytt universitetsbibliotek. På dette grunnlaget skulle det så, ifølge Eriksen, haldast offentlig arkitektkonkurransen. No hadde Universitetet forsert fram saka på ein uheldig måte. Eriksen meinte at både bygget og tomta var så viktige at arkitektkonkurransen var nødvendig. Han kunne ikkje sjå at dette skulle vera ei så spesiell oppgåve at den ikkje høvde for konkurransen. Dersom ein skulle utelukka Universitetsbiblioteket frå konkurransen med slik grunnngiving, så kunne ein argumentera slik for eit kvart bygg.⁵⁴⁹ Han hevda også at det var langt vanlegare med arkitektkonkurransar for

⁵⁴⁶ *Tillæg til indst. S. XXI.1908* : 33.

⁵⁴⁷ ”Alfred Eriksen har vært beskrevet som en dominerende, kompromisløs og stridbar personlighet med rike talegaver.” H. D. Bratrein, Eriksen Alfred, bd. 2 i, *Norsk biografisk Leksikon*, Oslo 2000: 489

⁵⁴⁸ *Tillæg til indst. S.XXI-1908* : 32.

⁵⁴⁹ ”Dersom man udestænger de norske arkitekter fra at konkurrere om et saa stort byggeføretagende som dette, vil det heller ikke være uden indflydelse paa udviklingen af vor bygningskunst. Selv de, som finder, at det muligens kan være en del at udsætte paa, hva vort lands arkitekter hidtil har ydet, og navnlig synes, at de ikke altid i tilstrækkelig grad har formaaet at tage det rette hensyn til vort lands økonomiske evne, maa dog indse, at arkitekterne alene kan gaa fremad i dyktighed, og indsigt, naar de faar leilighed til at prøve sine kræfter paa de opgaver, som frembyder sig.” *Jf. Tillæg til Indst. S. XXI-1908* : 25.

bibliotek i utlandet enn det meiningsmotstandarane hans hevda, men han la ikkje fram nokon overtydande argumentasjon.⁵⁵⁰

Mindretallet i komiteen var sær skeptisk til Sinding-Larsen sin rolle i saka; Dersom Universitetet sin bygningsinspektør også skulle vera utførande arkitekt for biblioteket, ville han, ifølge Eriksen, koma i ei uhaldbar dobbeltstilling der han skulle kontrollera seg sjølv. Om bygningsinspektøren utan konkurranse skulle vera utøvande arkitekt for:

[...] alle de byggearbeider, som hører ind under bygningsinspektørens rækkevidde, vilde man til siste komme op i forhold, som kan føre til ligefrem korruption. Vigtige almenne interesser og hensynet til statens tilsiger, at man vogter sig nøie for at gjøre det første skridt paa en slig vei.⁵⁵¹

Dette var ei kraftig formulering, og for fleirtalet, som såg ansleis på dette enn Eriksen, var det vel nettopp omsynet til ålmenne interesser og staten som tilsa at bygningsinspektøren også skulle vera utøvande arkitekt? Arkitektkonkurranse ville både fordyra og forsinka prosjektet.

Eriksen hadde også sterke og negative meiningar om sjølve planen til Sinding-Larsen. Delvis hadde han nok henta dette frå arkitektthald, for han framstod som ein talsmann, eller kanskje heller agent, for arkitektststanden. Men formuleringane stod Eriksen sjølv ansvarleg for: Han meinte at det planlagte bokmagasinet langs Observatoriegata ville verka meir smakslaust enn *den tarveligste lagerbygning*.⁵⁵² Eriksen meinte også at det var planlagt for store magasin og for få lesesalplassar.

3.3.10 Stortinget 4. og 5. juni 1908

Saka vart debattert over to dagar i Stortinget, torsdag 4 og fredag 5. juni 1908.⁵⁵³ 89 representantar røysta for komitefleirtalet sitt forslag, medan 25 røysta for mindretalet sitt forslag. 9 representantar var fråverande.⁵⁵⁴ Det var ein omfattande debatt der 14 representantar greip ordet ein eller fleire gonger. Debatten fylde 67 sider i

⁵⁵⁰ *Tillæg til indst. S.XXI-1908*: 27.

⁵⁵¹ *Tillæg til indst. S.XXI-1908*: 28.

⁵⁵² *Tillæg til indst. S.XXI-1908*: 28.

⁵⁵³ Opphavelag skulle det også takast opp hus for vikingskipa, men dette vart utsett.

⁵⁵⁴ I det endelege forslaget hadde også Eriksen fått med at konkurranse skulle inkludera heile tomta. Såleis lydde forslaget: «I Sagen tages ikke under behandling af indeværende storting. II Til bestridelse af udgifter ved en offentlig konkurrence om ny bygning for Universitetsbiblioteket paa observatoriets tomt – Observatoriegaden 1 – derunder ogsaa en plan for tomtens udnyttelse – bevilges for budgetterminen 1ste april 1908 til 30te juni 1909 kr. 13 200,00.» *St.forh. 5. juni 1908*: 2211-2212.

stortingsforhandlingane, og den fanna både vidt og breidt. Høgrerepresentanten Fredrik Stang (1867-1941) slo fast den andre debattdagen, i eit forsøk på å halda seg til kjernen i saka, at: ”[...] hovedpunkterne i denne sag [...] nu staar i fare for rent at drukne i de mange enkeltheder, man har trukket fram.”⁵⁵⁵

I debatten var det ingen som var i mot sjølve saka: At det var behov for eit nytt bibliotekbygg var klart for alle. Motstanden gjekk på måten saka var fremja og lagt fram på: Sinding-Larsen sin plan framstod nærast som eit fait accompli frå Universitetet si side.

Debatten vart innleia av Brøgger, som heldt ei lengre utgreiing om plassmangel for Universitetet. At Universitetet sin prekære situasjonen ikkje var tatt opp tidlegare, måtte i følge Brøgger, Universitetet sjølv ta ein del av skulda for. Behov og forslag var melde enkeltvis og ikkje samla slik det vart no. For biblioteket var nye lokale eit fundamentalt behov, slik Drolsum hadde vist i fleire år. Men nye lokale for UB var også viktig for heile Universitetet: Med å tømme *Domus bibliotheca* slik det var planlagt, kunne dette bygget med ny innreiding romma storparten av plassbehovet for institutt og auditoria. Brøgger hadde gode røynsler med Sinding-Larsen frå museumsbygget på Tøyen og dårlege røynsler frå arkitektkonkurransen med Historisk museum. Som pragmatikar hevda Brøgger:

Staten maa kræve, at de bygverker, som skal opføres, først og fremst er tilstrækkelig økonomisk planlagte og tilstrækkelig nyttige for sit formaal; for ellers gaar det udover statens finanser, og jeg mener, vi kan opføre et bygverk godt, om fagmanden faar lov til at være den, som viser veien.⁵⁵⁶

Med overbibliotekaren sitt tette samarbeid med bygningsinspektøren var det nettopp fagmannen som viste vegen. Sinding-Larsen sitt prosjekt var, etter Brøgger si vurdering, rimeleg, praktisk, framtidsretta og lett å realisera og det ville dekkja fleire akutte behov for Universitetet.

At debatten var lang, omfattande og hellert lite fruktbar konstaterte også komited medlem Ivar Tveiten (1850-1934) då han greip ordet på den andre debattdagen: ”Jeg har en følelse af, at der nu er omtrent sagt det, som kan siges, og at det, som herefter siges, vil blive gjentagelser.”⁵⁵⁷ Tveiten ville difor kort forklara kvifor han hadde tvila seg fram til å støtta

⁵⁵⁵ *St. forh. 5. juni 1908*: 2189.

⁵⁵⁶ *St. forh. 4. Juni 1908*: 2153.

⁵⁵⁷ *St. forh. 5. juni 1908*: 2202.

komitefleirtalet. I utgangspunktet var han skeptisk til store statlege løyvingar til offentlege bygg, det galdt også planane for Universitetsbiblioteket. Tveiten meinte at det ofte vart bygd over evne for midlar, som heller kunne vorte nytta til betre samfunnsformål. Men etter at Budsjettkomiteen nyleg hadde vore på synfaring frå kjellar til loft på UB i følge med *den mangeaarige bestyrer hr. Drolsum*, såg Tveiten at forholda der var heilt uholdbare og det trøngst nybygg snarast. Etter hans vurdering var Sinding-Larsen sin plan for dette nøktern og i samvar med landet si økonomiske evne. I tillegg til at dette var ein nøktern plan for eit nødvendig tiltak, så galdt det også ein heilt sentral og vital nasjonal institusjon:

Man maa erindre hvilken skat et bibliotek er – vi kjender det fra vore private forhold og det samme gjælder for det offentlige – og naar det her gjælder nationalbiblioteket, saa maa vi ofre det, som trænges. Vi er enige om at ligeoverfor vort eneste universitet bør vi gjøre det bedste vi kan, og det vil jeg ogsaa være med paa nu.⁵⁵⁸

Tveiten hevda vidare at Universitetet burde eiga lokala sine sjølv, slik ein på bygda sytte for at skulane hadde eigne lokale i staden for å halda til i leigde lokale. Den miserable stoda med leigde lokale burde rettast snarast. Tveiten var definitivt motstandar av arkitektkonkurranse. Han meinte at arkitektane ofte stod for fordyrande og upraktiske løysingar.⁵⁵⁹ I denne saka såg han ei polarisering: På den eine sida *arkitektprincippet*, representert av mindretalet ved Alfred Eriksen. På den andre sida, fleirtalsida, stod i følge Tveiten: «[...] det sunde folkevet, er repræsenteret ved hr. arkitekt Sinding-Larsen. Jeg mener, at hr. arkitekt Sinding-Larsen baade i det, han har gjort, og det, han har planlagt, har vist, at han er den rette mand i den rette tid.»⁵⁶⁰

For Tveiten var såleis denne planen den einaste måten å løysa byggesaka på. Den pragmatiske og økonomiske metoden var Sinding-Larsen sin styrke, og det drog både Universitetet og staten nytte av. Denne nøkterne tilnærminga hadde ikkje statens bygningsinspektør, i følge Tveiten, og det var difor Universitetet hadde brote med han og heller knytt til seg Sinding-

⁵⁵⁸ *St. forh. 5. juni 1908: 2203.*

⁵⁵⁹ Tveiten meinte at det no var kome ein sunn reaksjon mot arkitektur etter jobbetida på 1890-talet: "Hvad nu dernæst angaar spørgsmaalet om udsættelse og konkurrence, er det min inderligste mening, at det vilde være nytteløst, ja til og med farlig, og jeg skal sige hvorfor. Jeg nævnte, at princippet hidtil synes at have været, at der skal bygges storslagent, kostbart og drustelig. Denne arkitektoniske skole, som nu har hersket, turde efter jobbetiden have faaet en reaktion mod sig ude i folket, og det mener jeg er en gavnlig reaktion. Man har nemlig fundet, at det ikke er noget heldig og høvelig princip for vort land dette at bygge huse med disse imponerende vestibuler og gilde og svære korridorer, som synes at være det, der oftest lægges vegt paa som det fornemste ved bygningen. De indre rum kan ofte være baade temmelig smaa og upraktiske; men stort skal det være." *St. forh. 5. juni 1908: . 2202.*

⁵⁶⁰ *St. forh. 5. juni 1908 : 2203.*

Larsen som eigen bygningsinspektør. Om staten sin bygningsinspektør Adolf Schirmer, sa den sparsame Tveiten: ”Det er vistnok en dygtig og betydelig mand i mange retninger, men han er ogsaa en betydelig mand i retning af at faa alting kostbart.” Han viste så til den store skilnaden mellom Schirmer og Sinding-Larsen sine overslag for museumsutbygginga på Tøien.⁵⁶¹

I den omfattande debatten vart i liten grad biblioteket som bibliotek drøfta. Men Eriksen fann høve til eit åtak på Drolsum: Han meinte at Drolsum var ein dyktig mann, men at han hadde si begrensing: Overbibliotekaren hadde forsømt at Universitetsbiblioteket også skulle vera norsk nasjonalbibliotek. Eriksen hevda at om ein såg etter kva Drolsum hadde gjort for at biblioteket skulle vera nasjonalbibliotek ” [...] saa opdager man kun det tomme rum.”⁵⁶² I følge Eriksen skulle eit nasjonalbibliotek vera eit bibliotek, der alle som ville studera eit emne inngåande skulle få tilgang til litteratur om emnet og ein arbeidsplass for å studera det. Eriksen såg nok for seg eit bibliotek meir i samsvar med amerikanske trendar på folkebiblioteksida, der publikum hadde direkte tilgang til samlingane. Dette var tankar som stod sterkt på folkebibliotekfeltet i Noreg. Dette blir behandla i neste kapittel. Eriksen nemnde ingenting om pliktavlevering og ansvaret for den nasjonale litteraturen.⁵⁶³

At Stortinget vedtok Sinding-Larsen sin plan låg i korta og utfallet i saka var sikkert. Behovet for nytt bibliotek var no udiskutabelt. Planen var godt førebudd, den hadde solid politisk støtte, den var framtidsretta og ikkje minst hadde den nøkterne økonomiske rammer.

3.3.11 Namnet på biblioteket

Det var allment erkjent at Universitetsbiblioteket var noko meir enn ein intern universitetsinstitusjon. I si styringstid foreslo Drolsum ved to høve, utan å nå fram, at namnet på biblioteket skulle endrast slik at det også i namnet peika ut over Universitetet. Det første høvet var i 1895 i samband med innspel til budsjettet for 1896-97. Aktuelle namn kunne, i følge Drolsum, vera *Rigs- og Universitets-Bibliotek* eller *National- og Universitets-Bibliotek*. Drolsum meinte at institusjonar og samlingar som i universitetsbudsjettet hamna under samlenemninga *Universitetets videnskabelige Samlinger* fall i to grupper. Den eine gruppa var

⁵⁶¹ *St. forh. 5. juni 1908* : 2203.

⁵⁶² *St. forh. 5. juni 1908*: 2157.

⁵⁶³ Gjennomgang av *Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie* 1976-86, *Arbeiderhistorie* 1987-2013, E. Bull, *Arbeiderklassen blir til (1850-1900)*, 1988 og Ø. Bjørnson, *På klassekampens grunn (1900-1920)*, 1990 viser ingen artikulert bibliotekpolitikk i den tidlege arbeidarrørsla.

nær knytt til undervisning og forskning på Universitetet, medan den andre gruppa hadde også «[...] en mere selvstendig Betydning for det hele Land.»⁵⁶⁴

I denne siste gruppa var m.a. Universitetsbiblioteket og Metereologisk institutt (skipa 1866 og skild ut frå Universitetet i 1909). Det var nettopp for å presisera denne stillinga at UB burde endra namn og dermed ville det også vera tydeleg at «[...] de Midler, der bevilges det, ikke alene kommer Universitetet til gode, men hele Nationen.»⁵⁶⁵ Det akademiske kollegium hadde ikkje noko imot «[...] at man søger at fremhæve Bibliothekets dobbelte Stilling; men det finder, at dets Virksomhed er saa nøie knyttet til Universitetets Undervisning, at det anser enhver Forandring af Navn upaakrævet.»⁵⁶⁶ Departementet meinte at eventuelle organisatoriske endringar ved UB måtte skje i samband med ei eventuell ny universitetslov. Budsjettkomitéen nemnde ikkje saka i det heile.

I 1905 kom ei ny universitetslov, men her vart ikkje UB tatt opp i det heile verken under forarbeida eller behandlinga. Korkje overbibliotekaren, kollegiet eller styremaktene lanserte nokon innspel. Dermed vart både biblioteket sitt namn og administrative posisjon uendra.⁵⁶⁷

Med nytt bibliotekbygg i kjømda tok Drolsum i eit skriv til kollegiet i september 1907 atter opp namneendring. Alternativ var her *National – og Universitetsbiblioteket*, evt. *Riksbiblioteket*, men overbibliotekaren presiserte:

Hermed forutsætter jeg, at dets administrative forbindelse med Universitetet oprettholdes som hittil. Ti et stort videnskabelig bibliotek maa Universitetet ha, og vore forhold er ikke store nok til at kræve eller fortiden kunne bære to tidsmæssig utstyrte videnskabelige biblioteker efter europæisk maalestok.

Med ei namneendring ville også løyvingane til biblioteket framstå som meir naturlege:

Med de eventuelle bevilgninger knyttet til navnet *Riksbiblioteket*, vil Universitetet ialfald i nogen, og ikke uvæsentlig, grad unngaa skinnet av at være en kostbarere institution, end det virkelig er, paa samme tid som bibliotekets krav stilles i den rette belysning som fremgaaende ikke blot av dets virksomhet for Universitetet, men ogsaa

⁵⁶⁴ *St.Prp.No. 1, Hovedpost IV. 1896* : 9.

⁵⁶⁵ *St.Prp.No.1, Hovedpost IV. 1896* : 9.

⁵⁶⁶ *St.Prp.No.1, Hovedpost IV. 1896* : 9.

⁵⁶⁷ *Om Universitetsbiblioteket: redegjørelse til Kirke- og Undervisningsdepartementet fra Det akademiske kollegium*, Oslo 1931: 19.

av dets særskilte oppgave som nationalbibliotek, en oppgave, der i fremtiden vil kræve stedse mer av dets arbeide og dets midler.⁵⁶⁸

Denne gongen var kollegiet samd med overbibliotekaren at namnet kunne endrast, og gjekk med på namnet *Universitets- og Riksbibliotek*, men kollegiet framheva også Universitetet sin eigedomsrett og prinsipale bruksrett til biblioteket. Kollegiet var samd i at budsjettet kunne bli skilt frå Universitetet sitt hovudbudsjett. Kyrkjedepartementet var også samd i at budsjettet kunne skiljast frå det eigentlege universitetsbudsjettet, men ønskte likevel at det skulle vera nær kontakt mellom departementet, Universitetet, kollegiet og biblioteket.

Departementet ville av praktiske omsyn ha eit enkelt namn og gjekk inn for *Riksbiblioteket*. Budsjettkomitéen ønskte også eit enkelt namn, men der var delte meiningar internt i komitéen om kva namnet skulle vera, fleirtalet ville behalda det tilvante namnet *Universitetsbiblioteket*. I følgje komitéen ville: «Bibliotekets hovedoppgave [...] antagelig fremtidig som nu maatte være at tjene universitetets og videnskabens interesser, i hvorvel det selvfølgelig ved siden deraf ogsaa må være dets oppgave mest muligt at være til nytte for det hele land.»⁵⁶⁹ Komitéen hadde ikkje noko mot at biblioteket sitt budsjett, inkludert løner og driftsbudsjett, vart skild ut som eigen post, slik kollegiet og departementet hadde foreslått «[...] idet den i saa fald med departementet gaar ud fra, at dets administrative forbindelse med universitetet opretholdes.»⁵⁷⁰

Namnet på biblioteket tyktest såleis ikkje å vera noko stort tema. Det viktigaste var UB si samfunnsmessige oppgåve, og den var klart definert uavhengig av ei eventuell namneendring. Då saka kom opp i Stortinget 3. mars 1909, var komitemedlem Tveiten den einaste som tok ordet. Han meinte at *Riksbiblioteket*, som var foreslått av overbibliotekaren og departementet var eit bra namn, men sidan ingen hadde gått inn for dette «[...]vil jeg ikke optage noget forslag.»⁵⁷¹ Dermed var namneendringa parkert. Namnet *Universitetsbiblioteket* vart også hogd inn i hovudinngangen i det nye bygget.

Kor viktig var ei namneendring eigentleg for Drolsum? Dette var vel den einaste saka han ikkje nådde fram med i det heile. Drolsum identifiserte seg primært med Universitetet. Ei

⁵⁶⁸ *St.prp.nr.1, hovedpost V. 1909: 64.*

⁵⁶⁹ *Indst S. XXI-1909: 37.*

⁵⁷⁰ *Indst. S. XXX-1909: 37.*

⁵⁷¹ *St.forh. 3.mars. 1909: 522.*

namneendring var ønskeleg, men ikkje noko kampsak som han fremja fleire gonger enn dei ovannemnde høva. Ein tanke bak ei namneendring, var kanskje at det kunne utløysa større midlar til dei delene av biblioteket som ikkje var direkte universitetsrelaterte?

3.3.12 Samanfating

Tida frå etableringa av Norske avdeling og pliktavleveringslova og fram til stortingsvedtaket om nybygg i 1908 var ein mellomperiode i Drolsum sin lange bibliotekkarriere. Då perioden byrja, var hovudmomenta i reformprogrammet frå 1880 på plass og gradvis fann også resten av programmet si form. Perioden vart avslutta med vedtaket om nybygg. I denne perioden framstod UB som norsk nasjonalbibliotek, sjølv om definisjonen av kva dette innebar ikkje var heilt klar. Ny lesesal, utvida opningstid og elektrisk lys gjorde biblioteket meir tilgjengeleg for dei som ikkje hadde sitt daglege virke på Universitetet. Eit godt utbygd postvesen og moderne kommunikasjonar gjorde biblioteket tilgjengeleg med fjernlån for lånarar utanom hovudstaden. Parallelt med framvekst av ein ekspanderande demokratisk engasjert offentlegheit, vart biblioteket ein meir tilgjengeleg samfunnsinstitusjon.

I heile si framferd som bibliotekleiar la Drolsum stor vekt på at biblioteket var ein viktig del av den nasjonale infrastrukturen, både symbolsk og reelt. I følgje Drolsum stod det norske universitetsbiblioteket i ei særstilling sidan oppgåver, som i andre land gjerne delte mellom fleire institusjonar her var samla i eit bibliotek. Drolsum sin nasjonale argumentasjon vann resonans, og trass den politiske turbulensen mellom Stortinget og Universitetet, leidde han biblioteket gjennom ein fundamental moderniseringsprosess. Den store utfordringa var ikkje politisk aksept, men at trass all velvilje var løyvingane alltid mindre enn Drolsum såg som nødvendig. Dette var ikkje spesielt for biblioteket. Generelt var Stortinget atterhaldande og løyvingar sat langt inne og vart gjerne porsjonerte over tid.

Etter kvart som det vart for liten plass i biblioteket vart hyllekapasiteteten fordobla med ei indre utbygging av tverreolar. Dette var ei konstruktiv og rimeleg løysing som skauv behovet for nybygg lenger fram i tid. Det var også ei løysing i samsvar med ny internasjonal biblioteknikk i samtida der ein i nye bygg gjekk bort frå romslege og plasskrevande boksalar til kompakte magasin. Dei ytre måla på Domus bibliotheca var likevel ei grense for den indre utbygginga, og etter kvart vart metningsgrensa nådd.

Det var ikkje berre den akutte plassmangelen på sjølve UB som omsider førte fram til nybygg. Det var plassmangel på heile Universitetet. Då stortingsvedtaket om Historisk museum på Tullinløkka kom i 1897, hadde det gått 24 år utan nye bygg for institusjonen. Både musea og UB var meir enn overfylte. Den vitskapelege utviklinga, særleg innan naturfag og medisin, førte med seg behov for laboratorium, teknisk utstyr og hjelpepersonale. Forsking og undervisning kravde meir plass. Med å flytta UB til Observatorietomta og dei naturhistoriske musea til Tøyen, vart det ledig plass i universitetsanlegget på Karl Johan. Etter ombygging vart Domus bibliotheca overtatt av Fysiologisk institutt og Farmakologisk institutt, det vart også eit innsmett for det nyskipa Psykologisk institutt (1908). Sjølv om der var klare og akutte plass- og praktiske behov for utflyttinga, bidrog også andre moment til at desse tiltaka vart vellukka:

Dessutan var det et strategisk sjakktrekk fra Universitetets side å satse på en utbygging av nettopp museene og biblioteket. Dette var nasjonale institusjoner som – ved siden av forskning og undervisning hadde en bredere kulturell oppgave rettet inn mot allmenheten. Historisk museum og Universitetsbiblioteket forvaltet og formidlet den nasjonale kulturarven, og de naturhistoriske museene kartla landets naturforhold og drev naturvitenskapelig folkeopplysning. Ingen av disse institusjonene ble regnet med til universitetets kjernevirksomhet, men ved å flytte dem ut fra sine gamle lokaler frigjorde man også plass til laboratorier og institutter, slik den naturvitenskapelige og medisinske forskning kunne moderniseres. Ekspansjonen i Universitetets bygningsmasse var altså ikke noe entydig vitnesbyrd, om at stortingsflertallets skeptiske holdning til universitetet nå var blitt ersattet av lutter velvilje. Den vitner heller om Brøgger, [botanikkprofessor Nordal] Wille, Drolsum og universitetet valgte vellykkede strategier for å få bevilgningen igjennom, til tross for et måtelig interessert Storting.⁵⁷²

Drolsum ville neppe vore samd i ovanståande påstand om at biblioteket ikkje var blant Universitetet sine kjerneoppgåver. Arkitekt Sinding-Larsen sine svært nøkterne og funksjonelle byggeplanar, som ikkje overskreid planlagte rammer, var også viktige for å få politisk gjennomslag for utbygginga. At personalunionen med Sverige tok slutt i 1905 og det sjølvstendige Noreg, etter folkeavrøysting om forfatningsforma, vart eit monarki var også viktig for heile det norske samfunnet. Sjølv om unionen med Sverige hadde vore relativ laus,

⁵⁷² Kyllingstad/Rørvik 2011: 439-40.

hadde den likevel sett nokre grenser for det norske sjølvstyret. At Noreg ikkje hadde eiga utanriksteneste, vart ein hemske for ein nasjon med veksande skipsfart, handel og eksportindustri. Frå oppløysinga av unionen og fram til første verdskrig var Noreg prega av stor vekst og optimisme. Kuliminasjonen av denne perioden var den store jubileumsutstillinga på Frogner sommaren 1914.⁵⁷³ Perioden var også prega av industrireising med elektrokemisk storindustri og vasskraftutbygging. Omsider fekk Noreg ein eigen teknisk høgskule på akademisk nivå med NTH i Trondheim i 1910. Fullføringa av Bergensbanen i 1909 var eit kommunikasjons- og moderniseringstiltak av enorme tekniske og økonomiske dimensjonar. At landet sitt einaste universitet også nytte godt av denne nasjonale given og fekk eit lenge tiltrengt løft var naturleg. Vedtaket om, og bygginga av det nye Universitetsbiblioteket, som eit viktig nasjonalt signalbygg, høvde også inn denne historiske perioden som har vorte kalla *Den nye arbeidsdagen*.

⁵⁷³ E. Ytreberg *En forsvunnet by. Jubileumsutstillingen på Frogner 1914*, Oslo 2014.

KAPITTEL 4. 1908-22. DEN NYE ARBEIDSDAGEN

4.1 Nye tider. Nytt bygg

4.1.1 Bort frå det gamle

I dette kapitlet skal vi sjå på denne siste viktige fasen i Drolsum sin karriere og den nye tida for biblioteket. Tre hovudproblemstillingar er sentrale:

Korleis var overgangen frå det gamle til det nye biblioteket?

Ei ny biblioteksoffentlegheit var oppstått i Noreg, og Drolsum og Universitetsbiblioteket hadde ikkje lenger definisjonsmonopol på bibliotekfeltet. Kva var denne offentlegheita og korleis vart Drolsum sin posisjon i dette nye landskapet?

Drolsum hadde funne si livsoppgåve i biblioteket. Når no karrieren der gjekk mot sin ende, var han interessert i å sikra at arbeidet vart ført vidare etter hans kurs. Kva gjorde Drolsum for å sikra seg ein etterfølgjar som etter hans meining høvde til embetet?

4.1.2 Bygging

Stortingsvedtaket om nybygg og fullføringa av bygget var eit høgdepunkt i Drolsum sin lange karriere i Universitetsbiblioteket. Biblioteket fekk no sin eigen moderne bygning som frå grunnen av var planlagd og bygd heilt etter biblioteket sine behov. Overgangen frå det overbelasta Domus bibliotheca til nybygget var eit paradigmeskifte. Her var det (førebels) både nok plass, lys og luft.

I juni 1908 utnemnde departementet ein byggekomité for det nye biblioteket. Ove Ekman var formann og Victor Nordan var viseformann, rektor, [først Brøgger til 1912 og deretter etterfølgaren jusprofessor Bredo Morgenstjerne (1851-1930)], overbibliotekaren og universitetssekretæren [Christian August Orland (1860-1914)] var også medlemmer.

Medan komitéen gjennomarbeidde bygningsplanane, vart tomta klargjort. Deretter gjekk det slag i slag. I januar 1909 starta planering og utsprenging. Grunnarbeidet vart ferdig i slutten av mai 1909 etter at ca. 4 700 kubikkmeter var sprengt ut. Så starta fundamentering ned til fast fjell, dette vart ferdig i oktober. Regn og kulde forseinka mur- og golvstøypinga utover hausten og vinteren 1909-10, og arbeidet starta først oppatt i mai 1910.

Murarbeidet på magasinfløya byrja i mars 1910, og bygget var ferdigtekt i oktober. Heile inventaret og reolsystemet vart levert av det tyske firmaet Lipman, som også stod for monteringa med eigne fagfolk frå Tyskland. I 1912 var heile magasinbygget ferdigmåla innvendig og reolsystemet var komplett.

Frå først i juni fram til slutten av august 1910 stansa murarbeidet på grunn av streik.⁵⁷⁴ I 1911 var administrasjonsbygningen ferdig utvendig med tak og overlys, og utover hausten 1913 vart bygget gradvis ferdig. I samsvar med den nøkterne lina for heile byggeprosessen, vart brukbare deler av inventaret i det gamle biblioteket flytta til dei nye lokala. Men med ei ekstraløyving på kr. 80 000 fekk dei nye lesesalane *et gedigent inventar i polert mahogny*.⁵⁷⁵ Trass den gjennomførte nøkterne lina vart dermed dei viktigaste publikumsareala både representative og verdige. Det var viktig at ein nasjonal symbolinstitusjon som Universitetsbiblioteket gav eit solid inntrykk. Emanuel Vigeland (1875-1948) stod for den første kunstnarlege utsmykkinga av bygget med ornamentikk og symbolske figurar i lys fresco i forhallen og takmaleri av to oppslåtte gamalnorske codices (handskrifter) over hovudtrappa.⁵⁷⁶

Det nye bygget var heilt eldfast med fire personheisar og ein bokheis. Der var også husetelefon med 33 *stationer* og dobbel røyrrpost mellom utlånskontoret og Norske avdeling. Om bygget var nøkternt, så var det også moderne. Her var «[...] elektrisk støvsugeranlæg med 6 hesters motor med kobling i alle rum, 12 vandklosetandlæg, koldt- og varmtvandsanlæg med 10 toiletvasker og 2 bad, dampcentralopvarmning og kunstig tilførsel av frisk og avtræk av bedærvet luft i alle rum(«vifter»...).»⁵⁷⁷ Moderne teknologi og funksjonell arkitektur prega det nye biblioteket.

4.1.3 Flytting

1. november 1913 starta hovudflyttinga frå det gamle biblioteket. Det var eit omfattande arbeid med store praktiske og logistiske utfordringar. Der krevde både god planlegging på førehand og god leiing under sjølve flyttinga: ”En saa stor og vanskelig flytning maatte naturligvis forberedes i god tid og planlægges til de mindste detaljer, saa maskineriet kunde

⁵⁷⁴ *UB's aarsberetning 1910-15* : 6.

⁵⁷⁵ *UB's aarsberetning 1910-15* : 7.

⁵⁷⁶ Det eine er frå Magnus lagabøtes landslov og det andre frå Snorres heimskringla. Dei store frescomåleria av Per Krohg (1889-1965) og Axel Revold (1887-1962) i trappehallen kom på 1930-talet.

⁵⁷⁷ *UB's aarsberetning 1910-15* : 7.

virke uten at klikke paa noget punkt.”⁵⁷⁸ Før flyttinga var det viktig å få eit fullstendig oversyn over samlingane i det gamle bygget, der dei ulike avdelingane sin opphavslege orden (hylleoppstilling) var broten på grunn av plassmangel for tilveksten. I 1910 viste ein gjennomgang at biblioteket sine organiserte boksamlingar dekkja 11 001 meter, det skulle svare til ein bokmasse på 550 050 band. I tillegg kom dublettar, ubehandla gåver, kart og plansjar.⁵⁷⁹ Det var viktig at samlingane kom på rett plass, dvs. rett hylle, i nybygget med ein gong. Feiloppstillingar ville forplanta seg og skapa rot og meirarbeid i ettertid.

Bøkene vart pakka i kasser slik at dei kunne stillast direkte opp på dei nye hyllene. Dei vart lagde på magen i tre høgder i kassene som var 50x80x50 cm. Samstundes vart bøkene grundig rensa for å ikkje få inn støv i nybygget. I tillegg til biblioteket sitt eige personale, måtte ein leiga inn mannskap frå transportbyrå og få laga høvelege transportkasser. Flytteutgiftene vart dekkja av ekstraløyvingar.⁵⁸⁰

Bibliotekpersonalet pakka bøkene ned i det gamle biblioteket og tok i mot dei i det nye biblioteket. Transporten frå det gamle til det nye biblioteket gjekk med hestevogner. I august 1913 byrja ein å flytta avissamlingane. 29. oktober 1913 stengte utlånskoret i Domus Bibliotheca, men den gamle lesesalen var open heilt fram til jul. Drolsum og resten av staben var stolte over at biblioteket ikkje var stengt ein einaste dag under flyttinga.

Hovudflyttinga til nybygget var ferdig 18. november. Flyttinga av Norske avdeling vart gjort etter sjølve hovudflyttinga. Det nye utlånet opna 16. desember. Lesesalopninga vart forseinka på grunn av målararbeid, men i jula vart referansesamlinga i den gamle lesesalen pakka og flytta til den nye salen.

4.1.4 Opning

”[...] 2. januar 1914 kunde Universitetsbiblioteket aapne fuld drift i sit nye hjem. Saaledes begyndte jubilæumsaaret” proklamerte ein byrg overbibliotekar i den samla årsmeldinga for åra 1910-15.⁵⁸¹ Rett nok vart byggeperioden lenger enn planlagt, men no var dette gløymt. Drolsum kunne fryda seg over at nybygget stod klart til 100-årsmarkeringa for grunnlovsåret

⁵⁷⁸ *UB's aarberetning 1910-15* : 8.

⁵⁷⁹ *UB's aarsberetning 1910-15* : 8.

⁵⁸⁰ ”Til forberedelse av denne [flytningen] blev der for budgetaaret 1911-12 bevilget kr. 1 000,00 og paa hver av de to følgende budgetter kr. 6 000,00. Herav medgikk til den egentlige flytning omtrent kr. 9 000,00; derav til vekomende flyttebureau og til transportkasser kr. 6 972,67.” *UB's aarsberetn. 1910-15* : 8.

⁵⁸¹ *UB's aarsb. 1910-15* : 13.

1814. I ettertid er det nok den store nasjonale jubileumsutstillinga i Frognerparken frå mai til oktober 1914 som vert hugsa best frå jubileumsåret, men at den jubilerande nasjonen også fekk nytt universitets- og nasjonalbibliotek dette året kan og vera verd å minnst.

Den offentlege overleveringa frå byggekomiteèn ved formannen arkitekt Ove Ekman til Universitetet ved rektor Morgenstjerne var 12. januar. 17. januar besøkte kong Haakon VII og dronning Maud (1869-1938) bygget og fekk omvising av overbibliotekar, rektor og arkitekt. Dagen etter hadde Universitetet invitert det offisielle Noreg: regjering, Storting, Høgsterett, det diplomatiske korps, formannskap og representantar for vitskap, kunst og næringsliv til sitt nye bygg. Om lag 400 personar var samla til denne storhendinga. Her tala rektor om biblioteket si oppgåve som riksbibliotek og takka styresmaktene på vegne av Universitetet. Sjølv om biblioteket var ein universitetsinstitusjon, så var det også noko meir. Dette tok også statsråd Aasulf Bryggesaa (1856-1922) opp, då han repliserte eit ønskje om at biblioteket sine skattar måtte bli til glede for land og folk. Såleis poengterte statsråden at dette var eit bygg for heile nasjonen.

Det nye biblioteket var eit symbol på kulturell nasjonalisme og byrgskap. Opninga av det nye biblioteket høvde såleis fint inn i den tidsstemninga som rådde i Noreg i første halvdel av jubileumsåret 1914. I denne tida fram mot utbrotet av første verdskrig var stemninga både i Noreg og internasjonalt prega av optimisme og framgangstru. Det kjende sitatet som er tillagt statsminister Gunnar Knudsen om at den internasjonale politiske himmel i sjelden grad var skyfri, var nok ei vurdering mange delte. Katastrofa i kjømda av attentatet i Sarajevo 28. juni 1914 var det knapt nokon som hadde kunna førestella seg.

4.1.5 Internasjonal presentasjon av nybygget

Det nye biblioteket vart presentert for eit nordisk bibliotekpublikum av universitetsstipendiat (og seinare professor i kyrkjehistorie) Oluf Kolsrud (1885-1945) i det aller første nummeret av *Nordisk tidskrift för bok och biblioteksväsen* (1914, nr. 1: 19-33). Dette tidsskriftet var eit felles nordisk organ for bibliotek, bibliotekhistorie, trykkerihistorie, bokhistorie, bibliofili, bibliografi etc.⁵⁸² For eit vidare internasjonalt publikum skreiv Wilhelm Munthe i *Zentralblatt*

⁵⁸² Kolsrud var medredaktør i dette nye nordiske prosjektet. Hovudredaktør var den svenske bibliografen, bokhistorikaren og frå 1918 riksbibliotekarie Isak Collijn (1875-1949). Dansk redaktør var Victor Madsen (1873-1941), bibliotekar og bibliograf ved Det kongelige bibliotek og finsk redaktør var Georg Schauman (1870-1930), politiker, bibliotekforskar og overbibliotekar ved Helsingfors UB frå 1918.

für Bibliothekswesen.⁵⁸³ Munthe sin presentasjon kom også i den amerikanske *Library Journal* og i eit russiske tidsskrift.⁵⁸⁴

Kolsrud var aldri tilsett på UB, men som ein svært kjeldenær og tverrfagleg kyrkjehistorikar var han nært knytt både til bibliotek og arkiv. Han samla, registrerte og gav ut historiske kjelder.⁵⁸⁵ I den gjennomillustrerte artikkelen framheva Kolsrud for eit nordisk publikum det nøkterne, funksjonelle og ikkje minst det som han meinte var det nasjonale ved det nye biblioteket: ”Facaden er enkel, uvand, tung og verdug, utan uturvande krot, som det sømer seg ein biblioteksbygnad; det er noko hardt norsk fjell ved han.” Her tok nok Kolsrud litt kraftig i, men han var ikkje åleine om det. I samtida vart fasadar i hogd naturstein, såkalla råkopp, karakterisert som ein nasjonal stil henta frå sjølvaste Mor Noreg, men sjølv om det kunne framstå som typisk norsk med grov stein, var denne byggestilen eit internasjonalt fenomen i tida.⁵⁸⁶

Kolsrud framheva også den minimalistiske og funksjonelle lesesalen. Han understreka korleis denne skilde seg frå mange andre bibliotek: ”Lesesalen plar ellest vera eit show room i dei store bibliotek; turistane kjem daa rennande og skal sjaa, og uroar dei lesande. I lesesalen her er det ikkje noko ekstra dramb og drust aa glo paa.” Kolsrud nemnde ikkje noko døme på det han kalla show-room og nokon særleg stor turisttrafikk på lesesalar i *dei store bibliotek* var det vel neppe i 1914. At lesesalen på UB ikkje var noko show room skuldast dessutan først og fremst dei økonomiske rammene for bygget. Uansett, sett under eit var det nye biblioteket, i følge Kolsrud, eit svært vellukka bygg:

Den dom er fallen um projektet til hus for det norske UB, at det er økonomisk, for det gjev so utruleg mykje for pengarne, - det er moderne, for det er paa høgd med biblioteks-teknikken i vaar tid, - det er fyresjaaande for det tek tilbørlegt omsyn til framtid [...] Det kann jamvel segjast so stort eit ord, at det nye UB i Kristiania er eit mynster paa ein praktisk biblioteks-bygnad, og snaudt noko av dei bibliotek, som til denne stund er bygde, gaar framum det i den vegen. Huset er til sann æra for baade

⁵⁸³ *Zentralblatt für Bibliothekswesen*, März 1914, XXXI. Jahrg., 3. Heft, März 1914: [99]-104.

⁵⁸⁴ Referat m.tit “The Royal University [library] at Christiania”, i *The Library Journal*, 1914 . Vol. 39, 1914: 684-686. “Gjengitt på russisk i *Bibliotekar*, Petrograd 1915.” Jf. F. Erichsen, Overbibliotekar Wilhelm Munthes trykte arbeider, i *Overbibliotekar Wilhelm Munthe på femtiårsdagen* [...], Oslo 1933: [493].

⁵⁸⁵ «Selv om Kolsrud behersket kildene, behersket også kildene ham. Grundighet var hans styrke, men også hans svakhet» jf. H.Fæhn, Kolsrud (Nils) Oluf, bd. 5 i, *Norsk biografisk leksikon*, Oslo 2002: 324.

⁵⁸⁶ A. M. Tretvik, Grenda blir global: Om det globale i det lokale og det lokale i det globale, *Heimen* 2011, 2: 116-117 og N. G. Brekke, *Norsk arkitekturhistorie: Frå steinalder til det 21. hundreåret*, Oslo 2003: 290-93.

overbibliotekar og byggmeister. Og det norske aandslivet vil finna ein verkstad der, so god som det kann ynskja seg.⁵⁸⁷

For Kolsrud var det nye biblioteket eit nasjonalt løft som også var framståande i internasjonal samanheng. UB synt på ein nøktern og funksjonell måte at Noreg var ein moderne kulturnasjon. Universitetsstipendiat Kolsrud verka til å vera like stolt som Drolsum sjølv og bibliotekpersonalet over denne nye monumentalbygningen i hovudstaden.

Wilhelm Munthe sin tyske presentasjon var meir nøktern i forma og illustrert med arkitektheikningar, men den var ikkje mindre rosande i innhaldet. Medan Kolsrud var ein varm støttespelar for biblioteket og ivrig brukar av det, var Munthe ein av biblioteket sine egne. Han hadde arbeidd i UB sidan 1903 og i 1922 vart han overbibliotekar. Munthe skreiv denne artikkelen medan han hadde permisjon frå UB. Han var i Berlin med stipend for å studera paleografi og diplomatikk.⁵⁸⁸ Drolsum korresponderte med Munthe om artikkelen, og overbibliotekaren ville gjerne at Munthe skulle koma før Kolsrud:

Men skynd Dem, for O.Kolsrud skriver paa en Artikel om samme Emne for det nye Bibliotheks-Tidskrift, som skal startes i Stockholm under Hr. Collijns Auspicier. Man vilde have mig til at gjøre det, men jeg kunde ikke finde Tid, og dessuten havde jeg sat mig i Hovedet, at jeg først vilde skrive i ”Zentralblatt”. Jeg sogner ikke til Stockholm. Nu gjør De det, og jeg glæder mig – som sagt - til det.⁵⁸⁹

Kva Drolsum la i setninga om at han ikkje sokna til Stockholm går ikkje fram, men at han ønskte den tyske artikkelen er forståeleg. Medan det nordiske tidsskriftet var så nytt at det førebels ikkje var kome nokon utgivingar, så var *Zentralblatt* eit etablert tidsskrift som hadde kome ut sidan 1884: Det var eit sentralt internasjonalt bibliotekvitskapleg tidsskrift i ei tid då tysk var det dominerande framandspråket i Europa.⁵⁹⁰ Munthe sin artikkel ville såleis også nå eit publikum utanom Norden.

⁵⁸⁷ *Nordisk Tidskrift för Bok- och Bibliotekväsen*, 1914, 1: 31+32+33.

⁵⁸⁸ «Efter embedseksamen fikk M[unthe] Gustav Bruuns legat for i årene 1913-14 å studere middelalderisk paleografi og diplomatikk, særlig norrøn ved Universitetet i Berlin og bibliotekene i Kjøbenhavn, Stockholm og Uppsala», W.P. Sommerfeldt, Munthe, Abraham Wilhelm Støren, i bd. 9, *Norsk biografisk leksikon*, Oslo 1940: 515.

⁵⁸⁹ Spørck (utg.) 2011: 313. Heile korrespondansen med Munthe om artikkelen er på ss. 311-320+322-326

⁵⁹⁰ Tidsskriftet var grunnlagt av den prøysiske kulturpolitikaren og byråkraten Friedrich Althoff (1839-1908). Det var «[...] zum Organ des gesamten Berufsstandes der wissenschaftlichen Bibliothekare entwickelte und

I artikkelen poengterte Munthe dobbeltrollen til det nye Universitetsbiblioteket i Kristiania, det var også norsk nasjonalbibliotek

[...] dass unsere Universitätsbibliothek zugleich die norwegische Nationalbibliothek ist, und deshalb alle Pflichtablieferungen und sonstige Norwegica als besondere Abteilung mit eigenem Personal von der Hauptmasse der Bibliothek getrennt werden.⁵⁹¹

Munthe framheva deretter overbibliotekaren sin lange innsats for biblioteket. Først hadde han utnytta dei gamle lokala heilt maksimalt til det ikkje var plass meir. Dei dårlege grunnforholda gjorde ei vidare utbygging av dei gamle lokala svært vanskeleg. Behovet for meir var prekært, og Drolsum hadde så gjennom lang tid arbeidd for nye lokale utan å få gjennomslag. Først under Brøgger sitt rektorat fekk Drolsum gjennomslag.

4.1.6 Utstillingar

Universitetsbiblioteket var først og fremst ein stad for bøker, men med det nye bygget var det også (førebels) betre plass. Det nye biblioteket hadde også ein utstillingssal. Utstillingar kunne supplera biblioteket som formidlar av kunnskap og kultur og dei kunne også skapa auka interesse for institusjonen og samlingane. I glasskåp langs veggane var der permanent utstilling av norske klassikarar frå Holberg til Kielland, både i original og omsetjing, samt biografiar og kommentarar etc. I tillegg var der to lange glasmontrar for ulike skiftande utstillingar. Her kunne biblioteket syna fram enten godbitar frå eigne samlingar eller innlånt materiale frå andre institusjonar til tematiske utstillingar og markeringar.

Utstillingssalen vart innvigd 16. mai 1914 "[...] med en ganske rikholdig jubilæumsutstilling."⁵⁹² Utstillinga inneheld mykje materiale "[...] til belysning av begivenheterne i 1814" i ulike format, m.a. 14 utgåver av grunnlova frå 1814 og trykk frå svenske og norske feltpresser. I tillegg til det gamle materialet var det også eit utval "[...] av jubilæumsaarets litteratur, fra de store pragtverker, statsfestskrifter og klassikerutgaver ned til "mindealbum" og "historiske prospektkort." Rikest var samlingen av by- og

nicht mehr von einer überragenden Herausgeberfigur alleine abhing.» U. Jochum, *Kleine Bibliotheksgeschichte*, Stuttgart, 2007: 130.

⁵⁹¹ *Zentralblatt für Bibliothekswesen*, 1914, März: 101.

⁵⁹² *UB's aarsberetning 1910-1915*: 31.

bygdebeskrivelser, som jo i 1914 hadde et sandt kronaar.”⁵⁹³ At det var eit rikt tilfang av lokalt materiale i jubileumsåret viste at heile landet var opptatt av markeringa. Utstillingslokalet gav høve til å visa fram materiale frå magasinane som var utilgjengelege for publikum og utstillingar kunne vera god reklame for biblioteket.

I 1916 var det 300-årsmarkering sidan William Shakespeare (1564-1616) døydde, i 1917-18 var det 400-års markering av reformasjonen og 200-årsmarkering sidan biskop Johan Ernst Gunnerus vart fødd. I 1919 var der ei markering av nyare norske boktrykk og 200 år sidan historikaren Thormod Torfæus (1636-1719) døydde. I dei tre siste åra av Drolsum si stringstid såg det ikkje ut til å ha vore nokon ekstra markeringar eller utstillingar.

4.1.7 Bibliotekkomitéen av 1912

Uansett kor nøkternt det var planlagt, så måtte overgangen til det nye bygget by på utfordringar og endringar. Det galdt både organisasjonsform og personale. 9. november 1912 utnemnde Det akademiske kollegium ein komité ”[...] til at ta under overveielse og eventuelt avgi forslag om mulige forandringar i Universitets-Bibliotekets indre organisation og dets tjenestemænds lønsvilkaar.” Medlemer var Drolsum (*formand*), professorane Koht og Wille, bibliotekar Hjalmar Pettersen (1856-1928) og stortingsbibliotekar Karl Fischer (1861-1939). 16. november vart i tillegg bibliotekar A. Kjær utnemnd til medlem.⁵⁹⁴

Drolsum hadde foreslått at komitéen først såg på lønene i biblioteket. Det var levert eit innspel i 1913, men først i 1918 vart forslaget til ein viss grad tatt til følge. Samstundes vart bibliotekartitlane endra til førstebibliotekar med lønstillegg på 500 kr og amanuensane fekk bibliotekartittel med lønsauke på 600 kr.⁵⁹⁵ Dermed endra stillingstitlane i biblioteket seg frå dei andre faglege titlane på Universitetet og vart no reint bibliotekfaglege. Dette var ei spesialisering, profesjonalisering og synleggjering av biblioteket og arbeidet der.

At lønsspørsmålet og stillingsnemningane hadde tatt så lang tid, kan nok tilskrivast at heile lønsregulativet for alle universitetsfunksjonærar var under revurdering.⁵⁹⁶ Lønsspørsmålet var

⁵⁹³ UB's aarsberetning 1910-1915: 31.

⁵⁹⁴ Det Kongelige Frederiks universitets aarsberetning for beretningsaaet 1912-1913 : 17.

⁵⁹⁵ Frå 1. juli 1918 var årsløna for førstebibliotekar kr. 5000, som auka med kr 500 etter 5, 10 og 15 års teneste til kr. 6 500 og for bibliotekarane kr. 3 200 som auka med kr 400 etter , 3, 6, 9, 12, 15 og 18 års teneste til kr. 5 600

⁵⁹⁶ UB's aarsberetning for 1918: XXXVIII-XXXIX.

viktig for rekrutteringa til biblioteket og i UB si årbok for 1918 skreiv Drolsum om lønsjusteringa:

De verste misforhold er altså nu rettet på; men fremdeles er bibliotekets lønninger lavere enn tilsvarende etaters. For rekrutteringens skyld er det av vital interesse å få lønningene så høie at folk med medicinsk, juridisk eller naturvidenskapelig utdannelse kan finne sig tjent med å tre inn i bibliotekets tjeneste.⁵⁹⁷

Akkurat dette ønsket var nok litt ambisiøst, om bibliotekarbeidet vart betre betalt, så var det vel neppe lønene i seg sjølv som lokka til arbeid i biblioteket. Først i 1968 fekk Universitetsbiblioteket tilsett ein medisinar.⁵⁹⁸

Det tok lang tid frå utnemninga til komitéen endeleg avslutta oppgåva si. Først 28. november 1918 vart resten av innstillinga levert til kollegiet.⁵⁹⁹ At komitéarbeidet strekte seg over så lang tid kan tilskrivast fleire forhold. Komitéen forklarte sjølv i innleiinga to hovudgrunnar til at arbeidet hadde dratt ut i tid: For det første trongst ei viss røynsle over tid frå arbeidet i det nye bygget før ein kunne vurdera dei nye forholda. Det trongst mellom anna for å kunna gi ei solid/kvalifisert vurdering av forholdet mellom større og moderne lokale og bemanning?⁶⁰⁰ Vidare hadde internasjonale forhold påverka biblioteket sine rammer og verka til å dra ut komitearbeidet: ”Dernest kom der et tidspunkt, da den budgetvanskelighet, som verdenskrigens utbrudd voldte, nedsatte bibliotekets ydevne for et tidsrum, som ikke på forhånd kunde beregnes, og efter en tid, da ekstraordinær bevilgning og øket annuum la et sterkt beslag på arbeidskraften i ganske enkelte retninger i tjenesten.”⁶⁰¹ I tillegg var nok også komitémedlemene travle personar med mange arbeidsoppgåver.

Komitéen hadde beskrive og analysert alle oppgåver og verksemder i heile biblioteket; desse vart sortert i 13 deler og funksjonar og behandla kvar for seg. Ein hadde sett på korleis kvar del burde drivast og kva tiltak som kunne gjerast for få betre drift, og også kva type av

⁵⁹⁷ *UB's aarsberetning for 1918* : XI-XLI.

⁵⁹⁸ M. Fonnum og K. Halldal, *På vandring: Medisinsk avdeling av Universitetsbiblioteket i Oslo ved 200-års jubileet 2011*, Oslo 2011: 32.

⁵⁹⁹ Eit utdrag av innstillinga vart trykt i *UB' årbok 1919* : XV-XVIII. Heile utgreiinga finst i RA/S-2868/Fj/L0003: Biblioteksaken. Utredning av spørsmålet om Universitetsbiblioteketets overgang til selvstendig Riksbibliotek 1895-1931: *Bibliotekskomiteens store utredning av 28. nov. 1918*.

⁶⁰⁰ *Bibliotekskomiteens store utredning av 28. nov. 1918*: 1.

⁶⁰¹ *Bibliotekskomiteens store utredning av 28. nov. 1918*: 1. I *UB's aarbok for 1916* skreiv Drolsum på s. X at departementet ikkje våga auka annuum på grunn av dei ekstraordinære budsjettmessige vanskaner som ein venta at krigen kunne føra til. Stortinget var samd og 20. mars 1915 fekk UB på nytt kr. 60 000 i annuum.

arbeidskraft *der heldigst kan anvendes innen hver branche*.⁶⁰² Forslaga sikta mot meir moderne effektive og rasjonelle metodar å driva biblioteket på.

Etter å ha analysert heile bibliotekorganisasjonen, kom komitéen med fleire forslag til nyordning.⁶⁰³ For det første burde det skipast eit bibliotekråd til støtte for overbibliotekaren. Rådet skulle vera samansett av førstebibliotekarane og dei to bibliotekarane med lengst tenestetid. Dette burde vera eit rådgivande kollegium om biblioteksaker og særleg det årlege budsjettet. Organisasjonen var vorten så stor og mangfaldig at overbibliotekaren no hadde behov for eit formalisert rådgivande kollegium.

Arbeidsleiinga i biblioteket burde delast mellom fire førstebibliotekarar, i staden for to som no. Det ville då bli særskilde sjefar for Norske avdeling, for katalogane, for utlån og for handskriftsamlinga. Dette ville synleggjera og gi autoritet til kvar avdeling og kvart fagfelt. Nasjonalbibliotekavdelinga, Norske avdeling, vart då ein av fire likeverdige pilarar i biblioteket. Komiteen framheva også behovet for ei meir strukturert ordning for innkjøp der enten bibliotekpersonale med spesiell fagkunnskap eller anna universitetspersonale kunne følga opp særskilde fagfelt.⁶⁰⁴ Om utlansreglementet meinte komitéen at det burde vurderast særlege reglar for universitetslærarar. Dessutan burde det bli større utlanspersonale slik at purring og inndriving av bøker som ikkje var returnerte innan lånefristen kunne følgjast betre opp. Dette var svært viktig:

Det vilde være av viktighet å få satt en stopper for publikums nuværende store tilbøielighed til uten videre å beholde bøker utover utlånsterminen og endog til å være indladelse av utlånte bøker ganske overhørig. En regelmessig innlevering av utlånte bøker vil ikke alene være av betydning for utlånet, men også for arbeidet på den systematiske katalog, som hittil har været ikke lite generet ved altfor langvarige utlån.⁶⁰⁵

⁶⁰² Dei ulike delene var: A. Overledelsen, B Bokkjøp, C Bytteforbindelse, D Katalogisering, E Innbinding, F Bøkernes opstilling, G Utlån a Hjemlån b Lesesalens benyttelse, H Kartsamlingen, I Samlingen av plancheverker, portretter, prospekter, m.m., J. Samlingen av musikalier, K Håndskriftsamlingen, L Trykte publikationer, M Arbeidet ved den norske avdeling. Jf. *Bibliotekskomiteéns store utredning av 28. nov. 1918*: s.2

⁶⁰³ *Bibliotekskomiteéns store utredning av 28. nov. 1918*: 27.

⁶⁰⁴ Systemet med fagreferantar var prøvd alt i 1870-åra, men vart stansa då innkjøpsforslaga deira langt overskreid disponible middel. No var det tatt opp att av komiteen og gradvis tatt i bruk utover 1920-talet, men fann først si endeleg form i 1954 med ei fordeling av innkjøpsbudsjettet på dei ulike fagområda. Jf. Tveterås 1961: 120.

⁶⁰⁵ *Bibliotekskomiteéns store utredning av 28. nov. 1918*: 13-14.

Universitetsbiblioteket hadde vorte ein langt mykje større og meir differensiert organisasjon enn då Drolsum starta der i 1870. Sjølv om han stadig var leiar, kunne han ikkje dra heile lasset åleine lenger. Leiarstrukturen som komitéen foreslo ville krevja at det vert etablert to nye førstebibliotekarstillingar, men elles ville ikkje komitéen gå i detaljar om framtidige personalbehov. ”Her lar det sig ikke sette op nogen faste grenser, og det ligger heller ikke innenfor vort mandat.”⁶⁰⁶ Gradvis vart mange av innspela til Komitéen av 1912 tatt til følge, men dette skjedde i det vesentlege etter Drolsum si tid.⁶⁰⁷ Komitéen hadde også ein grundig gjennomgang av arbeidet og ressursane ved Norske avdeling. Det blir tatt opp i neste kapittel.

Bibliotekkomitéen av 1912 var eit initiativ frå Universitetet. Komitéen si utgreiing i 1918 kom nesten 40 år etter Drolsum si store utgreiing i 1880. Ein vesentleg skilnad mellom desse to viktige utgreiingane var at første gongen var det overbibliotekaren som på eige initiativ tok opp biblioteket sin rolle og behov. No var det eit institusjonelt initiativ frå Universitetet. Det viser at forholda både hadde utvikla og endra seg innan Universitetet. Noko anna som også hadde endra seg sidan Drolsum si utgreiing var at det norske bibliotekfeltet hadde blitt større.

4.2 Fleire på banen

4.2.1 Eit breiare biblioteklandskap

I arbeidet for å posisjonera UB som samfunnsinstitusjon hadde Drolsum like frå han kom i posisjon poengtert at denne institusjonen var det einaste biblioteket av internasjonalt format i Noreg. Det var også rett, men bibliotekfeltet i Noreg var samstundes meir enn UB og det endra seg i Drolsum si tid.

Det norske bibliotekfeltet har tradisjonelt vore delt i to: På den eine sida folkebiblioteka og på den andre sida fag- og forskingsbiblioteka; folkebiblioteka har hatt ei allmenn samfunnsmessig oppgåve, medan fag- og forskingsbiblioteka var integrerte i ein overordna eigarinstitusjon, t.d. Bergens museum og vitskapselskapet i Trondheim.

Om lag samstundes og litt før UB gjekk gjennom eit hamskifte med flyttinga frå Domus bibliotheca til nybygget, skjedde det også eit paradigmeskifte innan folkebiblioteksida i Noreg. Det vaks fram ein ny bibliotekoffentlegheit med *biblioteksaken* som fanesak.

⁶⁰⁶ *Bibliotekskomiteéns store utredning av 28 nov. 1918*: 28.

⁶⁰⁷ *Tveterås 1961*: 120-121.

Utbygging av folkebibliotek og spreing av folkeopplysing var sentrale tema. Det var ei samansmelting av ein norsk folkeopplysingstradisjon og amerikansk pragmatisme.⁶⁰⁸ Blant dei sentrale personane bak dette nye opplysningsprosjektet var heimvende nordmenn med eigne røynsler frå feltet i USA. Denne vendinga var ei blanding av praktiske løysingar og ideologi. Arbeid i folkebibliotek var mest som eit kall.

Eit viktig vilkår for denne bibliotekoffentlegheita, som kom ovanfrå, var ei veksanade interesse for folkebiblioteka som skuldast den generelle samfunnsutviklinga der særleg ålmenn grunnskule bidrog til auka lese- og kunnskapstørst. Dette var eit anna lesande publikum enn Drolsum sine videnskabsdyrkere.

I eit forenkla oversyn over norsk folkebibliotekutvikling kan nokre moment nemnast: Påbod om konfirmasjon 1736 og ålmenn skulegang 1739 kravde leseferdigheit. Frå 1770-åra og framover fekk mange byar og bygder leseselskap og boksamlingar som var opne for folk som budde innafør eit bestemt distrikt, arbeidde innafør eit bestemt yrke, eller som var medlem av ei bestemt forening. Dei såkalla potetprestane gjorde også ein betydeleg innsats for å spreia nyttig kunnskap, som igjen førte til skiping av landbruksselskap som også organiserte leseselskap. Dette var opplysingstida. Frå slutten av 1700-talet og fram gjennom heile 1800-talet var det mange tiltak for å føra god og nyttig litteratur fram til stadig større krinsar av folk kring i landet. Grunnlaget for fleire folkebibliotek vart lagt med donasjonar frå interesserte borgarar.⁶⁰⁹ Andre initiativ kunne koma frå bestemte samfunns- og kulturmiljø i byane eller bygdene.⁶¹⁰ Eit reint kommersielt fenomen var dei såkalla leigebiblioteka, som mot kausjon og betaling lånte ut etterspurt og populær litteratur. Slik verksemd var gjerne knytt til ein bokhandel. Gjennom siste halvdel av 1800-talet var det omlag 30 slike forretningsmessige tiltak i hovudstaden.⁶¹¹

Formannskapslovene i 1837 opna for lokalt sjølvstyre og knytte dei lokale folkebiblioteka mot det offentlege. Frå 1837 kunne også prestegjeld som ville skipa bibliotek få tilskot frå Oplysningsvæsenets Understøttelsesfond, og frå 1876 kom pengestøtte til folkeboksamlingar fast på statsbudsjett. Desse boksamlingane kring i landet var ofte lagde til eit kommunalt lokale, t.d. skulestova, og den lokale læraren hadde gjerne ansvar utan løn. Det var små og

⁶⁰⁸ R. Slagstad, Nasjonalbiblioteket som samfunnsinstitusjon i *Kunnskapens hus*, Oslo 2006: 320.

⁶⁰⁹ T.d. biskop Carl Deichman (1784-1840. Ringdal, 1985:18-25.

⁶¹⁰ I 1797 etablerte opplysningspioneren Rasmus Aarflot (1759-1817) i Ørsta eit fritt utlånsbibliotek med 104 av sine private bøker. J. Fet, Aarflot, Sivert Knutsson, *Norsk biografisk leksikon*, b. 10. Oslo, 2005: 161.

⁶¹¹ Ringdal : 84.

primitive forhold. Eit vilkår for løyvinga var at dei lokale styresmaktene ytte same sum som den statlege løyvinga. Det var ikkje noko samordning eller koordinering av korleis løyvingane vart nytta.

Ein tidleg pioner for folkebibliotek var diktaren Henrik Wergeland. Mellom dei mange gjeremåla han vann over i sitt korte, men svært aktive liv, var også eit ihuga folkeopplysingsarbeid i skrift tale og gjerning. Seinare viktige personar for å fremja folkebibliotek i denne perioden var Ole Vig (1824-57)⁶¹² og Eilert Sundt (1817-75). Vig var redaktør for bladet *Folkevennen*, som var etablert av Selskabet for Folkeopplysningens Fremme (1850). Selskapet var skipa av ei gruppe kristianiaborgarar og for å dempa sosial uro i samtida?⁶¹³

I første hefte av *Folkevennen* synte Vig ei liste over bøker som han meinte skulle vera eit rådgevande utval for folkebibliotek. Eilert Sundt vart redaktør i bladet etter Vig, og i 1863 publiserte han *Beretning om Almuebiblioteker i Norge* i 1863.⁶¹⁴ Teologen Sundt var ein pioner i norsk samfunnsforskning og ein føregangsmann og reformator på mange vis.

Frå slutten av 1800-talet og endå meir frå byrjinga av 1900-talet kom initiativ frå styrande organ i kommunane. Dette varierte mykje kring i landet og først i 1935 kom den første norske lova om folke- og skulebibliotek i Noreg.⁶¹⁵ Dei ulike tidlege initiativa på folkebibliotekfeltet var prega av patronisering der opplysning, informasjon og lesing skulle ut til ålmenta frå eit elitært nivå gjennom utvald litteratur.

4.2.2 Amerikansk påverknad

Eit vendepunktet var at ideologi og praksis frå den amerikanske biblioteksutviklinga frå 1890-talet og framover vann fotfeste på folkebibliotekfeltet i Noreg. Dette var ei praktisk vinkling der biblioteket skulle vera ein reiskap for at kvar borgar skulle tileigna seg nyttige kunnskapar

⁶¹² Ole Vig sitt liv og virke er analysert i ein ny bibliografi: Arild Bye, *Folkevennen Ole Vig*, Oslo, Aschehoug, 2014.

⁶¹³ «De borgerlig-nasjonale ledere [av selskapet] viste i høy grad grad verbal omsorg for den samfunnsmessige helheten, men denne omsorgen var samtidig tuftet på hensynet til egne klasseinteresser. Folkeopplysning representerte et viktig og effektivt middel, trodde de, for å dempe politisk opprør fra underklassene –thranittene hadde på denne tida allerede satt en kraftig støkk i de eiendomsbesittende makthaverne. Derfor det kanskje heller ikke merkelig at dette folkeopplysningsselskapet oppnådde en betydelig respekt i samtida, faktisk skal det ha nådd bortimot en «Statsmagts Anseelse.» E. Annaniassen og G. Vestheim, *Bok over land. Trekk ved Statens bibliotekstilsyns historie*, Oslo 1999: 27.

⁶¹⁴ *Folkevennen. Et Tidsskrift udgivet af Selskabet for Folkeopplysningens Fremme*. Tolvte Aargang. Kristiania. 1863. ss. 43-75

⁶¹⁵ Oversynet er vesentleg bygd på G. Munthe, ms.: 140-46 og Annaniassen og Vestheim, 1999. passim.

for å skapa si eige lukke i eit samfunn prega av veldig innvandring. Innvandarane hadde ulik bakgrunn frå ulike land og kulturar. Suksess var basert på personleg innsats, men kvar og ein måtte sikrast høve til å hjelpa seg sjølv. Biblioteka vart med dette stadig tydelegare kunnskaps – og utdanningsinstitusjonar, nærast som vaksenopplæringsinstitusjonar. ”De [dvs. bibliotekene] fikk en nesten etisk-religiøs begrunnelse. Selvlærte millionærer - som Andrew Carnegie (1835-1919) - ga store beløp til biblioteksaken, og det ble utviklet effektive og publikumsorienterte bibliotekrutiner.”⁶¹⁶ Denne amerikanske vendinga dreidde seg mellom anna om opne hyller der publikum sjølv fekk direkte tilgang til samlingane i biblioteket. Dette var dei same tankar Alfred Eriksen var inne på i Stortingsdebatten om UB sitt nybygg. Det kom eit nytt funksjonelt klassifikasjonssystem [Deweys desimalklassifisering, utvikla av Melvil Dewey (1851-1931)]. Det kom eigne utdanningsinstitusjonar for bibliotekarar, og det vart etablert ein organisasjon og eit tidsskrift for å fremja biblioteksaka i samfunnet (American Library Association og *Library Journal* 1876).

Denne type bibliotek hadde ein faktisk nytteverdi for publikum. Den amerikanske presten og sosialreformatoren Henry Ward Beecher (1813-87) definerte biblioteket slik: ”A library is not a luxury, but one of the necessities of life.”⁶¹⁷ Gjennom sjølvstudiar kunne ein tileigna seg yrkeslivet sine behov og krav, og dermed arbeida seg opp og fram. Biblioteket var eit hjelpemiddel for å oppfylla den amerikanske draumen om å skapa si eiga lukke. Det var nyttige kunnskarar, folk trong ikkje lærdom i seg sjølv. Her var det heller praktisk nytte enn danning og vitskap som var målet.

Denne praktiske amerikanske tilnærminga stod i motsetnad til ein meir eksklusiv og elitær europeisk danningstradisjon der biblioteket gjerne heva seg over dei breie folkemassar. Det gamle biblioteksystemet hadde vore i tysk tradisjon og vore prega av ein lukka museumstradisjon med kontroll.⁶¹⁸ Sjølv om UB hadde lånarar over heile landet, var desse definerte som vitskapsmenn og vitskapsdyrkarar. Dei sokna nok vesentleg til akademikar- og embetsmannssjiktet.

Unitarpresten og ingeniøren Hans Tambs Lyche (1859-98) vart ein ivrig pådrivar for den amerikanske bibliotekideologien i Noreg. I 1893 kom han tilbake til Noreg etter å ha vore i USA sidan 1880. Tambs Lyche vart redaktør for tidsskriftet *Kringsjaa* (1893-1910), som vart

⁶¹⁶ N.J Ringdal, *By, bok og borger: Deichmanske bibliotek gjennom 200 år*, Oslo 1985: 101.

⁶¹⁷ S.A.P. Murray, *The Library: an illustrated history*, New York 2009: 181.

⁶¹⁸ Ringdal 1985: 100.

etablert samstundes med at han vende attende til heimlandet. Dette var eit abonnementstidsskrift som kom annakvar veke med artiklar om populærvitskap, politikk, religion og kultur. Der var også omsette artiklar frå utanlandske blad. Tambs Lyche var opptatt av teknisk utvikling, opplysning og kunnskap, og i tidsskriftet la han stor vekt på å formidla ny kunnskap frå andre land. Sentralt her var den amerikanske bibliotekutviklinga som han stadig omtalte i tidsskriftet. I snitt var der ein artikkel om bibliotek i kvart einaste nytt nummer av *Kringsjaa*. Tambs Lyche var såleis heilt sentral i å presentera amerikanske bibliotek for eit lesande norsk publikum.⁶¹⁹

Saman med Karl Fischer og Jens Braage Halvorsen frå Universitetsbiblioteket lanserte Tambs Lyche i 1896 eit amerikansk inspirert reformprogram for hovudstaden sitt slumrande kommunale Deichmanske bibliotek. Dette var eit frivillig utval som hadde oppnemnd seg sjølv. Reformprogrammet vart levert til formannskap og magistrat i hovudstaden. Sentralt i forslaget var at det skulle etablerast ein lesesal og filialar for å nå ut til publikum. Samlingane skulle byggast systematisk med planlagde innkjøp og på lengre sikt måtte biblioteket få eit nytt bygg.

Planen fekk tilslag av dei kommunale styresmaktene i mai 1898. Tambs Lyche sjølv døydde nokre veker før planen gjekk gjennom, men då stod ein annan mann klar til å gjennomføra planen i praksis: Haakon Nyhuus. Nyhus hadde også vore i USA. Etter sju år i Chicago kom han tilbake til Noreg. Tilfeldigheitlar leidde Nyhuus til bibliotekarbeid i Chicago. Først arbeidde han to år ved det frittståande forskingsbiblioteket Newberry Library. Deretter var han i fem år katalogsjef ved Chicago Public Library. Nyhus hadde ikkje noko formell bibliotekarutdanning, men han fekk førstehands røynsle i moderne amerikansk bibliotekvesen gjennom praktisk bibliotekarbeid. I 1898 vende han attende til heimlandet, og etter nokre månader som lesesalinspektør på UB, byrja han i august 1898 han som sjef på Deichmanske. Det var nok å gripa tak i, men som følgje av den ovannemnemnde planen var vedtatt, der også nokså rikelege midlar til å fornya den slitne boksamlinga.

Med sin amerikanske bakgrunn var Nyhuus også instruktør for eit uskulert personale i nye rutinar og praksisar. Dei slitne lokala biblioteket disponerte i Christian IV's gate vart pussa opp og utvida med lesesal og ungdomsavdeling. Opningstidene vart utvida, og hyllene vart opne slik at at publikum fekk direkte tilgang til samlingane. I 1903 vart Deweys

⁶¹⁹ Ringdal 1985: 101-104.

desimalsystem innført for nye bøker. I 1897 hadde Deichmann eit personale på 2, i 1913 var det omlag 30, i same periode auka budsjettet frå kr. 6 400 til over kr. 100 000.⁶²⁰

Under Nyhuus vart Deichman eit mønsterbibliotek, kanskje det mest avanserte folkebiblioteket i Nord-Europa? Kring i Skandinavia vart Deichman brukt i agitasjon for betre folkebibliotek «[...] via Nyhuus hadde de store amerikanske forbilder og eksempler rykket nærmere inn på hele Norden.»⁶²¹

Han etablerte m.a. fleire filialar og nådde slik ut til langt større publikum. Sjølv hadde Nyhuus tileigna seg bibliotekkunskapane gjennom praktisk arbeid. Men eit særtrekk ved den amerikanske innflytinga på det norske bibliotekfeltet var at forholdsvis mange nordmenn tok bibliotekarutdanning ved amerikanske bibliotekskular. Frå 1895 og fram til andre verdskrig utdanna over 100 nordmenn seg til bibliotekarar ved amerikanske institusjonar.⁶²² Først i 1940 vart det etablert ei norsk bibliotekarutdanning og regulær undervising kom i gang etter krigen.

4.2.3 Ein korporativ kanal

Denne nye biblioteksoffentlegheita bidrog til synleggjera bibliotekfeltet, primært folkebiblioteka, i samfunnet. Det var også først og fremst den nye generasjonen av bibliotekfolk frå folkebibliotek som tok initiativet i den nye offentlegheita og dei samarbeidde tett med Kyrkjedepartemenet. Det blei dermed utvikla ein korporativ kanal der faglege organisasjonsinteresser fall saman med offentleg politikk. Eller kanskje vi heller kan seia at organisasjonsinteressene var drivne fram av sterke personar som sjølv forma den offentlege politikken?

I kva grad berørte denne nye vendinga så Drolsum og UB? Ifølgje C.J. Hambro (1885-1964), som var volontær ved UB 1903-1905, meinte Drolsum at UB som ein del av Universitetet var eit vitskapeleg laboratorium og ikkje hadde nokon eigenverdi som bibliotek i populær forstand. Biblioteket skulle ikkje vera for underhaldning og folkeopplysing, men det skulle dekkja faglege behov for vitskap og forskning. Dei som arbeidde i biblioteket skulle difor også helst vera vitskapsmenn.⁶²³ I følge Hambro var altså ikkje Drolsum opptatt av den nye

⁶²⁰ Arne Arnesen, Nekrolog Haakon Nyhuus, *Nordisk Tidskrift för Bok- och Bibliotekväsen*, 1914, 1: 84.

⁶²¹ Annaniassen og Vestheim 1999: 38.

⁶²² J. P. Danton, *United States influence on Norwegian librarianship, 1890-1940*, Berkeley 1957: 20-26. Ringdal 1985: 139-142.

⁶²³ C.J. Hambro, *De første studenterår*, Oslo 1950: 70.

biblioteksoffentlegheita som no hadde hadde manifisert seg. I februar 1885 vart det forbode å låna ut nordisk skjønnlitteratur (morskapslesing).⁶²⁴ Sjølv om Drolsum såg eit skille mellom nasjonalbibliotekoppgåvene og Universitetsbiblioteket, såg han likevel ikkje for seg eit administrativt brot mellom desse oppgåvene. Om dei nasjonale oppgåvene låg utanfor dei direkte UB oppgåvene, låg dei innafor innafor ei vitskapleg og forskingsmessig ramme. Med plassproblem, byggesak og knappe annuum hadde Drolsum nok av utfordringar i eige hus i første omgang.

Men enkelte medarbeidarar ved UB hadde også engasjert seg i bibliotekspørsmål utanom UB. Som nemnd ovanfor, var Halvorsen og Fischer med i komitéen som leverte reformplanen for Deichman i 1896. Halvorsen døydde i 1900, men Fischer heldt fram sitt breie engasjement. Han var verksam i eit grenseland mellom journalistikk, folkeopplysing og bibliotekvesen. Fischer tok filologisk embetseksamen i 1887. Han var norsk redaktør for Salmonsens konversationsleksikon, han skreiv utanriksartiklar i *Norske Intelligenssedler*, og han skreiv bokmeldingar i *Aftenposten* si søndagsutgåve. Fischer hadde byrja som volontær på UB i 1885, frå 1896 til 1910 var han amanuensis. Han tok filologisk embetseksamen i 1887, og i 1910 vart han stortingsbibliotekar.

Om Drolsum og UB heldt seg unna *biblioteksaken*, så gjorde ikkje styresmaktene det. Kanskje heller ein kan seia at styresmaktene vart dratt inn i saka? I 1901 utnemnde Kyrkjedepartementet, etter innspel frå Nyhuus, ein komite for å greia ut folkebibliotek i Noreg. Dette var eit tidleg døme på at bibliotekoffentlegheita var med å setja dagsorden. Komitéen var sett saman av Nyhuus, Fischer og byråsjef i Kyrkjedepartementet Jakob Vilhelm Rode Heiberg (1860-1946).

I september 1901 leverte komitéen innstillinga: *Folkebogsamlinger i Norge: Deres historie, nuværende tilstand samt forslag til en ny ordning*. Innstillinga var på 32 sider derav halvparten eit oversyn over dei ca. 650 folkebiblioteka som hadde fått statsbidrag i perioden 1892-1901. Oversynet var delt opp i amt (fylke) og kommunar.

Resten av innstillinga analyserte utviklinga av folkebibliotek i Noreg frå slutten av 1700-talet og fram til dagens stode. Den munna ut i to konkrete forslag: For det første at departementet skulle etablere ei sakkunning konsulentstilling for å samordne og kontrollere

⁶²⁴ Th. Tellefsen, Fra det gamle bibliotek, i *Overbibliotekar Wilhelm Munthe på femtiårsdagen 20. oktober 1933*, Oslo 1933: 431.

folkebibliotekfeltet, for det andre at det vart laga ein rettleiande katalog for innkjøp til folkebibliotek. Denne katalogen skulle visa tilrådd litteratur, og innkjøpa kunne samordnast slik at at bøkene kom ferdig innbundne og var merka med Dewey-signatur klare til å stillast på hylla. Katalogen skulle trykkast med settemaskin slik at innførslane også kunne nyttast som katalogkort. Dermed ville det bibliotekfaglege vera sentralisert og forenkla. Komitéen var opptatt av kontroll og samordning, *en større kooperasjon* i eit logisk system med kontroll frå toppen og nedover:

Til bruk for folkebibliotekerne vil vi foreslaa, at der utarbeides en fortegnelse over bøger, som passer for øiemedet. Fortegnelsen bør gjøres saa vid og omfattende som muligt, men man maa selvfølgelig kun medtage bøger, som maa ansees som nyttige og passende i folkebibliotekerne. De bøger, som specielt egner sig for bibliotekerne, bør særmerkes, f. eks. med to stjerner ved de bøger, som absolut bør findes i ethvert bibliotek, og med en stjerne ved de bøger, som kan anbefales som særlig passende, og saa uden merke den store armé af menige, som fylder en plads i geleddet⁶²⁵

Bibliotekkomitéen fekk gjennomslag hjå styresmaktene, og i 1902 etablerte Kyrkjedepartementet ei delstilling som bibliotekkonsulent, *Kirkedepartementets sagkyndige i bibliotekspørsmål*. Arbeidsoppgåver var m.a. rettleiing for bokkjøp og samlingsordning. I praksis var dette berre eit par timars dagleg arbeid. Likevel var det ei fundamental nyskaping:» Etter den «gamle tids» sporadiske og ujevne rytme på området, en skiftning som fulgte av enkeltpersoners engasjement og krefter, kom arbeidet nå i et permanent organisatorisk spor.»⁶²⁶ Nyhuus vart den første konsulenten. Han byrja straks å arbeida med katalogen for folkebibliotek som vart sendt ut i 1903.

Det vart forhandla fram rabattar med fleire forleggarar for bøker som kom i katalogen. Denne samordninga vart det arbeidd vidare med og departementet etablerte ein samarbeidsavtale med Johan Martin Stenersens bokbinderi om spesialinnbinding og ekspedisjon av folkeboksamlingane sine bøker. Dette munna ut i tiltaket *Folkeboksamlingenes Ekspedisjon* som kjøpte inn bøker til rabattpris frå forlaga, batt dei solid inn med Deweynummer på ryggen for å tola minst 100 utlån og monterte lomme og bokkort, seinare også katalogkort.⁶²⁷

⁶²⁵ *Folkebogsamlinger i Norge*. 1901. s. 13

⁶²⁶ Annaniassen og Vestheim 1999: 45.

⁶²⁷ Dette firmaet utvikla seg til Biblioteksentralen som i skrivande stund (juli 2014) stadig er ein sentral medspelar i det norske bibliotekfeltet.

Bibliotekksulentene katalogiserte og klassifiserte bøkene. Såleis var bøkene klare til oppstilling i hylla på dei lokale folkebiblioteka og gjenfinning i boklista og etter kvart kortkatalogen. Dette var ei stor avlastning for dei uskulte bibliotekarbeidarane kring i landet.

Opprettelsen av et sentralbokbinderi og en sentralekspedisjon skulle vise seg å bli en av 1902-ordningens viktigste reformer. Dette halvoffentlige tiltaket - et uttrykk som Stenersens selv skal ha benyttet – muliggjorde stordrift og masseinnbinding med en betydelig prisreduksjon som resultat.⁶²⁸

Ein annan stor konsekvens av reformen var at Deweys desimalklassifisering fekk ein dominerande posisjon i det norske bibliotekfeltet. Sentraliseringa av det bibliografiske arbeidet for folkebiblioteka var ein kime til ei fagleg rivalisering mellom folkebiblioteka og Universitetsbiblioteket.

Denne [rivaliseringa] skal vi senere kunne følge som en nesten usynlig, men likevel umiskjennelig rød tråd gjennom norsk bibliotekhistorie. Striden har hele tiden dreiet seg om kompetanse, om utlånseffektivitet og katalog- [og klassifikasjons-] rutiner. [...] Drolsum, uttalte i 1908[?] at UBs katalog var «netop saaledes indrettet» som katalogen i Library of Congress [...]. Både Nyhuus og biblioteksjefen i Bergen, Arne Kildal [1885-1972], reagerte selvfølgelig meget skarpt på slike formuleringer. Og de fikk den kjente bibliotekmannen, norskamerikaneren James Hanson [(1864-1943) katalogsjef på Library of Congress] med seg. Det var virkelig en vanære for Kongressbibliotekets katalog å bli sammenlignet med de primitive og tungroddede systemene, som man fremdeles arbeidet etter ved Universitetsbiblioteket i Kristiania. Der nektet man stadig å trykke katalogsedler. Og så lenge UBs folk ikke engang gjorde seg umaken med å sette seg inn i de amerikanske bibliotekteknikkene, kunne man ikke vente annet fra det hold. Slik resonerte både Nyhuus og Kildal. Konfliktlinjene var klare og fastlagte, men det gikk lang tid mellom hver gang de kom til uttrykk. Om det var et gode for norsk bibliotekvesen, er ikke godt å si.⁶²⁹

Det som i alle høve kan seiast, er at Drolsum og UB ikkje lenger var åleine om å definera bibliotekfaget i Noreg. Sjølv om UB var definert som norsk nasjonalbibliotek, så hadde ikkje institusjonen tatt noko grep for nasjonale bibliografiske standardar. Dermed var det fritt fram

⁶²⁸ Annaniassen og Vestheim 1999: 47.

⁶²⁹ Ringdal 1985: 128.

når andre krefter tok initiativ på feltet. Når den nye bibliotekoffentlegheita også la vinn på sentralisering, forenkling og kontroll, var det lett å vinna fram hjå styresmaktene. Deweys desimalklassifikasjon var nytt og framandt for Drolsum, som hadde si bibliografiske Weltanschauung fundamentert i ein tysk-kontinental tradisjon. Drolsum ville utvikla og foredla det han hadde. I 1886 var han og Albert Kjær på studiereise til nordtyske universitetsbibliotek for å sjå på systematiske katalogar. Dette førte til at UB i 1889 utvida klassifikasjonsstemet til 18 hovudklassar med hovudnemningar A-R.⁶³⁰ (Først i 1952 tok UB Dewey i bruk som klassifikasjonssystem, jf. Langballe, *Kort og seddelkataloger ved hovedbiblioteket, Universitetsbiblioteket i Oslo*, Oslo 1998: 28.)

Haakon Nyhuus sat i konsulentstillinga til 1905, då var arbeidet kome i faste former. Nyhuus var ein rastlaus reformator, som no fann ei ny oppgåve han kunne kombinera med arbeidet på Deichman: Han vart hovudredaktør for Noregs første moderne leksikon *Illustreret Norsk Konversationsleksikon* som byrja å koma ut på Aschehoug i 1907. I tillegg til å vera bibliotekreformatør var også Nyhuus med å etablere den norske leksikontradisjonen, som også var eit folkeopplysingstiltak. Men dette var eit anna opplysningsprosjekt enn UB sitt meir elitære siktemål.

Karl Fischer overtok konsulentstillinga etter Nyhuus og han sat i stillinga fram til 1933. I 1921 vart konsulentstillinga ei fulltidstilling. Fram til 1910 kombinerte Fischer arbeidet i departementet med amanuensistillinga på UB. Ved sida av arbeidet på UB hadde Fischer som vist, også engasjert seg tidleg i biblioteksaken t.d. i den sjølvutnemnde komitéen for omorganisering av Deichman. Han skreiv også bokmeldingar og utanriksstoff for dagspressa og frå 1900 til 1911 var han norsk redaktør i det danske *Salmonsens Konversationsleksikon*:

[...] den høie, elegante (i hvert fall i Studentens øine meget elegante) Karl Fischer var også arbeidsgiver i stor stil. Han var norsk hovedredaktør av Salmonsens Konversationsleksikon, og delte ut artikler til sine venner på U.B., særlig var «kollega» [amanuensis Fredrik Olsen (1856-1908)] en flittig medarbeider i Salmonsens.⁶³¹

Det kan vera indikasjonar på at Drolsum ikkje såg heilt hjarteleg på Fischer: «Ingen vet hvor meget det har plaget mig, at jeg i flere aar hadde at trækkes med adskillig ueffektivitet: Fr.

⁶³⁰ B. T. Marcussen, *Universitetsbibliotekets gamle kataloger*, i Brandsæter og Engelstad (red.), *Kunnskap-Samlinger-Mennesker. Universitetsbiblioteket og forskningen gjennom 200 år*, Oslo 2011: 109.

⁶³¹ Hambro 1950: 74.

Olsen, Fischer, [Sigurd?] Sverdrup [1874-??] og senere den sykelige [Henrik] Wennevold [1873-1921].»⁶³²

I 1910 slutta Fischer på Universitetsbiblioteket og vart stortingsbibliotekar. Departementstillinga var stadig eit deltidsoppdrag. Men Fischer sin innsats som bibliotekkonsulent var ikkje prega av *adskillig uefektivitet*. Han måtte han følgja opp fleire initiativ som den aktive Nyhuus hadde lansert, t.d.vandreboksamlingar til sjøfolk i langfart, til militærforlegningar, til sjukehus og arbeidsanstaltar.

I 1907 byrja Kyrkjedepartementet å gi ut tidsskriftet *For Folke- og Barneboksamlinger*. Fischer hadde tatt initiativ og var redaktør [lesebokredaktøren Nordahl Rolfsen var medredaktør til 1913.]⁶³³ Tidsskriftet vart eit talerøyr for biblioteksaka og folkeopplysing, for å fremja folkeboksamlingane som samfunnsinstitusjonar og lesing som ein veg til auka kunnskap og framgang. Innhaldet var både variert og lesverdige, men det var også moraliserande og paternalistisk.⁶³⁴ Fischer var redaktør for bladet i 27 år.⁶³⁵

Året etter kom eit anna tiltak frå Fischer: Det årlege norske bibliotekmøtet vart halde for første gong i 1908. Her samla (folke?) biblioteksektoren seg til diskusjon og faglege møte. Både tidsskriftet og det årlege bibliotekmøtet var viktige steg fram mot å verkeleggjera Nyhuus sin store store tanke om ein Norsk bibliotekforening. På bibliotekmøtet i 1913, som var i Stavanger, vart NBF, Norsk bibliotekforening, skipa. Nyhuus sjølv hadde skrantande helse og kort tid att. Han døydde 1. juledag 1913. Som ein heider vart han likevel vald til den første formann for foreninga. Den som i praksis stod for skipinga av foreninga var den nye biblioteksjefen i Bergen, Arne Kildal. Han var formann i foreninga 1913-16 (og 1929-33). På bibliotekmøtet i 1912, som var i Tønsberg, heldt han foredraget *Om dannelsen av en norsk bibliotekforening*. Kildal meinte at det var på tide at norske bibliotekfolk slutta seg saman for

⁶³² Drolsum i brev til W. Munthe 4. august 1922. Sitert etter Spørck (utg.) 2011: 390.

⁶³³ Annaniassen og Vestheim 1999: 311.

⁶³⁴ Tidsskriftet skreiv ingenting om nybygget til UB. Ei einsleg røyst frå folkebiblioteksida som var kritisk til nybygget på bibliotekfagleg grunnlag, i motsetnad til arkitektdebatten, var Martha Larsen (Jahn) (1875-1954) ved Trondheim folkebibliotek. Ho var den første amerikaudanna bibliotekaren (New York State Library School 1902), som arbeidde i eit norsk bibliotek. Larsen meinte at Drolsum og Sinding-Larsen i alt for stor mon hadde henta inspirasjon i Tyskland og at dei heller burde reist på studietur til USA og sett seg inn i amerikanske bibliotekforhold. Her låg framtida i følge Larsen. Drolsum og Sinding Larsen var usamde og meinte dei hadde løyst saka på beste måte innan tilgjengelege rammer. Desse meningsutvekslingane vart trykte i *Morgenbladet* i juni 1908 og dei finst i ei utklippbok i Nasjonalbiblioteket med Bibsys dokumentnummer 87ga33727.

⁶³⁵ I 1916 endra tidsskriftet namn til *For Folkeopplysning* og i 1933 vart namnet endra til *Bok og Bibliotek*. Tidsskriftet kjem enno ut. Stiftinga ABM media a/s er no (2014) utgivar.

å hevda sine interesser, på same vis andre felt og profesjonar organserte seg i samfunnet. Men det var ikkje ein rein fagforeining Kildal ville fremja:

I like stor grad skulle foreningen tjene og propagandere biblioteksaken, folkeopplysningstanken, kultur og dannelsen i hele sin bredde. Og i den samanheng understreket Kildal et vesentlig forhold: viktigheten av å etablere sterke bånd med muligheter for innflytelse innover i de statlige og departementale kanalene.⁶³⁶

Kildal sitt program var konkret både med mål og midlar for å nå måla:

1 Å fremme bibliotekinteressen i landet. 2 Å vareta bibliotekstandens faglige interesser og gi høve til utveksling av meninger og erfaringer. 3 Å arbeide for reformer i bibliotekstellet. 4 Å lette administrasjonen og minske arbeidet i bibliotekene ved en bedret bibliotekteknikk. Disse oppgavene kunne fremmes ved: 1 Årlige bibliotekmøter 2 Lokale bibliotekmøter. 3 Et eget bibliotekblad. 4 Utgivelse av propagandaskrifter. 5 Utgivelse av faglige håndbøker. 6 Utarbeidelse av felles katalogregler. 7 Trykking av katalogkort. 8 Innsamling av fonds til støtte for bibliotekarbeidet og til utdannelses- og reisestipendier for bibliotekfolk. 9 Agitasjonsreiser.⁶³⁷

Karl Fischer hadde alt lagt grunnen for organisasjonen med å få i stand årlege bibliotekmøte og med å starta tidsskriftet *For Folke- og Skoleboksamlinger*. Den amerikanske bibliotekorganisasjonen var førebilete for programmet. Gjennom bibliotekforeningen framsto *biblioteksaken* som ei samansmelting av profesjonsinteresser og ålmenne samfunnsmessige omsyn. Eit oversyn frå 1914 viser at foreninga hadde 359 medlemmer, derav 21 livsvarige. Medlemsmassen var samansett både av institusjonar og personar og den inkluderte både Fyrvæsenet og overbibliotekar Drolsum.⁶³⁸ I følge oversynet var andre medarbeidarar ved UB også personlege medlemmer i NBF, men institusjonen UB var ikkje medlem. På individuelt nivå var det nok enkelt enkelt å støtta *biblioteksaken* som ei god sak, men når det galdt fagleg definisjonsmakt var stoda meir sprikande.

⁶³⁶ Annaniassen og Vestheim 1999: 49.

⁶³⁷ J. Ansteinsson, Norsk Bibliotekforening gjennom 25 år, i Ansteinsson et al. (red.), *Norsk bibliotekforening. Jubileumsskrift 1913-1938*, Oslo 1938: 5.

⁶³⁸ *Norsk bibliotekforening 90 år. Kilder til foreningens historie*. Oslo 2003: 20-22.

I Norge hadde folke- og vitenskapsbibliotekene lenge stått nokså fjernt fra hverandre. Forholdet mellom de ansatte ved de respektive institusjoner var til dels mer preget av motsetninger enn av samhold. Den interne profesjonsmotsetning bunnet for en stor del i ulike fagutdanning og forskjellige bibliotektekniske metoder, begge forhold som bidro til å vanskeliggjøre et nærere samarbeid. Universitetsbiblioteket utdannet selv sin betjening på grunnlag av en tysk, og kanskje litt foreldet, bibliotektekniisk tradisjon, samtidig som institusjonen var nødt til å stille noe strengere krav til personalets allmenne kunnskaper.⁶³⁹

Likevel hadde bibliotek vorte eit tydelegare samfunnstema og styret i Bibliotekforeininga arbeidde for at det vart tatt klare offentlege grep for å samkøyra bibliotekfeltet i Noreg. Dette leidde etter kvart fram til ein departementsoppnemnd komite etter innspel frå bibliotekforeininga.

4.2.4 Bibliotekkomitéen av 1919

I mars 1917 skreiv styret i NBF til Kyrkjedepartementet om å skipa ein komité for å arbeida fram ei betre samordning av det samla bibliotekfeltet i landet. Førespurnaden nådde ikkje fram i første omgang. Men den vart tatt opp att året etter, og då fann departementet plass på budsjettet.⁶⁴¹ Her var det tale om ein komite til å dekkja heile feltet. I følgje UB si årbok vart Drolsum utnemnd til formann, men han søkte seg fritatt:

Efterat Stortinget hadde bevilget de fornødne midler, nedsatte Kirke- og Undervisningsdepartementet 25. oktober 1918 en komité til utredning av forskjellige almenne bibliotekspørsmål. Til medlemmer av denne opnevnte departementet overbibliotekar A.C. Drolsum (formann), rektor C. Geelmuyden, samt bibliotekarene A. Arnesen, K. Fischer og A. Kildal. Efter anmodning blev overbibliotekaren 30. november fritatt for hvervet og avløst som medlem av førstebibliotekar Hj. Pettersen.⁶⁴²

Det kan vera fleire grunnar til at Drolsum ikkje ønskte dette vervet, hans bibliotekfaglege horisont var primært UB og så dei vitskaplege biblioteka, dessutan kan nok også alderen ha

⁶³⁹ Annaniassen og Vestheim 1999: 51

⁶⁴¹ *Norsk bibliotekforening: Jubileumskrift 1913—1938*. Oslo 1938: 20.

⁶⁴² *UB's aarbok for 1919*. s. XVIII

spela inn. Han var 71 år. Etter Drolsum sa frå seg oppgåva, vart komitéen såleis: Bibliotekksulent og stortingsbibliotekar Karl Fischer, bibliotekarane Arne Arnesen frå Deichmanske bibliotek og Arne Kildal frå Bergen offentlige bibliotek, førstebibliotekar Hjalmar Petersen frå UB og tidlegare stortingsmann rektor Carl Geelmuyden frå Bergen. Fischer vart formann for komitéen. Arnesen og Kildal var også sentrale og leiande personar i biblioteksoffentlegheita:

Arne Kildal vart student i 1903, og han byrja å studera filologi ved Universitetet i Kristiania. I 1905 drog han til USA for å utdanna seg til bibliotekar etter oppmoding frå Haakon Nyhuus.⁶⁴³ I 1907 vart Kildal Bachelor of library science med eksamen frå New York State University. Etter eksamen arbeidde han først ved Yale University Library (1701) i New Haven, Connecticut og deretter ved Library of Congress (1800) i Washington DC. I 1910 vende Kildal attende til Noreg. Han vart sjef for Bergen offentlige bibliotek med ein den gongen etter norske forhold sjeldsynt både teoretisk og praktisk bakgrunn.

I Bergen overtok han leiarstillinga etter den legendariske Valborg Platou (1839-1928) som hadde styrt biblioteket med myndig hand i 27 år.⁶⁴⁴ Bergens offentlige bibliotek vart etablert i 1874 m.a. med basis i Paul Botten-Hansen si 12 000 band store samling.⁶⁴⁵ Kildal innførte amerikanske system med opne hyller, først i dei gamle biblioteklokala i loftsetasjen i Kjøttbasaren på Vetrilidsallmenningen, som hadde husa biblioteket sidan 1879 og så i det nye bibliotekbygget på gassverktomta, som var teikna av arkitekt Olav Nordhagen (1883-1925). Bygget vart fullført og opna under Kildal si leiing i 1917. I det nye biblioteket var ei eige barne- og ungdomsavdeling. Dette var noko nytt og avdelinga vart eit førebilete for heile Norden.⁶⁴⁶ Økonomisk støtte til denne etableringa kom frå mesenen kjøpmann Oluf Bjørnseth (1854-1940).

⁶⁴³ A. Kildal, Bibliotekfolk jeg møtte, *Bibliotek og forskning*, 1957, Årbok. 6: 11.

⁶⁴⁴ Platou var ein kompetent autodidakt med posisjon i det bergenske kultur- og samfunnsliv. Ho fekk denne stillinga i konkurranse med 13 menn med solid akademisk utdanning og praksis etter lange diskusjonar og fire avrøystingar i Bergens magistrat. Trine Kolderup Flaten, Platou, Valborg Elise, i *Norsk Biografisk Leksikon*, bd. 7, Oslo 2003: 257.

⁶⁴⁵ «I 1869 fikk byen tilbud om å kjøpe det 12 000 bind store privatbibliotek som den entusiastiske boksamler, overbibliotekaren ved Universitetsbiblioteket i Oslo, Paul Botten- Hansen (1824-1869), hadde etterlatt seg. Med en sterk anbefaling fra blant andre historikeren, senere riksarkivar Michael Birkeland (1830-1896) kjøpte Bergen Kommune samlingen og sikret seg med det et allsidig og aktuelt grunnlag for det nye, planlagte bibliotek.» G. Munthe, ms.: 150.

⁶⁴⁶ S. Nilsen, Kildal, Arne, bd.5 i, *Norsk biografisk leksikon*. Oslo 2002. s.235: Sjølv om det skjedde ei markant biblioteksutvikling i Bergen under Kildal nemner ikkje E. Ertresvaag dette i *Et bysamfunn i utvikling. 1800-1920*, bd. 3 i, *Bergen bys historie*, Bergen 1982. Boka har eit kapittel om kulturarbeid og idrettsliv: 577-602 utan å nemna bibliotek .

Kildal presenterte Bergens offentlige bibliotek i *Nordisk tidskrift för bok- och bibliotekväsen* nr. 1 1918 (ss. 61-72). Biblioteket hadde heile tid søkt å vera både eit folkebibliotek og eit vitenskapleg bibliotek for *studerende*. Dette var eit forståeleg ønske for biblioteket i ein by som lenge hadde vore den største i landet. I 1870- og 80-åra gav Bergens museums bibliotek mykje av sin humanistiske litteratur, som museumstyret på det dåverande tidspunkt meinte det ikkje hadde bruk for, til Bergens offentlige bibliotek. Dessutan fekk biblioteket samlingar frå foreninga Bergens Athenæum, Tanks skule og frå fleire private boksamlarar.⁶⁴⁷

Med det nye bygget kunne begge felte dekkast endå betre. Men det var behov for *en utstrakt supplering av bokmassen, særlig av fagavdelingene*. Kildal såg vidare for seg ei sentralisering av bibliotekarbeidet i Bergen der Bergen offentlige ville vera det naturlege midtpunktet. Han viste også til at at bibliotekaren [dvs. Kildal sjølv], med støtte frå lokale styresmakter, hadde søkt *statsmyndighetene* om pliktavlevering til Bergens offentlige bibliotek:

Ved en saadan lovbestemmelse vilde biblioteket bli sat istand til at virke som et *centralbibliotek* for det hele land og adgangen til kildekrifter vilde derved bli gjort betragtelig lettere for alle studerende. Denne tanke som ligger til grund for henvendelsen, er endnu ikke blit virkeliggjort, men dens realisation vilde ha saa vidtrækkende betydning, at den paa et beleilig tidspunkt maa tages op paany.⁶⁴⁸

Dette var ei sak som Drolsum også hadde meiningar om som vi snart skal sjå. Om Kildal kan det også nemnast at han i 1917 vart gift med Helga Gjerløw f. Brøgger (1886-1979), dotter av professor W.C. Brøgger.

Arne Arnesen (1880-1943) hadde vore assistent ved Deichmanske bibliotek 1901-05 kombinert med filologiske studiar ved Universitetet. I 1905 vart han underbibliotekar og katalogsjef, og i 1914 tok han over som sjef etter Nyhuus. Arnesen førte vidare Nyhuus sitt arbeid: "Ikke bare ble Deichmanske landets største og mest benyttede folkebibliotek, det ble også arnestedet for ny bibliotekteknikk. Under Arnesen kom biblioteket til å stå i aller fremste rekke i Norden."⁶⁴⁹

Til den nasjonale jubileumsutstillinga i 1914 der: «Nærheten og samarbeidet mellom bibliotekforening og departement kom nesten umiddelbart til praktisk uttrykk, blant annet

⁶⁴⁷ G. Munthe Ms.: 152.

⁶⁴⁸ *Nordisk tidskrift för bok-och bibliotekväsen*, 1918, 1: 72

⁶⁴⁹ O. C. Torp, Arnesen, Arne, bd.1, i *Norsk biografisk leksikon*, Oslo 1999: 13.

gjennom en innbydelse til å lage en egen bibliotekavdeling ved jubileumsutstillingen i 1914»⁶⁵⁰ var Arnesen medredaktør saman med Karl Fischer og Martha Larsen [Jahn] (1875-1954) for artikkelsamlinga *Folkeboksamlinger Hvorfor trenger vi dem utgitt av Folkeboksamlingskomiteen ved Norges jubilæumsutstilling 1914*. Arnesen hadde også laga ei utgåve av Deweys desimalklassifisering tilpassa norske forhold *Bøgernes opstilling og nummerering. Med et uttog av Dewey's decimalklassification* (1914) og ei innføringsbok i katalogisering (1916). Båe var gitt ut av Kyrkjedepartementet. I 1919 stod han bak boka *Bibliotekbygninger utgitt av Norsk Bibliotekforening*.

Vidare var førstebibliotekar Hjalmar Pettersen frå Universitetsbiblioteket og tidlegare stortingsmann og rektor Carl Geelmuyden (1859-1942) frå Bergen medlemmer av komitéen. Geelmuyden var ein sentral person med mange verv i Bergen. I 1909 vart han utnemnd til ridder av St. Olav ”for fortjenestfuld kommunal virksomhed.”⁶⁵¹ Han var rektor ved Tanks skole frå 1908. At komiteen sin einaste politikar var frå Bergen, var kanskje ikkje heilt tilfeldig? Som vi snart skal sjå lanserte komitéen bergensvenlege forslag, og då kunne det vera greit å ha med ein bergenspolitikar med bibliotekinteresse og politisk pondus.

Komiteen hadde hovudvekt av medlemmer frå biblioteksoffentlegheita/folkebibliotekfeltet, men tematisk famna arbeidet om heile bibliotekfeltet. I september 1921 avslutta komitéen oppdraget sitt med å levera ei samla innstilling til departementet.⁶⁵² *Innstilling om bibliotekvesenets ordning (I-X)*.⁶⁵³ Dette var eit omfattande dokument på 80 sider som omhandla heile bibliotekfeltet

Komitéinnstillinga fekk ikkje særlege konsekvensar med det same. Krisa etter første verdskrig hadde nådd Noreg, og tida var derfor ikkje mogen for store reformer på bibliotekfeltet.

⁶⁵⁰ Annaniassen og Vestheim 1999: 53.

⁶⁵¹ [Geelmuyden var ein] benyttet kommunemann. Ordfører i Bergen 1907-10 og 14-16. Stortingsmann 1899-1902 og 16-18. Medlem av flere dept komiteer. Styreformann for Bergens Kvinnelige Industriskole. Preses i Bergens Museum fra 1928. President for Bergensutstill. 1910. Formann i rådet for Chr. Michelsens Institutt 1930-42. Styreformann for Nansenfondet. Red. av verket om Bergens Kommune 1814-1914.” Jf. O. D. Amundsen (utg.), *Den Kongelige norske Sankt Olavs orden 1847-1947*, Oslo 1947: 362-63.

⁶⁵² Undervegs med arbeidet hadde komitéen sendt dei fleste kapitla til departementet etterkvart som dei vart ferdige. I den samla innstillinga var desse kapitla ”[...] ført à jour i den utstrekning som det har kunnet la sig gjøre.” *Bibliotekkomiteen av 1919. Innstilling om bibliotekvesenets ordning*, Kristiania 1921: forord.

⁶⁵³ Kapittel i innstillinga: I En fellesplan for bibliotekenes virkeområde II Endrede regler for statsbidraget til folkeboksamlingene. Centralbiblioteker III Forandring i lov av 20. juni 1882 om pliktavlevering av trykksaker IV En nyordning av biblioekvesenets administrasjon V Opprettelse av en norsk bibliotekskole VI Utgivelse av en årlig felleskatalog over utenlandsk litteratur (i norske bibliotek) VII Lovfestede skoleboksamlinger og nye regler for tilståelse av statsbidrag VIII Utgivelse av en katalog over kongelige og parlamentariske kommisjoners innstillinger etc. IX Distribusjon av offentlige publikasjoner til biblioteker X Læreboksamlingenes ordning og kontrollen med dem

Utviklinga frå Nyhuus stansa opp. Men om ikkje Bibliotekkomitéen av 1919 nådde fram med forslaga sine med det same, så blei likevel dette eit bibliotekhistorisk vendepunkt. Sjølv om bibliotekforeninga tok initiativ og hadde det reelle hovudansvaret, så var denne komitéen det første statlege initiativet for ei samla utgreiing og analyse av heile det norske bibliotekfeltet. Det betydde at det på område der UB og Drolsum tidlegare hadde vore einerådande var det no kome fleire røyster.

4.2.5 Drolsum og bibliotekkomitéen av 1919. Utvida pliktavlevering

Dette galdt t.d. pliktavlevering som hadde vore eit spesialområde for overbibliotekaren og hans institusjon. Komitéen hadde varsla innspel om utvida pliktavlevering til departementet alt i oktober 1919. Den viste til at utvida avleveringsplikt hadde vorte tatt opp fleire gonger og mange verdifulle moment var komne fram.⁶⁵⁴ Konkret kom dette initiativet frå den aktive biblioteksjefen i Bergen. I 1914 hadde Kildal foreslått å utvida pliktavleveringa til å omfatta Bergen offentlige bibliotek.⁶⁵⁵

Forslaget hadde fått samrøystes støtte av dei administrative og politiske styringsorgana i Bergen (magistrat og formannskap), men det hadde stranda hos departementet som *ikke fant tiden inne*. Sett i lys av at avlevering til Bergen alt var fremja med tung lokalpolitisk støtte, var det kanskje ikkje underleg at ein bergenspolitikar som Geelmuyden var medlem av komitéen. Mellom 1914 og 1919 hadde også saka vorte fremja gjennom fleire avisinnlegg. Komitéen gav ei brei orientering om pliktavlevering både i norsk og internasjonalt perspektiv og konstaterte:

Loven av 20de juni 1882 om forlagsregister og avgivelse av trykksaker til Universitetsbiblioteket virker fremdeles uforandret, og ved hjelp av den har Universitetsbiblioteket i årenes løp utviklet sig til å bli et centralbibliotek for det hele land, eller i ordets egentligste betydning, et ”nasjonalbibliotek.”⁶⁵⁶

Pliktavleveringslova sette i følge komitéen Noreg i selskap med resten av den siviliserte verda, men det var eit norsk særtrekk at det berre skulle avleverast eit eksemplar:

⁶⁵⁴ Bibliotekkomitéen av 1919, 1921: 12.

⁶⁵⁵ Bibliotekkomitéen av 1919, 1921: 12. og bilag 1 til dette kapittelet: *Bergens bibliotekskommisjons henvendelse til Bergens Magistrat og Formannskap og Magistrat og Formannskaps svar*. Bibliotekkomitéen av 1919, 1921: 24-25.

⁶⁵⁶ Bibliotekkomitéen av 1919, 1921: 13-14.

For tiden har så godt som alle civiliserede stater, med undtagelse av nogen små tyske, Belgia, Bulgaria samt den argentinske republikk, ved lov stadfestet avleveringsplikt. Innen de fleste av dem er der avleveringplikt til mer enn et enkelt bibliotek.⁶⁵⁷

I dei nordiske grannelanda var avleveringstala slik: Danmark fire eksemplar, derav to til Det kongelige bibliotek, eit til Statsbiblioteket i Århus og eit til UB i København. Ordninga var basert på ei lov frå 1902 (då Statsbiblioteket byrja drift for å avlasta KB) . I Sverige skulle tre eksemplar avleverast respektive til Det kongelige biblioteket og universitetsbiblioteka i Lund og Uppsala. Dette var basert på lovordningar frå 1875 og 1885. I Finland, som nyss var fritt frå russisk overherredøme, skulle det avleverast fem eksemplar til Helsingfors UB, som vidarefordelte eksemplar til ymse ortsbibliotek. Her var det ny lov frå 1919, tidlegare hadde det også vore avlevering av finsk materiale til Russland.

Både av tryggingsmessige omsyn og av omsyn til publikum, var det ønskeleg å få etablert avlevering til minst eit anna norsk bibliotek enn UB. Det var ønskeleg at ei slik avlevering skulle gå til eit bibliotek utanom hovudstaden. Dette ville også vera eit steg på vegen mot å skipa regionale *bokdepoter* eller *centralbibliotek* som kunne avlasta UB med fjernlån kring i landet. Komitéen sette opp tre hovudpunkt for å summera fordelene ved ei utvida avleveringsplikt: For det første: større garanti mot tap eller skade ved brann, tjuveri, utlån osv. For det andre: auka tilgang til litterære hjelpemiddel for studerande utanfor hovudstaden og for det tredje bidra til at UB sine bøker i større mon berre vart nytta i biblioteket.

Det biblioteket som i følge komitéen klart peika seg ut som nytt avleveringsbibliotek var Bergen offentlige bibliotek med sitt nye bygg med romsleg plass. Komitéen såg for seg at Bergen offentlige bibliotek fekk "[...] opgaven som vårt lands annet samlingssted for den nasjonale litteratur. Henvendelsen til Kirke- og Undervisningsdepartementet fra Bergens magistrat og formannskap må også i denne forbindelse tillegges meget vekt."⁶⁵⁸

Komitéen meinte at på sikt kunne det også bli aktuelt med eit tredje avleveringsbibliotek. Det var kome ønske om eit *centralbibliotek* med pliktavlevering i Tromsø for det nordlege Noreg. Etter at komitéen var utnemnd, hadde ei gruppe politikarar og embetsmenn i dei nordlegaste fylka fremja denne saka. Enten kunne eit slikt bibliotek etablerast i samarbeid med etablerte institusjonar som Tromsø museum (1872) og Det Geofysiske institut (1918) eller som ein ny

⁶⁵⁷ Bibliotekkomitéen av 1919, 1921: 18.

⁶⁵⁸ Bibliotekkomitéen av 1919, 1921: 21.

sjølvstendig institusjon. Nord for Trondheim var det ikkje noko større bibliotek, og det var eit stort sagn. Kopi av eit brev frå den ovannemnde initiativgruppa til departementet om denne saka vart lagt ved komitéen si utgreiing.⁶⁵⁹

Norges Geografiske Oppmåling og Norges landbrukshøiskoles bibliotek hadde også, medan komiteen var i arbeid, fremja ønske om avleveringseksemplar innan sine fagfelt.⁶⁶⁰ Komitéen meinte at behova for trygg oppbevaring av den nasjonale litteraturen var dekkja med to eksemplar. Men på lenger sikt, og når forholda låg til rette med betre økonomi, kunne det også vera opning for eit tredje avleveringseksemplar. Dette kunne evt. ordnast med kongeleg resolusjon i ny pliktavleveringslov.⁶⁶¹ Komitéen ville ikkje ha ei avgrensa avlevering til fagbibliotek, slik det var foreslått frå Landbrukshøgskulen og Den geografiske oppmålinga. Det ville bli uøkonomisk og administrativt tungvint.

I forslaget til ny lov ville komitéen ta bort den første delen om forlagsregister, som aldri hadde hatt praktisk betydning. Komitéen ville vidare endra avleveringsplikta til også å gjelda for forleggaren for samansette verk som var trykt fleire stader, *verker trykt i flere officiner*, for å sikra at heile verket vart avlevert. Ellers burde som no den vanlege avleveringa ligga på trykkeriet. Vidare burde høve til erstatning aukast frå utsalspris kr. 10 til kr. 25.

4.2.6 Drolsum om utvida pliktavlevering

Kyrkje- og undervisningsdepartementet ønskte Drolsum sitt syn på komitéinnstillinga og i mars 1922 gav han si vurdering.⁶⁶² Av dei ti kapitla i innstillinga hadde Drolsum særlege synspunkt på kapitla om endring av pliktavlevering, om ny ordning for bibliotekvesenet sin administrasjon, om skiping av ein norsk bibliotekskule og om ein årleg samkatalog over utanlandsk litteratur i norske bibliotek.

Innleiingsvis i svaret til Departementet poengterte Drolsum at han: "[...] i almindelighet kun betraktet det som min opgave å fremholde Universitetsbibliotekets og de øvrige statsbibliotekers og vidensakapelige bibliotekers interesser."⁶⁶³ Dette utgangspunktet stadfesta

⁶⁵⁹ Bibliotekkomitéen av 1919, 1921: Bilag 3; Brev til dep. Dagsett 10. april 1919 underskrive av 19 embetsmenn og politikarar frå Troms og Finnmark.

⁶⁶⁰ Bibliotekkomitéen av 1919, 1921: Bilag 2+4.

⁶⁶¹ Komiteen sitt framlegg til ny lov er vedlegg 2. Det er tatt høgde for eit framtidig tredje avleveringseksemplar i § 1.

⁶⁶² Drolsum sitt svar til dep. datert 25. mars 1922 er i Riksarkivet: RA/S-2868/F/Fj//L0003.

⁶⁶³ Drolsum til dep. 25 mars 1922. Innleiing.

Hambro sitt tidlegare nemnde inntrykk av Drolsum sin posisjon. Han var første og fremst ein universitetsmann.

Blant kapitla Drolsum drøfta, vurderte han kapitlet om pliktavleveringslova som det aller viktigaste: ”Dette for Universitetsbiblioteket overordentlige viktige kapittel krever mer inngående behandling enn de øvrige.”⁶⁶⁴ I tillegg til komitéen sitt forslag om utvida avlevering, var det frå Den norske boktrykkerforening også lansert forslag om å endra avleveringsplikta frå trykkeri til forlag.⁶⁶⁵ Drolsum tok også opp dette i svaret til departementet. Først tok han opp utvida pliktavlevering:

Han var ikkje i mot å utvida avleveringsplikta til å omfatta fleire eksemplar og institusjonar til same omfang som nabolanda. At det berre var eit avleveringseksemplar i Noreg hadde i følge Drolsum ei enkel historisk forklaring:

Som forslagsstiller til loven av 1882 måtte jeg finne mig i flere reservasjoner og innskrenkninger i lovens gyldighet, for ikke å bringe det hele til å strande. Spørsmålet var jo nytt, og betenkelighetene mange. Disse betenkeligheter har 40 års praktisk erfaring her hjemme, og de senere forandringer i nabolandenes lovgivning om pliktavlevering ryddet av veien.⁶⁶⁶

Drolsum var samd med komitéen at det var *et selvfølgelig krav* at det no var tid for tid for avlevering av den nasjonale litteraturen i to eksemplar og til to institusjonar. Ja, Drolsum var også positiv til avlevering av eit tredje eksemplar til ein tredje institusjon, men det meinte han var urealistisk førebels. I hovudsynet var altså Drolsum heilt samd med komitéen, men han var svært usamd med den løysinga som var foreslått. Ei eventuell avlevering til Bergen offentlige bibliotek ville i følge Drolsum vera i strid med heile pliktavleveringsinstituttet sitt moralske og legitime grunnlag. Pliktavleveringa hadde i følge Drolsum fire fundament:

Det var ein særskatt på bokproduksjon og kunne påleggast av samfunnsmessige omsyn.

Dei samfunnsmessige omsyna var eit samspel mellom staten, vitskapen, forfattarane, bokhandverk og bokhandel hadde interesse av at landet sin samla bokavl vart teken vare på for ettertida.

⁶⁶⁴ Drolsum til dep. 25. mars 1922. s.7

⁶⁶⁵ Drolsum til dep. 25. mars 1922. s. 15

⁶⁶⁶ Drolsum til dep. 25. mars 1922: 14.

Som vederlag tok staten ansvar for å registrera det avleverte (Nasjonalbibliografi/bokforteikning) og å stilla det til rådvelde i den grad det var foreinleg med bøkene si konservering. (Bevaring vs. Formidling.)

Frieksemlara skal berre tena vitenskaplege studiar og litterære undersøkingar. Plikteksemlara var primært arkiveksemlar. Nasjonalitteratur som var svært etterspurt måtte det kjøpast egne utlåns- og lesesalseksemlar av i tillegg til det pliktavleverte eksemplaret.⁶⁶⁷

Denne strenge handsaminga av det pliktavleverte materialet hadde i følge Drolsum verka til at pliktavleveringa vart vurdert som rettferdig og aldri hadde vorte utsett for alvorlege åtak. (Her hadde Drolsum gløymd Bernhard Hanssen sine utspel om aviser.) Dersom avleveringa skulle utvidast, måtte det ikkje koma i konflikt med det moralske fundamentet: ”Med andre ord: Også plikteksemlar nr. 2 må være et arkiveksemlar til videnskapelige studier.”⁶⁶⁸ Drolsum avviste definitivt at Bergen offentlige bibliotek skulle få avleveringseksemlar. Ei slik avlevering ville vera full av konflikhtar. Om eit kommunalt folkebibliotek også skulle vera nasjonalt bokarkiv, så ville det vera to direkte motstridande oppgåver. Korleis skulle utgifter, administrasjon og ansvar delast mellom kommune og stat? Drolsum hevda at det ikkje fanst noko døme på pliktavlevering til kommunale folkebibliotek verken i Europa eller Amerika.⁶⁶⁹

Overbibliotekaren såg to grunntankar for komitéen sitt forslag om Bergen offentlige bibliotek og han meinte at ingen av desse tankane var gode. Den eine var det nye bibliotekbygget, den andre var det lokalpolitiske forslaget frå 1914. Drolsum avviste begge desse: det nye bibliotekbygget i Bergen hadde ikkje infrastruktur med nødvendige kontor og magasin til å handtera pliktavlevering.

I den grad det skulle vera plass her, meinte Drolsum, så var det til utviding av bygget på sjølv tomte. Nybygget i seg sjølv var bygd som folkebibliotek og høvde ikkje til nasjonale bibliotekoppgåver. Forslaget utelukka seg sjølv av praktiske grunnar. Vidare meinte Drolsum at Bibliotekkomitéen av 1919 rett og slett skulle avvist forslaget som var fremja frå dei lokale styresmaktene i Bergen i 1914, sjølv om det var biblioteksjefen i byen som stod bak dette.

⁶⁶⁷ Drolsum til dep. 25. mars 1922: 8.

⁶⁶⁸ Drolsum til dep. 25. mars.1922: 9.

⁶⁶⁹ Drolsum til dep. 25. mars 1922: 9.

Han poengterte: ”Jeg hadde snarere ventet at komiteen hadde benyttet anledningen til å ta avstand fra den betraktning av pliktavleveringen som her kommer til orde.”⁶⁷⁰

I forslaget vart avleveringa, i følge Drolsum sett som eit statleg samlingstilskot: ”Altså statens arkiveksemplar som underholdningslesning for Bergen by.”⁶⁷¹ Drolsum meinte at bibliotekomiteén burde gjort merksam på at arkiveksemplaret ikkje skulle stå i opne hyller, det skulle haldast i ei lukka avdeling og berre stillast til rådvelde for alvorlege studiar. Drolsum sin bodskap var at forslaget var umulig og eigentleg basert på ei misforståing av avleveringsplikta si samfunnsmessige oppgåve.

Sjølv om Drolsum var mot komiteén sitt forslag, var han verken mot utvida pliktavlevering eller at Bergen skulle nytta godt av det. Byen hadde eit godt alternativ: ”Heldigvis besitter Bergen allerede en annen institusjon som har alle betingelser for å kunne utvikles til å opfylle både de krav som komiteen og de krav som jeg finner å måtte stille til vårt annet opbevaringssted for nasjonallitteraturen, nemlig Bergens Museums Bibliotek.”⁶⁷² Dette biblioteket ville bli universitetsbibliotek ettersom Bergens museum skulle bli Noreg sitt andre universitet.⁶⁷³ Då ville: [...] vil innførelse av pliktavlevering til dets bibliotek likefrem følge av sig selv.”⁶⁷⁴

Museet var ein offentleg institusjon med eige kapittel i statsbudsjettet. Det var grunnlagt i 1825 og det hadde lenge vore ein renomert forskingsinstitusjon, som også etterkvart hadde fått universitetsambisjonar. I 1907 kom det første undervisingstilbodet på universitetsnivå (zoologi). Ei vidare utvikling kom i 1914 då dei leiande vitskapsmennene ved museet vart utnemnde til professorar.⁶⁷⁵ Same år vart cand. jur. Anton Mohr Wiesener (1879-1947) tilsett som bibliotekar. For å utvikla biblioteket til å fungera som universitetsbibliotek vedtok styret i 1917 etter initiativ frå preses i museumsdireksjonen geologiprofessor Carl Fredrik Colderup (1869-1942) å stilla kr. 150 000 til disposisjon for innkjøp av bøker og tidskrift. Biblioteket fekk også store bokdonasjonar frå privatpersonar. Personalet vart styrka med assistentar. I

⁶⁷⁰ Drolsum til dep. 25. mars 1922 :10

⁶⁷¹ Drolsum til dep. 25. mars 1922:10

⁶⁷² Drolsum til dep. 25. mars 1822: 11.

⁶⁷³ A. Haaland, Bergens museum under høykonjunkturen 1914-1922 – et miniuiversitet i sikte, i bd. 1 A. Forland og A. Haaland, *Universitetet i Bergens historie*, Bergen 1996: [114]-147.

⁶⁷⁴ Drolsum til dep. 25. mars 1922: 11.

⁶⁷⁵ Dr. August Brinkmann på zoologisk avdeling, dr Bjørn Helland Hansen på biologisk stasjon, Jens Holmboe på botanisk avdeling, dr. Carl Fredrik Kolderup på mineralogisk-geologisk avdeling og dr. Haakon Shetelig på historisk-antikvarisk avdeling. Avdelingane representerte dei sentrale fagområde i Bergensmiljøet. UiB's nettsider. Besøkt 13/3/2012 . <http://www.uib.no/om/75052/fra-bergens-museum-til-et-moderne-universitet>

perioden 1914-24 fordobla biblioteket talet på katalogiserte bøker frå 61 000 bind til 122 000 bind.⁶⁷⁶

Om Drolsum var negativ til komitéen sitt forslag, så gav han honnør for at saka vart reist:

Men når dette nye opbevaringssted for nasjonallitteraturen i en forhåpentlig nær fremtid blir til virkelighet, bør det ikke glemmes at det var en av kommunebibliotekets chefer, A. Kildal, som reiste saken og kjempet for den i mange år. At han vilde knytte gjennomførelsen til sitt eget bibliotek, bør ikke forringe hans ære.⁶⁷⁷

Skulle det arbeidast for eit tredje pliktseksemplar så meinte Drolsum at det burde gå til vitskapselskapet sitt bibliotek i Trondheim, subsidiært til Tromsø museum. Men det ville eventuelt vera lenger inn i framtida, i første omgang meinte han staten berre ville makta å etablera eit nytt avleveringsbibliotek.

4.2.7 Drolsum sitt syn på lovendring

Om Drolsum var usamd med komitéen om eit nytt avleveringsbibliotek, så var han i stor mon samd med komitéen sine foreslåtte endringar i avleveringslova.⁶⁷⁸ Om lova skulle endrast, meinte Drolsum, så var det høve til utvida avleveringsplikta. No var lova etablert og akseptert. Då han foreslo lova av 1882, måtte han vera varsam for at saka i det heile skulle gå gjennom. Materiale som skulle avleverast måtte ha vore lagt ut til sal, *skrifter der falholdes*. Men trykkeria hadde frivillig sendt inn privattrykk som ikkje var *falholdet*, og såleis bidratt til å unngå store lakuner i Norske avdeling .

Dersom ein no gav den avleveringspliktige høve til å klausulera tilgang til materiale som var tiltenkt *en snevrere kreds*, kunne avleveringa gjelda alle trykksaker. Slik var lova no i Sverige og Danmark. Samstundes kunne ein også frita trykkeria frå å avlevera det Drolsum definerte som verdilause småtrykk.⁶⁷⁹

Drolsum meinte også formuleringa om at materiale skulle avleverast *i materie*, dvs. uinnbunde burde kuttast ut. Men han var i mot forslaget frå trykkeriforeininga om at avlevering av forlagslitteratur skulle overførast frå trykkeri til forlag. No var det, meinte

⁶⁷⁶ J. O. Gatland, *Amor librorum nos unit: Universitetsbiblioteket i Bergen 1825-1996*, Bergen 1996: 22.

⁶⁷⁷ Drolsum til dep. 25 mars 1922: 13.

⁶⁷⁸ Drolsum sitt eige forslag er vedlegg nr. 3 i Drolsum til dep. 25. mars 1922.

⁶⁷⁹ T.d. Opptrykk av gravsalmar, blankettar, plakatar og stempeltrykk, sjå Drolsum til dep. 25. mars 1922: 14.

Drolsum, etablert gode rutiner for avlevering frå trykkeria, og slik var det også i Sverige og Danmark. Han konkluderte: ”Jeg kan derfor ikke anbefale nogen forandring i boktrykkerenes avleveringsplikt i alminnelighet. Derimot er jeg helt enig i at avleveringsplikten for arbeider som er trykt i flere offisiner bør overgå til forleggeren. Dette er allerede foreslått av komiteen.”⁶⁸⁰

Overbibliotekaren sin *begjærede uttalelse* til departementet om Bibliotekskomiteén av 1919 var dagsett 25. mars 1922. Drolsum sin lange arbeidsdag i Universitetsbiblioteket gjekk mot sin ende.

4.3 Vaktskifte

4.3.1 Drolsum takkar av

Med kongeleg resolusjon av 24. mars 1922 fekk Drolsum avskil i nåde frå overbibliotekarembetet frå 30. juni same år. Han fekk takk både frå kongen og Universitetet for lang og tru teneste. Stortinget løyvde eit personleg tillegg til pensjonen på kr. 2400.⁶⁸¹

28. mars 1922 vart *Overbibliotekarembetet ved Universitetsbiblioteket* lyst ut i *Norsk Kunngjørelsestidende* med søknadsfrist 24. april. Søknad skulle stilast til kongen og sendast til Kyrkjedepartementet. Årsløna var kr. 10 000 med tre alderstillegg à kr. 1000 *efter 3, 6 og 9 års tjeneste*. Altså ei toppløn på kr 13 000. 10 prosent av kr. 10 000 skulle trekkast til innskot i Statens pensjonskasse. Det var ikkje nemnd nokon spesielle kompetansekrav for embetet, men den som vart tilsett måtte retta seg etter gjeldande regler og lover og tilpassa seg eventuelle forandringar.⁶⁸²

4.3.2 Wilhelm Munthe tek over

Tre søkarar melde seg til det utlyste embetet: Presseattaché i Washington (og tidlegare biblioteksjef i Bergen) Arne Kildal⁶⁸³ samt bibliotekarane Wilhelm Munthe og Wilhelm Preus Sommerfeldt (1881-1957) frå Universitetsbiblioteket. Det akademiske kollegium vurderte

⁶⁸⁰ Drolsum til dep. 25. mars 1922: 16.

⁶⁸¹ *Det Kongelige norske Frederiks Universitets årsberetning 1. juli 1921-30te juni 1922* : 3 + Nordisk. *Tidskrift för Bok- och Bibliotekväsen*, 1922, IX: 197.

⁶⁸² *Norsk Kunngjørelsestidende* 28 mars 1922 :. 1

⁶⁸³ Kildal hadde vore i denne stillinga sidan 1920. jf. *Norges Statskalender for året 1923*. spalte 45

søkarane og vedtok samrøystes å innstilla Munthe til ny overbibliotekar.⁶⁸⁴ I følge kollegiet utmerka han seg på alle måtar:

Bibliotekar Munthe har netop den utdanning, der efter kollegiets opfatning i første rekke bør kvalifisere til stillingen som overbibliotekar ved Universitetsbiblioteket. Han har gjennom årrekker studert bibliotekvidenskap og praktisk biblioteksteknikk, og han har gjort det med særlig henblik på, hvordan et videnskabelig bibliotek og et riksbibliotek bør anordnes og administreres. [...] Han har i en årrekke været knyttet til Universitetsbiblioteket og har derved vundet fortrolig kjennskap til dets forhold. Og han har gjennom sitt arbeide ved biblioteket fått anledning til å legge for dagen at han er i besiddelse av en administrativ evne, der gir løfte om at han som overbibliotekar vill formå å lede biblioteket og reformere det uten samtidig å bryte tradisjoner, der er verdifulle. Det er således med full trygghet kollegiet innstiller bibliotekar Munthe til utnevning i embedet.⁶⁸⁵

Kollegiet var også positivt til Sommerfeldt og gav han både generell ros som biblioteksmann og særskild ros for arbeidet i Norske avdeling. Sommerfeldt hadde søkt stillinga berre i tilfelle Munthe ikkje skulle få den. Sidan kollegiet innstilte Munthe, fall vurderinga av Sommerfeldt bort. Om Sommerfeldt sin søknad kom av eige initiativ, eller var del av ein strategi for å blokkera for Kildal er uvisst.

Kollegiet rosa Kildal som ein dyktig bibliotekmann, men meinte at Munthe definitivt måtte innstillast først. Det framheva også at Kildal hadde stild klare og underforstått urimeleg vilkår for å ta stillinga: årsløna skulle hevast til kr. 16 000, han skulle få bustad i Kristiania, og han skulle byrja i stillinga først i 1923. Kollegiet meinte at universitetsadministrasjonen ikkje ville akseptera desse krava, og uansett vart Kildal rangert bak Munthe.

Munthe var også Drolsum sin utkåra etterføljar. Forholdet mellom dei likna nok litt på forholdet i si tid mellom Daae og Drolsum. Etter Drolsum byrja i UB i 1870 hadde han gradvis overtatt mange av dei praktiske leiarfunksjonane frå Ludvig Daae før Daae vart professor i historie og Drolsum var utnemnd til bibliotekar i 1876. Som vist tidlegare, var det eit svært nært forhold mellom Daae og Drolsum, og det bidrog nok til at Drolsum i si tid

⁶⁸⁴ Medlemer i kollegier 2. semester 1921 og 1. semester 1922 var formann rektor Fredrik Stang, dekan for juridisk fakultet, nestformann, Carl Størmer dekan for mat-nat, Simon Michelet dekan for teologisk fakultet, Kristian Brandt, dekan for medisinsk fakultet og Sten Konow dekan for h-f. jf. *Det Kongelige norske Frederiks Universitets årsberetning 1921-1922* : 3.

⁶⁸⁵ *Det Kongelige norske Frederiks Universitets årsberetning 1. juli 1921-30te juni 1922* : 16.

overtok leiarstillinga. Men medan Daae hadde fjerna seg frå det daglege livet i biblioteket etter kvart som Drolsum overtok meir og meir av den daglege leiinga, var Drolsum sjølv nærverande til stades i biblioteket like til det siste. Korleis var så forholdet mellom Munthe og Drolsum?

Wilhelm Munthe hadde byrja som volontær på UB i 1903. Samstundes studerte han ved Universitetet. I 1911 tok han språkleg-historisk embetseksamen med historie hovudfag og norsk og latin bifag.⁶⁸⁶ Gradvis steig Munthe i gradene på biblioteket: 1909 assistent, 1910 amanuensis, 1918 bibliotekar og 1920 leiar for den nyskipa handskriftsamlinga i biblioteket.

Gjennom fleire år hadde også Munthe assistert Drolsum med å administrera biblioteket.⁶⁸⁷ I åra 1913-16 hadde han stipend og permisjon frå biblioteket for å studera paleografi og diplomatikk i Berlin, København, Stockholm og Uppsala.⁶⁸⁸ Under opphaldet i Berlin skreiv han den ovannemnde artikkelen til *Zentralblatt*. Han hadde også bidratt med bokmeldingar i tidsskriftet *For Folke- og Barneboksamlinger*.

Munthe hadde utvilsamt eit svært nært og venskapeleg forhold til Drolsum. I Bjørg Dale Spørck si samling med brev frå Drolsum er der gjengitt 42 brev frå Drolsum til Munthe frå perioden 30. desember 1913 til 13. juli 1926. Det syner at Drolsum heldt kontakt med Munthe også etter at han slutta i biblioteket. Eit døme på den gode kontakten, var at Drolsum sendte Munthe eit separattrykk for å få kommentarar til bidraget sitt i *Studenterne fra 1864* før teksten vart publisert.⁶⁸⁹ Det nære sambandet med Munthe var nok heilt spesielt. Ingenting i Spørck si brevsamling etter Drolsum tyder på tilsvarande kontaktar med andre medarbeidarar.

Var så Kildal eigentleg ein reell konkurrent til Munthe? Munthe hadde, som vi har sett, lang fartstid frå UB, han hadde full embetseksamen frå Universitetet og han var Drolsum sin kandidat. Kildal var, som kollegiet også framheva, ein dyktig biblioteksmann, men han hadde aldri arbeidd ved UB. Bakgrunnen med bibliotekarutdanning frå New York State University og praksis frå Library of Congress og Yale University Library, samt leiarstillinga i Bergen og engasjementet for *biblioteksaken* gav ikkje teljande utslag her. Praksisen frå dei amerikanske

⁶⁸⁶ Hovudoppgåva var *Statsborgeren og Peder Soelvold . Et bidrag til den norske presses historie*. Den vart publisert som nr. 2 i universitetserien *Småskrifter fra det litteraturhistoriske seminar*. Serien kom ut med 21 titlar frå 1906 til 1955.

⁶⁸⁷ W.P. Sommerfeldt, Munthe, Abraham Wilhelm Støren, bd. 9 i, *Norsk Biografisk Leksikon*, Oslo 1940: 515.

⁶⁸⁸ I 1917 vart Munthe gift med dr. philos. (i plantefysiologi) Jenny Hempel (1882-1975) frå København.

⁶⁸⁹ Brev frå Drolsum til Munthe 30. oktober 1915. Spørck (utg.) 2011: 336

biblioteka var relativt kort, og utdanningsmessig og fagleg var Kildal orientert mot folkebibliotekfeltet. Han var dyktig og kompetent, men fagleg orientert i ei anna lei enn UB.

Korrespondanse fra Drolsum til Munthe viser at Drolsum likevel ikkje kjende seg heilt trygg på utfallet. Brev som er gjengitt av Spørck vert levningar, dvs. kjelder til Drolsum sine egne oppfatningar, og utan eit breiare kjeldetilfang blir ein historisk analyse mangelfull. Men det gjer ikkje Drolsum sin korrespondanse mindre interessant. Hadde Drolsum ei kjensle av å mista grepet?

Kildal var, som tidlegare nemnd, svigerson til universitetsreformatoren professor W.C. Brøgger. Han hadde vore Drolsum sin nære allierte i ein ad hoc allianse i arbeidet med det nye bibliotekbygget på Drammensvegen. Alliansen med Brøgger hadde tydelegvis kjølne seinare, og Drolsum ante no eit komplott frå Brøgger og Kildal. Når Kildal meldte seg som søkar til overbibliotekarembetet, såg Drolsum for seg at Brøgger stod bak. I to brev til Munthe, datert 14. og 21. mai 1922, utdjupa Drolsum saka.⁶⁹⁰ Han skreiv at han hadde venta at saka var ferdig og klar, men så hadde Kildal meldt sin søknad telegrafisk (frå Washington?). Drolsum meinte at søknaden var merkverdig med det høge lønskravet. Men bakanfor desse krava frå Kildal, skimta Drolsum ein annan plan:

Men da vi har med W.C. Brøgger at gjøre kan jeg tenke mig følgende taktiske plan: Man forestiller bak vor ryg for regjeringen, at U.B. er saa gammeldags, at man nødvendigvis maa indføre ”det amerikanske system” og omkalfatre det hele. Da nu konsulenten K.F. [Karl Fischer] ikke er at stole paa og vel har nogen indflytelse eller let kan faa det paa vaklende personer, saa vil jeg ruste mig til at faa alle vedkommende bevist, at der ikke er ét, men flere amerikanske systemer, og hva Dewey’s virkelig er. Dette har jeg selv besørget for Kollegiets vedkommende og lagt dem paa hjærte, at der nu kræves enstemmig indstilling for Dem. Jeg tror, at jeg har været heldig. Men nu siger [bibliotekar ved UB Jonas] Hauer [1892-1928] at han har hørt, at [professor og dekan for H-F]] Sten Konow [1867-1948] ikke skal være til at stole paa. Efter hva De sa til mig, forundrer dette mig høilig. Men den herre har aldrig været at stole paa, efter min mening. Og W.C.B.s store stilling i Vid. Sk. Selsk. og de store fonds styre gjør ham maaske mæktigere end jeg selv formodede⁶⁹¹.

⁶⁹⁰ Spørck (utg.) 2011: 384-388.

⁶⁹¹ Spørck(utg.) 2011: 385.

Her viste Drolsum tydeleg mistru til tidlegare medarbeidarar på UB, Fischer og Konow. Konow hadde vore tilknytt UB som volontær og assistent frå 1888 til 1898. Det verka også som han nærast såg for seg ein kupplan der målet var å endra den biblioteksfaglege kursen på Universitetsbiblioteket. Arkitekten for denne konspirasjonen skulle altså etter Drolsum sine fortrulege tankar til Munthe vera Waldemar Christopher Brøgger. Sjølv meinte Drolsum at det var store likskaper mellom UB og Library of Congress, og at det var fleire amerikanske biblioteksystem. Men for å klargjera forholda mellom ulike biblioteksystem, bad Drolsum i same brevet Munthe om å laga eit kort oppsett om dette som Drolsum kunne leggja fram for Kollegiet og politikarar. Her var tydelegvis overbibliotekaren sjølv ikkje heilt sikker i si sak og måtte støtta seg på Munthe.

Drolsum lanserte også for Munthe to alternative forklaringar av Kildal sin søknad: Enten at Kildal leid av *storhedsinn*, eller at han eigentleg ikkje ville ha stillinga men var tvungen av svigerfar Brøgger til å søkja og derfor stilde urimelege krav for å ikkje få stillinga.

Ei anna forklaring på Kildal sine krav, som verken Drolsum eller kollegiet kom inn på, kan vera såleis: Kildal søkte på stillinga medan han var presseattaché ved den norske ambassaden i Washington. Han hadde slutta i biblioteksjefstillinga i Bergen i 1920.⁶⁹² Som presseattaché, eller utsendt korrespondent som tittelen var i statskalendaren, hadde Kildal ei årsløn på kr. 12 000 og eit representasjonstillegg på kr. 6000, altså ei samla disponibel årsinnkome på tilsaman 18 000 kr.⁶⁹³ Dette var over den fastsette overbibliotekarløna. Lønkravet for overbibliotekarstillinga var faktiske ein liten nedgang frå samla innkome i Washington. Likeins var det vel ikkje urimeleg at Kildal som hadde brote opp frå Bergen, ville sikra seg husvære ved ein retur til Kristiania? For Drolsum var det uansett heilt utelukka med nokon annan enn Munthe:

I mine sidste samtaler med rektor [Fredrik Stang] og kollegiemedlemmer har jeg indtrængende gjort opmærksom paa, at at der er en krænkelse av U.B. som videnskabelig institution at inddrage en mand udenfra, naar en fuldt habil mand findes

⁶⁹² Kildal kom seinare tilbake til det norske bibliotekfeltet. I 1933 overtok han departementstillinga til Karl Fischer og i 1949 vart han direktør for det nye statens bibliotektilsyn. Han vart pensjonist i 1956. I norsk bibliotekhistorisk samaheng er Kildal ein heilt sentral og ruvande person.

⁶⁹³ *Norges statskalender for året 1923*. spalte 45.

inden personalet. Og jeg har ogsaa fremhævet, at det er at gaa personalets virkelige rettigheder for nær saaledes at stænge avancementet for det.⁶⁹⁴

I det neste brevet til Munthe frå Drolsum 21. mai kunne Drolsum fortelja at han hadde forsikringar frå universitetssekretæren [Hans Carl Wølner (1869-1940)] at Munthe ville bli samrøystes innstilt av collegiet.⁶⁹⁵ Drolsum kunne også fortelja Munthe meir om Kildal:

Hvad A.K. angaar, saa har jeg nu faatt rede paa, hvorfor han forlanger kr. 16.000,00 i løn og at man sikrer ham bolig. Det er et slags stormandsviktighet, for ikke at si stormandsgalskap: Jo ”vil man sikre sig en saa betydelig kapacitet, saa maa der ikke knusles med nogen faa tusen kroner”! Ser man det!!! Altsaa U.B. er efter hans eller hans kliks mening saa aldeles umulig organiseret, at det maa i støpeskeen, alias paa den Dewey'ske prokrustesseng! [gresk: tvangstrøye] Man skal høre meget før ørene falder av. Uvidenheden og dumheten er en stor magt: ”Mørkets hær er svær at storme!” Men nu skal vi levere dem et hovedslag.⁶⁹⁶

Om det var behov for eit *hovedslag* i denne saka var vel tvilsamt. Det skulle nok svært mykje til at Munthe ikkje skulle følgja etter Drolsum. Rett nok var Kildal velkvalifisert på sitt vis, men ikkje med dei rette kvalifikasjonane. Dessutan hadde han også stild eit lønskrav, som sjølv om det kan forklarast, låg langt over dei oppsette rammene. At Brøgger skulle stå bak ein konspirasjon, slik Drolsum antyder i privatkorrespondansen til Munthe, verkar tvilsamt: Kjernen her var nok at Drolsum var arg på Brøgger for at tenestebustaden vart stroken frå bibliotekplanen.⁶⁹⁷ Drolsum trong ikkje ottast. Kildal nådde ikkje opp. Munthe vart samsrøystes innstilt av collegiet og det tyder på at han hadde full støtte. At det nokså snart skulle verta friksjon mellom den nye overbibliotekaren og collegiet, ligg utanfor rammene til dette arbeidet.⁶⁹⁸

⁶⁹⁴ Spørck (utg.) 2011: 386.

⁶⁹⁵ Spørck (utg.) 2011: 387.

⁶⁹⁶ Spørck (utg.) 2011: 388.

⁶⁹⁷ I eit brev til Munthe 29.juni 1920 skreiv Drolsum: «Hvad chefsboligen angaar, er jo mit standpunkt givet. Jeg har aldrig i dette spørsmål gjort noget tilbageskridt. Jeg anser mig for svegen av hr. W.C. Brøgger i det stykke. Jeg tar ikke munden for fuld, naar jeg siger at jeg gjorde ham til stortingsmand for Aker. Og hans mund flød over av velvilje for mig den gang. Men han har – mig bekendt aldrig lagt 2 stikker i kors til gavn for mig. Dette in petto [latin: fortrulegheit].» Spørck (utg.) 2011: 395.

⁶⁹⁸ Munthe vidareførte og utvida Drolsum sine forslag om å endra namn på biblioteket til å foreslå utskiljing av UB frå Universitetet til eit sjølvstendig norsk nasjonalbibliotek. Dette vekte motstand på Universitetet og Stortinget parkerte saka i 1930.

4.3.3 Samanfatning

Overgangen frå Domus bibliotheca til det nye bibliotekbygget på Drammensvegen var den største materielle endringa i Drolsum sin lange bibliotekarriere. Grunnarbeida til det nye biblioteket starta i januar 1909, og i januar 1914 opna det for full drift. Flytting av samlingane var eit omfattande arbeid, som var nøye planlagt og konsentrert gjennomført i november og desember 1913.

Det nye biblioteket var utforma av arkitekt Sinding-Larsen og overbibliotekaren i tett samarbeid. Bygget var nøkternt, svært praktisk, funksjonelt og moderne. Det framstod også som ein viktig nasjonal institusjon. Tomta hadde godt rom for framtidige utvidingar. Det nye biblioteket inngjekk i ei geografisk spreiding av Universitetet, der institusjonen ikkje lenger var samla i sentrum. Dei nye og (førebel) romslege lokala til biblioteket var på alle måtar ei fundamental endring frå det gamle bygget. Universitetet såg difor behov for å gå gjennom bibliotekorganisasjonen. Difor utnemnde Det akademiske kollegium i 1912 ein samansett komité for å analysere UB og vurdere korleis det nye biblioteket kunne drivast best mogeleg. Komitéen leverte innstillinga si først i 1918. Den foreslo mellom anna at biblioteket fekk fagreferentar og at det vart skipa eit bibliotekråd. I den grad forslaga frå komitéen vann fram, skjedde det i stor mon etter Drolsum var gått av. Ei vesentleg endring kom i 1918 med at bibliotekartitlane vart omgjorde til førstebibliotekar og amanuensane vart bibliotekarar. I denne perioden vaks det fram eit breiare og diversifisert bibliotekfelt i Noreg. Nye vitenskaplege institusjonar supplerte Universitetet fagleg og dei fekk etter kvart eigne bibliotek og boksamlingar for å dekke sine eigne behov.

På folkebiblioteksida vann impulsar frå den amerikanske bibliotekrevolusjonen fram. Dette dreidde seg både om teknikk og politikk, til dømes ny bibliotekteknologi med opne hyller, nye klassifikasjonssystem (Dewey) og sentrale innkjøpsordningar for offentlege folkebibliotek. Det nye Bergen offentlege bibliotek og hovudstaden sitt reformerte Deichmanske bibliotek vart symbol for den nye given. Etter kvart som kunnskaps- og utdanningsnivået i heile folket vaks som følge av skulereformane, vart det auka tilgang til og behov for bibliotek. Bibliotekutviklinga vart driven fram av eldsjeler, og det framstod ein sterk tale- og skrivefør bibliotekoffentlegheit. Dette var eit opplysningsprosjekt som sikta breidt ut i samfunnet, og sentrale personar i denne bibliotekoffentlegheita knytte sterke band til styresmaktene og la i stor mon premissa for den offentlege bibliotekpolitikken. Bibliotekoffentlegheita konsoliderte

seg gjennom bibliotekfaglege tiltak og bibliotekspolitiske initiativ. Samnemnaren for dette var *Biblioteksaken*.

Dette var eit anna og nytt prosjekt enn det Drolsum dreiv. Sjølv om UB hadde flytta inn i nytt og moderne bygg, var dette bygget i den tysk-europeiske akademiske bibliotektradisjonen med lukka magasin og ein viss terskel for bruk av samlingane. UB var ikkje ein arena for ållmenn folkelesnad, det var eit bibliotek for kvalifiserte brukarar med faglege behov. UB hadde eit langsiktig ansvar for samlingane. Såleis var Drolsum sterkt imot å utvida pliktavleveringslova til å omfatta Bergens offentlige bibliotek. I følge Drolsum skulle ikkje pliktavlevert inngå som samlingsvekst av brukslitteratur i eit kommunalt bibliotek. Drolsum var ikkje mot utvida pliktavlevering til fleire bibliotek enn UB, men det måtte vera vitenskaplege bibliotek der det ikkje var morskapslesing. For Drolsum var UB eit bibliotek for nasjonen og nasjonsbygginga, men det det var ikkje eit bibliotek for alle i nasjonen.

Drolsum hadde sjølv sett seg ut kven som skulle følgja etter han som overbibliotekar. Utifrå kjeldematerialet hadde overbibliotekaren tidleg fått godhug for Wilhelm Munthe, som vart knytt til biblioteket i 1903. Han lanserte Munthe som sin etterfølgar då han skulle gå av. Sjølv om embetet vart lyst ut, vart det inga reell tevling om stillinga. 1. juli 1922 byrja Wilhelm Munthe som overbibliotekar.

KAPITTEL 5. NORSKE AVDELING 1883-1922

5.1 Nasjonalbiblioteket vert skapt

5.1.1 Innleiing

Frå den kronologiske gjennomgangen i dei førre kapitla kjem no eit tematisk kapittel. Dette kapitlet ser på Norske avdeling frå skipinga og fram til Drolsum gjekk av. Først kjem eit innleiande og kontekstualiserande tilbakeblikk. Med UB sin Norske avdeling vart det reelle norske nasjonalbiblioteket skapt, rett nok ikkje som ein eigen institusjon, men som ein integrert del av landet sitt einaste universitetsbibliotek og med knappe rammer enn ønskeleg. Med lovfesta og formaliserte rammer for dei nasjonale bibliotekoppgåvene, fekk UB ein tydelegare plass i den norske nasjonsbygginga. Norske avdeling hadde symbolsk og identitetskapande verdi og dekkja kulturelle og vitenskaplege oppgåver. Avdelinga var ein fundamental del av Drolsum sin reformplan for UB, og med dette initiativet lukkast han med eit tiltak som peika langt utover hans eiga samtid og inn i framtida. Å skilja ut den nasjonale litteraturen i eigne samlingar var, som vist tidlegare i avhandlinga, eit fenomen med nordisk opphav. Frå 1883 kom den nye norske litteraturen i ei eiga samling i biblioteket. Den fysiske samlinga av all norsk litteratur vart fullført først i 1925.⁶⁹⁹

Nokre sentrale tema som blir analysert i dette kapitlet:

Korleis prega avdelinga sine leiararar det bibliografiske arbeidet?

Korleis fungerte Norske avdeling som norsk nasjonalbibliotek?

5.1.2 Norske avdeling sitt bibliografiske mandat

Med avleveringslova vart det etablert legale rammer for det nasjonalbibliografiske arbeidet i Noreg.⁷⁰⁰ Som ein lovpålagt funksjon av pliktavleveringa hadde Drolsum foreslått at biblioteket skulle laga ein katalog over det innkomne materialet. Det vart tatt inn i §11 i avleveringslova og munna ut i *Norsk bogfortegnelse*.⁷⁰¹ Dette var den første norske litteraturkatalogen som bygde på sjølvsyn av materialet som vart beskrive og den tilstreba ei

⁶⁹⁹ W. Munthe 1933: 37.

⁷⁰⁰ Sjå vedlegg 1 for den fulle lovteksten.

⁷⁰¹ §11: Over alle i et Aar udkomne og inden 1ste Februar næstefter modtagne indenlandske Værker bør Universitetsbibliotheket snaest muligt og senest inden 1ste August same Aar udgive en særskilt Fortegnelse.

fullstendig dekking av litteraturen som vart gitt ut i Noreg. Katalogen var norsk nasjonalbibliografi. Norske avdeling skulle bidra til at norsk skriftkultur blei grundig dokumentert og beskrive. Dei nasjonalbibliografiske oppgåvene var fremja og artikulerte av Drolsum og definerte og handterte i praksis av personalet på Norske avdeling. Før vi går vidare med Norske avdeling, tar vi eit kontekstualiserande tilbakeblikk:

5.1.3 Bibliografisk arbeid før og utanom Norske avdeling

Før Norske avdeling vart etablert hadde bibliografisk arbeid i Noreg hatt ein meir tilfeldig og individuell karakter. Det første reint bibliografiske arbeidet i Noreg vart laga av Claus Lydersen Fasting (1743-1827).⁷⁰² Fasting var utdanna teolog i 1768. Han arbeidde som lærar og hører m.a. ved katedralskulen i Bergen, og frå 1804 var han klokkar ved Domkirken der. I 1793 gav han ut *Forsøg til en Fortegnelse over de udi Danmark og Norge fra Bogtrykkeriets Indførsel til 1789 Aars Udgang udkomne Danske Skrifter*. Boka var på over 600 sider og dekkja 7000 titlar. Den omfatta både norsk og dansk litteratur på dansk-norsk språk. Bibliografien var vesentleg basert på litterære kjelder og i liten grad på sjølvsyn av dei omtalte verka. Dette var uansett eit pionerarbeid.⁷⁰³ Likevel var ikkje denne bibliografien eit heilt isolert fenomen utan samanheng: «Alt fra 1760- og -70-årene kan der spores en gryende nasjonalfølelse innen norsk embetsstand og storborgerskap, nedfelt i litterære selskaper og i en idylliserende og heroisk diktning.»⁷⁰⁴

Denne retninga var ein idé om provinsen Noreg sin eigenart innan dobbeltmonarkiet. Det var førebels ikkje noko ønske om ei eiga norsk statsdanning.

»Norge» var en pragmatisk forestilling hos en politisk og intellektuell elite; det var en historisk og litterær idé. Denne idéen ble først dyrket i København, senere i Christiania, og den ble formulert på dansk: Almuens kultur i Norge var en ikke-skriftlig bondekultur; den var splittet i bygdelag og lokal; den var trolig uten nasjonal selvbevissthet, og den var sikkert uten en statsbærende ambisjon. Her kunne ikke 1814 bli noe plutselig gjennombrudd. Identitesproblemet vedvarte med Norge som underleggen part i unionen med Sverige. Men forfatningen og den nye statlige status

⁷⁰² Claus Lydersen Fasting må ikkje forvekslast med sin meir kjende fetter Claus Fasting (1746-1791).

⁷⁰³ Sjø P. Dancke, Claus Lydersen Fasting og hans bokfortegnelse, i W.P. Sommerfeldt (red.), *Minneskrift: utgitt i anledning av hundreårsdagen for J.B. Halvorsens fødsel*, Oslo 1945: 5-24.

⁷⁰⁴ Ø. Østerud, *Nasjonenes selvbestemmelsesrett. Søkelys på en politisk doktrine*, Oslo 1984: 55

gjorde problemet mer utfordrende og akutt. Grunnloven som samlende symbol, og motsetningene til Sverige som samlende realitet, skapte en sterkere nasjonalbevegelse; bevegelsen krevde et genuint nasjonalt innhold.⁷⁰⁵

Det nasjonale medvitet i Noreg i første halvdel av 1800-talet kan delast i to typar, ein politisk og ein kulturell. Dette var i stor mon var eit elitefeneomen for akademikarar og embestmenn. Den politiske nasjonalismen var inspirert av tankar frå den franske revolusjon og revolusjonskrigane med patriotisk liberalisme. Den kulturelle nasjonalismen var i slekt med romantikken som hadde brote gjennom i Tyskland med Johan Gottfried Herder (1744-1803) og brørne Jacob (1785-1863) og Wilhelm (1786-1859) Grimm som hovupersonar. Denne kulturnasjonale retninga vart kalla nasjonalromantikken. Det var ei kulturell rørsle med utgangspunkt i dei tyske romantikarane si mystiske forståing av nasjonen som ein organisme med ei felles folkesjel. I Noreg var den kulturelle nasjonalromantiske vendinga knytta til den store generasjonen av norske vitskapsmenn og kunstnarar som gjorde sin hovudinnsats i i 1840 og – 50 åra: Ivar Aasen, (Peter Christen) Asbjørnsen (1812-85) og (Jørgen) Moe (1813-82), Johan Sebastian Welhaven (1807-73), P.A. Munch og mange andre.⁷⁰⁶

Denne innsatsen gjekk ut på å kartlegga det norske land og folk gjennom innsamling, dokumentasjon og kunstnarleg tolking. I denne vendinga inngjekk også det nasjonal bibliografiske, sjølv om ikkje Universitetsbiblioteket som nasjonalbibliotek var ei institusjonell drivkraft i første omgang. I 1832 gav stud.theol.(og seinare riksarkivar) Christian C.L. Lange (1810-61) anonymt ut *Fortegnelse over de i Norge udkomne Bøger i Aarene 1814-1831*. Det var eit lite hefte på 43 sider med om lag 800 titlar. Dette oversynet laga Lange og gav ut anonymt medan han var student og samstundes også arbeidde i ein bokhandel (Keyser, Messel & co.), som var grunnlagt av nokre slektningar. Lange sitt arbeid var ikkje basert på sjølvsyn av dei omtalte verka, og han nemnde heller ingenting om Universitetsbiblioteket. I minneskriftet til femtiårs-markeringa for Norske avdeling skreiv Wilhelm Munthe om denne katalogen:

Det er karakteristisk at han i forordet meddeler at fortegnelsen er samlet ved å utdra av avisene alle annonser om bøker som anmeldes til salgs. Men ikke ved et ord omtaler han Universitetsbibliotekets kataloger, skjønt den ene av firmaets innehavere (begge

⁷⁰⁵ Østerud 1984: 56.

⁷⁰⁶ S. Aa. Aarnes, Nasjonen finner seg selv, i bd 4 i I. Semmingsen (hovedred.), *Norges kulturhistorie*, Oslo 1980: 130.

var forresten hans onkler), var bibliotekets underbibliotekar F.W. Keyser. Dette kunde tas som tegn på at bibliotekets samlinger ikke var særlig betydelige.⁷⁰⁷

Dette kunne nok også takast som eit teikn på at UB som institusjon ikkje var særleg opptatt av den norske litteraturen trass avleveringslova frå 1815.

Lange var ein sentral person i det historiefaglege miljøet i Noreg i si samtid. Saman med mora sin fetter, historikaren Rudolf Keyser, som også vart hans mentor, kom Lange i selskap med filologen Carl Unger og historikaren P.A. Munch. Desse danna kjernen i det første moderne historiefaglege miljøet i Noreg. Eit miljø som har vorte kalla Den norske historiske skole. Lange medverka til fleire historiefaglege og litterære tiltak i si samtid. Han tok initiativ til arbeidet med historiske kjeldeutgåver som *Diplomatarium norvegicum*. Lange arbeidde for å dokumentera det norske materialet både frå fortida og frå samtida. Arbeidet inngjekk i eit stadig sterkare nasjonal medvit (for eliten) i ein periode som har vorte kalla det nasjonale gjennombrøtet. Vitskapleg publisering av mellomalderdokument var ikkje berre eit norsk fenomen. Utgiving av slike kjelder vart i fleire land sett som viktige bidrag til å rekonstruera den nasjonale historia. Det norske tiltaket vart først finansiert av DKNVS i Trondheim før staten tok over.⁷⁰⁸

Eit anna litterært tiltak Lange gjorde, var å fullføra arbeidet med den topografisk-statistiske forfatternen Jens Kraft (1784-1853) sitt *Norsk Forfatter-Lexikon 1814-1856*, som kom ut 1857-1863.⁷⁰⁹ Dette var eit grundig verk på 728 sider. Kraft var utdanna teolog og jurist og frå 1832 var han sorenskrivar i Mandal. Primært var han interessert i vitskapeleg samlararbeid. Han hadde saman med den danske litteraturhistorikaren, språkforskaren og bibliotekaren, professor Rasmus Nyerup laga eit litteraturleksikon for Danmark, Island og Noreg som kom ut i 1820. Kraft var ikkje nøgd med den norske representasjonen i verket og han såg høve til å laga eit eige nytt oppdatert verk for Noreg. Elles var Kraft sitt hovudverk *Topographisk-Statistisk Beskrivelse over Kongeriget Norge*, som ut i seks band frå 1820 til 1835. Med sitt omfattande arbeid var også Kraft ein av dei som bidrog til at den nye nasjonalstaten fann seg sjølv.

⁷⁰⁷ Munthe 1933: 17. Munthe skreiv her feil at underbibliotekar Keyser var Lange sin onkel. Keyser var bror til historikaren Rudolf Keyser og dermed fetter til Lange si mor.

⁷⁰⁸ *Æmula Lauri*, 2009: 138.

⁷⁰⁹ *Norsk Forfatter-Lexikon 1814-1856* af Jens E. Kraft. Efter Forfatterens Død ordnet forøget og udgivet af Christian C. L. Lange. Christiania Johan Dahl's Forlag. 1863

Om ikkje UB var noko senter for norsk bibliografi i perioden for det nasjonale gjennombrøtet, så hadde den norske bokbransjen behov for ei oppdatert bokforteikning. I 1847 tok sentrale bransjefolk (Forlagsbokhandelen Feilberg & Landmark) initiativ for å vidareført Lange si bokforteikning. Dei vende seg til førsteamanuensis Martinus Nissen (1817-1850) på UB for denne oppgåva.⁷¹⁰ Om dette arbeidet kom i konflikt med det faste arbeidet på biblioteket er uvisst. Alt året etter hadde Nissen klar *Norsk Bogfortegnelse 1814-1847* (215 sider.)

Dette verket baserte seg dels på Lange sitt arbeid, men Nissen hadde auka tilfanget med kart, program, dagblad m.m. og i tillegg hadde han laga eit register. Han tilstreba fullstendig dekking av den norske skriftkulturen. Nissen laga også ein statistisk analyse over norsk litteratur: *Statistisk Udsigt over den norske Litteratur fra 1814 til 1847*. Denne analysen vart publisert i *Norsk Tidsskrift for Videnskap og Litteratur* der Lange var redaktør. Nissen var ikkje berre registrator, men også ein litteratursosiologisk pioner. Arbeidet hans vart verdsett av styresmaktene, og Nissen fekk i 1849 det første bibliotekvitskaplege reisestipendiet i Noreg for å studera utanlandske bibliotek. Diverre stansa hans plutslege og alt for tidlege død i 1850 både studiereisa og vidare arbeid.⁷¹¹

Først i 1861 kom eit nytt initiativ frå Bokhandlarforeninga. Det var gjort avtale med Siegwart Petersen (1826-78) og Paul Botten-Hansen om framhald av bokforteikninga. Desse karane hadde mange jarn i elden, og først i 1870 var bokforteikninga for 1848-65 trykt. Trass at Botten-Hansen også var leiar for UB, var ikkje bokforteikninga knytta til biblioteket. Botten-Hansen var også død då forteikninga vart trykt. Den neste forteikninga for 1866-72 overtok den bibliofile Thorvald Boeck (1835-1901). Han hadde basert arbeidet på frivillig avlevering frå forlaga, etter anbefaling frå Bokhandlarforeninga. Det gjekk dårleg for forleggarane som ville gjerne ha forteikninga snarast råd, men som ikkje ville yta nokon innsats. Boeck, slutta og bokhandlar Magnus Wogelius Feilberg (1817-99) overtok redaksjonen heilt til 1890. Då overtok bokhandlar Hans Jokum Horn Haffner (1862-1948) for 1891-1900, 1901-10 og 1911-20. Deretter gjekk bokhandlarane si bokforteikning saman med UB sin nye 5-års katalog. Det var eit tiltak som først materialiserte seg etter Drolsum si tid og som fekk kort levetid.

⁷¹⁰ Tveterås 1986: 68.

⁷¹¹ Anne Eidsfeldt dreg vekslar på Nissen sitt arbeid, i *Fra sur plikt til milde gaver: Tilvekst av norsk historisk litteratur til Universitetsbiblioteket 1817-70*, i Hemstad (red.) 2011: 137-174. Wilhelm Munthe presenterte Nissen i *Norsk Biografisk Leksikon*. bX. 1949: 168-169. Ein fyldigare presentasjon av Nissen gav Harald L. Tveterås med kapitlet *Martinus Nissen – vår første bibliotekar, bibliograf og boksosiolog i Norvegica: minneskrift til hundreårsdagen for opprettelsen av Universitetsbibliotekets norske avdeling*. 1983: 23-31.

Det var såleis bok- og forlagsbransjen og einskildpersonar som stod for det bibliografiske arbeidet i landet fram til samanfallande interesser mellom bransjen og Universitetsbiblioteket utover 1870-talet leidde fram til ny pliktavlevering og nasjonal bibliotekavdeling. Som vist tidlegare i arbeidet, var det innspelet frå bransjehald om eit offentleg forlagsregister og Drolsum si kobling av dette med gjeninnføring av lovpålagt pliktavlevering og ei nasjonal avdeling i Universitetsbiblioteket som leidde fram til eit nasjonalbibliografisk gjennombrøt.

Sidan trykkeria først skulle avlevere bøker til Norske avdeling når året var over, var bokfortegnelsen på etterskot. Bokhandlarforeninga hadde også eigne aktuelle behov for lager- og salskatalog og heldt fram med eigne katalogar. Frå 1893 kom det ein kvartalskatalog over norsk litteratur. I 1903 vart den avløyst av ein årskatalog. Dette var praktiske salskatalogar, medan UB sin bokfortegnelse hadde eit lenger nasjonalbibliografisk perspektiv.

5.1.4 Norske avdeling

Om det legale rammeverket var på plass, så tok det ei stund før Norske avdeling vart synleg. Det gjekk fram av biblioteket si første årsmelding etter lovvedtaket:

Fra 1ste Januar d.A. traadte Lov af 20de Juni 1882 om Forlagsregistre og Aflevering af Tryksager til Bibliotheket i Kraft. [...] Nogen synderlig Aflevering af Tryksager fandt dog ikke Sted, idet Terminen for Afleveringen for Aaret ifølge Loven først udløber med næstfølgende Aars Januar Maaned, og det for Bogtrykkerierne selvfølgelig er bekvemmest at aflevere sin samlede Produktion for Aaret paa en Gang.⁷¹²

I den neste årsmeldinga, som kom i biblioteket si eiga årbok, hadde lova byrja å bera frukter:

Af Forøgelsen falder paa den norske Literatur: 940 større og mindre Bøger og Brochurer, 87 Aargange Tidsskrifter, 102 Aargange politiske og Avertissementsblade, 385 Stykker Smaatryk (Leilighedssange, Gadeviser osv.), 105 Hefter Musikalier, 34 Karter, 26 Lithografier, Xylografier m.m. – til sammen 1,680 Stykker, hvilke som er trykte i Aaret 1883 ere afleveret til Bibliotheket af 111 Bogtrykkerier, 4 lithografiske Anstalter og 3 Musikaliehandlere i Henhold til Lov af 20de Juni 1882; hertil kommer

⁷¹² *Det Kongelige norske Frederiks Universitets Aarsberetning for 1ste Halvaar 1883: 27.*

123 Bind norske Bøger og 7 Manuskripter, der er erhvervede ved Kjøb eller som Gaver.⁷¹³

Om pliktavlevering av norske trykk viste Drolsum både til det ovannemnde og til *Norsk Bogfortegnelse for 1883* (ss.1-75 i årboka for 1884) og han meinte dette hadde fungert upåklageleg: «[...] uagtet det selvfølgelig med en saa nylig i Kraft traadt Bestemmelse endnu volder nogen Vanskelighed at faa Indsendelserne fra Bogtrykkerierne i betimelig Tid.»⁷¹⁴ Derimot hadde ikkje forlagsregisteret vorte brukt, sjølv om Drolsum hadde fått ein jusprofessor til å skriva ei oppmoding om å bruka dette i *Norsk Boghandlertidende*. Registeret forsvann snart i det stille.⁷¹⁵

Den nye årboka gav Drolsum og biblioteket eit eige podium med romslegare plass enn i Universitetet si årbok. Drolsum konstaterte at UB omsider etter fleire års påkalling av dei *overordnede Myndigheders Opmærksomhed* endeleg hadde fått løyvingar som sette institusjonen i stand til å dekkja det han meinte var vesentlege oppgåver for eit bibliotek som både skulle vera universitetsbibliotek og nasjonalbibliotek.

Like frå etableringa var Norske avdeling eit senter for norsk bibliografisk arbeid med ei lovpålagt oppgåve, jf.§ 11 i avleveringslova. *Norsk Bogfortegnelse for 1883* vart trykt i UB si årbok for 1884. Her gjennomgjekk også overbibliotekaren korleis han hadde arbeidd fram den nye pliktavleveringa frå han overtok leiinga av biblioteket. I årboka presenterte overbibliotekaren dessutan katalogiseringsreglane for *Norsk Bogfortegnelse* in extenso (15 paragrafar) med denne innleiinga:

[...] der skulde oprettes en egen Afdeling for den norske Literatur i Bibliotheket og udgives en aarlig norsk Bogfortegnelse, blev der nødvendigt at fastsætte saadanne Bestemmelser for Katalogiseringen, at baade Bibliothekets Katalog over norske Skrifter og Bogfortegnelsen, kunde svare til de bibliografiske Fordringer, der maatte stilles til disse Hjælpemidler. Da disse Bestemmelser tør antages at have Interesse ogsaa udenfor Personalets snevre Kreds og tillige til Forstaaelse af efterfølgende

⁷¹³ *UB Aarbog 1884*: [V].

⁷¹⁴ *UB Aarbog 1884*: VII.

⁷¹⁵ Mellom 1895 og 1910 vart det innført tilsaman 8 bøker i registerert. «Den nyere lovgivning [for opphavsrett] har nu gjort forlagsregisteret helt overflødig.» Munthe 1933: 33.

Bogfortegnelse, meddeles her de vedtagne Regler for katalogisering af Norsk Literatur.⁷¹⁶

Korvidt katalogiseringsreglane var interessante utanom biblioteket *sin snevre personalkreds* var nok diskutabelt. Men katalogiseringsreglane var også eit uttrykk både for biblioteket som vitskapleg institusjon og for arbeidet i biblioteket som vitskapleg arbeid. Med å presentera reglane i årboka, fekk Drolsum vist fram biblioteket som faginstitusjon, men denne presentasjonen av skriftlege katalogreglar kan likevel ikkje ha vorte særleg synleg i norsk bibliotekmiljø. 120 år seinare skreiv den internasjonalt anerkjende norske katalogiseringseksperter Inger Cathrine Spangen (1941-2014)): «Gjennom hele århundret [1800-talet] ble eventuelle regler og praksis overlevert muntlig fra de eldre bibliotekarene til de yngre, noe som kunne føre til visse individuelle løsninger. «⁷¹⁷

I tillegg til det reint faglege, fall også *Norsk Bogfortegnelse* inn i eit større bilete i denne perioden som var prega av kulturell nasjonalisme. Bibliografisk arbeid var ikkje noko nytt, men tidlegare hadde bibliografiar gjerne vore tematiske.⁷¹⁸ 1800-talet hadde ei meir nasjonal lei og vart difor dei store nasjonalbiografiane sitt hundreår.

I det ena landet efter det andra utkommo såväl stora retrospektiva verk som periodiska förteckningar [...] 1900-talet präglas liksom senare hälften av 1800-talet framför alt av fackbibliografiens oerhörda tillväxt. Derjämte karakteriseras denna period av en tiltagande trävan efter bättre organisation på bibliografiens område för att dels så fullständigt som möjligt bibliografisk täcka den nationella literaturproduktioner del åvägbringa internationellt samarbete.⁷¹⁹

Dette dekkja både bokfortegnelsen og dei andre tiltaka og initiativa som kan knyttast til Norske avdeling og avdelingsleiarane.

⁷¹⁶ UB,s *Aarvog 1884*. ss. VII-VIII.

⁷¹⁷ I.K. Spangen, *En nøkkel til biblioteket blir til. Katalogen og katalogiseringsreglene i historisk perspektiv*, Oslo 2005: 36.

⁷¹⁸ R. Knapas, *Kunskapens rike. Helsingfors universitetsbibliotek –Nationalbiblioteket. 1640-2010*, Helsingfors 2012: 67.

⁷¹⁹ G. Ottervik, Bibliografi, , bd. 3 i S. Dahl (red.), *Nordisk håndbok i bibliotek-kunnskap*, Oslo 1960: 452.

5.2 Nasjonale bibliografar

5.2.1 Nøkkelpersonar

I Drolsum si tid hadde Norske avdeling to leiarar. Den første var Jens Braage Halvorsen frå 1883 til 1898. Deretter leia Hjalmar Pettersen avdelinga til 1926. Begge desse var personar både med omfattande bibliografisk interesse og legning og stor arbeidskapasitet. Dei hadde eit elastisk forhold til arbeid der arbeidstid, fritid og ferie smelta saman til ein høgare nasjonal bibliografisk horisont som strekte seg langt forbi arbeidet med *Norsk bogfortegnelse*. Ein tredje mann som også sette store bibliografiske spor etter seg var Wilhelm P. Sommerfeldt. Han kom til avdelinga i 1902 og overtok leiinga etter Pettersen i 1926.

5.2.2 Jens Brage Halvorsen

I 1883 vart Jens Braage Halvorsen konstituert som amanuensis i biblioteket og stillinga vart snart fast. I 1895 rykte han opp til underbibliotekar. Halvorsen hadde alt som skulegut i Bergen byrja å samla bøker og opplysingar om norske forfattarar. Like frå ungdommen var han interessert i personalhistorie og bibliografi sjølv om han vaks opp i eit miljø av handverkarar og handelsfolk utan større interesse for bøker og litteratur. Han kom tidleg til Kristiania der han i 1866 tok studenteksamen som privatist. Ved sida av skulearbeidet brukte Halvorsen også mykje tid på lesesalen på UB og i Riksarkivet. Her byrja han å samla og systematisera underlagsmateriale i mapper: *Personalhistoriske samlinger grundlagt 1863*.

Etter studenteksamen arbeidde Halvorsen som litterat og journalist i hovudstaden fram til han byrja på UB i 1883. Ved sida av arbeidet som journalist heldt Halvorsen også den boklege, litterære og bibliografiske interessa ved lag. Som journalist arbeidde Halvorsen i hovudsak for *Aftenbladet*, men han var også innom andre organ. I perioden 1869-77 hadde Halvorsen ansvaret for biblioteket til leseselskapet Athenæum.⁷²⁰ Men det var neppe dette som var utslagsgivande for at Halvorsen kom til Norske avdeling. Han hadde alt i 1870 vore arbeidssøkar på UB, men då fekk Drolsum stillinga.⁷²¹ 23 år gamal byrja Halvorsen i 1868 på arbeidet som munna ut med *Norsk Forfatter-Lexicon 1814-1880*. Det starta med at han sendte ut ei offentleg oppmoding til:

⁷²⁰ Athenæum var ei leseforening som hadde eksistert sidan 1830-åra. I sin beste periode på 1870-talet hadde selskapet kring 450 medlemmer, vesentleg blant forretningsfolk og frie akademiske yrkesgrupper. Ringdal, *By, bok og borger*, s. 88

⁷²¹ Journal 2. februar+13. mars 1870. RA/S-4102/C/L0001. Riksarkivet.

Enhver, som 1ste Januar 1868 enten selv har forfattet, oversat eller udgivet Skrifter, eller gennem Rigets Tidender og Tidsskrifter ladet noget trykke, eller som har sikker Kundskab om afdøde Slægtinges eller Venners Virksomhed i disse Retninger, om velvilligen og snarest mulig at meddele mig saavidt mulig fuldstændig Oplysning herom.⁷²²

Halvorsen fekk få svar på oppmodinga, men han heldt iherdig fram med å samla materiale ved sida av sine andre gjeremål. Utgangspunktet var å laga eit supplement til Kraft og Lange sitt ovannemnde *Norsk Forfatter-Lexikon 1814-1865*, men denne ramma vart snart sprengt.⁷²³ Halvorsen såg for eit større verk. Finansieringa av verket var i utgangspunktet vanskeleg. Den norske Forlagsforening, som var ei samanslutting av dei større forlaga i Kristiania og skipa for fremja kostbare verk av særleg betydning, ville ta ansvar for verket dersom finansieringa vart sikra. Stortinget av slo i 1880 ein søknad om støtte, sjølv om den var støtta av fleire professorar og Drolsum. Etter at Halvorsen sjølv hadde skaffa fleire abonnentar, fekk han frå 1881 likevel årleg støtte frå styresmaktene til arbeidet. Støtta kom frå 1883 i tillegg til løna på Universitetsbiblioteket. I ettertid framstår forfatterleksikonet som hovudverket til Halvorsen, sjølv om arbeidet med verket kom i tillegg til alle dei andre gjeremåla hans. Det lidenskapelege, utrøyttetelege og mangslungne bibliografiske arbeidet til Halvorsen må ha fascinert Drolsum og var nok ein vesentleg grunn til at han rekrutterte Halvorsen til UB:

[...] vekt hadde nok hans fortjenester som bibliograf. Foruten kataloger over Studentersamfundets og «Athenæums» boksamlinger [...] hadde han utan en øres godtgjørelse utarbeidet de to årganger av en «Norsk Bogfortegnelse» som det driftige Alb. Cammermeyers forlag gav ut for 1870 og -71, men som dermed døde hen sikkert til forfatterens bibliografiske sorg. Men spesielt kunde han henvise til de 20 ark som alt var sendt av «Norsk Forfatter-Lexikon [...] Dette verk er nemlig ikke som mange tror, verken i sin idé eller i idéens virkeliggjørelse en frukt av hans arbeid ved biblioteket.⁷²⁴

⁷²² Sitert etter A. Nygård-Nilssen, J.B. Halvorsen, i *Boken om bøker: årsskrift for bokvenner III*, Oslo 1932: 33

⁷²³ Den ambisiøse planen var å ta med alle norske kvinner og menn som i perioden 1814-80 «[...] har optraadt som Forfatter, Oversætter eller Udgiver af selvstændige Skrifter, eller som gennem betydeligere Arbejder har deltaget i den offentlige Diskussion i den Periodiske Presse.» Forfatterane som vart nemnde i verket vart omtalte med detaljerte biografiske opplysingar. I tillegg til ei grundig registrering av forfattarskap i bokformer var der også eit grundig oversyn over artiklar i tidsskrift og dagspresse. Sjå O. Chr. Torp, Halvorsen, Jens Braage, bd. 4 i *Norsk Biografisk Leksikon*, Oslo 2001: 20-21.

⁷²⁴ Nygård-Nilssen 1932: 40.

Halvorsen hadde såleis synt både bibliografisk interesse og praktisk kunnskap då han byrja på UB. Pålagde arbeidsoppgåver i biblioteket var å organisera Norske avdeling, handheva lova om pliktavlevering av norske trykksaker, samt å vera redaktør for den årlege utgjevinga av *Norsk Bogfortegnelse*. I UB si første årboka for 1884 dekkja bokfortegnelsen 75 sider. Eit særøpplag med systematisk register vart laga for bokhandlarane

Frå 1884 var Halvorsen også bidragsytar til *Nordisk Conversations-Lexikon* og frå 1891 vart han norsk medredaktør for *Salmonsens store illustrerede Konversationsleksikon*. Båe desse leksika var danske tiltak. Med så mange ballar i lufta var det ikkje rart at Halvorsen ofte arbeidde til klokka var både 2 og 3 på natta.⁷²⁵

Det gjekk tilslutt ut over helsa og i 1894 var han borte frå UB i 8 månader: «Dels av Helbredshensyn og dels paa Studiereise med offentlig Stipendium opholdt Amanuensis J.B. Halvorsen sig i Udlandet frå Mai 1894 til Aarets Udgang.»⁷²⁶ Han var ei stund i Berlin, men for det meste i Roma der han fann seg vel til rette og samla krefter før han vende attende til vintermørket og bokstaven P i forfatarleksikonet.⁷²⁷

Etter kvart hausta Halvorsen stor heider og anerkjenning. I 1894 vart han votert inn i Videnskabs-Selskabet i Kristiania.⁷²⁸ I 1896 vart han utnemnd til Riddar av St. Olavs orden «for literær Fortjeneste.»⁷²⁹

Om Halvorsen hadde mange ballar i lufta, så var det likevel ein samanheng i det han heldt på med: Arbeidet med norske trykksaker var ein fellesnemnar. Her var han truleg den største kjennaren av det norske litterære landskapet i samtida. I Halvorsen sin periode i Norske avdeling var der ein jamm og aukande årleg tilvekst av pliktavlevert norsk materiale til avdelinga, som framstod som norsk nasjonalbibliotek. Den første bokfortegnelsen (1884) viste 1680 einingar, medan det siste året (1897) viste 1801 einingar. I tillegg vart samlinga supplert med gåver og kjøp: I 1883 kom det på denne måten inn 123 band bøker og 7 manuskript. I 1897 hadde dette auka til 146 band bøker, 28 handskrifter, 20 musikaliehefte og 303 litografi.

⁷²⁵ Nygård-Nilssen 1932 : 45.

⁷²⁶ *Universitets-Bibliothekets Aarvog for 1895*. s. IX

⁷²⁷ Nygård-Nilssen 1932: 45.

⁷²⁸ L. Amundsen, *Det norske videnskaps-akademi I.*, Oslo 1957: 309.

⁷²⁹ *Den kongelige norske St. Olavs orden 1847-1947* : 279.

5.2.3 Statsstipendiat

Arbeidsmengda til Halvorsen vart etter kvart så stor at han i 1898 søkte Stortinget om å få ei fast årleg personleg løyving på kr. 4 500 for å fullføra forfatarleksikonet på full tid og slutta på UB. Halvorsen såg for seg at forfatarleksikonet kunne gjerast ferdig før hundreåret var ute, og etterpå ville han arbeida historisk og bibliografisk med norsk presse. Kyrkjedepartementet var positivt til Halvorsen sin søknad og saka gjekk vidare til Budsjettkomitéen. Ved dette høvet var komitéen sett saman av Viggo Ullmann (formann), Elling Eriksen Wold (sekretær), Carl Berner, Ole Lutzow Holm, Gjert Holsen, Nils Ullenrød Larsen og Daniel Vigeland behandla saka Indst. S. XXVI, Tit. 29, ss. 4-6. (1898). Komitéen var delt i eit fleirtal, (Berner, Lützow Holm, Ullmann og Vigeland) som støtta Halvorsen, og eit mindretal (Holsen, Larsen og Wold), som ville halda på den eksisterande ordninga med ei ekstraløyving til Halvorsen i tillegg til arbeidet på UB. Både kyrkjestatsråd Wexelsen og komiteformann Ullmann var nasjonalsinna og politisk sameinte venstremenn. Komitéfleirtalet viste til at ei innfriing av søknaden ville gjera Halvorsen uavhengig av andre oppgåver slik at det viktige bibliografiske arbeidet vart snøggare ferdig.

Både departementet og komitéfleirtalet delte også dette ønsket. Det ville vera ei rettkomen anerkjenning av Halvorsen sin bibliografiske innsats:

[...] at han bliver sat økonomisk i stand til at gjøre Fortsættelsen og Avlutningen af “Norsk Forfatterlexikon” til sin Hovedgjerning i de tilbagestaaende Aar af dette Aarhundre, istedenfor at Arbeidet herpaa nu er en Bisysse i Fritimer (og Ferier) efter hans Dagsgjerning paa Universitetsbibliotheket.⁷³⁰

Komitéen meinte at Halvorsen sin vitskapelege innsats låg på same nivå som andre vitskapsmenn som hadde vorte heidra med statstipend t.d: Språkforskaren Ivar Aasen, forstmannen og botanikaren Johannes Norman (1823-1903), språkforskarane Hans Ross (1833-1914) og Jørgen Knudtzon (1854-1917) og kunsthistorikaren Andreas Aubert (1851-1913). At Halvorsen sitt arbeid vart vurdert så høgt, var ei anerkjenning av den nasjonsbyggande sida av det nasjonalbibliografiske arbeidet, både så langt Halvorsen hadde arbeidd til no og kva han kunne gjera i framtida. Halvorsen var ein danningsagent som synleggjorde den kulturelle kapitalen i nasjonen:

⁷³⁰ *Indst. S. XXVI (1898)* : 4.

Hr. Halvorsen sidder imidlertid ogsaa inde med betydelige Samlinger i andre Retninger som han ønsker at kunne faa Leilighed til at bearbejde, saaledes først og fremst hans Samlinger til den norske Presses Historie, den politiske saavel som den videnskabelige og almindelige literære, helt tilbage til Tiden før Bogtrykkerkunstens Indførelse i Landet. [...] I det hele findes det nok af uløste Opgaver paa, hvad man kunde kalde Omraadet for den norske Literaturs anvendte Bibliografi og Hr. Halvorsen tror ved sin tidligere Virksomhed at have godtgjort, at han eier en del af de Betingelser, som kræves til at udføre dette slags Arbejder.⁷³¹

Komitefleirtallet støtta Halvorsen, men foreslo å redusera løyvinga frå kr. 4 500 til kr. 4000 årleg. Dette var kanskje eit både politisk og økonomisk omsyn? Det var lettare å nå fram med ei god sak når den kosta mindre. Fleirtallet framheva at arbeidet til Halvorsen både var konkret og moralsk nyttig for nasjonen:

[...] især at være af Betydning, at der foruden gjennem Forfatterlexikonet ogsaa ved en bibliografisk Fremstilling af den norske Presses Historie kan skaffes et værdifuldt Hjælpemiddel til Studeringen og Fremstillingen af vor nyere Historie siden 1814.⁷³²

Dette kunne vera ei indirekte påpeiking av at den nasjonale avleveringa ikkje hadde vore heilt optimal (før 1883) og at norsk historieskriving i større grad hadde dreidd seg om eldre historie enn samtidshistorie:

Man vil i saa Henseende særlig pege paa, at vi i Forhold til de fleste andre civiliserede Lande endnu i forholdsvis liden Udstrækning har bearbejdet vor nyere Historie, hvorfor der ogsaa raader en ofte forbausende Mangel paa Kjendskab til, hvad der i der i de tre forutgaaende Slegtled har tildraget sig i Norge.⁷³³

Det var no høve til å retta på dette som var eit hol i det kollektive nasjonale minnet og det ville vera til nytte for heile samfunnet både læg og lærd.

Til at styrke vort Folks Nationalfølelse og bringe Fædrelandet og dets Minder nær ind til dets Hjerte vil det være af væsentlig Betydning, at dette Forhold forandres. Men skal dette ske, maa Fædrelandets Historie siden 1814 ordentlig bearbejdes. I saa Maade vil det igjen være et af de vigtigste Led i Bestræbelserne for at naa det Maal, at

⁷³¹ *Indst. S. XXVI. (1898) : 4.*

⁷³² *Indst. S. XXVI. (1898) : 5.*

⁷³³ *Indst. S. XXVI. (1898) : 5.*

den vigtigste Kilde for de senere Slegtleds Historie, de norske Blade og Tidsskrifter, bliver saaledes bibliografisk beskrevne, at det vil være let at finde frem i den for ethvert enkelt Tidssrum og enhver enkelt Sag, som Granskeren og Historieskriveren vil bearbejde, - noget, der som bekjendt saa langt fra nu er Tilfældet, at der tvertimod er forbundet med Tidsspilde og Bryderi at finde sig frem gennem de tidligere aargange af Aviser. Og at Hr. Halvorsen her vil være Manden til at levere et praktisk Hjælpemiddel paa Grundlag af hvilket Forskningen i vor nyere historie vil blive en ganske anderledes let overskuelig Sag end nu, kan der vanskelig være Tvil om. Flertallet vil derfor anbefale denne Bevilgning, fordi den vil have sin Betydning i Retning at hæve vor Folkeoplysning netop paa det Omraade, hvor det mest trænges og er mest betydningsfuldt, Kjendskabet til vor nyere Historie, og fordi den dergjennem vil bidrage sit til at styrke og samle vor Nationalfølelse. Selv det mindste Bidrag til at naa dette Maal er vel værdt de Penge, man yder dertil, og det synes Flertallet rimeligt, at det Bidrag, som det her gjælder ikke vil være af de mindste.⁷³⁴

Mindretalet i komitéen framheva at ein ikkje på nokon måte var usamd med den rosande vurderinga av Halvorsen sitt arbeid. Dette var eit reint økonomisk spørsmål. Det var i følgje mindretalet ikkje nødvendig at forfattarleksikonet vart ferdig i inneverande hundreår. Mindretalet meinte også at vidare bibliografisk arbeid etter forfattarleksikonet verka uklart, og Halvorsen kunne halda fram med forfattarleksikonet ved sida av arbeidet i UB.

14. april 1898 kom innstillinga til Stortinget om å løyva kr. 4000 i året til Halvorsen for bibliografisk arbeid. Innstillinga vart vedtatt mot 33 stemmer, og før vedtaket var der ein kort debatt.⁷³⁵ Mindretalet ville halda på den eksisterande ordninga og unngå nye utgifter. Komiteformann Ullmann poengterte då:

Jeg vil gjøre opmærksom paa, hvad der er fremhævet af en væsentlig Mangel ved vort aandelige og nationale Liv er den Mangel, vi har paa Kildeskrifter til vor Historie i dette Aarhundre. Jeg vil pege paa, hvad der ogsaa er gjort opmærksom paa i Indstillingen, - at der er her i Landet en mangel Gang forbløffende Uvidenhed om vor Historie i de sidste Slægtled, og vi trænger sandelig til, ikke mindst paa det Standpunkt af vor Historie, vi staar paa nu, at faa denne Kundskab op blant os og derigjennem ogsaa Nationalfølelsen hos os styrket og bevaret, og der kan for mig ingen Tvil være

⁷³⁴ *Indst.S XXVI (1898)* : 5.

⁷³⁵ *St.forh. 1898. 7 D* : 444-47.

om, at i saa Henseende vil et godt Bidrag være det, som Hr. Halvorsen har Lyst til at gaa i gang med, og som han har Forabeider for, nemlig Pressens Historie i dette Aarhundrede.⁷³⁶

Ei løyving til Halvorsen var sjølvstøtt ein personleg honnør til han, men dette var også eit stort og viktig nasjonalt oppdrag der Halvorsen var reiskapen for å løysa oppgåva. Difor måtte forholda leggast best mulig til rette for han:

Men hvad der er af ganske anderledes stor Betydning, er der levnes Hr. Halvorsen Tid og Kræfter til udelukkende at beskæftige sig med disse bibliografiske Arbeider, som han dels holder paa med, dels har lagt Grunden til. Han er ikke nogen ung Mand længere, og vi ved slet ikke, hvorlænge han kan beskæftige sig med disse Ting. Man skulde bruge en Specialist som ham – og det er han, han er kanskje vort Lands eneste Specialist paa dette Omraade for Tiden – man skulde bruge en saadan Mand, medens man har ham [...] dette er et Led i det nationale Arbeide, som i vore Dage baade saa haardt trænges og saa Stærkt er oppe, og det er en glædelig Ting, synes jeg, at i Komiteen er Flertallet, uafhængig af politisk Forskjæl og uafhængig af Standsforskjel blevet enige om dette: de stemte for det samme baade Akademikere og Bønder, baade Høire og Venstre var enige om, at dette var en saa stor Fædrelands- og Nationalsag, at man godt kan give disse Penge for det.⁷³⁷

Statsråd Wexelsen supplerte komiteformannen si positive vurdering og tilrådde innstillinga på det varmaste. Wexelsen la også til at det bibliografiske arbeidet var svært krevjande:

Dette Arbeide er vel noget af det mest anstrengende og nerveslidende, man kan tenke sig, det kræver den største Nøiagtighed og Alsidighed baade i Studium og Undersøgelser, som baade tager Tid og Kræfter, og da mener jeg, man faar udnytte Manden, medens endnu Arbeidsdagen staar ham fuldt ud til Raadighed [...] Jeg tror, man vil indvinde for et betydningsfuldt Arbeide en Kraft, som kanske ikke kan række til saa længe, naar man tager i Betragtning, at Manden allerede er adskillig op i Aarene.⁷³⁸

⁷³⁶ *St. Forh. 1898. 7D* : 444

⁷³⁷ *St. Forh. 1898. 7D* : 444-45

⁷³⁸ *St. Forh. 1898. 7D* : 445

At det bibliografiske arbeidet var både krevande og slitsomt var heilt klart, men å framstilla den 53 år gamle Halvorsen som ein eldre herre tykkjest litt overdrive. At det var brei politisk semje om å støtta Halvorsen vart stadfesta av høgremannen Emil Stang (1834-1912):

Jeg er derfor af den Formening, at det ikke er god Husholdning med aandelige Kræfter og med indsamlede Kundskaber at lade en Mand som Hr. Halvorsen gaa i Universitetsbibliotheket og gjøre underordnet Arbeide istedenfor at benytte denne Kraft til det videnskabelige Arbeide, som kan være til Gavn for Videnskaben som et stort og betydningsfuldt Forarbeide for andre Mænds Arbeide.⁷³⁹

Det var såleis brei politisk semje om at Halvorsen skulle få ei årleg statleg løyving for sitt bibliografiske arbeid. Argumenta for den samfunnsmessige nytten av eit slikt arbeid kunne minna om argumenta som Drolsum hadde brukt for å fremja Universitetsbiblioteket som nasjonalbibliotek. Det kunne kanskje vore ei alternativ løysing at Halvorsen hadde fått ei bibliografisk fristilling i Universitetsbiblioteket, og at biblioteket hadde fått ekstramidlar for å kompensera for dette? Denne varianten ser ikkje ut til å ha vore på dagsordenen.

Uansett, Halvorsen fekk diverre kort tid som statsstipendiat. J.B. Halvorsen var ein polyhistorisk person med enorm arbeidskapasitet og innsatsvilje. Døgnet hadde for få timar til alt han skulle nå over. Til slutt vart det for mykje for han. 22. februar 1900 døydde Halvorsen brått. Då var han komen til bokstaven T (H.H. Thaulow) i forfatarleksikonet. Historikaren Halvdan Koht vidareførte det krevjande arbeidet og avslutta det i 1908.⁷⁴⁰ Verket kom ut i seks band mellom 1885 og 1908.⁷⁴¹

Halvorsen var ein bibliograf i særklasse i si samtid, men sjølv om det bibliografiske feltet var lite, var han ikkje heilt åleine.

5.2.4 Hjalmar Pettersen

Til å byrja med var Halvorsen åleine i Norske avdeling, men han fekk snart selskap av Hjalmar Pettersen. Pettersen var utdanna filolog, og han byrja som vikar og volontær på

⁷³⁹ *St.Forh. 1898.7D* : 447

⁷⁴⁰ Koht skreiv om dette arbeidet i *Historikar i lære*, 1951: 98-100. «[...] eg kunne ikkje ha noko oversyn over kor lang tid arbeidet kunne krevja. Men hadde eg visst at det skulle ta åtte år av livet mitt, så trur eg nok at eg ikkje ville ha teki det på meg.» Ibid.: 99.

⁷⁴¹ I. 1885 A-B, II. 1888 C-H, III. 1892 I-L, IV. 1896. M-R, V. 1901 S-T, VI. 1908 U-Ø.

biblioteket i 1885.⁷⁴² I 1887 vart han fast tilsett som amanuensis. Sjølv om Halvorsen var formelt leiar for avdelinga, arbeidde han nok vesentleg reint fagleg som bibliograf. Mykje av det daglege arbeidet fall difor på Pettersen. Gjennom dei løpande oppgåvene med pliktavlevering og *Norsk Bogfortegnelse* utvikla Pettersen snart ein djupare bibliografisk pasjon. Han fatta interesse for den norske litteraturen som låg bakanfor og utanfor Halvorsen sitt store prosjekt. Altså den norske litteraturen før 1814, som også var ein del av felleslitteraturen i dobbeltmonarkiet og bøker av nordmenn i utlandet og omsetjingar og bøker utgitt i utlandet om Noreg og og nordmenn, såkalla *norvegica extranea*..

I 1890 gav Pettersen ut sin første bibliografiske publikasjon som privatutgåve *Anonymer og Pseudonymer i den norske Literatur 1678-1890: bibliografiske meddelelser* (128 spalter). I forordet presenterte han målet for arbeidet: Det var å skaffa bibliotekfunksjonærar, bokvener og litterært interesserte personar opplysingar om forfattar, omsetjarar og utgivarar af skrifter i norsk litteratur *hvor saadant ikke er angivet, eller hvor angivelsen ikke nævner det virkelige navn*. Bibliografien var ordna alfabetisk etter hovudord i tittelen på kvart verk. Dessutan var der eit alfabetisk register over pseudonyma.

Vidare gav Pettersen ein definisjon av kva han la i omgrepet norsk litteratur:

Til «norsk literatur» henregnes her et ethvert værk, som paa en eller anden maate har med Norge at gjøre, saasom 1) bøger trykte inden landets grænser 2) bøger af norske forfattere trykte i udlandet 3) bøger om Norge, norske forhold og personer trykte i udlandet 4) oversættelser af norske forfatteres værker.⁷⁴³

Denne romslege definisjonen skulle prega Pettersen sitt vidare bibliografiske arbeid. Han tok også høgde for at verket verken var uttømande eller feilfritt: «Udgiveren vil være meget taknemmelig for supplerende oplysninger og rettelser: Engang i fremtiden kan maaske en forbedret og øget utgave udkomme.»⁷⁴⁴ Denne intensjonen lukkast, og i 1924 kom ei ny og forstørtra utgåve av dette arbeidet (690 sider). Pettersen viste også kven som hadde støtta og hjelpt han med det bibliografiske debutarbeidet: «Det er mig en glæde herved at bringe hr.

⁷⁴² Han hadde studert «[...] gruppene II (norsk-tysk) og IV (fransk-engelsk) som det den gang het, og tok eksamen i juni 1881 og 1882 med karakteren laudabilis. Hans kjæreste studium, var fransk som han talte og skrev med elegance men han var også vel hjemme i de øvrige romanske sprog.» Jf. Bull og Tank (red.) 1932: 58.

⁷⁴³ Pettersen 1890: Forord: 1.

⁷⁴⁴ Pettersen 1890: Forord: 2.

amanuensis J.B. Halvorsen min hjerteligste tak for den elskvedighed, hvorved han stedse har stillet sine rige samlinger og sin omfattende viden til min disposition.»⁷⁴⁵

Pettersen sitt neste bibliografiske arbeid var *Udlændingers reiser i Norge* (69 sider). Dette vart publisert i UB si årbok for 1895. Her var eit materiale som Pettersen hadde samla over lengre tid, til dels i utanlandske bibliotek. Frå 1892 til 1894 oppheldt Pettersen seg samanhengande utanlands med permisjon frå UB. Denne bibliografien var reint alfabetisk utan noko register.

Etter desse desse første bibliografiane byrja Pettersen i 1899 utgivinga av sitt magnum opus *Bibliotheca norvegica*. Dette verket strekte seg over fire folioband på ca. 3 300 sider. Verket var eit sjølvstendig initiativ frå Pettersen. Det kom ved sida av arbeidet med den løpande pliktavleveringa, men for omverda framstår den nok likevel som ei frukt av Norske avdeling. Verket var planlagt som ei utviding av Halvorsen sitt verk «[...] i alle retninger, kronologisk som geografisk.»⁷⁴⁶

Første band var ferdig i 1908 med tittel: *Norsk boglexikon 1643-1813: Beskrivende katalog over bøger trykte i Norge i tidsrummet fra bogtrykkerkunsten indførelse til adskillelsen fra Danmark*. Dette bandet hadde to hovudavdelingar, ei for bøker og ei for leiligheitsdiktning. Titlane var ordna alfabetisk etter forfattar eller ordningsord. I føreordet tok Pettersen atterhald om at det kunne vera enkelte innsnikne feil i verket: »Men den der selv har arbeidet i bibliografiens møisommelige tjeneste vil vel være den første til at erkjende, hvor vanskelig det er paa dette felt at naa det fuldkomne.»⁷⁴⁷ Dette første bandet var tileigna *Mindet om de danske Bibliografer Christian Bruun og Johannes Vahl vies dette Værk i Taknemlighed og Venskab*. Johannes Vahl (1831-1901) var utdanna medisinar men hadde vore leiar for den danske avdelinga på KB.

Det neste bandet var ferdig 1917: *Norge og nordmænd i udlandets literatur: Beskrivende katalog over bøger og tidsskriftartikler om norske forhold*. Her var det tidlegare arbeidet frå UB si årbok for 1895 inkludert. Dette bandet var dedisert *Til min hustru Hildur Børs der har sat mig istand til at udgive dette værk*.⁷⁴⁸

⁷⁴⁵ Pettersen 1890: Forord : 2.

⁷⁴⁶ W. Munthe, Pettersen, Hjalmar Marius, bd. 11, i *Norsk biografisk leksikon*, Oslo 1952: 89.

⁷⁴⁷ H. Pettersen, *Bibliotheca Norvegica* I. Kristiania 1908: Forord : 2..

⁷⁴⁸ Pettersen gifta seg i 1895 med Hildur Børs (1864-1947).

Det tredje bandet var komplett i 1918 og tittelen var *Norske forfattere før 1814: Beskrivende katalog over deres værker tillige med supplement til Bibliotheca Norvegica I: Bøger trykt i Norge før 1814*.

I forordet her skreiv Pettersen at at det nok kunne synast *upaakrævet* å skilja ut den norske delen av den dansk-norske felleslitteraturen frå fellesmonarkiet, sidan det fanst gode danske bibliografiske verk som dekkja heile felleslitteraturen og som også var nyttige for norsk forskning. Men Pettersen såg vektige nasjonale argument for sitt tiltak:

Naar jeg ikke desto mindre har søgt, saavidt gjørligt, at foretage en saadan udskillen og dermed for Norge at vindicere hvad der tilkommer det, er det nærmest af nationale grunde. Det viser sig nemlig at en hel række af de betydeligste navne i de dansk-norske literatur-lexica er nordmænd. Saa talrige er de ogsaa, at de med hæder kan sætte foden under bord. Desuden er her medtaget talrige forfattere, som ikke er optagne i eller vil kunne gjøre regning paa at komme med i de egentlige literaturlexica, nemlig visedigtere, for en stor del tilhørende bondestanden. De medtages her for at fuldstændiggjøre billedet af den literære produktion. Da den norske kontingent til «fælleslitteraturen» numerisk er den danske underlegen, vil det desuden være en mer overkommelig og derfor fristende opgave at beskrive det norske forfatterskab udførligere. De under «Norske forfattere før 1814» henhørende titler er næsten uden undtagelse en fuldstændig gjengivelse af bøgernes titelblade og vil ogsaa af den grund være af interesse som et supplement til de mer omfattende danske værker, der kun kan give titlerne i afkortet form.⁷⁴⁹

Pettersen ville syna det norske i full breidde. Han var ingen smaksdomar på jakt etter det fortreffelige, målet var full dekking av norsk skriftkultur. Men han tok atterhald om at han berre inkluderte verk han hadde sett med sjølvsyn. Det fanst stadig bibliotek han ikkje hadde fått undersøkt skikkeleg. Dermed var ikkje oversynet uttømande enno, men han vona å få med meir i eit seinare band etter nye undersøkingar. Band III hadde også supplerande opplysningar til dei to føregåande band. Den suverent mest ruvande forfattaren på alle måtar var Ludvig Holberg (1684-1744). Han var ikkje tatt med i band III sidan Pettersen planla eit eige band om han. Holberg vert rekna som dansk i Danmark og norsk i Noreg. Pettersen var tydeleg med kva han meinte med norsk: «Som norske er regnet 1) personer, der er født i Norge og ikke har

⁷⁴⁹ H. Pettersen, *Bibliotheca Norvegica* III, Kristiania 1918: Forord.

forladt landet som midreaarige, 2) udlændinge der under sit ophold i Norge har publiceret noget. For de sidstes vedkommende medtages kun forfatterskabet under Norgesopholdet.»⁷⁵⁰

Band fire kom i 1924. Her var tittelen: *Norske forfattere etter 1814: Beskrivende katalog over deres i udlandet trykte værker. Første samling: med supplementer til Bibliotheca norvegica I-III*. Dette bandet var tileigna *Jens Braage Halvorsen in memoriam*. Bandet var svært samansett og i forordet skreiv Pettersen: «[...] ved de deri optagne supplementer til verkets tidligere bind blevet noget av et pulterkammer. Indholdsfortegnelsen med de 7 afdelinger kan nok virke afskrækkende – men med god vilje og lidt taalmod finder man vel frem.» Pettersen sjølv var ikkje heilt nøgd med dette bandet:

Naar jeg nu sender ud det 4de bind [...], er det med en følelse af mismod over at den brede planlægelse ikke staar i forhold til den spinkle udførelse. Jeg havde ved arbeidets begyndelse ikke klart for øie, at «det bedste er det godes fiende». For at kunde give en mer detaljert beskrivelse end den der allerde fantes i Halvorsens og Erslews lexika har jeg ofte medtaget værker der egentlig ikke krævede yderligere behandling.

Det er mit haab at der trods de i dagen liggende mangler alligevel ikke maatte finde at de i bindet nedlagte arbeide, der spænder over mer end et decennium, har været helt forgjæves.

Jeg nævner bindet som 1ste samling. Under gunstigere økonomiske forhold kan det maaske times mig at begynde trykningen af den 2den samling, hvortil der allerede foreligger righoldig stof – ogsaa til fortsættelse af bind I – III. Det tidlige værket i udsigt stillede Holberg-bind er nok udsat ad calendae græcas.⁷⁵¹

Det første bandet av *Bibliotheca Norvegica* har ei tilstreba alfabetisk ordning, men dei andre banda er heilt vilkårlige. Etter kvart som Pettersen fekk ferdig ein høveleg bunke med underlag sendte han det til trykking. Sidan han betalte trykkinga sjølv, var det praktisk å

⁷⁵⁰ Pettersen 1918: Forord.

⁷⁵¹ Ad Calendas Graecas: aldri. Romarane kalla den første dagen i kvar månad Calendae. Grekarane hadde ikkje denne nemninga og nemninga tydde difor aldri. Jf C. Hafting, *Levende latin. Latinske uttrykk og sitater*, Oslo 1965: 9.

spreia dette over tid. Plan og orden fekk koma seinare med hjelp av register. «Hans verk er derfor helt kaotisk, men det botet han så vidt mulig på ved utmerkede registre.»⁷⁵²

Pettersen sette det nasjonale i ein internasjonal samanheng og prøvde å gjera det norske størst råd. *Bibliotheca Norvegica* dekkja eit langt større tilfang enn det som var i Universitetsbiblioteket, og for å samla opplysningane til verket hadde Pettersen omfattande reiseverksemd til ulike arkiv og bibliotek der han med sjølvsyn gjekk gjennom materialet. I tillegg til å samla bibliografiske opplysningar, supplerte Pettersen også Norske avdeling sine samlingar med eldre norske bøker og eldre og nyare norvegica. Under hans leiing vart tilveksten til avdelinga noko langt meir enn den automatiske tilførsla av pliktavlevert materiale. Han skaffa dublettar til erstatning og reserve for slitt materiale. Vidare sytte han for ein eigen tidsskriftreserve og eit anneks for sjeldne og lite brukte bøker. Dessutan bidrog han til å få skipa ei stor samling avisklipp med personalhistorisk og topografisk innhald. Han fekk også auka samlinga av norsk musikk og framande komposisjonar til norske tekstar, fedrelandske prospekt, portrett etc. Det var Pettersen, i følgje litteraturprofessor Francis Bull, som i stor mon gjorde Norske avdeling til eit verkeleg norsk nasjonalbibliotek:

I det hele er «Norske avdeling»s tilvekst under hans ledelse noget meget mer enn den automatiske økning som pliktavleveringen medfører, - på en hel rekke områder viser det sig at chefen har hatt omsyn og idéer, og hans avdeling er vokset til op til å bli en betydningsfull og livskraftig institusjon, relativt selvstendig innenfor Universitetsbibliotekets helhet.⁷⁵³

Pettersen hadde handlingsfridom til å arbeida innanfor ei nasjonal bibliografisk ramme, som han i stor mon kunne definera sjølv. Både Pettersen og Drolsum var samde om kva som var rammene for arbeidet i Norske avdeling. Begrensiningane gjekk på stram økonomi og fåtaleg personale.

Når det i ellefte time allikevel er lykkes oss å redde vår gamle litteratur i så stor utstrekning og å skape en norsk nasjonal boksamling som vårt land kan være bekjent

⁷⁵² Munthe 1952: 90.

⁷⁵³ F. Bull, Minnetale over overbibliotekar Hjalmar Pettersen holdt i den hist.-filos. klasses møte den 25de mai 1928, i , Det norske videnskabs-akademi, *Årbok 1928*, Oslo 1929: 98.

av og tjent med, så skyldes det mer enn noget annet Hjalmar Pettersens årvåkenhet og samlerflid.⁷⁵⁴

Han følgde nøye med i antikvariat- og auksjonskatalogar frå i inn- og utland, og han fekk kjøpt inn mykje materiale. I 1898 var han med på ein bokauksjon i København der han sikra sjeldne Holbergiana for Universitetsbiblioteket. Ved det høvet skal Pettersen for spøk ha sagt til ein person som undra seg dei store innkjøpa hans: «Den norske statskasse staar til min disposisjon.»⁷⁵⁵ I røynda var det nok ikkje uavgrensa med midlar som var tilgjengelege.

Den jernflid som Hjalmar Pettersens storverk i det hele vidner om, ingyter enhver bruker av Bibl. Norv. Den største respekt; bind II og IV er overordentlig nyttige, men det er især bind I og III som virkelig tør kalles en videnskabelig bedrift. I dem har han ikke nøiet sig med den håndverksmessige gjerning som en bibliografisk registrering i almindeligt er; i de to bindene har han foretatt en nasjonal utskiftning av dansk-norske litterære fellesbo.⁷⁵⁶

Til liks med Halvorsen hausta også Pettersen stor fagleg anerkjenning og heider. I 1903 vart han innvotert i Det norske videnskaps-akademi: “Også ved sitt utrettelige arbeid for å gjøre Norske avdeling til det norske nasjonalbibliotek, hvor all norsk litteratur fins samlet så fullstendig som mulig, innla Hjalmar Pettersen seg store fortjenster av norsk forskning.”⁷⁵⁷ I 1909 vart han utnemnd til riddar “For bibliografisk og bibliotekvidenskabelig fortjeneste” og i 1926 til kommandør av St. Olav “For fortjeneste av vår nasjonallitteratur.”⁷⁵⁸

5.2.5 Den tredje mann

Etter Halvorsen slutta i 1898 var Petersen den einaste faste fagpersonen i Norske avdeling fram til 1902 då Wilhelm Preus Sommerfeldt vart knytt til avdelinga. “Det blev et fortrinlig samarbeide mellom de to, som sammen med en betjent utgjorde avdelingens hele personale like til 1918.”⁷⁵⁹ Då fekk avdelinga ei ekstra bibliotekarstilling som bibliotekar Arne O.F. Garborg (1888-1968) fylde. Garborg hadde vore knytt til UB sidan 1912. Han tok seg for det

⁷⁵⁴ W. Munthe, Hjalmar Pettersen minneord, *Nordisk tidskrift för bok- och bibliotekväsen*, 1928: 126.

⁷⁵⁵ L. Amundsen, Hjalmar Pettersen, i Tank og Bull (red.), *Festskrift til den Norske avdeling*, 1932:64.

⁷⁵⁶ F. Bull, Minnetale over førstebibliotekar Hjalmar Pettersen holdt i den hist.-filos. klasses møte den 25de mai 1928, i *Det norske videnskabs-akademi i Oslo. Årbok 1928*: 102.

⁷⁵⁷ L. Amundsen, *Det norske Videnskabs-Akademi i Oslo 1857-1957*, Oslo. 1957: 315.

⁷⁵⁸ *Den kongelige norske Sankt Olavs orden 1847-1947*, Oslo 1947: 363+129-

⁷⁵⁹ L. Amundsen, Sommerfeldt, Wilhelm Preus, bd. 14 *Norsk biografisk leksikon*, Oslo 1962: 181.

meste av praktiske biblioteksoppgåver, og han stod bak ein katalog over norske aviser 1763-1920 som kom i 1924.

Etter kvart skulle også Sommerfeldt bli ein heilt sentral nasjonal bibliograf. Han var tredjemann i det bibliografiske triumviratet: «Som J.B. Halvorsen og Hjalmar Pettersen før ham så han det som sin hovedoppgave som leder av Norske avdeling i Universitetsbiblioteket i Oslo å bidra til at norsk norsk skriftkultur ble grundig dokumentert og beskrevet.»⁷⁶⁰

Arbeidsdagen hans på UB strekte seg langt ut over Drolsum sin periode. I 1926 etterfølgde han Pettersen som leiar for Norske avdeling, og han sat i stillinga fram til 1950. Storparten av karrieren hans fell såleis utanfor ramma til denne avhandlinga, men også i Drolsum sin periode sette han solide bibliografiske spor. I 1945 var Sommerfeldt votert inn i Det Norske Videnskabs-Akademi og i 1951 vart utnemnd til ridddar av St. Olav.

Sommerfeldt tok artium i 1902 og året etter vart han cand. philos. 14 dagar etter artium byrja han som volontær på UB. Han fekk etterkvart fast stilling og avanserte gradvis. I 1909 vart han amanuensis. Sommerfeldt fekk tidleg ansvar for pliktavleveringa og utarbeidinga av bokfortegnelsen i tillegg til dagleg utlånsverksemd. Han avlasta Pettersen slik ««[...] at denne kunde bruke det meste av sin tid til arbeidet med sitt prektige verk «Bibliotheca Norvegica»»».⁷⁶¹

I tillegg til dei daglege gjeremåla i biblioteket der han også fekk avvikla mange restansar, starta også Sommerfeldt tidleg sitt eige bibliografiske og faglege forfattarskap.⁷⁶² Alt i 1905 gav han ut ei stamtavle over morslekta si.⁷⁶³ I 1912 kom *Grøndahl & Søns boktrykkeri og bokhandel i hundrede aar*. To år etter publiserte han ein artikkel om den norske feltpressa i 1814 i det aller første heftet av *Nordisk tidskrift för bok- och bibliotekväsen* (ss.307-15). I 1916 gav han ut eit oversyn over norske institusjonar.⁷⁶⁴ Dette var ei eit hjelpemiddel for å få kontroll over småtrykk og bedriftsmateriale:

I de siste par år har det dog lyktes å bringe orden i love og beretninger for 2738 norske institutioner for tidsrummet 1910-14 incl. Over disse har avdelingen også nådd

⁷⁶⁰ E. Eide, Sommerfeldt, Wilhelm P, i bd. 8 i *Norsk biografisk leksikon*, Oslo 2004: 345.

⁷⁶¹ Amundsen 1962: 181.

⁷⁶² Søk i Bibsys netterm 30/11 2012 viser 103 treff på Sommerfeldt.

⁷⁶³ *Oversigtstavle over kjøbmand Amund Hellands efterkommere*. Sommerfeldt var søsterson til geologiprofessor Amund Helland (1846-1918).

⁷⁶⁴ *Norske institutioner for 1910-1914*, Kristiania, 1916. (Særtrykk av Universitetsbibliotekets bokfortegnelse for 1914.)

å få utgitt en trykt fortegnelse. For å gjøre denne fortegnelse så komplett som mulig har man [dvs. Sommerfeldt] ført en vidløftig korrespondance med institutionerene, der beredvillig har sendt biblioteket hvad der manglet i boktrykkerienes avlevering.⁷⁶⁵

Dette var eit viktig arbeid, men det på gjekk på kostnad av andre oppgåver. Frå 1918 gav Sommerfeldt ut *Norsk tidsskriftindex*. Dette var eit systematisk oversyn over innhaldet i 184 norske tidsskrift. *Norsk bokfortegnelse* gav oversyn over det som var publisert i bokform. Med dette tiltaket vart endå meir av den samla norske litteraturen tilgjengeleg. I forordet til indeksen skreiv Sommerfeldt at han i sitt daglege arbeid på i Norske avdeling hadde sakna oversyn over innhaldet i norske tidsskrift. Publikum spurde ofte etter hjelp for å finna tidsskriftartiklar utan å hugsa verken tittel eller årgang. Når biblioteket ikkje hadde nokon bibliografisk reiskap for å finna fram i dette, var det vanskeleg å hjelpa. Med ein indeks ville dette endra seg:

Udgivelse av en norsk tidsskriftindex vil bringe en forandring i dette forhold, idet den sammen med den norske avdelings aarlige publikation "Norsk bokfortegnelse" og bokhandlernes "Aarskatalog" lægger nær den hele den norske litteratur hvert aar tilrette for praktisk bruk og videnskabelig forskning.⁷⁶⁶

Sommerfeldt starta også eit anna tiltak til nytte for praktisk bruk og vitskapleg forskning: Han byrja eit klipparkiv med biografiske opplysingar frå norske aviser. Dette utvikla seg til *Norsk personhistorisk arkiv* som vart ført vidare også etter Sommerfeldt. Det enda som som ei samling med kring 220 000 personinnførslar som peika til 2000 utklipsband, og er "[...] en skattekiste for folk som søker etter opplysninger etter kjente og mindre nordmenn som levde mellom 1850 og 1970."⁷⁶⁷

Sommerfeldt hadde ein bibliografiske kongstanke: "Han var tidlig opptatt av tanken på hvordan man kunde organisere og rasjonalisere det bibliografiske arbeide slik at man for fremtiden kunde få en fortløpende fortegnelse over all litteratur som faller innenfor den norske nasjonalbibliografis ramme."⁷⁶⁸ Dette var ei ideell fordring som det ville vera vanskeleg å oppfylla i fullt mon. Norske avdeling hadde store ambisjonar og små ressursar.

⁷⁶⁵ Bibliotekskomiteéns store utredning av 28. nov. 1918: 23.

⁷⁶⁶ W. Sommerfeldt, *Norsk tidsskriftindex 1918. Systematisk fortegnelse over indholdet av 184 norske tidsskrifter*, Oslo 1919: [V].

⁷⁶⁷ Eide 2004: 345.

⁷⁶⁸ Amundsen 1962: 182

5.3 Arbeid og ressursar

5.3.1 Sjølvvurdering

I Bibliotekkomitéen av 1912 (jf. førre kapittel) si utgreiing om UB vart Norske avdeling gjennomgått grundig (ss. 19-26). Denne delen av utgreiinga var ført i pennen av Hjalmar Pettersen, og den var også trykt i UB si årbok for 1918 (ss. XXI-XVII). Her vart avdelinga presentert i fire hovudbolkar: *A Bokmassenens vekst*, *B Bøkernes behandling*, *C Norsk bokfortegnelse* og *D Arbeidets fordeling*. Gjennomgangen av Norske avdeling vart avslutta med ei samanlikning av forholda ved Danske avdeling ved Det kongelige bibliotek i København og konkluderte med det var altfor knappe ressursar til rådvelde for å løysa dei nasjonale bibliotekoppgåvene i Noreg:

Ser man i sum på den arbeidskraft den norske avdeling råder over, slæes man straks av det misforhold der er mellem avdelingens nationale betydning og den hjælp man hittil har ofret på den. Uten å ville forringe verdien av den samling Universitetsbiblioteket eier av av fremmed litteratur, kan man vel påstå at den nationale avdeling for hvert år som går vinner i betydning. Den er jo enestående i sitt slags. De krav nationen har rett til å stille til avdelingens normale utvikling må mer enn hittil tilgodesees, og det kan kun skje ved at arbeidshjelpen blir øket.⁷⁶⁹

5.3.2 Tilvekst

Det første punktet om *Bokmassenens vekst* skildra tilveksten, *akvisisjonen*, til avdelinga. Tilveksten var delt opp i fem kategoriar: for det første den lovpålagte avleveringa av det nye materialet frå trykkeria i landet. Vidare var der komplettering av eldre norsk materiale frå tida før 1883, så var der litteratur publisert av nordmenn i utlandet og utanlandsk litteratur om Noreg, norvegica. Tilslutt kom det også mange gåver til avdelinga. Sjølv om den lovpålagde avleveringa førte til automatisk årvisst vekst i samlinga, måtte avdelinga sjølv følgja opp at avleveringa frå trykkeria var så fullstendig som råd. Det vart årleg sendt ut rundskriv til dei om lag 400 trykkeria i landet for å minna om dette. Avleveringa skjedde altså ikkje så automatisk som ønskeleg, og den var ikkje så friksjonsfri og veletablert som Drolsum hadde hevda i kommentarane sine til Bibliotekkomitéen av 1919:

⁷⁶⁹ Bibliotekskomiteens store utredning av 28. nov. 1918: 26.
280

Når allikevel tross alle anstrengelser fra avdelingens side den norske litteratur ikke forefinnes i den utstrekning som lov av 20. juni 1882 hjemler, skyldes det vesentlig manglende forståelse, og derav følgende pliktoppfyllelse hos rikets boktrykkere, som skulle være de første til å innse nytten av at norske trykksaker forefinnes i komplett stand iallfall ett sted i riket.⁷⁷⁰

Dette kan tyda på at lova ikkje hadde allmenn legitimitet i trykkeribransjen, og at den ikkje vart tatt heilt alvorleg av alle. For enkelte kunne avleveringa oppfattast som ei økonomisk belastning, sjølv om lova i § 9 opna for økonomisk kompensasjon. Trugsmålet om bøter opp til kr. 50 jf. § 8 var neppe heller avskrekkande. Biblioteket hadde avgrensa høve til å kontrollera kor fullstendig avleveringa frå trykkeria var, sidan trykkeria ikkje hadde plikt til å senda lister over kva som var trykt til Norske avdeling. Biblioteket måtte støtta seg til Postverket sine lister over aviser og tidsskrift og bokhandlarane sin årskatalog, som dekkja forlagslitteratur.

Den neste tilvekstkategorien var ikkje basert på avleveringslova, men var likevel viktig: «[...] den ikke lite byrdefulle plikt å komplettere samlingen av norske trykksaker før 1883.»⁷⁷¹ Om dette ikkje var direkte lovpålagt, så måtte det likevel vera Norske avdeling si oppgåve som nasjonalbibliotek å få dette materialet så komplett som råd i samlinga. Dette var ei utfordrande og uendeleg oppgåve:

Er samlingen ukomplett for de siste års vedkommene, så er selvfølgelig stillingen ikke lysere for den tid norske boktrykkere ingen forpliktelse hadde til innsendelse av trykksaker. Loven av 20. juni 1882 må vel som forutsetning ha hatt, at Universitetsbiblioteket også skulde søke etter hvert å fremstille en så vidt gjørlig, fullstendig samling av norske trykksaker fra boktrykkerkunstens innførelse til 1882 incl. Og hvad dette pålegger avdelingen av endeløst arbeide, vil få utenforstående kunne gjøre sig nogen forestilling om.⁷⁷²

Metoden for å skaffa denne litteraturen var å leita etter titlar i innan- og utanlandske auksjons- og antikvariatkatalogar og bokforteikningar. Når ein kom over tilsynelatande aktuelle titlar måtte dei kontrollerast mot katalogane i biblioteket for å sjå om dei var i, eller om dei mangla i samlinga. Dette var eit sisyphosarbeid. Slikt materiale måtte i stor mon kjøpast inn, og

⁷⁷⁰ *Bibliotekskom. 28. nov. 1918: 20.*

⁷⁷¹ *Bibliotekskom. 28. nov. 1918: 20.*

⁷⁷² *Bibliotekskom. 28. nov. 1918: 20-21.*

utgiftene takast av biblioteket sitt budsjett. Det var ikkje nemnd i utgreinga. Men det same galdt nok også dei neste kategoriane, nemleg litteratur publisert i utlandet av nordmenn og utanlandsk litteratur om Noreg. Desse kategoriane vart dekkja av omgrepet norvegica.

Den siste tilvekstkategorien til Norske avdeling som vart tatt opp berørte ikkje innkjøpsbudsjettet. Biblioteket fekk stadig boksamlingar som gåver, gjerne frå dødsbu. Slike samlingar var noko heilt anna enn enkeltverk frå forfattarar og utgivarar. Det var tidkrevjande for biblioteket å finna ut kva som var verdifullt og kva som ikkje var det. Mykje av arbeidet med slike gåvesamlingar til UB fall på Norske avdeling. Det var ikkje personalkapasitet til å gå gjennom materialet etter kvart som det kom inn. Gåvesamlingane hopa seg difor opp og vart stua bort i 7. etasje i administrasjonsbygget. I følge utgreinga var ca. 20 000 bind samla her. «Under de nuværende arbeidsforhold vil denne samling ikke kunne tages til behandling til utskillelse av det biblioteket ikke har bruk for. For hvert år der går blir situasjonen mere håbløs.»⁷⁷³

Denne *håbløse* situasjonen kan illustrerast med å sjå på tilveksten til norske avdeling i nokre utvalde år. Tala er frå Universitetsbiblioteket sine årbøker. Eit meir fullstendig oversyn er i vedlegg 4.

Årbok	Bøker og brochurer	Tidskrifter og kommune- forhandlinger	Aviser	Sum	Trykkerier	Kjøp og gaver
1884	940	87		1680	111	123 bøker+ms. etc
1890	950	176		1 891	165	296 bøker+ms.etc.
1900	893	160		1 369	198	309 bøker+ms,etc.
1910	1 391	529	271	2 191	273	
1922	1 880	633	401		321	325

⁷⁷³ Bibliotekskom. 28.11. 1918: 21-22.

5.3.3 Bøkernes behandling

Handteringa av innkomne materiale var lista opp i fire punkt: Katalogisering, innbinding, uinnbundne bøker og til sist oppstilling og henting. Katalogiseringa av den avleverte litteraturen var omfattande og tok mykje av arbeidstida på avdelinga⁷⁷⁴ Den omfattande katalogiseringa kom av at arbeidet skulle brukast i den lovpålagde årlege bokfortegnelsen. Dette krevde, ifølge utgreiinga, at det»[...] avfattes i større bredde enn elles nødvendig.» Kva som var «ellers nødvendig» og kva den «større bredden» var, var ikkje nærare definert. Men nivået på dette arbeidet hadde UB definert sjølv. Kanskje kunne det vore funksjonelt med eit enklare nivå for større effektivitet?

I tillegg til det nye pliktavleverte materialet, skulle også det som kom inn av norske trykk eldre enn 1883 og norvegica katalogiserast. Alle arbeidsoppgåvene i biblioteket var tidkrevjande. Det galdt også innbinding av bøker og aviser: »Titel og innbindingsmåte må nøiagtig bokføres, intet kan overlates til binderens vilkårlighet. Ved mottagelsen må prisansettelsen for hvert stykke jevnføres med den detaljerte bokbindertariff.»⁷⁷⁵

Dei første åra etter avleveringslova kom, hadde alt avlevert materiale, *selv småtrykk på to blade*, vorte innbunde. I utgangspunktet vart materialet levert til biblioteket i materie, dvs uinnbunde. Etter kvart vart den omfattande innbindinga upraktisk, både med omsyn til mengde og kostnad. Kostnadane hadde auka slik at det måtte grundig vurderast kva som skulle bindast inn bortsett frå dei større og mest brukte bøkene. Resten av katalogiserte saker vart lagd i esker. Utgreiinga konstaterte at «Dermed er årenes løp ikke ubetydelige summer innspar på bibliotekets utgiftsbudget.»⁷⁷⁶ Kor lurt det var å lagra dei uinnbundne bøkene slik kan nok diskutera. Utan innbinding var dei lite brukarvenlege og potensielt utsette for slitasje ved bruk. At skrifter skulle leverast i materie var eit uheldig og for UB kompliserande punkt med avleveringslova.⁷⁷⁷

Dei uinnbundne bøkene vart trass alt katalogiserte og dermed synleggjorde. Det galdt ikkje kategorien småtrykk, dvs brosjyrar, meldingar, reklame, etc. Dette var eit svært stort og mangfaldig materiale, men det vart ikkje katalogisert til bokfortegnelsen. På grunn av lite

⁷⁷⁴ *Bibliotekskom. 28. nov. 1918: 22.*

⁷⁷⁵ *Bibliotekskom. 28. nov. 1918: 22.*

⁷⁷⁶ *Bibliotekskom. 28. nov. 1918: 22-23.*

⁷⁷⁷ Dette presiserte også Wilhelm Munthe i artikkelen om Norske avdelings forhistorie i *Norvegica*. 1933. s. 32 :»Det er således uheldig at skriftet skal innsendes «i materie». Det er satt inn for det tilfelle at boktrykkeren ikke selv besørger heftingen, men oppfattes undertiden som et påbud, selv hvor trykkeriet besørger den første heftning.» Dette var eit døme på gode intensjonar som laga problem på sikt.

arbeidskraft var det lagt til sides uordna og var difor «[...] en for forskningen utilgjengelig skatt.»⁷⁷⁸

Utgreiinga framheva eit vellukka grep av avdelinga sjølv, men det måtte skje på kostnad av andre oppgåver. I dei siste par år hadde avdelinga fått orden på lover og beretningar for 2738 norske institusjonar for tidsrommet 1910-1914. Dette arbeidet hadde inkludert ein omfattande korrespondanse med institusjonane, som også i stor grad hadde sendt materiale som hadde mangla i trykkeria si avlevering til biblioteket. Basert på dette arbeidet laga W.P. Sommerfeldt eit bibliografisk oversyn *Norske institutioner for 1910-1914*. Denne kom som særtrykk av bokfortegnelsen for 1914, utgitt 1916. Oppstilling og bokhenting var også eit tidkrevande biblioteksfagleg arbeid som krevde fagleg innsikt.

5.3.4 Norsk bokfortegnelse

Alt arbeid i Norske avdeling var omfattande. Det aller mest tidkrevande var den lovpålagte årlege bokfortegnelsen. Katalogiseringa av materiale som skulle inn i den var meir detaljert enn nødvendig «[...] hvis katalogsedlerne kun var bestemt til å være et kontrollapparat for bibliotekets bokbestand.»⁷⁷⁹ Omfanget av *Norsk bokfortegnelse* hadde også auka frå 75 sider i 1883 til 156 sider i 1912.

Utgreiinga gav også ein detaljert gjennomgang av korleis arbeidsoppgåvene på avdelinga var delte mellom det vesle personalet, og slo fast, som sitert i det føregåande, at det var eit stort misforhold mellom oppgåver og personale.

5.3.5 Samanlikning og tronge rammer

Utgreiinga samanlikna kort forholda i norske avdeling med danske avdeling i Det kongelige bibliotek i København og hevda :

Når danske biblioteker besøker den norske avdeling uttrykker de sin dypeste forundring over de husmannskår hvorunder bibliotekets nationale avdeling lever.

⁷⁷⁸ *Bibliotekskom. 28. nov. 1918: 23.*

⁷⁷⁹ *Bibliotekskom. 28. nov. 1918: 23.*

Det kongelige bibliotek i København, Danmarks hovedbibliotek, har til varetagelse av den danske avdelings tarv 1 bibliotekar, 3 underbibliotekarer og 4 akademisk utdannede medhjelpere.

Tallene taler for sig selv. Dette bibliotek har heller ingen forpliktelser til å utgi en årlig fortegnelse over den leverte danske litteratur.⁷⁸⁰

Kor relevant var egentleg ei slik samanlikning? Sjølv sagt kunne ein slå fast at det nominelt såg ut til å vera rausare rammevilkår i den danske avdelinga. Som vist tidlegare hadde Drolsum i sitt arbeid for å styrka biblioteket heile tida jamført UB med nordiske og nordeuropeiske bibliotek. Men mellom institusjonane var det både likskapar og ulikskapar. Kvar institusjon hadde sin eigen historie, tradisjon og kultur, men eit fellestrekk for dei andre institusjonane var at dei var eldre enn både det norske universitetsbiblioteket og ikkje minst den norske avdelinga. Det er vel heller ikkje utenkeleg at det danske biblioteket andsynes sine styresmakter også presenterte eit sjølvbilete som ikkje var heilt optimalt? Dette må sjølv sagt undersøkast nærare for å finna sikre svar, og det ligg utanfor rammene for dette arbeidet. Likeins er det interessant at det vart påpeika at Det kongelige bibliotek ikkje hadde plikt til å gi ut ein årleg bokfortegnelse.⁷⁸¹ At Universitetsbiblioteket hadde lovfesta plikt til å gi ut den norske bokfortegnelsen var nettopp etter initiativ frå Drolsum og UB.

Uansett kor relevant samanlikninga var, så var det trange rammer og mykje arbeid i Norske avdeling:

Som stillingen nu er, rekker man kun det nødtørftigste daglige arbeide. Opgaver som det skulde være maktpåliggende å gi seg i kast med, må henstå, til skade for den forskende almenhet, der nu mer og mer henvender sig til biblioteket med anmodning om hjelp under forskerarbeidet.

Som et arbeide man ikke har kunne nå, kan nevnes en stikkordskatalog på sedler til bruk for publikum.

I det hele må der skaffes mer hjelp til utvidelse av norske avdelings kataloger. Uten spesialiserte kataloger blir avdelingens store forskningsmateriale ikke helt tilgjengelig.

⁷⁸⁰ *Bibliotekskom. 28. nov. 1918: 25-26.*

⁷⁸¹ *Dansk bogfortegnelse* vart gitt ut av Gads forlag men vart redigert av bibliotekarar frå Det kongelige bibliotek.

Avdelingen må få en bibliotekar til, hvis arbeidet helt kan vies katalogene. Dessuten trenges et yngre bud i hel formiddagstjenste.⁷⁸²

I årsmeldinga for 1. juli 1921–30. juni 1922, som dekkar Drolsum sitt siste år som overbibliotekar, var personalet i norske avdeling Pettersen, Sommerfeldt og Garborg i tillegg kom *kontorist* Asbjørg Aune (1899-??) samt betjentene H. Andresen (avisavdelingen) og E. Erichsen. Avdelinga hadde gitt ut *Norsk bokfortegnelse* for 1919 samt byrja trykkinga av fortegnelsen for 1920. At bokfortegnelsen ofte var på etterskot skuldast ikkje berre kapasiteten på avdelinga, at det berre var ei årleg lovpålagt levering frå trykkeria spela også inn. Hadde avleveringa vore hyppigare, kunne nok også arbeidet med fortegnelsen gått fortare.

5.3.6 Samanfotning

Om ressursane var små og arbeidet til dels låg på etterskot, var likevel Norske avdeling navet i norsk bibliografisk arbeid. Ved sida av det lovpålagte arbeidet hadde avdelinga også ein relativt autonom fagleg posisjon:

Fra første stund har Norske avdeling vært et arnested for norsk bibliografi. Selv om den bibliografiske virksomhet som de forskjellige avdelingssjefer har utfoldet, delvis har vært av privat karakter, har den allikevel alltid hatt avdelingen som forutsetning og samtidig øket dens anseelse. I den alminnelige bevissthet er således J.B. Halvorsens *Forfatter-Lexikon*, Hjalmar Pettersens *Bibliotheca Norvegica* og W.P. Sommerfeldts *Norsk bibliografisk bibliotek* knyttet til avdelingen på linje med den offisielle *Norsk bokfortegnelse* og andre bibliografiske og katalogmessige arbeider.⁷⁸³

Det bibliografiske arbeidet som avdelingsleiarane dreiv i ei fleksibel ramme mellom private initiativ og det institusjonelle var stila mot *den forskende almenhet*. Arbeidet på avdelinga var vurdert meir som vitskap enn bibliografisk ekspedering. Ei hovudoppgåve, kanskje nærast eit kall, var å gjera det norske i brei tyding tilgjengeleg for forskning og vitskap. Dette var også eit viktig arbeid. «Denne bibliografiske registrering var igjen en nødvendig forutsetning for all vitenskapelig forskning på grunnlag av norsk materiale.»⁷⁸⁴ Sjølv om det var knappe ressursar, restansar og udekkka behov, så var det også tatt store løft, og det nasjonale

⁷⁸² *Bibliotekskom.* 28. nov. 1918: 26.

⁷⁸³ Tveterås 1961: 134.

⁷⁸⁴ G. Munthe Ms.: 87.

bibliografiske arbeidet hadde fått ei fast og vitenskapleg ramme. Til femti-års markeringa av avleveringslova og avdelinga skreiv litteraturprofessor Francis Bull:

Helt frem til J.B. Halvorsens dager hadde det bibliografiske arbeid i Norge en halvveis tilfeldig karakter; men de siste femti år har det hatt sitt faste centrum i Norske Avdeling [...] Vi er blitt vant til å betrakte Norske Avdeling som hjemstedet for norsk bibliografi, og vi knytter vår takk for det store arbeide som J.B. Halvorsen, Hjalmar Pettersen og W.P. Sommerfeldt har utført på dette område, sammen med en trygg forvissning om at Norske Avdelings nuværende chef holder frem som han stevner, og at han lærer sit personale op til å fortsette avdelingens ærefulle bibliografiske tradisjoner.⁷⁸⁵

Drolsum hadde heile tida framheva at Norske avdeling hadde ein nasjonal verdi både i seg sjølv, og som reiskap for nasjonsbygging og identitet. At avdelinga etter kvart som den vart operativ, også framstod som ein forskingsressurs gir den ein viktig rolle i Universitetet sin overgang til forskingsuniversitet i åra kring 1880.

Strukturen til Norske avdeling var funksjonell, men kapasiteten var for liten til løpande oppfølging av nytt materiale i samtida og samstundes arbeida med store retrospektive prosjekt. Det var høgare ambisjonar enn kapasitet. Det er lett å hamna på etterskot med bibliografisk arbeid, men det er også spørsmål om prioritering av oppgåver. Etter at Drolsum hadde fått etablert pliktavlevering og nasjonal avdeling, var det bibliografiske arbeidet relativt autonomt.

⁷⁸⁵ Bull og Tank 1932 : 71-73.

KAPITTEL 6. AVRUNDING

6.1 Oppsummering

Axel Charlot Drolsum si tid i Universitetsbiblioteket er tidsramma for denne avhandlninga, og hovudsiktemålet for arbeidet har vore å undersøka etableringa av nasjonale bibliotekfunksjonar i UB og utviklinga og endringane av biblioteket med særleg vekt på nasjonalbibliotekfunksjonane i denne perioden.

Ein hypotese for undersøkinga er at Drolsum skapte eit verkeleg norsk nasjonalbibliotek innan UB si ytre ramme. Utifrå dei innleiande spørsmåla og dei empiriske funna som har kome fram under arbeidet for å belysa dette, er det belegg for at Drolsum var avgjerande for den vendinga og utviklinga som fann stad i bibliotek i hans tid.

Avhandlninga søker svar på kven Drolsum var som biblioteksmann. Eit siktemål har vore å undersøka kva han gjorde, når han gjorde det, korleis han gjekk fram og også forklara kvifor. I sin profesjonelle rolle som bibliotekleiar kan Drolsum definerast som ein sektorstrateg. Han såg tidleg endringsbehov i institusjonen han leia og han sette sette seg langsiktige mål for endring og utvikling. Med strategisk kløkt leia han biblioteket gjennom ein endrings- og utviklingsprosess, som han sjølv hadde tatt initiativ til, men som kravde velvilje frå styresmaktene for på lukkast. Overbibliotekaren og biblioteket er temaet og tida med modernisering og nasjonsbygging er ramma. Ein nærstudie av UB under Drolsum kan vera eit bidrag til å kasta lys over dei store samfunnsendringane i perioden. Frå ein i utgangspunktet smal nærstudie kan det trekkast trådar og opnast dører i ulike, og gjerne nye og fruktbare retningar.

Som leiar for det einaste universitetsbiblioteket i Noreg, kontekstualiserte Drolsum institusjonen han leia slik at dette biblioteket, med si delte oppgåve som universitets- og nasjonalbibliotek, framsto som ein langt viktigare og tydelegare samfunnsinstitusjon enn det hadde vore tidlegare. I følge overbibliotekaren fall den samfunnsmessige rollen til biblioteket saman med dei rådande tendensane i tida. Som nasjonalbibliotek hadde biblioteket ein viktig nasjonsbyggande rolle både i kraft av sine samlingar av det nasjonale litteraturtilfanget, som vart inndrive via pliktavlevering, og som institusjon som handsama dette materialet på ein profesjonell og moderne måte. Drolsum såg på biblioteksarbeidet som vitskap og UB som ein vitskapleg institusjon. Den vidare oppsummeringa samanfatar funna i denne avhandlninga.

Drolsum arbeidde i Universitetsbiblioteket frå 1870 til 1922. Frå 1876 var han leiar for biblioteket. Tittelen var først universitetsbibliotekar, og frå 1897 overbibliotekar. Han var den femte leiaren for biblioteket ved Noreg sitt einaste universitet sidan institusjonen vart grunnlagt i 1811. I den norske nasjonalstaten som oppstod etter unionsoppløysinga med Danmark i 1814 var der i starten små forhold og tronge rammer. Universitetsbiblioteket hadde også oppgåve som norsk nasjonalbibliotek. I det sentraliserte dansk-norske dobbeltmonarkiet hadde Det kongelige bibliotek i København fungert som nasjonalbibliotek. I den langt lausare personalunionen med Sverige frå 1814 til 1905, var Noreg i stor mon ein sjølvstendig nasjonalstat med eigne nasjonale institusjonar. I denne perioden utvikla Noreg seg frå eit fattig land til eit relativt avansert og moderne land i den atlantiske kulturkrinsen.

Utifrå dei rådande forholda under statsetableringa hamna dei nasjonale bibliotekoppgåvene i biblioteket til landet sitt einaste universitet. Ei sentral nasjonalbibliotekoppgåve er å handtera lovpålagt pliktavlevering, bevaring for ettertida og tilgjengeleggjering av den samla allment tilgjengelege nasjonale litteraturen. Mellom 1815 og 1839 var det pålagt avleveringsplikt knytt til trykkeriprivilegium. I følge kongeleg resolusjon av 21. februar 1815 skulle trykkeria avlevera tre eksemplar av alt dei trykte til fordeling mellom Universitetsbiblioteket, politidepartementet og den norske representasjonen i Stockholm. Med ei ny liberal næringslov fall privilegieordninga bort og pliktavleveringa kvarv. Fram til Drolsum kom i posisjon og revitaliserte avleveringsplikta, konsentrerte biblioteket seg mest om behova til Universitetet og mindre om dei nasjonale oppgåvene.

Som bibliotekleiar meinte Drolsum at Universitetsbiblioteket ikkje var i takt med utviklinga og ikkje framstod som den samfunnsinstitusjonen han meinte at biblioteket skulle vera. På ein heilt annan måte enn sine forgjengarar i embetet definerte Drolsum biblioteket sin samfunnsmessige rolle. Kvifor Drolsum markerte eit historisk vendepunkt? Forklaring på dette kan søkjast i eit samanfall av korleis sjølv Drolsum fylde sin posisjon og tida og rammene han verka i. Som bibliotekleiar var han ein energisk strateg og reformator som arbeidde aktivt for å gjera UB til til ein tydeleg og sentral samfunnsinstitusjon både som universitetsbibliotek og som norsk nasjonalbibliotek.

Det var nok meir slumpeulukke enn eit medvite karriereval som førte Drolsum til UB. I 1864 byrja han, som den første i sin familie å studera på Universitetet. Han studerte gamalnorsk, latin og historie utan å ta nokon avsluttande embetseksamen. Ved sida av studiane arbeidde han for Oldsaksamlinga og Kjeldeskriftfondet. Han var flittig og knytte kontaktar. I 1870 vart

han invitert til eit vikariat på UB, det var starten på den livslange bibliotekskarrieren. At Drolsum med sin relativt smålåtne bakgrunn frå det framveksande småborgarskapet kom til Universitetet, kan vera eit døme på den sosiale mobiliteten som samfunnsendingane som skaut fart i andre halvdel av 1800-talet opna for. Såleis kan overbibliotekar Drolsum sjølv vera eit døme på det moderne gjennombrøtet og samfunnsendingane i perioden. Biblioteket vart både eit fagleg, kulturpolitisk og nasjonsbyggjande prosjekt som han forma, og også ein arena for å verkeleggjera personlege ambisjonar.

Drolsum gjorde som bibliotekleiar tidleg eit viktig strategisk grep med å skriva to utgreiingar, som han laga i samspel med Universitetet sitt høgaste organ, Det akademiske kollegium: *Om Universitetsbibliotheket. Forslag til en Omordning af Personalet m.v.* i 1880 med *Tillæg* i 1881. Her var det ei historisk framstilling av biblioteket frå starten av, ein analyse av dagens stode samt plan og program for korleis han meinte biblioteket burde bli. Drolsum såg Universitetsbiblioteket som ein organisk heilskap der alle deler hang i hop, sjølv der det var ein skilnad på oppgåvene som bibliotek for Universitetet og nasjonalbibliotek. Administrativt og ressursmessig var det ein institusjon som skulle dekkja ulike oppgåver: a) bibliotek for Universitetet sine behov, b) eit offentleg fagbibliotek både for hovudstaden og for heile landet via fjernlån og c) eit nasjonalbibliotek for den nasjonale litteraturen. I utgreiingane jamførde Drolsum Noreg med dei nordiske grannelanda og nokre andre europeiske land. I Noreg var oppgåver, som i andre land var delt mellom fleire institusjonar, samla i eit bibliotek. Men uansett om forhold og strukturar varierte, kom Noreg dårlegare ut på dette feltet i følge Drolsum. Utgreiingane formulerte eit omfattande reformprogram for biblioteket.

Utgreiingane følgde ved budsjettsøknadane frå Universitetet og gjennom dei neste ti åra vedtok Stortinget gradvis det vesentlege i reformprogrammet, slik det var skissert i utgreiingane: Auka personale med auka arbeids- og opningstid og auka løn. Lovfesta pliktavleveringa frå norske trykkeri til biblioteket og Norske avdeling, avdelinga for den nasjonale litteraturen i biblioteket, var skipa. Dermed vart biblioteket sine oppgåver som nasjonalbibliotek tilgodsett så langt dei budsjettmessige rammene gav rom for.

At Drolsum vann fram med reformprogrammet i ein svært turbulent periode i norsk politikk og samfunnsliv, prega mellom anna av endringar i det politiske systemet med framvekst av politiske parti og parlamentarisme, strid mellom Stortinget og Universitetet og strid internt på Universitetet, syner brei politisk velvilje for saka. Det viser også at det ikkje hadde vore tydelege målmenn for dette tidlegare. Med Drolsum fekk Universitetsbiblioteket ein

talsmann som relaterte biblioteket til samtidas moderniserings-, nasjonsbygging- og opplysningsprosessar. Men sjøl om Drolsum fekk positiv politisk åtgåum og velvilje, vart som regel dei tildelte budsjetta mindre enn det han meinte var nødvendig. Strukturelle endringar vann fram, men dei årlege løyvingane var alltid mindre enn biblioteket ønskte. Det var ikkje spesielt for UB. Dei fleste løyvingane frå eit atterhaldande Storting var mindre enn søknadane.

Like frå starten som bibliotekleiar sette Drolsum dei nasjonale bibliotekoppgåvene inn i den nasjonsbyggande stemninga, med nasjonal identitetsutvikling, som prega tida. Drolsum verka i biblioteket i den historiske perioden, som i norsk samanheng bl.a. har vorte kalla Venstrestaten, ei anna nemning for perioden er Det moderne gjennombrotet. Uansett nemning, var dette ein periode prega av store og grunnleggande moderniseringsprosessar både i det norske samfunnet og omverda. Den moderne globaliserte verda vart forma og Noreg var ein del av dette. Nye kommunikasjons- og transportmiddel, industrialisering, mobilitet, migrasjon, industrialisering, den generelle tekniske utviklinga i ulike former skaut fart og samla nasjonen og gjorde verda mindre og endra livsforholda.

Sentralt i moderniseringa av det norske samfunnet, som i andre vestlege samfunn, var opplysning og utdanning. Gjennom fleire lover og reformer vart det utover 1800-talet bygd eit ålment utdanningssystem i Noreg, og nesten heile folket vart lese- og skrivekunnig. Ålmenn grunnskule vart obligatorisk, og grunnskulen fekk eit vidare siktemål enn berre det religiøse. Det kom ulike variantar av praktisk og teoretisk vidareutdanning som stadig fleire nytte godt av. Universitetet, og etterkvart nye vitenskaplege høøgskular, var stadig eliteinstitusjonar, men rekrutteringa til den høgaste utdanninga fekk breiare sosialt grunnlag.

Den generelle utviklinga og auka opplysningsnivå leidde fram til eit samfunn med mange organisasjonar, offentlegheit og politiske parti. Dette gav ein omfattande skriftkultur. Inndrivning, tilgjengeleggjering for forskning og dokumentasjon og sikring for ettertida av samtida sin skriftkultur såg Drolsum som ei viktig nasjonal oppgåve for biblioteket. Materiale som i samtida verka verdiløst, kunne i framtida framstå som viktige kjelder til fortida. Dette materialet kunne tryggast med lovpålagt pliktavlevering frå trykkeria og ei nasjonal avdeling til å handtera det avleverte materialet.

Under Drolsum si leiing gjekk biblioteket gjennom eit hamskifte frå å vera ein relativt lukka institusjon til å bli eit synleg universitets- og nasjonalbibliotek med tydelege

samfunnsoppgåver. Då han tok over som sjef, hadde biblioteket eit personale på fire funksjonærar og 2 timar dagleg opningstid, då han gjekk av var der 40 funksjonærar og full opningstid. Boksamlinga var auka frå ca 175 000 til om lag 680 000 bind og biblioteket hadde flytta frå overfylte lokale til eit moderne nybygg med gode utvidingshøve.

Ei eiga avdeling i biblioteket for den nasjonale litteraturen, den innanlandske bokavlen, var ikkje nokon eigen og original ide frå Drolsum. Dette var også eit nordisk fenomen, som delvis hang saman med nasjonale pliktavleveringsordningar. I Det kongelige bibliotek i København var den nasjonale avdelinga grunnlagt alt i 1784. Omkring 1840 byrja etableringa av ei svensk avdeling i Kungliga biblioteket i Stockholm. Frå 1845 byrja Universitetsbiblioteket i Helsingfors å samla finskspråkleg litteratur i ei eiga Fennicasamling. Drolsum såg på biblioteket både som eit konkret reiskap for nasjonsbygging og som eit nasjonalt symbol. Utan ei nasjonal bibliotekavdeling var, i følge overbibliotekaren, Noreg på eit ringare nivå enn grannelanda. Med etableringa av Norske avdeling var det norske nasjonalbiblioteket reelt etablert som ein del av Universitetsbiblioteket.

Drolsum føreslo ved to høve, i 1895 og 1907, at namnet på biblioteket skulle endrast for å syna UB sine samfunnsoppgåver og visa med namn at det var ein institusjon som fanna vidare enn Universitetet. Alternative namn kunne vera Riksbibliotek eller National- og Universitetsbibliotek. Desse forslaga vann ikkje fram, og Drolsum såg heller ikkje for seg noko administrativ utskiljing av biblioteket frå Universitetet. Han identifiserte seg med Universitetet og han såg på Universitetsbiblioteket som ein vitskapleg institusjon.

Uansett organisasjonsform, vart biblioteket sine lokale i universitetskomplekset på Karl Johans gate etter kvart for små og ved århundreskiftet var det tvingande behov for større plass. Auka plass fekk biblioteket først då den dynamiske geologiprofessor Brøgger vart universitetsrektor i 1906 og dreiv gjennom samla utbyggingsplanar for Universitetet. Biblioteket og Universitetet sine museum vart flytta bort frå Karl Johans gate og dei gamle biblioteklokala vart overtatt til undervising og forskning. Nytt bibliotek var heilt nødvendig, men ei så stor sak kom først på plass når ein større allianse stod bak. Eit nytt monumentalt bibliotekbygg høvde også inn i den optimistiske tidsanda som rådde i Noreg etter unionsoppløysinga med Sverige i 1905.

6.2 Konklusjon

Drolsum sin 52 år lange arbeidsdag i Universitetsbiblioteket hadde ved sida av det langsiktige jamne arbeidet for å fremja biblioteket to store høgdepunkt: Det eine var revitalisering av lovpålagt pliktavlevering, eigen nasjonal avdeling i biblioteket og nasjonalbibliografi. Med desse grepa fekk Noreg i 1883 ein formalisert nasjonalbibliotekfunksjon. Dette var ein lokal norsk variant av rammer og forhold på dette feltet innan den kulturkrinsen landet var ein del av. Det andre høgdepunktet var det nye bibliotekbygget som opna i 1914. Ei gjennomgåande line i Drolsum sitt strategiske arbeid for biblioteket, var at han plasserte institusjonen i ein nasjonsbyggande samanheng i samsvar med tidas retorikk og dette fekk han gjennomslag for. Han greip tak tidleg, staka ut kursen og følgde denne retninga.

VEDLEGG 1. TIDSLINE DROLSUM OG UB/NA – 1845-1927

- 1845 Jens Braage Halvorsen fødd 7. mars i Bergen.
- 1846 Axel Charlot Drolsum fødd 20. august i Kristiania.
- 1851 Domus bibliotheca.
- 1856 Hjalmar Pettersen fødd 13. Januar i Kristiania.
- 1864 Drolsum student. Filologiske studiar, historie, latin, gamalnorsk.
- 1866 Halvorsen student.
- 1867-71 Drolsum i Kjeldeskriftfondet.
- 1869-76 Drolsum i Oldsaksamlinga.
- 1870 Drolsum vikar på UB.
- 1870 Drolsum 3. amanuensis på UB.
- 1872 Drolsum 2. amanuensis på UB.
- 1874 Pettersen student.
- 1876 Drolsum universitetsbibliotekar, *Chefen for det hele*.
- 1880 *Om Universitetsbibliotheket. Forslag til en Omordning af Personalet m.v.*,
- 1881 *Tillæg til Om Universitetsbibliotheket*.
- 1881 Halvorsen byrjar å gi ut *Norsk Forfatter-Lexikon 1814-1880*.
- 1882 Pettersen filologisk embetsekssamen, norsk tysk engelsk og fransk.
- 1882 Lov av 20. juni om forlagsregister og pliktavlevering.
- 1883 Norske avdeling.
- 1883 J.B. Halvorsen byrjar i Norske avdeling.
- 1883 Wilhelm Munthe fødd 20. oktober i Kristiania.
- 1884 UB årbok. Norsk bokfortegnelse.
- 1884 Ny lesesal (glastak over gardsplassen).
- 1884 Sentralfyring.
- 1885-90 Indre utbygging tverrgalleri.

- 1885 Pettersen volontær UB.
- 1887 Pettersen amanuensis UB.
- 1889 Elektrisk lys i UB.
- 1890 Pettersen *Anonymer og pseudonymer i den norske literatur 1678-1890.*
- 1895 Pettersen *Udlændingers reiser i Norge.*
- 1895 Forslag om namneendring på UB.
- 1897 Universitetsbibliotekar endra til overbibliotekar
- 1898 Halvorsen statsstipendiat.
- 1898 Pettersen bibliotekar leiar NA.
- 1900 Halvorsen døyr.
- 1902 W. Munthe student.
- 1903 W. Munthe volontær UB.
- 1902 Wilhelm Preus Sommerfeldt knytt til NA.
- 1905 Sommerfeldt *Oversigtstavle over kjøbmand Amund Hellands efterkommere.*
- 1907 Nytt forslag om namneendring på UB.
- 1907 Drolsum og Sinding-Larsen studiereise til utanlandske bibliotek.
- 1908 Stortinget vedtar nybygg på Drammensveien.
- 1908 Pettersen *Bibliotheca norvegica I.*
- 1909 W. Munthe assistent UB.
- 1910 W. Munthe amanuensis UB.
- 1911 W. Munthe språkleg-historisk embetseksamen, norsk, historie, latin.
- 1912 Sommerfeldt *Grøndahl og søns boktrykkeri og bokhandel i hundrede år.*
- 1912 Universitetet utnemner bibliotekkomité.
- 1914 Offisiell opning av nybygget.
- 1914 Sommerfeldt *Den norske feltpresse i 1814.*
- 1916 Sommerfeldt *Norske institutioner 1910-1914.*
- 1917 Pettersen *Bibliotheca norvegica II.*

- 1918 Amanuensis i UB endra til bibliotekar.
- 1918 W. Munthe bibliotekar UB.
- 1918 Bibliotekkomitéen av 1912 legg fram innstilling.
- 1918 Pettersen førstebibliotekar.
- 1918 Sommerfeldt *Norsk tidsskriftindex*.
- 1918 Pettersen *Bibliotheca norvegica III*.
- 1920 W. Munthe styrar handskriftsamlinga.
- 1922 Drolsum pensjonist og sluttar i UB.
- 1922 W. Munthe overbibliotekar.
- 1924 Pettersen ny og større utgåve av *Anonymer og pseudonymer*.
- 1924 Pettersen *Bibliotheca norvegica IV*.
- 1926 Pettersen pensjonist.
- 1927 Drolsum døyr 16. september i Oslo.

VEDLEGG 2. LOV AF 20DE JUNI 1882 OM FORLAGSREGISTER OG AVGIVELSE AF TRYKKSAKER TIL UNIVERSITETSBIBLIOTHEKET

I Om forlagsregister

§ 1

Ved Universitetsbibliotheket skal føres et Register, i hvilket Enhver er berettiget til at lade indføre, hva der er af Betydning for Stiftelsen eller Bevarelsen af nogen ved Lov af 8de Juni 1876 om Beskyttelse af Eiendomsret eller ved Lov af 12te Mai 1877 om Beskyttelse af kunstnerisk Eiendomsret hjemlet Rettighed.

De førnevnte Lovs §§ 9 og 2, kfr. 34, omhandlende Bekjendtgjørelser skulle for Fremtiden ske ved Indførelse i dette Register.

§ 2

Indførelsen sker efter frivillig Begjæring uden forudgaaende Prøvelse af den forlangte Anførsels Riktighed.

Enhver er berettiget til af Registerert at forlange bekræftet Udskrift. Ligesom der til fastsatte Tider bør være Adgang til at tage det i Øiensyn.

De gjorte Indførelser bekjendtgjøres for Vedkommendes Regning i det blad som af Kongen bestemmes.

§ 3

Af ethvert Trykværk eller nyt Oplag deraf, som forlanges indført i Forlagsregisteret, skal et Exemplar afgives til stadig Opbevarelse ved dette. Etter Indførelsen, før Værket udkommer, bliver Exemplaret at aflevere, naar Værket gives i Boghandelen. Exemplaret skal, forsaavidt det dertil egner sig, ved Afleverelsen være indbundet.

§ 4

Indførelser i Registerert og Udskrifter deraf betales med 1 – en – Krone til Universitetets Kasse, for hvert Værk, angaaende hvilket en Indførelse eller Udskrift fordres.

§ 5

De nærmerer Forskrifter angaaende Registererts Indberetning gives af Kongen.

II Om Afgivelse af Tryksager

§ 6

Af alle her i Riget trykte eller forlagte, i Løbet af et Aar offentliggjorte og falholdte Skrifter, musikalse Værker, Kobberstik, Stentryk, Træsnit og deslige, skal der uden hensyn til, om den i foregaaende Afdeling omhandlede Aflevering har fundet Sted, senest inden Udgangen af Januar Maaned næste Aar til Universitetsbibliotheket indføres et feilfrit og fuldstændig Exemplar i materie med tilhørende Plancher.

Bestemmelsen i denne § skal ogsaa gjælde Skriftværker, der trykkes her i Landet efter offentlig eller kommunal Foranstaltning.

§ 7

Ansvaret for Iagttagelsen heraf paahviler Trykkeren for det af ham udførte Arbeides Vedkommende, med mindre han enten er bosiddende i Udlandet, eller Forlæggeren (naar det er Tryksager, der udgives for det Offentliges eller Kommuners Regning) vedkommende Myndighed for ham skriftlig har erklæret, at Arbeidet overhovedet ikke eller blot i Forbindelse med noget andet Arbeide er bestemt til Offentliggjørelse og Falholdelse, eller at denne endnu ikke vil have fundet Sted paa den Tid, da Indsendelsen for Aaret sker.

Den saaledes afgivne Erklæring vedlægges den aarlige Indsendelse.

Hvor ansvaret efter Foranstaaende ikke paahviler Trykkeren, paahviler det Forlæggeren eller vedkommende offentlige eller kommunale Myndighed.

§ 8

Undlatelsen af at iagttage, hva i §§ 6 og 7 er foreskrevet, straffes med Bøder fra 2 til 50 kroner for hvert Exemplar, med Hensyn til hvilket Forsømmelsen har fundet Sted.

Bøderne indtages efter Klage af det akademiske Kollegium ved offentlig Politisag.

§ 9

For Tryksager – Dagblade og andre offentlige Blade – som indsendes i rette Tid, og hvis Bogladepris overstiger 10 Kroner, er Forlæggeren berettiget til at fordre Betaling. Regning maa dog, om Betaling skal erlægges, medfølge vedkommende Sendelse.

Ved Beregningen af hvorvidt Prisen overstiger denne Sum, blive flere Særskilt udgivne Dele af et Værk ikkun da at sammenlægge, naar de ere udkomne i Løbet af samme Kalenderaar.

§ 10

De i Anledning af § 6 stedfindende Forsendelser nyde fri Befordring med Posterne efter de før portofrie Postforsendelser i Almindelig gjældende Bestemmelser med hensyn til Vægt, Omfang, m. V.

§ 11

Over alle i et Aar udkomne og inden 1ste Februar nærefter modtagne indenlandske Værker bør Universitetsbibliotheket snarets mulig og senest inden 1ste August samme Aar udgive en særskilt Fortegnelse.

III

§12

Denne Lovs anden Afdeling gjælder med Hensyn til alle efter 1ste Januar 1883 udkomne Tryksager, træder Loven for øvrig i Kraft fra dette tidspunkt.

VEDLEGG 3. FORSLAG TIL NY LOV OM AVGIVELSE AV TRYKKSAKER TIL BIBLIOTEKENE FRA BIBLIOTEKKOMITEEN AV 1919

§ 1

Av alle her i riket i løpet av et år trykte eller forlagte skrifter, musikalske verker, kobberstikk, stentrykk, tresnitt og desslike skal senest innen av januar måned neste år til Universitetsbiblioteket i Kr.a og til Bergens offentlige bibliotek samt, når Kongen så måtte bestemme, til et distriktsbibliotek innsendes et feilfritt og fullstendig eksemplar i materie med tilhørende plancher, med mindre arbeidet ikke er bestemt til offentliggjørelse. Har denne ikke fundet sted på den tid da innsendelsen for året skjer, kan innsendelse utsettes til utgangen av et år næst efter offentligjørelsen.

§ 2

Ansvaret for innsendelsen efter forestående paragraf påhviler trykkeren for det av ham utførte arbeides vedkommende eller, om han er bosatt i utlandet, forleggeren. Sistnevnte har også avleveringsplikt for verker hvis fremstilling er fordelt på flere offisiner.

§ 3

Undlatelse av å iakta hva i paragrafene 1 og 2 er foreskrevet, straffes [Straffebestemmelsene i loven av 20de juni 1882 bringes i overensstemmelse med den nye straffelov.]

§ 4

Forleggeren er berettiget til å forlange betaling for hva trykksaker (dagblad og andre offentlige blad derunder ikke innbefattet) som innsendes i rette tid koster over 25 kroner. Regning må dog, om betaling skal erlegges, medfølge vedkommende sendelse.

Ved beregning av hvorvidt prisen overstiger denne sum, blir særskilte deler av et verk kun da å sammenlegges når de er utkommet i løpet av samme kalenderår.

§ 5

De i anledning av paragraf 1 stedfindende forsendelser nyder fri befordring med posten efter de for portofri postforsendelser i almindelighet gjeldende bestemmelser m.h.t vekt, omfang m.v.

§ 6

Over alle de skrifter som omfattes av denne lov, småtrykk dog undtatt, plikter Universitetsbiblioteket å utgi regelmessige fortegnelser omfattende minst et års og mest tiårs perioder.

§ 7

Loven trer i kraft 1. januar etter dens publikasjon i Norsk Lovtidende.

VEDLEGG 4. DROLSUM SITT FORSLAG TIL NY LOV OM AVGIVELSE AV TRYKKSAKER TIL STATENS BIBLIOTEKER 25. MARS 1922

§ 1

Alt hva der trykkes eller på annen måte mangfoldiggjøres her i landet i løpet av et år av bok-, avis-, billed-, kart- og notetrykkere samt av billed-reproduktionsforretninger skal der senest innen utgangen av januar måned neste år til Universitetsbiblioteket og Bergens Museums Bibliotek innsendes et fullstendig og feilfritt eksemplar med tilhørende plancher, karter, bilder m..m.

§ 2

Avleveringer gjelder også uforandrede oplag og særtrykk med egen paginering. Er der av verk utkommet en utgave i bedre utstyr, skal i det mindste eksemplaret til Universitetsbiblioteket i Kristiania høre til de best utstyrte.

§ 3

Trykksaker av fortrolig karakter som kun er beregnet på en mindre kreds kan av den avleveringspliktige forlanges opbevart forseglet i inntil 50 år eller til offentliggjørelse finder sted. På anmodning er bibliotekene pliktige til å gi bevidnelse for at dette forlangende vil bli opfylt.

§ 4

Ansaret for innsendelsen påhviler boktrykker eller reprodutør, hvis navn foreleggeren på anmodning er forpliktet til å opgi for bibliotekene. Er arbeidet utført i flere offisiner påhviler ansaret forleggeren.

Forleggeren er også pliktig til å avlevere eksemplarer på samme måte som nevnt i § 1 av alt hva han lar utføre i utlandet, såfremt det vilde ha været avleveringspliktig, hvis det hadde vært utført i riket.

§ 5

I tilfelle av den avleveringspliktiges død eller fallitt er bibliotekene berettiget til å få de dem tilkommende pliktavleveringstrykksaker utlevert av boet, subsidiært av forleggeren.

§ 6

Undlatelse av å iakttå, hva der er foreskrevet i §§ 1, 2 og 4, straffes o.s.v.

Resten av loven uforandret efter komiteens forslag, dog sa at paragraffenes numre forandres fra 4-7 til 7-10.

VEDLEGG 5. NOKRE TAL FRÅ UB SINE ÅRBØKER FOR Å ILLUSTRERA
TENDENS I PLIKTAVLEVERT MATERIALE

Årbok	Bøker og brochurer	Tidskrifter og kommuneforh	Aviser	Sum	Trykkerier	Kjøp og gaver
1884	940	87		1680	111	123 bøker+ms. etc
1885	787	104		2 190	118	430 bøker + ms.etc
1886	780	98		2 001	132	271 bøker+ms.etc
1887	956	120		2 270	129	790 bøker+ms
1888	963	121		2 071	137	761 bøker +ms.etc.
1889	957	131		2 161	139	730 bøker+ms.etc.
1890	950	176		1 891	165	296 bøker+ms.etc.
1891	949	134		2 113	149	409 bøker+ms.etc
1892	944	149		1 895	151	238 bøker+ms.etc.
1893	1 039	152		2 092	149	99 bøker+ms.etc.
1894	1 105	207		2 095	172	280 bøker+ms.etc.
1895	1 010	203		2 248	175	104 bøker+ms.etc.
1896	950	176		1 891	165	296 bøker+ms.etc
1897	846	131		1 801	185	331 bøker+ms.etc.
1898	936	154		1 816	199	146 bøker+ms.etc.
1899	1 020	162		1 961	213	213 bøker+ms.etc.
1900	893	160		1 369	198	309 bøker+ms.etc.
1901	841	180		1 296	206	363 bøker+ms.etc.
1902	805	171		1 240	236	80 bøker+ms.etc.
1903	972	198		1 456	241	107 bøker+ms.etc.
1904	827	237		1 403	248	112 bøker+ms.etc.

Årbok	Bøker og brochurer	Tidskrifter og kommuneforh	Aviser	Sum	Trykkerier	Kjøp og gaver
1905	1 170	286	187	1 643	223	
1906	1 098	232	196	1 526	229	
1907	1 319	319	218	1 856	237	
1908	1 327	423	237	1 987	247	
1909	1 338	517	259	2 114	274	
1910	1 391	529	271	2 191	273	
1911	1 342	520	261	2 123	252	
1912	1 431	562	256	2 249	265	
1913	1 215	620	265	2 100	256	
1914	1 430	602	293	2 325	293	
1915						
1916	1 471	608	287	2 366	281	
1917	1 405	560	294		251	289 bøker
1918	1 556	621	284		266	252 bøker
1919	1 244	543	326		239	352 bøker
1920	2 080		473			300 bøker
1921	1 969		413		323	350
1922	1 880	633	401		321	325

BIBLIOGRAFI

Litteratur

Amundsen, Leiv

Pettersen, Hjalmar Marius, 1856-1928, bd.11, *Norsk Biografisk Leksikon*, Oslo 1952: 88-90.

Amundsen, Leiv

Botten-Hansen, Paul, 1824-69, bd. 2, *Norsk Biografisk Leksikon*, Oslo 1925: 112-121.

Amundsen, Leiv

Det historisk-filosofiske fakultet. Lærere og forskning, bd. 1 i *Universitetet i Oslo 1911-1961*, Oslo 1961: 251-[474].

Amundsen, Leiv

Det norske videnskaps-akademi 1857-1957, bd.1, Oslo 1957.

Amundsen, Leiv

Sommerfeldt, Wilhelm Preus, 1881-1957, bd. 14, *Norsk Biografisk Leksikon*, Oslo 1962: 180-183.

Andersen, Håkon With

Aemula lauri: The Royal Norwegian Society of Sciences and Letters, Håkon With Andersen, Brita Brenna, Magne Njåstad, Astrid Wale, Sagamore Beach, Mass., 2009.

Amundsen, O. Delphin (utg.)

Den Kongelige norske Sankt Olavs orden 1847-1947, Oslo 1947.

Andersen, Øyvind

Georg Sverdrup – greskprofessor og grunnlovsmann, *Klassisk Forum*. 2007, 2: 61-90.

Andresen, A.F. og Guri Hjeltnes (red.)

Universitet, samfunn og politikk. 18 innlegg om universitets- og vitenskapshistorie, Oslo 1997.

Angell, Svein Ivar

Fortida i notida. Sju tekstar om nasjonal identitet, Volda 2000.

Annaniassen, Erling og Geir Vestheim

Bok over land. Trekk ved statens bibliotektilsyns historie. Oslo 1999.

Ansteinsson, John

The library history of Norway, *Library Journal* 1920, 45: [19]-24, [57]-62.

- Ansteinsson, John
Norges Tekniske Høiskole Hovedbiblioteket, *Nordisk tidskrift för Bok- och Biblioteksväsen* 1922, IX: [39]-43.
Arbeiderhistorie. Årbok for Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek, Oslo 1987-2015.
- Arnesen, Arne
Folkeboksamlinger. Hvorfor vi trenger dem/utgit av Folkeboksamlingskomiteen ved Norges jubilaumsutstilling 1914. Arne Arnesen, Karl Fischer, Martha Larsen, Kristiania 1914.
- Arnesen, Arne
Nekrolog Haakon Nyhuus, *Nordisk Tidskrift för Bok- och Biblioteksväsen*, 1914, 1: 84.
- Bibliotekkomiteén av 1919
Innstilling om bibliotekvesenets ordning (I-X), Kristiania 1921.
- Barlaup, Asbjørn (red.)
Det norske meteorologiske institutt, Oslo 1966.
- Bernhardt, Børge
Tellefsen, Johan Cornelius, 1816-95, bd. 16, *Norsk biografisk leksikon*, Oslo 1959: 120-21.
Bibliotheken der nordischen Länder in Vergangenheit und Gegenwart, bd. 9 i, *Elemente des Buch- und Bibliothekwesens*, Wiesbaden 1983.
- Bille Larsen, Steen
Oprettelsen af Det nordiske bibliotek 1780 ved 200-året for Det kongelige biblioteks danske afdeling, *Fund og Forskning*, 1981, 25: [47]-76.
- Bjøl, Erling
Imperialismen, Erling Bjøl, Olof G. Lidin, Gøran Malmquist, bd. 15 i K. Mykland (red), *Cappelens verdenshistorie*, Oslo 1986.
- Bjørnson, Øyvind
På klassekampens grunn, bd. 2 i E. Bull, A. Kokkvoll, J. Sverdrup (red.), *Arbeiderbevegelsens historie i Norge*, Oslo 1990.
- Bliksrud, Liv
Vitenskapens utfordringer. Norsk idéhistorie, bd. 4, Liv Bliksrud, Geir Hestmark og Tarald Rasmussen. Oslo 2002.
- Brekke, Nils Georg
Norsk arkitekturhistorie. Frå steinalder og bronsealder til det 21. hundreåret, Nils Georg Brekke, Per Jonas Nordhagen og Siri Skjold Lexau, Oslo 2003.
- Bruun, Chr.
Erindringer fra det Gamle Kongelige Bibliothek. Efterladt manuskript, Kjøbenhavn 1906.

Bruun, Chr.
Det store kongelige bibliothek og universitetsbibliotheket. Nogle bemerkninger af Chr. Bruun, Kjøbenhavn 1860.

Brandsæter, Signe og Svein Engelstad (red.)
Kunnskap - samlinger – mennesker. Universitetsbiblioteket og forskningen gjennom 200 år, Oslo 2011.

Bryhni, Inge
Brøgger, Waldemar Christofer, 1851-1940, bd. 2, *Norsk biografisk leksikon*, Oslo 2000: 36-39.

Brøgger, W.C.
Vort Universitet. Dets Midler og dets Maal, Kristiania 1911.

Bull, Edvard
Arbeiderklassen blir til, bd. 1 i E. Bull, A. Kokkvoll, J. Sverdrup (red.), *Arbeiderbevegelsen i Norge*, Oslo 1985.

Bull, Francis og W.P. Sommerfeldt (red.)
Festskrift til Hjalmar Pettersen 13de januar 1926, Oslo 1926.

Bull, Francis og Roar Tank (red.)
Festskrift til den Norske avdeling ved Universitetsbiblioteket på femtiårsdagen for loven om avgivelse av trykksaker 1882 - tyvende juni -1932, Oslo 1932.

Bye, Arild
Folkevennen Ole Vig, Oslo 2014.

Burius, Anders et al.
Kungl. Biblioteket: byggnaden & samlingarna, Stockholm 1998.

Burius, Anders (red.)
Underbart, underbart. Intellektuella strävanden under fem sekel. Några glimtar ur Kungliga bibliotekets Samlingar, Stockholm 1997.

Børresen, Anne Kristine
Kartleggerne. Norges geologiske undersøkelse 1858-2008, Anne Kristine Børresen og Astrid Wale, Trondheim 2008.

Collett, John Peter
Historien om Universitetet i Oslo. Oslo 1999.

Collett, John Peter
Universitetet i Oslo 1811-2011, bok 1, Universitetet i Nasjonen 1811- 1870, Oslo 2011.

Dahl, Hans Fredrik og Tore Helseth
To knurrende løver. Kulturpolitikens historie 1814-2014, Oslo 2006.

- Dahl, Ottar
Norsk historieforskning i det 19. og 20. århundre, Oslo 1990.
- Dahl, Ottar
Storm, Gustav, bd. 8, *Norsk biografisk leksikon*, Oslo 2004: 443-44.
- Dahl, Svend (red.)
Nordisk håndbog i bibliotekskundskap, 3 bd, København 1957-60.
- Danielsen, Rolf
Det Norske Storting gjennom 150 år, 4 bd, Alf Kaartvedt, Rolf Danielsen, Tim Greve, Oslo 1964.
- Danton, J. Periam
United states influence on Norwegian librarianship, 1890-1940, Berkeley 1957.
- Drolsum, Axel Charlot
Om Universitetsbibliotheket. Forslag til en omordning af Personalet m.v., afgivet af Bibliothekaren til det akademiske Kollegium. Christiania 1880.
- Drolsum, Axel Charlot
Tillæg. Bibliothekarens skrivelse af 26de Novbr. 1881, Christiania 1881.
- Drolsum, Axel Charlot
Universitets-bibliotheket 1811-1911 2 bd., Kristiania 1911.
- Eide, Elisabeth
Bøker i Norge. Boksamlinger, leseselskap og bibliotek på 1800-tallet, Oslo 2013.
- Eide, Elisabeth
Sommerfeldt, Wilhelm Preus, 1851-1957, bd. 8, *Norsk Biografisk Leksikon*, Oslo 2004: 345.
- Eide, Martin (red.)
En samfunnsmakt blir til 1660-1880, bd. 1 i H.F. Dahl (red.), *Norsk presses historie 1-4 (1660-2010)*, Oslo 2010.
- Feldbæk, Ole
Gyldendals bog om Danmarks historie, København 2004.
- Festskrift tilegnet førstebibliothekar A. Kjær av venner 26. september 1924*,
Christiania 1924.
- Fischer, Karl
Folkebogsamlinger i Norge: deres historie, nuværende tilstand samt forslag til en nyordning,
Karl Fischer, J.V. Heiberg, Haakon Nyhuus, Kristiania 1901.

- Fischer, Karl
Halvorsen, Jens Braage, 1845-1900, bd. 5, *Norsk Biografisk Leksikon*, Oslo 1931: 288-90.
- Folkvord, Magnhild
Fredrikke Marie Quam. Rabaldermenneske og strateg, Oslo 2013.
- For Folke- og Barneboksamlinger*, Kristiania, 1907-15.
- For Folkeoplysning. Tidsskrift for boksamlinger og folkeakademier*, Kristiania, 1916-22.
- Forland, Astrid og Anders Haaland
Universitetet i Bergens historie, bd. 1, Bergen 1996.
- Fonnum, Marit og Kari Halldal
På vandring. Medisinsk avdeling av Universitetsbiblioteket i Oslo ved 200-årsjubiléet 2011. Oslo 2010.
- Fuglum, Per
Norge i støpeskjeen. 1884-1920, bd. 12 i K. Mykland (red.), *Cappelens Norges historie*, Oslo 1995.
- Fulsås, Narve
Havet, døden og vêret. Kulturell modernisering i kyst-Noreg 1850-1950, Oslo 2003.
- Fæhn, Helge
Kølsrud, Nils Olav, 1885-1945, bd. 5, *Norsk biografisk leksikon*, Oslo 2002: 324.
- Gatland, Jan Olav (red.)
Amor librorum nos unit. Universitetsbiblioteket i Bergen 1825-1996, Bergen 1996.
- Gram, Magdalena
Bokhistoria som forskningsfelt. Var står vi och vart går vi?, *Biblis* 2009, 45: 32-38.
- Grønland, Erling
Nasjonalbiblioteket. En samling artikler, Oslo 1972.
- Gunnarsjaa, Arne
Norges arkitekturhistorie, Oslo 2006.
- Hafting, Christian
Levende latin. Latinske uttrykk og sitater, Oslo 1965.
- Hagemann, Gro
Det Moderne gjennombrudd, 1870-1905, bd. 9 i K. Helle (red.), *Aschehougs Norgeshistorie*, Oslo 1997.

Hald, Odd Heide
Pettersen, Hjalmar Marius, 1856-1928, bd.7, *Norsk Biografisk Leksikon*, Oslo 2003: 239-240.

Halvorsen, Jens Braage
Norsk Forfatter-Lexikon 1814-1880 : paa Grundlag af J.E. Krafts og Chr. Langes "Norsk Forfatter-Lexikon 1814-1856", 6 bd.,(bd. 5-6 fullført av Halvdan Koht.) Kristiania 1885-1908.

Hambro, Carl Joachim
De første studenterår. Ungdomserindringer, Oslo 1950.

Harrod's Librarians' glossary. 9,000 terms used in information management, library science, publishing, the book trades, and archive management, Aldershot 1995.

Hartmann, Paul
Brandt, Fredrik Peter 1825-91, bd. 2, *Norsk Biografisk Leksikon*, Oslo 1925, 138-41.

Helle, Egil
« - merkværdig frit for sindsbevægelser». BS, 50 år i bibliotekenes tjeneste, Oslo 2002.

Helle, Karen B.
D.C. Danielssen. En kjempe for sin tid, Bergen 2014.

Hemstad, Ruth (red.)
Opplysning, vitenskap og nasjon: bidrag til norsk bibliotekhistorie, Oslo 2011.

Henden, Johan
Axel Charlot Drolsum : ein gløymd nasjonal strateg, *Historie* (Bergen) 2004, 1: 69-71.

Hestmark, Geir
Vitenskap og nasjon. Waldemar Christopher Brøgger 1851–1905, Oslo 1999.

Hjeltnes, Guri (red.)
Vitenskapelige profiler på 1800-tallet. Rapport fra et heldagsseminar i Det norske videnskaps-akademi torsdag 19. april 1997, Oslo 1997.

Hodne, Fritz
Norges økonomiske historie 1815-1970, Oslo 1981.

Holm-Olsen, Anne Grete (red.)
Norvegica. Minneskrift til hundreårsdagen for opprettelsen av Universitetsbibliotekets Norske avdeling : 1883 – 1. januar – 1983, Oslo 1983.

Horstbøll, Henrik og John T. Lauridsen (red.)
Den Trykte kulturarv. Pligtaflevering gennem 300 år, København 1998.

- Häkli, Esko
Om kontinuitet och diskontinuitet i Finlands bibliotekshistoria efter 1809, *Biblis* 2009, 46: 43-48.
- Høydal, Reidun
Periferiens nasjonsbyggjarar. Vestlandslæraren og Volda lærarskule 1885-1920, Oslo 1995.
- Jahr, Ernst Håkon
Språkplanlegging og språkstrodd. Utsyn over norsk språkhistorie etter 1814, Oslo 2015.
- Jasion, Jan T.
The international guide to legal deposit, Ashgate 1991.
- Jochum, Uwe
Kleine Bibliotheksgeschichte, Stuttgart 1993.
- Johnsen, Egil Børre og Trond Berg Eriksen (red.)
Norsk litteraturhistorie. Sakprosa fra 1750 til 1995, bd. 1, Oslo 1998.
- Kildal, Arne
Bergens offentlige bibliotek, *Nordisk Tidskrift för Bok- och Biblioteksväsen* 1918, 5: [61]-73.
- Kildal, Arne
Bibliotekfolk jeg møtte, *Bibliotek og forskning. Årbok*, 1957, 6: 7-30
- Kildal, Arne
Norske folkeboksamlinger: fra leseselskapers tid til bibliotekreformen av 1902, Oslo 1949.
- Kolsrud, Oluf
Det nye Universitetsbiblioteket i Kristiania, *Nordisk Tidskrift för Bok- och Biblioteksväsen* 1918, 1: 19-33.
- Knapas, Rainer
Kunskapens rike. Helsingfors universitetsbibliotek – Nationalbiblioteket 1640-2010, Helsingfors 2012.
- Knutsen, Paul
Analytisk narrasjon. En innføring i historiefagets vitenskapsfilosofi, Bergen 2002.
- Koht, Halvdan
Historikar i lære, Oslo 1951.
- Koht, Halvdan
Rinde, Peder, 1844-1937, bd. 11, *Norsk biografisk leksikon*, Oslo 1952: 463-467.
- Det Kongelige Frederiks universitet: *Det Kongelige Fredriks universitet 1811-1911: festskrift*, 2 bd, Kristiania 1911.

Det Kongelige norske Frederiks Universitet: *Det kongelige norske Frederiks Universitets Aarsberetning for ...* [Christiania]: Universitetet

Kyllingstad, Jon Røyne og Thor Inge Rørvik
Universitetet i Oslo 1811-2011, bok 2, Vitenskapenes universitet 1870-1911, Oslo 2011.

Langballe, Anne M. Hasund
Kort- og seddelkataloger ved Hovedbiblioteket, Universitetsbiblioteket i Oslo, Oslo 1998.

Larsson, Boel
Från censurinstrument till stöd för forskningen och den svenska kulturens bevarande. Den svenska pliktexemplarslagstiftningens betydelse för samhällets framsteg och identitet, *Biblis* 2014, 55: 29-43.

Larsson, Olle
Svensk historia. Olle Larsson og Andreas Marklund, Lund 2012.

Lidman, Tomas
Pliktlagen före 1700. En korfattad översikt, *Biblis* 2014, 55: 23-26.

Lindstøl, Tallak
Stortinget og statsraadet 1814-1914 efter offentlig foranstaltning utgit af Tallak Lindstøl, 2 bd., Kristiania 1914-1915.

Lovoll, Odd S.
Norske aviser i Amerika, Oslo 2012.

Lærum, Ole Didrik
I ulveskinnspeles. Legens historie i tre slektsledd, Bergen 2006.

Maliks, Jakob
Grunnloven og regionene. Hegemoni, kontinuitet og brudd, *Heimen* 2012, 1: 13-22.

Med boken som bakgrunn. Festskrift til Harald L. Tveterås, Oslo 1964.

Meinander, Henrik
Finlands historia. Linjer, strukturer, vändpunkter, Helsingfors 2010.

Melle, Oddbjørn
Utdanning og nasjon i moderniteten: mellom sivilt samfunn og governmentalitet: tema med variasjonar i tid og rom, Volda 2002.

Michalsen, Dag
Bachke, Ole Andreas, 1830-90, bd. 1 i, *Norsk biografisk leksikon*, Oslo 1999.

Munthe, Gerhard
Overbibliotekar Werlauff og hans forbindelser med norske forskere, *Bibliotekshistorie* 1990, 3: 5-43.

- Munthe, Wilhelm
Die Königl. Universitätsbibliothek zu Kristiania, *Zentralblatt für Bibliothekswesen*, 1914, 31: [99]-104.
- Munthe, Wilhelm
Hjalmar Pettersen, *Nordisk tidskrift för bok- och bibliotekväsen*, 1928, 15: 125-29.
- Munthe, Wilhelm
Nissen, Martinus, 1817-50, bd. 10, *Norsk biografisk leksikon*, Oslo 1949: 168-69.
- Munthe, Wilhelm
Professor Ludvig Daae. En minnebok, Oslo 1944.
- Munthe, Wilhelm
«Statsborgeren» og Peder Soelvold, Kristiania 1907.
- Murray, Stuart A.P.
The library. An illustrated history, New York, 2009.
- Myhre, Jan Eivind
Universitetet i Oslo 1811-2011, bok 8, Kunnskapsbærerne 1811-2011. Aademikerne mellom universitet og samfunn, Oslo 2011.
- Myhre, Jan Eivind
Norsk historie 1814-1905. Å bygge ein stat og skape ein nasjon, Oslo 2012.
- Nagel, Ann Hilde
Oversikter, årstall, tabeller, bd. 15 i Knut Mykland (red.) *Cappelens Norges historie*. – Oslo, Cappelen. 1995.
- Nerbøvik, Jostein
Nasjonsbygging og modernisering: tema med variasjonar: artiklar og talar 1990-2000, Volda, 2000.
- Nielsen, May-Brith Ohman
1840-1914, bd. 2 i H.J. Orning (red.), *Norgevgr Norges historie*, Oslo 2011.
- Nielsen, May-Brith Ohman
Mennesker, makt og mikrober: epidemibekjempelse på Sørlandet 1830-1880, Bergen 2008.
- Njåstad, Magne
1400-1840, bd. 2 i H. J. Orning (red.), *Norgevgr Norges historie*, Oslo 2011.
- Nohrström, Holger
Helsingfors universitetsbiblioteks Fennica-samling. Historiska anteckningar, Helsingfors 1918.

- Norlin, Bo og Bendik Rugaas (red.)
UB: Universitetsbiblioteket i ord og bilder, Oslo 1986.
- Norsk bibliotekforening
Jubileumsskrift 1913–1938, Oslo 1938.
- Norsk bibliotekforening
Bibliotek og samfunn. Utgitt ved Norsk bibliotekforenings 50-års jubileum, Oslo 1963.
Norsk bibliotekforening
- Norsk bibliotekforening 90 år. Kilder til foreningens historie*, 2003.
- Norsk kunngjørelsestidende*, 28. mars 1922: 1.
- Den norske historiske forening
Norsk historisk videnskap i femti år, 1869-1919, Kristiania 1920.
- Det norske videnskabs-akademi i Oslo
Årbok 1928, Oslo 1929.
- Norvegica : Minneskrift til femti-årsdagen for opprettelsen av Universitetsbibliotekets Norske avdeling: 1883-1.januar-1933*, Oslo 1933.
- Det nye Universitetsbibliotek-Nasjonalbiblioteket, *Teknisk Ugeblads Arkitektafdeling* 1908, 27. mars: 14-18.
- Nørr, Erik
En ung og aktiv overbibliotekar. Chr. Bruun og Det Kgl. Bibliotek i i 1860erne, *Bibliotekshistorie*, 1990, 3: 89-130.
- Ording, Fr.
Professor Ludvig Daae, *Kirke og Kultur*, 1925: 186-214.
- Ottosen, Morten Nordhagen
Marianne Takle. Det nasjonale i nasjonalbiblioteket, *Historisk tidsskrift* 2010, 89: 487-491.
- Ottosen, Rune (red.)
Parti, presse og publikum 1880-1945, bd. 2 i H.F. Dahl (red.), *Norsk presses historie 1-4 (1660-2010)*, Oslo 2010.
- Overbibliotekar Wilhelm Munthe på femtiårsdagen 20. oktober 1933: fra fagfeller og venner*, Oslo 1933.
- Palmer, R.R. og Joel Colton
A history of the modern world since 1815, 6th ed, New York 1983.

- Petersen, Th.
Rygh, Karl Ditlev, 1839-1915, bd. 12, *Norsk biografisk leksikon*, Oslo 1954: 59-64.
- Pettersen, Hjalmar
Bibliotheca Norvegica, 4 bd., Christiania, 1899-1924.
- Program for bibliotekforskning (1996 - 2001)*. Programstyrets egenvurdering (OS møte KS 7/2002). [Notat med begrensa spredning(?). Tilsendt etter kontakt med Forskningsrådet.]
- Rian, Øystein
Hvorfor var det ikke nordmennene som forlot Fredrik 6.?, *Historisk tidsskrift*, 2014, 93: [9]-33.
- Ringdal, Nils Johan
By, bok og borger. Deichmanske bibliotek gjennom 200 år, Oslo 1985.
- Ringvej, Mona Renate
Marcus Thrane. Forbrytelse og straff, Oslo 2014.
- Rogan, Bjarne og Anne Eriksen (red.)
Etnologi og folkloristikk. En fagkritisk biografi om norsk kulturhistorie, Oslo 2013.
- Rudeng, Erik (red.)
Kunnskapsregimer. Debatten om de nasjonale strateger, Oslo 1999.
- Ruud, Johan T. (red.)
Dette er Norge 1814-1964, bd. 3, Oslo 1964.
- Schneider, J. A. (red.)
Studenterne fra 1864. Et mindeskrift efter 50 aars-jubilæet 2/9/1914, Skien 1916.
- Schrettinger, Martin
Handbuch der Bibliothek-Wissenschaft. Neudruck der Ausg. Wien 1834, Hildesheim 2003.
- Schwach, Vera
Havet, fisken og vitenskapen. Fra fiskeriundersøkelser til havforskningsinstituttet 1860-2000, Bergen 2000.
- Seip, Jens Arup
Flerpartistaten i perspektiv, *Nytt norsk tidsskrift* 1994, 11: [203]-220.
- Seip, Jens Arup
Utsikt over Norges historie. Bind I: Tidsrommet 1814 – ca. 1860, Oslo 1974.
- Seip, Jens Arup
Utsikt over Norges historie. Bind II: Tidsrommet ca. 1850-1884, Oslo 1981.

- Semmingsen, Ingrid et al. (red.)
Det gjenfødte Norge, bd. 4 i, *Norges kulturhistorie*, Oslo 1980.
- Shetelig, Haakon
Norske museers historie. Festskrift til Thor B. Kielland på 50-årsdagen 9.12.1944, Oslo 1944.
- Skre, Arnhild
Hulda Garborg. Nasjonal strateg, Oslo 2011.
- Slagstad, Rune
De nasjonale strateger, Oslo 1998.
- Slagstad, Rune
Kunnskapens hus, Oslo 2006.
- Sommerfeldt, W.P.
Munthe, Abraham Wilhelm Støren, 1883-, bd. 9, *Norsk biografisk leksikon*, Oslo 1940: 514-16.
- Sommerfeldt, W.P. (red.)
Minneskrift: utgitt i anledning av hundreårsdagen for J.B. Halvorsens fødsel, Oslo 1945.
- Spangen, Inger Cathrine
En nøkkel til biblioteket blir til. Katalogen og katalogiseringsreglene i historiske perspektiv, Oslo 2005.
- Stortingsforhandlinger. – [S.l.: s.n.], 1963. – Ss. 267-293. Særtrykk av: *Bibliotek og forskning*, 12 (1963).
- Stugu, Ola Svein
Norsk historie etter 1905. Vegen mot velstandslandet, Oslo 2012.
- Sundström, Einar
Om tillkomsten av kungl. Bibliotekets svenska tryckadelning, i *Bok- och bibliotekshistoriska studier tillägnade Isak Collijn på hans 50-årsdag*, Uppsala, 1925: 507-16.
- Sundt, Eilert
Beretning om Almuebibliotheker i Norge, *Folkevennen*, 1863, 12: 43-75.
- Supphellen, Steinar
Konventikkelplakatens historie 1741-1842, Trondheim 2012.
- Sørensen, Øystein
1880-årene. 10 år som rystet Norge, Oslo 1984.
- Sørensen, Øystein (red.)
Jakten på det norske. Perspektiver på utviklingen av en norsk nasjonal identitet på 1800-tallet, Oslo 2007.

- Sørensen, Øystein
Kampen om Norges sjel. Norsk idéhistorie, bd. 3, Oslo 2001.
- Takle, Marianne
Det nasjonale i Nasjonalbiblioteket, Oslo 2009.
- Telhaug, Alfred Oftedal og Odd Asbjørn Mediås
Grunnskolen som nasjonsbygger. Fra statspietisme til nyliberalisme, Oslo 2003.
- Therman, Heli
Tre århundran, tre riken. Översikt av den finska friexemplarverksamheten från stormaktstiden till 2000-talet, *Biblis* 2009, 46: 26-30.
- Torp, Olaf Chr.
Halvorsen, Jens Braage, 1845-1900, bd. 4, *Norsk biografisk leksikon*, Oslo 2001: 20-21.
- Torp, Olaf Chr.
Stortingsbiblioteket, *Bibliotek og Forsking* 1956, 5: 76-90.
- Tretvik, Aud Mikkelsen
Grenda blir global. Om det globale i det lokale og det lokale i det globale, *Heimen* 2011, 48: 115-128.
- Try, Hans
To kulturer en stat 1851-1884, bd. 11 i K. Mykland (red.), *Cappelens Norges historie*, Oslo 1995.
- Tschudi-Madsen, Stephan
Sinding-Larsen, Peter Andreas Holger, 1869-1938, bd. 8, *Norsk biografisk leksikon*, Oslo 2004: 226-27.
- Tveterås, Harald L.
Den norske bokhandels historie, 4 bd, Oslo 1950-1996. .
- Tveterås, Harald L.
Universitetsbiblioteket 1876-1911-1961, bd. 2, *Universitetet i Oslo: 1911 -1961*, Oslo 1961: 115-160.
- Undorf, Wolfgang
Göttingen und die Universitätsbibliotheken in Uppsala, Lund und Oslo, Wiesbaden 2008.
- Ved W.C. Brøggers bortgang: gravferd og minnemøte*, Oslo 1940.
- Vestheim, Geir
Bibliotekforskning i Noreg – nå eller aldri?, Hamar 1992.

Vestheim, Geir
Fornuft, kultur og velferd. Ein historisk-sosiologisk studie av norsk folkebibliotekpolitikk,
Oslo 1997.

Ytreberg, Espen
En forsvunnet by. Jubileumsutstillingen på Frogner 1914, Oslo 2014.

Østbø, Ivar Buch
Storting og regjering, Oslo 2010.

Østerud, Øyvind
Nasjonenes selvbestemmelsesrett. Søkelys på en politisk doktrine, Oslo 1984.

Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie, Oslo 1976-86.

Aall, Hans
Hjalmar Pettersen 70 aar, *Samtiden* 1926,1-3.

Aarnes, Sigurd Aa.
Botten-Hansen, Paul, 1824-69, bd. 1, *Norsk biografisk leksikon*, Oslo 1999: 427-28.

Aarnes, Sigurd Aa.
Heltberg, Henrik Anton Schjøtt, 1806-73, bd. 4, *Norsk biografisk leksikon*, Oslo 2001:
225-26.

Aase, Monica og Harald Nissen (red.)
Til opplysning. Universitetsbiblioteket i Trondheim 1768-1993, Trondheim 1993.

Arkiv, kjelder, nettstader

Arkivet til Norske avdeling.

Avisklipp om ny bygning for Universitetsbiblioteket på Solli plass. Samlet av Wilhelm Munthe, 1908.

Drolsum, Axel Charlot

Axel Charlot Drolsum : brev 1875-1926/utgitt ved Bjørg Dale Spørck. – Oslo : Novus forl., 2011. – (Notabene/Nasjonalt bibliotek ; 3).

Munthe, Gerhard: Norsk bibliotekhistorie : Fra de eldste tider og fram til 1920. Upublisert ms.

<http://www.artemisia.no/arc/arkitekter/> (www.arkitekturhistorie.no)

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste. <http://www.nsd.uib.no/>

Riksarkivet

RA/S-2868/F/Fj/L0001. Byggekomitéen for det nye universitetsbibliotek. 1908-1914.

RA/S-2868/F/Fj/L0002. Byggekomitéen for det nye universitetsbibliotek. 1907-1915.

RA/S-2868/F/Fj/L0003. Biblioteksaken. Utredning av spm. om UB. 1895-1931.

RA/S-3568/D/Da/L0049. KUD, Skolekont. D. Saksarkiv 1882.

RA/S-3568/C/L007. KUD, Skolekont. D. Journal 1882.

RA/S-3568/A/Aa/L0020. KUD. Skolekont. D. Ref. protokoll 1881.

RA/S-3568/A/Aa/L0021. KUD. Skolekont. D. Ref. protokoll 1881.

RA/S-3568/C/L0016. KUD. Skolekont. D. Journal 1881.

RA/S-3568/C/L0017. KUD. Skolekont. D. Journal 1882.

RA/S-2868/C/L/0021. UiO. Kollegiet. Journaler 1877-79.

RA/S-2868/D/L0107/0001. UiO. Kollegiet. Journalsaker 1878.

RA/S-2868/D/L0021/E/Ec/L0118/0001. KUD. Skolekontor D. Bibl. nevnd 1935.

RA/S-4102/D/Dd/L0008. UiO. Saksarkiv.

Stortingsforhandlinger.

Biblis: <http://www.kb.se/om/Samarbete/Biblis>

Fund og forskning: <https://tidsskrift.dk/index.php/fundogforskning>

Universitetet i Bergen: <http://www.uib.no/om/75052/fra-bergens-museum-til-et-moderne-universitet>.

Tusculanum forlag: <http://www.mtp.hum.ku.dk/serierinfo.asp?issn00105-8746>